



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2018

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2017–2018) frå Klima- og miljødepartementet består av tre delar:

Del I presenterer hovudutfordringar, resultat-område og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken, samt hovudprioriteringar innanfor departementets budsjett i 2018.

Klima- og miljødepartementet er eit sektorovergripande departement med ansvar for å samordne Regjeringas klima- og miljøpolitikk. I del I er det derfor gitt eit oversyn over klima- og miljøpolitiske satsingar i andre departement. I del I er det ein oversikt over oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Klima- og miljødepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar. I del II blir det òg gjort greie for politikk for å nå dei nasjonale måla.

Del III er ei omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker. Her er mellom anna klimagassbudsjettet omtala, og klima- og miljøpolitikken i dei andre departementa. Del III gir òg ei omtale av miljøforvaltninga sitt arbeid innan samfunnsikkerheit og beredskap, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltninga.

Innhold

Del I	Innleing	11	Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	134
1	Om klima- og miljøutfordringane	13	Kap. 1424 MAREANO	135
2	Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken	17	Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak	136
2.1	Naturmangfald	17	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	139
2.2	Kulturminne og kulturmiljø	18	<i>Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø</i>	163
2.3	Friluftsliv	20	Kap. 1429 Riksantikvaren	169
2.4	Forureining	20	Kap. 4429 Riksantikvaren	183
2.5	Klima	22	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	184
2.6	Polarområda	26	<i>Programkategori 12.60 Nord- og polarområda</i>	186
3	Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2018	27	Kap. 1471 Norsk Polarinstitut	189
4	Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet	30	Kap. 4471 Norsk Polarinstitut	191
4.1	Klima- og miljørelevante prioriteringar i statsbudsjettet	30	Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond	191
4.2	Regjeringas prioriteringar innanfor klima	31	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	192
5	Oversiktstabellar	37	Kap. 1473 Kings Bay AS	192
5.1	Merknader til budsjettframlegget	37	Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	193
5.2	Utgifter	37	<i>Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid</i>	195
5.3	Inntekter	38	Kap. 1481 Klimakvotar	200
6	Oversikt over oppmodingsvedtak frå Stortinget	42	Kap. 4481 Sal av klimakvoter	202
Del II	Klima- og miljødepartementets budsjett for 2018	45	Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak	202
7	Omtale av kapittel og post	47	Del III Omtale av særlege tema	219
<i>Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	47	8 Omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker	221	
Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet	50	8.1 Klima og miljøpolitikk i departementa	221	
Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet	60	8.1.1 Arbeids- og sosialdepartementet ..	221	
Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking	60	8.1.2 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	221	
Kap. 1411 Artsdatabanken	65	8.1.3 Finansdepartementet	222	
Kap. 1412 Meteorologiformål	67	8.1.4 Forsvarsdepartementet	222	
<i>Programkategori 12.20 Klima, naturmangfald og forureining</i>	70	8.1.5 Helse- og omsorgsdepartementet ..	223	
Kap. 1420 Miljødirektoratet	92	8.1.6 Justis- og beredskapsdepartementet ..	223	
Kap. 4420 Miljødirektoratet	131	8.1.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	225	
Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart	133	8.1.8 Kulturdepartementet	227	
		8.1.9 Kunnskapsdepartementet	227	
		8.1.10 Landbruks- og matdepartementet ..	228	
		8.1.11 Nærings- og fiskeridepartementet ..	230	

8.1.12	Olje- og energidepartementet	232	8.6	Strategi for grøn konkurranse-	
8.1.13	Samferdselsdepartementet	233		kraft	266
8.1.14	Utanriksdepartementet	236	8.7	Anna klima- og miljøarbeid	
8.2	Klimagassbudsjett	237		i staten	268
8.3	Om Noregs klimamål for 2030	249	9	Samfunnstryggleik og	
8.3.1	Utviklinga i utslepp og opptak av			beredskap	269
	klimagassar	249	9.1	Ansvarsområde	269
8.3.2	Utsleppsframskrivingar	249	9.2	Kritiske samfunnsfunksjonar –	
8.3.3	Gjennomføring av norske			Natur og miljø	270
	klimamål	251	9.3	Informasjonstryggleik	271
8.4	Korleis Noreg blir førebudd på		10	Fornye, forenkle og betre og	
	og tilpassa klimaendringane	256		likestilling og mangfald	
8.4.1	Organisering av det nasjonale			i miljøforvaltinga	272
	klimatilpassingsarbeidet	256	10.1	Forenklingsarbeid, modernisering	
8.4.2	Oppfølging av Meld. St. 33			og betre gjennomføringskraft	272
	(2012–2013) Klimatilpassing		10.2	Rapport om likestilling og	
	i Norge	256		mangfald i miljøforvaltinga	274
8.4.3	Økonomisk støtte til lokalt arbeid		10.3	Likestillingsvurdering på	
	med klimatilpassing	257		fagbudsjettområda	278
8.4.4	Informasjon, kapasitetsbygging		Forslag	281
	og utdanning	257		Vedlegg 1	
8.4.5	Nettverk og samarbeid	257		Anadrom laksefisk – bestandar, forvaltning,	
8.4.6	Forskning	258		kunnskapsformidling – vedtak nr. 405,	
8.4.7	Klimatilpassing i og på tvers av			18. desember 2015	290
	sektorar	258			
8.5	FNs berekraftsmål	260			

Tabelloversikt

Tabell 2.1	Talet på truga arter og naturtypar		Tabell 7.5	Type senter	130
	i hovudøkosystema	18	Tabell 7.6	Budsjettet for 2018 fordeler seg	
Tabell 2.2	Utslepp av klimagassar. Mill.			på dei ulike gebyrordningane	
	tonn CO ₂ -ekvivalentar			som følgjer:	132
	(foreløpige tal for 2016)	23	Tabell 7.7	Framlegg om jeger- og	
Tabell 4.1	Viktige prioriteringar i			fellingsavgifter i 2018	140
	statsbudsjettet for 2018 under		Tabell 7.8	Berekning av kapital i Viltfondet	
	Klima- og miljødepartementet			i 2018	141
	(auke frå saldert budsjett 2017) .	30	Tabell 7.9	Samla ressursbruk finansiert	
Tabell 4.2	Viktige prioriteringar i			av inntekter til Viltfondet i 2018	141
	statsbudsjettet for 2018 med		Tabell 7.10	Berekning av kapital i Statens	
	tydeleg klima- og miljøgevinst			fiskefond i 2018	142
	på andre departement sine		Tabell 7.11	Samla ressursbruk finansiert av	
	område (auke frå saldert			inntekter til Statens fiskefond	
	budsjett 2017)	31		i 2018	143
Tabell 7.1	Fordeling av tilskot	53	Tabell 7.12	Fyring med fossil olje som	
Tabell 7.2	Resultatområde under			grunnlast i statlege bygg, status	
	programkategori 12.20	70		per 31.12.2015 og 31.12.2016:	158
Tabell 7.3	Avfallsdefinisjonar	81	Tabell 7.13	Planlagt utfasing av fossil olje	
Tabell 7.4	Fordeling til driftsområde			som grunnlast 2017–2018:	159
	i skjergardstenesta	120			

Tabell 7.14	Resultatområde under programkategori 12.30	164	Tabell 8.2	Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagass-utslepp eller karbonbinding	240
Tabell 7.15	Aktivitet i kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2016	171	Tabell 8.3	Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land	249
Tabell 7.16	Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)	174	Tabell 8.4	Utslepp av klimagassar i Noreg etter sektor. Mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar.	251
Tabell 7.17	Bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)	175	Tabell 8.5	Anslått utsleppsbudsjett og -gap (mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar)	252
Tabell 7.18	Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2016	175	Tabell 8.6	Anslag på aggregert utsleppsreduksjonspotensial av tiltak utover referansebanen – totalt potensial for perioden 2021 – 2030 (mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar)	253
Tabell 7.19	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2016	178	Tabell 10.1	Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltninga	274
Tabell 7.20	Tilskot til verdiskaping i 2016	182	Tabell 10.2	Prosentoversikt over kvinnene og mennene si gjennomsnittsløn i miljøforvaltninga	275
Tabell 7.21	Tilskot til verdsarvområda i 2016	183	Tabell 10.3	Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn i miljøforvaltninga	275
Tabell 7.22	Resultatområde under programkategori 12.60.	187			
Tabell 7.23	Nasjonalt mål under programkategori 12.70	196			
Tabell 8.1	Utviklinga i utslepp frå kolkraftverket i Longyearbyen ..	224			

Figuroversikt

Figur 8.1	Utslepp av klimagasser i Noreg. 1990–2016.	250	Figur 1.2	Geografisk fordeling av kvalitet på laksebestandane klassifisert etter kvalitetsnorma for villaks i 2017	293
Figur 8.2	Utsleppsframskriving og utsleppsbudsjett for ikkje kvotepliktige utslepp (mill. tonn CO ₂ -ekvivalentar)	252	Figur 1.3	Rapportert fangst (tonn) av laks i Noreg i perioden 1983–2016 (rømt oppdrettslaks er inkludert)	295
Figur 8.3	Framskrivningar og anslått effekt av tiltak i dei ulike sektorane basert på Miljødirektoratets utrekningar	255	Figur 1.4	Dei viktigaste trusselfaktorane for dei norske laksebestandane, plassert i eit påverknads- og risikodiagram	296
Vedlegg 1					
Figur 1.1	Utrekna innsig av laks til kysten av Noreg i perioden 1983–2015	292			

Oversikt over boksar

Boks 2.1	Naturindeksen for Noreg	17	Boks 7.2	Nedfasing av hydrofluorkarbon under Montrealprotokollen	91
Boks 2.2	Nærare om to av dei nasjonale måla for arbeidet med forureiningar	21	Boks 7.3	Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk	198
Boks 2.3	Ambisjonen for innanlandske utsleppskutt mot 2020	24	Boks 8.1	Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid	254
Boks 7.1	Tre nye stoffgrupper til prioritetslista for miljøgifter	79			



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2018

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4471 og 5578

*Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 22. september 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Om klima- og miljøutfordringane

Det er brei semje om at det å løyse klima- og miljøutfordringane er blant dei største oppgåvene vi står overfor i vår tid. Klima- og miljøendringane påverkar menneska si helse, livsgrunnlag og verdiskaping. Samtidig er det menneska som er årsak til endringane gjennom våre forbruks- og ressursmønster. Oppvarming av klimasystemet er utvitydig, og den menneskelege påverknaden er klar, ifølgje den siste hovudrapporten frå FNs klimapanel. Dei siste åra har det vore ein kraftig global temperaturauke. Ifølgje Verdas meteorologorganisasjon var jorda si overflate i 2016 om lag 1,1 grad varmare enn i før-industriell tid.

Global utsleppsvekst ser samstundes ut til å minke, og dei siste åra har auken vore under 1 pst. per år, langt svakare enn gjennomsnittet sidan 2000. Ifølgje Det internasjonale energibyrået (IEA) har globale energirelaterte CO₂-utslepp ikkje auka sidan 2013. Det er positivt, særleg i lys av at den globale økonomiske veksten har vore robust i same periode. Verda satsar no på fornybar energi. For berre få år sidan var det kolkraft som dominerte investeringane i global elektrisitetsproduksjon. Dei siste åra er det for første gongen fornybare kjelder som sol, vann og vind som dominerer. I kraftsektoren stod fornybare energikjelder for over 60 pst. av ny kapasitet på verdsbasis i 2015, ifølgje det internasjonale byrået for fornybar energi, IRENA. Kostnadane for solceller har falle med 80 pst. sidan 2009, medan vindturbinar har vorte 30–40 pst. billigare. Frå 2010 til i dag har prisen på litium-ion batteriar blitt redusert frå USD 1000 per kWh til USD 270 per kWh, og IEA forventar at prisen faller 10 pst. årleg til 2022. Analyseselskapet Bloomberg New Energy Finance ventar at prisen i 2030 er USD 73 per kWh. I ein global samanheng er det òg samfunnsøkonomisk lønsamt å setje inn effektive tiltak for å redusere oppvarminga no, samanlikna med å vente og dermed måtte ta større kostnader seinare.

I 2016 var dei norske klimagassutsleppa på 53,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar ifølgje foreløpige tal frå Statistisk sentralbyrå. Det er ein nedgang på litt under 1 pst. frå 2015. Viktigaste årsak er redusert bruk av fossile brensler til vegtrafikk og olje- og gassutvinning.

Gjennom klimaforliket på Stortinget vart det slått fast kva som er hovudutfordringane i klimapolitikken, kva mål vi skal nå og ei rekkje verkemiddel. Behandlinga av Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsning med EU* stadfesta mål og særskilte innsatsområde mot 2030. Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* er en strategi for korleis måla kan nås i samarbeid med EU. Lov om klimamål (klimalova) lovfester klimamåla for 2030 og 2050. Formålet med lova er å fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstillinga til eit lågutslepps-samfunn.

Endringar i klima skaper nye utfordringar for samfunnet. Store nedbørmengder fører til overfløyming og jordras, skadelege framande arter klarer å tilpasse seg i den norske naturen, og jordbruksavlingar får skadar som følgje av eit våtare og varmare klima. Samfunnet må prioritere arbeidet med å tilpasse seg klimaendringane, og samstundes sikre at samfunnskritiske funksjonar som tek vare på befolkningas sikkerheit, som til dømes meteorologitenester og skredvarsling, til ei kvar tid fungerer optimalt.

Tap av naturmangfald er både ei nasjonal og internasjonal utfordring. Verda over er økosystema til dels så belasta av negativ påverknad at dei ikkje lenger leverer dei goda eller held ved lag dei naturlege prosessane som menneske er avhengige av. Òg i Noreg er det risiko for tap av naturmangfald, særleg som følgje av arealinngrep, arealbruksendringar og spreying av framande arter. Ein føresetnad for å lukkast med det grøne skiftet er å ta vare på naturmangfaldet for noverande og kommande generasjonar. Dei viktigaste grepa for å ta vare på naturmangfaldet i Noreg er spegla i dei tre nasjonale måla om å sikre god tilstand i økosystema, ta vare på truga arter og naturtypar og å sikre eit representativt utval av norsk natur. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* og Stortinget si behandling av denne gir ein handlingsplan for å nå dei nasjonale og internasjonale måla for naturmangfald. Regjeringa er i gang med oppfølging av meldinga.

Dei store havområda under norsk jurisdiksjon, og vår avhengnad av og tilknytning til havet både i fortid, notid og framtid, inneber eit særskilt forvaltingsansvar for å sikre velfungerande marine økosystem, reine hav og rein kyst. Noreg har òg eit særskilt ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard. Aktivitetane i nord må tilpassast det naturen kan tole. Vi må òg ta omsyn til at naturen i Arktis kjem under stadig sterkare press, mellom anna som følge av klimaendringane, som skjer særskilt raskt her.

Eit reint miljø er ein føresetnad for at vi fritt skal kunne bruke naturen og hauste av naturressursane. Mykje av norsk verdiskaping og produksjon er derfor avhengig av eit reint miljø. Helse- og miljøskadelege kjemikalier utgjer ei stor utfordring både nasjonalt og internasjonalt. Dei farlegaste kjemikaliane, miljøgiftene, blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Miljøgiftene er derfor eit alvorleg trugsmål mot mangfaldet i naturen og mot matforsyning og helse for kommande generasjonar. Noreg gjer ein særskilt innsats både nasjonalt og internasjonalt for å stanse bruk og utslepp av prioriterte miljøgifter innan 2020. Marin forsøpling og spreining av mikroplast er eit aukande globalt miljøproblem og ein trussel mot både dyreliv langs kyst og i hav, mot sjømatressursane og menneskes bruk av kyst- og havområda. Noreg fører ein aktiv politikk både nasjonalt og internasjonalt på dette området. I Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi* presenterer regjeringa ein strategi mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast.

Kulturminne og kulturmiljø utgjer vårt kollektive minne om samfunn og levekår i tidlegare tider. Kulturminne og kulturmiljø er ressursar som ikkje kan fornyast. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier og er ei viktig kjelde til kunnskap og opplevingar. Dei har betydning for identiteten, trivselen og sjølvforståinga til enkeltmenneska, og er ein ressurs i utviklinga av gode lokalsamfunn og gode næringar. I dag er breidda stor og verke midla i kulturminnearbeidet mange, men i eit samfunn der endringstempoet er høgare enn nokon gong, blir det stilt store krav til at forvaltninga skal vere tydeleg og føreseieleg. Dette gjeld særleg i og omkring dei store byane. Samstundes kan nye miljøutfordringar verke direkte inn på korleis samfunnet vernar dei kulturhistoriske verdiane sine.

Klima- og miljøutfordringane må løysast både nasjonalt og internasjonalt

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla kan bli nådde.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å samordne og utvikle regjeringas klima- og miljøpolitikk, og arbeider for klima- og miljøvennlege løysingar i alle samfunnssektorar. Klima- og miljøforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Det inneber at forvaltninga må ha kunnskap om miljøtilstanden, påverknader og drivkrefter, tiltak og verkemiddel. Mens klima- og miljøforvaltninga har det overordna ansvaret for å ha oversikt over miljøtilstanden, har alle sektorar eit sjølvstendig ansvar for å sikre at kunnskap om eigen påverknad på klima og miljø, og kunnskap om moglege løysingar og tiltak, blir ivareteke i forskning og anna kunnskapsproduksjon.

Kommunane og fylkeskommunane har ei nøkkelrolle i klima- og miljøarbeidet. Dei er for eksempel lokal forureiningsstyresmakt, planansvarlege for utbygging i kommunane, eigarar av ei rekkje bygningar, vegar og infrastruktur, ansvarlege for handtering av kollektivtrafikk og avfall, og dei gjennomfører mange offentlege anskaffingar.

Folketalet i Noreg veks raskt, særleg i og rundt dei største byane. Det kan gi nye og forsterka miljøutfordringar, men urbanisering gir òg nye moglegheiter. Det er viktig å få til ei samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Luftkvalitet, bu- og bustadmiljø, transportløysingar, rekreasjon og friluftsliv er alle omsyn som må sjåast i samanheng. Fortetting ved kollektivknutepunkt vil redusere transportbehov og styrkje grunnlaget for klimavennlege transportformer som kollektivtransport, sykkel og gange. Redusert arealpress er positivt for ei rekkje klima- og miljøutfordringar.

Samstundes skjer det strukturendringar i landbruket med auka stordriftsfordel i både jordbruks- og skogbrukssektorane. Klimagassutslepp og næringstap til vatn og luft frå auka produksjon krev målretta tiltak for å oppnå miljømåla. Gjengroing av kulturlandskapet gjer at viktige kultur- og naturverdier går tapt. Berekraftig produksjon og forbruk må sikrast gjennom samarbeid med næringa.

Dei viktigaste miljøproblema – klimaendringar, tap av naturmangfald og spreining av miljøgifter – er globale. Internasjonalt samarbeid er nøkkelen til suksess i klima- og miljøarbeidet.

Våre innanlandske miljøutfordringar er ein del av dei samla globale utfordringane. Skal vi løyse dei internasjonale miljøproblema må vi samstundes løyse våre eigne.

Med Parisavtala frå 2015 har alle statar teke på seg å melde inn eller fornye sine nasjonalt fastsette bidrag kvart femte år, i tråd med prinsippa i avtala om at nye bidrag vil utgjere ein progresjon og høgste moglege ambisjon.

I september i 2015 vart FNs universelle berekraftsmål vedtekne av FNs generalforsamling. Måla rettleier FN og medlemslanda i arbeidet med global fattigdom, sosiale rettar og jobbar, klima og miljø fram mot 2030. Berekraftmåla og Parisavtala dannar ei viktig ramme for Noregs nasjonale og internasjonale miljøarbeid, og begge er omtala nærare i denne proposisjonen.

Internasjonalt samarbeid under mellom anna Gøteborgprotokollen og betre teknologiar har medverka til at vi har klart å redusere tilførsleane til vårt land av sur nedbør, og samarbeid gjennom Montrealprotokollen har resultert i at ozonlaget no er i ferd med å bli tjukkare. I Kigali i 2016 vart det bestemt at Montrealprotokollen òg skal regulere dei sterke klimagassane hydrofluorkarbon (HFKar). Stockholmkonvensjonen, Minamatakonvensjonen og Baselkonvensjonen er globale avtaler som gir redusert produksjon og bruk av miljøgifter og som regulerer grensekryssande transport av farleg avfall.

FN sin konvensjon om biologisk mangfald er eit svar på verdssamfunnet si bekymring over tapet av naturmangfald. Partslanda vedtok i 2010 måla for korleis verdas naturmangfald skal sikrast innan 2020 (Aichimåla). Desse måla er førande for Noreg sitt nasjonale og internasjonale arbeid på naturmangfaldområdet. Gjennomføring av Aichimåla har ei klar kopling til oppfølginga av FNs berekraftsmål.

Naturpanelet (IPBES, Intergovernmental Platform on Biodiversity and Ecosystem Services) er inne i ein viktig fase med avslutning av første arbeidsprogram i 2019. Norsk handlingsplan for naturmangfald, Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* understrekar at det er viktig med kunnskap som underbyggjer dei vala samfunnet tek. Naturpanelets rapportar vil også vere viktige for utviklinga av nye globale miljømål etter 2020, og for nasjonal politikkkutforming.

Mange FN-organ er viktige aktørar i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. FNs miljøprogram er ein sentral aktør for å bringe fram ny miljøkunnskap, utvikle internasjonal miljølovgiving og hjelpe land med gjennomføringa av nasjonal miljøpolitikk.

Eit døme er at FNs miljøforsamling (UNEA) no vurderer om dei regionale og globale regelverka og strategiane mot marin plastforsøpling og mikroplast er effektive. Rapporten skal leggjast fram på møte i miljøforsamlinga hausten 2017.

EU er ein pådrivar i internasjonal miljøpolitikk og internasjonale miljøkonvensjonar dannar ofte utgangspunkt for gjennomføring av eit meir ambisiøst regelverk i EU. Ein stor del av EUs miljøpolitikk blir innlemma i norsk regelverk som følgje av EØS-avtala, blant anna EUs kjemikalierregelverk REACH. Noreg deltek blant anna fullt ut i EUs klimakvotesystem.

Samarbeid med økonomiar i framvekst og utviklingsland er òg ein viktig pilar i Noregs internasjonale klima- og miljøarbeid. Med bilaterale samarbeidsavtaler og støtte til internasjonale initiativ skal Noreg medverke til ei grøn utvikling gjennom oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar. Regjeringas største internasjonale initiativ innan klima- og miljø er Klima- og skoginitiativet.

Dei globale miljøutfordringane inneber at miljøomsyn bør bli innarbeidde i andre delar av det internasjonale samarbeidet òg, til dømes internasjonal handel, investeringar og finanssektoren. Klima- og miljødepartementet arbeider for at bilaterale, regionale og multilaterale handels- og investeringsavtaler vert utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøomsyn. Det grøne skiftet og grøn konkurransekraft i Noreg er òg knytt til det grøne skiftet og arbeidet med ein sirkulær økonomi i Europa.

Sentrale prinsipp i miljøforvaltinga

I forvaltinga for eit berekraftig samfunn som tek vare på naturkapitalen står følgjande prinsipp sentralt:

- Klima- og miljøpolitikken skal vere basert på kunnskap. Å hente inn kunnskap frå nasjonale kjelder som forskning, kartlegging og overvaking (og syntesar baserte på dette) står sentralt, men bidrag frå internasjonale kunnskapsprosessar som klimapanelet (IPCC) og Naturpanelet (IPBES) er òg viktig.
- Førre var-prinsippet, som er nedfelt i forureiningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og svalbardmiljølova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet og kunnskapen er mangelfull, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade, eller late vere å gjennomføre aktiviteten.
- Prinsippet om samla belastning står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje

vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område, naturtypar og arter, når planar skal leggjast og vedtak skal fattast.

- Forureinar betaler-prinsippet inneber at den som har ansvaret for at forureining skjer, skal dekkje kostnadene ved at forureining blir påført samfunnet. Dette er prinsippet for ei rekke miljøavgifter, til dømes CO₂-avgifta. Etter forureiningslova har forureinaren òg ansvaret

for å rydde opp. Tilsvarande har naturmangfaldlova eit prinsipp om at kostnadene ved at miljøet blir dårlegare skal berast av tiltakshavar. Kulturminnelova har føresegn om at tiltakshavar skal betale kostnader ved arkeologiske undersøkingar av automatisk freda kulturminne. Svalbardmiljølova har òg slike føresegner.

2 Resultatområde og nasjonale mål i klima- og miljøpolitikken

Klima- og miljøpolitikken er delt opp i seks resultatområde. Resultatområda er etablerte for å vise heilskapen i Klima- og miljødepartementets politikkområde, og for å gjere synleg at klima og miljø er eit ansvar for heile samfunnet.

På kvart resultatområde er det tilhøyrande nasjonale mål som speglar kva Noreg vil oppnå på området, og indikatorar for kvart mål som viser utviklinga over tid. Mål og indikatorar går fram av Miljøstatus.no.

Under følgjer ei nærare omtale av resultatområda og dei nasjonale måla.

2.1 Naturmangfald

Nasjonale mål:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.
- Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

Naturmangfaldet er grunnlaget for menneska sitt liv på jorda. Vel fungerande økosystem er ein føresetnad for stabilitet, velferd og vekst. Naturen reinsar vatn og luft, resirkulerer næringsstoff, bind jordsmonn, dempar flaumar, lagrar karbon, beskyttar mot erosjon og syter for pollinering av planter. Naturen medverkar òg til verdiskaping og arbeidsplassar og opplevingar. Ein mangfaldig natur gir meir robuste økosystem som er betre i stand til å tilpasse seg endringar i naturen, blant anna klimaendringane.

Auka bruk av areal og naturressursar fører til eit betydeleg press på økosystema. Klimaendringane forsterkar dei negative effektane på ein allereie pressa natur. I Noreg påverkar klimaendringar allereie naturen negativt, særleg i havområda og i polare strøk. Arealbruk og omdisponering av areal er den faktoren som har størst påverknad på naturmangfaldet på land. Forureining, spreiding av framande organismar, overhasting og klimaendringar er andre viktige

Boks 2.1 Naturindeksen for Noreg

Naturindeksen for Noreg 2015 er basert på 301 indikatorar og viser tilstand og utviklingstrender for naturmangfaldet i dei store økosystema havbotn, opne vassmassar i havet, kystvatn-botn og kystvatn-vassmassane, elver og innsjøar, våtmark, skog, fjell og kulturbetinga naturtypar i ope landskap. Ny naturindeks vil bli presentert i 2020. Alle forskingsinstitusjonar som arbeider med naturovervaking er involverte i arbeidet, og i alt var 85 ekspertar involvert i oppdatering av naturindeks 2015. For meir informasjon om Naturindeksen sjå <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2015/November-2015/Naturindeks-for-Norge-2015/>.

påverknader på naturmangfaldet. I havet er havforsuring ein viktig faktor.

Gjennom dei siste tiåra er det globale naturmangfaldet vesentleg redusert. Situasjonen i Noreg er meir positiv, men òg her finst det utfordringar. Naturindeksen for Noreg (sjå omtale i boks 2.1) viser at det er utfordringar i fleire hovudøkosystem, blant anna i våtmark i lågareliggjande og kystnære strøk, i havområda ved Svalbard, i Nordsjøen og i Skagerrak og i ope lågland (kulturbetinga naturtypar) i Sør-Noreg. Regjeringa har som ei oppfølging av naturmangfaldmeldinga satt i gang arbeid med å klargjere kva som er å rekne som god tilstand i dei ulike økosystema og å fastsetje forvaltingsmål. Regjeringa tek sikte på at ei forvaltning basert på definerte mål for økologisk tilstand er på plass innan 2020.

For å hindre at arter og naturtypar i norsk natur blir utrydda, må vi ha spesiell merksemd på dei artene og naturtypane som er truga. Dette er arter og naturtypar der det er ekstremt høg eller høg risiko for at dei kan forsvinne frå norsk natur. Ei truga art eller naturtype er definert som ei art eller naturtype i ein av kategoriane kritisk truga,

sterkt truga eller sårbar på Norsk raudliste for arter 2015 eller Norsk raudliste for naturtypar

2011. Tabell 2.1 gir ein oversikt over truga arter og naturtypar i dei ulike hovudøkosystema.

Tabell 2.1 Talet på truga arter og naturtypar i hovudøkosystema

Hovudøkosystema i Noreg	Talet på truga arter	Talet på truga naturtypar
Hav og kystvatn	45	5
Elvar og innsjøar	166	5
Våtmark	174	11
Skog	1135	9
Fjell	83	1
Kulturlandskap (ope lågland)	1119	9
Polare område (Svalbard)	46	

Dei områda som er verna etter naturmangfaldlova, utgjer ein viktig del av den norske naturen, og det er ei prioritert oppgåve å oppretthalde tilstanden i desse områda ved god forvaltning. Om lag 17 pst. av fastlands-Noreg er no verna som nasjonalparkar, naturreservat eller landskapsvernområde. Omtrent 80 pst. av det verna arealet på fastlandet blir forvalta av nasjonalpark- og verneområdestyra som består av representantar frå kommunar og fylkeskommunar som har tilknytning til verneområdet, i tillegg til representantar oppnemnd av Sametinget der det er aktuelt.

Om lag 75 pst. av nasjonalparkane, 70 pst. av landskapsvernområda og litt over 20 pst. av naturreservata ligg i fjellet. Om lag 35 pst. av arealet over 900 meter over havet er verna. Det finst naturtypar i fjellet som treng betre vern, men i hovudsak reknar ein målet om representativt vern av fjellet som oppnådd. Vel 4 pst. av skogen, under dette om lag 3 pst. av den produktive skogen, er no verna. Det er eit mål å verne 10 pst. av det totale skogarealet. Så sjølv om det er verna mye skog dei siste åra, har vi framleis eit stykke igjen for å nå dette målet. Produktiv skog har som hovudregel det største naturmangfaldet, så det blir arbeidd vidare for å verne slik skog. 15,7 pst. av våtmark, 13,6 pst. av elvar og innsjøar og 12,1 pst. av områda i ope lågland, under dette kulturlandskapet, er verna. Sjølv om omfanget av verna areal gir relativt god dekning for desse tre hovudøkosystema, er det framleis behov for å verne fleire naturtypar. Om lag 3,1 pst. av hav og kystvatn er verna. Her er det langt igjen før målet om representativt vern er oppnådd.

2.2 Kulturminne og kulturmiljø

Nasjonale mål:

- Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.
- Kulturminne, kulturmiljø og landskap skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling.
- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap.

I statsbudsjettet for 2017 varsla ein at departementet ville komme tilbake til Stortinget med forslag til nye nasjonale mål for kulturminnefeltet i statsbudsjettet for 2018.

Meir konkret vert følgande sagt om arbeidet med dei nye måla. «Dei nye måla vil både ta bare på behovet for istandsetjing, vedlikehald og høg fagleg standard på det antikvariske arbeidet, og samfunnsnyttan med å ta vare på kulturarven.»

Dei nye nasjonale miljømåla for kulturminnefeltet, slik dei no er foreslått, inneberer ikkje nokon endring av ambisjonsnivået. Dei inneberer heller ikkje at måla blir brukte på nye område. Slik forslaget til dei nye, nasjonale måla er utforma, gjev dei auka fleksibilitet i arbeidet med å sikre at måla blir nådde, samtidig som dei legg eit godt grunnlag for å dokumentere og rapportere på samfunnsbidraget i kulturminnepolitikken.

Måla byggjer på prinsipp og omsyn i internasjonale konvensjonar og manifest, som Farokonvensjonen (Europarådets rammekonvensjon om

kulturarvens verdi for samfunnet), Den europeiske landskapskonvensjonen, FNs berekraftsmål og HUL (UNESCOs tilråding On the Historic Urban Landscape). Landskap er forstått som eit område der samspelet mellom natur og kultur er med på å gi det sitt særpreg. Måla på dette resultatområdet knyter seg til den kulturhistoriske dimensjonen i landskapet

Det vil i løpet av hausten 2017 bli utvikla indikatorar for dei tre nasjonale måla, som skal takast i bruk frå og med 2018. Dei nye nasjonale måla med indikatorar vil vere grunnlag for rapportering i Miljøstatus.no.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige delar av samfunnet sitt kollektive minne. Historiske bygningar, bymiljø, landskap og arkeologiske spor er kjelder til historia om samfunnet si utvikling, om enkeltmennesket sitt liv og om korleis menneska har brukt og innretta seg etter naturen og samfunnet gjennom tidene. Kulturminnepolitikken skal forvalte dei kulturhistoriske verdiane som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Kulturminne og kulturmiljø utgjør verdier som gir stader særpreg og eigenart, og er ein ressurs i utvikling av gode lokalsamfunn og gode næringar. Døme viser at lokalsamfunn som tek i bruk kulturarven, skaper ei rekkje moglegheiter for befolkninga. Kulturarv kan vere eit konkurransefortrinn ved val av bustad, ved etablering av verksemder og ved utvikling av reiseliv. Kulturarv kan òg medverke til å skape attraktive miljø for utviklinga av ulike kultur- og tradisjonsprodukt innanfor for eksempel handverkstradisjonar, kunsthandverk og lokale matvarer.

I St. meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* vart det lagt fram ein opptrappingsplan for å nå dei førre nasjonale miljømåla om at freda kulturminne skal setjast i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. I oppfølginga av meldinga har Klima- og miljødepartementet organisert arbeidet i ti bevaringsprogram. I Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* som blei behandla i juni 2013, heldt eit samla Storting ved lag ambisjonane og måla frå *Leve med kulturminner*. Oppfølginga av arbeidet med bevaringsprogramma er framleis like viktig sjølv om dei føreslåtte nye nasjonale miljømåla for kulturminnefeltet ikkje lengre er knytte direkte opp mot årstal og eit fastsett tidsperspektiv.

Til trass for vesentleg styrking av dei statlege tilskotsordningane, er situasjonen i dag til dels prega av etterslep i istandsetjingsarbeidet. Dette bildet varierer likevel frå program til program. Istandsetjingsprogrammet for stavkyrkjer er slutt-

ført i tråd med målet slik at innsatsen no kan konsentrerast om det fortløpande vedlikehaldet. Utfordringane med omsyn til etterslep er størst innanfor programmet for freda kulturminne i privat eige.

I statsbudsjettet for 2016 varsla Klima- og miljødepartementet at dei ti bevaringsprogramma ville bli gjennomgått som følgje av eit stort og aukande etterslep på fleire av bevaringsprogramma. Det er store variasjonar mellom programma som gjer at 2020-måla ikkje vil bli nådd for enkelte av dei.

Kunnskapsløftet vart i hovudsak fullført i 2017 med unntak av delprosjektet *Kulturminner i kommunene* som blir ført vidare. Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga og kulturminneportalen bidrar til å sikre eit solid kunnskapsgrunnlag for ei effektiv oppfølging av statlege forpliktingar, for politikktutvikling og for målretta bruk av ressursane på kulturminneområdet. Kunnskapsløftet/kulturminneportalen har medverka til å styrkje avgjerdsgrunnlaget i forvaltinga og medverke til å standardisere, forenkle og effektivisere arbeidsprosessar på tvers av forvaltingsnivåa.

Mange kommunar har oppdatert oversikt over eigne verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Rundt 300 kommunar har no vedteke eller er i gang med å utarbeide kulturminneplan. Gjennom satsinga kunnskapsløftet, som skjer i regi av Riksantikvaren, vil fleire kommunar få betre kunnskap om dette, og tapet av verneverdige kulturminne og -miljø kan reduserast.

Som oppfølging av Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken* har Klima- og miljødepartementet sett i gang ei mangeårig satsing for oppfølging av verdsarvkonvensjonen med sikte på å auke kunnskapen om verdsarvkonvensjonen og styrkje den lokale forankringa ved blant anna å etablere verdsarvsenter ved dei norske verdsarvområda. Arbeidet med ein prioriteringsplan som vil bli lagt til grunn for den vidare framdrifta for arbeidet i perioden 2017–2026 vart slutført hausten 2017. Så langt er det etablert verdsarvsenter ved fem av dei norske verdsarvområda; Bergkunsten i Alta, Vestnorsk fjordlandskap/Geiranger, Vegaøyan verdsarva, Røros bergstad og Circumferensen og industriarv Rjukan–Notodden. Klima- og miljødepartementet medverkar i eit internasjonalt samarbeid gjennom ei seksårig programsamarbeidsavtale (2016–2021) med IUCN og ICCROM om kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen.

Kulturminnefondet er den viktigaste verkemiddelordning for eigarar av *verneverdige* kulturminne. Tilskot frå Kulturminnefondet er eit effek-

tivt bidrag til arbeidet med å betre rammevilkåra for private eigarar av kulturminne og til å stimulere til privat verneinnsats. Kulturminnefondet har i 2016 fordelt 73,7 mill. kroner til 621 tiltak, som medverkar til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidige opplevingar, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Dei fleste norske byar og stader har ein struktur – planlagt eller ikkje – som er prega av behov og ønskjer frå tidlegare tider. Det gjeld anten dei som opphaveleg kan sporast tilbake til mellomalder eller seinare. Både dei enkelte kulturminna og samansette kulturmiljø medverkar sterkt til lokalt særpreg og attraktivitet. Riksantikvarens bystrategi 2017–2020 vil vere eit hjelpemiddel ved forvalting av historiske bymiljø.

2.3 Friluftsliv

Nasjonale mål:

- Friluftslivet sin posisjon skal bli teken vare på og utvikla vidare gjennom ivaretaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.

Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga og interessa for å ta vare på naturverdiar. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar, og av at friluftsliv som regel ikkje har noko konkurranseelement. Spesielt viktig er naturen i nærmiljøet, som er den klart mest etterspurte arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen.

Friluftslivet har ei sterk stilling i Noreg. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og eit nært forhold til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitte og ein integrert del av mange nordmenn sitt liv.

Undersøkingar viser at forutan å få trim og bli i betre fysisk form er det først og fremst fred og ro, naturoppleving og det å komme ut i frisk luft folk ønskjer når dei går på tur. Ifølgje SSB sine Levekårsundersøkingar deltek meir enn 90 pst. av den norske befolkninga i friluftslivsaktivitet. I gjennomsnitt driv nordmenn med ein eller fleire friluftslivsaktivitetar meir enn 100 gonger i året. Fotturar er mest utbreidde, deretter følgjer utandørs bading.

Befolkningstettleiken aukar i byar og tettstader. Befolkninga har likevel ein unik nærleik til

grøntområde i høve til andre land vi kan samanlikne oss med. Samtidig er tilgangen til grøntområde avgrensa i dei store byane, der berre halvparten av befolkninga har trygg tilgang til leike- og rekreasjonsareal.

Den lovfesta retten i friluftslova til å kunne ferdest fritt og opphalde seg i naturen (allemannsretten) og at ferdsel og opphald i naturen er gratis, er ein viktig føresetnad for at friluftsliv er svært utbreidd i Noreg. Allemannsretten si sterke stilling i Noreg heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Stadig fleire flytter til byar og tettstader, og då får naturen i og ved slike område ein endå viktigare funksjon som arena for rekreasjon, friluftsliv og naturopplevingar.

2.4 Forureining

Nasjonale mål:

- Forureining skal ikkje skade helse og miljø.
- Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stanstast.
- Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting.
- Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft:
 - Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³
 - Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³
 - Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³
- Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.

Alle har rett til eit miljø som trygger helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir teken vare på.

Utslepp i Noreg av helse- og miljøskadelege kjemikaliar stammar frå produksjon av råstoff og ferdigvarer i industrien, og utslepp frå produkt vi omgir oss med og frå avfallsstraumar. I tillegg kjem langtransportert forureining og spreining frå forureina grunn og sjøbotn.

Miljøgifter er helse- og miljøfarlege kjemikaliar som i liten grad blir brotne ned i naturen og som kan hope seg opp i organismar og næringskjeder. Nivået for enkelte miljøgifter er på veg ned og industriutsleppa er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land. Likevel er det behov for

Boks 2.2 Nærare om to av dei nasjonale måla for arbeidet med forureiningar

Forureining skal ikkje skade helse og miljø:

Forureining i denne samanhengen er å forstå som utslepp av stoff som kan gi skade på helse og/eller miljø, jf. definisjonar i forureiningslova. Det nasjonale målet dekkjer potensielt helse- og miljøskadelege forureiningar, også ved akutt forureining, der handtering og verkemiddelbruk i hovudsak er basert på risikovurderingar. Målet inneber at risiko for skade skal minimerast. Målet omfattar utslepp av helse- og miljøskadelege kjemikaliar, langtransportert luftforureining og radioaktive stoff. Målet omfattar den delen av nullutsleppsmålet for petroleumsværksemnd som gjeld oljekomponentar som ikkje er miljøfarlege, og tilsette kjemikaliar som ikkje har ibuande miljøfarlege eigenskapar, og naturleg førekommande radioaktive stoff.

Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast:

Nokre typar forureiningar eller stoff kan ha så alvorlege konsekvensar at dei i hovudsak blir handterte og regulerte etter sine ibuande eigenskapar. Utslepp av slike helse- og miljøfarlege stoff skal kontinuerleg reduserast med intensjon om å stanse utsleppa. Det langsiktige målet er å oppnå konsentrasjonar i miljøet nær bakgrunnsnivå for naturleg førekommande stoff og nær null for menneskeskapte stoff. For dei prioriterte miljøgiftene i den spesifikke prioritetslista, for tida vel 35 stoff og stoffgrupper, skal bruk og utslepp av desse miljøgiftene reduserast vesentleg med sikte på å stanse utslepp innan 2020. Målet omfattar òg nullutsleppsmålet for naturleg førekommande og tilsette miljøfarlege stoff frå operasjonelle utslepp frå petroleumsværksemnd, nokre radioaktive stoff, farleg avfall og radioaktivt avfall.

ein særleg innsats fram mot 2020 for å stanse bruk og utslepp av dei prioriterte miljøgiftene (www.miljostatus.no/prioritetslisten). Regjeringa la i 2015 fram ein handlingsplan for arbeidet med desse miljøgiftene.

Nivået på radioaktiv forureining er generelt lågt. Nedfallet frå ulykka i Tsjernobyl i 1986 er framleis ei viktig kjelde til radioaktivitet i norsk natur.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø, og vere ei kjelde til spreing av helse- og miljøskadelege kjemikaliar. Arbeidet med forureina grunn i Noreg har gått føre seg i fleire tiår. I overkant av 2000 grunnforureiningssaker er avslutta, og oppryddingstiltak er gjennomført på store og alvorlege grunnforureiningslokalitetar, i hovudsak etter pålegg av forureiningslova retta mot ansvarleg forureinar eller grunneigar. Arbeidet med forureina grunn vil likevel fortsette. Nye forureina lokalitetar dukkar ofte opp når industri blir lagt ned og arealbruken endra. Vi får òg stadig ny kunnskap om miljøgifter og bransjar, som gjer at det blir avdekka fleire område med forureina grunn. Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn følgjer føringane i handlingsplanen om forureina sediment frå 2006. Arbeidet med å rydde opp er godt i gang i fleire område, og mange område er

ferdig rydda. Av dei 17 høgast prioriterte områda for opprydding av forureina sjøbotn er 4 ferdig rydda, 1 er nær ferdig, og 1 er venta ferdig i 2017. I tillegg er større delområde på andre av dei 17 prioriterte områda ferdig eller under opprydding no. Utover desse 17 områda blir det arbeidd med undersøkingar og tiltak ved ei rekkje industriefjordar, skipsverft og i store hamner.

For petroleumsværksemnda er det eit mål at utslepp til sjø av dei mest miljøfarlege tilsette kjemikaliar skal stansast og at utslepp av naturleg førekommande prioriterte miljøgifter skal stansast eller minimerast. Når det gjeld olje og andre stoff, er målet ingen utslepp eller minimering av utslepp som kan gi skade, jf. Meld. St. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*. Dette nullutsleppsmålet gjeld for heile den norske sokkelen. For tilsette miljøfarlege kjemikaliar har målet vore sett på som nådd. Dei siste par årene er det likevel rapportert om auka utslepp av desse stoffa. For olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn er det framleis behov for tiltak for å nå målet.

Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller sikrast god nok nasjonal behandlingsskapitet. I dag blir nær alt farleg avfall gjenvunne eller levert til godkjent behandling. Innsats for å redusere helse- og miljø-

skadelege stoff i produkt medverkar òg til å redusere miljøproblema når slike produkt blir til avfall.

Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane vil auke på lang sikt om ein ikkje lykkast med å førebyggje avfall. Dei seks siste åra har auken i mengda avfall frå hushalda i snitt vore mindre enn volumauken i forbruket. Ressursane i avfallet skal takast vare på og nyttast om igjen i størst mogleg grad ved ombruk, materialgjenvinning og energigjenvinning. I dag vert meir enn 80 pst. av avfallet material- eller energigjenvunne.

Kunnskapen om marin forsøpling og mikroplast aukar og denne miljøtrusselen har stor merksemd i Noreg og internasjonalt. Ei god avfallsbehandling er viktig for å førebyggje marin forsøpling. Sjølv om avfallsystemet i stor grad fungerer godt i Noreg, er det likevel behov for ytterlegare tiltak mot marin forsøpling. Viktige kjelder til marin forsøpling i Noreg er plastavfall frå fiskeri- og oppdrettsnæringa og avfall frå forbrukarar. Det blir òg arbeidd med tiltak mot ulike kjelder til spreining av mikroplast slik som dekkslitasje, kunstgrasbanar og maling.

Gjennom Montrealprotokollen forpliktar medlemslanda seg til utfasing av bruk av gassar som er skadelege for ozonlaget. Bruken av stoffa er på verdsbasis redusert med over 98 pst., og overvåkingsresultat viser no at ozonlaget er i ferd med å bli tjukkare. Noreg oppfyller forpliktingane i Montrealprotokollen. Hydrofluorkarbon (HFKar) utgjer i dag omlag 1 pst. av dei globale klimagassutsleppa, og er den gruppa gassar som er i sterkast vekst i verda. Om ikkje veksten vert avgrensa, vil HFK-gassane kunne stå for opptil 0,5 grader oppvarming innan slutten av dette hundreåret. På partsmøtet under Montrealprotokollen i Kigali i oktober 2016 vart det vedteke at protokollen òg skal regulere HFK. Meir om dette under programkategori 12.20.

Internasjonale avtaler har redusert tilførsleane av langtransportert luftforureining sidan 1980. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover utan ytterlegare reduksjonar. Verdas Helseorganisasjon anslår at sju millionar menneske årleg dør for tidleg på grunn av luftforureining, av desse 400 000 i Europa. Nasjonalt har Noreg redusert sine utslepp av svoveldioksid, nitrogenoksid og flyktige organiske sambindingar i tråd med dei internasjonale forpliktingane i Gøteborgprotokollen og i EØS-avtala. For utslepp av ammoniakk må verkemiddelbruken forsterkast for å overhalde forpliktingane i dei internasjonale avtalene.

Både for svevestøv og NO₂ er det fastsett juridisk bindande grenseverdier i forureiningsforskrifta. Grenseverdien for svevestøv vart stramma inn frå 1. januar 2016. Frå 1. januar 2017 blei det nasjonale målet for lokal luftkvalitet endra i tråd med tilrådinga frå Miljødirektoratet, Vegdirektoratet, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet i rapport M-129.

Nivåa av svevestøv (PM₁₀) viser ein nedgåande trend sidan 2004. I 2016 hadde likevel Narvik og Tromsø overskridingar av døgngrenseverdien for PM₁₀. Det nasjonale målet for PM₁₀ vart i 2016 overskride i fem byområde (Oslo, Fredrikstad, Tromsø, Drammen og Mo i Rana). Det var ingen overskridingar av grenseverdien for PM_{2,5} i 2016, men Oslo, Stavanger, Bærum og Sarpsborg overskreid det nasjonale målet. Dei fleste stadene har konsentrasjonane av *nitrogendioksid* (NO₂) vore stabile gjennom det siste tiåret. I Oslo og Bergen vart grenseverdiane for årleg gjennomsnittskonsentrasjon og timesmiddel for NO₂ overskridne i 2016. Det nasjonale målet for NO₂ blir berre overskride i dei største byane. I 2016 gjaldt dette to bykommunar (Bergen og Oslo). Lillesand og Sør-Varanger hadde for høge døgnmiddelkonsentrasjonar av svoveldioksid (SO₂). I Sør-Varanger vart både grensene for talet på tillatne døgn og timar overskridne. I tillegg vart målsetjingsverdien for nikkell overskriden i Kristiansand i 2016.

Talet på støyplaga personar blant dei som var utsette for høg utandørs støy ved bustaden i 1999 er redusert med 9 pst. mellom 1999 og 2014. I denne utrekninga er det ikkje teke omsyn til befolkningsvekst eller tilflytting til område som er plaga av støy. Generelt vil trafikkvekst og befolkningsvekst i område påverka av støy føre til fleire støyutsette, noko som forklarar kvifor vi samtidig opplever ein generell auke i talet på nordmenn som er utsette for støy. Vegtrafikk er den desidert viktigaste kjelda til støyplager i Noreg i dag, og står for over 80 pst. av den utrekna støyplaga. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar. Utviklinga viser at det kan bli vanskeleg å nå det fastsette målet for støy i 2020.

2.5 Klima

Nasjonale mål:

- Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990.
- Noreg har på vilkår teke på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990.

- Noreg skal vere klimanøytralt i 2030.
- Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050.
- Reduserte utslepp av klimagassar frå avsko-king og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.
- Politisk mål om at samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Resultatområdet Klima omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar. Noregs mål for 2020 blir følgt opp under Kyotoprotokollen, mens 40-prosentsmålet for 2030 er meldt inn til FN som Noregs bidrag under Parisavtala og lovfesta i klimalova. Målet om at Noreg skal bli et lågut-sleppssamfunn i 2050 er lovfesta i klimalova. Vidare omfattar resultatområdet internasjonal klimafinansiering og klimatilpassing.

Dei nasjonale måla for klima er forankra gjennom Klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til Meld. St. 21 (2011–2012)), og Stortingets behand-

ling av stortingsmelding om ny utsleppsforplikting for 2030 (Innst. 211 S (2014–2015), av Meld. St. 13 (2014–2015)), og stortingsmelding om klimatilpassing i Norge (Meld. St. 33 (2012–2013)), og av proposisjon om samtykke til ratifikasjonen av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016) til Prop. 115 S (2015–2016)) og Lov om klimamål (klimaloven) av 16.6.2017.

I Statistisk sentralbyrås foreløpige utsleppsrekneskap var Noreg sine utslepp i 2016 på 53,4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, 0,5 mill. tonn lågare enn året før. Klimagassutsleppa nådde ein topp i 2007 med 56,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, men har sidan blitt redusert noko. Dette trass i at Noreg har hatt ein vesentleg økonomisk vekst og folketalsvekst. Utsleppa per innbyggjar har gått ned frå 12,2 tonn i 1990 til 10,2 tonn i 2016, ein reduksjon på 17 pst. Dei samla utsleppa ligg likevel framleis 1,7 mill. tonn (3,3 pst.) over 1990-nivået. Petroleumssektoren er den største utsleppskjelda i Noreg, tett følgt av industri og vegtrafikk. Sjå nærare i tabell 2.2.

Tabell 2.2 Utslepp av klimagassar. Mill. tonn CO₂-ekvivalentar (foreløpige tal for 2016)

	Mill. tonn 2016	Endring i pst.	
		Sidan 1990	2015–2016
Utslepp frå norsk territorium	53,4	3,3	-0,9
Av dette:			
Olje- og gassutvinning	14,9	80,4	-1,6
Industri og bergverk	11,7	-40,3	-1,6
Vegtrafikk	9,9	27,8	-3,6
Luffart, sjøfart, fiske, motorreiskap m.m.	6,5	18,2	2,5
Jordbruk	4,6	-4,2	1,1
Energiforsyning	1,7	302,2	-2,2
Oppvarming i andre næringar og hushald	1,2	-55,8	2,0
Andre kjelder	3,0	10,3	4,9

Tala omfattar ikkje utanriks sjø- og luftfart.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Regjeringa fører ein offensiv klimapolitikk for å redusere Noregs utslepp og har blant anna forsterka klimaforliket på ei rekkje område. Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* er ein strategi for korleis 2030-målet kan nåast. Reduksjonar fram mot 2020 vil òg medverke til å nå dei meir langsiktige klimamåla. Samtidig vil ei rekkje tiltak som no blir sette i verk, først bli synlege i utsleppsreduk-

sjonar på lengre sikt, og medverke både til 2030-målet og til målet om at Noreg skal bli eit lågut-sleppssamfunn i 2050.

Under Kyotoprotokollen har Noreg teke på seg ei utsleppsforplikting som inneber at Noreg skal syte for at dei årlege utsleppa av klimagassar i perioden 2013–2020 i gjennomsnitt er 16 pst. lågare enn Noregs utslepp i 1990. Kyotoprotokollen etablerer på denne måten eit utsleppsbudsjett

Boks 2.3 Ambisjonen for innenlandske utslippskutt mot 2020

I klimaforliket frå 2008 vart det lagt til grunn at det kunne vere realistisk å ha eit mål om å redusere dei innanlandske klimagassutslappa med 15–17 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020, samanlikna med referansebanen slik den vart presentert i Nasjonalbudsjettet 2007, når nettoopptak i skog vart inkludert med 3 mill. tonn CO₂ i eit norsk utslippsregnskap for 2020. Dette vart i samband med behandlinga av energimeldinga (Innst. 401 S (2015–2016)) operasjonalisert, og det står at dei innanlandske utslappa ikkje skal overstige 45–47 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 2020. For å ta omsyn til blant anna endringar i retningslinjene for utslippsberekningar vart dette sidan teknisk justert slik at intervallet no er endra til 46,6–48,6 mill. tonn (sjå KLDs budsjettproposisjon, Prop. 1 S (2016–2017)). Dette inkluderer ikkje skog. Eventuelle bidrag frå opptak i skog ville kome i tillegg og auke ambisjonsnivået utover dette. Med Kyotoprotokollens bokføringsreglar får Noreg nytte ein avgrensa del av opptaket i skogen til å oppfylle utslippsforpliktinga for 2020. Utslepp frå avskoging m.m. gjer

øg at vi samla sett ikkje ventar at sektoren vil medverke til å oppfylle utslippsforpliktinga for 2020.

Ambisjonen om nasjonale utslippsreduksjonar i 2020 i klimaforliket frå 2008 var basert på SFTs tiltaksanalyser (no Miljødirektoratet), eksisterande verkemiddelbruk, og dei sektorvise klimahandlingsplanane. Det vart samtidig presisert at dei sektorvise måla var baserte på anslag og at dei ville måtte revurderast dersom endringar i framtidige prognosar, kostnader, teknologiutvikling eller andre vesentleg endra føresetnader skulle tilseie det. I både klimaforliket frå 2008 og 2012 vart det peikt på at uvissa er stor når det gjeld den økonomiske og teknologiske utviklinga og når det gjeld effekten av verkemiddel. I klimaforliket frå 2012 vart det understreka at teknologiutviklinga, kostnadene ved klimatiltak, befolkningsveksten, den økonomiske veksten og utslippsutviklinga innanfor petroleumssektoren ville ha betydning for når ambisjonen blir nådd.

for perioden 2013–2020 som er i tråd med 2020-målet om å kutte dei globale utslappa av klimagassar i 2020 tilsvarande 30 pst. av norske 1990-utslipp.

Kyotoprotokollen opnar for at nasjonale tiltak kan supplerast med tiltak i andre land. Slikt samarbeid skjer innanfor ramma av regelverket for Dei fleksible mekansimane i Kyotoprotokollen. Det er etablert eit system for kontroll med utslippsrekneskapen under denne ordninga. Kontrollen med prosjektsamarbeid i utviklingsland under Den grønne utviklingsmekanismen (CDM) er svært detaljert. Såleis må kvart enkelt prosjekt godkjennast av FN og kvotar blir først utstedt når verknaden av tiltaket er dokumentert. Noreg nyttar utslippsreduksjonar frå Den grønne utviklingsmekanismen som eit supplement til nasjonale tiltak, jf. omtale under kapittel 1481.

Klimaforliket frå 2008 gir ein ambisjon for kor stor del av 2020-målet som skal oppfyllast gjennom innanlandske utslippsreduksjonar. Ambisjonen er å redusere dei innanlandske utslappa i 2020 frå eit berekna nivå på 60,6 mill. tonn og ned til 46,6–48,6 mill. tonn. Sjå boks 2.3 for ei nærare forklaring av dette.

På grunnlag av innstillinga til proposisjonen om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala, Innst. 407 S (2015–2016), har Stortinget vedteke at regjeringa skal leggje til grunn at Noreg frå og med 2030 skal vere klimanøytralt. Sjå del II, Oppfølging av oppmodingsvedtak, for meir informasjon.

Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn forpliktingar på bestemte vilkår på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslipp innan 2030 samanlikna med 1990. Noreg og EU arbeider no for at dette skal skje gjennom ei felles oppfylling av klimamåla. Ei slik avtale mellom Noreg og EU vil innebere at Noreg vil medverke til gjennomføring av utslippsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EU sitt kvotesystem (kvotepliktig sektor). Noreg vil òg medverke til utslippsreduksjonar i ikkje-kvotepiktig sektor, der dei samla utslappa i EU skal kuttast med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er naudsynt for å få til dette skal fordelast mellom landa gjennom bindande utslippsmål. Ei avtale med EU vil innebere at Noreg får eit nasjonalt utslippsmål for ikkje-kvotepiktig sektor på linje med samanliknbare EU-land. EU har etablert flek-

sibilitetsmekanismer som mellom anna opnar for samarbeid mellom land om oppfylling av utsleppsmål i ikkje-kvotepfiktige sektorar. Det er òg opna for at nokre land kan konvertere kvotar dei disponerer i bedriftskvotestystemet til utsleppseiningar som kan nyttast til å nå mål for ikkje-kvotepfiktige sektorar. I samsvar med drøftinga i Meld. St. 41 (2016–2017) legg regjeringa opp til at Noreg vil nytte seg av denne fleksibiliteten.

Dersom Noreg ikkje får i stand ei avtale med EU om felles oppfylling, har Noreg meldt til Klimakonvensjonen at ein vil nytte fleksible mekanismer i samsvar med vilkåra for samarbeid som blir etablert under artikkel 6 i Parisavtala.

Regjeringa vil vurdere Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag til Parisavtala for perioden 2021–2030, og komme tilbake til Stortinget med dette i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.

Parisavtala vil utgjere ei sentral ramme for nasjonal og internasjonal klimainnsats i tida framover. Reduserte utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland, kvotekjøp og kortliva klimaforeiningar er blant dei andre innsatsområda som Noreg prioriterer for å utløyse ytterlegare klimainnsats internasjonalt.

Parisavtalas mål om å avgrense den globale temperaturauken til godt under to grader og søkje å avgrense oppvarminga til 1,5 grader Celsius ligg til grunn for norsk klimapolitikk. Ifølgje FNs klimapanel utviklar dei globale utsleppa seg på ein måte som vil føre til at temperaturauken vil overstige to grader, og verda risikerer svært alvorlege, irreversible konsekvensar. Arbeidet med å bringe utsleppsutviklinga i tråd med det globale temperaturmålet føreset i realiteten at dei aller fleste landa må redusere sine utslepp samanlikna med nivået i dag. Dei største utsleppslanda må redusere eller avgrense utsleppa betydeleg.

For 2050 er målet at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn. Med lågutsleppssamfunn er meint eit samfunn der klimagassutsleppa, ut frå beste vitenskaplege grunnlag, utsleppsutviklinga globalt og nasjonale omstende, er redusert for å motverke skadelege verknader av global oppvarming som beskrive i Parisavtala. Målet skal vere at klimagassutsleppa i 2050 blir reduserte i storleiksordning 80 til 95 pst. frå utsleppsnivået i referanseåret 1990. Ved vurdering av måloppnåing skal det takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimakvotestystemet for verksemdar.

Klima- og skoginitiativet er eit resultat av klimaforliket i 2008, og vart ført vidare i forliket i 2012. Klima- og skoginitiativet har som mål å nå

kostnadseffektive, tidlege og målbare utsleppsreduksjonar gjennom bevaring av tropisk skog. Satsinga har inngått partnerskap med ei rekkje sentrale skogland, og er no inne i ein fase med implementering og gjennomføring. I 2018 er det venta resultatbaserte utbetalingar til Brasil, Colombia og Guyana, potensielt også til Indonesia og Peru. Samarbeidet med Indonesia har til tross for betydeleg forseinkingar hatt lovande framgang i 2016 og 2017, og dette er venta å halde fram i 2018. I 2016 vart det etablert eit moratorium mot øydelegging av skog på torvmyr, og det vart oppretta eit torvmyrdirektorat. I Etiopia er fase I av samarbeidet avslutta, og ei avtale om fase II vart inngått i 2017 der investeringar for berekraftig utvikling, skogbevaring og skogrestaurering står sentralt. Vidare vart fondet &green etablert, med mål om å generere næringslivsinvesteringar i berekraftig, avskogingsfri produksjon av varer. I 2017 vart utbetalinga frå Noreg til Brasil redusert kraftig. Landet er inne i ein politisk og økonomisk krise. Krisen har mellom anna resultert i reduserte budsjett til tiltak som hindrar avskoging, og avskoginga har auka samanlikna med året før. Sjølv om situasjonen er alvorleg er avskoginga i skogåret 2016 60 pst. lågare enn gjennomsnittlig årleg avskoging mellom 1996 og 2005, perioden før Brasil sette i gang store tiltak for å redusere avskoginga. Noreg har uttrykt bekymring over utviklinga, og brukar skogsamarbeidet aktivt for å snu utviklinga, både gjennom politisk dialog og støtte til Amazonasfondet og andre reformkreftar.

Samfunnet skal førebuaast på og tilpassast til klimaendringane. Klimaet endrar seg allereie, og endringane vil påverke både natur og samfunn. Nye klimaframskrivingar presenterte i rapporten Klima i Norge 2100, gir oppdatert kunnskap om korleis klimaendringane kan bli i Noreg i åra framover. Framskrivningane i rapporten har teke utgangspunkt i ulike utsleppsscenario, og viser at vi med ein framhalden rask auke i klimagassutsleppa blant anna må vente ein markant auke i temperaturen, og at styrtregneepisodane kjem oftare og kraftigare. Tilsvarande kan regnflaumane førekomme hyppigare og større, og på grunn av stigande havnivå vil fleire område som ikkje er utsette for overfløyning ved stormflod i dag, kunne bli utsette for dette i framtida.

Rapporten viser òg at med reduserte klimagassutslepp vil klimaendringane bli betydeleg mindre.

Det er gitt ein utfyllande omtale av status på klimatilpassingsarbeidet i denne proposisjonen del III kap. 8.4.

2.6 Polarområda

Nasjonale mål:

- Omfanget av villmarksprege område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet.
- Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning.
- Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal redusertast.

Arktis og Antarktis har framleis store, tilnærma urørde naturområde, eit unikt og sårbart biologisk mangfald, ein verdifull kulturarv og stor verdi som kjelde til kunnskap og naturoppleving.

Eit av hovudmåla for norsk svalbardpolitikk er å ta vare på den unike naturen i ei av Europas siste villmarker. Dette målet saman med dei meir spesifikke måla for miljøvernet på Svalbard har vore styrande for miljøvernforvaltninga i lenger tid og er stadfesta i Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*. På Svalbard er 65 pst. av landområdet og 87 pst. av territorialfarvatnet freda som naturreservat og nasjonalparker. Jan Mayen og territorialfarvatnet er freda som naturreservat.

Ein aktiv miljøpolitikk og eit effektivt regelverk skal sikre at Svalbard med tilgrensande hav- og drivisområde framleis skal vere lite påverka av lokal aktivitet, og halde fram med å vere eit stort, samanhengande villmarksområde.

Klimaendringane fører til at havisen minkar, og leveområda for mange av dei isavhengige artene vi finn i Arktis i dag, som isbjørn og sel, vert reduserte. Den raske oppvarminga aukar òg faren for at fleire nye artar kan få fottfeste på Svalbard og i dei arktiske havområda. Når nye hav- og kystområde bli isfrie, og meir tilgjengelege, så kan det føre til auka ferdsel og annan aktivitet som påverkar dyrelivet ytterlegare.

Endringar i permafrost endrar òg stabilitet i gamle deponi og påverkar korleis forureining spreier seg i grunnen.

Marin forsøpling og mikroplast i havet og på strendene rundt Svalbard er identifisert som eit aukande problem. Søppelet finst i strandsona, på sjøbotnen og flytande i og under havoverflata, ofte

som fragment og mikropartiklar. Det kan føre til alvorlege skadar på dyr.

Mindre is og villare vèr gir større erosjon på strendene, og kulturminna som ligg nært sjøen, står i fare for å rase i havet. For kulturminne med særleg høg kulturhistorisk og/eller opplevingsverdi vil det vere aktuelt å setje i gang førebyggjande tiltak for å motverke røteskadar eller erosjon. Målet er sikring av dei kulturminna med høgast prioritet i Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023. For enkelte særleg verdifulle kulturminne som står i fare for å gå tapt, er det aktuelt å utføre dokumentasjon eller arkeologisk naudutgraving.

Endringane i Arktis skaper utfordringar som òg må handterast gjennom internasjonalt samarbeid. Noreg skal medverke til ei heilskapleg tilnærming for å handtere desse utfordringane gjennom aktiv norsk deltaking i Arktisk råd og rådets arbeidsgrupper. I 2017 vedtok Arktisk råd eit felles mål for reduksjon av svart karbon. Meir om dette under programkategori 12.20.

Noreg og Russland har felles ansvar for forvaltning av miljø, artar og naturressursar i Barentshavet og grenseområda. Eit breitt og effektivt miljøvernssamarbeid med Russland, tufta på gjensidig interesse, står sentralt i regjeringas nordområdepolitikk. Noreg vil halde fram med overvaking av miljøtilstanden i grenseområdet og påverknadsarbeid for å få redusert utsleppa.

Barentssamarbeidet er viktig for å styrkje grenseoverskridande kontakt og problemløysing og for å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen.

Antarktistraktaten og Miljøprotokollen peikar ut Antarktis til eit verneområde vigsla til fred og vitskap. Siste tiåret er det gjennomført ei rekkje miljøtiltak i tråd med Antarktistraktaten og Miljøprotokollen. I Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, er det slått fast at Noreg framleis vil vere ein pådrivar for å verne om miljøet i Antarktis og tryggje dette området som eit referanseområde for forskning i samanheng med den viktige stillinga som dette området har når det gjeld globale klima- og miljøendringar. Norsk forskings- og overvakingsaktivitet skal framleis vere heilt sentral i norsk nærvær og aktivitet i Antarktis og havområda omkring.

3 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2018

Forslaget til budsjett for Klima- og miljødepartementet har ei utgiftsramme på 10,453 mill. kroner i 2018 mot 10,379 mill. kroner i 2017. Dette er ein netto auke på om lag 74 mill. kroner, eller 0,7 pst. frå saldert budsjett 2017.

Utgiftene under Klima- og miljødepartementet åleine gir ikkje eit fullstendig uttrykk for regjeringas samla politiske prioriteringar av klima og miljø. Miljøpolitikken blir i stor grad ført ved hjelp av skattar, avgifter og regulering.

Viktige klimapolitiske satsingar ligg også under andre departements budsjett. Sjå pkt. 4.2 for ein nærare omtale av regjeringas prioriteringar innanfor klima.

Regjeringa ønskjer ei heilskapleg satsing for å synleggjere norske, grønne løysingar for auka eksport og for å trekkje internasjonale investorar til Noreg. Innovasjon Noreg skal etablere eit samarbeid med privat næringsliv med dette som mål. Klima- og miljødepartementet gav i 2017 Innovasjon Noreg 4 mill. kroner i støtte til å førebu satsinga med sikte på full oppstart i 2018. For 2018 er det foreslått 10 mill. kroner til satsinga, sjå nærare omtale under kap. 1400 post 50.

Regjeringa foreslår at det blir sett av 20 mill. kroner i 2018 til å styrkje forskingsinnsatsen på klima, som kan støtte opp under arbeidet med å oppfylle norske klimamål fram mot 2030. Satsinga skal ha særleg merksemd på ikkje-kvotepliktige utsleppssektorar, der transport og jordbruk er dei største.

Regjeringa vidarefører midlar til forskning som skal nyttast til kunnskapsoppbygging om marine økosystem og reint hav, under dette gjennomføring av pilotprosjekt for å betre tilstanden i kystmiljøet.

Arbeidet med internasjonale klima- og utviklingstiltak er auka i 2018. I tråd med regjeringas og Stortingets føringar for Klima- og skoginitiativet er det inngått avtaler som heilt eller delvis omfattar betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar. I 2018 legg regjeringa opp til at Noreg betaler for om lag 30 mill. tonn CO₂ i utsleppsreduksjonar i Brasil, Colombia, Guyana og Indonesia, og

potensielt òg i Peru. I 2018 vil Klima- og skoginitiativet halde fram med å satse på berekraftig utvikling i partnerlanda, og å auke privat næringsliv sin innsats for redusert avskoging.

Klima- og skoginitiativet blir styrkt opp til eit nivå på 3 mrd. kroner i 2018, ein auke på 118,2 mill. kroner jf. saldert budsjett 2017. I tillegg vil satsinga òg ha ei tilsegnsmakt på 2 mrd. kroner.

Ordninga med tilskot til kommunale klimatil- tak, Klimasats, er vidareført med 102,5 mill. kroner for 2018. Regjeringa foreslår òg å vidareføre tilskotsordninga for klimatilpassing. Ordningane blir administrerte av Miljødirektoratet.

FNs klimapanel legg eit felles fagleg grunnlag for det internasjonale klimaarbeidet og oppfølging av Parisavtala. Klimapanelet har over fleire år hatt ein krevjande økonomisk situasjon. Enkeltland har varsla at bidra vil bli betydeleg reduserte i 2018. Fleire land arbeider no for å auke sine tilskot for å kompensere for reduserte tilskot frå enkeltland. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til FNs klimapanel sitt arbeid i 2018 med 10 mill. kroner. Auken er foreslått fordelt med å tilføre 7 mill. kroner til å auke kontingent til FNs klimapanel i 2018, og 3 mill. kroner for å kunne støtte Miljødirektoratets arbeid med FNs klimapanel.

Sekretariatet for FNs klimakonvensjon gjer eit naudsynt arbeid for å støtte gjennomføring av Klimakonvensjonen og Parisavtala. Klima- og miljødepartementet vil styrkje sekretariatets arbeid for å understøtte forhandlingsmøte og gjennomføring av avgjerder under klimakonvensjonen og Parisavtala med 10 mill. kroner. Dette kjem i tillegg til at Utanriksdepartementet vil vidareføre si eksisterande støtte til sekretariatet.

I tillegg vil Klima- og miljødepartement prioritere arbeidet med å utvikle konkret regelverk under Parisavtala og auke støtta til internasjonalt samarbeid som understøttar arbeidet med ytterlegare 5 mill. kroner i 2018, slik at samla støtte til dette arbeidet blir på 8 mill. kroner.

Det blir foreslått å løyve 180 mill. kroner til kjøp av klimakvotar i 2018. For 2018 foreslår

Klima- og miljødepartementet ei fullmakt på 1,9 mrd. kroner.

Foreslåtte løyvingar til CO₂-kompensasjonsordninga i 2018 utgjer omlag 496 mill. kroner.

Arbeidet med å hindre og å rydde opp i forureiningar er langsiktig. Det grunnleggjande arbeidet med forvaltning av nasjonalt regelverk og løyvingar til tiltak for å motverke forureiningar blir ført vidare. Ny kunnskap om omfanget og konsekvensane av marin forsøpling gjer at innsatsen for å hindre slik forureining blir trappa opp, både gjennom betre avfallshandtering og frivillige oppryddingstiltak.

I budsjettforliket for 2017 vart det semje om å innføre ei tilskotsordning som skal sikre auka innlevering og forsvarleg behandling av kasserte fritidsbåtar. Det vart semje om å tildele 300 mill. kroner til saman til auka kassering av fritidsbåtar, tilskot til kassering av nye kategoriar køyretøy, og tilskot til utskifting av varebilar med bensin- eller dieselmotor med nye nullutsleppsvarer. Desse midla vidareføres i 2018.

Regionreforma inneber store endringar for kulturminneforvaltninga og førebuingane til gjennomføringa av dette reformarbeidet vil vere eit hovudinnsatsområde i 2018 og i åra fram mot 2020. Fleire førstelinjeoppgåver som i dag blir løyste av Riksantikvaren, skal frå 2020 overførast til og løysast av den regionale kulturminneforvaltninga. Parallelt med dette endringsarbeidet arbeider Riksantikvaren òg med å vidareutvikle og tydeliggjere si rolle som direktorat. Den fleirårige satsinga gjennom Kunnskapsløftet (2011–2017) vil saman med dei andre elementa i dette reformarbeidet medverke til å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltninga.

Forvaltninga av dei norske verdsarvområda inneber særlege forpliktingar. Oppfølginga av autorisasjonsordninga for verdsarvsenter som inngår som ein del av den fleirårige satsinga med sikte på å etablere verdsarvsenter ved alle dei norske verdsarvområda, (jf. Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken*) er konkretisert gjennom ein prioriteringsplan for perioden 2017–2026. Verdsarvsentra er viktige for å auke kunnskapen om verdsarven og for å styrkje den lokale forvaltninga. Utviklinga av dei fem autoriserte verdsarvsentra i Alta, på Vega, i Geiranger, i Røros og Circumferensen og på Rjukan/Notodden vil bli prioritert.

Internasjonal kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen er eit anna innsatsområde som er prioritert innanfor verdsarvpolitikken. Klima- og miljødepartementet har inngått ei seksårig programsamarbeidsavtale (2016–2021) med IUCN og ICCROM med dette som mål.

Kulturminne er ein viktig del av regjeringas bymiljøpolitikk og i Meld. St. 18 (2016–2017) *Bærekraftige byer og sterke distrikt*, er det vektlagt at kulturminne og kulturmiljø er ein viktig ressurs i byutviklinga. Bymiljø og byutvikling er tverrfaglege tema som er gitt prioritet i budsjettet for 2018.

Forvaltninga av statens eigedommar, som vart kjøpt i 1980 etter kopparverket på Røros, skal overførast til Statsbygg. Dette skal sikre at bygningane blir i samsvar med myndigheitskrav, at staten etterlever forpliktingane etter verdsarvkonvensjonen og at vidare bruk og bevaring av eigedommane er i tråd med fredingsformålet. Bygningsvernsenteret ved Rørosmuseet i Musea i Sør-Trøndelag as (MiST) skal utføre antikvarisk istandsetjing og vedlikehald på eigedommane, som ledd i museet si forskning, dokumentasjon og formidling av bergverksverksemda.

Hovudinnretninga for arbeidet med vern og berekraftig bruk av naturen ligg i vidare oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*, og Stortingets behandling av meldinga.

Midlar til arbeidet med å betre kunnskapen om naturmangfaldet gjennom kartlegging, overvaking og forskning blir vidareført på omtrent same nivå som i 2017. I 2018 vil arbeidet med å klassifisere økosystema og fastsetje forvaltingsmål for tilstand bli ein viktig del av arbeidet med å betre kunnskapen.

Arbeidet med rovvilt vil følgje opp rovviltforlika frå 2004 og 2011, Stortingets handsaming av Meld. St. 21 (2015–2106) *Ulv i norsk natur* og lovproposisjon 63 *Endringer i naturmangfoldloven (om felling av ulv m.m.)*. Tilleggsløyvingane i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 (jf. Prop. 129 S og Innst. 401 S (2016–2017)), er ført vidare med 20 mill. kroner til kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold, 4,1 mill. kroner til merking av ulv og 3,3 mill. kroner for å byggje opp auka kapasitet i Statens naturoppsyn til å følgje opp ulvesaker.

Det vart i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 òg løyvd 11,7 mill. kroner for å hindre spreining av skrantesjuka hos hjortevilt. Denne innsatsen blir i 2018 auka med 6,9 mill. kroner til 18,6 mill. kroner. I 2018 skal alle dyra i Nordfjella villreinområde, sone 1, avlivast, og deretter skal ein førebu etablering av ein ny villreinstamme i området.

Klima- og miljødepartementet går inn for at Snøheimvegen ikkje blir fjerna og tilbakeført naturen, men blir liggjande slik at trafikken inn mot Snøheim framleis kan skje med skyttelbuss, sjå omtale under overskriften «Oppfølging av opp-

modningsvedtak» etter omtale av programkategori 12.20 i Del II. Ein viktig føresetnad for dette er at det blir sikra stabil drift av skyttelbuss på vegen i overskødeleg framtid, og at omfanget av anna ferdsle på vegen (til fots og med hundespenn, sykkel og bil) haldast lågt for å unngå hindringar for villreintrekket. Det er sett av 2 mill. kroner til eit fond for vedlikehald av vegen, som også skal fungere som underskotsgaranti for bussdrifta.

Til forskning og utgreiningar i Tanavassdraget er det lagt inn 1,5 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å redusere løyvinga til vern av skogområde med 49,5 mill. kroner for å skaffe midler til andre føremål. Arbeidet med å verne skogområde vil likevel ha stort omfang i 2018 som ledd i oppfølginga av Stortingets vedtak i 2016 om vern av 10 pst. av skogarealet. Av same årsak er løyvinga til generell vassforvatning redusert med 33,1 mill. kroner. Arbeidet med å gjennomføre tiltaka i vassforvaltingsplanane blir likevel vidareført slik at dei vedtekne måla i planane kan bli nådde i 2021. Òg budsjettet for tilskot til tiltak for truga arter og naturtypar er redusert med 12,5 mill. kroner for å prioritere andre føremål i budsjettet.

I tillegg skuldast nokre reduksjonar innafor naturmangfaldområdet at føremåla er ferdigstilte, slik som at løyvinga på 52,7 mill. kroner til nasjonalparkplanen frå 1992 er teken ut ettersom planen er ferdigstilt, og at 19 mill. kroner til fiskeperre i Driva er teken ut fordi sperra vart ferdigstilt i 2017. Òg eingongsløyvinga i 2017 på 10 mill. kroner til laksetrapper i Vefsna er teken ut, mens løyvinga til erstatning av rovviltskadar er redusert med 8 mill. kroner grunna lågare tap dei siste åra. Som ei teknisk endring er 6 mill. kroner i utgifter til seks forvaltarstillingar i verneområda førte over frå Miljødirektoratet til fylkesmannens eige budsjettkapitel under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa vil vidareføre løyvingane til friluftsliv på same nivå som i 2017. I 2017 ble løyvinga til friluftsliv kraftig styrka.

Regjeringa vil i 2018 vurdere å opprette ein eller fleire nye einingar av skjergardstenesta nord for Hordaland, og vurdere å utvide skjergardstenesta sine oppgåver, mellom anna når det gjeld oppsyn og fjerning av marint søppel.

Regjeringa vil vidareutvikle ordninga med Nasjonale Turiststiar, med sikte på å betre tryggleiken og medverke til at opplevings- og naturverdiar blir tekne vare på. Tilskotsordninga for Nasjonale Turiststiar er styrkt med til saman 3 mill. kroner, til 10,5 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å overføre ansvaret for Meteorologisk institutt (MET) og Artsdatabanken frå Kunnskapsdepartementet til Klima- og miljødepartementet. Samla gir dette ein auke på Klima- og miljødepartementets budsjett på 497,9 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2017.

Effektivisering m.m

Regjeringa vil bygge sin politikk på effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar. Som i næringslivet er det òg i offentlig forvaltning eit potensial for å bli meir effektiv. Regjeringa har derfor innført ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, og føreset at alle statlege verksemder gjennomfører tiltak for å bli meir effektive. Reforma vil gi insentiv til meir effektiv statleg drift og skapar handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet. Verksemdene har òg godt høve til å planleggje og gjennomføre tiltak for å effektivisere drifta når reforma er eit årleg krav. Delar av gevinsten frå mindre byråkrati og meir effektiv bruk av pengane blir overførde til fellesskapet i dei årlege budsjetta. Den årlege overføringa er sett til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For Klima- og miljødepartementet inneber dette reduksjonar på om lag 16,4 mill. kroner på driftspostane.

4 Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet

For å nå dei nasjonale klima- og miljømåla må alle sektorar i samfunnet medverke. Regjeringa fører ein brei klima- og miljøpolitikk som omfattar verkemidlar på resultatområda omtalt i kapittel 2 og verkemidlar innanfor andre departementers ansvarsområder.

Dette kapittelet samanfattar heilskapen i regjeringas klima- og miljøinnsats, under dette klima- og miljørelevante satsingar i andre departement, og ei omtale av regjeringas prioriteringar innanfor klima.

Miljøpolitikk er ikkje først og fremst løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar i stor grad avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdiar for forureining. Samtidig er statsbudsjettet eit viktig og betydeleg verkemiddel for å nå miljømåla.

4.1 Klima- og miljørelevante prioriteringar i statsbudsjettet

Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet omfattar innsats på heile miljøområdet, det vil seie innsats

for å ta vare på naturmangfaldet og kulturminne- og kulturmiljø, medverke til auka friluftsliv, redusere forureining og dempe klimaendringar og negative effektar av klimaendringane.

Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet syner mellom anna at regjeringa satsar på klimatiltak for å redusere klimagassutsleppa. Samla sett er styrkinga av budsjettet på meir enn 1,3 mrd. kroner fordelt på fleire departement. Regjeringa sine satsingar på Klima- og miljødepartementets budsjett utgjer 219 mill. kroner. Regjeringa foreslår å opprette investeringsselskapet Fornybar AS og tilfører selskapet 400 mill. kroner i investeringsrammekapital. Påskjøningsavtaler, bymiljø- og byvekstavtaler blir styrkt med over 461 mill. kroner.

Regjeringa vil halde fram med å sikre langsiktige og klare rammevilkår for næringsliv, kommunar og enkeltmenneske som legg til rette for grønne vegval. For ei samla nærare omtale av dei ulike departementas klima- og miljøpolitikk, sjå kapittel 8 i inneverande proposisjon. Alle departementa har òg ei eiga klima- og miljøomtale i sine respektive proposisjonar.

Tabell 4.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2018 under Klima- og miljødepartementet (auke frå saldert budsjett 2017)

	(i 1000 kroner)
Utgifter	
Forsking på lågutsleppssamfunnet	20 000
Heilskapleg profilering av grønne løysingar	10 000
Klima- og skoginitiativet auka til 3 milliardar kroner	118 200
Oppfølging av Parisavtala og internasjonalt arbeid	25 000
Tiltak for å hindre spreiding av skrantesjuka hos hjortevilt	18 600
Tilskot til kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold	20 000
Oppfølging av ulv: Radiomerking og auka kapasitet i Statens naturoppsyn	7 400

Tabell 4.2 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet for 2018 med tydeleg klima- og miljøgevinst på andre departement sine område (auke frå saldert budsjett 2017)

(i 1 000 kroner)		
Utgifter		
Påskjøningsavtaler/bymiljø-/byvekstavtaler	SD	461 000
Innfasing av 14 nye togsett på Gjøvik- og Vossebanen i 2018	SD	160 000
Oljevern- og miljøsentert i Lofoten og Vesterålen	SD	10 300
Arven etter Nansen	KD	20 000
Mogleggjerande teknologiar i landbruket	LMD	10 000
Verdsarvsatsinga Vestnorske fjordlandskap og Vega	LMD	2 000
Fullskala CO ₂ -handtering/Vidare planlegging	OED	20 000
Nytt investeringsselskap «Fornybar AS»	NFD	400 000
Forskingstokt Krill, Antarktis	NFD	11 000

4.2 Regjeringas prioriteringar innanfor klima

Klima er eit satsingsområde for regjeringa. Klima- og miljødepartementet har det overordna og sektorovergripande ansvaret for nasjonal og internasjonal klimapolitikk, medrekna klimaforhandlingane i FN. I tillegg til eigne verkemiddel, har departementet ei rolle som samordnar overfor sektordepartementa og andre aktørar.

Den globale klimaavtala som vart vedteken i Paris i desember 2015 vil leggje grunnlaget for framtidig norsk klimapolitikk. Regjeringa ratifiserte Parisavtala i juni 2016, i tråd med Stortingets samtykke (Prop. 115 S (2015–2016)). Regjeringa vil føre ein ambisiøs nasjonal klimapolitikk med ei langsiktig omstilling til eit samfunn med låge utslepp innan 2050. Regjeringa følgjer opp Klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012) til Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* og har forsterka forliket på fleire område. I februar 2015 la regjeringa fram stortingsmelding om ny utsleppsforplikting for 2030 (Meld. St. 13 (2014–2015) *Nye utslippsforpliktelser for 2030 – en felles løsnings med EU*).

Stortinget vedtok våren 2017 ei klimalov. Formålet med lova er å fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Utsleppsmåla for 2030 og 2050 er lovfesta. For 2030 skal målet vere at utslepp av klimagassar i 2030 blir redusert med minst 40 pst. frå referanseåret 1990 slik regjeringa har presentert det i Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsnings med EU*, og

som Stortinget har slutta seg til. For 2050 er målet at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn. Med lågutsleppssamfunn er meint eit samfunn der klimagassutsleppa, ut frå beste vitenskaplege grunnlag, utsleppsutviklinga globalt og nasjonale omstende, er redusert for å motverke skadelege verknader av global oppvarming som beskrive i Parisavtala. Målet skal vere at klimagassutsleppa i 2050 blir reduserte i storleiksordning 80 til 95 pst. frå utslepps nivået i referanseåret 1990. Ved vurdering av måloppnåing skal det takast omsyn til effekten av norsk deltaking i det europeiske klimakvotestystemet for verksemdar. Lova innfører ein syklus for gjennomgang av klimamål kvart femte år etter same prinsipp som i Parisavtala. Lova forpliktar regjeringa til kvart år og på eigna vis å gjere greie for Stortinget om utviklinga i klimagassutsleppa, utsleppsframskrivingar og gjennomføring av lovfesta klimamål, sektorvise utsleppsbaner for ikkje-kvotepliktig sektor, status for Noregs karbonbudsjett (utsleppsbudsjett), og om arbeidet med klimatilpassing. I tillegg skal det i statsbudsjettet gjerast greie for korleis Noreg kan nå klimamåla fastsette i lova og klimaeffekten av framlagt budsjett.

Regjeringa la i juni 2017 fram Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*. Regjeringa arbeider for å oppfylle Parisforpliktinga saman med EU. Meld. St. 41 (2016–2017) er ein strategi for korleis dette kan skje. Regjeringa vil oppfylle 2030-målet for ikkje-kvotepliktige utslepp med hovudvekt på innanlandske utsleppsreduksjonar og med nausynt bruk av EU-regelverkets fleksibilitetsmekanismar.

Dei ikkje-kvotepiktige utsleppa kjem i hovudsak frå transport, jordbruk, bygg og avfall, men òg frå industrien og petroleumsverksemda. Regjeringas strategi for 2030 legg til rette for betydelege utsleppsreduksjonar nasjonalt. Før forpliktingsperioden startar i 2021 vil regelverket vere kjent og konsekvensane for Noreg vil bli klarere. Samstundes vil uvisse knytt til utsleppsutvikling, effekten av klimapolitikken og ikkje minst den teknologiske utviklinga og kostnadene ved utsleppsreduksjonar, vere betydeleg også langt inn i forpliktingsperioden 2021–2030. Derfor må strategien både ha høgt ambisjonsnivå og vere fleksibel. Regjeringa tek høgde for uvisse gjennom å leggje ein strategi for å sikre nausynt fleksibilitet til å oppfylle utsleppsbudsjettet. Bruk av EUs fleksibilitetsmekanismer vil medverke til utsleppsreduksjonar andre stader i Europa innanfor eit felles overordna utsleppstak, og medverkar dermed til reelle globale reduksjonar på tilsvarende måte som reduksjonar i Noreg. Sjå nærare omtale av Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* i del III kapittel 8.3.

Regjeringa vil føre ein offensiv politikk for å medverke til ei grøn omstilling av norsk økonomi og har lagt fram ein strategi for grøn konkurransekraft for å ruste Noreg og næringslivet for ei lågutsleppsframtid. Det er ein strategi med overordna prioriteringar og føringar for grøn konkurransekraft som rammar inn og gjer synleg viktige koplingar mellom verkemiddel, sektorar og ulike nivå. Strategien gjer synleg regjeringas heilskaplege politikk og verkemiddel på ulike område og ser desse i samanheng. Rapporten frå regjeringas ekspertutval for grøn konkurransekraft frå oktober 2016, og arbeidet i næringslivet med sektorvise vegkart for lågutsleppssamfunnet, har vore eit viktig grunnlag for strategiarbeidet. Strategien er nærare omtalt i del III.

Regjeringa offentliggjorde 15. juni 2017 ei forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar frå 2020, både til grunnlast og spisslast (topplast). Regjeringa har i tillegg på høyring eit forslag til tilleggsregulering som inneber at bruk av mineralolje til oppvarming av driftsbygningar i landbruket og midlertidige bygningar også blir forbode.

Regjeringa er i gang med å utgreie moglegheitene for reduksjon av bruk av mineralolje til oppvarming og bygningstørke ved byggje- og anleggsplassar. Dette arbeidet skal sjåast i samanheng med arbeidet med å utarbeide ein handlingsplan for fossilfrie byggjeplassar/anleggsplassar innan transportsektoren, jf. oppmodingsvedtak nr.

108, punkt 16 (2016–2017), og oppmodingsvedtak 1105 av 21. juni 2017, om å utgreie fossilfrie anleggsprosjekt. Vidare skal mogelegheitene for reduksjon av utslepp frå bruk av gass til oppvarming av bygningar utgreiast. Regjeringas vurdering av bruken av mineralolje i fjernvarme vert omtalt i Olje- og energidepartementets budsjettproposisjon for 2018. Statlege byggeigarar har utarbeidd planar for å fase ut oljefyring til grunnlast i statlege bygningar innan 2018, sjå kapittel 7.

I Meld. St. 13 (2014–2015) peikte regjeringa ut fem prioriterte innsatsområde i arbeidet med klimapolitikken framover. Desse er *reduuerte utslepp i transportsektoren, utvikling av lågutsleppsteknologi i industrien og rein produksjonsteknologi, CO₂-handtering, styrkje Noregs rolle som leverandør av fornybar energi og miljøvennleg skipsfart*.

Reduserte utslepp i transportsektoren er eit prioritert innsatsområde for regjeringa. Regjeringa prioriterer kollektivtrafikk og jernbane høgt. Planramma for første fireårsperiode av Nasjonal transportplan 2014–2023 (NTP) er overopppfylt med meir enn 30 pst. for premieringsordninga for kollektivtransport. Planrammene for jernbane er også overopppfylte. I NTP 2018–2029 prioriterer regjeringa å forsterke satsinga på jernbane ytterlegare, og set av om lag 18 mrd. kroner til investeringar i godstransport på jernbane som skal leggje til rette for overføring av gods frå veg til bane. Regjeringa prioriterer òg 66 mrd. kroner til bymiljøavtaler, byvekstavtaler og premieringsordninga for å leggje til rette for gange, sykkel og kollektivtransport i dei ni største byområda.

Klimaforliket frå 2012 inneheldt eit mål om at gjennomsnittlege klimagassutslepp frå nye personbilar i Noreg innan 2020 ikkje skulle overstige 85 g CO₂/km. Dette målet ligg vi an til å oppfylle i god tid før 2020, og kanskje allereie i 2017. For perioden januar til august 2017 var gjennomsnittsutslippet for nye personbilar på i underkant av 86 g CO₂/km.

I NTP 2018–2029 har regjeringa vidare fastsett nye, ambisiøse mål for å fase inn nullutsleppskøyretøy, blant anna at nye personbilar og lette varebilar frå 2025 skal vere nullutsleppskøyretøy, der nullutslepp er definert som el og hydrogen. Analyser viser at vi ikkje når ambisiøse utsleppsreduksjonar innan vegtransporten utan insentiv. Regjeringa si allereie vedtatte virkemiddel antas å gi vesentlig bidrag til å nå måltalla. Forbedringer av teknologisk modenheit i kjøretøysegmenta slik at nullutsleppskjøretøy blir konkurransedyktig med fossile løysingar ligg til grunn for måltala.

I meldinga om regjeringas klimastrategi for 2030 (Meld. St. 41, 2016–2017) varsla regjeringa

at ho vil bidra til oppfyllding av måltala for nullutsleppskjøretøy ved blant anna å byggje vidare på dagens verkemiddel, ha ein føreseieleg og langsiktig politikk for fordelar for nullutsleppstransport, der verkemidla blir tilpassa marknadsutviklinga, og leggje til rette for at det alltid skal løne seg å velje bilar med null utslepp.

I samband med framlegginga av Meld. St. 2 (2014–2015) *Revidert nasjonalbudsjett for 2015*, vart regjeringspartia og samarbeidspartia på Stortinget samde om prinsipp for å stimulere til ein nyare, sikrare og meir miljøvennleg bilpark. Den framlagde avtala det vart semje om bygde på ein heilskapleg gjennomgang av kjøretøy- og drivstoffavgiftene. Bilavgiftene skal medverke til å forsterke klima- og miljømåla frå klimaforliket og at Noregs klimamål for 2030 blir nådde.

Av klimaforliket går det fram at avgiftsfordelane for nullutsleppsbilar skal førast vidare ut 2017, så lenge talet på reine nullutsleppsbilar ikkje overstig 50 000. Talet på elbilar passerte 50 000 i 2015. Regjeringa varsla i revidert nasjonalbudsjett for 2015 at avgiftsfordelane likevel blir førte vidare ut 2017, og deretter fasa ut gradvis. I nasjonalbudsjettet for 2017 varsla regjeringa forlenging av nullsats for meirverdiavgift for elbiler fram til 2020, og for brenselceller til 2025 eller 50 000 biler, sjå nærare omtale i Meld. St. 1 (2016–2017) *Nasjonalbudsjettet 2017*, kapittel 3. I behandlinga av statsbudsjettet for 2017 oppmoda Stortinget om at det blir fremja forslag til å frita nullutsleppsbilar for omregistreringsavgift og årsavgift med verknad frå 2018. For årsavgifta er det lagt opp til å følgje opp dette i samband med overgangen til trafikkforsikringsavgifta. Stortinget har vedteke auka avskrivingsssats (30 pst.) for nullutsleppsvarebilar frå 2017. Desse sakene må notiserast til ESA, og må tre i kraft i etterkant av ei eventuell godkjenning.

Vidare varsla regjeringa at gratis parkering, ferjetransport, fritak for bompengar og tilgang til kollektivfelt blir avgjort lokalt, men det blir etablert ein bindande nasjonal regel om at utsleppsfrie biler ikkje skal ha meir enn halvparten av takstane til bilar som ikkje er nullutsleppsbilar.

I revidert nasjonalbudsjett for 2015 vart det òg slått fast enkelte prinsipp for kjøretøyavgiftene baserte på ein heilskapleg gjennomgang. Effektkomponenten skulle fasast ut og vektcomponenten reduserast. CO₂-komponenten skulle aukast og vere progressiv, og vurderast i samanheng med endringane i vekt og effektkomponentane. NO_x-komponenten skulle behaldast og aukast. Semja er følgt opp gjennom endringar i eingongsavgifta i budsjetta for 2016 og 2017, sjå nærare

detaljar i Prop. 1 LS (2016–2017) *Skatter, avgifter og toll 2017* frå Finansdepartementet.

I gjennomgangen av bilavgiftene vart det varsla at avgiftsfordelane for nullutsleppsbilane må fasast ut over tid, blant anna med omsyn til statens inntekter frå bilavgiftene. I Nasjonalbudsjettet for 2017 varsla regjeringa at fritaket for eingongsavgift for elbilar kan vurderast når effektavgifta er fjerna, som ho vart i 2017. Regjeringa fremjer derfor forslag om å oppheve fritaket for eingongsavgift for elbilar, herunder brenselceller. Samtidig blir det innført eit vektfrådrag på 23 pst. på elbilar. Oppheving av fritaket for eingongsavgift er venta å ha begrensa betyding for utviklinga av andelen elbilar, både fordi fleirtalet av elbilane ikkje blir berørte og fordi avgiftsauken utgjør ein relativt liten del av prisen for kjøretøya som blir råka.

For å stimulere til meir miljøvennlige motorsyklar vart det gjennom behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2017 bestemt at frå 1. juli 2017 skulle også deira eingongsavgift ha ein CO₂-komponent.

I statsbudsjettet for 2017 vart det løyvd eit nytt tilskot til vraking av varebilar på 13 000 kroner ut over dagens vrakpant ved kjøp av ny nullutsleppsvarebil, dersom det samtidig blir vraka ein konvensjonell varebil. Det har vore ei rekkje problemstillingar som det har vore naudsynt å utgreie, blant anna naudsynt utvikling av datasystem for å administrere utbetalingane. Systemet vil komme på plass tidleg i 2018.

Regjeringa har lagt frem ein lovproposisjon (Prop. 140 L (2016–2017)) for Stortinget, som skal gi løyvemyndigheitene høve til å fastsetje krav om at den som har, eller får tildelt, drosjeløyve, må nytte kjøretøy som har ei øvre grense for miljøskadelege utslepp. Lovforslaget er vedteke av Stortinget, jf. lovvedtak 61 (2016–2017).

Omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtransport vart auka til 7 pst. frå 1. januar 2017, med eit delkrav om 1,5 pst. avansert biodrivstoff. Ved forskrift fastsett i september 2017 er krava auka på nytt frå 1. oktober 2017 og 1. januar 2018. Delkravet om avansert biodrivstoff styrkjer den globale klimaeffekten av omsetjingskravet og kan bidra til å byggje opp under punktet «*Bidra til utvikling av verdikjeden for andregenerasjons biodrivstoff*» i klimaforliket. Frå 2017 er det også innført eit delkrav om bioetanol. Det blir arbeidd med E10 som ny bransjestandard for bensin, sjå omtale av oppfølging av oppmodingsvedtak i del II. Departementet har hatt på høyring ein vidare plan for omsetjingskravet fram mot 2020, sjå same stad.

Regjeringa la hausten 2014 fram ein nasjonal, tverrsektoriell biogasstrategi. I oppfølginga av strategien vart det i 2015 sett av 10 mill. kroner til pilotanlegg og forskning på biogass gjennom Innovasjon Noreg. Ordninga vart styrkt til 20 mill. kroner i 2016, og våren 2016 vart det lyst ut 18 mill. kroner til nye pilotanlegg. Berre ein liten del av midlane vart brukt i 2016, fordi det ikkje var nok kvalifiserte søknader. Ordninga blir samordna med Landbruks- og matdepartementet si satsing på biogass under Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket. Ordninga blir foreslått ført vidare med ei ramme på 20 mill. kroner i 2018, og departementet tek sikte på å evaluere ordninga i 2018. Frå 1. januar 2016 er det innført vegbruksavgift på naturgass, samtidig som biogass framleis ikkje er omfatta av vegbruksavgift. I påvente av dialog med ESA om høve til unntak for naturgass som back-up for biogass, er likevel avgiftssatsen for naturgass sett til null. Frå 1. juli 2016 er det innført vegbruksavgift med redusert sats for fossil LPG, mens bio-LPG er friteke. Denne satsen blir trappa gradvis opp over tid.

I samband med Stortinget si behandling av Nasjonalbudsjettet 2017 bad Stortinget regjeringa om å setje i gang ein prosess med aktuelle næringsorganisasjonar om etablering av ei miljøavtale med tilhøyrande CO₂-fond (vedtak 108, punkt 1, 2016–2017). I Revidert nasjonalbudsjett 2017 rapporterte regjeringa om prosess, innretting og mogleg tidsløp for eit CO₂-fond. Det vart varsla at regjeringa sitt utgangspunkt er:

«Et eventuelt CO₂-fond finansieres gjennom en bevilgning på statsbudsjettets utgiftsside. Størrelse på bevilgningen ses i sammenheng med den andelen av merprovenyet fra eventuelle fremtidige økninger i CO₂-avgiften som kan knyttes til virksomheter som omfattes av CO₂-fondet. Videre gis det ikke helt eller delvis fritak for CO₂-avgift, herunder fritak for eventuelle fremtidige økninger i CO₂-avgiften, for virksomheter tilsluttet et eventuelt CO₂-fond.»

«Det må foretas en grensedragnin mellom et eventuelt CO₂-fond og eksisterende virkemidler, herunder Enova.»

I samband med Stortinget si behandling av Revidert nasjonalbudsjett 2017 (vedtak 1110, 2016–2017) bad Stortinget regjeringa om å starte forhandlingar med aktuelle næringsorganisasjonar om etablering av ei miljøavtale med tilhøyrande CO₂-fond for næringstransport, med sikte på oppstart i løpet av 2019. Regjeringa har sett i gang ein slik prosess med aktuelle næringsorganisasjonar.

Næringsaktørar har i vår blitt inviterte til møte for første innspel til prosess og tema for utgreiing. Regjeringa har sett i gang arbeidet med å innhente felles data og analysegrunnlag.

Etableringa av eit fond krev utgreiingar, forhandlingar og notifisering til ESA, uavhengig av kva modell som blir valt. Sentrale spørsmål som må utgreiast er blant anna korleis næringslivets modell basert på NO_x-fondet kan gjennomførast reint praktisk, administrative kostnader ved ulike modellar, forholdet til statsstøtteregulverket i EØS-avtala og potensialet for og kostnadene ved utsleppsreduksjonar. Klima- og miljødepartementet og Finansdepartementet har i samarbeid med aktuelle næringsorganisasjonar sett i gang utgreiingar som skal avklare desse spørsmåla.

Regjeringa vil stimulere til grøn vekst for maritim næring, auka bruk av miljøteknologiske løysingar og meir miljøvennleg drivstoff for skip. Ei rekkje tiltak vart lagde fram i Maritim strategi i mai 2015. Deriblant kondemnerings- og innovasjonslånordninga for skip i nærskipfart, som vart etablert i 2016. Målet med tiltaket er å fremje fornying av nærskipflåta der eldre skip vert skrota og erstatta med skip med vesentleg betre miljø- og klimaprofil. Kriteria for tilsagn vart justerte i 2017. Regjeringa set krav til lågutslepps- og nullutsleppsteknologi i ferjeandod når dette er mogleg. Enova har blant anna gitt over 400 mill. kroner i støtte til ladeinfrastruktur for ferjer i Hordaland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Frå 2016 vart avgifta for elektrisk kraft som blir levert frå land til skip i næringsverksemd redusert til 0,48 øre per kWh, jf. Prop. 1 LS (2015–2016) *Skatter og avgifter 2016*. I tillegg rettar Innovasjon Noreg og Enova seg mot maritim sektor for å støtte investeringar i klimatiltak. I september 2016 lanserte regjeringa ei ny støtteordning på 65 mill. kroner til bygging av fleire klima- og miljøvennlege skip og ferjer. Av desse midlane blei det sett av 20 mill. kroner til å styrkje fylkeskommunal og kommunal miljøkompetanse i ferjeandod. I 2017 lyste Statens vegvesen ut eit andod der det blant anna er kravd at eit utviklingsprosjekt for ei hybrid ferje med batteri-brenselscelledrift skal setjast i gang. I tillegg har Enova gitt over 340 mill. kroner i støtte til 50 landstraumsprosjekt.

Utsleppa frå norsk landbasert industri har gått betydeleg ned. Frå 1990 har nedgangen vore på 40 pst. Dei lågthengande fruktene i form av relativt enkle og rimelege tiltak er i stor grad tekne. Ytterlegare utsleppsreduksjonar frå industrien vil derfor krevje utvikling av ny, klimavennleg teknologi og nye løysingar.

Industrien har fleire roller å spele i overgangen til lågutsleppssamfunnet. I tillegg til å redusere eigne utslepp bidreg industrien til det grønne skiftet ved å levere materialar, teknologiar og løysingar som gjer det mogleg å redusere utslepp i andre verksemdar og sektorar både i Noreg og internasjonalt.

Regjeringa styrkjer samhandlinga mellom næringslivet, forvaltinga og forskinga innan lågutsleppsindustri og har oppretta eit strategiforum; Prosess21. Hovudoppgåva for Prosess21 er å gi strategiske råd og tilrådingar om korleis Noreg best kan få til ei utvikling i retning av minimale utslepp frå prosessindustrien i 2050 og samtidig leggje til rette for at verksemdar i prosessindustrien har berekraftig vekst i denne perioden. Prosess21 er sett saman av relevante aktørar frå industrien og frå forskinga. Virkemiddelapparatet ved Innovasjon Noreg, Noregs Forskingsråd, Enova, Miljødirektoratet og Gassnova deltar også i arbeidet.

For å sikre at finansieringa av Enovas verksemd blir meir føreseieleg, legg Regjeringa frå og med 2018 opp til at overføringa til Energifondet blir erstatta med ei ordinær utgiftsløyving som er kopla fri frå rentenivået. Enova vil i 2018 bli tilført 2,7 mrd. kroner.

Regjeringa har auka rammene for Miljøteknologiordninga i Innovasjon Noreg betydeleg dei siste åra. Den føreslåtte løyvinga til Miljøteknologiordninga er 464,5 mill. kroner for 2018.

Regjeringa arbeider med å opprette eit nytt investeringsselskap som skal medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar. I statsbudsjettet for 2018 er det foreslått at selskapet får ei investeringsramme på 400 mill. kroner, frå og med 2018. Løyvingane vil bli trappa ytterlegare opp i lys av selskapets verksemd og investeringshøve. For nærare omtale sjå Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon kapittel 950 post 52.

I regjeringas satsing på fangst og lagring av CO₂ står teknologisenteret på Mongstad (TCM) og prosjektet for fullskala CO₂-handtering i Noreg sentralt. Moglegheitsstudiar har vist at det er fleire alternativ for fangst, transport og lagring. Konseptstudiar av moglege fullskala demonstrasjonsanlegg for CO₂-handtering i Noreg er i slutfasen. Arbeidet inneber å studere løysingar for fangst, transport og lagring av CO₂. Regjeringa kjem tilbake til Stortinget med eit heilskapleg framlegg om arbeidet med fullskala CO₂-handtering i Noreg etter at resultatane frå konseptstudia på fangst er gjennomgått, seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett 2018.

Forskningsinnsatsen på klimaområdet under Klima- og miljødepartementet er foreslått styrkt med 20 mill. kroner i 2018. Denne satsinga starta opp i 2017 med ein ramme på 71,5 mill. kroner og har særleg fokus på ikkje-kvoteplichtige utsleppssektorar, der transport og jordbruk er dei største. Vidare blir Arven etter Nansen styrkt med 10 mill. kroner under Kunnskapsdepartementet, og det blir foreslått 10 mill. kroner under Landbruks- og matdepartementet til mogleggjerande teknologiar for framtidens bioøkonomi og lågutsleppssamfunn.

Regjeringa har teke initiativ til ei heilskapleg satsing for å synleggjere norske, grønne løysingar for auka eksport og for å trekkje internasjonale investorar til Noreg. Innovasjon Noreg har fått i oppdrag å etablere eit samarbeid med privat næringsliv med dette som mål. Klima- og miljødepartementet gav i 2017 Innovasjon Noreg 4 mill. kroner i støtte til å førebu satsinga med sikte på full oppstart i 2018. For 2018 er det føreslått 10 mill. kroner til satsinga, sjå nærare omtale under kap. 1400 post 50.

Kommunane er sentrale for å nå måla i ikkje-kvoteplichtig sektor. Ifølgje statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging skal kommunane gjennom planlegging og anna myndigheits- og verksemdsutøving stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp. Retningslinja slår fast at kommunane skal gå føre i arbeidet med å redusere klimagassutslepp, og bruke eit breitt spekter av sine roller og verkemiddel i klimaarbeidet. Regjeringa bidrar til kommunane sitt arbeid gjennom blant anna å tilby rettleiing til klima- og energiplanlegging, støtteordninga Klimasats og pågåande utvikling av klimagasstatistikk og verktøy for å berekne effekten av lokale klimatiltak. Rettleiing, tilskotsordninga, statistikken og berekningsverktøyet støttar opp om kvarandre og legg til rette for at kommunane kan jobbe aktivt med klimagassreduserande tiltak. Erfaringar frå Klimasats-støtta prosjekt blir nytta til å utvikle og styrkje rettleiinga mot kommunane, og berekningsverktøyet blir viktig for å kvantifisere utsleppsmål og berekne effekt slik at kommunane kan setje i verk dei mest målretta tiltaka.

Petroleumsverksemda er underlagt sterke økonomiske verkemiddel gjennom både høg CO₂-avgift og kvoteplicht. Dette har medverka til at norsk olje og gass blir utvunnen energieffektivt og med relativt sett låge klimagassutslepp. Store utslepp, anslått til 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg, er unngått frå norsk sokkel som følgje av ulike tiltak. Utbyggjarane på sokkelen må òg vurdere kraft frå land som energiløysing for nye felt og ved større ombyggingar av eksisterande felt.

Det er for fleire felt vedteke å dekkje energibehovet med kraft frå land.

I 2015 starta regjeringa ei pilotordning for skogplanting på nye areal som klimatiltak. Ordninga vil bli avslutta i 2018. I den samanhengen vil det bli gjennomført ei evaluering av ordninga. Det vidare arbeidet med planting av skog på nye areal som klimatiltak vil bli avgjort på bakgrunn av evalueringa av ordninga. I 2016 starta regjeringa også ei ordning med gjødsling av skog som klimatiltak, og ei ordning for tettare planting etter hogst på eksisterande skogareal. Skogplanteforedlinga vart òg styrkt. Dette er ei direkte oppfølging av punkt i klimaforliket. Regjeringa foreslår ei uendra løyving for 2018 i høve til 2017 til desse ordningane. Landbruks- og matdepartementet har hatt forslag til lov- og forskriftsendring for å forby nydyrking av myr på høyring med frist 11. oktober. Regjeringa vil òg utgreie konsekvensar og tiltakskostnader ved ulike innretningar av eit forbod mot hogst av ungskog. Regjeringa fører òg vidare arbeidet med restaurering av myr og anna våtmark.

Ei nærare skildring av verkemiddel og satsingar på andre departement sine område, og klimagassbudsjett, finst i del III i kapittel 8.

Regjeringa sin politikk nasjonalt må sjåast i samanheng med Noregs internasjonale forpliktin-

gar og satsingar. Dette er omtalt i del II, under programkategori 12.20 og 12.70. Klima- og skoginitiativet er Noregs største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimakvotar Regjeringa sitt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland. I 2018 foreslår Regjeringa å auke løyvinga til Klima- og skoginitiativet med 118,2 mill. kroner (inkl. lønns- og priskompensasjon), til eit nivå på 3 mrd. kroner. Reduserte utslepp frå tropisk skog er ein del av klimaavtala som vart vedteken i Paris i 2015. Avtala vektlegg òg betaling for resultat som skoglanda oppnår. Dette styrker Klima- og skoginitiativet sin strategi om langsiktig og føreseieleg finansiering av skoglanda sine investeringar for å ta vare på regnskogen. I behandlinga av Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles framtid* slutta Stortinget seg til regjeringas forslag om at Klima- og skoginitiativet skal førast vidare på eit høgt nivå fram til 2030.

Det blir foreslått å løyve 180 mill. kroner til kjøp av FN-godkjende klimakvotar i 2018.

Samtidig med at Regjeringa arbeider med å redusere klimagassutsleppa, må samfunnet førebuast på og tilpassast til dei klimaendringane som uansett kjem. Klimatilpassing og forskning er nærare omtalt under programkategori 12.20 og Del III kap. 8.4.

5 Oversiktstabellar

5.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Klima- og miljødepartementet på 10 452,842 mill. kroner på utgiftssida og 354,119 mill. kroner på inntektssida.

5.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1400	Klima- og miljødepartementet	482 723	555 220	639 660	15,2
1410	Miljøforskning og miljøovervaking	707 839	830 036	791 839	-4,6
1411	Artsdatabanken			66 328	
1412	Meteorologiformål			469 279	
	Sum kategori 12.10	1 190 562	1 385 256	1 967 106	42,0

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1420	Miljødirektoratet	3 345 306	4 602 910	4 025 524	-12,5
1422	Miljøvennleg skipsfart	6 126	5 322	5 438	2,2
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	14 282	15 586	16 735	7,4
1424	MAREANO	23 704	38 585	39 429	2,2
1425	Vilt- og fisketiltak	82 915	87 793	95 309	8,6
	Sum kategori 12.20	3 472 333	4 750 196	4 182 435	-12,0

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1429	Riksantikvaren	606 493	650 419	633 985	-2,5
1432	Norsk kulturminnefond	87 094	103 898	92 378	-11,1
	Sum kategori 12.30	693 587	754 317	726 363	-3,7

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1471	Norsk Polarinstitutt	292 728	299 278	301 094	0,6
1472	Svalbard miljøvernfond	19 838	14 638	17 658	20,6
1473	Kings Bay AS		41 573	21 642	-47,9
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	52 074	51 913	51 793	-0,2
	Sum kategori 12.60	364 640	407 402	392 187	-3,7

Utgifter under programkategori 12.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1481	Klimakvotar	106 567	199 986	184 751	-7,6
1482	Internasjonale klima- og utviklingstil- tak	2 648 051	2 881 825	3 000 000	4,1
	Sum kategori 12.70	2 754 618	3 081 811	3 184 751	3,3

5.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4400	Klima- og miljødepartementet	2 479	2 138	2 195	2,7
	Sum kategori 12.10	2 479	2 138	2 195	2,7

Inntekter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4420	Miljødirektoratet	134 366	147 398	135 566	-8,0
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljø- departementet	93 560	100 819	107 500	6,6
	Sum kategori 12.20	227 926	248 217	243 066	-2,1

Inntekter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4429	Riksantikvaren	6 629	5 631	5 783	2,7
	Sum kategori 12.30	6 629	5 631	5 783	2,7

Inntekter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4471	Norsk Polarinstitutt	98 285	83 578	85 405	2,2
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	19 776	14 650	17 670	20,6
	Sum kategori 12.60	118 061	98 228	103 075	4,9

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
01–01	Driftsutgifter	1 275 608	1 451 920	1 492 894	2,8
11–25	Varer og tenester	1 157 458	1 397 540	1 369 367	-2,0
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	606 130	666 408	551 042	-17,3
50–59	Overføringer til andre statsrekneskaper	554 976	643 785	938 220	45,7
60–69	Overføringer til kommunar	63 738	436 007	256 707	-41,1
70–89	Overføringer til private	4 817 830	5 783 322	5 844 612	1,1
	Sum under departementet	8 475 740	10 378 982	10 452 842	0,7

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
01–29	Sal av varer og tenester m.v.	241 759	238 745	228 949	-4,1
50–91	Skattar, avgifter og andre overføringer	113 336	115 469	125 170	8,4
	Sum under departementet	355 095	354 214	354 119	0,0

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overføres»

***Under Klima- og miljødepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49*

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2017	Forslag 2018
1400	74	Tilskot til AMAP		4 345
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak	1 958	109 480
1411	50	Arter og naturtypar		16 942
1411	70	Tilskot til arter og naturtypar		11 441
1420	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd	4 984	137 162
1420	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing	97 300	106 920
1420	69	Oppryddingstiltak	49 287	96 962
1420	70	Tilskot til vassmiljøtiltak		34 755
1420	71	Marin forsøpling	29	20 290
1420	73	Tilskot til rovvilttiltak	12 757	70 051
1420	78	Friluftformål	1 268	179 821
1420	79	Oppryddingstiltak		450
1420	81	Naturarv og kulturlandskap	944	51 261
1420	82	Tilskot til truga arter og naturtypar		40 455
1420	85	Naturinformasjonssenter	2 350	62 114
1424	21	Spesielle driftsutgifter	10 311	39 429
1425	70	Tilskot til fiskeformål		14 446
1425	71	Tilskot til viltformål		35 600
1429	22	Bevaringsoppgåver	9 189	24 182
1429	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	2 161	33 164
1429	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	16 116	142 015
1429	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne		51 545
1429	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	14 267	45 952
1429	74	Tilskot til fartøyvern	5 149	61 883
1429	75	Tilskot til fartøyvernsenter	707	15 757
1429	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde	360	8 000
1429	79	Tilskot til verdsarven	8 840	57 036
1471	21	Spesielle driftsutgifter	2 039	72 067
1474	50	Tilskot til statlege mottakarar		23 793

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2017	Forslag 2018
1474	70	Tilskot til private mottakarar	38	28 000
1481	01	Driftsutgifter	10 091	4 441
1481	22	Kvotekjøp, generell ordning	74 787	180 000
1481	23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser		310
1482	73	Klima- og skogsatsinga	129 738	2 901 543

6 Oversikt over oppmodningsvedtak frå Stortinget

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt side.
2016–2017	19	Omsetjingskrav for bruk av berekraftig biodrivstoff i drivstoffet for skipsfarten	143
2016–2017	21	Stimulere til auka ordremengd for null- og lågutsleppsskip og rapportere om korleis dette medverkar til å nå Noregs klimamål	143
2016–2017	24	Handlingsplan med sikte på å styrkje det samla friluftslivsarbeidet og friluftslivet si rolle i folkehelsearbeidet	143
2016–2017	25	Handlingsplan for auka skjøtsel, kanalisering og tilrettelegging, for å ta vare på naturverdiane og fremje friluftslivet i nasjonalparker og andre store verneområde	144
2016–2017	26	Utviding av Skjergardstenesta	144
2016–2017	27	Styrking av tiltak mot marin forsøpling – deltaking frå frivillige og lokale initiativ	144
2016–2017	108, nr. 1	Setje i gang ein prosess med aktuelle næringsorganisasjonar om etablering av ei miljøavtale med tilhøyrande CO ₂ -fond	144
2016–2017	108, nr. 5	Trappe opp omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtrafikk og delkravet om avansert biodrivstoff i åra 2017–2020	144
2016–2017	108, nr. 6	Følgje marknaden for avansert biodrivstoff	145
2016–2017	108, nr. 7	Utgreie klimapotensialet ved CO ₂ -nøytralt syntetisk drivstoff	145
2016–2017	108, nr. 8	Innføre E10 som bransjestandard for bensin	145
2016–2017	108, nr. 18	Mål i forslag til klimalov	146
2016–2017	108, nr. 48	EUs miljøprogram LIFE	69
2016–2017	309	Privatimporterte bilar og lovpålagt returordning	147
2016–2017	421	Matsvinn	147
2016–2017	440	Gjennomføring forvaltinga av ulv	147
2016–2017	441	Endring av Forskrift om forvalting av rovvilt	148
2016–2017	529	Gratis levering av marint avfall	148
2016–2017	530	Endring av forureiningslova, gebyr for forsøpling	148
2016–2017	533	Forvalting av fisket i Tanavassdraget	148
2016–2017	589	Endring av rovviltforskrifta	148

Sesjon	Vedtaks nr.	Stikkord	Omtalt side.
2016–2017	590	Vidare oppfølging, praktisering og forvaltning av ulv i Noreg	149
2016–2017	591	Fagleg gjennomgang av den norske delbestanden av ulv	149
2016–2017	722	Vedlikeholdsetterslepet på kulturminne	185
2016–2017	748	Oppretting av teknisk beregningsutval på klimafeltet	149
2016–2017	749	Biodrivstoff basert på palmeolje eller biprodukt av palmeolje	149
2016–2017	750	Avklare med ESA om det er rom for Noreg til å gjere gjeldande EUs berekraftskrav for alt biodrivstoff som blir omsett i Noreg.	149
2016–2017	751	Bransjeavtale om at alt sal av biodrivstoff skal vere palmeoljefritt og ha høgare klimaeffekt enn EUs minstekrav	149
2016–2017	753	Vurdere handlingsrommet for å fremje bruk av avansert berekraftig biodrivstoff	150
2016–2017	907	Heilskapleg nasjonal plan for marine verneområde	150
2016–2017	908	Ikkje iverksetje petroleumsverksemd i Froan/Sularevet og Iverryggen	150
2016–2017	909	Leggje fram fagleg oppdatert avgrensing av heile iskantsonen inkludert «Vesterisen»	150
2016–2017	910	Revidering av forvaltningsplan for Barentshavet–Lofoten	150
2016–2017	914	Forslag til tiltak og verkemiddel for overvassproblematikk	151
2016–2017	961	Industrielle anlegg for produksjon av biogass	151
2016–2017	1105	Fossilfrie anleggsprosjekt	151
2016–2017	1110	Etablering av ei miljøavtale med tilhøyrande CO ₂ -fond for næringstransport	151
2015–2016	57	Tiltak for auka bruk av låg- og nullutsleppsteknologi i nærskipsfarten	152
2015–2016	100	Gjennomgang av Statskog SFs ordinære skogeigedommar for verneverdig skog	152
2015–2016	103	Karbonrike skogtypar	217
2015–2016	405	Status for bestanden av anadrome laksefisker	290
2015–2016	406	Stortingsmelding om avfallspolitikk og den sirkulære økonomien	152
2015–2016	537	Mål for reduksjon av matavfall og matsvinn i omsetnings- og forbrukarleddet	152
2015–2016	667	Mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog	153
2015–2016	668	Plan for marine verneområde	153
2015–2016	669	Førringa økosystem	153
2015–2016	670	Vurdere kvalitetsnormer for økosystem	154

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt side.
2015–2016	671	Vedtak i sakene om nasjonalparkane Jomfruland, Raet, vurdere vernevedtaket knytt til Lofotodden	154
2015–2016	672	Revidere dei heilskaplege og økosystembaserte forvaltingsplanane for havområda våre	154
2015–2016	673	Oppdatert forvaltingsplan for Norskehavet	154
2015–2016	674	Handlingsplan for sjøfuglar	154
2015–2016	675	Kvalitetsnorm for myr	155
2015–2016	676	Utvalte kulturlandskap	155
2015–2016	677	Kvalitetsnorm for villrein, og fleire utvalte arter	155
2015–2016	678	Styrkje arbeidet med eit økologisk grunnkart for Noreg	155
2015–2016	679	Oppdatere svartelista over framande skadelege organismar og raudlistene over truga arter og naturtypar	156
2015–2016	681	Forbod mot mikroplast i kroppspleieprodukt	156
2015–2016	682	Handlingsplan mot mikroplast	156
2015–2016	768	Endringar i ulvesona	156
2015–2016	769	Bestandsmålet for ulv i Noreg	156
2015–2016	770	Økonomiske ordningar for tap av eventuelle rettar eller belastningar innanfor ulvesona	157
2015–2016	771	Midlar til kommunar med ynglingar innanfor ulvesonen	157
2015–2016	772	Lik jakttid i og utanfor ulvesona	157
2015–2016	773	Uavhengig utgreiing av det genetiske opphavet til ulvestammen i Noreg	157
2015–2016	894	Noregs forslag til forsterka mål – som utgangspunkt for prosessen for å oppnå Paris-avtalas formål	217
2015–2016	895	Parisavtala, Noregs endelege nasjonalt fastsette bidrag for perioden 2021–2030	218
2015–2016	897	Klimanøytralitet	218
2014–2015	43	Heilskapleg plan for å fase ut fossil grunnlast i alle statlege bygg	157
2014–2015	387	Forbod mot fyring med fossil olje i hushald og til grunnlast i andre bygg	159
2014–2015	507	Saksbehandling av GMO-saker	159

Del II

Klima- og miljødepartementets budsjett for 2018

7 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet og løyvingar til forskning og overvaking. Delar av løyvingane kan bli stilte til disposisjon for etatane som er underlagt departementet når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Internasjonalt arbeid

Omtale av Noregs internasjonale arbeid med klima og miljø finst òg under dei ulike resultatområda og dei andre programkategoriane. Omtalen i dette kapitlet gjeld berre internasjonalt arbeid som går på tvers av resultatområda.

Multilateralt klima- og miljør samarbeid

Mange FN-organ er viktige aktørar i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. Noreg er ein viktig bidragsytar til organisasjonane og programma som har miljø som kjerneoppgåve. Noreg gir dessutan tilleggsmidlar for å styrkje arbeidet med miljø- og klimaspørsmål og har ein fortløpande dialog med institusjonane om integrering av miljøomsyn i verksemda deira. Noreg har følgd opp Rio+20-vedtaket om å styrkje FNs miljøprogram. Noreg vil i 2018 leggje vekt på å styrkje FNs miljøprogram og følge opp vedtaka frå FNs tredje miljøforsamling (UNEA-3). Frå norsk side vil vi ha spesiell merksemd på områda havforsøpling og mikroplast og ta aktiv del i å utvikle nye verkemiddel. I tillegg vil Noreg ha merksemd på havmiljø, grøn økonomi, miljøkriminalitet, naturen si rolle i klimatilpassing og konfliktførebygging og FNs miljøprogram si rolle som kunnskapsleverandør. Noreg er òg ein sentral bidragsytar til FNs program for å redusere utslepp gjennom avskoging

og skogdegradering i utviklingsland (UN-REDD) og til fleire Verdsbankfond som finnsierar investeringar for å redusere utslepp frå skog i utviklingsland, til dømes FEPP Karbonfond og BioCarbonfondet. Sjå omtale av Klima- og skoginitiativet under programkategori 12.70.

FNs universelle berekraftsmål vart vedtekne i september 2015. Noreg har oppnådd mykje, men er også utfordra av ein del av måla. Måla skapar forventningar om at både land og internasjonale organisasjonar skal betre integreringa av dei tre dimensjonane av berekraft – økonomiske, sosiale og miljøvise omsyn – på dei fleste samfunnsområde. Måla kan såleis gi drahjelp til det globale grøne skiftet, og fremje heilskapleg tenking over silotilnærming. Oppgåva med årleg å følgje opp gjennomføringa av berekraftmåla er lagt til FNs høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF), og kvart fjerde år skal verdas leiarar få ei særskilt oversikt over framdrifta og område som krev større innsats. I 2018 vil mellom anna fleire av måla som Klima- og miljødepartementet har særskilt ansvar for bli gjennomgått på høgnivåforumet for berekraftig utvikling. Dette gjeld målet for liv på land, reint vatn og gode sanitærforhold og berekraftig forbruk og produksjon. Hovudtema for høgnivåforumet for berekraftig utvikling i 2018 vil vere berekraftige og motstandsdyktige samfunn.

Den globale miljøfasiliteten (GEF) støttar tiltak som skal medverke til å betre det globale miljøet. GEF er ein finansieringsmekanisme for dei globale miljøkonvensjonane og har særskilt høve til å sjå ulike miljøproblem under eitt. Investeringsbehovet er framleis mange gonger større enn GEF-midlane, og det er derfor viktig å bruke desse midlane til å skape størst mogleg spreings-effekt og inspirere andre aktørar, som til dømes Det grøne klimafondet. GEF legg vekt på innovative tilnærmingar til miljø på dei viktigaste sektorane, og vidareutviklar ei tilnærming med fleire

breie integrerte program og færre enkeltprosjekt. Påfyllingsforhandlingar i fondet starta opp våren 2017, og blir slutført mai 2018. I tillegg til størrelsen på påfyllinga, skal forhandlingane mellom anna klargjere kva nye integrerte program som skal starte opp, tydeleggjere GEF si rolle på klimaområdet sidan Det grønne klimafondet kom på banen, og utvikle GEF sitt samarbeid med privat sektor for å auke omfanget og betydninga av eigen innsats for miljøet.

For omtale av Noregs hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet, sjå programkategorii 12.20 og 12.70.

Medverknad i EU-samarbeidet og effektiv gjennomføring av EØS-rettsakter.

Klima- og miljødepartementet har som mål å medverke til ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk i EU. Miljø sorterer under Kommisjonens satsing på sysselsetjing, vekst, investeringar og konkurransekraft, i tillegg til at det er lagt eit særskilt horisontalt ansvar for berekraftig utvikling til Kommisjonens nestleiar og visepresident. Klima er ein integrert del av satsinga på Energiunionen, som også er blant Kommisjonens politisk prioriterte toppsaker.

Klima- og miljødepartementet fører ein aktiv politikk for tidleg påverknad av prioriterte miljø saker. Dette påverknadsarbeidet skjer gjennom å delta i Kommisjonens ekspertgrupper og komitear, politiske møter med Kommisjonen og Europaparlamentet, andre innspel til sentrale aktørar i EU, og gjennom å delta i ambisiøse «vennegrupper» som REACH UP-gruppa på kjemikalieområdet og Green Growth Group (GGG) på klimaområdet og gjennom nordisk samarbeid. Noreg har ein nasjonal ekspert i DG Climate Action i Europakommisjonen.

Noreg er medlem i Det europeiske miljøbyrået (EEA) og deltar i arbeidet i Det europeiske kjemikaliebyrået (ECHA). Miljøbyråa er ei viktig informasjonskjelde for alle som er med å utforme, vedta, setje i verk og evaluere miljøpolitikk. Gjennom EØS-avtala er Noreg òg medlem av EUs jordobservasjonsprogram Copernicus, som etablerer omfattande satellittovervaking av miljø globalt, regionalt og nasjonalt, ikkje minst i havområda og i Arktis. Gjennom forskningssamarbeidet i EØS-avtala, deltek Noreg òg i det globale samarbeidet om satellittar og jordobservasjon i Group on Earth Observations (GEO), mellom anna i ei høg-nivågruppe i EU.

Enkelte sentrale miljøpolitiske område er ikkje omfatta av EØS-avtala. Det gjeld naturvern og for-

valting av naturressursar, og landbruk og fiskeri, men Noreg og EU er tett bundne saman gjennom EUs indre marknad på alle områder. Nye forslag og omlegging i EUs politikk får stor verknad for norsk politikk. Kvart år blir ei rekkje rettsakter innlemma i EØS-avtala og gjennomførde i norsk regelverk for miljø- og klimapolitikken.

Ved å delta gjennom heile prosessen sikrar departementet ein grundig gjennomgang og vurdering av forslag til nye EU-rettsakter og moglege konsekvensar av gjennomføring før regelverket eventuelt blir teke inn i EØS-avtala og gjennomført i norsk rett.

Nordisk samarbeid og EØS-midlane er òg ein del av miljøforvaltinga sitt EU/EØS-arbeid. Nordisk samarbeid er viktig for å påverke utvikling av EUs regelverk og andre internasjonale prosessar. Miljø- og kulturarvprogramma under EØS-midlane stimulerer til godt bilateralt fagleg samarbeid med mottakarlanda, og tilsvarande er arbeidsgrupper og oppfølging av dei nordiske miljøministermøta gode plattformer for EU/EØS-arbeidet. Klima, energi, miljø og lågutsleppsutvikling er eitt av tre prioriterte hovudområde i neste periode 2014–2021. Det vil gi nye og gode høve til å stimulere landa til tidleg oppfølging av EUs rettsakter på området.

Klima og miljø i handels- og investeringsvern avtaler

Også andre handels- og investeringsvern avtaler enn EØS-avtala påverkar kva som blir produsert og selt og korleis og dermed klima- og miljøverknadene av handel. Dei påverkar òg kva tiltak som kan setjast i verk av omsyn til klima og miljø. I motsetning til EØS-avtala inneheld dei ikkje felles klima- og miljøregelverk. Det er derfor naudsynt å syte for at dei vert utforma slik at dei fremjar grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøomsyn. Derfor arbeider Klima- og miljødepartementet for at slike avtaler får eigne kapittel om handel og berekraftig utvikling, senkar toll på klima- og miljøvennlege varer og gir rom for støtte, avgifter og reguleringar som gjer det enklare og billegare å produsere, forbruke og transportere med mindre ressursar og utslepp. Utvikling av slike avtaler skjer no i aukande grad utanfor Verdas handelsorganisasjon (WTO). Departementet følgjer derfor både forhandlingane mellom Noreg og Kina, òg utviklinga i samarbeidet om handel og investeringar mellom EU og andre sentrale land. EU er blant dei som har komme lengst i dette arbeidet. Samarbeidet mellom EU og USA er førebels satt på vent. Den amerikanske administrasjonen har endra fokus i USAs

handelspolitikk, men det er førebels uklart korleis dette vil påverke handelsregelverket generelt og samarbeidet mellom EU og USA spesielt. Forhandlingane mellom dei vil kunne bli tekne opp att i nær framtid. Ei avtale om dette mellom dei vil kunne ha stor innverknad også for Noreg og leggje sterke føringar på andre slike avtaler. Den vil kunne gi eit tettare samarbeid mellom EU og USA om utforming av nye reglar. USA og EU har ulike syn på føre var-prinsippet og regulerer mellom anna kjemikalier ulikt. Ei avtale mellom dei kan derfor òg få stor verknad for EØS-avtalas reglar på klima- og miljøområdet og vårt høve til å påverke dei.

Klima- og miljøsamorbeid med utviklingsland

Samarbeid med økonomiar i framvekst og utviklingsland er òg ein viktig pilar i Noregs internasjonale klima- og miljøarbeid. Med bilaterale samarbeidsavtaler og støtte til internasjonale initiativ skal Noreg medverke til ei grøn utvikling gjennom oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar.

Klima- og miljødepartementet har særskilde avtaler om samarbeid med miljøstyresmaktene i dei store utviklingslanda Kina, India og Sør-Afrika. Ei revidert avtale for miljøsamorbeidet med Kina vart underskriven i juni 2017. Desse landa har stor betydning for utvikling av den globale miljøtilstanden og er heilt sentrale i internasjonalt miljøsamorbeid og i utvikling av globale miljøavtaler. Det bilaterale samarbeidet skal byggje relevant fagleg samarbeid på styresmaktnivå og gi ei plattform for dialogen om internasjonale miljøutfordringar. I Kina, Sør-Afrika og India har Klima- og miljødepartementet medverka til ein portefølje av prosjekt som er retta inn mot det enkelte land si evne til å gjennomføre internasjonale forpliktingar under miljøkonvensjonane.

Prosjekta er hovudsakleg forvaltningssamarbeid, der Miljødirektoratet er ein viktig partnar på norsk side. Finansiering skjer i hovudsak over Utanriksdepartementets budsjett. I tillegg vert det nytta midlar over Klima- og miljødepartementets budsjett for å setje i gang nye prosjekt og utgreiingar. I Kina og Sør-Afrika medverkar Miljødirektoratet til utvikling av utsleppsrekneskap og kvotemarknad. I Kina er det også eit viktig samarbeid for å redusere utslepp av miljøgifter, verdsetjing av økosystemtenester og restaurering etter jord-skjelv i Sichuan. I India er det samarbeid om eit senter for biodiversitet i Chennai, og alternativ til

bruk av hydrofluorkarbon (HFK) som kuldemedium. Klima- og miljødepartementet har òg bilateralt miljøsamorbeid med Myanmar. Forvaltning av vass- og naturressursar og handtering av farleg avfall er dei sentrale samarbeidsområda.

Regjeringas største internasjonale initiativ innan klima- og miljø er Klima- og skoginitiativet (sjå nærare omtale under programkategori 12.70).

Klima- og miljødepartementet stimulerer òg til det breiare grønne skiftet i utviklingsland gjennom støtte til fleire andre internasjonale initiativ. Kunnskapsgrunnlaget, naudsynte institusjonar, lover, reguleringar og økonomiske verkemiddel må på plass for å kunne realisere ei grønare utvikling. I Det grønne partnarskapet PAGE samarbeider fem FN-organ om å tilby motiverte utviklingsland støtte til grøn omlegging av økonomien. PAGE fokuserer særskilt på dei økonomiske og finansielle rammevilkåra for jobbskaping og lønsam ressurseffektivitet, og at sektorane kan ha behov for tilpassa støtte eller nye insentiv i omlegginga. Noreg støttar òg Global Green Growth Institute (GGGI), ein internasjonal organisasjon som fremjar sosialt inkluderande og berekraftig økonomisk vekst i utviklingsland og økonomiar i framvekst. GGGI samarbeider med sine medlemsland med å utvikle strategiar og politiske verkemiddel for grøn vekst, gjere desse om til finansierbare prosjekt og tiltak og styrkje institusjonell kapasitet, læring og kunnskapsdeling.

Departementet følgjer andre program og initiativ frå regjeringa som satsing på fornybar energi og energieffektivisering i utviklingsland og initiativet 1 Gigaton Coalition. For å auke investeringane i fornybar energi og energieffektivisering er det viktig å utvikle risikoavlastande verkemiddel for å utløyse private og kommersielle investeringar. Rapporten frå 1 Gigaton Coalition, som vart lansert hausten 2016, viste at satsing på fornybar energi og energieffektivisering i utviklingsland bidreg mykje til reduserte klimagassutslepp. 1 Gigaton Coalition vil kunne tilby utviklingsland metodikk for korleis ein skal måle og rapportere reduserte klimagassutslepp frå energisektoren. Klima- og miljødepartementet med Miljødirektoratet deltek òg i Olje for Utvikling-programmet, mellom anna i Ghana, Uganda, Libanon og Tanzania. Formålet med programmet er å overføre norsk kompetanse slik at utviklingsland kan forvalte petroleumsressursane på ein måte som medverkar til varig reduksjon av fattigdom og sikrar at ein tek forsvarleg omsyn til miljøet.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2018 er på 1 967,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 42 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2017.

Regjeringas forslag til å overføre ansvaret for Meteorologisk institutt og Artsdatabanken frå Kunnskapsdepartementet til Klima- og miljødepartementet, gir ein auke på om lag 495 mill. kro-

ner samanlikna med budsjettet for 2017. Kap. 1410 syner ein reduksjon på 38,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2017. Det skuldast først og fremst at midlane til Artsprosjektet er flytta frå post 54 til nytt kap. 1411 Artsdatabanken. Løyvinga til Meteorologisk institutt er lagt til kap. 1412. Øvrig auke knyter seg til overføring av statens eigedommar på Røros til Statsbygg og til oppfølginga av Parisavtala.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1400	Klima- og miljødepartementet	482 723	555 220	639 660	15,2
1410	Miljøforskning og miljøovervaking	707 839	830 036	791 839	-4,6
1411	Artsdatabanken			66 328	
1412	Meteorologisk institutt			469 279	
	Sum kategori 12.10	1 190 562	1 385 256	1 967 106	42,0

Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	218 372	279 621	286 283
21	Spesielle driftsutgifter	45 415	49 246	84 608
50	Heilskapleg profilering, grøne løysingar			10 000
62	Den naturlege skulesekken	3 323	3 409	2 409
65	Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	10 290		
70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	59 075	57 402	57 402
71	Internasjonale organisasjonar	68 562	74 633	85 133
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 116	4 231	4 345
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	56 129	61 098	109 480
79	Tilskot til kulturminneforvalting	17 441	25 580	
	Sum kap. 1400	482 723	555 220	639 660

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Klima- og miljødepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld løn til fast til-

sette i departementet. Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IKT-utgifter dei største.

I samband med overføringa av ansvaret for Meteorologisk institutt frå Kunnskapsdepartementet til Klima- og miljødepartementet, blir midlar til dekning av eit årsverk overført frå kap. 200 post 01 til kap. 1400 post 01 på budsjettet til Klima- og miljødepartementet. Sjå nærare omtale under kap. 1412.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på posten er auka med 35,4 mill. kroner. Størst auke knyter seg til overføring av statens eigedommar på Røros til Statsbygg (17,2 mill. kroner) og til tiltak mot skrantesjuka (16,9 mill. kroner). Det er òg lagt inn midlar mot skrantesjuka over kap. 1420 post 64.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Løn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg førast over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøforvaltningas ansvarsområde.

Klima- og miljøpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Klima- og miljødepartementet har nok ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere klima- og miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

Rapport 2016

I 2016 blei midlane på posten nytta til tiltak knytte til alle resultatområda, hovudsakeleg innan klima og naturmangfald.

Post 50 Heilskapleg profilering, grønne løysingar

Posten er ny og oppretta for å fremje heilskapleg profilering av norske grønne løysingar. Formålet er auka eksport og å trekkje internasjonale investerar til Noreg. Satsinga skal medverke til å fremje fleire gode gründerar, fleire vekstkriftige bedrif-

ter og fleire innovative næringsmiljø, som samtidig skal bidra til berekraftig utvikling og overgang til lågutsleppssamfunnet. Sjå òg Prop. 1 S (2017-2018) Nærings- og fiskeridepartementet.

Det grønne skiftet byr på både utfordringar og moglegheiter for næringslivet. På fleire område har Noreg gode føresetnader til å ta ei leiarrolle i teknologiutvikling og løysingar for det grønne skiftet. Dette gjeld blant anna prosessindustrien og elektrifiseringa av transportsektoren. Noreg er allereie verdsleiande på utvikling av teknologi for elektrifisering av maritim transport. Berekraftig havbruk er eit anna mogleg vekstområde. Bioøkonomi, sirkulærøkonomi og smarte bygg og byar er andre moglegheitsområde. Regjeringa ønskjer å gi ekstra drahjelp til næringslivet som leverer grønne løysingar og som har moglegheiter på internasjonale marknader.

Satsinga skal sjåast i samanheng med Innovasjon Noreg sitt arbeid med profilering for å medverke til auka internasjonalisering. Innovasjon Noreg skal leggje til rette for eit samarbeid med privat næringsliv som skal inviterast til å delta i både utforming og vidare finansiering av satsinga.

Det er foreslått ei løyving på 10 mill. kroner for 2018.

Post 62 Den naturlege skulesekken

Midlane under posten er knytte til alle resultatområda bortsett frå Polarområda. *Den naturlege skulesekken* er eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Tiltaket er leia av Miljødirektoratet og Utdanningsdirektoratet, mens gjennomføringa skjer gjennom Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret). Løyvinga på posten er redusert med 1 mill. kroner. *Til Den naturlege skulesekken er det i tillegg* til tilskotet på denne posten foreslått eit budsjett på 4,4 mill. kroner under kap. 1400 post 21 slik at samla prosjektmidlar frå Klima- og miljødepartementet er 6,8 mill. kroner i 2018.

Mål

Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samanheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og frivillige miljø- og friluftorganisasjonar med faglege ressursar skulen har nytte av. Det støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket. Eit berande

pedagogisk prinsipp er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I *Den naturlege skulesekken* er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet sentralt. Skular skal i samarbeid med aktørar i nærmiljøet utvikle undervisnings- og arbeidsmetodar som inneber at elevar og lærarar oppsøker miljø utanfor klasserommet og brukar desse miljøa regelbunde som læringsarena. Opplevingar og erfaringar skal elevane ta med seg tilbake til skulen for å arbeide vidare med dei. Målet er å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Kriterium for måloppnåing

Den naturlege skulesekken skal koordinere læringsressursar innanfor dei aktuelle områda, og skape eit profesjonelt nettverk av foreiningar og organisasjonar som driv skuleretta verksemd. Den naturlege skulesekken skal medverke til å utnytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena og bruk av ulike regionale og nasjonale ressursar, i tillegg til å medverke til å styrkje samfunnsfaglege og naturfaglege metodar.

Tildelingskriterium

Den enkelte skulen kan søkje på årleg utlyste utviklingsmidlar. Kriterium for å få tildelt støtte er at dei planlagde undervisningsopplegga skal nytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena, ha høg fagleg kvalitet og femne om 2 eller fleire fag. Minst eitt av desse faga skal vere naturfag eller samfunnsfag og skulane blir bedne om å samarbeide med ein ekstern aktør. Undervisningsopplegga skal ha som mål å utvikle elevane og lærarane si nyfiske, kunnskapen deira om natur og samfunn, og medvit om berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på grunnleggjande dugleikar i læringsprosessane, og utforskande arbeidsmåtar (Forskarspiren) skal vere ein viktig måte å arbeide på.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk av Naturfagsenteret. Undervisningsopplegga blir vurderte for publisering på nettstaden www.natursekken.no slik at dei kan delast med andre. Det blir utarbeidd årlege rapportar om heile prosjektet frå

Naturfagsenteret, og *Den naturlege skulesekken* blei evaluert hausten 2014.

Rapport 2016

I 2016 fekk 143 skular midlar til utvikling av undervisningsopplegg. Totalt har 576 skular gjennomført skuleprosjekt i *Den naturlege skulesekken* i perioden 2009–2016/17. Skulane som deltek, får pedagogisk rettleiing gjennom regionale nettverk ved høgskular og Naturfagsenteret. Naturfagsenteret arrangerer årleg ein nasjonal konferanse for deltakarskulane på hausten. Konferansen samlar kvart år 300–400 lærarar, skuleleiarar, lærarutdannarar og eksterne aktørar.

I tillegg er det totalt 7 regionkontaktar som arrangerer to nettverksmøte i sin region årleg, med til saman 15 regionale samlingar rundt om i landet. Det er òg oppretta 8 lærarnettverk i regionane.

Post 65 Områdesatsing i byar, kan overførast

Siste år med løyving på posten var 2016.

Posten har finansiert Klima- og miljødepartementet sitt bidrag i Groruddalsatsinga, som var ei tiårig satsing i perioden 2007–2016. I 2015 inngikk staten og Oslo kommune avtale om ei ny Groruddalsatsing for ein ny 10-års periode frå 2017. Midlar til denne satsinga er lagt på kap. 1420 post 78 Friluftslivsformål.

Rapport 2016

I 2016 vart det løyvd 10,3 mill. kroner frå posten til programområde 2 i Groruddalsatsinga som omfatta Alnaelva, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Midlane blei brukt til ulike tiltak innafor opparbeiding av friluftslivsområde, til grøntområde og turveier, og til istandsetting av kulturminne.

Post 70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljøaker. Tilskotsordninga skal stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for landsdekkjande frivillige organisa-

sjonar og allmenntilgjengelige stiftelsar av nasjonal tyding, med hovudformål for verksemda innanfor miljøforvaltinga sitt ansvarsområde.

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga vart justert i 2016. Departementet evaluerte tilskotsordninga og hadde endringar av definisjonar og kriterium i forskrifta på alminneleg høyring.

Frå 2016 blir midlane no berre fordelte etter objektive kriterium:

- Kriteriet «samfunnsmessig tyding» er teke ut.
- Givarar og givarinntekter etter skattereglar for frådrag er òg teke ut av forskrifta.
- Definisjon av medlemmer og lokallag er samordna med Kulturdepartementets definisjonar.
- Terskel for medlemstal er heva til 5 000 (3 000 for barne- og ungdomsorganisasjonar),

Foreløpig tildeling for 2018 er vist i tabellen nedanfor. Fordelinga er gjort i samsvar med den nye forskrifta.

Tabell 7.1 Fordeling av tilskot

Organisasjon/stiftelse	Rekneskap 2016	Løyving 2017	Forslag 2018
<i>Miljøorganisasjonar</i>			
Den Norske Turistforening	6 117 000	6 424 000	6 450 000
Forbundet Kysten	4 848 000	4 501 000	4 524 000
Fortidsminneforeninga	5 923 500	4 017 000	4 232 000
Framtida i våre hender	3 900 380	4 088 000	4 496 000
Noregs Jeger- og Fiskarforbund	9 021 960	9 734 000	9 773 000
Noregs naturvernforbund	7 430 004	7 398 000	6 646 000
Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja ¹	1 831 300		
<i>Paraplyorganisasjonar</i>			
Sabima	1 736 600	1 683 000	1 683 000
Kulturvernforbundet	1 736 570	1 683 000	1 683 000
Regnskogfondet	1 700 600	1 683 000	1 683 000
<i>Barn- og ungdomsorganisasjonar</i>			
Natur og Ungdom	4 675 084	5 485 000	5 321 000
Miljøagentane	1 282 600	2 553 000	2 756 000
<i>Miljøstiftelsar</i>			
Idébanken ²	472 950		
Miljøstiftelsen Bellona	2 102 600	2 095 000	2 095 000
Norsk kulturarv	1 116 600	1 150 000	1 150 000
WWF Noreg	3 351 600	3 083 000	3 083 000
Zero	1 359 400	1 368 000	1 368 000
Norsk klimastiftelse	351 450	457 000	457 000
Sum	58 958 198	57 402 000	57 402 000

¹ Frå 2017 blei organisasjonen Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja flytt til kap. 1420 post 77.

² Idébanken gjekk konkurs i 2016

Oppfølging og kontroll

Oppfølging av bruk av midlar skjer blant anna ved kontroll og vurdering av søknad, årsrapport og årsrekneskap, innsend av tilskotsmottakar.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Løyvinga er foreslått auka med 10,5 mill. kroner. Auken omfattar kontingentsøtte til FNs klimapanel (IPCC) på 7 mill. kroner, prisjustering og auke av bidraget til oppfølging av REACH-regelverket på 1 mill. kroner, til delfinansiering av sekretariat for Espoo-konvensjonen om konsekvensutgreiingar og varsling av naboland med 0,12 mill. kroner og auka kontingent til Montreal-protokollen med 165 000 kroner.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følge av at Noreg har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt bidrag til FNs miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar, avtaler, konvensjonar og sekretariat får bidrag:

- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- FNs miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Interimssekretariat for konvensjonen om vern av våtmarker (Ramsar-konvensjonen)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Vassfuglavgifta under Bonnkonvensjonen (AEWA)
- Albatrossavtala under Bonnkonvensjonen (ACAP)
- Flaggermusavtala under Bonnkonvensjonen (EUROBATS)
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Protokoll om genmodifiserte organismar (Cartagena-protokollen)
- Nagoya-protokollen under konvensjon om biologiske mangfald om tilgang til genressursar og ein rettferdig og likeverdig fordeling av fordelar som følgjer av bruken av slike ressursar.
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og leveområda deira (Bernkonvensjonen)
- FNs naturpanel (IPBES)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- FNs klimapanel (IPCC)
- FNs rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Protokoll som skal redusere utslepp av skadelege klimagassar (Kyoto-protokollen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnnavtala (oljeforureining)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Konvensjon om persistente organiske sambindingar (Stockholm-konvensjonen)
- Konvensjon om notifikasjon og førehandssamtak ved eksport av kjemikaliar (Rotterdamkonvensjonen)
- Konvensjonen om kvikksølv (Minamata-konvensjonen)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Oppfølging av REACH-regelverket på kjemikaliar
- Konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, deltaking i avgjerdsprosessar og høve til klage og domstolsprøving på miljøområdet (Århuskonvensjonen)
- Protokoll om forureina utslepp og utsleppsregister under Århus-konvensjonen (PRTR)
- Espoo-konvensjonen om grenseoverskridande miljøkonsekvensutgreiingar

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane, avtaler, konvensjonar, og sekretariata skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i partsmøte, generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga er retta mot resultatområde Polarområda.

Mål

Målet med løyvinga er å sikre kunnskap om miljøsituasjonen i Arktis gjennom vidareføring av programmet for arktisk miljøovervaking. Dette er ei internasjonal forplikting Noreg har påteke seg som vertsland for sekretariatet for Arctic Monitoring and Assessment Programme (AMAP), som er ei arbeidsgruppe under Arktis råd. Stiftelsen AMAP vart oppretta av Klima- og miljødepartementet i 1997, med formål å utøve sekretariatsfunksjoner for denne arbeidsgruppa.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsversyn. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

Rapport 2016

AMAP-sekretariatet har i 2016 lagt ned stor innsats med å følgje opp oppdrag frå Arktisk råd. Oppgåvene er knytte til overvaking, vurderingar og samanstilling av informasjon om miljøtilstand og klimaendringar i Arktis. I 2016 har AMAP-sekretariatet ferdigstilt tre større vurderingar som blei overlevert ministermøtet i Arktisk råd i mai 2017: ei oppdatert vurdering av klimaendringane i Arktis, ein omfattande studie av mogleg tilpassing til ulike endringar og ei vurdering av nye miljøgiftar i Arktis.

AMAPs arbeid er viktig for å dokumentere tilstanden for det arktiske miljøet, som grunnlag for tilrådingar om tiltak og som innspel til Stockholmkonvensjonen, Minamatakonvensjonen og dei globale klimaforhandlingane.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Posten er delt mellom alle resultatområde, jf. omtale under.

Frå kap. 1420 post 21 er det flytt 2 mill. kroner til arbeidet mot framande arter. Midlane til Den naturlege skulesekken er reduserte med 0,8 mill. kroner og resterande del på 1,5 mill. kroner til føremålet er flytt til kap. 1400 post 21. Post 79 er lagt ned og midlane er flytt hit.

Naturmangfald

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på naturmangfaldområdet.

Mål

Posten skal medverke til at Noreg oppfyller sine nasjonale og internasjonale plikter innan naturmangfaldområdet.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområde naturmangfald.

I 2018 blir det innanfor naturmangfaldområdet føreslått å gi tilskot til:

- Framande arter (4 mill. kroner)
- FN-organet Grid Arendal (4,5 mill. kroner)
- Norsk institutt for vassforskning (NIVA) (0,45 mill. kroner)
- Det Internasjonale ressurspanelet (0,2 mill. kroner)
- Naturmangfald (4,3 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Rapport 2016

2,3 mill. kroner av denne posten vart fordelt gjennom *Den naturlege skulesekken* til 21 lokale og landsdekkjande ikkjestatlege lag, organisasjonar og føretak som har søkt om tilskot til tiltak eller prosjekt som støttar opp under grunnskulane (1.–10. trinn og Vg1) si planlegging og gjennomføring av fleirfaglege undervisningsopplegg i deira nærmiljø. Midlane blei i hovudsak fordelte til å utvikle og gjennomføre undervisningsopplegg for elevar,

under dette til tiltak innafør tema som naturmangfald, klima, heilskapelege vurderingar kring berekraftig utvikling, avfall og matproduksjon/gardsdrift. Midlane blei i hovudsak tildelt private og frivillige aktørar, og dei var jamt fordelte mellom nasjonal, regionale og lokale aktørar.

På dei øyremerka midlane til tiltak mot framande organismar kom det inn i alt 49 søknader på til saman 8 mill. kroner i 2016. Det blei tildelt totalt 2 mill. kroner til 16 ulike prosjekt.

På det internasjonale området er det gitt driftsstøtte til GRID-Arendal, ForUM for miljø og utvikling. Støtta til GRID-Arendal er eit generelt basis-tilskot til drifta, og utgjer knapt 10 pst. av GRID-Arendals samla inntekter. GRID-Arendal hovudformål er å støtte FN's miljøprogram sitt arbeid gjennom utvikling, innhenting og bruk av vitenskapleg basert miljøinformasjon.

Kulturminne og kulturmiljø

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på kulturminneområdet, jf. resultat-område Kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

Alle midlane på posten blir gitt til øyremerkte formål og disponerte til oppfølging av etablerte samarbeidsavtaler og målretta utviklingstiltak.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet Kulturminne og kulturmiljø.

I 2018 blir det føreslått innanfor kulturminneområdet å gi tilskot til:

- Verdsarv-Unesco (4,3 mill. kroner)

Noreges internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen vart ført vidare frå hausten 2016, som ei 6-årig samarbeidsavtale mellom Klima- og miljødepartementet og Unescos rådgivande organ IUCN og ICCROM. Samarbeidet er organisert som eit program-samarbeid – «World Heritage Leadership – A new capacity building programme of ICCROM and IUCN» – og byggjer vidare på pilotsamarbeidet som vart gjennomført i 2015/2016.
- Verdsarvsenter (11,5 mill. kroner)

Dei fem autoriserte verdsarvsentra ved Vestnorsk fjordlandskap, Geiranger, Vegaøyan Verdsarv, Bergkunsten i Alta, Alta museum, Røros bergstad og Circumferensen, og industriarva Rjukan–Notodden, får på bak-

grunn av autorisasjonsordninga som er fastsett av Klima- og miljødepartementet etter gitte krav til drift og innhald i sentra årlege tilskot. Ordninga er bygd opp etter tilsvarende modell som gjeld for besøkssenter for naturinformasjon.

- Foreininga Freda (0,2 mill. kroner)

Foreininga Freda vart etablert i 2006 som ein landsdekkjande interesseorganisasjon for private eigarar av hus og eigedom freda etter Kulturminnelova.
- Bygg og Bevar (3,0 mill. kroner)

Bygg- og bevar er ein nettportal mellom det offentlege, næringslivet og dei private eigarane. Tilskot går til Byggenæringens landsforbund (BNL). Bygg og Bevar er ei kommunikasjonsplattform for kunnskap og kompetanse på freda og verneverdige bygningar, ein sentral møteplass for eigarar av kulturhistoriske eigedommar og kvalifisert handverkskompetanse.
- Arbeid med brearkeologisk sikringsarbeid i Oppland (0,5 mill. kroner)

Brearkeologisk sikringsarbeid i Oppland fylkeskommune. Midlane til dette formålet går til sikring av dei kulturhistoriske verdiane som kan gå tapt ved at funn som kjem fram ved smelting av snøfonner og isbrear blir utsette for nedbryting. Den globale oppvarminga fører til at isen i høgfjellsområda gradvis smeltar. Frå 2011 har eit brearkeologisk sikringsprogram, under leiing av Kulturarveininga ved Oppland fylkeskommune, berga arkeologiske funn frå isen. Det brearkeologiske sikringsprogrammet i Oppland har sidan 2006 samla inn meir enn 2000 funn frå 50 funnstader, noko som utgjer meir enn halvparten av funna globalt, og meir enn 85 pst. nasjonalt. Dei arkeologiske funna frå isen gir eit sjeldan blick inn i ei fortidsverd. Nasjonale og internasjonale klimaaktørar samarbeider rundt koplinga mellom funna og klima i fortid og notid.
- Kulturminnedagen (0,4 mill. kroner)

Noregs Kulturvernforbund er ein paraplyorganisasjon for frivillige organisasjonar som arbeider innanfor områda historie og kulturminnevern. Noregs Kulturvernforbund har koordineringsansvaret for den årlege markeringa av Kulturminnedagen og tilskotet går til dette formålet.
- Etter- og vidareutdanning (EVU) (1,5 mill. kroner)

Noregs teknisk naturvitskapelege universitet (NTNU) (bachelorprogrammet i Tradisjonelt Bygghåndverk). Tilskotet skal medverke til å sikre tilgang på kvalifiserte handverkarar

som kan setje i stand den freda bygningsmassen.

- *Overføring av statens eigedommar på Røros (9,9 mill. kroner)*

Forvaltninga av statens eigedommar, som vart kjøpt i 1980 etter kopparverket på Røros, skal overførast til Statsbygg. Dette skal sikre at byggverka blir i samsvar med myndighetskrav, at staten etterlever forpliktingane etter verdsarvkonvensjonen og at vidare bruk og bevaring av eigedommane er i tråd med fredningsformålet. Bygningsvernsenteret ved Rørosmuseet i Musea i Sør-Trøndelag as (MiST) skal utføre antikvarisk istandsetjing og vedlikehald på eigedommane, som ledd i museet si forskning, dokumentasjon og formidling av bergverksverksemda. Tilskotet skal dekkje dei årlege forvaltningskostnadane.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2016

- Midlane under Kulturminneområdet er flytt frå post 79. For rapport om 2016 sjå post 79.

Forureining

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på forureiningsområdet

Mål

Posten skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter innan forureiningar.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområde forureining.

I 2018 blir det føreslått å gi tilskot til:

- Matvett AS til arbeidet med reduksjon av matsvinn og for deira medverknad til oppfølging av avfallsstrategien (0,8 mill. kroner)

- Norsk Institutt for Luftforskning (NILU) (1,421 mill. kroner)
- Meteorologiske institutt (0,3 mill. kroner)
- Sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna* (0,2 mill. kroner)
- 2,5 mill. kroner blir utbetalt til UNEPs arbeid med internasjonale tiltak for betre regulering av miljøgifter (oppfølging av internasjonale konvensjonar)
- Forureining (4,0 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2016

Det er gitt støtte til Matvett AS med å kartleggje og redusere matsvinn som ei oppfølging av avfallsstrategien og betalt kontingent til NHO for at Klima- og miljødepartementet skal medverke til leverandørutviklingsprogrammet.

Det er gitt støtte til NIVAs arbeid for EEA – European Topic Centre for Inland, Coastal and Marine waters. I 2016 har totalt 11 personar frå NIVA delteke i dette arbeidet, som har omfatta aktivitet på fleire område, blant anna i forhold til oppgåver knytte til Vassdirektivet, eutrofiering, vassbruk i urbane strøk, omlegging av EEAs databasar og metodeutvikling i samband med evaluering av status for marint miljø. Medarbeidarar frå NIVA har medverka inn i fem rapportar som alle har karakter av «stepping stones» og som slik legg grunnlag for det arbeidet som skal gå føre seg i 2017.

Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF) er Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk biodiversitet. Klima- og miljødepartementet har gitt støtte til drifta av det internasjonale CAFF-sekretariatet i Akureyri på Island.

Vidare er det gitt tilskot til institutt som arbeider internasjonalt innanfor departementets resultatområde. Institutta har viktige internasjonale oppgåver og representerer Noreg i ulike samanhengar. Meteorologisk institutt har rolla som internasjonalt meteorologisenter under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining og Det europeiske samarbeidsprogrammet for overvaking og måling av luftforureiningar (EMEP)*. Tilskotet for 2016 er nytta til å vidareutvikle EMEP-modellen som vert nytta til å analysere spreining, konsentrasjonar og avsetjingar av luftforureiningar. Slike modellanalyser vert

nytta som grunnlag for forhandlingar om internasjonale avtaler om reduksjon i utslepp av luftforureiningar, til dømes *Gøteborgprotokollen*. Norsk institutt for luftforskning (NILU) arbeider som European Topic Centre on Air Pollution and Climate Change Mitigation under The European Environment Agency (EEA). Norsk institutt for vassforskning (NIVA) har ei tilsvarende rolle under EEA som European Topic Center on Water. Begge desse institutta er valde ut til arbeidet for EEA i konkurranse med liknande institutt i andre europeiske land. EEA har som føresetnad at institutta kan finansiere delar av kostnadane som Topic Centre nasjonalt. Tilskota frå Klima- og miljødepartementet dekkjer delar av kostnadene ved institutta sitt arbeid for EEA. Arbeidet institutta utfører for EMEP og EEA utgjør òg viktig grunnlag for utvikling av lovgiving i EU på desse fagområda.

Noregs forskingsråd har fått tilskot til samarbeid med EU om strålevernforskning. Bidraget til EUs strålevernprogram sikrar norske forskarar tilgang på midlar og eit felles europeisk forskingsmiljø med fokus på verknaden av radioaktiv forureining av miljøet og grunnlag for å etablere rammeverk for vern av miljøet. Programmet fører saman nøkkelaktørar innan radioøkologisk forskning i Europa og har stor meirverdi for norske aktørar og den kunnskapsbaserte statsforvaltninga.

Midlane til internasjonale tiltak på miljøgifter og biocid vart i 2016 utbetalt til EUs kjemikaliebyrå ECHA og til dei internasjonale konvensjonane på kjemikalier.

Klima

Klimaområdet er delt inn i to underområde, nasjonalt og internasjonalt.

Nasjonalt

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på det nasjonale klimaområdet.

Mål

Posten skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter innan klima og nasjonale mål innanfor dette resultatområdet.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet klima.

I 2018 blir det føreslått innanfor det nasjonale klimaområdet å gi tilskot til:

- Tilskot til NHO – til nasjonalt program for levedørandørutvikling for klimasmarte offentlege anskaffingar (0,25 mill. kroner).
- Reisestøtte i samband med internasjonale klima- og miljømøte (0,35 mill. kroner)
- Innovasjon Noreg – Pilotanlegg for biogass (16 mill. kroner), og følgjeforskning (4 mill. kroner), totalt 20 mill. kroner
- FNs klimapanel (IPCC) 6. hovudsyklus (6 mill. kroner)
- Nasjonalt senter for berekraftig omstilling (NABO) på 0,5 mill. kroner
- ForUM for Utvikling og Miljø (0,45 mill. kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir mottatte rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2016

Ifølge Innovasjon Noreg (IN) som forvaltar pilotordninga for biogass har det vert stor interesse for å starte opp biogassanlegg, men det har vist seg vanskeleg å utløse nye prosjekt. Midlar som ikkje er brukt er overført til 2017 og IN har satt i gang ulike tiltak for å få fleire søknadar til programmet.

Det vart gitt tilskot til Nasjonalt senter for berekraftig omstilling (NABO) på 0,5 mill. kroner.

Det vart lyst ut og gitt tilsegn om støtte til fem kommunar (Rana, Ringsaker (Brumunddal), Lillehammer, Moss og Harstad) i 2016 til tilpassing av nyutvikla berekningsverktøy for luftkvalitet (modellering). Dette supplerer dei sju største byane som alt er dekt av det nasjonale berekningsverktøyet som vart lansert i februar 2017. Det er totalt nytta 560 000 kroner av denne potten i 2016 (resterande midlar vart overførte til 2017).

Det vart gitt reisestønad til ulike ideelle organisasjonar for deltaking i møte mellom anna i dei internasjonale klimaforhandlingane.

Det vart òg gitt støtte/tilskot til div. konferansar, møte, seminar, og internasjonale organisasjonar i samband med internasjonalt klimaarbeid

der Klima- og miljødepartementet har ei sentral rolle.

Internasjonalt

Midlane er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på det internasjonale klimaområdet.

Mål

Posten skal styrkje arbeidet og internasjonale prosessar på klimaområdet som er viktige for Noreg, og få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor klimaområdet der styrkt internasjonalt samarbeid er heilt naudsynt for å møte klimautfordringa og oppnå det langsiktige temperaturmålet.

I 2018 blir det føreslått innanfor det internasjonale klimaområdet å gi tilskot til:

- Climate and Clean Air Coalition, (CCAC) (6 mill. kroner). Noregs bidrag til reduserte utslepp av kortliva klimaforureiningar gjennom eit styrkt internasjonalt engasjement, støtte til UNEP Trust Fund for arbeidet til Koalisjonen for klima og rein luft
- Internasjonalt klimaarbeid som understøtter utvikling av arbeidet med konkret regelverk under Parisavtala (8 mill. kroner). Klima- og miljødepartementet har ei sentral rolle. (Støtte til konferansar, møte, seminar, tilskot til internasjonale organisasjonar osv.).

Vidare skal midlane nyttast til :

- Kapasitetsbygging for deltaking og rapportering i Parisavtala (Capacity-Building Initiative for Transparency Fund (CBIT) (3 mill. kroner.)
- Klimasekretariatets arbeid med å støtte gjennomføring av Parisavtala og Klimakonvensjonen blir styrkt med 10 mill. kroner. Dette blir gitt i fullmakt til UD som saman med midlar over UD's eige budsjett utbetaler samla støtte til sekretariatet for Klimakonvensjonen.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2016

Klima- og miljødepartementet gav i 2016 støtte på 8 mill. kroner til Koalisjonen for klima og rein luft (CCAC) sitt arbeid med å redusere utslepp av kortlevde klimaforureinarar innan sektorar som blant anna avfall, olje- og gass, tungtrafikk og landbruk.

ForUMs verksemd i 2016 er i tråd med deira handlingsplan og omfattar sentrale saksområde for Klima- og miljødepartementet, blant anna deltaking og innspel i tilknytning til klimaforhandlingane og FN's universelle berekraftsmål. ForUMs aktivitet på områda medverkar til å setje fokus på saksfelt av sentral betydning for Klima- og miljødepartementet. I 2016 gav Klima- og miljødepartementet 0,45 mill. kroner i driftsstøtte til ForUM.

Det vart utbetalt kontingent til Climate Technology Initiativ, som mellom anna stimulerer til bruk av betre klimateknologiar i utviklingsland.

Det vart gitt støtte på i underkant av 3 mill. kroner til internasjonale prosessar for å styrkje internasjonalt klimasamarbeid. Klima- og miljødepartementet har prioritert prosessar som støttar opp om gjennomføring og regelverksutvikling under Parisavtala og har gitt støtte til arbeid under OECD, Cartagena-dialogen for samarbeid mellom progressive land, til raskt arbeid med gjennomføring av NDCar, workshops for legale spørsmål og marknadsspørsmål, den uformelle forhandlingsdialogen under C2ES, arbeid under høgambisjonskoalisjonen.

Post 79 Tilskot til kulturminneforvaltning, kan overførast

I 2018 er posten foreslått lagt ned og midlane flytt til post 76.

Rapport 2016

Følgjande tiltak fekk tilskot i 2016: Den internasjonale verdsarv, kapasitets- og kompetansebyggingssaktivitetar i regi av Unescos rådgivande organ IUCN og ICCROM som oppfølging av Noregs internasjonale engasjement under verdsarvkonvensjonen, verdsarvsenter, (Vega, Vestnorsk fjordlandskap og Alta) og tilskot til Basisutstilling. I tillegg fekk følgjande tiltak tilskot i 2016: Foreininga Freda, Etter- og vidareutdanning (EVU), Bygg og Bevar, Klimapark 2469 og Kulturminnedagen.

Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
02	Ymse inntekter	307	418	429
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	2 172	1 720	1 766
	Sum kap. 4400	2 479	2 138	2 195

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 1,8 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
21	Miljøovervaking og miljødata	220 643	263 268	263 952
50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	184 844	178 179	187 193
51	Forskningsprogram m.m.	196 973	271 897	276 503
53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	6 705	6 652	6 750
54	Artsprosjektet m.m.	29 971	40 566	
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	47 370	48 141	52 441
72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	11 900	11 900	5 000
73	Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta	9 433	9 433	
	Sum kap. 1410	707 839	830 036	791 839

Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking gjeld forskningsprogram, basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda. Kap. 1410 syner ein reduksjon på 38,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2017. Det skuldast først og fremst at midlane til Artsprosjektet er flytt frå post 54 til nytt kap. 1411 Artsdatabanken. Reduksjonen har også samanheng med at midlar til forskningsadministrative utgifter er rammeoverførte til Kunnskapsdepartementets budsjett, jf. nærare omtale under.

Klima- og miljøpolitikken skal vere kunnskapsbasert. Kunnskapen blir bygd opp gjennom forskning, kartlegging, overvaking, miljøstatistikk og ulike former for rapportering. Grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata er òg ein føresetnad for god miljøpolitikk.

Kunnskap om klima og miljø er i aukande grad ein viktig føresetnad for avgjerder som blir fatta på mange samfunnsområde. For å kunne ta omsyn til viktige miljøverdier er det naudsynt å ha stadfesta informasjon om arter, naturtypar, kultur-

minne og landskap, og andre forhold som kan ha innverknad på miljøverdiane.

Vidare treng vi kunnskap om korleis miljøtilstanden utviklar seg. For å kunne seie noko om dette, treng vi overvakingsdata over lang tid, slik at vi får lange tidsseriar. Miljøovervakinga må derfor vere langsiktig, stabil og føreseieleg. Vi treng òg overvaking av viktige påverknadsfaktorar som har påverknad på miljøet.

Miljøforskninga medverkar til å avdekkje og avklare nye problemstillingar, men er samstundes eit viktig supplement og korrektiv til miljøovervakinga. Forsking er naudsynt for å sikre best moglege metodar for innsamling av overvakingsdata, og overvakingsdata (inkl. lange tidsseriar) er eit viktig grunnlag for mykje av forskninga. Kompetansen i forskingsmiljøa er sentral når overvakingsresultat skal tolkast.

Miljøforskninga har stor nytte av det kunnskapstilfanget som kjem fram gjennom overvaking. Overvakingsdata gir forskarar høve til å analysere utviklingstrendar i miljøet, då dei same metodane er nytta over lange tidsperiodar. Forsking med utgangspunkt i slike data har derfor stor verdi for miljøforvaltninga.

Regjeringa foreslår å samle alle løyvingar til drift av Forskingsrådets verksemd på ein ramme-styrt post på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett, kap. 285 Noregs forskingsråd post 55 Virksomhetskostnader, frå 2018. Regjeringa ønskjer med dette å sikre meir overordna og effektiv styring av dei samla kostnadane ved Forskingsrådets verksemd.

Omlegginga inneber at midlar til drift av Forskingsrådets verksemd som tidlegare har vore ein del av forskingsløyvingane under det enkelte departement, blir permanent rammeoverførte til Kunnskapsdepartementet frå og med 2018. Midlane som vert overførte, er alle kostnadar som Forskingsrådet ikkje fordeler vidare til forskning, dvs. aktivitetar knytte til drift, forvaltning av forskingsmidlar, kommunikasjon og formidling, rådgiving, evalueringar og rapportar og anna særleg tenesteyting. Rammeoverføringa er av teknisk karakter og inneber i seg sjølv inga endring i nivået på kostnadane knytte til verksemda eller nokre endringar i aktiviteten til Forskingsrådet.

Klima- og miljødepartementet foreslår på denne bakgrunn å flytte 18,4 mill. kroner frå kap. 1410 postane 50, 51 og 53 til kap. 285 post 55 på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. For meir omtale av den nye posten for kostnadar knytte til verksemda i Forskingsrådet, sjå Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon for 2018, programkategori 07.70.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøpolitiske resultatområda, under dette utgifter til å dokumentere resultat og til handsaming og forvaltning av data. Oversikt over status og utvikling for indikatorar for dei nasjonale klima- og miljømåla, som i stor grad byggjer på data som er skaffa fram med midlar frå denne posten, går fram av Miljøstatus.

Posten dekkjer overvaking av både tilstand, påverknader og effektar på natur og miljø. Naturovervaking omfattar overvaking av status og utvikling for arter og naturtypar, under dette mellom anna sjøfuglprogrammet SEAPOP (inkludert SEATRACK), bestandsovervaking av rovvilt, og overvaking av tareskog. Overvaking av påverknader og effektar omfattar mellom anna overvaking av forureiningar og farlege kjemikalier, og effektar av klimaendringar. Nokre midlar går også til overvaking av kulturminne og kulturmiljø. Vidare dekkjer posten naturkartlegging og arbeid med etablering av det økologiske grunnkartet, mellom anna Artsdatabanken sitt arbeid med å gjere grunnkartet tilgjengeleg for samfunnet. Arbeidet med etablering av det økologiske grunnkartet er omtalt under «Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald» under programkategori 12.20. Posten dekkjer 5 mill. kroner av Artsdatabanken sitt arbeid med arter og naturtypar.

Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingssystem. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den naudsynte informasjonen må overvakingssystema derfor gå over fleire år. Dette gjeld særleg der det er naudsynt med god kunnskap som grunnlag for tiltak og politikktvikling for å nå nasjonale mål.

Finansiering av nokre av dei lange tidsseriane er lagt på kap. 1410 post 70 *Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta* fordi det er ei sentral nasjonal oppgåve å sikre viktige overvakingsdata for forskning.

Posten er samla auka med 0,7 mill. kroner. Det er lagt inn ei prisjustering på 7,1 mill. kroner. Til klassifisering av tilstand i økosystema er det lagt inn 5 mill. kroner og til ei generell styrking av posten er det lagt inn 1,4 mill. kroner.

For å få rom til andre satsingar i budsjettet, er midlane til det økologiske grunnkartet reduserte med 10 mill. kroner. Samstundes er det teke ut 1,5 mill. kroner etter avslutta forskingsprosjekt om ulike tapsårsakar for husdyr, og i samband med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma er det teke ut 1,3 mill. kroner.

Rapport 2016

Midlane på posten gjekk i 2016 til ei rekkje ulike overvåkingsprogram, som er langsiktige og som dekkjer ulike miljøtema som naturmangfald, klima, forureining og miljøgifter, og kulturminne. Overvakinga vert koordinert av direktorata, og resultatata vert rapportert til departementet. Lange tidsseriar og data frå miljøovervakinga inngår i nasjonale miljøindikatorar og vert formidla på Miljøstatus og direktorata sine nettsider. Resultat frå overvakinga vert også publisert gjennom fagrapportar som blir gitt ut av direktorata og dei institutta og forskingsmiljøa som gjennomfører overvakinga. Miljødirektoratet koordinerer overvaking som gjeld natur, klima og forureining. Dette omfattar overvaking av luft, terrestrisk miljø, ferskvatn og kystvatn. Polarinstituttet koordinerer polarforskning, og Statens Strålevern koordinerer overvaking knytt til radioaktivitet. Riksantikvaren koordinerer overvaking av kulturminne og kulturmiljø. Kvar etat rapporterer også til departementet på dei miljødata som dei har ansvar for. Overvaking og miljødata blir rapportert årleg til departementet, og elles presentert på Miljøstatus.no.

Relevante overvåkingsdata frå naturovervaking inngår i produksjonen av Naturindeks for Noreg, som er ein hovudindikator for det nasjonale målet om at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Overvåkingsdata vert oppdaterte kvart år, medan ein samla oppdatering av heile naturindeksen skjer kvart femte år.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Løyvinga er auka med 9 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2017. I samband med at kap. 1410 post 73 er lagt ned, er 6,4 mill. kroner flytt til post 50. Utover dette er det lagt inn ei pris-

justering på 4,4 mill. kroner samt ei generell styrking på 0,7 mill. kroner. Det er flytt 1,6 mill. kroner til Kunnskapsdepartementet sitt budsjett i samband med samling av verksemdskostnadene til Forskningsrådet, jf. omtale i innleiinga til kap. 1410, og teke ut 0,9 mill. kroner som del av ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform.

Posten dekkjer grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

I 2018 vil 10 pst. av grunnløyvinga bli omfordelt etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular, internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center), Transportøkonomisk institutt (TØI) og Uni Research, som alle er sentrale institutt innanfor sine område av miljøforskninga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøforvaltninga, og skal innanfor sine område tilfredsstille samfunnet sitt behov for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Norsk forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskningsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av miljøforvaltningas kunnskapsbehov.

Rapport 2016

Midlane på posten vart nytta til å dekkje grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

Post 51 Forskningsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskningsprogram innanfor alle resultatområde. Midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd.

Mål for miljøforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøarbeid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøforskninga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltingsoppgåver, for avgjerder i politikkkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljø samarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning om klimaendringar og klimaomstilling, under dette forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Marin forskning og forskning om biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioritert. Klima- og miljødepartementet ønskjer å sikre at også dei mindre fagområda får naudsynt prioritet i både det nasjonale og det internasjonale arbeidet. Det blir framleis arbeid for å betre integreringa av miljøforskning i alle relevante delar av verksemda til Noregs forskingsråd.

Løyvinga er samla auka med 4,6 mill. kroner. Posten er auka med 19,4 mill. kroner til forskningsinnsats for å nå mål om omstilling til eit lågutsleppssamfunn, med særleg fokus på ikkje kvotepliktige utsleppssektorar, der transport og jordbruk er dei største. Det er flytt 16,7 mill. kroner til Kunnskapsdepartementets budsjett i samband med samling av verksemdskostnadene til Forskningsrådet, jf. omtale i innleiinga til kap. 1410. Samstundes er løyvinga redusert med 5,6 mill. kroner for å få plass til andre føremål i budsjettet, og med 1,3 mill. kroner som del av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Det er lagt inn ei prisjustering på 7,3 mill. kroner. Til slutt er det flytt 1 mill. kroner frå kap. 1400 post 76 som skal dekkje Klima- og miljødepartementets utgifter til EUs strålevernforskning. Pengane vert utbetalt gjennom Forskningsrådet.

Oppfølging og kontroll

Departementet får årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøforvaltninga valde inn i programstyra.

Mål for Noregs forskingsråd

Regjeringa fastsette i 2015 nye mål for Forskningsrådet. Måla er:

- auka vitskapeleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit vel fungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har utarbeidd eit styringssystem for departementa si styring av Forskningsrådet. Systemet er utarbeidd i samarbeid med dei andre departementa og Forskningsrådet. Klima- og miljødepartementet styrer sine midlar til Forskningsrådet i tråd med dette. Styringssystemet er nærare omtalt i Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon for 2018.

Rapport 2016

I 2016 vart løyvinga nytta til finansiering av forskningsprogramma Miljøforsk, Marinforsk, Klimaforsk, Energix, Bedre helse, Polarforskningsprogrammet og Program for romforskning.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Posten er på omlag same nivå som saldert budsjett 2017.

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd, som tek hand om den norske medlemskapen.

Post 54 Artsprosjektet m.v.

Posten er lagt ned og midlane er flytt til det nyoppretta kap. 1411 Artsdatabanken.

Rapport 2016

Artsprosjektet har i 2016 medverka til å byggje opp kompetanse gjennom støtte til Forskarskulen i biosystematikk (ForBio). ForBio er eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom dei fire naturhisto-

riske musea i Noreg, og er finansiert gjennom støtte frå Klima- og miljødepartementet (Artsprosjektet) og Kunnskapsdepartementet. I 2016 vart det halde 18 kurs.

Artsprosjektet skal gjennom kartlegging av arter medverke til ei langsiktig oppbygging av kunnskap om artsmangfaldet i Noreg. I 2016 vart det lyst ut tilskot til dette, i tillegg til at 31 kartleggingsprosjekt som allereie var i gang, fekk støtte. Det blei fordelt 16,8 mill. kroner i stønad til seks nye prosjekt for perioden 2017–2020.

Nye data frå den omfattande kartlegginga blir gjort tilgjengeleg i relevante databasar og kartte- nester i Artsdatabanken. Artsprosjektet medverkar også til oppbygging av ein nasjonal infrastruktur og eit globalt referansebibliotek med DNA-strekkodar for arter frå Noreg. Dette arbeidet skjer i samarbeid med Norwegian Barcode of Life (NorBOL). Nærare ein fjerdedel av alt materiale som er sendt inn til DNA-strekkoding i 2016, og totalt nærare 7000 av dei 12 000 artene som så langt er registrerte frå Noreg, har opphav frå kartlegginga i Artsprosjektet.

Ein rapport som gir oppdatert kunnskapsstatus for artsmangfaldet i Noreg (Elven og Søli 2016), blei ferdig i 2016. Rapporten er tilrettelagt for digital presentasjon på Artsdatabankens nettstad.

Artsprosjektet har i 2016 medverka til å halde Artsnamnebasen oppdatert på taksonomi og namn på nye arter som er funne i Noreg. Artsnamnebasen er eit nettbasert namneregister, og primærkjelda for norske arter sin taksonomi og nomenklatur. Tre prosjekt fekk i 2016 tilskot til arbeid knytt til vitskapelege og/eller norske namn i namneregisteret.

Artsprosjektet har i 2016 lyst ut tilskotsmidlar til å gjere kvalitetssikra artsinformasjon i form av tekst, bestemmingsnøklar, bilete og film tilgjengelege i Arter på nett. Totalt vart det fordelt 1,3 mill. kroner i støtte til seks prosjekt for perioden 2016–2017. Ved utgangen av 2016 inneheldt *Arter på nett* informasjon om 1 985 arter.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta

Posten er auka med 4,3 mill. kroner. Frå den nedlagte post 73 er det flytt 3 mill. kroner til drift av NINAs stasjon på Ims. Posten har fått ei prisjustering på 1,3 mill. kroner.

Mål

Målet er å syte for at Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (Cicero) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har ressursar til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, kvalitetssikring av data, vidareføring av viktige lange overvakingstids- seriar, og etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar m.m.

Løyvinga inkluderer 5,2 mill. kroner til drifts- støtte for luftmålestasjon til NILU på Zeppelinfjellet ved Ny-Ålesund.

Det ligg òg inne 4,7 mill. kroner i driftsstøtte til Forskingssenter for miljø og samfunn (CIENS) som har ansvar for å drifte Miljøprøvebanken. Vidare ligg det 1,1 mill. kroner til Senter for klimaforskning (Cicero), og midlar til nasjonale lakse- oppgåver ved NINA.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at institutta drøftar priorite- ringar og planar for gjennomføring med relevante etatar og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapover- syn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftin- gar av dei nasjonale oppgåvene.

Rapport 2016

I 2016 vart løyvinga mellom anna nytta til delta- king og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjo- nale og internasjonale organ, databasetenester, oppretthalde algesamling som nasjonal referanse- samling, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av ville laksebestandar, nasjonal beredskap for konservering av kulturhistorisk viktige gjenstandar, driftsstøtte for målestasjonen på Zeppelinfjellet, Ny-Ålesund, referanselaborato- rium for målingar av luftforureining og atmosfæ- risk korrosjon, og til vidareføring av viktige lange overvakingstids- seriar.

Post 72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik

Posten er redusert med 6,9 mill. kroner som ledd i å effektivisere aktiviteten på området. Departementet meiner det framleis er behov for uavhengig forskning og rådgiving på feltet biotryggleik, og tek sikte på evaluere GenØks forskings- og rådgivingsarbeid for å sjå på moglegheitene for ytterlegare målretting og ulike måtar å organisere dette viktige arbeidet på.

Mål

Løyvinga skal støtte utviklinga av GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at instituttet drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapport og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med instituttet for å drøfte prioriteringar.

Kap. 1411 Artsdatabanken

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter			31 670
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>			6 275
50	Arter og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 21 og 70</i>			16 942
70	Tilskot til arter og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 21 og 50</i>			11 441
Sum kap. 1411				66 328

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank om naturmangfald i Noreg. Artsdatabanken sin viktigaste oppgåve er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, arter og populasjonar. Mellom anna lagar

Rapport 2016

I 2016 blei løyvinga nytta til fagleg rådgiving til miljøforvaltinga, mellom anna i form av rapportar til Miljødirektoratet i samband med GMO-høyringar, rådgiving om genmodifiserte vaksinar, og til forskingsprosjekt for å utvikle vidare kunnskapsgrunnlaget for vurdering av helse- og miljøkonsekvensar av genmodifiserte organismar. Dette er prosjekt innan mikro- og molekylærbiologi, immunepidemiologi og økologi, virologi, økotoksikologi og økosystem, og samfunnsvitskapelege aspekt ved moderne bio- og nanoteknologi.

Post 73 Infrastrukturiltak til miljøinstitutta

Posten er nedlagt. 3 mill. kroner til drift av NINAs stasjon på Ims er flytt til kap. 1410 post 70 medan resten av midlane er innlemma i kap. 1410 post 50.

Rapport 2016

I 2016 vart løyvinga mellom anna nytta til maskinvare for utrekning av klimaprosessar og lagring av vitskapelege data, geofysiske undersøkingsmetodar i arkeologisk forskning, kopling av klimadata til den nasjonale reisevaneundersøkinga, storskala infrastruktur for forskning på interaksjonar landsjø, vitskapelege databasar og datainfrastruktur, og delfinansiering av basisdrift ved Birkenesobservatoriet.

Artsdatabanken raudliste for arter, raudliste for naturtypar, dei gjer risikovurderingar for framande arter i Noreg, utviklar type- og beskrivingssystem for natur (Natur i Noreg), og har vik-

tige oppgaver i arbeidet med å etablere det økologiske grunnkartet.

Kap. 1411 Artsdatabanken er nyoppretta. Bakgrunnen er at Kunnskapsdepartementet i 2015 sette i gang eit arbeid for å vurdere organiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene til departementet og underliggende verksemder. Som del av dette har regjeringa bestemt at Klima- og miljødepartementet skal overta ansvaret som eigardepartement for Artsdatabanken frå Kunnskapsdepartementet frå og med 1. januar 2018. Overføringa inneber at Artsdatabanken blir eit sjølvstendig, bruttobudsjettert forvaltingsorgan med eige styre. Artsdatabanken skal framleis vere fagleg uavhengig. Det faglege sjølvstende, og styret sitt ansvar og oppgaver, vil bli nedfelt i Artsdatabanken sine vedtekter.

Midlane under kap. 1411 er rammeoverførte frå kap. 280 post 51 under Kunnskapsdepartementets budsjett og frå kap. 1410 post 54 Artsprosjektet under Klima- og miljødepartementets budsjett. Under kap. 1411 er desse midlane fordelte på postane 01, 21, 50 og 70. I tillegg vil Artsdatabanken i 2018 også få midlar frå kap. 1410 post 21 til mellom anna arbeidet med det økologiske grunnkartet, jf. omtale under denne posten.

I samband med at Artsdatabanken frå og med 2018 går over frå å vere eit nettobudsjettert til eit bruttobudsjettert forvaltingsorgan, er 3,5 mill. kroner i anslegne utgifter til meirverdiavgift flytt til kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift post 01, under Finansdepartementet sitt budsjett.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene for Artsdatabanken. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld løn til tilsette. Resten av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttas under postane 50 og 70

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Posten dekkjer utgifter til mellom anna Artsdatabankens kjøp av tenester til Artsprosjektet, arbeid med raudlister, risikovurderingar av framande organismar (med svartelista) og arbeid

med Global Biodiversity Information Facility (GBIF) som gjer data om naturmangfald fritt tilgjengelege på internett.

Rapport 2016

Posten er ny i 2018 og det er derfor ingen rapporttekst for 2016. Midlane på posten låg tidlegare under kap. 280 post 51 på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett og kap. 1410 post 54 på Klima- og miljødepartementet sitt budsjett. Sjå rapportering under desse.

Post 50 Arter og naturtypar, kan overførast, kan nyttast under postane 21 og 70

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1410 post 54 *Artsprosjektet mm.* Posten dekkjer tilskot til arbeid med å styrkje kunnskapen om artene i Noreg.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje kunnskapen om mangfaldet av arter i Noreg til beste for allmenta, forvaltning og forskning. Ordninga skal særleg skaffe kunnskap om lite kjente arter og artsgrupper, og byggje opp vitskapeleg kompetanse slik at vi i framtida er betre rusta til å kartleggje artsmangfaldet vårt.

Kriterium for måloppnåing

Det skal leggest særleg vekt på å dokumentere hittil dårleg kjente arter og artsgrupper, styrke kompetanseoppbygging og rekruttering innan biosystematikk og å bidra til å dra nytte av tilsvarende prosjekt i Sverige og på lengre sikt også dei andre nordiske landa. Tilskota skal også leggje til rette for god samordning med anna kartlegging av arter i Noreg og fremje DNA-strekkoding av norske arter når dette kan effektivisere arbeidet for å betre kunnskapen om artene, og styrkje formidlinga om arter i Noreg.

Tildelingskriterium

Ordninga er nytta til arbeid med å styrkje kunnskapen om artene i Noreg, og er retta mot andre statlege verksemder knytte til den sentrale statsrekneskapen som til dømes universiteta. Søknader til ordninga går gjennom ei omfattande vurdering før det blir klart kva søknader som får tilskot.

Oppfølging og kontroll

Alle tilskotsmottakarar leverar rapportar som syner den kunnskapsproduksjon som tilskotet har finansiert, samt reviderte rekneskap frå gjennomførte prosjekt.

Rapport 2016

Posten er ny i 2018 og det er derfor ingen rapporttekst for 2016. Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1410 post 54. Sjå rapportering under denne.

Post 70 Tilskot til arter og naturtypar, kan overførast, kan nyttast under postane 21 og 50

Midlane under posten er retta mot resultatområde naturmangfald.

Posten dekkjer tilskot til arbeid med å styrkje kunnskapen om artene i Noreg. Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1410 post 54 *Artsprosjektet mv.*

Mål

Tilskotsordninga skal styrkje kunnskapen om mangfaldet av arter i Noreg til beste for allmenta, forvaltning og forskning. Ordninga skal særleg skaffe kunnskap om lite kjente arter og artsgrupper, og byggje opp vitskapeleg kompetanse slik at vi i framtida er betre rusta til å kartlegge arts-mangfaldet vårt.

Kriterium for måloppnåing

Det skal leggest særleg vekt på å dokumentere hittil dårleg kjente arter og artsgrupper, styrkje kompetanseoppbygging og rekruttering innan biosystematikk og å medverke til og dra nytte av tilsvarande prosjekt i Sverige og på lengre sikt også dei andre nordiske landa. Ordninga skal òg leggje til rette for god samordning med anna kartlegging av arter i Noreg og fremje DNA-strekking av norske arter når dette kan effektivisere arbeidet for å betre kunnskapen om artene, og styrkje formidlinga om arter i Noreg.

Tildelingskriterium

Ordninga er nytta til arbeid med å styrkje kunnskapen om artene i Noreg, og er retta mot andre frivillige organisasjonar og stiftelsar. Søknader til ordninga går gjennom ei omfattande vurdering før det blir klart kva søknader som får tilskot.

Oppfølging og kontroll

Alle tilskotsmottakarar leverar rapportar som syner den kunnskapsproduksjon som tilskotet har finansiert, samt reviderte rekneskap frå gjennomførte prosjekt.

Rapport 2016

Posten er ny i 2018 og det er derfor ingen rapporttekst for 2016. Midlane på posten låg tidlegare under kap. 1410 post 54. Sjå rapportering under denne.

Kap. 1412 Meteorologiformål

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Meteorologisk institutt			302 982
70	Internasjonale samarbeidsprosjekt			166 297
	Sum kap. 1412			469 279

Kap. 1412 *Meteorologiformål* er nyoppretta. I 2015 sette Kunnskapsdepartementet i gang eit arbeid for å vurdere organiseringa av dei sentraladministrative oppgåvene til departementet og underliggende verksemder. Som del av dette foreslår regjeringa at Klima- og miljødepartementet skal

overta ansvaret som eigardepartement for Meteorologisk institutt frå Kunnskapsdepartementet frå og med 1. januar 2018.

Midlane på posten er rammeoverførte frå kap. 283 under Kunnskapsdepartementet.

Post 50 Meteorologisk institutt

Meteorologisk institutt står for den offentlege meteorologiske tenesta for sivile og militære formål i Noreg. Meteorologisk institutt har ein samfunnskritisk funksjon.

Instituttet lagar vêrvarsel for samfunnet generelt gjennom vêrvarslingsentralane i Tromsø, Bergen og Oslo. I tillegg er observasjonsstasjonar spreidde over heile landet og i Arktis. Instituttet har folk i arbeid på Jan Mayen, Bjørnøya, Hopen og Svalbard. Observasjonane frå nordområda er òg med på å dokumentere klimaendringar. Meteorologisk institutt er dessutan aleine om å ha personell på Bjørnøya og Hopen, og sikrar i så måte norsk nærvær.

Mål for 2018

Meteorologisk institutt overvaker og varslar vêret med høg kvalitet og regularitet og bereknar klimaet i notid og framtid for at styresmaktene, næringslivet, institusjonar og befolkninga kan sikre liv og verdiar og verne miljøet.

Meteorologisk institutt driv forskning og utvikling på alle sine fagområde så instituttet kan yte tenester i verdsklasse.

Budsjettforslag for 2018

Meteorologisk institutt er blant dei fremste kunnskapsmiljøa i Noreg på klimaendringar. Instituttet har ei viktig rolle i å førebu Noreg på eit endra klima, blant anna gjennom leiinga av KlimaserVICESENTERET (KSS). Regjeringa foreslår å overføre ansvaret for Meteorologisk institutt frå Kunnskapsdepartementet til Klima- og miljødepartementet med verknad frå 1. januar 2018. Meteorologisk institutts arbeid knytt til forskning på klimaendringar og klimatilpassing gjer at instituttets verksemd er nærare knytt til Klima- og miljødepartementets ansvarsområde enn Kunnskapsdepartementets. Endringa i eigardepartement vil difor kunne bidra til ei betre fagleg utvikling av Meteorologisk institutt.

Klima- og miljødepartementet foreslår ei løyving på 303 mill. kroner som blir overført frå kap. 283, post 50 under Kunnskapsdepartementet til nytt kapittel 1412 Meteorologiformål, post 50.

Rapport for 2016

Posten er ny i 2018 og det er derfor ingen rapporttekst for 2016. Ein viser elles til omtale om kap. 283 post 50 under Kunnskapsdepartementet.

Post 70 Internasjonale samarbeidsprosjekt

Løyvinga på posten går i hovudsak til å innfri dei forpliktingane Noreg har til å betale kontingentutgifter i samband med norsk deltaking i følgjande internasjonale meteorologiorganisasjonar:

- Den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Eventuelle overskot av kontingentinnbetalingar til EUMETSAT blir overførte til eit fond, Working Capital FUND (WCF). Fondet er heimla i EUMETSATs statuttar og består av akkumulert budsjettoverskott
- Det europeiske senteret for mellomlange vêrvarsel (ECMWF)
- Europeiske samarbeidsprosjekt mellom dei meteorologiske institutta (EUMETNET og ECOMET er dei største samarbeidsnettverka)
- Den meteorologiske verdsorganisasjonen (WMO)

Mål for 2018

Målet med løyvinga er å medverke til og dra nytte av utvikling og forbedring av meteorologiske tenester gjennom internasjonalt samarbeid.

Budsjettforslag for 2018

Noreg er medlem i EUMETSAT, ECMWF og WMO gjennom å ha tiltrådd internasjonale konvensjonar. Budsjettvedtak i dei styrande organa er dermed forpliktande for Noreg. Det prosentvise bidraget frå eit land til budsjettet er proporsjonalt med bruttonasjonalinntekta i landet. Når det gjeld dei andre internasjonale organisasjonane, er det Meteorologisk institutt som er medlem.

Storleiken på løyvinga på posten er òg avhengig av svingingar i valutakursane og aktivitetsnivået i dei ulike organisasjonane. Mesteparten av utgiftene er knytte til den europeiske organisasjonen for utnytting av meteorologiske satellittar (EUMETSAT). Det nye polarbanesatellittprogrammet (EPS-SG) har ført til ein auke i bidraget frå Noreg til EUMETSAT dei seinare åra, med ein topp i 2018. Vidare vil JASON-programmet under EUMETSAT medverke til auka utgifter til EUMETSAT. Vidare har valutakursutviklinga i det siste året gitt ein auke i bidraga frå Noreg. Den foreslåtte løyvinga for 2018 er derfor monaleg høgare enn løyvinga i 2017.

Klima- og miljødepartementet foreslår ei løyving på 166,3 mill. kroner som blir overført frå kap. 283, post 72 under Kunnskapsdepartementet

til nytt kapittel 1412, post 70 Internasjonale samarbeidsprosjekt.

Rapport 2016

Posten er ny i 2018 og det er derfor ingen rapporttekst for 2016. Ein viser elles til omtale om kap. 283 post 72 under Kunnskapsdepartementet.

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 108, punkt 48, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringen vurdere om Norge skal slutte seg til EUs miljøprogram LIFE.

Vedtaket var fatta då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) vart behandla. Vedtaket er følgt opp ved at regjeringa har vurdert eventuell norsk tilslutning til EUs miljøprogram LIFE. Då vi nærmar oss slutten på programperioden (2014–2020), har regjeringa ikkje funnet det hensiktsmessig å gå inn i programmet no.

Programkategori 12.20 Klima, naturmangfold og forureining

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld resultatområde Naturmangfold, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Programkategorien omfattar verksemda til Miljødirektoratet, og noko av verksemda til Sjø-

fartsdirektoratet, Statens strålevern og Kartverket (Mareano).

Løyvinga går til arbeidet med klima, til å ta vare på naturmangfaldet, bekjempe forureining og leggje til rette for friluftsliv.

Resultatområde

Tabell 7.2 Resultatområde under programkategori 12.20

Resultatområde	Nasjonale mål
Naturmangfold	<ul style="list-style-type: none"> – Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. – Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast. – Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> – Friluftslivets posisjon skal sikrast og viderutviklast gjennom ivararetaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle. – Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.
Forureining	<ul style="list-style-type: none"> – Forureining skal ikkje skade helse og miljø. – Utslepp av helse- og miljøfarlege stoff skal stansast. – Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet utnyttast best mogleg gjennom materialgjenvinning og energitnytting. – Å sikre trygg luft. Basert på dagens kunnskapsstatus blir følgjande nivå sett på som trygg luft: <ul style="list-style-type: none"> – Årsmiddel PM₁₀: 20 µg/m³ – Årsmiddel PM_{2,5}: 8 µg/m³ – Årsmiddel NO₂: 40 µg/m³ – Støyplager skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i forhold til 1999. Talet på personar som er utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i forhold til 2005.
Klima	<ul style="list-style-type: none"> – Noreg skal fram til 2020 kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990. – Noreg har på vilkår teke på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990. – Noreg skal vere klimanøytralt i 2030. – Noreg har lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. – Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling. – Politisk mål om at samfunnet skal førebust på og tilpassast til klimaendingane.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold*, som vart behandla i Stortinget i mai 2016, inneheld regjeringas politikk for korleis vi skal nå dei nasjonale måla for naturmangfald.

Stortinget ga sin tilslutning til hovudgrepa for å ivareta naturmangfald, og gjorde i tillegg 14 vedtak som styrkjer regjeringas politikk. Mellom anna blei fleirtalet på Stortinget, inkludert regjeringsspartia, einige om eit langsiktig mål for skogvern på 10 pst. Nedanfor følgjer dei viktigaste tiltaka i 2018 for å følgje opp meldinga.

Rovviltforvaltning

Regjeringa vil arbeide for å gjennomføre den todelte målsetjinga i rovviltforvaltninga. Det vil seie å nå bestandsmåla for rovvilt, samtidig som konfliktane og tap av beitedyr blir halde på eit lågast mogleg nivå.

Det skal givast realistiske lisensfellingkvotar. Alle forvaltingstyresmakter i rovviltforvaltninga skal ha høg beredskap og tett oppfølging med beitenæringa og berørte kommunar slik at vi så langt det er mogleg sikrar at uttak av rovvilt med skadepotensial blir gjennomført i prioriterte beiteområde.

Regjeringa vil halde fram med aktiv dialog med rovviltnemndene. Nemndene skal framleis arbeide for ei meir tydeleg soneinndeling mellom prioriterte beiteområde og prioriterte rovviltområde, jf. den todelte målsetjinga. Det følgjer av Stortingets samrøystes rovviltforlik i 2011 at ein i prioriterte rovviltområde må gjennomføre naudsynte tilpassingar i landbruksnæringa til rovviltførekomsten. Regjeringa meiner skillet mellom område prioriterte til beite og område prioriterte til rovvilt kan praktiserast på ein meir tydeleg måte.

Regjeringa har innhenta erfaringar om korleis ei noko tidlegare sanking av sau frå utmarksbeite i område prioriterte til jerv kan medverke til å førebyggje tap. Regjeringa og den regionale rovviltforvaltninga vil bruke desse erfaringane, og saman med beitenæringa finne gode løysingar som vil gi betre dyrevelferd og lågare tap.

Regjeringa vil halde fram med oppfølging av Stortingets vedtak om ein faglig gjennomgang av den norske delbestanden av ulv, og om ei ny uavhengig utgreiing av det genetiske opphavet til ulvestammen i Noreg.

For å prøve ut enkelte nye verkemiddel for å gjere lisensfelling av jerv meir effektiv, blei det i

2015 gjort forskriftsendingar som tillèt prøveordningar i eit treårig prosjekt godkjent av Klima- og miljødepartementet. Desse prosjekta vil halde fram til 15. februar 2018, og regjeringa vil då på bakgrunn av dei erfaringane som er samla inn vurdere om verkemidla skal gjerast gjeldande for heile landet.

I 2017 blei det inngått nye avtaler med hundeevipasjar som kan spore ulv. I 2018 vil trening og vedlikehald av ekvipasjane bli ført vidare, med mål om dei skal nyttast både i tilknytning til fellingsforsøk og i den løpande overvakinga av ulv. I tillegg vil beredskapen i 2018 knytt til bruk av laus på drevet halsande hund bli styrkt, slik at desse raskare kan setjast inn i fellingsoppdrag der det er behov for det.

Stortinget har bedt regjeringa om å setje i gang prosjekt for å auke kunnskapen om kongeørn, under dette kongeørn som skadevaldar på husdyr og tamrein, og om uttak av kongeørn i Fosen og Troms. Høyring av aktuelle forskriftsendringar og detaljert kartlegging vart sett i gang i 2017, og det er eit mål at prosjekta i sin heilskap skal setjast i gang i 2018.

Regjeringa vil sende på høyring forslag om endringar i den regionale rovviltforvaltninga og dei regionale bestandsmåla, og vil i 2018 vurdere om det skal gjerast endringar i den regionale forvaltingsmodellen som vil medverke til eit lågare konfliktnivå og mindre tap av beitedyr.

Regjeringa meiner det er behov for meir kunnskap for mellom anna å dempe konfliktnivået og få ei meir føreseieleg forvaltning av rovvilt. Det er behov for meir kunnskap mellom anna om ulvens skadepotensial på husdyr, hund og tamrein, ulvens åtferd og korleis dei bevegar seg i høve til menneske, sameksistens av elg og ulv og ei brei undersøking av haldningar til rovdyr.

Mål for god tilstand i økosystema – oppfølging i 2018

Det er eit nasjonalt mål at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. I 2017 etablerte Klima- og miljødepartementet rammeverket for eit nytt vitenskapleg fagsystem med konkrete kriterium for økologisk tilstand i dei ulike økosystema. Arbeid med fagsystemet er ei viktig oppfølging av Stortingets vedtak nr. 669 av 23. mai 2016 om å setje i gang eit arbeid for å definere «god økologisk tilstand». Det faglege rammeverket vert etablert etter forslag frå Klima- og miljødepartementet sitt Ekspertråd for økologisk tilstand og tilrådingar frå Miljødirektoratet. I 2018 vil regjeringa starte arbeidet med klassifisering av økosystem, og starte arbeidet med å fastsetje mål

for tilstand som ein skal oppretthalde eller nå i norske økosystem med utgangspunkt i dette fagsystemet. I arbeidet med forvaltingsmål vil omsynet til naturverdiar på vanleg måte bli vurdert opp mot andre viktige samfunnsinteresser slik at det kan fastsetjast mål som samla sett er dei beste for samfunnet. Ein tek sikte på at ei forvaltning basert på definerte mål for økologisk tilstand i dei ulike økosystema er etablert innan 2020. Som del av dette arbeidet vil regjeringa vurdere om, og eventuelt korleis, forvaltingsmåla bør fastsetjast som kvalitetsnormer etter naturmangfaldlova §13 og i tråd med Stortinget sitt vedtak nr. 670 av 23. mai 2016.

Ei kunnskapsbasert forvaltning – naturkartlegging og det økologiske grunnkartet

God og oppdatert kunnskap om natur er avgjerande for å nå nasjonale mål for naturmangfald, og sikre god planlegging og heilskapelege løysingar. Regjeringa vil i 2018 føre arbeidet med det økologiske grunnkartet vidare. Det vil bli lagt særleg vekt på å få til god samordning av data, slik at sektorane og miljøforvaltninga sine data blir gjort lett tilgjengelege i karttenesta for grunnkartet, som Artsdatabanken etablerte i 2017. Klima- og miljødepartementet vil før feltsesongen 2018 fastsetje naturtypar som skal prioriterast ved kartlegging og ein metode for å vurdere kvalitet på den enkelte lokalitet av desse. Den nye metoden skal byggje på Natur i Noreg (NiN), og erstattar tidlegare metode for verdisetjing av naturtypar. Som i 2017 vil ein særleg prioritere å få kartlagt den mest verdifulle naturen i område der kartlegging gir stor samfunnsnytte, mellom anna område med stor aktivitet og stort utbyggingspress. Ny metode for verdisetjing av naturtypar vil også leggjast til rette for at naturkartlegginga kan bli meir målretta for å fange opp den mest verdifulle naturen først.

Skogvern

Regjeringa legg til grunn det vedtekne målet om vern av 10 pst. av skogarealet ved vern av offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog, jf. Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Målet vil vere langsiktig. Pr. oktober 2017 er i overkant av 4 pst. av det totale skogarealet verna, og om lag 3 pst. av det produktive skogarealet. I 2018 er det planlagt vern av ei rekkje skogområde, både ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å følgje opp

Stortingets oppmodingsvedtak om å foreta ein gjennomgang av Statskog SFs ordinære skogeigdommar med sikte på vern av aktuelle areal. Det blir i 2017 gjennomført kartlegging av om lag 190 kvadratkilometer skog eigd av Statskog, og etter planen skal det setjast i gang verneprosessar for verneverdige område i 2018. I 2018 vil kartlegginga av skog på statsgrunn bli utvida til nye område med sikte på å få oversikt over fleire skogområde på statens grunn som kan vere aktuelle for vern. Miljødirektoratet vil i 2018 følgje opp Statskog sitt sal av eigdommar ved å bruke forkjøpsretten på areal som er viktige for vern eller makeskifte.

Framdrifta i skogvernet på statsgrunn som involverer allmenningssyre og fjellstyre har ikkje vore slik ein har lagt til grunn i proposisjonar til Stortinget. Miljødirektoratet har vurdert korleis framdrifta i arbeidet kan betrast. Erfaringane frå perioden 2008–2014 viser at frivillig vern på statsallmenning i liten grad har ført fram, og direktoratet viser til at det ikkje er motteke nye tilbod om frivillig skogvern frå fjellstyre eller frå allmenningar som er oppretta etter lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane. Dette vil bli følgt opp i 2018.

Det vart i juni 2017 lagt fram ei evaluering av skogvernet, som mellom anna viser dei viktigaste skogtypane som manglar i skogvernet nasjonalt og på fylkesnivå. For å sikre eit kostnadseffektivt skogvern med høg fagleg kvalitet vil det i tråd med Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* bli sett i gang kartlegging med sikte på å finne ut kor dei viktigaste skogareala for naturmangfald er. Regionar og skogstypar som i følgje den gjennomførte evalueringa har viktige manglar i skogvernet vil bli prioriterte i kartlegginga.

Supplerande verneplanar

Som ei oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* er det førebuande arbeidet med supplerande vern starta. Det er aktuelt med supplerande vern av naturtypar, særleg i lågareliggjande område som er mindre godt representerte i dei eksisterande verneområda. Arbeidet med supplerande vern vil skje gjennom fylkesvise supplerande verneplanar. Desse verneplanane vil kunne innehalde framlegg om nytt vern innafor alle vernekategoriar; både naturreservat, biotopvern, landskapsvernområde og nasjonalparker. For å sikre ei god og berekraftig forvaltning av nasjonalparkane i eit langsiktig perspektiv, er det naudsynt med lokalpolitisk semje i dei aktuelle kommunane før ein startar dei omfattande proses-

sane som er naudsynte for å etablere nye nasjonalparkar. Nasjonalparkane Færder, Raet og Jomfruland, er gode døme på etablering av nasjonalparkar som byggjer på lokalpolitisk semje.

Sikring av verdiane i verneområda

God forvaltning av dei verna områda er ein føresetnad for å nå dei nasjonale måla. God forvaltning vil også sikre områda sin betydning for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane no og i framtida. Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert, og ha god lokal forankring. Forvaltninga av om lag 80 pst. av det verna arealet i Noreg er lokalt forankra. Der det er naudsynt skal verneområde ha skjøtels- og forvaltingsplanar som gir konkrete forvaltings- eller bevaringsmål for området og retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. I dei store verneområda, spesielt i nasjonalparkane, skal forvaltingsplanane også integrere moglegheita for naturbasert verdiskaping i form av reiseliv og turisme. Besøksstrategiar skal integrerast i dei forvaltingsplanane der det er aktuelt. I 2018 vil det mellom anna bli starta opp arbeid med å utarbeide besøksstrategiar for verneområda på Jæren og Lista. Merkevarestrategien som er utarbeidd for nasjonalparkane og som no blir implementert, er eit viktig ledd i utvikling av naturbasert reiseliv knytt til nasjonalparkane.

Dei fleste eldre Ramsarområda har no ein ferdig forvaltingsplan, eller ein slik plan er under arbeid. Arbeidet med å utarbeide forvaltingsplanar for Ramsarområda som vart melde inn til Ramsarkonvensjonen i perioden 2011–2013, vil halde fram.

Heilskapleg vassforvaltning

Vassforvaltingsplanane for perioden 2016–2021 blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i 2016, og tiltak i tråd med planane skal setjast i verk innan utgangen av 2018 for å nå måla på vassforvaltingsområdet i løpet av 2021. Planane skal leggjast til grunn for sektorane si gjennomføring av tiltak innafor eige ansvarsområde. Tiltaka i planane krev at sektorane, fylkesmenn, vassregionmynde og vassområda medverkar i arbeidet.

Ein føresetnad for gode resultat, både i oppfølging av vassforvaltingsplanane for perioden 2016–2021 og utarbeiding av nye planar for perioden 2022–2027, er betring av kunnskapen om tilstanden i vassførekomstane. Regjeringa vil halde fram med å utvide overvåkingsnett for elvar, innsjøar

og grunnvatn. Overvakinga av kystvatn vil også bli utvida. Sektorane må óg ta ansvar for å styrkje kunnskapen om vassførekomstane, mellom anna gjennom bruk av påleggsheimlar.

Arbeidet med heilskapleg vassforvaltning skal forenklast når første planperiode no er gjennomført. Regjeringa vil foreslå endringar i vassforskrifta og i organiseringa av arbeidet med å følgje opp vassdirektivet.

I 2018 vil miljøforvaltninga auke innsatsen knytt til pålegg innafor ramma av standardvilkåret for naturforvaltning i tidlegare gitte vasskraftkonsesjonar. Dette vil gjelde både pålegg om nye undersøkingar for å avdekkje miljøproblem som følgjer av dei tidlegare vasskraftutbyggingane, og konkrete miljøforbetrande tiltak for å redusere miljøkonsekvensane frå desse utbyggingane. Den auka innsatsen er ei oppfølging av regjeringas politikk for miljøforbetring i utbygde vassdrag, jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*, og vil vere eit naudsynt verkemiddel for å nå mange av miljømåla i dei godkjente vassforvaltingsplanane frå 2016.

Forvaltning av vill laksefisk

Tiltaka mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* vil bli ført vidare i tråd med faglege tilrådingar. Fiskeperra i Driva skal driftast i tråd med føresetnadene, og reetablering av fiskestammene i regionane Rauma, Lærdal, Vefsn, Rana og Skibotn vil halde fram. Tiltak i Drammensregionen vil bli vurdert.

Arbeidet med å gjennomføre den nye avtala med Finland om fisket i Tanavassdraget vil halde fram. Mellom anna gjeld dette utarbeiding av forvaltingsplan, styrkt fiskeoppsyn og etablering av overvaking av laksestammene. Samarbeidet med Russland om forvaltning av laksestammene i Finnmark og i Murmanskregionen vil halde fram i tråd med samarbeidsavtalen som blei etablert i 2015.

Arbeidet med ein tiltaksplan for vill anadrom laksefisk vil halde fram. Arbeidet byggjer på klasifiseringar av laksestammer etter kvalitetsnorma for villaks og annan oppdatert kunnskap.

Evalueringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar, som skal ligge føre ved utgangen av 2017, vil bli følgt opp.

Kalking av vassdrag som er ramma av forsurening vil halde fram. Med grunnlag i eit oppdatert kunnskapsgrunnlag, vil det bli sett i gang arbeid med ein strategi for bevaring og utvikling av bestandane av storaure i Noreg.

For forvaltning av anadrom laksefisk, viser ein óg til svar på Stortingets oppmodingsvedtak nr.

405, 18. desember 2015, som blir presentert i vedlegg 1 i denne proposisjonen.

Heilskapeleg forvaltning av havområda

Verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand og eit rikt naturmangfald i havet. Dei heilskapelege forvaltingsplanane er regjeringas verktøy for å samordne berekraftig bruk og bevaring av dei marine økosystema i dei norske havområda. Formålet med forvaltingsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystem i havområda, og samtidig halde ved lag struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald i økosystema.

Som oppfølging av Stortingets oppmodningsvedtak nr. 672 av 23. mai 2016 og som stadfesta i Meld. St. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*, vil regjeringa frå og med kommande stortingsperiode revidere dei heilskapelege og økosystembaserte forvaltingsplanane for havområda våre kvart tolvte år, og oppdatere dei kvart fjerde år.

Regjeringa vil i 2020 leggje fram ei melding til Stortinget om revidering av forvaltingsplanen for Barentshavet–Lofoten. Arbeidet med det faglege grunnlaget for revideringa er godt i gang. I 2018 vil ei rekkje delutgreiningar om einssilde emner i det faglege grunnlaget bli publisert på havforum.no. Det samla faggrunnlaget skal vere ferdig våren 2019.

Klimaendringar og havforsuring er av dei største utfordringane vi står overfor i forvaltninga av havmiljøet i tida framover. For å skaffe naudsynt kunnskap om effektane av forsuring på enkeltarter, i næringskjeda og på økosystema, vil den langsiktige overvakinga bli halden ved lag og vidareutvikla.

Kartleggingsprogrammet for havbotn, MARE-ANO, og overvåkingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP, har gitt monaleg ny kunnskap om marin natur, og begge programma vil bli førte vidare i 2018. SEATRACK er ein modul i SEAPOP som på kort tid gir svært mykje ny kunnskap som har mykje å seie for forvaltninga av sjøfugl. SEATRACK blir ført vidare i 2018. Mange sjøfuglbestandar har vist ein dramatisk nedgang. Regjeringa skal utarbeide ein handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfuglar. I planen vil ulike verkemiddel og tiltak bli vurdert, inkludert ei vurdering av om einssilde sjøfuglarter bør få status som prioritert art.

Regjeringa vil halde fram med oppbygging av kunnskap om økosystema i havet. Det er kunnskapsbehov mellom anna knytt til endringar slik

som nedgang i sjøfuglbestandar og sukkertareskog, korleis klimaendringar og havforsuring påverkar økosystema, om samanhengar i dei marine økosystema, og om tilførsler og spreining av miljøgifter. Det er òg behov for forskning knytt til forvaltningstiltak for å styrkje naturlege bestandar og auke potensialet for hausting, slik som marine verneområde og bevaringsområde for hummar og kysttorsk.

Marine verneområde

Marint vern skal medverke til at eit utval av representative, særreigne, sårbare eller truga marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar blir tekne vare på for framtida. I arbeidet med marine verneområde går det føre seg verneprosessar i ulike stadium for 13 av dei 36 områda som blei foreslått som marine verneområde i 2004. I 2018 vil det bli arbeidd vidare med etablering av nye marine verneområde. Det er lagt vekt på gode verneprosessar lokalt.

Tiltak for å ta vare på truga arter og naturtypar

Naturmangfaldmeldinga trekkjer opp prinsipp for verkemiddelbruken for truga natur. Målet er at ingen arter og naturtypar blir utrydda, og at utviklinga for truga og nær truga arter og naturtypar skal bli betre. Miljødirektoratet vil i løpet av 2018 utarbeide eit samla forslag til kva for verkemiddel som bør brukast for å ta vare på dei truga naturtypane, sterkt og kritisk truga ansvarsarter og naturtypar som er viktige for truga arter. Dette vil danne grunnlaget for at regjeringa kan velje verkemiddel som er mest mogleg effektive for å nå dette målet. Ytterlegare arbeid for anna truga natur blir sett i gang etter at denne første samla vurderinga er gjennomført.

Departementet viser til Stortingets vedtak nr. 674, 23. mai 2016: «*Stortinget ber regjeringa utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.*» Klima- og miljødepartementet har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å utarbeide ein handlingsplan for sjøfugl, der ulike verkemiddel og tiltak skal vurderast, inkludert bruken av status som prioritert art. Arbeidet med handlingsplanen vart starta opp i 2017.

Tiltak mot skrantesjuka

Mattilsynet og Miljødirektoratet har saman med aktuelle kommunar, beitenæringa, grunneigarar,

villreinnemnd og villreirutval utarbeida ein plan for korleis ein kan ta ut villreinstamma i Nordfjella villreinområde sone 1. Arbeidet med å ta ut villreinstamma vart starta hausten 2017 og skal etter planen vere gjennomført innan 1. mai 2018. Arbeidet med å kartleggje og registrere omfanget av skrantesjuka hos villrein og anna hjortevilt vil halde fram i 2018. Det same gjeld arbeidet med å redusere bestanden av hjort, rådyr og elg i dei kringliggjande kommunane til Nordfjella villreinområde og å førebu for etablering av ein ny villreinstamme i Nordfjella villreinområde. Tilskotsordninga til kommunane skal halde fram i 2018.

Meir effektiv ivaretaking av klima- og miljøsyr i arealplanlegging

Som ei oppfølging av naturmangfaldmeldinga har ti kommunar delteke i eit pilotprosjekt med kommunedelplanar for naturmangfald, initiert av og med økonomisk støtte frå Klima- og miljødepartementet. Føremålet har vore å søke løysningar for at omsynet til naturmangfald blir trekt inn på eit tidleg tidspunkt i den overordna planlegginga i kommunane, slik at ein mellom anna kan unngå motsegn. Pilotprosjektet vil bli evaluert i 2018, og ei eventuell oppfølging blir vurdert etter evalueringa.

Økologisk kompensasjon, som blei omtala i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*, blir no prøvd ut i fleire større samferdsleprosjekt. Regjeringa vil arbeide vidare med utforming og bruk av økologisk kompensasjon i 2018. Erfaringane vil mellom anna vere viktige for oppfølging av den nye konsekvensutgreiingsforskrifta, der EUs avgjerder om økologisk kompensasjon er innarbeidde.

Verdiskaping i villreinfjella

I 2017 blei det oppretta to Europeiske villreinregionar i Noreg og samstundes vart verdiskapingsprogrammet «Villreinfjellet som verdiskaper» starta. Verdiskapingsprogrammet blir følgt opp i 2018 i samsvar med vedtekne mål og ramar.

Tiltak mot framande organismar

Som oppfølging av naturmangfaldmeldinga vil det i 2018 bli utarbeidd ein tiltaksplan for kampen mot skadelege framande organismar. Den tverrsektorielles nasjonale strategien skal vidareførast, og vil bli lagt til grunn for tiltaksplanen. Tiltaksplanen vil gjelde fram til 2023, og vil omfatte prioriteringar, tiltak for å styrkje kampen mot framande

organismar og tiltak for å målrette og samordne innsatsen mot framande skadelege organismar betre. For å medverke til å beskytte sårbare naturverdiar vil det i 2018 bli sett inn konkrete tiltak for å ta ut mink, stillehavsøsters og fleire framande arter i prioriterte verneområde og andre prioriterte område. Artsdatabanken vil i 2018 oppdatere risikovurderingar for framande arter.

Vitskapskomiteen for mattryggleik fekk i 2015 som eit prøveprosjekt oppdrag om å utarbeide miljørisikovurdering innan fagområda framande organismar, handel med truga arter (CITES) og mikroorganismar. I tråd med avtala mellom Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har Miljødirektoratet gjennomført ei evaluering av desse miljøoppdraga, og gitt Klima- og miljødepartementet ei tilråding angående vidareføring av oppdraget.

Kulturlandskap

Samarbeid mellom miljøforvaltninga og landbrukssektoren skal sikre ivaretaking av truga natur som ein del av eit berekraftig jordbruk. Regjeringa styrkar satsinga på den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket ved å auke talet på område som ligg under ordninga fram mot 2020.

Ved i større grad å målrette verkemidla, blant anna gjennom jordbruksforhandlingane og jordbrukets miljøprogram, skal den økologiske tilstanden i kulturlandskapet betrast. På den måten vil ein òg medverke til å sikre sektoransvaret for ei berekraftig forvaltning av kulturlandskapet. Det vil bli sett i gang tiltak for å betre oversikta over tilstand og utvikling i kulturlandskapet. Dette vil også medverke til kunnskap om samanheng mellom verkemiddelbruk og resultat i gjennomføring av miljøtiltak. Tiltak med positive synergieffektar skal prioriterast.

Regjeringa vil i 2018 følgje opp tilrådingane i Nasjonal strategi for villbier og andre pollinerande insekt.

Internasjonalt samarbeid for å ta vare på naturmangfaldet

Tap av naturmangfald må sjåast både i eit globalt og eit nasjonalt perspektiv. Noreg samarbeider med andre land, direkte og gjennom ulike konvensjonar, for å stoppe tapet av naturmangfald. Internasjonalt arbeid for å styrkje gjennomføringa av FN's berekraftsmål er ei prioritert oppgåve. Gjennomføringa av Aichi-måla under Konvensjonen om biologisk mangfald har ei klar kopling til gjen-

nomføringa av berekraftsmåla til FN. Rapportering frå fagleg arbeid syner at arbeidet må intensiverast for å nå måla. Delmål 15.8 om å førebyggje og avgrense framande arter er rekna som spesielt utfordrande for Noreg, og vil framleis vere eit prioritert område.

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) med Cartagenaprotokollen om genmodifiserte organismar og Nagoya-protokollen om genressursar skal halde Partsmøte hausten 2018. Gjennomføring av Aichi-måla under CBD har framleis høgste prioritet fram til 2020. CBD arbeider med å utvikle ein mekanisme for landgjennomgang for gjennomføring av den strategiske planen under konvensjonen om biologisk mangfald. Noreg medverker også aktivt med å utvikle Cartagenaprotokollen om GMO, mellom anna i rettleiing for sosioøkonomiske vurderingar og miljørisikovurderingar. Noreg vil medverke aktivt i utvikling av ein ny strategi for konvensjonen etter 2020, og i utviklingsarbeid under konvensjonen og protokollar. Arbeidet med å forberede den 9. Trondheimskonferansen (2019) er eit sentralt ledd i dette. Trondheimskonferansene om naturmangfald har vore arrangert i samarbeid med ei rekkje internasjonale partnarar sidan 1993. Ei evaluering av Trondheimskonferansene vil ligge føre hausten 2017.

Naturmangfald er sentralt i fleire av FN's berekraftsmål. FN's høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF) vil blant anna vurdere status for oppnåing av mål 15 (livet på land) i 2018. Noreg vil medverke til å synleggjere utvalte koblingar mellom berekraftsmåla, under dette helse-miljø og økosystembaserte metodar for å møte klimautfordringa. Sektorsamarbeid er naudsynt for å nå både FN's berekraftsmål og Aichi-måla, og erkjening av naturmangfald som landa sin naturkapital er nøkkelen til å utvikle dette.

Naturpanelet (IPBES, Intergovernmental Platform om Biodiversity and Ecosystem Services) er inne i ein viktig fase med avslutting av første arbeidsprogram i 2019, men har ein stram budsjettsituasjon. Oppfølginga av FN's berekraftsmål og Aichi-måla under CBD krev truverdige og solide kunnskap som grunnlag for tiltak. Norsk handlingsplan for naturmangfald, Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* understrekar at det er viktig med kunnskap som underbyggjer dei vala samfunnet tek. Naturpanelet sine rapportar vil også vere viktige for utviklinga av nye globale miljømål etter 2020, og for nasjonal politikkutforming. I 2018 vil Naturpanelet leggje fram ein global rapport om landdegradering og restaurering og fire regionale utgreiingar, av desse ein for Europa og Sentral-

Asia. Den tekniske støtteininga for kapasitetsbygging under Naturpanelet i Trondheim skal evaluerast i 2018. Norsk avgjerdsle om eventuell forlenging av støtteininga skal etter planen liggje føre i løpet av 2018 og seinast 1. kvartal 2019.

Miljøkriminalitet veks med 5–7 pst. årleg, noko som er tre gonger meir enn veksten i den globale økonomien. Noreg vil arbeide for å minimere miljøkriminalitet og ønskjer eit globalt fokus på at miljøkriminalitet er ei grenseoverskridande og alvorleg form for organisert kriminalitet som også medverker til tap av naturmangfald for eksempel gjennom ulovleg hogst og ulovleg handel med truga arter. Regjeringa vil òg arbeide for eit breiare fokus internasjonalt på miljøkriminalitet, slik at også ulovleg handel med kjemikalier og avfall blir rekna med. Noreg vil arbeide for å styrkje samarbeidet mellom ulike aktørar som FN's miljøprogram, FN's kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC) og INTERPOL.

Frå norsk side vil ein prioritere å følgje opp vedtak frå det 3. møtet i FN's miljøforsamling med forureining som hovudtema, under dette tiltak mot marin forsøpling og spreing av antibiotikaresistens. Noreg vil også arbeide for å styrkje det vitenskaplege kunnskapsgrunnlaget for politikkutvikling.

Europarådet sin konvensjon 19. september 1979 om vern av ville europeiske planter og dyr og deira naturlege leveområde (Bern-konvensjonen) er eit viktig instrument for å ta vare på naturmangfald i Europa og tilgrensande land. Noreg deltek aktivt i samarbeidet under konvensjonen, mellom anna i arbeidet med framande arter, klima og utviding av Emerald Network.

Bonnkonvensjonen om bevaring av trekkjende ville dyr (CMS) er ein global avtale som skal beskytte trekkjende arter av ville dyr. Avtalen er viktig for å sikre forvaltning og berekraftig bruk av trekkjende arter og deira leveområde. Noreg vil følgje opp avtalen og vedtak etter partsmøte hausten 2017.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for friluftsliv

Regjeringa vil i 2018 leggje fram ein handlingsplan for friluftsliv, for å styrkje det samla friluftslivsarbeidet og friluftslivets rolle i folkehelsearbeidet. Arbeidet med handlingsplanen skjer i nært samarbeid med friluftslivsorganisasjonane. Fylkeskommunane er også involverte i arbeidet. Handlingsplanen er ei oppfølging av Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet*, som blei behandla i Stortinget 20. oktober 2016. Handlingsplanen vil konkretisere og utfylle

ei rekkje av tiltaka og føringane i stortingsmeldingane. I tillegg vil handlingsplanen innehalde fleire nye tiltak og føringar for å styrkje friluftslivsarbeidet. Handlingsplanen skal ikkje erstatta stortingsmeldingane om friluftsliv. Stortingsmeldingane og handlingsplanen vil virke saman og utfylle kvarandre, og saman utgjere grunnlaget for statens arbeid med friluftsliv i åra som kjem.

Sikring, ivaretaking og tilrettelegging av friluftslivsområde

Regjeringa sette i gang prosjektet «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder» i 2014, med mål om at alle kommunar har kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde innan utløpet av 2018. Målet er å auke kunnskapen om friluftslivsområda i kommunane, og unngå at viktige friluftslivsområde blir bygde ned eller blir forringa på annan måte grunna mangel på kunnskap. Miljødirektoratet leiar prosjektet, og har eit nært samarbeid med fylkeskommunane. Ein stor del av landets kommunar er i gang eller har gjennomført dette arbeidet. Regjeringa vil vidareføre arbeidet i 2018, med sikte på at nær alle kommunar i landet har gjennomført slik kartlegging og verdsetting innan utløpet av 2018. I løpet av året vil det bli vurdert om prosjektet eventuelt skal forlengast med eit år, slik at kommunar som ikkje blir ferdige i 2018 også får gjennomført kartlegginga.

Arbeidet med å sikre attraktive friluftslivsområde vil halde fram i 2018, der friluftslivsområde i nærmiljøet og friluftsområde som kan brukast av mange vil ha hovudprioritet. Landfaste område i strandsona og område langs vassdrag med lett tilgjenge har også høg prioritet. Gjennom statleg sikring kan område bli tilrettelagde for høg bruk, samtidig som opplevingsverdiar og naturverdiar blir bevarte. I tillegg inneber sikringa eit vern mot nedbygging og anna forringing av områda. Gjennom løyvinga til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde, vil regjeringa føre vidare arbeidet med å opparbeide og tilrettelegge statleg sikra friluftslivsområde for å auke attraktiviteten og bevare natur- og opplevingsverdiar.

Regjeringa vil i 2018 vurdere å opprette ei eller fleire nye einingar av skjergardstenesta nord for dagens verkeområde i Hordaland. Dette vil skje i nært samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og eventuelle friluftsråd i desse områda, som også er venta å medverke økonomisk. I tillegg vil regjeringa vurdere å utvide skjergardstenesta sine oppgåver innafor gjeldande driftsområde, mellom anna når det gjeld oppsyn og fjerning av marin forøpling.

Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å gå gjennom teltingsforbod og andre restriksjonar i statleg sikra friluftslivsområde, med sikte på å fjerne restriksjonar som det ikkje lenger er bruk for.

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å formidle gode eksempel og erfaringar innafor tilrettelegging og stimulering til friluftsliv i nærmiljøet, med bakgrunn i erfaringar frå Miljødirektoratets nærmiljøsatsing, arbeidet med statleg sikring av friluftslivsområde og Groruddalssatsinga.

Regjeringa løyvde 7,5 mill. kroner til Nasjonale Turstiar i 2017. For at namnet betre skal vise kva som er intensjonen bak ordninga, vil regjeringa frå 2018 gjere om namnet til Nasjonale Turiststiar. Nasjonale Turiststiar er turstiar med tilhøyrande naturattraksjonar som har blitt internasjonale opplevingsattraksjonar med ekstraordinært mange besøkande, og som har fått ulike utfordringar knytte til svært stor ferdsel. Det er derfor behov for å gjennomføre ulike tiltak på og i tilknytning til desse stiane, for å ivareta natur- og opplevingsverdiane som følgje av stor bruk og slitasje, og for å betre tryggleiken. Regjeringa vil i 2018 vidareutvikle ordninga med Nasjonale Turiststiar. Blant anna vil Regjeringa utarbeide ei autoriseringsordning, der utvalte stiar kan bli autoriserte som Nasjonal Turiststi. Desse stiane vil bli prioriterte ved tildeling av midlar frå tilskotsordninga Nasjonale Turiststiar, og på sikt vil berre stiar som er autoriserte som Nasjonale Turiststiar få midlar frå ordninga.

Stimulering til friluftsliv

Regjeringa vil prioritere barn, unge og grupper som er lite fysisk aktive innafor tilskot til friluftslivsaktivitet. Tilskotsordninga for friluftslivsaktivitet for personar med innvandrarbakgrunn blir ført vidare.

Regjeringa vil vidareutvikle arbeidet med å leggje til rette for naturen som læringsarena og friluftsliv i skulen, og har frå 2018 øyremerkt midlar til Norsk Friluftsliv til eit nytt prosjekt for å fremje friluftsliv i skulen. Arbeidet skal skje i samarbeid med Miljødirektoratet og friluftslivsorganisasjonane, og blant anna omfatte drift og vidareutvikling av «Forum for friluftsliv i skulen».

Regjeringa vil utarbeide eit læringsopplegg om haustingstradisjonar for bruk i skulen, som alle skular kostnadsfritt kan ta i bruk. Dette vil medverke til å innfri målet i Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet* om å auke rekrutteringa til haustingsaktivitetar.

Regjeringa vil vidareføre samarbeidet og dei øyremerkte løyvingane til Norsk Friluftsliv og Den Norske Turistforeining innanfor friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn og friluftsliv for personar med nedsett funksjonsevne. Regjeringa vil også føre vidare samarbeidet med Oslo kommune om Groruddalssatsinga, der metodar, verkemiddel og tiltak for å auke deltakinga i friluftsliv og for å fremje attraktive grøne område i nærmiljøet er sentrale innsatsområde.

Allemannsretten

Regjeringa vil vidareføre arbeidet med å informere om allemannsretten, under dette både om dei rettane som allemannsretten gir, men òg om plikta til varsam og omsynsfull ferdsel. Dette vil blant anna skje gjennom vidareføring og vidareutvikling av det elektroniske undervisningsopplegget om allemannsretten som vart utvikla i samband med Friluftslivets år 2015. Læringsopplegget om haustingstradisjonar for bruk i skulen vil også gi kunnskap om kva reglar for hausting som følger av allemannsretten og friluftsliva. Miljødirektoratet vil vidareutvikle undervisningsopplegget «Smak på naturen», som omhandlar allemannsretten som eit fellesgode, gjennom aktivitetar som bærplukking og kjennskap til enkeltarter. Undervisningsopplegget er retta mot barnehagebarn frå 4 års alder og skulebarn opp til 4. klasse.

Motorferdsle i utmark

Våren 2015 vart motorferdslelova endra slik at det vart opna for at kommunane kan fastsetje snøskuterløyper for fornøyleskøyting. Lova og tilhøyrande forskrifter set klare rammer for kor løypene kan leggjast, og stiller strenge utgreiings- og omsynskrav til kommunen.

Departementet vil gjennom løpande evaluering følgje med på effekten av lovendringa for å innhente kunnskap som kan nyttast i den vidare utviklinga av regelverket om motorferdsle. Slik kunnskap vil òg gi innsikt som kommunane kan nytte når dei skal planleggje for nye løyper.

I 2017 vart motorferdsellova endra slik at det no er heimel til å gjennomføre forsøksordning for catskiing (transport av skiløparar med trakkemaskin eller beltevogn). Departementet vil innan 2018 fastsetje endringar i forskrift til motorferdsellova om forsøksordninga og utlysing av forsøket. Forsøket skal gjere det mogleg å finne ut om catskiing kan gi alpinsentra nye inntekter, og om verknadane for natur og friluftsliv er akseptable. Forsøksordninga varer i inntil seks år. Eit repre-

sentativt utval av inntil seks kommunar vil få mynde til å fastsetje lokale forskrifter med løyper for catskiing. Forsøket skal evaluerast etter fire år. Evalueringa skal gjerast ferdig tidnok til at ei eventuell permanent lovendring kan tre i kraft før forsøksordninga går ut.

Den nasjonale forskrifta om bruk av vasskuter vart oppheva 18. mai 2017. Kommunane kan ved behov fastsetje lokale forskrifter om bruk av vasskuter. Kommunane har heimel i motorferdsellova til å fastsetje lokale forskrifter om bruk av vasskuter i vassdrag og innsjøar der det ikkje allereie er forbode. Kommunene har i den sentrale fartsforskrifta heimel til å gi lokale forskrifter med fartsgrenser. Den sentrale fartsforskrifta har også generelle krav om aktsemd, tryggleik og omsyn til badande. Kommunane har heimel i hamne- og farvasslova til å avgrense eller forby bruk av vasskuter på sjøen av omsyn til friluftsliv, miljø, tilgjenge, trygg ferdsel og forsvarleg bruk. I enkelte verneområde er bruk av vasskuter forbode gjennom verneforskriftene. Desse reguleringane er vidareførte. Regjeringa vil i 2018 prioritere rettleiing om regelverket.

Regjeringa har i 2017 endra regelverket for bruk av el-syklar i utmark. El-syklar er no tilletne å bruke i dei fleste utmarksområde der det er tillete med vanleg sykkel. I Oslomarka gjeld markalova, som har eigne føresegner om motorisert ferdsel. Regjeringa vil i 2018 leggje fram forslag om endringar av markalova for Stortinget, med sikte på ei tilsvarende opning for el-syklar også innanfor markagrensa.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for forureining

Forureiningslova skal medverke til å verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining. Lova skal òg medverke til å redusere mengda avfall og fremje betre avfallshandtering. Formålet er å sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Lova byggjer blant anna på prinsippet om at forureinar betalar og prinsippet om føre var. Det skal takast utgangspunkt i den teknologien som gir dei beste resultatane, ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold. Forureiningslova set eit generelt forbod mot forureinande utslepp, men opnar for at verksemdar kan søkje miljøstyresmaktene om utsleppsløyve.

Produktkontrolllova har som føremål å førebyggje at produkt og forbrukartenester medfører helseskade eller miljøforstyring, under dette

gjennom å fremje effektiv bruk av energi i produkt. Lova inneheld blant anna ei plikt om aktsemd for alle som har å gjere med produkt som kan medføre helseskade eller miljøforstyring, og ei substitusjonsplikt som inneber at ei verksemd må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

Til både forureiningslova og produktkontrolllova er det fastsett ei rekkje krav i forskrifter. Tilsyn blir nytta for å avdekkje eventuelle brot på regelverket.

Andre viktige verkemiddel i forureiningspolitikken er internasjonale miljøavtaler, lover og forskrifter som er forvalta av andre styresmakter, avgifter som stimulerer til reduserte forureiningar, tilskot over statsbudsjettet og kunnskap om utslepp, spreining og effektar av forureiningar.

Kjemikalier

Kjemikaliepolitikken har som formål å redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikalier generelt. Føre var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker. Kjemikalier som er rekna for å utgjere eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø, blir sette på den norske prioritetslista¹ for miljøgifter – som for tida omfattar rundt 35 stoff og stoffgrupper. Formålet med prioritetslista er både å spesifisere kva stoff som er omfatta av 2020-målet om utfasing av bruk og utslepp, samtidig som det gir føringar for prioritering av nasjonalt og internasjonalt arbeid med desse stoffa. Utsleppa av miljøgiftene på lista blir reduserte gjennom streng regulering både nasjonalt og internasjonalt av produkt, tiltak for opprydding av forureining, og krav til industriutslepp og avfallshandtering. Ein viktig del av arbeidet vidare er å følgje opp prioritetslista nasjonalt og internasjonalt, og å identifisere fleire miljøgifter som skal omfattast av prioritetslista.

Dei tre stoffgruppene siloksan D6; alkylfenolane 4-tert-butylfenol, 4-tert-pentylfenol og 4-heptylfenol (forgreina og rettkjeda); og ftalatane DBP, BBP, DIBP er vurderte å oppfylle kriteria for prioritetslista og desse stoffa blir no inkluderte i lista.

Miljøskadelege kjemikalier blir transporterte over lange strekningar med luft- og havstraumar,

Boks 7.1 Tre nye stoffgrupper til prioritetslista for miljøgifter

Siloksan D6: Blir brukt som eit mellomprodukt i produksjonen av polymere siloksanar og i kosmetikk og kroppspeieprodukt. Undersøkingar over fleire år i Mjøsa og Randsfjorden viser at D6 hopar seg opp i næringskjeda, på ein måte som kan samanliknast med D5, som er fastslått å vere særst bioakkumulere. Funn i miljøet og laboratorietestar viser at stoffet blir brote særst sakte ned i miljøet og kan langtransporterast.

Alkylfenolane 4-tert-butylfenol, 4-tert-pentylfenol og 4-heptylfenol (forgreina og rettkjeda): Blir brukt blant anna i produksjon av plast, lim, maling og lakk. Det er relativt få studiar av førekomst av stoffa i miljøet, men alle er påvist. Alkylfenol er vidare målt i produsert vatn frå oljebrønner. Studiar viser at desse stoffgruppene kan bindast til og aktivere østrogenreseptor, og studiar på fisk viser at eksponering for stoffa fører til feminisering av hannfisk under utvikling og endring av kjønnsratio mot ein større del hofisk. Verknadsmekanismen for stoffa er truleg den same og det er av spesielt stor bekymring at dei hormonforstyrrende effektane vil kunne summerast når stoffa opptre saman i ei blanding.

Ftalatane DBP, BBP, DIBP: Blir brukt hovudsakleg som mjuknarar i plastmaterialar, og i elektriske og elektroniske produkt er stoffa særleg brukte i kablar. Testar på rotte har påvist endringar i hormonproduksjon, med redusert testosteronproduksjon, nedsett sædcellekvalitet og testikkelforandringar. Det er vist at eksponering i kjenslege periodar i fosterutviklinga kan gi varige skadar både med omsyn til utvikling og reproduksjon. Eksponering for ftalatane kan derfor gi alvorlege hormonforstyrrende effektar hos menneske.

gjennom handel med produkt og gjennom avfallsstraumar. Derfor er både nasjonalt og internasjonalt arbeid svært viktig og ein føresetnad for å handtere utfordringane vi står overfor. Nasjonalt er forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter sentrale verkemiddel. Etter produktkontrolllova er det blant anna fastsett eit omfattande forskriftsverk om helse- og miljøska-

¹ For oversikt over stoffa og stoffgruppene på prioritetslista og status for utslepp og utsleppsreduksjonar, sjå <http://www.miljostatus.no/prioritetslisten> og vidare lenker derifrå.

delege kjemikalier som er i stadig endring og utvikling. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikalierregelverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtala. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og EU.

EU har eit omfattande regelverk for registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier (REACH-regelverket), og for klassifisering og merking av helse- og miljøfarlige stoffer (CLP). Vidare utvikling av desse regelverka er svært viktig i kjemikaliepolitikken. Noreg medverkar aktivt i arbeidet for å styrkje regelverket både med å foreslå regulering av stoff og ved gjennomgangen av regelverket som no går føre seg. Dette inkluderer endringar for å betre handteringa av nanomaterialar. Noreg vil leggje vekt på hormonforstyrrende eigenskapar i endå større grad når vi prioriterer kva stoff vi skal jobbe aktivt med for å få regulert i EU. EU-kommisjonen har i samband med regelverket for plantevernmidde og biocid i EØS-området foreslått kriterium for kva som er å sjå på som hormonforstyrrende stoff. Noreg har i likskap med andre land meldt frå til EU-kommisjonen at forslaget ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar helse- og miljøomsyn, mellom anna fordi det ikkje følgjer Verdass Helseorganisasjon sine definisjonar.

Kvaliteten på den informasjonen som industrien leverer under REACH-regelverket i dag må betrast. Vidare er informasjon eit viktig verkemiddel for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald av dei farlegaste stoffa i produkt.

Vi har òg felles reglar med EU om produkt med biocid som blir nytta til å øydeleggje uønskte organismar. Noreg medverkar aktivt i EU-samarbeidet med å vurdere stoff under biocidregelverket og gir godkjenning til biocidprodukter for det norske markedet.

Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemicals Agency), som har sete i Helsinki, er viktig i EUs kjemikaliearbeid. ECHA er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og er sentralt i arbeidet med nye reguleringar for å beskytte helse og miljø. Noreg er representert i alle komitear og i styret i ECHA.

Noreg arbeider aktivt for globale tiltak for å redusere forureining og sikre meir forsvarleg handtering av kjemikalier og avfall, til dømes under Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Baselkonvensjonen om grensekryssande transport av farleg avfall, Rotter-

dam-konvensjonen om handel med farlege kjemikalier, Minamatakonvensjonen om kvikksølv, og miljøgiftsprotokollane under FNs økonomiske kommisjon for Europa. Noreg har fått igjennom global regulering av fleire stoff under Stockholmkonvensjonen og jobbar kontinuerleg med å foreslå nye. Noreg støttar òg den globale kjemikalie-strategien SAICM. Vidare tek Noreg aktivt del i arbeidet med kjemikaliespørsmål innan FNs Sjøfartsorganisasjon og FNs miljøprogram

Kunnskapsheving gjennom forskning, kartlegging av potensielt skadelege stoff i produkt, avfall og utslepp, og miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Auka kunnskap om helse- og miljøskadelege kjemikalier er naudsynt for å identifisere risiko for helse og miljø, og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak på eit tidleg tidspunkt. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt for å få på plass regionale eller globale avtaler, fordi det er utbreidd internasjonal semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjer alvorlege problem.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn kan føre til skade på helse og miljø, og vere ei kjelde til spreing av helse- og miljøskadelege kjemikalier. I hovudsak er det prinsippet om at forureinar betaler som skal leggast til grunn, og bruk av pålegg etter forureiningslova er eit viktig verkemiddel for å sikre naudsynt opprydding av forureina grunn og sjøbotn. Statlege styresmakter medverkar med finansiering der dette er aktuelt og naudsynt i samanhengar der den ansvarlege av ulike årsaker ikkje kan identifiserast, ikkje kan stå for ei god opprydding eller der det vil vere urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene, jf. omtale av tildelingskriterium for oppryddingspostane kap 1420, post 39, 69 og 79. Opprydding i forureina grunn og sjøbotn er kostbart og tidkrevjande. Tiltak for å rydde opp i sjøbotn er fremja gjennom fylkesvise tiltaksplanar og prioritering av område som skal ryddast opp, jf. handlingsplanen for opprydding i forureina sjøbotn som vart lagt fram i St.meld. nr. 14 (2006–2007) *Sammen for et giftfritt miljø*. Miljødirektoratet og fylkesmennene arbeider med å syte for at områda blir kartlagde og for at det blir rydda opp der det er naudsynt. Miljøstyresmaktene legg særleg vekt på å undersøkje og setje i verk tiltak mot forureining ved industrifjordar, skipsverft og i store hamner. I handlingsplanen er det identifisert 17 særleg prioriterte område med forureina sjøbotn. Fire av desse områda er no rekna som ferdig rydda – Harstad, Oslo, Tromsø og Trondheim. Også i Kristiansand er det nær ferdig rydda, med berre min-

dre område som står att. Sandefjord er venta ferdig rydda i løpet av 2017. I dei andre av dei 17 prioriterte kyst- og fjordområda er det òg blitt arbeidd aktivt, både med kartlegging av forureining, planlegging, overvaking og gjennomføring av tiltak i delområde. Blant annet blir Puddefjorden i Bergen ferdig rydda i 2017–18, mens betydelege område i Listerfjordane er ferdig rydda. I fleire år har hovudvekta av arbeidet på dei prioriterte områda vore tiltak i innleiande fasar med undersøkingar, pilotprosjekt og liknande. Arbeidet er no komme over i ein fase der fleire område i åra framover vert klare for tildekking og mudring og deponering av forureina sjøbotn. Desse tiltaka er dei mest kostnadskrevjande i arbeidet. Det må prioriterast mellom dei ulike områda i den vidare gjennomføringa av opprydding. Arbeidet med forureina grunn blir òg følgd opp fortløpande, blant anna med tilskot over oppryddingspostane etter behov.

Det er behov for ytterlegare tiltak for å sikre at nullutsleppsmålet for petroleumsverksemda blir nådd, særleg for olje og naturlege førekommende stoff i produsert vatn. Alle operatørane har gjennomført nye risikovurderingar og felte med høgast miljørisiko fekk i 2016 krav om vurderingar av best tilgjengelege teknologi for behandling av produsert vatn. Miljømyndighetene følgjer no vidare opp desse operatørane med sikte på å minske miljørisikoen.

Avfall

Det overordna målet med avfallspolitikken er å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Samtidig ønskjer ein å auke utnyttinga av ressursane i avfallet. Politikken på avfallsfeltet skal medverke til at ressursane i avfallet blir haldne i krinsløp lengst mogleg, og kjem til nytte som råvarer.

Tabell 7.3 Avfallsdefinisjonar

Viktige omgrep	Definisjonar
Farleg avfall	Avfall som ikkje kan behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr.
Gjenvinning	Fellesnemning for eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte materialar som elles ville vorte brukte eller at avfall er vorte førebudd til dette, under dette førebuing til ombruk, material-gjenvinning og energiutnytting.
Materialgjenvinning	Utnytting av avfall slik at materialet blir teke vare på heilt eller delvis, f.eks. produksjon av skrivepapir frå returpapir.

Ved å stimulere til meir ombruk og gjenvinning, reduserer vi mengda avfall som går til sluttbehandling samtidig som vi utnyttar ressursane i avfallet betre. Dette medverkar òg til ein sirkulær økonomi. I tillegg inneheld mange typar avfall material som det kan vere miljømessig gunstig å nytte om igjen. Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke om ein ikkje lukkast med å førebyggje avfall. Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvennleg teknologi medverke til betydelege reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall. Sluttbehandling av avfall vil òg kunne føre til fare for utslepp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn. Avfallsdeponi er strengt regulerte og deponia må samle opp sigevatnet og greie ut reinsebehovet.

Det blir produsert og omsett stadig fleire produkt, og mange av desse inneheld helse- og miljø-

farlege stoff. Auka kunnskap og større medvit om miljøgifter gjer òg at nye stoff og produkt blir klasifiserte som farleg avfall. Dette medverkar til at mengdene farleg avfall som oppstår aukar. For å medverke til å førebyggje farleg avfall er det viktig å arbeide for at det blir utvikla meir miljøvennlege produkt.

Farleg avfall kan ikkje behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr. Det er òg strenge reglar som skal hindre at slikt avfall blir eksportert til land utan kapasitet til å behandle det forsvarleg. Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet.

Det eksisterande deponiet for farleg avfall på Langøya vil truleg vere fullt i 2022. Med bakgrunn i våre nasjonale mål og internasjonale forpliktin-

gar er det viktig at vi held ved lag ein nasjonal behandlingsskapasitet for farleg avfall.

Miljødirektoratet tilrådde i 2016 moglege eigna lokalitetar for eit framtidig deponi. Av dei fire kommunane som vart vurderte til å kunne ha eigna lokalitet, er det berre Nesset kommune som har vore positiv til konsekvensutgreiing av eit slikt tiltak. Nesset kommune har fastsett eit planprogram for eit mogleg deponi for farleg avfall og tiltakshavar konsekvensutgreier no tiltaket.

Klima- og miljødepartementet har vurdert det slik at det også bør gjennomførast ei konsekvensutgreiing av eit mogleg deponi for farleg avfall i Dalen gruve i Brevik i Porsgrunn. Porsgrunn kommune har ikkje ønskt etablering av eit deponi i Brevik. Klima- og miljødepartementet er oppnemnt som ansvarleg myndigheit for å fastsetje eit planprogram for eit mogleg deponi for farleg avfall i Dalen gruve i Brevik. Forslag til planprogram vil bli sendt på høyring. Når planprogrammet er fastsett vil tiltakshavar få høve til å leggje fram ei konsekvensutredning av tiltaket etter plan- og bygningslova.

Konsekvensutgreiingane av eit mogleg deponi i Nesset og av eit mogleg deponi i Brevik vil gi eit styrkt kunnskapsgrunnlag i saka. Når dei to konsekvensutgreiingane ligg føre vil Klima- og miljødepartementet vurdere behovet for eventuell vidare statleg involvering for å få på plass ny deponeringskapasitet for farleg avfall i tråd med nasjonale behov.

Sjølv om stadig meir farleg avfall blir forsvarleg teke hand om, er det likevel farleg avfall som går til ukjent behandling. Det blir gjort ein særleg innsats for å auke innsamlinga av prioritert farleg avfall og å sikre forsvarleg handtering. Auka innsamling av avfall som inneheld olje, informasjon til bransjen og tilsyn er prioritert. Informasjon til befolkninga, bedrifter og kommunar er òg ein viktig del av styresmaktene sitt arbeid for å auke innsamlinga av farleg avfall. Tilsyn med farleg avfall og samarbeid mellom involverte etatar er vesentleg styrkt dei siste åra, og dette arbeidet skal halde fram. Tilsyn har fått auka merksemd for å redusere ulovleg import og eksport, særleg eksport til fattige land. Reaksjonane mot ulovleg eksport og import av farleg avfall er òg skjerpa. Klima- og miljødepartementet vurderer fortløpande utviklinga på området, om verkemidla fungerer etter intensjonen og behovet for nye verkemiddel. For eksempel er det behov for å vurdere om det er mogleg å utnytte ressursane i det farlege avfallet utan at dette fører til auka risiko for helse og miljø.

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel: forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Verkemidla skal sikre ein samfunnsøkonomisk og miljømessig god balanse mellom det som blir gjenvunne som material og det som blir energiutnytta eller deponert. Fleire verkemiddel skal stimulere til materialgjenvinning eller energiutnytting, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for fleire typar avfall. Det er òg etablert eigne retursystem for fleire ulike avfallsfraksjonar, mellom anna for elektrisk og elektronisk avfall, batteri, bilvrak, PCB-haldige isolerglasruter og fleire typar emballasjeavfall. Gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad samtidig som miljøgifter i avfallet blir sikra ei forsvarleg behandling. Departementet vurderer verkemidla fortløpande.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om avfallspolitikk og sirkulær økonomi: St. Meld. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs*. I meldinga er vektlagt forebygging, auka ombruk og materialgjenvinning av avfall. Regjeringa foreslår blant anna å innleie eit samarbeid med klesbransjen og andre aktørar for å auke ombruk av tekstilar. Regjeringa foreslår vidare å utgreie konsekvensane av å ha eit eige nasjonalt mål om materialgjenvinning, som skal gjenspegle dei måla vi har gjennom mellom anna EUs regelverk. Eit slikt mål vil gi tydeleg signal om prioriteringar i avfallspolitikken

Det blir no forhandla i EU om nytt avfallsregelverk, og det kan venteleg komme meir ambisiøse mål om materialgjenvinning og andre endringar som har relevans for Noreg når dette regelverket vert vedteke. I meldinga er òg beskrive EUs arbeid med ein sirkulær økonomi, og Noregs påverknadsarbeid.

Noreg har, gjennom gjeldande EU/EØS-regelverk, krav om 50 pst. materialgjenvinning av hushaldsavfall og liknande avfall frå næringslivet, og 70 pst. materialgjenvinning av bygg- og anleggsavfall innan 2020. For å sikre at måla blir nådde vil regjeringa utgreie krav til utsortering og materialgjenvinning av våtorganisk avfall og utvalte typar plastavfall. Det blir òg sett i gang eit arbeid for å vurdere verkemiddel for å nå måla for bygg- og anleggsavfall. Klima- og miljødepartementet gjer òg ein særleg innsats for å førebyggje matsvinn, og fleire departement har no inngått en avtale med matbransjen. Målet for samarbeidet er å halvere matsvinn innan 2030, jf. også FN's berekraftsmål på området.

Marin forsøpling og mikroplast

Marin forsøpling og tilførsel av mikroplast til havet er ein av dei mest alvorlege globale miljøutfordringane. Dette er ei omfattande og kompleks problemstilling som vil krevje tiltak på mange område, både nasjonalt og internasjonalt. Innsatsen mot marin forsøpling er trappa opp og det blir arbeidd aktivt med å følgje opp problemstillingane. Regjeringa har ei brei tilnærming til å redusere marin forsøpling og mikroplast.

Det skjer i dag ein stor frivillig oppryddingsinnsats av marin forsøpling og Miljødirektoratet si tilskotsordning til mellom anna slik innsats er styrkt betrakteleg. Regjeringa meiner det likevel er naudsynt med klarare nasjonal ansvarsplasing og samordning for å sikre effektiv opprydding over heile landet. Regjeringa har bestemt at det skal opprettast eit oljevern- og miljøsentert i Lofoten/Vesterålen. Dette senteret vil få ansvar for å styrkje nasjonal kompetanse og samordne tiltak for opprydding av marin forsøpling. Det er særleg plastavfall frå fiskeri- og oppdrettsnæringa og avfall frå forbrukarar som er dei største kjeldene til marin forsøpling, i tillegg til bygg- og anleggsavfall, avfall frå skipsfart og langtransportert avfall. Regjeringa vil følgje opp pågåande utgreingar av forslag til produsentansvarsordning for høvesvis fiskerinæringa og oppdrettsnæringa.

Nedbryting av plastavfall i havet er den største kjelda til mikroplast. Derfor vil tiltak for å redusere marin forsøpling vere det viktigaste vi gjer for å redusere tilførsla av mikroplast til det marine miljøet. I tillegg medverkar fleire landbaserte kjelder til spreining av mikroplast. Regjeringa vurderar tiltak for å redusere spreining av mikroplast frå blant anna bildekk, kunstgrasbaner, maling, tekstilar, kosmetikk og reingjeringsprodukt.

Noreg skal gjennomføre EUs regelverk om reduksjon i bruk av lette plastbeposar. Aktuelle bransjeaktørar har foreslått at bransjen legg på eit miljøvederlag per pose og at midlane blir plasserte i eit eige miljøfond. Regjeringa er positiv til ei bransjedriven løysing på dette området og vil halde fram dialogen med bransjen for å oppnå ei felles forståing av korleis eit fond best kan innretast.

Dette er beskrevet i regjeringas *Strategi mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast* (plaststrategi) som inngår i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs*. Omtala av mikroplast i strategien følgjer opp Stortingets oppmodingsvedtak om ein handlingsplan for mikroplast. Strategien omfattar tiltak nasjonalt og internasjonalt mot høvesvis marin forsøpling og spreining av mikro-

plast. Strategien omfattar òg nordisk og EUs arbeid på området, inkludert norske og nordiske synspunkt inn i EUs arbeid. Endeleg er det gjort greie for viktige internasjonale initiativ.

Noreg har prioritert arbeidet i FNs miljøforsamling (UNEA) for å få på plass sterkare globale forpliktingar mot marin forsøpling og spreining av mikroplast. Eit døme er ei vurdering av om dei regionale og globale regelverka og strategiane mot marin plastforsøpling og mikroplast er effektive. Dette arbeidet følgjer opp tidlegare vedtak i FNs miljøforsamling. Noreg vil følgje opp rapporten frå arbeidet med forslag til vegen vidare for å styrkje det internasjonale regelverket på dette området på FNs miljøforsamling i desember 2017.

Regjeringa vil òg prioritere gjennomføring av tiltak under handlingsplanen mot marin forsøpling under OSPAR-konvensjonen.

Radioaktive stoff

Nivået på radioaktiv forureining generelt er lågt. Utslepp og avfall er nært knytt til aktiviteten i ulike sektorar. Radioaktive stoff er nytta til mellom anna behandling av pasientar på sjukehus og i forskning og utdanning. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt som for eksempel røykvarsalarar. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan òg oppstå som eit biprodukt i ulike typar prosessindustri, og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall følgjer av oppkonsentrering av naturleg førekommande radionuklidar som finst i berggrunnen, slik som ved utvinning av olje og gass, og ved framstilling av radioaktive stoff og drift av forsøksreaktorane til *Institutt for energiteknikk (IFE)*.

Radioaktiv forureining av norske land- og havområde skjer vidare frå internasjonale kjelder, slike som historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Framtidige ulykker knytte til anlegg i nærområda våre, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland, vil kunne ha store konsekvensar for Noreg. I 2018 vil det bli arbeidd vidare med å vurdere og leggje til rette for lagrings- og deponikapasitet for radioaktivt avfall, med spesiell fokus på deponiløysingar i på lang sikt og løysingar for det brukte atombrenselet og anna avfall frå forskingsreaktorane i Halden og på Kjeller. Fram mot 2020 skal det faglege grunnlaget for forvaltingsplanen for Barentshavet og Lofoten utviklast, og risiko for og overvaking av radioaktiv forureining i nord er ein viktig del av det arbeidet.

Langtransportert luftforureining

Det nasjonale og internasjonale arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er basert på omfattande kunnskap gjennom overvaking, forskning og analysar av utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar, og strategiar for å redusere utslepp i tråd med felles miljømål på tvers av landa i Europa. Noreg deltek aktivt i arbeidet med å evaluere effektane av internasjonale avtaler og å utvikle fagleg grunnlag for utvikling av nye avtaler på området. Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk institutt for luftforskning* og *Norsk institutt for vassforskning* medverkar i vesentleg grad til kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Både Miljødirektoratet og andre norske fagmiljø deltek i arbeidet i ekspertgrupper under konvensjonen. Det er under konvensjonen utarbeidd ein fagleg rapport «Towards Cleaner Air – Scientific Assessment Report 2016» som syner resultatane som er oppnådd i arbeidet til no og hva som er framtidige utfordringar i arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining som skader menneska si helse og økosystem. Funna i rapporten vil leggje grunnlaget for framtidig utvikling av Gøteborgprotokolten.

Landa som deltek i samarbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* har i Gøteborgprotokolten teke på seg talfeste forpliktingar om å redusere sine utslepp av forureiningar til luft. Regjeringa ser det som svært viktig å overhalde Noreg sine internasjonale forpliktingar på dette området. Av utsleppa som er omfatta av protokollen, blir utslepp av svovel (SO_2), nitrogenoksid (NO_x) flyktige organiske sambindingar (NMVOC) og helseskadelege partiklar ($\text{PM}_{2,5}$) regulerte i utsleppsløyve etter forureiningslova og i tråd med føresegnene i relevante EU-direktiv som er innlemma i EØS-avtala. Utslepp av SO_2 , NO_x , NMVOC og partiklar er òg regulerte i forskrifter etter forureiningslova, produktkontrolllova og relevant sektorlovgiving. Noreg vil i arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining òg leggje vekt på at landa skal redusere forureinande utslepp som medverkar til klimaendringar, mellom anna svart karbon (sot).

Hovudinnsatsen innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining er no å redusere utsleppa av ammoniakk (NH_3) i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokolten. I 2015 var ammoniakkutsleppa 16 pst. over nivået på 23 000 tonn som Noreg har forplikta seg til å ikkje

overskride. Om lag 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer i landbruket. Regionale miljøprogram i jordbruket stimulerer til reduserte utslepp av ammoniakk frå handtering av husdyrgjødsel gjennom tilskot til miljøvennleg spreining av gjødsla. Dei regionale miljøprogramma skal no reviderast. Eit av formåla med revideringa er å styrke satsinga med omsyn til klima og luftforurensningar.

NO_x -avgifta og Miljøavtala mellom Klima- og miljødepartementet og næringsorganisasjonane om reduksjon av NO_x -utsleppa er særleg viktige verkemiddel for å redusere desse utsleppa. Miljødirektoratet har stadfesta at næringslivsorganisasjonane har oppfylt sine reduksjonsforpliktingar for åra 2008–2016, og at vilkåret for avgiftsfritak desse åra dermed er oppfylt. Siste avrekningsperiode innanfor gjeldande avtale omfatar året 2017.

Klima- og miljødepartementet inngjekk 24. mai 2017 ei ny Miljøavtale om reduksjon av NO_x -utsleppa med 15 næringsorganisasjonar. I den nye avtala er miljøforpliktinga utforma som samla utsleppstak for alle verksemdene som er omfatta for periodar på to år. Utsleppstaket blir gradvis strammare frå ein periode til neste. Det er opp til organisasjonane og verksemdene å avgjare kva slag tiltak dei ønskjer å gjennomføre for å overhalde utsleppstaka. Den nye miljøavtala er elles i all hovudsak ei vidareføring av gjeldande avtale.

Verksemdar som sluttar seg til avtala får fritak for betaling av NO_x -avgift for åra 2018–2025. Der som utslippstakene ikkje overholdes, oppstår det krav om å betale avgift til staten hvor satsen avhenger av hvor stor overskridelsen er. Miljøavtalen må notifiseres til og godkjennes av ESA før avgiftsfritaket kan videreføres for 2018. Avtala inneheld ei revisjonsføresegn som tek høgde for at Noreg skal overhalde framtidige internasjonale utsleppsforpliktingar gjeldande frå 2030.

EU har innlemma forpliktingane i Gøteborgprotokolten av 1999 i sitt direktiv om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft, «takdirektivet». Direktivet er innlemma i EØS-avtala. Noreg har her dei same utsleppsforpliktingane som i Gøteborgprotokolten av 1999. EU vedtok eit nytt tilsvarende direktiv i desember 2016. Direktivet inneber gjennomføring i EU av dei nye utsleppsforpliktingane i den reviderte Gøteborgprotokolten av 2012. Desse forpliktingane gjeld frå 2020. Videre fastset direktivet nye utsleppsforpliktingar som gjeld frå 2030.

Det er viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til Gøteborgprotokolten. Noreg med-

verkar til tiltak for å implementere protokollen i fleire av desse landa gjennom støtte til kapasitetsbygging i regi av FNs Økonomiske kommisjon for Europa.

Globalt er luftforureining sett på som ein av dei største miljørelaterte truslane mot folks helse. Verdas Helseorganisasjon (WHO) har anslått at om lag sju millionar menneske i 2012 døydde for tidleg på grunn av luftforureining, innandørs og utandørs. Kjeldene til helseskadeleg luftforureining er matlaging ved forbrenning av kol, ved og biomasse, transport, energi, avfallshandtering og industri. På grunnlag av anslaga frå WHO, har OECD anslått at verdas samla kostnader knytt til utandørs luftforureining i 2012 motsvarer om lag 5 pst. av verdas BNP i 2015. Denne delen er venta å auke i åra framover, særleg i utviklingsland og i framveksande økonomiar. FNs miljøprogram samarbeider med WHO om å utvikle tiltak for å redusere desse forureiningane. FNs tredje miljøforsamling har tema forureining og vil venteleg fatte vedtak om å styrkje arbeidet med luftkvalitet i byar.

Regjeringa arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. IMO vedtok i juli 2017 å etablere eit lågut-sleppsområde for NO_x (NECA) i Nordsjøen og Austersjøen.

Lokal luftforureining

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for å nå måla om lokal luftkvalitet, og ei pådrivarrolle mot andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere luftforureining.

Noreg er blant dei landa i Europa som har lågast risiko for tidleg død som følgje av lokal luftforureining. Dårleg luftkvalitet fører likevel til alvorlege helseplagar for befolkninga. Nivåa av svevestøv viser ein nedgåande trend sidan 2004. Det er likevel eit stykke igjen til det nasjonale målet for svevestøv, og det nasjonale målet for PM₁₀ vart i 2016 overskride i fem byområde (Oslo, Fredrikstad, Tromsø, Drammen og Mo i Rana). Det nasjonale målet for PM_{2,5} vart overskride i Oslo, Stavanger, Bærum og Sarpsborg. Dei fleste stadene har NO₂-konsentrasjonane vore stabile gjennom det siste tiåret. Det nasjonale målet for NO₂ vart i 2016 overskride i Bergen og Oslo, og der trengst det fleire tiltak for å redusere NO₂-utsleppa.

Det nasjonale målet for lokal luftkvalitet blei endra frå 1. januar 2017 i tråd med tilrådinga frå

Miljødirektoratet, Vegdirektoratet, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet i rapport M-129 «Grenseverdier og nasjonale mål – Forslag til langsiktige helsebaserte nasjonale mål og reviderte grenseverdier for lokal luftkvalitet.»

Forureiningsforskrifta kapittel 7 er det sentrale verkemiddelet for lokal luftkvalitet. I forskrifta er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta gir grenseverdier for konsentrasjonar av ei rekkje stoff i luft. Grenseverdiane for partiklar (svevestøv) vart skjerpa frå 1. januar 2016, i tråd med tilråding frå Miljødirektoratet med fleire frå 2014. Ytterlegare skjerping skal vurderast frå 2020, basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag som skal utarbeidast i 2018. Forureiningsforskrifta stiller òg krav til målingar, utrekningar, utgreiingar av tiltak og rapportering. Forskriftskrava har utspring i EUs rammedirektiv for luftkvalitet, som er teke inn i EØS-avtala.

Noreg vart dømt i EFTA-domstolen hausten 2015 for brot på luftkvalitetsdirektivet for perioden 2009–2017, ved (i) overskridingar av grenseverdiane for NO₂ og PM₁₀, og (ii) ved at det ikkje var utarbeidd tilstrekkelege tiltaksutgreiingar i aktuelle kommunar/soner.

Dei siste åra har det vore viktig å utvide verktøykassa til kommunar og anleggseigarar, slik at det kan setjast i verk tiltak i periodar med overskridingar av grenseverdiane i forureiningsforskrifta. Rettleiar TA-2842 frå 2011 klargjer ansvarsforhold ved innføring av tiltak, og når desse skal innførast.

For å leggje til rette for ytterlegare tiltak som betrar luftkvaliteten, har regjeringa sett i gang ei rekkje arbeid. Mellom anna er det lagt til rette for at kommunar som ønskjer det kan opprette lågut-sleppsone, gjennom ei sentral forskrift for lågutssleppsone for bilar. Yrkestransportlova er endra slik at det er opna for at løyvestyresmakta kan stille miljøkrav for drosjer. Det blir arbeid med å leggje til rette for å differensiere bompengesatsane på bakgrunn av miljøegenskapar. I tillegg er eit nasjonalt berekningsverktøy for lokal luftkvalitet under etablering.

Støy

Regjeringa vil arbeide for å redusere støyplager gjennom å følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktingar. Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for støy og ei koordinerande rolle overfor andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere støyplager. Dei

ulike sektordepartementa har hovudansvaret for å sikre at støypлага blir redusert innanfor sin samfunnssektor, og å medverke til at det nasjonale målet for støy kan bli nådd.

Talet på støypлага personar blant dei som var utsette for høg støy ved bustaden i 1999 er redusert med 9 pst. mellom 1999 og 2014. I denne utrekninga er det ikkje teke omsyn til folkevekst eller tilflytting til område som er plaga av støy. Generelt vil trafikkvekst og folkevekst i område påverka av støy føre til fleire støyutsette, noko som forklarar kvifor vi samtidig opplever ein generell auke i talet på nordmenn som er utsette for støy. Talet på personar utsette for høg innandørs støy aukar. Utviklinga viser at det kan bli vanskelig å nå det fastsette målet om at talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støynivå skal reduserast med 30 pst. frå 2005 til 2020, og det trengst fleire tiltak.

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav om at anleggseigarar gjennomfører støyreduserande tiltak ved/på bustader der innandørs støy overstig 42 dB. EUs rammedirektiv for støy er òg teke inn i forureiningsforskrifta, og i tråd med dette skal anleggseigarar og dei største bykommunane kartleggje støy og utarbeide handlingsplanar for å redusere støy.

Ei rekkje tiltak er fastsette i ein nasjonal handlingsplan mot støy. Det blir arbeidd med ei oppdatering av denne for perioden fram til 2020.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er kanskje det viktigaste, og mest kostnadseffektive, verkemiddelet for å førebyggje støyproblem. Det er gitt ei felles retningslinje (T-1442/2016) for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene. Retningslinja ble oppdatert i 2016 i tråd med nye fastsatte grenseverdier for skytebanestøy. Miljødirektoratet har laga ei rettleiing til retningslinja som blir oppdatert fortløpande i samarbeid med andre etatar og anleggseigarar.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for klima

Dei nasjonale måla på klimaområdet omfattar mål for 2020, 2030 og 2050. For å redusere utsleppa og omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn i tråd med klimalova forsterkar regjeringa stadig verkemiddelbruken. Regjeringa sin politikk nasjonalt må sjåast i samheng med Noregs internasjonale forpliktingar og satsingar.

Dei viktigaste verkemidla i norsk klimapolitikk er CO₂-avgifta og EUs kvotesystem, som set ein pris på utslepp av klimagassar. Om lag 80 pst. av dei samla norske utsleppa er omfatta av desse ver-

kemidla. Miljødirektoratet har ansvaret for kvotesystemet og den norske kvoterekneskapen under Kyoto-protokollen. Nærare detaljar om CO₂-avgifta står i Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter og avgifter 2018* frå Finansdepartementet.

Verkemiddel som medverkar til innovasjon og teknologiutvikling innan klima- og lågutsleppsløysingar er sentralt. Dette gjeld både generelle ordningar under Noregs Forskingsråd, Innovasjon Noreg og andre aktørar i FoU-systemet, og tematiske eller øyremerkte midlar som blant anna miljøteknologiordninga under Innovasjon Noreg og satsinga på ny energi- og klimateknologi under Enova. Forskingsrådet har samla sett ei rekkje verkemiddel som medverkar til å støtte målet om at Noreg fram mot 2050 skal bli eit lågutsleppssamfunn. Ein stor del av innsatsen er innretta for å utvikle ny lågutsleppsteknologi. Men for å realisere utsleppsreduksjonane som teknologien gjer mogleg, er det avgjerande å handtere ikkje-teknologiske utfordringar. Denne forskinga ser blant anna på verkemiddelstruktur, kommunikasjon og kompetanse i næringslivet og hos forbrukarar. Ein stadig større del av befolkninga bur i byar, bynære område og tettstader. Den offentleg finansierte forskingsinnsatsen må medverke til nye løysingar for næringstransport i by, reduksjon av privat biltransport, kunnskap om effektar av tiltak og verkemiddel.

I tillegg blir det nytta andre verkemiddel, mellom anna direkte regulering, standardar, avtaler og tilskot til utsleppsreduserande tiltak. Klimagassutsleppa er mellom anna regulert i forureiningslova, plan- og bygningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging har blant anna som mål at utbyggingsmønster og transportsystem skal fremje kompakte byar og tettstader og leggje til rette for klima- og miljøvennleg transport.

Klimatilpassing

Klima- og miljødepartementet har ansvar for å leggje til rette for regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing. Frå 1. januar 2014 har Miljødirektoratet vore den fagetaten som støttar Klima- og miljødepartementet i dette arbeidet og koordinerer det heilskaplege klimatilpassingsarbeidet. Direktoratet støttar departementet med å følgje opp stortingsmeldinga om *klimatilpassing* (Meld. St. 33 (2012–2013)), i politikkkutforming, medverkar til at regjeringas arbeid med klimatilpassing blir følgt opp av forvaltninga og i samfunnet, og støttar departementet i internasjonalt klimatilpas-

singsarbeid. Midlane til klimatilpassing på Klima- og miljødepartementets budsjett blir føreslått førte vidare frå 2017 til 2018 under Miljødirektoratet. Det er sett av 6,4 mill. kroner til ei tilskotsordning for kommunar.

Ansvarsprinsippet ligg fast og alle departement har ansvar for å ta omsyn til klimaendringa i eigen sektor. Ein rekkje statlege etatar har derfor òg ansvar knytt opp mot klimatilpassingsarbeidet. Sjå nærare omtale av arbeidet med klimatilpassing under del III, kap. 8.4.

Internasjonalt klimaarbeid

Parisavtala blir eit avgjerande fundament for større innsats for å redusere klimagassutsleppa og å tilpasse seg klimaendringar. Arbeidet må følgjast opp dei neste åra, og Noreg vil vere med å utvikle regelverk under Parisavtala. Klima- og skoginitiativet er Noreg si største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimakvotar i dag vårt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland (sjå omtale under programkategori 12.70). Andre hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet er innrettinga av klimafinansiering i den nye klimaavtala, utviklinga av internasjonale karbonmarknader og utfasing av subsidiar til fossile brensle, og reduksjon av utslepp av kortlevde klimaforureiningar. Noreg har også ratifisert Kigali-endringane til Montrealprotokollen, som vart vedtekne i 2016 og regulerer klimagassane HFK. Regjeringa arbeider innanfor FNs sjøfartsorganisasjon (IMO) og FNs luftfartsorganisasjon (ICAO) for å utvikle regelverk for å redusere klimagassutsleppa frå internasjonal transport med skip og fly.

Parisavtala

Parisavtala under FNs klimakonvensjon tok til å gjelde 4. november 2016 då eit tilstrekkeleg tal land hadde ratifisert avtala. Den var eit vendepunkt for internasjonalt samarbeid på klimaområdet, og representerer, saman med klimakonvensjonen, eit solid rammeverk for framtidig global klimainnsats. Ved utgangen av september har 166 land ratifisert avtala. USA har på den andre sida signalisert at dei vil melde seg ut av Parisavtala.

Det overordna formålet med Parisavtala er å styrkje den globale responsen på klimautfordringane. Dette skal blant annet gjerast ved å halde den globale temperaturauken godt under 2 grader Celsius samanlikna med førindustrielt nivå, og prøve å avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Landa si evne til å handtere skadeverknadene av

klimaendringane skal styrkjast. Det er og oppgitt som eit formål at finansstraumane gjerast forenelege med ein klimarobust lågutsleppsutvikling og avtalen har derfor bestemmelser om støtte til utviklingsland for omstilling til lågutsleppsutvikling.

Med Parisavtala tek alle statar på seg å utarbeide, melde inn, oppretthalde og rapportere på suksessive nasjonalt fastsette bidrag, og å setje i verk nasjonale tiltak med sikte på å nå sine nasjonalt fastsette bidrag. Det er stor forskjell i korleis landa har utforma sine innspel. FNs klimasekretariatet sine utrekningar viser likevel at dei globale utsleppa vil halde fram med å vekse. Dei nasjonalt fastsette bidraga som no ligg til grunn for Parisavtala vil innebere eit globalt utsleppsnivå på rundt 55 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar årleg i 2030, mens utviklingsbana i tråd med togradersmålet peiker mot eit nivå på utsleppa på om lag 40 mrd. tonn i 2030. Det er derfor eit stort behov for auka ambisjonar over tid gjennom den fastlagte 5 årige ambisjonssyklusen under Parisavtala. Mange av måla er dessutan uklare, noko som viser at betre rettleiing for korleis mål skal utformast og følgjast opp er naudsynt.

Regjeringa vil føre vidare innsatsen for eit sterkt internasjonalt klimaregime i 2018. I 2018 skal regelverket for gjennomføringa av Parisavtala på plass. Regelverket vil gjere avtalas føresegner gjennomførbare, understøtte progresjon i landas innsats og ved gode insitament og prosessar hjelpe partane i å utvikle klarare og meir ambisiøse mål.

Noreg arbeider derfor for at regelverket for informasjon, rapportering og bokføring medverkar til å gi partane den naudsynte rettleiinga slik at måla kan samanliknas og summerast og for at landa over tid kan arbeide fram betre og meir heilskaplege mål under Parisavtala. Dette er svært viktig for at vi kan frambringe ei oversikt over progresjon fram mot avtala sine temperaturmålsetjingar og for å skape naudsynt tillit til at landa leverer som lova.

Det er store meiningsskilnader om utforminga av rettleiinga og det er venta at 2018 vil bli eit krevjande forhandlingsår.

Samtidig skal det i 2018 gjennomførast ein fasilitativ dialog som skal vurdere kollektiv framdrift i arbeidet med utsleppsreduksjoner mellom anna for å informere dei nasjonalt fastsette bidragene som land skal kommunisere innan 2020.

For tilliten i klimaforhandlingane er det også viktig at dei industrialiserte landa held fram med å oppskalere si klimafinansiering til utviklingslanda. Dei industrialiserte landa har ei kollektiv forplikting om å mobilisere 100 mrd. dollar årleg i slik finansiering innan 2020.

Felles oppfyllding av klimamål for 2030

Som eit bidrag til Parisavtala har både Noreg og EU meldt inn forpliktingar på visse vilkår på minst 40 pst. reduksjon i klimagassutslepp innan 2030 samanlikna med 1990. Noreg og EU arbeider no for at dette skal skje gjennom ei felles oppfyllding av klimamåla. Ei slik avtale mellom Noreg og EU vil innebere at Noreg vil medverke til gjennomføring av utsleppsreduksjonar på 43 pst. samanlikna med 2005 innanfor EU sitt kvotesystem (kvotepliktig sektor). Noreg vil òg medverke til utsleppsreduksjonar i ikkje kvotepliktig sektor, der dei samla utsleppa i EU skal kuttast med 30 pst. frå 2005 til 2030. Innsatsen som er naudsynt for å få til dette skal fordelast mellom landa gjennom bindande utsleppsmål. Ei avtale med EU vil innebere at Noreg vil få eit nasjonalt utsleppsmål for ikkje-kvotepliktig sektor på linje med samanliknbare EU-land.

EU-kommisjonen la 20. juli 2016 fram sitt forslag til bindande utsleppsmål i ikkje-kvotepliktig sektor for EU-landa. Måla til kvart land er i spennet 0 til 40 pst. Fordelinga vert gjort ut frå BNP per innbyggjar, der dei rikaste landa må kutte mest. Dessutan skal måla til dei rikaste landa justerast ut frå omsynet til kostnadseffektivitet, slik at måla til dei landa med høgast kostnader vert lågare. Denne omfordelinga mellom dei rikaste landa vil mellom anna bli gjort på bakgrunn av modellkøyningar der Kommisjonen har analysert kostnader for dei enkelte landa.

Noreg er omtalt i den forklarande innleiinga til forslaget, der EU-kommisjonen foreslår eit førebels mål for Noreg på 40 pst. Kommisjonen sitt forslag til mål for Noreg er ikkje basert på modellkøyningar, slik tilfellet er for EU-landa. Vårt førebels mål er i staden rekna ut frå Noregs BNP. Det skal òg gjerast modellkøyningar for Noreg. Etter at desse er ferdige, vil Kommisjonen komme med eit endeleg forslag til norsk mål ut frå same grunnlag som medlemslanda. EU-kommisjonen sitt forslag opnar for at landa kan nytte såkalla fleksibilitetsmekanismer til å oppfylle måla i ikkje kvotepliktig sektor. Land som kuttar utsleppa meir enn dei er forplikta til, kan selje utsleppskutta (såkalla AEA-einingar) til andre land. EU-kommisjonen foreslår òg ein avgrensa tilgang til å bruke utsleppsrettar frå EU sitt kvotesystem til å oppfylle landa sine mål for ikkje kvotepliktige sektorar. Dei landa der utsleppsreducerande tiltak kostar mest vil få størst tilgang til å bruke slike utsleppsrettar. Basert på forslaget til regelverk vil vi truleg få høve til å bruke 5,5–11 mill. klimakvotar frå det europeiske kvotesystemet til å

dekkje utsleppsbudsjettet. Regjeringa vil nytte seg fullt ut av denne fleksibiliteten. Regjeringa vil oppfylle 2030-målet for ikkje-kvotepliktige utslepp med hovudvekt på innanlandske utsleppsreduksjonar. Dersom det blir nødvendig og viser seg å vere kostnadseffektivt, er det òg lagt opp til at Noreg også skal kunne nytte fleksibilitet i form av direkte kjøp av utsleppseiningar frå andre land.

Europakommisjonen har foreslått eit eige regelverk for skog- og arealbrukssektoren. Etter forslaget er landa forplikta til å sikre at dei bokførte utsleppa frå sektoren ikkje er større enn det bokførte opptaket. Det er òg foreslått korleis utslepp og opptak frå ulike arealkategoriar som forvalta skog, avskoging, påskoging, dyrka mark og beitemark, skal bokførast. Forslaget inneber mellom anna ein avgrensa tilgang til å bruke visse kredittar frå skog- og arealbrukssektoren mot innsatsfordelinga. Det er berre visse typar kredittar som kan brukast, i hovudsak knytt til at nyplanta skog som må ha eit større opptak enn utslepp frå avskoga areal, beitemark og dyrka mark. For at eit land skal kunne bruke eller selje skogkredittar, må landet sin skog- og arealbrukssektor vere bokført med netto opptak av CO₂. Denne tilgangen er kopla til landa sine utslepp frå jordbruket. Landa med størst utslepp frå jordbruket får størst tilgang til å bruke slike kredittar. I Noreg er det eit netto utslepp frå av- og påskoging, beitemark og dyrka mark. Det er derfor lite truleg at Noreg får nytta skogkredittar til å nå måla under innsatsfordelinga, etter forslaget til regelverk. Foreløpige og særst usikre berekningar syner at Noreg med Europakommisjonen sitt forslag ligg an til å bokføre eit utslepp på til saman 15 millionar tonn CO₂ i perioden 2021–2030. Noreg vil i tillegg kunne få bokført eit utslepp frå forvalta skog dersom hogstintensiteten blir høgare enn i den historiske referanseperioden. I tillegg kan Noreg få bokført eit utslutt frå lagra treprodukt. Utforminga av regelverket vil kunne få stor innverknad på Noreg sitt utsleppsbudsjett fram mot 2030. Nærare omtale av forslaget og moglege konsekvensar for Noreg står i Meld. St. 41 (2016–2017). EU-kommisjonen sitt forslag vert diskutert i Rådet og i Europaparlamentet denne hausten. Det er venta endringar i regelverket samanlikna med Kommisjonens forslag, mellom anna i reglane for fastsettning av mål for landa og korleis utslepp og opptak frå skog- og arealbrukssektoren skal reknast med. Det er særskilt bokføringsreglane for forvalta skog som har vore diskuterte blant EU-landa. Noreg tek del i relevante fora og er i dialog med andre skogland om moglege alternative løysingar. Noreg har òg sendt EU-landa skriftleg orientering

om norske synspunkt på det foreslåtte regelverket. Noregs overordna posisjon er at bokføringsregelverket for skog- og arealbrukssektoren ikkje skal bidra til å redusere ambisjonsnivået til klimarammeverket, og at berekraftig forvalta biomasse frå skog er ein viktig del av løysinga for eit lågut-sleppssamhelde. Det er venta at Rådet, Europaparlamentet og Europakommisjonen er klare for såkalla trilogforhandlingar om korleis det endelege regelverket blir i november. EU tek sikte på å vedta eit regelverk i løpet av året.

Det er òg mogeleg at Rådet og Europaparlamentet vil ønskje å gjere endringar i andre delar av Kommisjonens forslag, til dømes reglane om i kva grad dei ulike landa kan samarbeide om utsleppskutt. Ei avtale mellom Noreg og EU kan ikkje ventast før tidlegast i 2018, etter at EU har vedteke sitt regelverk. Regjeringa er i dialog med EU om å forankre avtala om felles oppfyljing i EØS-avtala protokoll 31 om samarbeid utanfor dei fire friheitene. Protokoll 31 opnar for frivillig samarbeid utanfor dei fire friheitene på område der avtalepartane har konstatert felles interesse om samarbeid, men der det i utgangspunktet ikkje ligg føre forplikningar til å samarbeid innanfor ramma av EØS-avtala.

Klimafinansiering

Noreg har vore eit føregangsland i å innrette klimafinansieringa på ein langsiktig og føreseieleg måte. Særleg gjeld dette Klima- og skoginitiativet. Regjeringa foreslår å setje av 3 mrd. kroner til satsinga i 2018. I Innst. S (2016–2017) til Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles framtid* har Stortinget vedtatt at Klima- og skoginitiativet skal vidareførast på et høgt nivå fram til 2030. Noreg har tidlegare forplikta seg til å overføre 1,6 mrd. kroner til Det grønne klimafondet i perioden 2015–2018. Dette er eit av dei høgaste bidraga målt pr. innbyggjar. I Paris annonserte statsministeren òg at vi vil auke vårt bidrag til Det grønne klimafondet betydeleg. Dersom fondet sikrar verifiserte utsleppsreduksjonar frå avskoging og skogforringing i utviklingsland vil auken til saman tilsvare ei dobling av vårt bidrag innan 2020.

Framhalden norsk støtte til klimatiltak i utviklingsland er svært viktig ei effektiv gjennomføring av Parisavtala. I Meld. St. 24 (2016–2017) *Felles ansvar for felles framtid* har regjeringa signalisert at den vil auke nivået på klimafinansieringa. Fornybar energi vil ha ein sentral plass i den norske innsatsen, og regjeringa seier i meldinga at den vil doble bistanden til fornybar energi. Norsk klimafinansiering skal framover innrettast slik at

den medverkar til transformativ tiltak med verifiserbar reell klimaeffekt. Vårt sterke engasjement for resultatbasert finansiering blir særleg følgt opp gjennom Klima- og skoginitiativet, arbeidet i Det grønne klimafondet og statens kvotekjøpsprogram. Gjennomføring av Parisavtala og støtte til utviklingsland sitt arbeid sine innmelde klimaplanar (NDC) vil vere ei viktig føring for innretninga av klimafinansieringa framover. Parisavtalas artikkel 2.1, slår fast at finansieringsstraumar må gjerast konsistente med ei utvikling med låge utslepp av klimagassar og klimarobustheit. Dette understrekar betydninga av å bruke offentlege midlar og verktøy smart slik at private investeringar dreier seg i retning av lågutsleppsløysingar og -teknologi. Norfund er eit viktig verkemiddel i denne samanhengen. Regjeringa har i utviklingsmeldinga sagt at den vil auke bidraga til Norfund med 50 pst. i neste stortingsperiode. Stortinget har tidlegare stilt krav om at 50 pst. av tilførte midlar til Norfund skal nyttast til investeringar i fornybar energi. Å mobilisere private investeringar til privat klimafinansiering er også eit viktig mål for Det grønne klimafondet, som har ein eigen privat sektor fasilitet.

Parisavtala har gitt mandat til partane under avtala om å utvikle eit felles system for måling og rapportering knytt til tiltak og støtte. Systemet inneber at vi venteleg vil kunne rekneskapsføre både tradisjonell bistand, andre offisielle straumar og private midlar som er mobiliserte gjennom offentlege verkemiddel.

Internasjonale karbonmarknader, prising av utslepp og utfasing av subsidiar til fossile brensle

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet for å setje ein pris på CO₂, og for utvikling av effektive, fungerande internasjonale karbonmarknader.

Dagens prisar på utslepp er for låge til å gi insentiv til naudsynt teknologisk utvikling og omsitting. Ein ny og meir ambisjøs klimapolitikk globalt vil medverke til høgare prisar. Parisavtala har etablert ei ramma for marknadsbasert samarbeid mellom land etter 2020. Noreg arbeider aktivt gjennom klimaforhandlingane for å sikre ei god innretning av marknadsbasert samarbeid under Parisavtala, samtidig som ein gjennom deltaking i Transformative Carbon Asset Facility tek del i arbeidet med å utvikle pilotar for å teste ut nye former for samarbeid innanfor ramma av Parisavtala.

FNs organisasjon for sivil luftfart (ICAO) vedtok på si generalforsamling i oktober 2016 å etablere ein global marknadsbasert mekanisme for å kjøpe utsleppsreduksjonar frå andre sektorar, som

eit bidrag til å nå målet om karbonnøytral vekst i internasjonal luftfart etter 2020. Dei første seks åra vil det bli frivillig deltaking. 67 statar, deriblant Noreg og 43 andre europeiske land, har så langt meldt at dei vil delta frivillig. Kjøp av utsleppsreduksjonar skal komme i tillegg til meir effektive flymotorar, nye fly, teknologiutvekling, mindre omvegar på flyrutene, grønne landinger og utveking av alternativt berekraftig drivstoff.

Bruk av ulike former for marknadsmekanismar har både ført til store utsleppsreduksjonar og investeringar i mange utviklingsland. Den grønne utviklingsmekanismen (CDM), som ligg til grunn for statens kvotekjøpsprogram, har ifølgje berekingar gjort av FN's Klimasekretariat (UNFCCC) så langt ført til meir enn 1,8 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i verifiserte reduserte utslepp. Dei faktiske reduksjonane av utslepp er utrekna til å vere om lag fire gonger så høge. I tillegg har utviklingsland sin bruk av fleksible mekanismar ført til store investeringar i desse landa, og vist korleis ein kan gjennomføre tiltak som ikkje berre reduserer utslepp av drivhusgassar, men også har stor utviklingseffekt, til dømes gjennom redusert lokal forureining, og tilgang på fornybar energi.

Regjeringa arbeider òg for utfasing av subsidiar på fossilt brensel. Globalt har det dei sinare åra blitt brukt opp til 500 mrd. US dollar årlig på subsidiar for lågare brenselprisar til forbrukar. Beløpet varierer og var i 2015 nede i ca. 325 mrd. USD mellom anna fordi land som Mexico, Indonesia og India hev gjennomført subsidiereform. Dette er uansett eit beløp som tilsvarer det trefiredobbelte av kva som blir brukt på utviklingsbistand frå OECD-landa samla. IEA (Paul Simons, Marrakech 15.11.16) meiner at utfasing av subsidiar på fossilt brensel er av dei viktigste tiltaka land kan gjere for at utsleppa av drivhusgassar skal slutte å auke rundt år 2020. Klimagevinsten aukar endå meir dersom nokre av dei innsparte midlane blir reinvesterte i energieffektivisering eller fornybar energi.

Den norske innsatsen skjer blant anna gjennom Vennegruppa for reform av fossile subsidiar saman med dei andre nordiske landa og Costa Rica, Etiopia, New Zealand og Sveits. Eit aukande tal land har støtta Vennegruppas initiativ for subsidiereform. Det er òg ein klart aukande tendens til at land i ulike verdsdelar set i gang slikt reformarbeid i praksis.

Noreg medverkar òg til utgreiingsarbeid gjennom Nordisk Ministerråd der ein ser på situasjonen – og endringsmoglegheiter – for konkrete sektorar i enkelte utviklingsland,

Noreg arbeider òg for utfasing av fossile subsidiar gjennom andre kanalar og vedtok i 2015 å bruke 100 mill. kroner på dette arbeidet over ein treårsperiode.

Kortlevde klimaforureiningar

Kortlevde klimaforureiningar er oppvarmande og avkjølande gassar og partiklar med relativt kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂ (blant anna metan, svart karbon og hydrofluorkarbon). Ved å redusere kortliva klimaforureining vil ein kunne redusere oppvarmingshastigheita, og det er derfor eit viktig bidrag for å begrense den globale oppvarminga i nær framtid. Ein del av tiltaka for å redusere desse utsleppa har òg ei rekkje andre fordelar som betre luftkvalitet, helse og jordbruksproduktivitet. Noreg arbeider internasjonalt for å redusere utsleppa av kortlevde klimaforureiningar.

Utanriksministermøtet under Arktisk råd vedtok i 2015 at dei arktiske landa skal redusere utsleppa sine av svart karbon og metan. I 2017 blei utenriksministermøtet samd eit kollektivt mål om å samla redusere utsleppa av svart karbon (sot) med mellom 25 og 33 pst. innan 2025, samanlikna med 2013. Berekna utsleppsreduksjon utan nye tiltak er 22 pst. Det kollektive målet er ikkje juridisk bindende. Målet skal vurderast på nytt i løpet av dei neste to åra, med sikte på å auke ambisjonane ytterlegare. Svart karbon har ein særskilt oppvarmande effekt når det blir sleppt ut i nærleiken til dei arktiske områda, då partiklane legg seg på is og snø og hindrar at solstrålane blir reflekterte tilbake til atmosfæren. Dei arktiske landa står for ti prosent av dei globale utsleppa av svart karbon, men bidrar til tretti prosent av oppvarmingseffekten i Arktis. Noreg har tatt i bruk mange verkemidler som reduserer utslepp av svart karbon og som fortsatt vil ha verknad. Noreg har hatt ei pådrivarrolle for å få landa med størst utslepp med på eit kollektivt mål for reduksjon av svart karbon.

Noreg har sidan hausten 2014 sete i styringskomiteen til Koalisjonen for klima og rein luft (Climate and Clean Air Coalition, CCAC). Koalisjonen vart skapt i 2012 og har no over 100 land og organisasjonar som medlemmar. I koalisjonen har Regjeringa vore særleg engasjert i å redusere utslepp av metan og sot frå olje og gassektoren, og i å framheve helsegevinstane av utsleppsreduksjonar.

I oktober 2016 vart det vedteke å fase ned produksjon og forbruk av hydrofluorkarbon (HFK) under Montrealprotokollen. HFK-gassar blir nytta som erstatning for fleire av dei ozonreducerande

Boks 7.2 Nedfasing av hydrofluorkarbon under Montrealprotokollen

På det 28. partsmøtet under Montrealprotokollen i oktober 2016, i Kigali, Rwanda, vart det vedteke å regulere dei sterke klimagassane hydrofluorkarbon (HFK) under Montrealprotokollen. Vedtaket, som har fått navnet Kigali-endringane (Kigali Amendment), vil ifølgje FNs miljøprogram bidra til at vi unngår opp til 0,5°C oppvarming innan 2100.

Noreg og fleire andre land har lenge sett på regulering av HFK under Montrealprotokollen som det mest effektive verkemidlet for å stanse den raskt aukande globale veksten i bruken av desse gassane. Det globale forbruket av HFK har sidan midten av 1990-åra auka raskt som følge av at HFK-gassar er blitt tekne i bruk som erstatning for ozonnedbrytande gassar, og på grunn av generell velstandsutvikling. Framskrivningar frå det tekniske og økonomiske panelet under Montrealprotokollen viser at utan iverksette tiltak ville auken ha ført til årleg forbruk til-

svarande seks mrd. tonn CO₂-ekvivalentar innan 2050. Utviklingslanda har allereie ein høgare bruk av HFK-gassar enn dei industrialiserte landa, og det meste av veksten i forbruk er venta å finne stad i desse landa.

Montrealprotokollen har universell oppslutning og alle land har påteke seg forpliktingar. Kigali-endringane inneber at partane forpliktar seg til gradvis å redusere forbruk og produksjon av HFK. Nedfasingstakten er ulik for utviklingsland og industriland, og visse land har fått unntak blant anna i form av ei forseinka nedfasing. I samsvar med Kigali-endringane er Noregs første reduksjonsforplikting å redusere forbruket av HFK med 10 pst. innan 2019. Sjå Prop. 103 S (2016–2017) «Om samtykke til ratifikasjon av endringaer av 15. oktober 2016 i Montrealprotokollen om stoff som reduserer ozonlaget av 16. september 1987», for meir informasjon.

gassane, og er sterke klimagassar, men dei fleste HFK-gassene har kort levetid i atmosfæren samanlikna med CO₂.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på om lag 4,2 mrd. kroner i 2018. Tabellen under

syner at dette er ein reduksjon på 12 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2017.

Budsjettmidlar til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging, artsprosjektet og liknande) er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1420	Miljødirektoratet	3 345 306	4 602 910	4 025 524	-12,5
1422	Miljøvennleg skipsfart	6 126	5 322	5 438	2,2
1423	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	14 282	15 586	16 735	7,4
1424	MAREANO	23 704	38 585	39 429	2,2
1425	Vilt- og fisketiltak	82 915	87 793	95 309	8,6
	Sum kategori 12.20	3 472 333	4 750 196	4 182 435	-12,0

Kap. 1420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	591 370	667 766	666 264
21	Spesielle driftsutgifter	179 827	225 072	243 020
22	Statlege vassmiljøtiltak	273 305	297 552	245 964
23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overførast</i>	133 263	148 941	137 162
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	41 992	32 460	32 460
31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	60 911	74 419	74 419
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	4 598	5 222	3 006
33	Statlege tileigningar, nytt vern, <i>kan overførast</i>	354	9 062	5 062
34	Statlege tileigningar, nasjonalparkar, <i>kan overførast</i>	96 732	52 650	
35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overførast</i>	390 055	442 112	392 612
37	Skogplanting, <i>kan overførast</i>	1 170	14 375	10 375
38	Restaurering av myr og anna våtmark, <i>kan overførast</i>	4 027	23 625	20 625
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	6 291	12 483	12 483
61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overførast</i>	6 758	156 920	106 920
63	Returordning for kasserte fritidsbåtar			20 000
64	Skrantesjueprøver frå fallvilt			1 700
65	Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold			20 000
69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	41 251	271 562	96 962
70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	24 089	54 755	34 755
71	Marin forsøpling, <i>kan overførast</i>	15 261	35 290	20 290
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	104 640	148 892	140 892
73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	65 079	70 051	70 051
74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	497 897	671 284	496 041
75	Utbetaling av vrakpant, <i>overslagsløyving</i>	412 190	731 760	701 518
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	87 550	76 042	119 462
77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	12 455	14 416	14 416

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
78	Friluftsmål, <i>kan overførast</i>	157 578	181 821	179 821
79	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	844	450	450
81	Naturarv og kulturlandskap, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	25 986	48 261	51 261
82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overførast</i>	51 323	74 989	40 455
84	Internasjonalt samarbeid	4 832	4 964	4 964
85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overførast</i>	53 678	55 714	62 114
Sum kap. 1420		3 345 306	4 602 910	4 025 524

Midlane under budsjettkapitlet er retta mot alle resultatområde med unntak for resultatområde Kulturminne og kulturmiljø.

Miljødirektoratets rolle og oppgåver

Miljødirektoratet er Klima- og miljødepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan klima, naturforvaltning, forureining og friluftsliv. Hovudoppgåvene er å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfaldet og sikre den naturlege produksjonsevna, hindre forureining og leggje til rette for friluftsliv. Dette betyr mellom anna å leggje til rette for å ta vare på naturen, berekraftig bruk og verdiskaping.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling og dei nasjonale miljømåla gir hovudramma for arbeidet i Miljødirektoratet. Staten sine funksjonar er å skaffe og formidle miljøinformasjon, utøve forvaltingsmynde, styre og rettleie regionalt og kommunalt nivå, gi faglege råd og delta i internasjonalt miljøarbeid.

Arbeidet som Miljødirektoratet utfører er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal klima- og miljøpolitikk, og å få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

På klimaområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med tiltaksanalysar for reduksjon i klimagassutslepp, utvikling og drift av klimagassrekneskapan, overvaking av klimaendringar og verknader av klimaendringar på naturmangfald. Direktoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under Klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er direktoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FN

klimateam og koordinerer alle prosessar knytte til klimapanelets arbeid.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å leggje til rette for regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing, og Miljødirektoratet er departementets fagetat på dette området.

På naturforvaltingsområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med å sikre ei kunnskapsbasert forvaltning der økosystema har god tilstand og leverer økosystemtenester, etablering og forvaltning av verneområde og forvaltning av truga arter og naturtypar, under dette etablering og forvaltning av prioriterte arter og utvalte naturtypar. Andre viktige oppgåver er forvaltning av rovvilt, vassforvaltning, heilskapleg havforvaltning, marin naturforvaltning og forvaltning av villaks, innlandsfisk, villrein og anna haustbart vilt. På same måte som på klimaområdet deltek etaten i dei internasjonale forhandlingane under Konvensjonen om biologisk mangfald. Direktoratet er Noregs nasjonale kontaktpunkt for det internasjonale naturpanelet (IPBES), og koordinerer alle prosessar knytt til naturpanelet sitt arbeid. Ei teknisk støtteining for kapasitetsbygging er etablert i Miljødirektoratet.

Etaten medverkar vidare til at omsynet til langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Statens naturoppsyn er ein del av Miljødirektoratet, og har med heimel i lov om statlig naturoppsyn ansvar for å føre tilsyn med naturtilstanden og oppsyn med at reglane i miljølovgivinga blir følgde. Statens naturoppsyn er òg kompetansmiljø for gjennomføring av skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområda.

Tilrettelegging for friluftsliv, motivering av befolkninga til å utøve friluftsliv og sikring og forvaltning av friluftslivsområde er òg viktige oppgåver for Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet samordnar det sektorovergripande arbeidet på forureiningsområdet, og samarbeider med sektorane om faktagrunnlag, analysar og vidareutvikling av tiltak og verkemiddel. Viktige oppgåver på forureiningsområdet er arbeidet med å redusere og førebyggje bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, arbeidet for å reinske opp i forureina sjøbotn og forureina grunn, hindre forureining i vassdrag og langs kysten, å førebyggje og hindre oljeforureining, å redusere luftforureiningar og å auke ressursutnyttinga og redusere miljøproblem knytte til avfall. Direktoratet er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid på desse områda. Etaten har vidare ansvar for å gjennomføre risikobasert tilsyn.

Miljødirektoratet har brei oversikt over naturtilstand og forureining i Noreg, og rapporterer dette fortløpande til resten av miljøforvaltninga, andre sektorar og allmenta mellom anna gjennom Miljøstatus.no. Etaten har òg fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavdelingane hos fylkesmannen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten dekkjer løns- og driftsutgifter til verksemda ved Miljødirektoratets to hovudkontor i Trondheim og Oslo, og dei lokale kontora til Statens naturoppsyn rundt omkring i landet. Meir spesifikt dekkjer posten løn til faste og mellomtids tilsette, husleige, reiser, IKT-utgifter, informasjon, formidling og drift av miljøinformasjonssystem og ulike nettstader. Posten dekkjer òg drift av CO₂-kompensasjonsordninga, jf. omtale under post 74 og klimasatsordninga. For ei vidare utgreiing om kva slags føremål løyvinga går til, viser vi til omtala under «Miljødirektoratets rolle og oppgåver» over.

Utgifter knytte til oppdrag som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog, er dekte av posten. Inntektene for desse er førte under kap. 4420 post 01.

Samla sett er posten redusert med 1,5 mill. kroner. Til å dekkje kostnadene ved lønsoppgjering i staten i 2017 er det lagt inn 4,9 mill. kroner. Til posten er det flytt 4 mill. kroner frå kap. 1420 post 37 til Fylkesmannens driftsutgifter ved arbeid med skogplanting. Som ei oppfølging av vedtak i revidert nasjonalbudsjett 2017 (jf. Prop. 129 S og

Innst. 401 S (2016–2017)) er løyvinga auka med 3,3 mill. kroner til ekstrakostnader i Statens naturoppsyn i arbeidet med ulv. I samband med at Miljødirektoratet tek over ansvaret for fleire IT-system i dei andre miljøetatane, er det lagt inn 3 mill. kroner. Som prisjustering har posten fått 2,9 mill. kroner.

Som ei oppfølging av vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 om å føre over ansvaret for naturvegeliarane frå Statens naturoppsyn til naturinformasjonssentra, er 6,4 mill. kroner flytt frå posten til kap. 1420 post 85. Som del av ei generell innsparing for å få midlar til nye føremål i statsbudsjettet er posten redusert med 4,5 mill. kroner. I tillegg er det teke ut 3,6 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Vidare er det overført 3 mill. kroner til kap. 525 Fylkesmannsembeta under Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å dekkje løn til verneområdeforvaltarar. Posten er redusert med 0,9 mill. kroner i samband med justering av beløp knytt til omlegging av budsjettering av pensjonsutgiftene i staten. Som følgje av utrekna innsparinger i den statlege miljøforvaltninga ved bruk av digital post er posten redusert med 0,6 mill. kroner. I samband med overgang til Direktoratet for Økonomistyring (DFØ) for lønstenester, er det overført 0,6 mill. kroner til DFØ.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekt under kap. 4420 post 01.

Rapport 2016

Av rekneskapsførte utgifter i 2016 vart 71 pst. nytta til løn. Resten gjekk til husleige, energi, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kompetanse- og organisasjonsutvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten finansierer tiltaksretta forvaltingsoppgåver innan resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima.

Posten finansierer fleire av direktoratet sine oppgåver innan klima. Dette gjeld for eksempel arbeid knytt til FN's klimapanel (IPCC), utvikling og drift av klimarekneskapan, utgreiing for å støtte etatens arbeid med tiltak mot klimagassutslipp og kortlevde klimadrivarar, restaurering av våtmark, utvikling av verktøy for lokal klima- og energiplanlegging og utvikling av verktøy for å rekne ut lokal luftkvalitet. Posten dekkjer òg finansiering av ulike oppgåver innan klimatilpassing,

støtte til Klimaservicesenteret, pilotprosjekt og andre tiltak for auka kunnskap og kompetanse.

Posten dekkjer kostnadene med prosess før gjennomføring av verneplanar som er vedtekne av Stortinget. Dette gjeld skogvern der direktoratet finansierer noko av fylkesmannens arbeid, og delar av arbeidet med marint vern der etaten finansierer utgreiing av kunnskapsgrunnlaget og fylkesmannens arbeid. Utgifter til innhenting av kunnskap og arbeidet til lokale partar knytt til lokalt initierte nasjonalparkforslag blir òg finansierte frå denne posten. I tillegg dekkjer posten fylkesmennene og nasjonalparkstyra sitt arbeid med utarbeiding av forvaltingsplanar, kostnader til nasjonalparkstyre og tilsynsutval, og innføringa av merkevare- og besøksstrategi for nasjonalparkane og andre verneområde.

Tenestekjøp av oppsynsoppgåver som Statens naturoppsyn gjer hos Fjellstyra blir dekte over posten. Det samla tenestekjøpet frå Statens naturoppsyn til Fjellstyra blir dekt frå fleire postar under Klima- og miljødepartementets budsjett og omfattar òg andre operative feltoppgåver som tiltak i verneområde og skadedokumentasjon i samband med rovdyrtpap og naturovervaking. Dette er oppgåver som dels er styrt av hendingar og dels av konkrete bestillingar frå forvaltinga og nasjonalparkstyra, og er varierende med omsyn på årleg omfang og geografisk område. Miljødirektoratet vil som i tidlegare år kjøpe slike tenester etter behov og tilgjengeleg budsjetttramme.

Posten dekkjer også ymse utgifter knytt til nasjonal koordinering av Skjergardstenesta, og utgifter knytt til arbeidet med kartlegging og verdisetting av friluftslivsområde.

I samband med forvalting av rovvilt dekkjer posten drift av nasjonalt fagråd for overvaking av rovvilt og møtegodtgjersle for dei regionale rovviltneemdene. Posten dekkjer òg ordningar for vaktberedskap hos fylkesmennene og utviklings tiltak som er prioriterte av dei regionale rovviltneemdene.

Posten dekkjer utarbeiding og oppfølging av handlingsplanar og faggrunnlag for truga arter og naturtypar, under dette innhenting av naudsynt kunnskap og utreiingar. Midlane vert òg nytta til tenestekjøp knytt til rådgiving om skjøtsel og forvalting av truga artar og naturtyper. Tiltaka vert finansierte over post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar. Posten dekkjer vidare tenestekjøp knytt til Naturindeks for Noreg.

Fagsystem for nasjonal styring og rapportering, og oppfølging av forpliktingar i internasjonale konvensjonar, som Bernkonvensjonen og Ramsarkonvensjonen, blir òg dekte av posten.

Posten finansierer utvikling og drift av handlingsplanar mot framande arter. Avtala med Vitenskapskomiteen for mattryggleik om risikovurderingar knytte til innførsel av framande organismar, genmodifiserte organismar og mikroorganismar vert òg dekt over posten.

Posten blir brukt til kjøp av spisskompetanse for å vurdere helse- og miljøfare ved stoff som Noreg foreslår for reguleringar i EU og globalt. Den blir òg brukt til å få fram betre kunnskap om ulike kjelder til spreieing av miljøgifter, som eit ledd i å nå dei nasjonale måla på miljøgiftområdet, og til å sikre eit brukarvennleg elektronisk system for deklarerering av kjemikalier til Produktregisteret.

På avfallsområdet dekkjer posten utgifter til utgreiingar, og til å utvikle og drifte refusjonssystemet for spillolje. Vidare dekkjer posten utgifter direktoratet eventuelt får ved å måtte fjerne eigarlaus farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Samla sett er posten auka med 17,9 mill. kroner.

Som ei oppfølging av omdisponering i revidert nasjonalbudsjett 2017 (jf. Prop. 129 S og Innst. 401 S (2016–2017)) er det av omsyn til riktig budsjettering flytt 22 mill. kroner frå kap. 1420 post 82 til post 21. Midlane vil framleis bli brukte til arbeidet med truga arter og naturtypar. Som ei anna oppfølging av revidert nasjonalbudsjett er det lagt inn 4,1 mill. kroner til å følgje opp arbeidet med merking av ulv.

Posten har fått ei prisjustering på 5,7 mill. kroner. Til utgreiing av betydninga av predatorer for laksebestandene i Tanavassdraget i samsvar med uttalar frå energi- og miljøkomiteen i Innst 228 S (2016–2017) og forskning og kunnskapsinnhenting om bestandsutviklinga i Tanavassdraget (inkludert tradisjonell kunnskap), er det til saman lagt inn 1,5 mill. kroner. Til utvikling av standardiserte pålegg for miljøforbetring i regulerte vassdrag er det lagt inn 1 mill. kroner.

Direktoratets midlar til arbeidet som delsekretariat for det internasjonale naturpanelet er styrkt med 1 mill. kroner. Likeins er det lagt inn 1 mill. kroner til styrkt oppsyn med motorferdsel i utmark på land og i vatn. Til utgreiing av skilnader i terrengslitasje og andre forstyrningar frå bruk av sykkel vs. ferdsl til fots, er det lagt inn 1 mill. kroner. Prosjektet skal òg omfatte forskjellar mellom el-syklar og vanlege sykklar når det gjeld terrengslitasje og forstyrrelsar.

Det er lagt inn 1 mill. kroner til vidareutvikling av ekspertrådet for økologisk tilstand sine tilrådingar. Til utviding av forsøk med partssamansette verneområdestyrer, inkludert følgjeevaluering, er det lagt inn 0,3 mill. kroner.

Som ei oppfølging av vedtak i revidert nasjonalbudsjett 2017 er det flytt 5 mill. kroner til arbeidet med europeiske villreinregionar under kap. 1420 post 81. Midlane vart lagt inn på post 21 i budsjettforliket for 2017, men er flytt fordi midlane vil bli brukte som tilskot under programmet «Villrein fjellet som verdiskapar».

For å gjere plass til andre prioriteringar i statsbudsjettet er posten redusert med 1,5 mill. kroner. Som del av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma er posten redusert med 1,1 mill. kroner.

Som frå kap. 1420 post 01 er det også frå 21-posten overført 3 mill. kroner til kap. 525 Fylkesmannsemba under Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å dekkje løn til verneområdeforvaltarar. Vidare er det flytt 2 mill. kroner knytt til arbeidet mot framande arter til kap. 1400 post 76 fordi ein større del av midlane mot framande arter vil bli brukte som tilskot.

Etter avslutta periode er følgjande midlar tekne ut: 1,5 mill. kroner til tiltaket «Kommunika-

sjon: Mer målrettet på nett», 1 mill. kroner til utarbeiding av kvalitetsnorm for villrein, 1 mill. kroner til handlingsplan for sjøfugl, 1 mill. kroner på utgreiing av tiltak for å bevare økosystem, 0,8 mill. kroner til overvaking av ferdsels- og trafikktutvikling på Hjerkin, 0,75 mill. kroner på utgreiinger for avgrensa fylkesvis suppleringsvern, 0,5 mill. kroner til prosesskostnader for nasjonalparkane Jomfruland, Raet og Hjerkin, 0,5 mill. kroner på betre og likare motsegnspraksis hos fylkesmann og fylkeskommune (det står framleis inne 0,5 mill. kroner til betre motsegnspraksis i energisaker) og 0,5 mill. kroner til arbeid opp mot EUs regelverk for livsløpsanalysar og grønne produkt.

Rapport 2016

Midlane på posten blei i 2016 nytta til tiltak knytte til forvaltning av nasjonalparkar og andre verneområde, bekjemping av framande arter, forvaltning av truga arter og utvalde naturtypar og rovvilt, og arbeid knytt til klima og forureining.

Ein del av midlane er òg nytta til kjøp av naturoppsynstjenester. Om lag ein tredel av løyvinga på posten vart fordelt vidare til fylkesmennene til bruk i dei einskilde fylka.

Post 22 Statlege vassmiljøtiltak

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
22.1	Kalking	90 177	95 164	84 320
22.2	Anadrom laksefisk	113 574	100 300	72 907
22.3	Generell vassforvaltning	69 554	102 088	88 737
	Sum post 22	273 305	297 552	245 964

Midlane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten dekkjer ulike vassmiljøtiltak som ikkje er tilskot, under dette midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) og heilskapleg vassforvaltning. Tilskot til same føremål blir dekte over post 70.

Samla sett er posten redusert med 51,6 mill. kroner. Endringane blir forklarte under den einskilde underposten.

Underpost 1 dekkjer kjøp av kalkingstenester. Den del av kalkingsmidla som ligg på 22- posten

er redusert med 0,4 mill. kroner som del av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Underpost 2 dekkjer tiltak og forskning og utvikling knytt til forvaltning av anadrom laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, bevaring i genbank og styrking av kunnskapsgrunnlaget.

Midlane på underposten er samla sett reduserte med 37,6 mill. kroner. Investeringsmidlar på 19 mill. kroner er tekne ut i samband med at fiske-sperra i Driva vart ferdigstilt i 2017. Som omtala i samband med revidert nasjonalbudsjett under kap. 1420 (jf. Prop. 129 S (2016–2017)), legg regjeringa til grunn at dei 10 mill. kroner Stortin-

get løyvde i budsjettforliket 2017 til laksetrupper i Vefsna, var eit eingongstiltak. Underposten er i 2018-budsjettet derfor redusert med dette beløpet. Som ei oppfølging av at regjeringa tok ut investeringsmidlar til ny genbank for Hardangerlaksen i 2017-budsjettet, er det teke ut 4 mill. kroner til drift av genbank og innsamling av genetisk materiale frå fiskebestandane.

Underposten er vidare redusert med 2 mill. kroner fordi det er venta at evalueringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og –fjordar skal vere ferdig i løpet av 2017. Det same gjeld dei 2 mill. kroner som i 2017-budsjettet var sett av til reparasjon og oppgradering av genbankene på Haukvik og Herje. Som del av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma er underposten redusert med 0,6 mill. kroner.

Underpost 3 omfattar midlar til heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta og anna generell vassforvaltning. Frå denne posten blir det òg fordelt midlar til vassregionstyresmaktene og arbeidet i vassområda.

Samla er underposten redusert med 13,6 mill. kroner. For å gjere plass til andre prioriteringar i statsbudsjettet, er posten redusert med 13,1 mill. kroner. Som del av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma er underposten redusert med 0,5 mill. kroner.

Underpost 3 skal òg dekkje tiltak knytt til store. Tiltak mot krypsiv blir ført vidare med 3,5 mill. kroner.

Rapport 2016

Miljødirektoratet og fylkesmannen brukte 273 mill. kroner til ulike statlege vassmiljøtiltak i 2016. Om lag 32 pst. av midlane har vore nytta til kalking av vassdrag. Om lag 45 pst. har vore nytta til forvaltning av og tiltak for å ta vare på anadrom laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Om lag 23 pst. av midlane er nytta til generell vassforvaltning.

Kalking

Tilførsla av sur nedbør er sterkt redusert sidan toppnivåa på 1980-talet, men den positive utviklinga flata ut etter tusenårsskiftet. Enno er om lag 8 pst. av arealet i Noreg skadd av forsureing, og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen.

Totalt blir 22 lakseførande elvar i Noreg kalka. I dei elvane der laksen har gått tapt grunna sur nedbør er det etablert nye laksestammer. Det har vore godt laksefiske i mange av dei kalka elvane, med ein årleg totalfangst på 40–60 tonn (12–15 pst. av all laks fanga i norske elvar). Rapportar om kalkavslutning i lokale prosjekt blir følgde opp. Oppfølging av *Plan for kalking av vassdrag i Noreg 2016–2021* starta i 2016. I tillegg til den vanlege drifta blei det tildelt ekstra midlar til optimaliseringstiltak i Agder og Rogaland, mellom anna til nye kalkningsdoserarar og flytting av doserarar.

Anadrom laksefisk

Tiltak mot *Gyrodactylus salaris* og bevaring av stammer i genbank er gjennomført som planlagt i Skibotnregionen. Behandlingane av Lærdals-, Vefsn- og Raumaregionane blei følgd opp med blant anna oppbygging av dei opphavlege fiskestammene frå genbank. Planleggingsarbeidet i Drammensregionen blei starta opp. Arbeidet med å byggje fisesperre i Driva blei gjennomført i tråd med revidert framdriftsplan. Detaljplanlegging av ein ny genbank for bestandane i Hardangerfjorden viste at prosjektet blei meir omfattande enn venta. Nye kostnadsoverslag i 2016 viste ein kostnadsauke på over 50 pst. i høve til tidlegare overslag. Det blei derfor ikkje rom i budsjettet for å byggje genbanken.

Løyvinga er òg brukt til arbeidet med Tana og til forhandlingar med Finland. Innsatsen på bestandsovervaking av villaks er auka, og eit opplegg for særskilt overvaking på sjøaure er starta opp. Kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av laks er styrkt, mellom anna gjennom klassifisering av fleire laksebestandar etter kvalitetsnorma i regi av Vitskapeleg råd for lakseforvaltning.

Generell vassforvaltning

Midlane til arbeidet med generell vassforvaltning har vore prioritert til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking og utvikling av klassifiseringssystemet), og til ferdigstilling av regionale vassforvaltingsplanar og tilhøyrande tiltaksprogram. Det blei sett i gang ny overvaking, særleg knytt til store innsjøar og miljøgifter, og auka overvaking av grunnvatn.

Oppfølging av sektoransvaret i regulerte vassdrag har vore prioritert – med eit spesielt fokus på gjennomgang av dei godkjende vassforvaltingsplanane og gjennomføring av tiltak.

Post 23 Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, kan overførast

Løyvinga er knytt til utgifter som direktoratet har ved gebyrfinansiert verksemd og til utgifter ved oppdrag finansierte frå andre instansar. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining og Klima.

Posten er samla sett redusert med 11,8 mill. kroner. Posten er redusert med 15,4 mill. kroner grunna reduserte inntekter under kap. 4420. Posten er også redusert med 0,4 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. På motsett side er posten auka med 4 mill. kroner i prisjustering.

Direktoratet utfører med heimel i fleire forskrifter oppgåver som er gebyrfinansierte i samsvar med prinsippet om at forureinar betaler. Utgiftene til desse oppgåvene er budsjetterte til om lag 40 mill. kroner, mens inntektene er om lag 38 mill. kroner. Sjå nærare forklaring under kap. 4420 post 04 der inntektene blir førte.

På same vis utfører fylkesmennene oppgåver i samband med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. gebyrinntekter under kap. 4420 post 06 anslått til 29 mill. kroner. Inntektene blir tilbakeførte til fylkesmennene.

Til utgiftene ved kontroll og verifisering av kvotepliktige verksemd er det i samsvar med EUs reglar knytt til gebyr som er førte under kap. 4420 post 07, anslått til 8 mill. kroner.

Omfanget av arbeid knytt til gebyrrelatert verksemd på naturforvaltingsområdet er venta til om lag 5 mill. kroner, jf. inntekter under kap. 4420 post 08.

Posten dekkjer òg utgifter anslått til 50,6 mill. kroner ved internasjonale oppdrag som direktoratet får refunderte over kap. 4420 post 09, hovudsakleg frå andre statsinstansar.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4420 postane 04, 06, 08 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapport 2016

Om lag 23 mill. kroner av midlane vart i 2016 nytta av fylkesmennene, i hovudsak knytt til gebyrfinansierte tiltak på forureiningsområdet. Utgifter til internasjonal verksemd var om lag 47 mill. kroner. Ein vesentleg del av desse vart nytta til løn og direkte kostnader.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde, kan overførast

Midlane på posten er retta mot resultatområde Friluftsliv. Midlane blir nytta til statleg sikring av nye friluftslivsområde, anten ved offentleg erverv eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale med grunneigar).

Kommunane og dei interkommunale friluftsråda kan søkje Miljødirektoratet om økonomisk medverknad til sikring av viktige friluftslivsområde. Miljødirektoratet kan òg i samarbeid med kommunane overta friluftslivsareal frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i si verksemd. I tillegg kan kommunale friluftsområde vederlagsfritt bli omgjort til statleg sikra friluftslivsområde, dersom områda tilfredsstillir kriteria for statleg sikring. Slike område blir tinglyste som statleg sikra friluftslivsområde.

Midlane på posten kan òg nyttast til grunnleggjande istandsetjingstiltak i samband med at nye område blir sikra, til dømes oppføring av toalettbygningar eller opparbeiding av tilkomst. Midlane på posten kan òg nyttast til istandsetting av statleg eigde bygningar på dei sikra områda, under dette utarbeiding av forvaltingsplanar og istandsetjing av freda bygningar på sikra område.

For friluftsområde med nasjonal og regional bruk kan staten medverke med inntil 100 pst. av kostnadane, for område med i hovudsak lokal bruk med inntil 50 pst. av kostnadene. Friluftsområde i og ved store befolkningskonsentrasjonar, under dette område i nærmiljøet, landfaste område i kystsona med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala og sentrale område ved innlandsvassdrag er prioriterte i sikringsarbeidet.

Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak frå dette er bygningar som anten skal rivast eller som kan nyttast i friluftslivsamheng i området.

Midlane på posten kan òg dekkje utgifter knytte til dei sikra områda, som for eksempel grenseoppgangar, frådelingar og tinglysingar. Investeringsmidlane blir utbetalte når Miljødirektoratet har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført, og at statens vilkår er oppfylte.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2016

Det vart sikra 32 nye friluftslivsområde gjennom statleg medverknad med midlar frå post 30 i 2016.

Om lag 80 pst. av områda kan definerast som nær-område til der folk bur. Områda som vart sikra i 2016 ligg i 12 ulike fylke. Dei siste åra er det i langt større grad enn tidlegare blitt sikra friluftslivsområde i nærleiken av bustadområde. Desse områda har høgare sikringskostnader enn område utanfor bustadområda. Det er både kommunar og interkommunale friluftsråd som har initiert desse sikringsprosessane, og som vil stå for vidare drift og tilsyn i områda framover.

I tillegg til gjennomført sikring, søkte kommunar og friluftsråd om statleg medverknad til å sikre nye område, og 35 nye område vart innvilga i 2016. Kommunane og friluftsråda arbeider no med å få gjennomført sikringa av desse, og med tilrettelegging av areala.

Post 31 Tiltak i verneområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og andre typar tiltak i verneområde. Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjengelet i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast også til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparker og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparker og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Posten blir også nytta til båtinvesteringar for Statens naturoppsyn. Grunna alder og slitasje har Statens naturoppsyn behov for utskifting og fornying av båtar for å tilfredsstille krav til eiga sikkerheit og stabil drift. Regjeringa foreslår til materiellbestillingar (hovudsakleg båtkjøp) ei bestillingsfullmakt under posten på 3 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Om fordeling av midlar og oppsyn til det einskilde verneområdet

Forvaltingsstyresmakta skal melde inn behov for midlar til forvaltings- og skjøtselstiltak i verneområda direkte til Miljødirektoratet, som tildeler midlane ut i frå postformål og budsjettamme. Forvaltingsstyresmakta skal sjølv disponere og prioritere bruken av dei tildelte midlane, og bestemmer

kven som skal gjennomføre tiltaka. Midlane skal nyttast i samsvar med nasjonale føringar.

Behovet for og prioritering av oppsyn i verneområda blir drøfta mellom forvaltingsstyresmakta i det enkelte verneområde og Statens naturoppsyn. Dei skal òg drøfte kva for tiltak i vedtekne forvaltings- og skjøtselsplaner forvaltingsstyresmakta ønskjer at Statens naturoppsyn skal gjennomføre på deira vegne. Der det er hensiktsmessig bør oppsynsoppgåver utførast av det lokale fjelloppsynet. Det er ein føresetnad at Statens naturoppsyn sine oppgåver og aktivitetar i verneområda vert samordna med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda slik at det blir ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

Rapport 2016

Midlane er brukt til tiltak og investeringar for å ta vare på og halde ved lag verneverdiane i verneområde over heile landet. Mange hundre slike tiltak gjennomførast kvart år. Tiltaka er prioriterte først og fremst i verneområde der verneverdiane er truga. Rydding og slått i areal som er i ferd med å gro att grunna endra arealbruk og uttak av framande arter som sitkagran, rynkerose og mink er eksempel på tiltak som er gjennomførte.

Skjøtsel er aldri eingongstiltak, og tiltaka må alltid følgjast opp. I Sølendet naturreservat på Røros er myrslått gjennomført i over 40 år, og tiltaksmidlar blir her nytta årleg til skjøtselsarbeidet som følgjer planen for området. Slått i kulturlandskap i Utladalen landskapsvernområde kan òg stå som eit døme på årleg skjøtsel av kulturmark i verneområda.

Kampen mot framande arter i verneområda held fram, og bland dei konkrete tiltaka som blei gjennomførte i 2016, kan nemnast uttak av gran i Flostrand naturreservat i Sogn og Fjordane. I Oksøy-Ryvingen og Flekkefjord landskapsvernområde blei sitkagran hogd på holmar og øyer der den fortrenger den truga naturtypen kystlynghei.

I Ånuglo naturreservat i Hordaland blei fase ein av eit omfattande skjøtselsprosjekt gjennomført. I 2017 skal dei framande trea vere fjerna, ved hjelp av hogstmaskiner og lekter for å få ut tømmeret sjøvegen.

I Oslo og Akershus har det i mange år vore jobba med nedkjemping av mange slag framande arter i verneområda, til dømes syrin og misplar på øyane i Oslofjorden. Her har Fylkesmannen eit utstrekt samarbeid med Oslo kommune.

Tilretteleggings- og informasjonstiltak er òg prioriterte i 2016, og har omfatta mellom anna

opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenge til verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur. Av tilretteleggingstiltak kan nemnast: I Ålfotbreen landskapsvernområde starta utbetringa av den populære turstien frå Hope til Lavasteinen med steinlegging og bygging av steintrapper. Den gamle driftevegen inn til Storesetra i Erdalen i Jostedalsbreen Nasjonalpark blei restaurert for meir aktiv bruk av både landbruk og friluftsliv.

Dei fire nasjonalparkane som er pilotar for arbeidet med besøkstrategiar var i 2016 inne i siste fase av arbeidet som i hovudsak var praktisk gjennomføring i felt: I Jotunheimen har tiltaksmidlar bidratt til arbeidet med innfallsporten på Sognefjellet som blir ferdigstilt hausten 2017. Dette består av gangbrua over Fantesteinvatnet, ein gangveg rundt vatnet med universell utforming og skilting, informasjonspunkt og utsiktspunkt. Tiltaksmidlane bidrar også til stiltrettelegging og revegetering ved fleire startpunkt for turar i Rondane nasjonalpark.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av planen for vern av fylkesvise, tematiske verneplanar slik det er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur*. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane. Løyvinga er redusert med 2,2 mill. kroner ut frå venta utbetalingar på vern vedteke i tidlegare år. Det blir fremja forslag om ei tilsegnsmakt under posten på 6,2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2016

I 2016 var hovudtyngda av utbetalingar over posten knytt til erstatningar og omkostningar for Jærestrendene landskapsvernområde, Hasseltangen og Søm-Ruakerkilen landskapsvernområde, to

område som sto att i verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane, Oslofjordverneplanen (delplan for Telemark), og grensemerking for verneområde i Sogn og Fjordane og Troms.

Post 33 Statlege tileigningar, nytt vern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og omfattar alt nytt vern som ikkje er skogvern.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nytt vern utover det som er fastsett gjennom St.meld. nr. 68 (1980–81) *Vern av norsk natur* og St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Posten skal òg dekkje utgifter til gjennomføringa av marint vern, jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*.

På posten blir det ført utgifter i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten kan òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp av område skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av vernevedtaka, inkludert registrering og vurdering av verneverdiar.

Posten er redusert med 4 mill. kroner som var lagt inn til å dekkje eingongsutgifter i 2017 i samband med vernet av nasjonalparkane Jomfruland og Raet.

Av 36 marine kandidatområde er to område (Iverryggen og Røstrevet) ikkje aktuelle for vern etter naturmangfoldlova, ettersom det ligg utanfor territorialgrensa. Tre av områda vart verna i 2013 og erstatningssakene er avslutta. Eit av områda, Transekt Skagerrak, vart verna som del av Raet nasjonalpark i 2016. Jærkysten, Gaulosen og Rødberget vart òg verna i 2016. Verneplanar for to av områda, Børgin og Skarnsundet, har vore på høyring i 2017. På bakgrunn av at det i høyringsrunden kom fram betydelege motforestillingar mot det føreslåtte vernet frå dei aktuelle kommunane, har departementet valt å stille den vidare verneprosessen i bero. Områda Ytre Hardangerfjord, Lurefjorden og Lindåsosane, Krossfjorden, Vistenfjorden, Nordfjorden, Karsøyfjorden, Kaldvåg-fjorden og Innhavet, Rossfjordstraumen, Rystraumen, Ytre Karlsøy og LoppHAVet, er i prosess og

er venta fullført i 2018. Utgiftene er utrekna til 5,2 mill. kroner og er venta utbetalt i 2018. Området Rauøyfjorden er i prosess og er venta verna i 2018. Utgiftene er utrekna til 0,4 mill. kroner og er venta utbetalt i 2019. Verneprosess for området Grande-fjæra blei starta opp i 2017, og det er gitt oppdrag om igangsetjing av planarbeidet i ytterlegare seks område. For to av desse områda, Griphølen og Transekt frå Andfjorden, skal det gjennomførast konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, og utgiftene utrekna til 2 mill. kroner pr. område er venta utbetalt i 2018. Løyvinga for 2018 med tillegg av overført beløp dekkjer behovet for midlar i 2018.

Etter lokale initiativ og som oppfølging av Innst. S. 94 (2015–2016) er det gjennomført prosessar med sikte på å vurdere vernevedtak knytt til Lofotodden i Nordland. Utgiftene til Lofotodden er anslått til 2 mill. kroner og vil i så fall komme etter 2018.

Ut frå kostnadsoverslaga er det behov for ei tilsegnsmakt på 4,4 mill. kroner til dekning for framtidige utgifter, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2016

Miljødirektoratet sende tilråding til departementet om vern av fem marine område i 2016. Av desse vart Jærkysten, Rødberget og Gaulosen vedtekne i juni 2016. Nasjonalparkane Jomfruland og Raet vart vedtekne i desember 2016.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991–92) *Ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområder i Norge* i form av erstatning av dei økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova i desse sakene, jf. erstatningsreglane i lova. Posten dekkjer òg tilsvarende utgifter for Fulufjellet og Færder nasjonalparkar som er resultat av regionale/lokale verneinitiativ. Erstatningar blir i hovudsak fastsette ved minnelege avtaler. Nokre få saker går til rettsleg skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen. Det er ikkje planlagt vern av nye nasjonalparkar under denne posten i 2018, men utvidinga av Saltfjellet/Svartisen vil skje hausten 2017 eller i 2018.

Løyvinga er satt til kroner 0. Eventuelle behov for utbetalingar vil bli dekte av overførte beløp frå 2017.

Det blir elles vist til post 33 som omtalar vern av nye nasjonalparkar utover dei som er fastsatt i samband med St.meld. nr 62 (1991–92).

Rapport 2016

Oppgjer har vore utbetalt fortløpande ettersom tilboda vert aksepterte av grunneigarar og rettshavarar gjennom minnelege avtaler, eventuelt etter nye forhandlingar. Rettsleg skjønn har vore naudsynt i få saker, men er hovudårsak til at det framleis er ein del område der erstatningssakene ikkje er avslutta.

Post 35 Statlege tileigningar, skogvern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova og markalova, jf. erstatningsreglane i lovene. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova og markalova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedommar, erstatningsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking, utarbeiding av forvaltingsplanar når dette er naudsynt for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a.

Sidan 2013 har det vore ei stor auke i løyvinga til nytt skogvern. Løyvinga har i perioden auka frå 236,1 mill. kroner i 2013 til 442,1 mill. kroner i 2017. Dette har gjeve rom for 249 nye skogvern-områder på til saman 777 kvadratkilometer. Andelen skog som er verna i Noreg er vel 4 prosent, og om lag 3 prosent av den produktive skogen er verna.

For å gjere plass til andre prioriteringar i statsbudsjettet er posten redusert med 49,5 mill. kroner i budsjettforslaget for 2018.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnsmakt under posten på 116,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2016

Overførte midlar frå 2015 og løyving for 2016 er brukt i arbeidet for å nå det nasjonale målet om at eit representativt utval av naturtypar i skog skal vernast for kommande generasjonar. Hovudtyngda av utbetalingane er knytt til erstatningar i samband med frivillig vern av skog, der omlag 346 mill. kroner er utbetalt i erstatningar og vederlag. Det er utbetalt omlag 12 mill. kroner til kjøp av eigedommar frå Statskog.

Post 37 Skogplanting, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Klima.

Planting av skog på nye areal som klimatiltak, og utvikling av miljøkriterium for dette, er eitt av oppfølgingspunkta frå klimaforliket som vart vedteke av Stortinget i 2012. I 2013 konkluderte Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet (dåverande Statens Landbruksforvaltning) og Norsk institutt for bioøkonomi (dåverande Skog og landskap) i ein etatsrapport med at minst 50 000 dekar kan plantast pr. år over ein 20-årsperiode, med akseptable effektar for naturmangfald og andre miljøverdiar.

Arbeidet må vere tufta på grundige faglege avvegingar mellom klima-, miljø- og næringsomsyn. Regjeringa starta derfor i 2015 ein treårig pilotfase, med mål om å hauste erfaringar med mellom anna klimaeffekt, miljøkriterium og gjennomføring før oppskalering og utvida implementering av tiltaket. Pilotfasen er leia av Miljødirektoratet, i tett samråd med Landbruksdirektoratet.

For å sikre god klimaeffekt, naturomsyn og lågt konfliktnivå omfattar pilotfasen berre (i) planting av norske treslag, (ii) planting på opne areal og areal i tidleg gjengroingsfase, (iii) planting på areal med høg produksjonsevne og der det er venta låg negativ endring i albedoeffekten og (iv) planting på areal som ikkje er viktige for naturmangfaldet (dvs. ikkje planting mellom anna i truga naturtypar, viktige kartlagde naturtypar og leveområde for raudlista arter), friluftslivsinteresser, viktige kulturhistoriske verdiar eller verdifulle kulturlandskap.

Pilotfasen vil bli avslutta i 2018 med ein evalueringssprosess der ein ser på om målsetjingane er oppnådde. Evalueringa skal blant anna vise om miljøkriteria som er nytta i pilotfasen er tilstrekkelege, og på riktig nivå, for å sikre akseptable effektar på naturmangfald og andre miljøverdiar, inkludert ved bruk av norsk gran på Vestlandet og nord for Saltfjellet. Som ledd i evalueringa skal det innhenta ei ekstern vurdering av effektar på biolo-

gisk mangfald, klima og næring. Etter pilotfasen skal det òg utarbeidast ein rapport frå arbeidet som inkluderer rettleingsmateriale for fullskala planting. Dersom evalueringa av pilotfasen viser at planting av skog som klimatiltak er føremålstenleg, vil ein i neste fase vurdere korleis ein best kan fremje auka skogplanting.

Det vart løyva 15 mill. kroner årleg til pilotordninga i 2015–2017. Den praktiske gjennomføringa av pilotfasen tok til i juli 2015, og den vil avsluttast sommaren 2018 ved bruk av midlar som er overført frå tidlegare år. Frå posten er det flytt 4 mill. kroner til post 01 for prosjektleiing og administrasjon av prosjektet hos Fylkesmannen.

Rapport 2016

Pilotfasen starta i 2015, og blir leia av Miljødirektoratet saman med Landbruksdirektoratet. I 2015 blei det gjennomført eit omfattande arbeid med å utarbeide ein rettleiar for planting i pilotfasen (Miljødirektoratets rapport M-407) til bruk for pilotfylka i Rogaland, Nord-Trøndelag og Nordland. Det vart sett planter i produksjon, både eitt- og toårige. For å sikre god kommunikasjon med potensielle grunneigarar vart det laga ein informasjonsfoldar om pilotfasen (Miljødirektoratets rapport M-434), med fokus på klima, miljøkriterium og næring, og plantemetodikk for å sikre eit godt resultat. I 2016 har pilotfylka kartlagt potensielt areal for planting, og dei første plantefelta blei realisert. Frå sentralt hald har det vore prioritert å etablere rutinar for sakshandsaming i pilotfylka. Rutinane som er etablert, for eksempel tilrettelegging for praktisk handtering av tilskotsordninga i økonomisystemet ØKS og innhenting av informasjon om miljøkriteria på feltnivå, skal sikre erfaringar som mogleggjer evaluering av pilotfasen i 2018.

Post 38 Restaurering av myr og anna våtmark, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda Klima og Naturmangfald. Posten skal dekkje utgifter til tiltak for å restaurere myr og anna våtmark, planlegging og oppfølging av desse tiltaka. Posten kan nyttast til restaurering både inne i og utanom verneområde.

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet samarbeidar om restaurering av myr og anna våtmark i perioden 2016–2020 etter ein plan dei to direktorata utarbeida i 2016. Arbeidet rettast inn slik at det medverkar til å oppfylle regjeringas målsetjing om reduserte klimagassutslepp, tilpas-

sing til klimaendringane og betring i økologisk tilstand. Eksempel på tiltak kan vere tetting av grøfter i myr og større restaureringstiltak som remeandring av elveløp. Kostnadseffektive tiltak skal prioriterast, og restaurering skal skjje etter avtale med grunneigarar og rettshavarar.

Det ligg 3 mill. kroner til leing av prosjektet på kap. 1420 post 21.

Restaurering av myr har mellom anna til hensikt å redusere klimagassutslepp frå drenerte myrar. Tetting av grøfter fører grunnvatnet tilbake til sitt naturlege nivå og hindrar at myra sitt torvlag med høgt innhald av karbon blir ytterlegare nedbrote. Slik restaurering er ifølgje FN's klimapanel eit kostnadseffektivt tiltak for å redusere klimagassutsleppa i jordbrukssektoren på global skala. Restaurering av myr og anna våtmark kan vere eit tiltak for klimatilpassing då intakte våtmarker mellom anna kan dempe flaumtoppar. Restaurering vil òg betre den økologiske tilstanden i myr og anna våtmark, og betre og auke tilgangen på leveområde for ei rekkje truga arter.

Posten er redusert med 3 mill. kroner fordi midlane til det treårige pilotprosjektet som starta i 2015 og seinare inngikk i planen for restaurering av myr og anna våtmark, no er avslutta.

Det blir fremja forslag om ei bestillingsfullmakt under posten på 9,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V.

Rapport 2016

Samstundes med at *Plan for restaurering av våtmark i Norge (2016–2020)* blei utarbeidd, vart det i 2016 gjennomført ei rekkje restaureringstiltak i myr. Forvaltingsstyresmakta spela inn potensielle restaureringsareal til Miljødirektoratet, og med bistand frå Landbruksdirektoratet, vart det tildelt midlar til ulike prosjekt.

Døme på verneområde der det blei restaurert myr i 2016 er Storfeltn naturreservat, Slattumsrøa naturreservat og Aurstadmåsan naturreservat i Akershus. I Aspåsmyran naturreservat i Møre og Romsdal finst det eit omfattande grøftenettverk, og delar av arealet vart restaurert. Rørvikvatnet naturreservat i Møre og Romsdal har Ramsar-status og er eit utfordrande område å setje i gang restaurering i. Forprosjektering blei gjennomført i 2016.

Når det gjeld restaurering av anna våtmark enn myr, kan opning av elver inn i Svennevollene naturreservat i Oppland vere eit eksempel frå arbeid gjennomført i 2016. Posten var ny i 2016 og det tok tid å førebu og setje i gang tiltak. Derfor

vart ikkje løyvingas over posten nytta fullt ut i 2017. Det er likevel srett i gang ei rekkje forprosjekter som vil utløse gjennomføring av hoveditak i årene framover. Midlar til både forprosjekt og gjennomføring av tiltak vert tildelt over denne budsjettposten, slik at det kvart år i planperioden kan gjennomførast restaureringstiltak i myr og anna våtmark.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79

Posten er knytt til resultatområde Forureining. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 69 og 79.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og til arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Vidare dekkjer posten utgifter til opprydding frå enkelte forureina lokalitetar der staten ved miljøforvaltninga er eigar. Opprydding i forureina sjøbotn gjeld i hovudsak oppfølging av 17 prioriterte område.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningssituasjonen, til undersøkingar og utgreiningar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeid og til anna kunnskapsoppbygging.

Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn for arbeidet med oppryddinga og ligg til grunn for alle tre postane. Så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak, som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga
- Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding
- Der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten kan forskottere oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant
- Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling

- Der det er naudsynt for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene

Mange av dei store oppryddingsprosjekta i forureina sjøbotn er delfinansierte av kommunar og andre aktørar. Ettersom prosjekta strekkjer seg over fleire år, er det naudsynt å kunne inngå forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak. Ut frå behovet blir det fremja forslag om ei slik fullmakt på 30,7 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VII.

Rapport 2016

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2016 er samla under post 79.

Post 61 Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, kan overførast

Posten er knytt til resultatområde Klima.

Posten omfattar to tilskotsordningar: Den eine er ordninga for tilskot til kommunale klimatiltak for å kutte utslepp av klimagassar (Klimasats), som det er sett av 102,5 mill. kroner til (inkl. 2 mill. kroner til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01, jf. oppmodningsvedtak nr. 84 av 3. desember 2015). Den andre er ordninga for tilskot til klimatilpassingstiltak i kommunane, som det er sett av 6,4 mill. kroner til i 2018. For å gjere plass til andre prioriteringar i Statsbudsjettet er løyvinga til Klimasatsordninga redusert med 50 mill. kroner samanligna med 2017-bevilgninga. Klimasatsordningen strekkjer seg over fleire år og det blir det fremja forslag om ei tilsegnfullmakt under posten på 156 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Klimatiltak (Klimasats)

Mål

Formålet er å fremje klimatiltak i kommunar og fylkeskommunar ved å støtte prosjekt som bidreg til reduserte utslepp av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Kriterium for måloppnåing

Midlane skal gå til dei beste prosjekta for klimagassreduksjon og omstilling til lågutsleppssam-

funnet. Midlane skal fortrinnsvis utløyse tiltak, men delar av midlane kan gå til planlegging og utgreiing av tiltak. Dei kan òg gå til nettverksbygging og erfaringsdeling.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til 5 ulike formål: Klimavennleg areal- og transportplanlegging, klimavennleg transportgjennomføring av tiltak, klimagassreducerande tiltak i andre sektorar, forprosjekt for klimagassreducerande tiltak og interkommunale nettverk for kompetanseheving og deling av erfaring. Detaljerte kriterium finst på www.miljokommune.no.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapport med resultat, dokumentasjon og bekrefta rekneskap. Dei ulike prosjekta har individuelle rapporteringskrav og fristar slik at ein får føremålstenleg rapportering. Endringar i prosjektet blir melde inn undervegs. Langvarige prosjekt har krav om årleg delrapport. Enkelte prosjekt har også krav om etterrapportering, der dei skal gjøre greie for effektane når tiltaket har hatt noko verknadstid.

Tilskotsbeløpet blir utbetalt i etterkant av utgifter som har påløpt, og for langvarige prosjekt er det delutbetalingar på grunnlag av rekneskap.

Rapport 2016

Ordninga var ny i 2016 og tilsegnene var først gitt i oktober. Dei fleste av tiltaka strekkjer seg ut i 2017, og utbetaling skjer i etterkant i 2017 og 2018. I ordninga sitt første år mottok Miljødirektoratet søknader til meir enn 300 mill. kroner til ordninga sin tildelingspott på 98 mill. kroner. Fossilfrie anleggsplassar, elektriske bussar og klimaomsyn i arealplanlegging var noko av det som fekk Klimasats-pengar i 2016.

I 2017 er tildelingspotten på 150 mill. kroner. Miljødirektoratet mottok søknader til rundt 330 mill. kroner fordelt på 143 kommunar og fylkeskommunar. Etter ei grundig vurdering i Miljødirektoratet, råd frå fylkesmennene og dialog med andre tilskotsforvaltarar har Miljødirektoratet bestemt å støtte 170 ulike prosjekt og tiltak, og 14 interkommunale nettverk som er nye eller har utvida med fleire deltakarar i 2017. Tildelinga i 2017 omfattar 124 ulike kommunar og fylkeskommunar som får tildelt midlar til å setje i verk klimatiltak.

Klimatilpassing

Mål

Formålet med tilskotsordninga er å styrkje kommunane sitt arbeid på dette området. Midlane skal nyttast til tiltak som gjer kommunane betre rusta til å møte klimaendringane. Dette omfattar kunnskap om korleis klimaendringane kan verke inn på kommunane/fylkeskommunane sine ansvarsområde, og/eller utgreiingar om kva slag tiltak kommunane må setje i verk for å møte klimaendringane.

Kriterium for måloppnåing

Midlane må brukast på tiltak som gjer samfunnet betre rusta mot klimaendringane.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til kunnskapsoppbygging og til utgreiing av konkrete tilpassingstiltak. Midlane kan ikkje brukast til gjennomføring av fysiske klimatilpassingstiltak.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging av tilskot til klimatilpassing skjer ved at det blir følgt opp at tilskotsmottakarane nyttar midlane som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer blant anna gjennom dokumentasjon i sluttrapport innsend av tilskotsmottakar.

Rapport 2016

Der var løyvd 6,056 mill. kroner til tilskotsordninga for klimatilpassingstiltak i 2016. I underkant av 30 kommunar tok imot tilskot. Det blei blant anna gitt støtte til flaumsonekartlegging i Hemne kommune, klimatilpassing i jordbruket i vassområdet Orkla og ulike seminar og kurs om klimatilpassing.

Post 63 Returordning for kasserte fritidsbåtar, kan overførast

Posten er ny og oppretta for å gi tilskot til kommunale anlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar. Tilskot til private behandlingsanlegg blir utbetalt frå post 75. Ordninga rettar seg mot resultatområde Forureining.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å stimulere båteigarar til å levere kasserte båtar til godkjend returplass slik at fritidsbåten kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av tilskot for kostnader ved behandling ved ein kommunal eller interkommunal behandlingssjans.

Frå 2017 vert det utbetalt tilskot til kasserte fritidsbåtar over denne posten. Det vert utbetalt eit beløp på i gjennomsnitt 15 000 kroner per båt som blir levert inn til behandlingssystemet. Utbetalinga går til behandlingssjanset.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til å auke innlevering av fritidsbåtar som skal vrakast slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte og ikkje blir slengde i naturen.

Tildelingskriterium

Tilskot til behandling av kasserte fritidsbåtar blir utbetalt til behandlingssjanset av Miljødirektoratet. Tilskotet er i gjennomsnitt 15 000 kroner per fritidsbåt. Tilskot til private behandlingssjanset blir utbetalt frå post 75.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet kontrollerer dokumentasjon frå behandlingssjanset i samband med at kasserte fritidsbåtar blir behandla.

Rapport 2016

Posten var ny i 2017.

Post 64 Skrantesjukeprøver frå fallvilt

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Skrantesjuke er ein smittsam prionsykdom som rammar hjortedyr, og er dødeleg for dyret. I Europa er vanleg skrantesjuke tidligare ikkje funne før den nyleg vart påvist hos norsk villrein i Nordfjella villreinområde. I tillegg er ein annan variant av sjukdommen funne hos elg i Selbu. Heile bestanden i Nordfjella, sone 1, er beslutta fjerna som eit ledd i å prøve å bli kvitt sjukdommen.

Kommunens ettersøkspersonell er den gruppa som er mest i kontakt med fallvilt, og det er derfor

ofte føremålstenleg at dei tek ut naudsynte prøver. Kommunen skal alltid registrere fallvilt i Miljødirektoratet sin database Hjorteviltregisteret, under dette om skrantesjukeprøve er teken. Kommunens prøvetaking av fallvilt kan føre til ekstra utgifter.

Posten er oppretta for å dekkje utgifter kommunar har i samband med kartlegging av skrantesjuka hos fallvilt. Det er i tillegg lagt inn midlar under kap. 1400 post 21 til arbeidet mot skrantesjuka.

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er kartlegging av mogleg spreiding av skrantesjuka.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til auka kartlegging av skrantesjuka hos fallvilt.

Tildelingskriterium

Det blir oppretta ein eigen modul i Miljødirektoratets Elektronisk søknadssenter, der kommunar kan søkje om tilskot i etterkant av den årlege rapporteringsfristen for fallvilt. Søknadssenteret hentar automatisk det talet skrantesjukeprøver som kommunen har registrert frå fallvilt i Hjorteviltregisteret. Det blir gitt ein fast sats per registrert prøve, og summen blir utbetalt som tilskot til kommunane.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll blir gjennomført av Miljødirektoratet gjennom Elektronisk søknadssenter.

Rapport 2016

Posten er ny og det eksisterer derfor ikkje rapport for 2016.

Post 65 Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten vart oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017, jf. Prop. 129 S og Innst. 401 S (2016–2017).

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å bidra til konfliktdeмпing i kommunar med ulverevir.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til konfliktdeмпing.

Tildelingskriterium

Ordninga gjeld for kommunar innanfor fylka Hedmark, Akershus og Østfold som har eitt eller fleire ulverevir per 1. juni 2018. Søknadsfrist er 1. september 2018, og tilskotet blir fordelt likt på kommunane.

Kommunane skal disponere tilskotet vidare på tiltak som medverkar til å oppfylle formålet med forskrifta. Kommunane skal sjølve avgjere kva konfliktreduserande tiltak som skal finansierast.

Kommunen står fritt til å disponere tilskotet og velje tiltak, under dette å tilgodesjå aktuelle berørte næringsinteresser, organisasjonar eller privatpersonar. Bruken av tilskotet skal vere relatert til den særlege belastninga av å ha eit ulverevir i kommunen.

Oppfølging og kontroll

Kommunar som blir tildelte tilskot, skal innan 1. mai 2019 rapportere til Miljødirektoratet korleis tilskotet er brukt og i kva grad bruken har medverka til måloppnåing. Miljødirektoratet evaluerer tilskotsordninga årleg.

Rapport 2016

Posten var ny i 2017 og det eksisterer derfor ikkje rapport for 2016.

Post 69 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 79. Midlane er retta mot resultatområde Forureining. I dei fleste område som får støtte stammar forureininga frå langt tilbake i tid og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor naudsynte for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Reduksjonen i den totale løyvinga i 2018 på oppryddingspostane 39, 69 og 79 på om lag 175

mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2017, skuldast ferdigstilling av oppryddingsprosjekta i Puddefjorden i Bergen som har ei total budsjetttramme på 121 mill. kroner og Sandefjord hamn med totalt 124 mill. kroner.

Løyvinga på postane samla for 2018 vil gå til vidareføring og gjennomføring av allereie vedtekne tiltak, inkludert tiltak der det har blitt gitt finansieringstilsagn frå miljømyndigheitene, og til ei rekje mindre tiltak særleg innanfor forureina sjøbotn.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunane har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og

miljø» og til målet «Utslipp av helse- og miljøskadelege stoff skal stansas.»

Tildelingskriterium

I dei prioriterte tiltaksplanområda for forureina sjøbotn vil kommunen ofte stå for førebuing og gjennomføring av oppryddingstiltak. Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt i kommunal regi, og der fleire aktørar er med på å finansiere tiltaket. Kommunen må normalt òg sjølv medverke med midlar. Sjå òg omtale under kap. 1420 post 39 og 79.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2016

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2016 er samla under post 79.

Post 70 Tilskot til vassmiljøtiltak, *kan overførast*

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70.1	Kalking	4 054	16 655	3 630
70.2	Anadrom laksefisk	11 578	20 300	13 099
70.3	Generell vassforvaltning	8 457	17 800	18 026
	Sum post 70	24 089	54 755	34 755

Tilskotsordningane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald.

Posten samlar alle tilskotsmidlane til ulike vassmiljøtiltak. På same vis som post 22 er delt inn i midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk og heilskapleg vassforvaltning, er post 70 delt inn etter tilskotsordningar for dei same føremåla.

For å gjere plass til andre prioriteringar i statsbudsjettet, er posten redusert med 20 mill. kroner. Reduksjonen er gjort på underpost 3.

Kalking

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å medverke til å redusere dei negative effektane av sur nedbør på naturmangfaldet i vassdrag.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av handlingsplanen for kalkingsverksemda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gitt til kjøp, transport og spreiding av kalk, til informasjon om effektar av tiltak som er gjennomført og rettleiing om kalking i vassdrag. Det kan ystast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsureing er overskriden, og der det kan påvisast eller er sannsynleg at skadar på naturmangfaldet skuldast forsureing. I område der tolegrensa ikkje lenger er overskriden, men der tidlegare forsureing har ført til at det opphavlege mangfaldet er borte, kan det bli gitt tilskot til å sette i stand opphavleg naturmangfald. Det blir ikkje gitt tilskot til naturleg sure lokalitetar. Ved tildeling av midlar kan det stillast vilkår om at fisket i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering eller arbeidsinnsats.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2016

Det meste av midlane under ordninga vart i 2016 brukt til kalking av innsjøar og bekkar, hovudsakleg i Agder. Det vart òg gitt tilskot til bladet «pH-status», til eit tiltak i Skiensvassdraget og til Voss klekkeri.

Anadrom laksefisk

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for bevaring og forvaltning av vill anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er å medverke til å nå måla for viltlevande anadrom laksefisk.

Tildelingskriterium

Det kan gis tilskot til tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye,

under dette bevarings- og kultiveringstiltak og til anvend FoU-verksemd og overvaking som grunnlag for mellom anna lokal forvaltning av lakse- og sjøaurebestandar. Det kan òg givast tilskot til tiltak for å betre tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgd opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2016

Midlane vart i 2016 nytta til overvaksingsprogrammet for nasjonale laksevasdrag og -fjordar, forskning og utvikling innan arbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris*, og informasjons- og kunnskapsformidlingstiltak. I tillegg er det gitt tilskot til tiltak i regi av organisasjonar. Samla har dette medverka til betre forvaltning og styrkt kunnskapsgrunnlag knytt til anadrom laksefisk.

Generell vassforvaltning

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å medverke til god økologisk og kjemisk tilstand i vatn, jf. vassforskrifta.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Lokal involvering vil òg vere eit viktig kriterium. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av vassforskrifta og dei regionale vassforvaltingsplanane og tiltaksprogramma.

Tildelingskriterium

Tilskot kan givast til vassområde med særskilte utfordringar til tiltak der målet er god økologisk og/eller kjemisk tilstand i vatn, til tilrettelegging, organisering og informasjon knytt til arbeidet i vassområde og vassregionar og til utgreiingar og andre tenestekjøp knytte til særskilte utfordringar i vassområda.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Midlane under ordninga blei nytta til ulike tiltak for betring av vassmiljøet lokalt, både konkrete tiltak og kartlegging av utfordringar. Det vart gitt tilskot til tiltak over heile landet.

Det vart òg gitt tilskot til organisasjonar som har medverka i vassforvaltingsarbeidet. Samla har dette medverka til betre vassforvaltning, styrkt kunnskapsgrunnlag og betre vassmiljø lokalt.

Post 71 Marin forsøpling, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Forureining. Løyvinga er redusert med 15 mill. kroner, for å opprette ei tilsegnfullmakt på same beløp. Dette inneber at Miljødirektoratet kan gi støtte til prosjekt som varer over fleire år.

Mål

Ordninga skal gå til tiltak for å redusere marin forsøpling gjennom å dekkje utgifter knytte til opprydding av marint avfall og til førebyggjande arbeid. Hovudfokus skal vere på strandsona og rydding av marint avfall på sjøbotnen. Prinsippet om at forureinar betaler skal liggje til grunn for arbeidet. Opprydding der det finst ein ansvarleg for avfallet er ikkje omfatta av ordninga. I slike tilfelle kan styresmaktene gi pålegg om opprydding, og utgiftene skal dekkjast av ansvarleg forureinar.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at midlane er knytte opp mot det nasjonale målet om «Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten, og ressursane i avfallet

utnyttas best mogleg gjennom materialgjenvinning og energiutnytting».

Tildelingskriterium

Det blir arbeidd med å fremje ei forskrift med kriterium for bruken av ordninga.

Tilskotsordninga prioriterer tiltak som oppfyller fleire av følgjande kriterium:

- Prosjekt som samlar aktørar, mange deltakarar og dekkjer større geografiske område
- Oppryddingstiltak som er retta mot lite tilgjengelege område som truleg ikkje vil bli rydda av andre, eller stader der forsøplinga medfører svært stor skade for natur og miljø
- Førebyggjande tiltak med ein målretta plan for å engasjere og involvere spesifikke sektorar eller næringar, for eksempel gjennom distribusjon av informasjons- og undervisningsmateriell
- Metodeutvikling som medverkar til meir effektiv opprydding over heile landet
- Søkjarar med spesiell kompetanse innanfor det omsøkte tiltaket
- Tiltak som sikrar ein effektiv bruk av midlane med godt dokumenterte utgiftspostar
- Tiltak som medverkar med eigenfinansiering eller medfinansiering frå andre kjelder
- Tiltak som inneheld konkrete og realistiske/gjennomførbare planar for gjennomføring av prosjektet

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlane skjer mellom anna gjennom sluttrapport innsend av tilskotsmottakar.

Rapport 2016

Det vart i 2016 utbetalt 15 mill. kroner til 22 ulike søknader. Om lag 12,5 mill. kroner gjekk til 16 ulike prosjekt til rydding av strender og havbotn og fjerning av eigarlausse kasserte fritidsbåtar, 2 mill. kroner gjekk til fire prosjekt om førebyggjande tiltak og om lag 0,5 mill. kroner til tre prosjekt om metodeutvikling og innovasjon.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, *overslagsløyving*

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
72.1	Erstatning for husdyr	45 623	83 515	71 736
72.2	Erstatning for tamrein	59 017	65 377	69 156
	Sum post 72	104 640	148 892	140 892

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten omfattar erstatningar for husdyr og tamrein som er drepne eller skada av rovvilt. Erstatningane kan variere frå år til år, blant anna på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving. Ut frå prinsippet om realistisk budsjettering er løyvinga redusert med 8 mill. kroner i tråd med lågare husdyrtap dei tidlegare åra.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltskadar på husdyr og tamrein slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med «Forskrift om erstatning når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 30. mai 2014 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjon av rovviltskadane, som gjennomførast av Statens naturoppsyn, er viktig grunnlag for erstatning. Bestandsregistreringa er òg betra dei siste åra gjennom felles metodikk mellom Noreg og Sverige, betra moglegheit for publikum til å melde inn rovviltobservasjonar og auka ressursar for Statens naturoppsyn.

Rapport 2016

Erstatningsoppgjeret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldane reglar. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå let det til å vere ein god samanheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak, og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje ein tilsvarende samanheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgitte forhold knytte til klima, beitegrunnlaget o.a. Dei nye tiltaka som vart innførte i 2014 for å sikre ei betre samordning av erstatning for tap av rein der reineigaren har høgre reintal enn det som er fastsett av reindriftsforvaltinga, vart førte vidare i 2016.

Post 73 Tilskot til rovvilttiltak, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltinga, under dette godtgjering til lokale fellingslag og tilskot til Noregs Jeger- og Fiskarforbund for rovvilttiltak som ei oppfølging av rovviltforliket av 2011. Innafor posten er det sett av 10 mill. kroner til omstillingstiltak. Det blir i tillegg fremja forslag om ei tilsegnfullmakt på 10 mill. kroner for å kunne arbeide langsiktig med omstillingstiltak, jf. forslag til vedtak VI.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald, som over eit lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd med tilknytning til landbruksei-

gedommen. Ei ny føresegn for slike tiltak vart sett i verk i 2015. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikter og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovvilt i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdeмпing med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003–2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010–2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikter i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdeмпande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at tilskotsordninga fører til omstillingar der dette fører til reduserte tap og konflikter.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdeмпande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013, mens føresegna som omhandlar omstillingstiltak vart fastsett i 2015. Det er utarbeidd ei eiga nettside for blant anna å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdeмпande tiltaka meir tilgjengeleg for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdeмпande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltingsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber blant anna at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til naudsynte driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltingsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltingsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha

langsiktige og føreseielege vilkår. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet, etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Auka beitebruk med sau i rovviltprioriterte område skal ikkje stimulerast. For å medverke til ei tydelegare soneforvaltning skal midlar til førebyggjande og konfliktdeмпande tiltak normalt prioriterast slik at det blir fokusert på besetningar som ikkje medverker til auka tal på beitedyr i rovviltprioriterte område. På same måte skal nyetablert beitebruk med sau i rovviltprioriterte område prioriterast lågt.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

Rapport 2016

I 2016 vart det behandla i alt 507 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 266 søknader om tiltak for å dempe konflikter kring rovvilt. Det kom inn 107 søknader om akutte tiltak, og det vart gjennomført omstillings-tiltak for fire bruk som hadde opplevd vesentleg rovviltskade i besetningane over fleire år. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade/tap av sau, sjå ut til at tapa går ned med ein auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjon i tapsomfanget kan òg henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekomst og prioritering av tiltak. Det er ikkje gjennomført evaluering av ordninga basert på enkelttiltak.

Ettersom det har vore særskilte gode erfaringar med eit system der brukarar sender søknad elektronisk, er det no òg lagt til rette for at alle rapportar kan sendast inn på same vis. Dette vil føre til ei betre oversikt over oppnådde resultat og brukarane si vurdering av måloppnåinga ved dei einskilde tiltaka. Resultata vert publiserte på ei nettside slik at alle kan ta del i vurderingane.

Post 74 CO₂-kompensasjonsordning for industrien

Posten er knytt til resultatområde Klima.

Målet med ordninga er å kompensere norsk industri for auka kraftprisar som følgje av EUs kvotesystem for CO₂-utslepp. Kompensasjonen skal redusere faren for karbonlekkasje og slik hindre auke i globale utslepp som følgje av utflytting av industri til land med mindre stram klimapolitikk. Ordninga er basert på EU-kommisjonen sine retningslinjer som opnar for statsstøtte til utvalte industrisektorar som er vurderte til å vere særleg utsette for karbonlekkasje. Den norske ordninga vart godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan ESA i september 2013.

Det årlege støttebeløpet avheng blant anna av utviklinga i kvoteprisen og blir utbetalt etterskotsvis året etter støtteåret. Dette inneber at det for støtteåret 2017 må løyvast pengar for utbetalingar i samband med statsbudsjettet for 2018. Basert på gjeldande overslag er posten redusert med 188,3 mill. kroner som følgje av lågare kvotepris. Samstundes er posten prisjustert med 13 mill. kroner.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga reduserer faren for karbonlekkasje.

Tildelingskriterium

Ordninga omfattar industriverksemder i alle 15 sektorar som i høve til EUs retningslinjer har moglegheit for støtte. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling.

Ordninga gjeld ikkje for langsiktige kraftavtaler inngått før 2005. Vidare skal industrien sin eigen kraftproduksjon komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga gjeld for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020.

Oppfølging og kontroll

Ordninga blir administrert av Miljødirektoratet, som i behandling av søknadane kontrollerer om dei enkelte verksemdene fyller vilkåra for utbetaling av kompensasjon. Det blir årleg rapportert om bruken av midlar til EFTA sitt overvakingsorgan ESA og til Stortinget i samband med budsjettet.

Rapport for støtteåret 2016

Fristen for å rapportere blant anna produksjonstal og elektrisitetsforbruk for 2016 var 1. mars 2017. Basert på innrapporterte tal for 2016 har Miljø-

direktoratet til no i 2017 utbetalt 615 mill. kroner for støtteåret 2016.

Post 75 Utbetaling for vrakpant, overslagsløyving

Ordninga rettar seg mot resultatområde Forureining. Posten er redusert med 30,2 mill. kroner, grunna nye anslag samt overføring av løyving til ny post 63 Returordning for kasserte fritidsbåtar, som er oppretta for å gi tilskot til kommunale anlegg for behandling av kasserte fritidsbåtar.

Mål

Målet med vrakpantordninga er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy gir produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er ein del av kapittel 4 i avfallsforskrifta om kasserte køyretøy.

Vrakpantordninga vart i statsbudsjettet for 2017 utvida til og å gjelde nye køyretøygrupper, under dette mopedar, lette og tunge motorsyklar, og lastebilar og bubilar som tidlegare ikkje har vore omfatta av ordninga samt campingvogner. For desse kjøretøygruppene vert panten utbetalt som eit tilskot til behandlingsanlegget der eigaren får ein viss del av beløpet for å levere køyretøyet til vraking hos ein godkjend biloppsamlar. Det har vore ein rekke problemstillingar som har måtte bli utgreidd for å få et godt system på plass, og ordninga vert ventelig sett i verk utover hausten 2017.

I budsjettet for 2017 vert det òg vedteke eit ekstra tilskot på 13.000 kroner til varebileigarar som vrakar sin gamle varebil med diesel- eller bensinmotor, og samstundes kjøper ein ny nullutsløppsvarobil. Det har vore ein rekkje problemstillingar som det har vore naudsynt å utgreie, blant anna naudsynt utvikling av datasystem for å administrere utbetalingane. Systemet vil komme på plass tidleg i 2018.

Frå 2017 blir det òg utbetalt tilskot til kasserte fritidsbåtar over denne posten. Det vert utbetalt eit beløp på i gjennomsnitt 15 000 kroner per båt som blir levert inn til behandlingsanlegget. Utbetalinga går i hovudsak til behandlingsanlegget. Den enkelte båteier får utbetalt 1 000 kroner.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til auka innlevering av køyretøy og fritidsbåtar som skal vrakast slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte.

Tildelingskriterium

Vrakpanten for køyretøy blir utbetalt av tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling. Ordinær vrakpant for 2017 er 3 000 kroner. Tilskot til utskifting av varebilar blir utbetalt av Miljødirektoratet.

Tilskot til behandling av kasserte fritidsbåtar blir utbetalt til behandlingsanlegg av Miljødirektoratet. Tilskotet er i gjennomsnitt 15 000 kroner per fritidsbåt. Det er oppretta ein eigen post 63 for tilskot til kommunar til dette formålet. Tilskot til private behandlingsanlegg blir utbetalt frå denne posten.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at det kasserte køyretøyet har rett til vrakpant eller tilskot blir vrakmeldinga for køyretøy kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. For varebilar og fritidsbåtar blir dokumentasjon frå behandlingsanlegget sjekka av Miljødirektoratet. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Rapport 2016

I 2016 vart det samla inn om lag 136 000 bilvrak, som er ein liten nedgang frå året før. Det har vore ein markant nedgang i talet på vrak dei siste åra, frå 156 000 i 2013, 149 000 i 2014 til nivået i 2016. Ordninga for andre køyretøygrupper og fritidsbåtar var ikkje i drift i 2016.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområda Forureining og Klima. Samla er posten auka med 43,4 mill. kroner. Forventa utbetalt refusjon av avgift på hyderofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) er 60 mill. kroner, ein auke på 35,5 mill. kroner i medhald av saldert budsjett 2017. Auken skuldast anslag om fleire leverte tankar til destruksjon. Refusjonar til

spillolje vil auke med 7,9 mill. kroner i 2017 til 59 mill. kroner i 2018.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje og transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er totalt innsamla kvantum av spillolje.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer med meir) med tilsvarande eigenskapar, med unntak av blant anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Miljødirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte opp mot førehandstilsegna.

Refusjonssatsen vert fastsett årleg av Miljødirektoratet med utgangspunkt i nivået på smørjeoljeavgifta.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir teken vare på gjennom statistikk over årleg kvantum innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra, er det konstaterert mange brot på ordninga for refusjonar. Miljødirektoratet følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Rapport 2016

Innsamlingsgraden for spillolje (med og utan rett til refusjon) har vore stabil dei siste åra og er i underkant av 90 pst. I 2016 vart det totalt samla inn i underkant av 25.000 m³ olje som har krav på refusjon, om lag det same som året før. Det vart i

2016 utbetalt om lag 59 mill. kroner i refusjon. Refusjonssatsen var på 2,41 kroner pr. liter.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. Hydrofluorkarboner (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fryseanlegg, varmpumper og mobil luftkondisjonering.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til luft av HFK og PFK. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljøvennlige kuldemedium og mindre bruk av dei HFK/PFK-gassane som har høgast klimaverknad (globalt oppvarmingspotensiale), stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for refusjonsordninga er aktørar som har avfallsgass eller kassert utstyr som inneheld HFK- eller PFK-gass.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er levert og forsvarleg destruert.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftsatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3. Mengd HFK/PFK som blir samla inn og sendt til destruksjon varierer mykje frå år til år. Grunnen er at hos den einaste aktøren som nyttar ordninga blir gassen innsamla på store tankar. Når ein tank er full, blir den sendt til forsvarleg destruksjon. Kvar tank som blir sendt til destruksjon utløyser om lag 10

mill. kroner i refusjon, avhengig av samansetjinga av gassane i tanken.

Rapport 2016

I 2016 vart tre tankar med gass leverte til destruksjon med eit samla refusjonsbeløp på om lag 27,3 mill. kroner. Det vart samla inn fire tankar i 2015, tre tankar i 2014, to tankar i 2013 og fire tankar i 2012.

Innhaldet i tankane er i all hovudsak ulike blandingar av HFK-gassar, då PFK-gassar er svært lite brukte i Noreg. Ressursbruken under ordninga var i 2016 retta mot dei nasjonale måla under resultatområde Klima.

Post 77 Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.

Posten er tredelt, jf. omtale under. Midlane er retta mot resultatområda Naturmangfald, Friluftsliv, Forureining og Klima. Til ordninga for frivillige miljøorganisasjonar og allmenntnyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet er det sett av 5,1 mill. kroner, til ordninga for miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon er det sett av 2,8 mill. kroner og til ordninga for naturfaglege organisasjonar er det lagt inn 6,5 mill. kroner.

Frivillige miljøorganisasjonar og allmenntnyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å bygge opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett blant anna ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Ordninga omfattar tilskot til:

- Norsk vassforeining
- Norsk foreining mot støy

- Tilskot til LOOP
- Foreininga Hald Noreg Reint
- Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja

Det er lagt inn ei auke på 1 mill. kroner til foreininga Hald Noreg Reint. Elles er det i 2018 rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som i 2017. Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot. Det blir fortløpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillir kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Rapport 2016

Midlane er brukte til grunnstøtte til drift, opplæringstiltak og informasjonstiltak og førebyggjande arbeid generelt i dei ulike organisasjonane.

Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Mål

Standardar for miljøleing, produkt og tenester og miljømerking er viktige verktøy i ein førebyggjande miljøpolitikk. Standardisering inneber utarbeiding av krav og spesifikasjonar for varer, tenester, prosessar og verksemder. Miljømerking skal gi informasjon til og bevisstgjeriing av forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemder om miljøvennlege val. Dei offisielle miljømerkeordningane som Svana og Blomen er eit viktig supplement til lovpålagte krav, og bidrar til redusert bruk av prioritetslistestoff. Merkeordningane er nærare omtalte i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon. Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking og Standard Noreg.

Kriterium for måloppnåing

Klima- og miljødepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med verkemiddel som fremjar prioriterte miljø- og berekraftsmål. Innan standardiseringsarbeidet er det viktig med arbeid knytt til europeiske og internasjonale

standardar som er særleg relevante for miljøleing og klima- og miljøomsyn i produkt og tenester. For miljømerking er det sentralt med utvikling av miljøkriterium slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggjast vekt på å utvikle og vidareutvikle kriteriesett for produktgrupper som medfører stor miljøbelastning. Det skal òg fokuserast på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor dei områda der det er utvikla kriterium og til å gi forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på organisasjonane sine resultat frå føregående år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsoversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2016

Midlane til Stiftelsen Miljømerking er brukte til å auke kunnskapen om, kjennskapen til og aksepten av miljømerkinga si betydning.

Naturfaglege organisasjonar

Mål

Ordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar innanfor naturområdet for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett mellom anna ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til:

- Foreininga Våre Rovdyr
- Norsk Biologforeining
- Norsk Botanisk Foreining

- Norsk Entomologisk Foreining
- Norsk Ornitologisk Foreining
- Noregs Sopp- og nyttevekstforbund
- Norsk Zoologisk Foreining

For 2018 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2017. Auken i løyvinga på 2,5 mill. kroner som Stortinget i 2016-budsjettet la inn til soppkontroll i regi av Noregs sopp- og nyttevekstforbund, er ført vidare i støtta til forbundet.

Tilskot til den einskilde organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett, og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar. I tillegg kjem fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2016

Midlane vart nytta til grunnstøtte til drift, informasjonsverksemd og prosjekt i dei ulike organisasjonane.

Post 78 Friluftslivsformål, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde Friluftsliv.

Det vart i budsjettforliket for 2017 løyvd 2 mill. kroner på posten til beredskapstiltak for Kjerag og Preikestolen. For å samle midlane til tilrettelegging og andre tiltak i tilknytning til stiar som har svært stor turisttrafikk, er desse midlane flytt til ordninga «Nasjonale Turiststiar» under kap. 1420 post 81.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 3 mill. kroner til anskaffingar i samband med kjøp og reparasjonar av båtar i Skjergardstenesta, jf. forslag til vedtak VI.

Til posten ligg fleire tilskotsordningar som er omtala under.

Friluftslivsaktivitet

Tilskot til friluftslivsaktivitet har ei ramme på 52,5 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftslivsorganisasjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til enkelt materiell og utstyr når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til. Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderar ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuelle målgrupper.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid

Personar som er lite fysisk aktive, barn, unge og barnefamiliar og personar med nedsett funksjonsevne er prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Totalt vart det i 2016 gitt 55 mill. kroner i tilskot til lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Av dette fekk landsomfattande friluftslivsorganisasjonar 27,5 mill. kroner direkte frå Miljødirektoratet, mens lokale og regionale lag og organisasjonar fekk 27,5 mill. kroner frå fylkeskommunane. Totalt kom det inn 812 søknader om statleg støtte frå posten, og det totale søknadsbeløpet var på 95 mill. kroner.

Midlane er i all hovudsak brukte til å støtte tiltak for barn, unge og barnefamiliar, tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjonsevne og etniske minoritetar i Noreg, og tiltak som medverkar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminne. Eksempel på tiltak som fekk tilskot frå Miljødirektoratet er Friluftsrådas Landsforbund sine prosjekt «Læring i friluft» og «Friluftsliv og folkehelse – kommunesamarbeid», og Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Friluftslivets veke». Det er òg gitt tilskot til Noregs sopp- og nyttevekstforbund til «Soppens dag», til Norsk Botanisk foreining sitt arrangement «Villblomstens dag», til Noregs Jeger- og Fiskerforbund sitt rekrutteringsprosjekt «Ungdom og laksefiske» og til Raudekrossen sitt aktivitetstilbod «Friluft som nettverksbygger».

Friluftslivsaktivitet for personar med innvandrarakgrunn

Ordninga har ei ramme på 10 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for personar med innvandrarakgrunn, og gjennom dette medverke til å auke integreringa av personar med innvandrarakgrunn i befolkninga elles.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetfremjande tiltak i regi av friluftslivsorganisasjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til enkelt utstyr og materiell når dette medverkar til å fremje den friluftslivsaktiviteten det blir søkt om tilskot til.

Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Tiltak som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege.
- Tiltak som fører til auka integrering av personar med innvandrarakgrunn i befolkninga elles.

- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderer ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuell målgruppe.
- Tiltak som medverkar til auka deltaking over tid.

Barn, unge og barnefamiliar er prioriterte i ordninga.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Ordninga hadde ei ramme på 10 mill. kroner i 2016. Totalt var det 17 søkjarar som til saman søkte om 17 mill. kroner. 15 lag og organisasjonar vart til saman tildelte tilskot.

Tiltaka omfatta tilbod om turar og aktivitetar, men òg inkluderingsiltak og opplæring av personar med innvandrarakgrunn til å bli leiarar i lag og organisasjonar. Leiarar med innvandrarakgrunn er viktige for vidare rekruttering av personar med innvandrarakgrunn.

Eksempel på tiltak er Wild X sitt ungdomsprosjekt «Wild X aktivitetsprogram» med opplæring og tilbod om turar knytte til jakt, fiske og anna friluftsliv, Friluftsrådas Landsforbund sitt prosjekt «Friluftsliv for innvandrarakgrunn», Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Auka integrering og aktivitetstilbod for innvandrarakgrunn», Den norske Turistforeining sitt prosjekt «Inkludering i DNT», Raudekrossen sitt prosjekt «Til topps nasjonalt og lokalt» og Ski-foreininga sitt tiltak «Friluftsglede for alle». I tillegg fekk 4H tilskot til «Ut på tur med 4H» og Oslofjorden Friluftsråd støtte til prosjektet «Friluftskurs, fiske og hausting».

Driftsstøtte til friluftslivsorganisasjonar

Ordninga har ei ramme på 33 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmenta sine interesser for deltaking i friluftsliv gjennom det arbeidet som skjer gjennom dei store friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og foreiningar.

Friluftsrådas Landsforbund (FL) er paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. (Det er 28 interkommunale friluftsråd, der 27 er tilslutta FL). Det er sett av 14,55 mill. kroner i administrasjonsstøtte til FL og dei interkommunale friluftsråda. Det er eit mål at flest mogleg kommunar er med i eit interkommunalt friluftsråd.

Norsk Friluftsliv er paraplyorganisasjon for 16 friluftslivsorganisasjonar med til saman 920 000 medlemmar. Det er sett av 4,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Norsk Friluftsliv.

FL, Norsk Friluftsliv og Samarbeidsrådet for naturvern (SRN) har etablert fylkesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv). FNF vart i 2015 etablert som eigen organisasjon, og har frå 2016 eige sekretariat. Til FNF er det sett av 11 mill. kroner i administrasjonsstøtte.

Organisasjonen Wild X tilbyr friluftslivsaktivitetar med personar med innvandrarbakgrunn i alderen 12–25 som hovudmålgruppe. Det er sett av 1,4 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Wild X.

Tjukkasgjengen driv med lavterskeltilbod innanfor friluftsliv og fysisk aktivitet, der personar som er lite fysisk aktive er hovudmålgruppa. Tjukkasgjengen har eit konsept som gjer at denne gruppa nås. Det er sett av 1,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Tjukkasgjengen.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane og friluftsråda sitt arbeid med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftsområde.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgde opp ved at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege møte med FL, friluftsråd som ikkje er knytt til FL, Norsk Friluftsliv, FNF, Wild X og Tjukkasgjengen.

Rapport 2016

Totalt vart det i 2016 tildelt 13,75 mill. kroner til FL og interkommunale friluftsråd. Midlane er

nytta til drift, til å styrkje arbeidet i FL og til å utvide FLs engasjement geografisk. Det er stor interesse for interkommunalt samarbeid om friluftsråd, og i 2016 var det 25 interkommunale friluftsråd med 229 medlemskommunar. Friluftsråda femner slik vel 75 pst. av befolkninga i heile landet.

Det er i 2016 inngått avtale med grunneigarar om 232 km med nye turstigar, skiløyper og turvegar, og friluftsråda har saman med medlemskommunane arbeidd med sikring av fleire nye friluftsområde. Det er tilrettelagt 54 km med nye turstigar og friluftsråda har vore pådrivarar og koordinatorar i arbeid med å skilte og merke ytterlegare 725 km.

Friluftsråda har hatt opne turar med 17 250 deltakarar, tiltak for barn og ungdom med 13 000 deltakarar og tiltak for personar med minoritetsbakgrunn med 8 700 deltakarar. I tillegg har mange vore med på turar der friluftsråda har vore medarrangørar. Friluftsråda har framleis stor innsats retta mot friluftsliv og bruk av naturen i læringsarbeidet i barnehage og skule, og engasjerer seg i arbeidet med å ta vare på arealgrunnlaget for friluftsliv gjennom verdikartlegging av friluftsområde, deltaking i dei fylkesvise Forum for natur og friluftsliv og gjennom uttale i ulike arealsaker.

Friluftsråda forvaltar 545 offentleg eigde friluftsområde med omfattande oppgåver knytte til m.a. skjøtsel, vask av toalett og bosshandtering.

Norsk Friluftsliv vart i 2016 tildelt 4,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte. Norsk Friluftsliv får dessutan aktivitets- og prosjektmidlar frå Miljødirektoratet for vidare tildeling til sentralledda i Norsk Friluftsliv sine medlemsorganisasjonar. Arbeidet omfattar i stor grad påverknads- og informasjonsarbeid overfor offentlege styresmakter og andre organisasjonar, med sikte på å skape best mogleg vilkår for friluftslivet. I 2016 hadde Norsk friluftsliv ansvar for å levere grunnlagsmateriale til ei intern evaluering av Friluftslivets år 2015. I tillegg var dei ansvarlege for dialog med Norsk institutt for naturforskning (NINA) om ekstern evaluering. Evalueringsrapport for Friluftslivets år 2015 vart levert frå NINA i desember 2016 (NINA Rapport 1310).

Forum for Natur og friluftsliv (FNF) vart i 2016 tildelt 11 mill. kroner i administrasjonsstøtte. Frå 2016 er organiseringa av FNF endra, og det er no etablert ein ny sentral organisasjon som fører til at arbeidsgivaransvaret er plassert sentralt for alle tilsette. Alle fylke har ein eigen FNF-koordinator, og litt over halvparten av fylka har koordinatorar i 80–100 pst. stilling. FNF-koordinatorane gjer eit betydeleg og viktig arbeid for natur- og friluftssinteressene i dei enkelte fylka.

Wild X fekk i 2016 utbetalt 1,2 mill. kroner i driftsstøtte, og organisasjonen er under stadig utvikling, med blant annet opprettelse av lokallag i fleire fylker.

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde

Ordninga har ei ramme på 44 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg fysisk tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftslivsområde og i område verna som friluftslivsområde etter markalova, slik at områda blir tilgjengelege og attraktive.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftslivsområde.

Tildelingskriterium

Det blir tildelt tilskot til tilrettelegging som har eitt eller fleire av følgjande mål:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Ta vare på kvalitetane for oppleving i området og leggje til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning av plante- og dyrelivet, kulturminne og kulturmiljø.

Tilskot kan berre bli gitt der tiltaket inngår i ein gjeldande og godkjent forvaltingsplan knytt til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde. For område verna som friluftslivsområde etter markalova er det eit vilkår at tiltaka er i tråd med verneforskrift og eventuell forvaltingsplan for området.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Budsjett for 2016 var 30 mill. kroner, som vart tildelt fylkeskommunane for vidare tildeling til kommunar og interkommunale friluftsråd. Fordelinga vart utført på grunnlag av omfanget av statleg sikra friluftslivsområde, og om det låg føre forvaltingsplanar for friluftslivsområda som dokumenterer behov for tiltaksmidlar. I gjennomsnitt vart fylka i 2016 tildelte 1,58 mill. kroner. Eit fylke blei tildelt 4 mill. kroner, mens det fylket som fekk minst blei tildelt 250 000 kroner. I alt fekk 8 fylke tildelt meir enn 2 mill. kroner.

Totalt mottok fylkeskommunane 253 søknader frå kommunar og interkommunale friluftsråd, og totalt søknadsbeløp var 75 mill. kroner. Tiltaka var totalt kostnadsberekna til 146 mill. kroner, noko som viser at mange søkjarar medverkar sjølve med eigne midlar og dugnadsinnsats. Det vart i 2016 gitt statleg støtte til omlag 190 tiltak. Ein stor del av tiltaka omfatta universell tilrettelegging slik at fleire grupper av befolkninga får høve til å nytte områda. Dei fleste tilretteleggingstiltaka stimulerer til aktivitet, som til dømes etablering og merking av turveggar og stigar.

Eksempel på tiltak som fekk statleg støtte i Østfold fylke i 2016 er gangbru mellom Tjeldholmen og Randholmen i Fredrikstad kommune, og nye sanitæranlegg på Storesand og Stuevika i Hvaler kommune. I Akershus fylke fekk Oslofjordens Friluftsråd støtte til å rehabilitere ei brygge Steilen i Nesodden kommune, og i Oslo fekk Bymiljøetaten støtte til å opparbeide St. Edmundsvei – ein turveg som blir del av pilegrimsleia. I Hedmark fekk Stange kommune midlar til Nordsveodden regionale friluftslivsområde og i Oppland fekk Lillehammer kommune støtte til informasjons- og utkikkspattform på Mosodden ved Lågen. I Buskerud fylke har Hurum kommune fått støtte til utvikling av friluftslivsområdet Sætre park og Øvre Eiker kommune har fått støtte til toalett i Sundhagen friluftslivsområde. I Vestfold fylke har Tønsberg kommune fått støtte til ymse tiltak på Ringshaugsstranda, Larvik kommune har fått midlar til å reetablere eit friluftslivsområde langs Lågen og Tjøme kommune har fått støtte til ymse tiltak på Verdase Ende. I Telemark har Porsgrunn kommune fått midlar til ymse tiltak i Paradisbukta på Håøya, Bamble kommune til nytt servicebygg på Kroghavn og Fyresdal kommune til Klokkarhamaren friluftslivsområde. I Aust-Agder fekk Slåttholmen i Lillesand støtte til tilrettelegging og skjøtsel, og Risør kommune midlar til Hollenderskjæret. I Vest-Agder fylke fikk ny turløype Jegersberg-Skråstadheia og ymse tiltak i regi av Vestre Para-

disbukst støtte. I Hordaland fylke fekk Bergen og Omland Friluftsråd tilskot på til saman over 2,8 mill. kroner til tiltak på ei rekkje av dei mange friluftsområda dei forvaltar, og Askøy kommune fekk midlar til ymse tiltak på Herdla fort. I Sogn og Fjordane fekk Naustdal kommune midlar til ymse tiltak på tusenårsstaden Sanden. I Møre og Romsdal fekk mellom anna Volda kommune midlar til å rehabilitere Årneset friluftsområde og i Sør-Trøndelag fekk Røros kommune midlar til skjøtsel i Dokortjønnå friluftsområde. I Nord-Trøndelag fylke fekk mellom anna Steinkjær kommune støtte til tiltak på Hoøya og Kalvøya friluftsområde. I Troms fylke fekk Balsfjord kommune støtte til ulike tiltak på Skrivarholmen, og i Finnmark fekk Hammerfest kommune støtte til ymse tiltak på Tiberge friluftsområde.

Skjergardstenesta

Ordninga har ei ramme på 29,3 mill. kroner.

Mål

Ordninga gir statlege budsjettmidlar til drift av skjergardstenesta, inkludert kjøp og større reparasjonar av båtar knytte til tenesta.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde Friluftsliv.

Måloppnåinga blir også blant anna vurdert ut frå talet friluftslivsområde som er drifta i dei enkelte driftsområda, kor mange dagsverk dei enkelte driftsområda har brukt til fjerning av marin forsøpling og talet dagar dei enkelte driftsområda har brukt til bistand til Statens naturoppsyn.

Tildelingskriterium

Under framgår fordelinga til dei ulike driftsområda i 2018. Fordelinga inneber berre små justeringar i forhold til tildelinga i 2017. Midlane blir fordelte til fylkesmennene i dei aktuelle fylka. I 2018 vil midlane til driftsområdet Rogaland og Hordaland bli fordelte til Fylkesmannen i Rogaland. Miljødirektoratet kan i samband med overføring konkretisere vilkår og føresetnader knytte til dei statlege driftstilskota.

Tabell 7.4 Fordeling til driftsområde i skjergardstenesta

Driftsområde	(i 1000 kr)
Østfold	2 790
Oslo og Akershus	2 890
Vestfold	3 025
Telemark	3 050
Aust-Agder	2 935
Vest-Agder	3 760
Rogaland og Hordaland	3 910
Sum	22 360

Vidare er 5 mill. kroner øyremerkte utviding av skjergardstjenesta med nye einingar nord for dagens verkeområde i Hordaland. Det er førebels ikkje etablert nye einingar, slik at midlane som er øyremerkte til dette vil bli fordelte seinare.

Andre midlar på posten er øyremerkte båtinvesteringar og diverse kurs, opplæring mv.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i møte mellom Miljødirektoratet/fylkesmannen og skjergardstenesta i dei tre regionområda, og skal rapporterast i samband med søknader om tilskot kommande år.

Rapport 2016

Skjergardstenesta oppnådde i 2016 gode resultat i alle driftseiningar. Det vart teke i bruk to nye arbeidsbåtar i Bamble kommune og i Holmestrand kommune. Det vart gjennomført anbuds-konkurranse for bygging av nye båtar til Mandal kommune og Moss kommune. Desse båtane skal vere ferdige i 2017. Som ei oppfølging av evalueringa vart det i 2016 gjennomført ytterlegare tiltak for å utvikle skjergardstenesta vidare. Mellom anna er det gjennomført fleire tiltak på kompetansesida, tiltak for oppfølging av nye forskrifter for bygging av mindre lasteskip og tiltak for å styrkje styrings- og rapporteringsrutinane.

Andre friluftslivstilskot

Det er sett av 6 mill. kroner i tilskotsmidlar til prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftslivs-område. Til leing av prosjektet er det sett av midlar under kap. 1420 post 01.

Det er sett av 1 mill. kroner til Norsk Friluftsliv sitt prosjekt «Integrering gjennom friluftsliv». Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 1 mill. kroner til prosjektet «Friluftsliv for personar med funksjonsnedsettelse» i regi av Den Norske Turistforening. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Det er sett av 2 mill. kroner til friluftslivstiltak i den nye Groruddalsatsinga, som er eit samarbeid mellom Oslo kommune og staten, og som starta opp i 2017. Heile satsinga er presentert i Prop. 1 S (2017–2018) Kommunal- og moderniseringsde-
partementet, jf. kap. 590 post 65.

Det er sett av 1 mill. kroner til eit nytt prosjekt i Norsk Friluftsliv, med mål om å fremje friluftsliv i skulen. Prosjektet skal også omfatte drift og vidareutvikling av «Forum for friluftsliv i skolen». Arbeidet skal skje i samarbeid med Miljødirekto-
ratet, friluftslivsorganisasjonane og friluftsråda. Midlane skal gå til løn, administrative utgifter og tiltak.

Rapport 2016

Norsk Friluftsliv blei tildelt 1 mill. kroner i 2016 til arbeidet med rapportering og evaluering av Friluftslivets år 2015.

Godt tilgjenge til attraktive friluftslivsområde føreset at kommunane har kjennskap til kvar dei viktigaste friluftslivsområda er. Prosjektet kartleg-
ging og verdsetjing av friluftslivsområde vart sett i gang i 2014, og skal medverke til slik kjennskap. Fylkeskommunane har ei sentral rolle i prosjek-
tet, og skal mellom anna setje i gang og gjennom-
føre regionale prosjekt for å stimulere kommu-
nane til kartlegging og verdsetjing av friluftslivs-
område etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-98
2013: «Kartlegging og verdsetting av friluftslivs-
områder». Prosjektet er i rute, og i 2016 blei det
fordelt 6,7 mill. kroner i tilskot til fylkeskommu-
nane. Ved utgangen av 2016 var alle fylke invol-
verte i arbeidet. 96 kommunar hadde ferdigstilt
sitt arbeid, 112 kommunar var godt i gang med
arbeidet og 59 kommunar hadde nyleg starta
arbeidet.

Post 79 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 69. Midlane er retta mot resultatområde Forureining. I dei fleste områda som får støtte stammar forurei-
ninga frå langt tilbake i tid, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor naudsynte for at oppryddinga av forurei-
ningane skal bli gjennomført.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kom-
munale og interkommunale selskap/verksemdar,
private verksemdar og privatpersonar har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn på land og i botn i sjø og vatn som er foru-
reina med helse- og miljøskadelege stoff.

Kriterium for måloppnåing

Både for forureina sjøbotn og forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet «Forureining skal ikkje skade helse og miljø» og til målet «Utslepp av helse- og miljøfar-
lege stoff skal stansas».

Tildelingskriterium

Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryd-
dingsprosjekt. Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn ved vurdering av om det skal givast tilskot. Sjå òg omtale under kap. 1420 postane 39 og 69.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrap-
port innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2016

Det blir her rapportert samla for oppryddingsar-
beidet finansiert frå postane 39, 69 og 79.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn går framover. Fram til no er undersøkingar gjen-
nomførte i dei fleste av dei prioriterte områda, og i fleire av områda har dei viktigaste oppryddingstil-
taka starta eller blitt gjennomførte. Av dei vikti-
gaste gjennomførte tiltaka i 2016 var ferdigstilling
av arbeidet med å rydde opp sjøbotnen i Trond-

heim havneområde. Det blei sett i gang førebuing og planlegging i Bergen og Sandefjord som førebuing til oppstart av sjøve oppryddinga i Puddefjorden og Sandefjordsfjorden i 2017. Oppryddinga i Sandefjord er planlagt ferdigstilt i løpet av haust-vinter 2017/18 og Puddefjorden i løpet av 2018. Oppryddingstiltak i Bangavågen i Stavanger starta opp i 2016 og blir ferdigstilt i 2017. Arbeidet held òg fram med opprydding i forureina grunn der det er behov.

Post 81 Naturarv og kulturlandskap, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområde Naturmangfald og Friluftsliv.

Som ei oppfølging av budsjettforliket 2017 og budsjettflyttingar i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 (jf. Prop. 129 S og Innst. 401 S (2016–2017)) er talet tilskotsordningar under posten utvida til seks. Ei av endringane er at 5 mill. kroner til arbeidet med å etablere to europeiske villreinregionar er flytt frå kap. 1520 post 21 fordi det viktigste verkemiddelet er tilskotsordninga «Villrein fjellet som verdiskapar».

Frå kap. 1420 post 78 er det flytt 2 mill. kroner til den nye ordninga «Nasjonale Turiststiar», som samstundes er styrkt med 1 mill. kroner i friske midlar. For å gjere plass til andre prioriteringar i statsbudsjettet er posten redusert med 5 mill. kroner, av dette 4,5 mill. kroner på ordninga for utvalde kulturlandskap i jordbruket og 0,5 mill. kroner på ordninga for tiltak i prioriterte kulturlandskapsområde og tiltak for ville pollinerende insekt. I høve til saldert budsjett 2017 er posten samla auka med 3 mill. kroner.

Desse seks føremåla får tilskot frå posten: Forvaltningstiltak i verdsarvområde (11,5 mill. kroner), tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket (14 mill. kroner) tiltak i prioriterte kulturlandskapsområde og tiltak for ville pollinerende insekt (2,1 mill. kroner), verdiskaping basert på naturarven (8,2 mill. kroner), programmet «Villrein fjella som verdiskapar» (5 mill. kroner) og Nasjonale Turiststiar (10,5 mill. kroner).

Frå posten vil det som ei eingongsløyving bli gitt eit tilskot på 2 mill. kroner i 2018 til Den Norske Turistforeining til vedlikehaldsfond for Snøheimvegen, jf. omtale av denne under kapittel med omtale av politikk for å nå dei nasjonale måla. Midlane vil bli belasta tilskotsordningane verdiskaping basert på naturarven med 1 mill. kroner, og programmet «villrein fjella som verdiskapar» med 1 mill. kroner.

Forvaltningstiltak i verdsarvområde

Mål

Målet med tilskot til forvaltningstiltak i norske verdsarvområde med viktige naturverdiar er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus og områda sine forvaltingsplanar.

Tildelingskriterium

Dei aktuelle verdsarvområda er Vegaøyen som vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i 2004, og Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden som vart ført på lista i 2005. Mottakarar er stiftelsane Vegaøyen Verdsarv, Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Posten dekkjer òg tilskot til Foreininga Noregs verdsarv til gjennomføring av arrangementet Verdsarvforum.

Midlane må sjåast i samheng med midlar til verdsarvområda i Noreg under kap. 1429 post 79 Tilskot til Verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Oppfølging av norske verdsarvområde med naturverdiar er organisert gjennom ideelle stiftingar på staden som mottek tilskot til drift og gjennomføring av forvaltningstiltak innanfor rammer sett i forvaltingsplanar og retningslinjer for oppfølging av verdsarvkonvensjonen. Midlane har i 2016 medverka til gjennomføring av tiltak og satsingar på ulike tema for verdsarvforvaltning i verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Desse omfattar blant anna forvaltingsplanlegging, strategiarbeid, nettverksbygging, lokal involvering og organisering av samarbeid. Det er merksemd på samarbeid og medfinansiering med andre aktørar i gjennomføring av tiltak. Forpliktingane knytte til

formidling og informasjon om kultur- og naturverdiar er tekne hand om og utvikla vidare gjennom tiltak retta mot barn, unge og besøkande. Initiativ med målsetjing å utvikle betre besøkshandtering, redusert forureining og miljøsertifisering er sette i gang eller førte vidare.

Tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket

Frå 2018 omfattar ordninga berre midlar til oppfølging av den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket. I 2018 blir budsjettet under posten redusert med 4,5 mill. kroner, medan midlar over jordbruksavtala aukar med 2 mill. kroner. Totalt blir det 22 mill. kroner til ordninga i 2018. Talet på områder i ordninga aukar med 10 til 32. Dette skal aukast vidare fram mot 2020 innanfor gjeldande budsjett. Midlar til område i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap skilt ut i eigen ordning, sjå under.

Mål

Målet med tilskotet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap som inngår i den frivillige ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Tildelingskriterium

Eit nasjonalt sekretariat leia av Landbruksdirektoratet, saman med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, følgjer forvaltninga av områda i samarbeid med fylka. Fylka har ansvaret for administrasjon, tilskotsforvaltning og prioritering av tiltak i samråd med områdeutval i dei enkelte områda. Midlane blir tildelte med grunnlag i godkjende forvaltingsplanar.

Oppfølging og kontroll

Det er Landbruksdirektoratet som fordeler og følger opp tildelinga av midlar. Sekretariatet rapporterer tilbake til departementene gjennom årlige rapporter. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns-kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Midlane til utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei spleiseordning med landbruket, der årlege løyvingar dei siste åra har vore til saman 14 mill. kroner, 6 mill. kroner over denne posten og 8 mill. kroner over jordbruksavtala.

Midlane til utvalde kulturlandskap blir fordelte på tiltak innafor planlegging/prosess, kulturminne, naturmangfald og landskapsskjøtsel, overvaking/dokumentasjon, formidling og andre tiltak (næringsutvikling, seterdrift, turstiar m.m.). Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren lager årleg ein rapport om bruken av midlane til utvalde kulturlandskap som også inneheld status i dei einskilte områda og fordelinga av midlar på ulike formål. Rapporten frå 2016 syner at om lag 5,5 mill. kroner vart nytta til tiltak for å ta vare på miljøverdiar knytte til naturmangfald og landskap i områda i 2016.

Tilskot til tiltak i prioriterte kulturlandskapsområde og tiltak for ville pollinerande insekt

Tilskotsordninga heitte tidlegare Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Ordninga er med bakgrunn i Stortingets forlik om 2017-budsjettet utvida til å omfatte tilskot til tiltak for ville pollinerande insekt. For 2018 vil ei ny forskrift regulere ordninga.

Mål

Målet med ordninga er todelt. Det første målet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap som inngår i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Det andre målet er å bidra til å sikre eller betre leveområda for pollinerande insekt.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om tiltaka sikrar naturmangfaldet i område med store naturverdiar og om dei sikrar gode leveområde for ville pollinerande innsekt.

Tildelingskriterium

Det er utvikla eit eige sett med tildelingsskriterium. Blant søknader som gjeld tilskot til tiltak i prioriterte kulturlandskapsområde, vil dei som er forankra i ei skjøtels- eller tiltaksplan, bli prioriterte.

Blant søknader som gjeld tiltak for pollinerende insekt, vil dei som gjeld areal med førekomst av mange arter eller raudlista arter, bli prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar frå tilskotsmottakane til Miljødirektoratets elektronisk søknads-senter.

Rapport 2016

Til ordninga som gjeld spesielt verdifulle kulturlandskap har søknadsmassen vore svært stabil dei seinare åra med rundt 40 søknader og ein søknadssum på 4–6 mill. kroner. Med eit budsjett på 1,5 mill. kroner i 2016, vart det innvilga om lag 23 søknader.

Midlane under ordninga medverkar til å hindre attgroing, gjennomføre skjøtsel av biologisk viktige areal og gjennomføre naudsynte tiltak for å ta vare på verdiar knytte til prioriterte verdifulle kulturlandskap. Ordninga som gjeld ville pollinerende insekt er ny frå 2017 og har derfor ikkje rapportering for 2016.

Verdiskaping naturarv

Mål

Målet med ordninga er å medverke til at verneverdiane i verneområda blir haldne oppe eller aukar slik at verneområde og andre verdifulle naturområde framleis kan vere ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping der natur, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til tilrettelegging for ferdsel, ulike typar informasjon, naturfagleg kompetanseheving i reiselivsverksemdar og til tiltak for å betre samarbeid og kunnskap om verneområde i koplinga mellom naturforvaltning, næring og lokal-

samfunn. Tilskotet skal mellom anna gå til implementering av merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparker, dvs. blant anna til nasjonalparksenter, nasjonalparklandsbyar og nasjonalparkkommunar. Tilskot blir tildelt konkrete tiltak knytte til verdiskaping som har naturarven som utgangspunkt, og det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fortløpande kontakt mellom Miljødirektoratet og prosjekta som får tilskot og gjennom at Fylkesmannen deltek i dei styrande organa for prosjekta, der det vert fatta avgjerder blant anna om budsjett, framdrift og økonomisk styring. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Rapport 2016

Posten finansierte til og med 2013 verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskapar*. Bruken av løyvinga er basert på dei erfaringane dette programmet gav. Telemarksforskingens evaluering av programmet frå 2014 viser at ein i hovudsak nådde målet om brei verdiskaping, auka forståing for vern og for at utvikling av lokalsamfunn er mogleg samtidig med vern. Mellom anna er det etablert 29 nye verksemdar, 138 eksisterande verksemdar har utvida drifta si og 100 verksemdar har fått auka omsetning. Tilskot har mellom anna dekkja prosjekt innafor fugleturisme, besøkstrategiar for svært mange brukte turstiar, tilrettelegging av stiar og sykkelstiar, produktutvikling knytt til ulike naturområde, utvikling av nasjonalparklandsbyar og kommuner. I 2016 mottok desse prosjekta støtte til verdiskaping: Lierne nasjonalparksenter, Norsk villreinsenter Nord, Noregs nasjonalparkkommunar og landsbyar, Stiftelsen Nordland nasjonalparksenter, Nærøysfjorden verdsarvpark, Stavanger turistforeining, Gjøra bygdeutvikling, Lofoten friluftsråd, Nordveggen AS, Stiftelsen Folldal gruver, Naturvernforbundet i Rogaland, Dovre kommune, Stiftelsen Vegaøyane verdsarv og Lista friluftsråd.

Villreinfjellet som verdiskapar

Med utgangspunkt i midlar frå budsjettforliket 2017 vart det i samband med revidert nasjonalbudsjett (jf. Prop. 129 S og Innst. 401 S (2016–

2017)) etablert ei tilskotsordning for villrein fjellet som verdiskapar.

Mål

Programmet «Villrein fjellet som verdiskapar» har som mål å stimulere til brei verdiskaping knytt til dei ti nasjonale villreinområda, særleg innretta mot ulike delar av reiselivet. Programmet skal medverke til god gjennomføring av dei regionale planane for villreinområda, og til å utvikle og spreie kunnskap om villreinen og villrein fjellet til ulike målgrupper.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at dei nasjonale villreinområda blir del av ei brei verdiskaping der villrein, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til eit hovudprosjekt i samsvar med den fastsette programplanen. Hovudprosjekta skal omfatte fleire ulike delprosjekt og tiltak, og må vere knytt til eit geografisk område eller eit tema innafor dei 61 kommunane som er omfatta av dei nasjonale villreinområda. Det er utvikla eit eige sett med søknadskriteriar, der det mellom anna blir lagt vekt på god samgang med handlingsprogramma knytt til dei regionale planane. Det blir og lagt vekt på at hovudprosjekta skal ha geografisk spreing og dekke ulike tema og problemstillingar knytt til dei ulike nasjonale villreinområda. Prosjekta skal femne både miljømessig, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping, og det er krav til søkarane om minst 50 pst. eigeninnsats i form av arbeid og/eller andre økonomiske midlar.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av løpande kontakt mellom Miljødirektoratet og dei prosjekta som får tilskot, og gjennom at Fylkesmannen deltek i dei styrande organa for prosjekta. Kontroll skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap. Norsk villreinsenter vil ha ei rolle i fagleg oppfølging og rådgiving for prosjekta.

Rapport 2016

Tilskotsordninga er ny etter budsjettforliket for 2017. Programmet byggjer på erfaringane med det tidlegare programmet *Naturarven som verdiskapar* (2009–2013), og på rapporten ØF-rapport 2015/05: *Europeiske villreinregioner – en strategisk satsing på villrein fjellet som ressurs for reiselivet* frå ei breitt samansett arbeidsgruppe oppnemnt av Klima- og miljødepartementet.

Nasjonale Turiststiar

Med utgangspunkt i forliket om 2017-budsjettet vart det i 2017 etablert ei tilskotsordning for Nasjonale Turiststiar. For at namnet betre skal vise kva som er intensjonen med tilskotsordninga, er det endra til Nasjonale Turiststiar.

Det er flytt 2 mill. kroner til ordninga frå kap. 1420 post 78, for å samle midlane til tilrettelegging og andre tiltak i tilknytning til stiar som har svært stor opplevingskvalitet og turisttrafikk, både frå den internasjonale og den nasjonale marknaden.

Tilskotsordninga har ei ramme på 10,5 mill. kroner. Nokre av midlane kan brukast av Miljødirektoratet under post 21, til prosjektutvikling og prosjektstyring.

Mål

Nasjonale Turiststiar er turiststiar med tilhøyrande naturattraksjonar som er internasjonale opplevingsattraksjonar med ekstraordinært mange besøkande, og som derfor har ulike utfordringar. Tilstrøyminga medfører stor slitasje på stiane, utfordringar med søppel/avfall, behov for informasjon både før og under besøket, og utfordringar med tryggleiken til dei besøkande.

Målet for ordninga er å utvikle og tilrettelegge eit avgrensa tal Nasjonale Turiststiar, slik at tryggleik, opplevingsverdiar, informasjon og naturverdiar blir ivaretekne. Stiane skal utviklast slik at dei er berekraftige og medverkar til lokal verdiskaping. Det skal vere eit avgrensa tal stiar som blir definerte som Nasjonal Turiststi. Kor mange stiar som skal omfattast av ordninga vil bli vurdert nærare i den vidare prosessen med utvikling av ordninga.

I løpet av 2018 vil ordninga bli utvikla som ei autoriseringsordning, der det kan søkjast om at ein sti blir autorisert som Nasjonal Turiststi. Ordninga skal bidra til at stiar som blir autoriserte held ved lag sine natur- og opplevingsverdiar, og at dei har eit tilfredsstillande sikkerheitsnivå innanfor rammene av allemannsretten og norsk fri-

luftslivstradisjon. Ordninga skal ikkje leggje til rette for meir utbygging og tiltak enn det som er naudsynt for ein tilfredsstillande tryggleik og for å bevare stiane sine naturverdiar og opplevingskvalitetar. Eventuelle byggje- og anleggstiltak skal vere tilpassa landskapet og området sine natur- og opplevingskvalitetar. Lokal byggeskikk bør vurderast dersom det skal setjast opp nye bygningar.

I ei autorisering vil det blant anna bli lagt vekt på området sine kvalitetar, omfang av- og potensial til besøk, kva slag utfordringar stiområdet har, behov for tilrettelegging og lokal medfinansiering. For kvart stiområde må det utarbeidast ei heilskapleg besøksforvaltning i form av ein besøksstrategi, som blant anna må innehalde ei rolleavklaring mellom involverte aktørar. Frå 2019 vil stiar som er autoriserte bli prioriterte ved tildeling av midlar frå ordninga. På sikt vil berre stiar som er autoriserte få midlar frå ordninga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet medverkar til færre ulykker og utrykningar frå hjelpe-mannskap i samband med ferdsel på stiane, redusert slitasje og om tilskotet medverkar til å oppretthalde naturverdiar og miljøverdiar på og i tilknytning til stiane. I tillegg skal ordninga sitt bidrag til brei lokal verdiskaping leggast vekt på.

Tildelingskriterium

Destinasjonsselskap, kommunar, kommunale eller interkommunale føretak, stiftelsar, frivillige organisasjonar og verneområdestyre kan søke på ordninga. Søknader med synleggjort breie samarbeidsrelasjonar mellom reiseliv, frivillige, kommune og forvaltning vil bli prioriterte.

Tilskot blir gitt til prosjekt som omhandlar turstiar med store opplevingskvalitetar og som har betydelege utfordringar knytte til stor ferdsel av internasjonale turistar.

Det skal liggje føre ei prosjektbeskriving for stien/området det blir søkt om tilskot til, og som

søknaden skal byggje på. Prosjektbeskrivinga skal vise omfang av besøk på den aktuelle stien, beskrive kva som er utfordringane for det aktuelle området og kva tiltak som kan imøtekomme desse utfordringane. Stiens betydning for lokalt reiseliv skal også inngå i prosjektbeskrivinga, og informasjon om stien på sosiale media og i marknadskanalar.

Alle fysiske tiltak som får tilskot skal i utgangspunktet vere opne for allmenta. Alle byggje- og anleggstiltak skal vere tilpassa landskapet og området sine natur- og opplevingskvalitetar.

Ordninga skal i utgangspunktet brukast til fysiske tiltak på og i tilknytning til stiane. Det kan også bli gitt tilskot til enkelte andre tiltak, som for eksempel informasjonstiltak. Det blir ikkje gitt tilskot til drift knytt til stiområda.

Det blir berre gitt tilskot til søkjarar som medverkar med minst 50 prosent eigeninnsats (økonomiske midlar eller arbeidsinnsats som kan dokumenterast).

Aktuelle tiltak som det kan bli gitt tilskot til:

- Toalett/sanitæranlegg
- Sikringshytter
- Ulike tryggingstiltak
- Informasjonstiltak
- Merking av sti
- Tilrettelegging av sti
- Sjøppelhandtering
- Tilrettelegging av tilkomstsoner, inklusiv parkeringsareal

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

Fordi ordninga var ny i 2017 er det inga rapportering for 2016.

Post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
82.1	Tilskotordning – truga arter	24 779	44 211	13 677
82.2	Tilskotordning – truga naturtypar	26 544	30 778	26 778
	Sum post 82	51 323	74 989	40 455

Posten er retta mot resultatområde Naturmangfald. Posten er delt i to underpostar, ein for truga arter og ein for truga naturtypar. Underposten for truga arter omfattar mellom anna tilskot til prioriterte arter og deira økologiske funksjonsområde og arter som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for arter 2015. Tiltak for bevaring av hubro er òg inkludert i posten med fokus på tiltak mot elektrokusjon. Underposten for truga naturtypar omfattar tilskot til utvalde naturtypar og naturtypar som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Posten er redusert med 34,5 mill. kroner i høve til 2017. For riktig budsjettering er det til kap. 1420 post 21 flytt 22 mill. kroner. Midlane vil framleis bli brukte til arbeid med truga arter og naturtypar. I samband med flyttinga er stikkordet «kan nyttast under post 21» fjerna.

Utover dette er posten redusert med 12,5 mill. kroner for å finansiere andre prioriteringar i statsbudsjettet.

Truga arter, inkludert hubro**Mål**

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak for å ta vare på truga plante- og dyrearter, under dette arter som er valt ut som prioriterte arter. Ordninga inkluderer òg økologiske funksjonsområde for prioriterte arter.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til truga arter. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet stolpar/konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobestanden i desse områda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehald, biotopforbetrande tiltak, restaurering, aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som er naudsynte for å ta vare på eller rette opp økologiske funksjonsområde for prioriterte arter, gjerding, naudsynt utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og tiltak for hindre at hubro dør som følgje av at dei brukar straumstolpar som sitjeplass.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns-kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2016

I 2016 kom det inn 225 søknadar til tilskotsordninga for truga og prioriterte arter. Miljødirektoratet tildelte om lag 19,4 mill. kroner til slike søknader. Av dette er om lag 4,6 mill. kroner knytt til 14 tiltak for hubro i 10 fylker for å unngå at arten dør som følgje av elektrokusjon. Dei ulike nettselskapa nyttar i tillegg eigne midlar på dei same strekningane.

Midlane er gitt til konkrete tiltak, som f. eks. skjøtsel av lokalitetar med svartkurle, raud skogfrue og dragehode. Vidare er det gitt tilskot til biotopforbetrande tiltak som f. eks. styrking av bestandar av elvemusling og edelkreps, gjerding og informasjon. 7,6 mill. kroner av midlane gjekk til tiltak retta mot artene elvemusling og edelkreps for å styrkje desse artene sine høve til å overleve i lokalitetane.

Truga naturtypar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å ta vare på naturtypar gjennom tiltak og aktiv skjøtsel av truga og utvalde naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå målsetjingane for å ta vare på naturtypar i dei enkelte handlingsplanane, under dette tal på lokalitetar som blir tekne vare på og talet på tiltak knytt til førekomst av truga og utvalde naturtypar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehald, restaurering, gjerding, naudsynt utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og utvikling av skjøtels-/tiltaksplan for tiltaket.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føresette og at tiltaka blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns kontroll av innsende rapportar i regi av fylkesmannen.

Rapport 2016

I 2016 kom det inn 859 søknadar, mot 729 i 2015. Det kom inn søknader for tiltak i 17 ulike naturtypar. Talet på søknader er framleis størst innafor naturtypene slåttemark, kystlynghei og holer eiker, men spekteret av andre naturtypar i søknadsmassen er aukande. Talet på søknader knytt til kystlynghei, holer eiker og haustingsskog har auka. Medan talet på innvilga søknader til holer eiker i 2015 var 33, fekk 42 av totalt 53 søknader på tiltak knytt til holer eiker midlar i 2016. For kystlynghei er tilvarande tal 117 innvilga søknader i 2016 mot 86 i 2015.

Miljødirektoratet tildelte totalt 27,4 mill. kroner til fylkesmannen til tiltak i truga og utvalde naturtypar i 2016. Vel 20 mill. kroner av dette gjekk til skjøtsel og andre tiltak i kulturmarkstypar, til dømes slått av slåttemark og slåttemyr, bei-

ting og brenning i kystlynghei eller styving av tre i haustingsskog. Blant kulturmarkstypene vart slåttemark tildelt mest midlar, ca. 14 mill. kroner, etterfølgt av kystlynghei med samla tilskot på 5,2 mill. kroner og haustingsskog på 1,2 mill. kroner. Vel 3 mill. kroner vart tildelt til å fristille og skjøtte holer eiker og informere om naturtypen, mens 1,2 mill. kroner blei tildelt tiltak i open grunnlendt kalkmark. Større enkelttiltak for å ta vare på ålegraseng fekk tilskot, og det blei også tildelt midlar til tiltak i lokalitetar av naturbeitemark, kalk-lindeskog, kroksjøar, kystgranskog, kystnedbørsmyr og sørleg strandeng. I tillegg til skjøtsel har ein del av midlane gått til gjerding, fjerning av frammande arter og annan uønska vegetasjon, til informasjonstiltak og til innkjøp av naudsynt utstyr for skjøtsel. Søknadsmassen og breidda i søknader er størst i Oslo og Akershus som også har fått mest midlar med 4,5 mill. kroner i samla tildeling. Vestfold, Telemark og Møre og Romsdal følgjer etter, alle med ei tildeling på over 2 mill. kroner til tiltak i truga naturtypar.

Talet på skjøtelsplanar som er utarbeidde stiger jamt. Det gjer òg talet på langsiktige avtalar med grunneigarar om skjøtsel, noko som er eit viktig verkemiddel for å motivere grunneigarar til å søkje tilskot og drive skjøtsel. Det er flest skjøtelsplanar og avtalar for slåttemark og kystlynghei. Det vart òg søkt om midlar til å utarbeide skjøtelsplanar for lokalitetar med naturbeitemark, haustingsskog, holer eiker, rikmyr, slåttemyr og kroksjøar. Alle fylke i landet er no inkludert i arbeidet med handlingsplan for slåttemark. Det er godt dokumentert at skjøtsel for å tilbakeføre slåtteenge som er i ferd med å gro igjen, og framhalden hevd på lokalitetar som er i god hevd frå før gir gode resultat med omsyn til å bevare ein god tilstand i naturtypen. Fagrapport for slåttemyr vart ferdig i 2016, og denne blir lagt til grunn for å utarbeide ein eigen handlingsplan for slåttemyr (slåttemyr har tidlegare vore inkludert i handlingsplan for slåttemark). I 2016 har ein oppsummert første handlingsplanperiode og starta revidering av handlingsplanar for nokre av dei naturtypene der mellom anna tilskotsordninga er sentral i oppfølginga.

Post 84 Internasjonale avtalar og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda Naturmangfald og Forureining, men òg til Friluftsliv, Klima og Polarområda.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar, klima, og å setje Miljødirektoratet og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimeleg grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Miljødirektoratet og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den norske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)
- Working Group on Harmonization of regulatory oversight in Biotechnology (WGHROB) under Biosafety-programmet til OECD
- Konvensjon om langtransportert luftforureining (LRTAP-konvensjonen), kjerneoppgåver som ikkje blir omfatta av bidraget til EMEP-protokollen
- Common Forum on Contaminated Land
- The European Union Network for the Implementation and International Transaction Log (IIL)
- Enforcement of Environmental Law (IMPEL)
- Organization of Economic co-operation and Development (OECD)
- Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services (IPBES)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen,

slik som i den nordatlantiske organisasjonen for laksevern, North Atlantic Salmon Conservation Organization (NASCO) og naturpanelet (IPBES). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler og kva nytte Miljødirektoratet har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder blant anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Miljødirektoratet på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder blant anna om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Rapport 2016

Midlane dekte i 2016 medlemskontingenten i Naturpanelet, NKV, CICEUROPARC, IUCN, WI og ProGEO. I tillegg vart det gitt bidrag til kapasitetsbyggingsprosjekt under Ramsaskonvensjonen, Common Forum on Contaminated Land, OECD, Noregs bidrag til arbeidet med anadrom fisk i ICES, Noregs bidrag til effektarbeid under LRTAP-konvensjonen og prosjektstøtte til ProGEO.

Post 85 Naturinformasjonssenter, kan overførast

Midlane er i hovudsak retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Besøkscenter for natur skal vere dei fremste kvalitetsformidlarane av kunnskap om nasjonalparkar, villrein, våtmark, rovvilt, fugl og villaks til lokalbefolkninga og tilreisande, spesielt barn og unge. Som ei oppfølging av vedtak i samband med revidert nasjonalbudsjett 2017 (jf. Prop. 129 S og Innst. 401 S (2016–2017)) om å føre over ansvaret for naturveileidarane frå Statens naturoppsyn til naturinformasjonssentra, er 6,4 mill. kroner flytt til posten frå kap. 1420 post 01.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til drift, utvikling og etablering av naturinformasjons-senter/besøkssenter natur.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar der sentra viser at dei fyller autorisasjonskrava.

Tildelingskriterium

Autoriserte besøkssenter natur kan søkje om eit årleg grunntilskot til aktivitet knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak, naturrettleiing m.m. Grunntilskotet blir for 2018 på 1 mill. kroner pr. senter. Autoriserte senter kan i tillegg søkje kompetansetilskot til oppgåver som nøytrale kunnskapsformidlarar/kompetansesenter. Både autoriserte senter, andre som arbeider med naturinformasjon (for eksempel museum og stiftelsar) og senter som ikkje er autoriserte, kan søkje om tilskot til utstillingar og informasjonstiltak. Til kunnskapsformidling om villaks er det i 2018 satt av 4,177 mill. kroner. Av dette skal 3 mill. kroner gå til møteplass for Tanavassdraget. Dei resterande 1,177 mill. kroner vil etter søknad bli tildelt ulike organisasjonar som formidlar kunnskap om villaks, i tråd med svar på oppmodingsvedtak nr. 405 (2015–2016) om anadrom laksefisk.

Mottakarar av tilskot til naturrettleiing er besøkssenter for villrein på Hjerkin og besøkssentra for rovdyr i Flå og Namskog og besøkssenter Nordland, Ilene, Færder, Nordre Øyeren og Hardangervidda-Skinnaarbu. På Skinnaarbu ligg både besøkssenter nasjonalpark Hardangervidda og Villreinsenter Sør. Førstnemnde utgjer besøkssenteret på Skinnaarbu, og er derfor mottakar av tilskot tilsvarende eit årsverk til naturrettleiing som i revidert nasjonalbudsjett 2017 var øyremerkte villreinsenteret.

Midlar til Klimapark 2469 er lagt inn i tildelinga til besøkssentra for nasjonalpark, og besøkssenter Jotunheimen kan søke støtte til Klimaparken derfrå om det er behov. Runde Miljøsentra må rapportere bruken av midlane på same måte som dei autoriserte sentra. Desse midlane går delvis til forskning og tildeling vil derfor bli sett i sammenheng med gjennomgangen av forskings- og overvåkingsmidlar på budsjettet, som skal skje i løpet av 2018.

Tabell 7.5 Type senter

Tema for senter	(i 1000 kr)
Besøkssenter nasjonalpark og forvaltingsknutepunkt	28 741
Besøkssenter villrein	6 982
Besøkssenter våtmark	6 611
Besøkssenter rovdyr	7 087
Naturrettleiing	6 400
Kunnskapsformidling om villaks	4 177
Runde Miljøsentra	2 116
Sum	62 114

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer årsmelding, revidert rekneskap, budsjettforslag, plan for verksemda og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Sentra rapporterer tal på besøkande, aktivitetar og naturrettleiing, sal av logoprodukt, resultat frå brukarundersøkingar og eventuelle evalueringar av innhald og aktivitet ved senteret, og på andre forhold som var sentrale for å få tildelt tilskotet. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, blant anna ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Rapport 2016

Det vart i 2016 gitt grunntilskot til 15 autoriserte besøkssenter nasjonalpark. Det vart etter søknad gitt tilskot til fornying av utstillingar og informasjonstiltak, og til opparbeiding og tilrettelegging av forvaltingsknutepunkt. Tre autoriserte besøkssenter rovdyr og seks autoriserte besøkssenter våtmark fekk òg tilskot. Det er vidare gitt tilskot til senter for laks, Norsk villreinsenter og til informasjonstiltak gjennom Klimapark 2469 til informasjon om klimaendringar, naturfaglege aspekt og verneverdiar i Jotunheimen nasjonalpark.

Følgjande senter fekk tilskot i 2016: Besøkssenter villrein, Norsk Villreinsenter, Kunnskaps-senter for laks og vassmiljø, besøkssenter rovdyr; Bardu, Flå og Namskog, besøkssenter nasjonalpark; Øvre-Pasvik, Stabbursdalen, Reisa, Lierne, Femundsmarka, Folgefonna, Færder, Ytre-Hvaler, Hardangervidda – Skinnaarbu og Hardangervidda – Eidfjord, Jostedalsbreen – Opp-

stryen, Jostedalsbreen – Fjærland og Jostedalsbreen – Jostedalen, Jotunheimen, og besøks-senter nasjonalparkene i Nordland, Balsfjorden våtmarkssenter – Midt-Troms museum, Dokkadelta våtmarkssenter, Runde miljø-senter, Ilene besøks-

senter våtmark, Jæren besøks-senter våtmark, Nordre Øyeren besøks-senter våtmark, Oslo besøks-senter våtmark, Lister friluftsråd, Trondheimsfjorden våtmarkssenter og Ørland besøks-senter våtmark.

Kap. 4420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Oppdrag og andre ymse inntekter	3 728	4 188	4 280
04	Gebyr, forureiningsområdet	43 943	34 253	38 200
06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvern-avdelingar	21 027	28 892	29 524
07	Gebyr, kvotesystemet	9 276	11 344	8 100
08	Gebyr, naturforvaltningsområde	4 224	4 807	4 912
09	Internasjonale oppdrag	52 168	63 914	50 550
	Sum kap. 4420	134 366	147 398	135 566

Post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter

På posten er det budsjettert med enkelte ulike oppdragsinntekter og leigeinntekter som direktoratet har i samband med utleige av nokre kontorlokale og sitt konferansesenter i Oslo. Oppdragsinntektene er hovudsakleg knytte til tenester som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog. På posten blir òg ført ymse inntekter, frå sal av rapportar utarbeidde av Miljødirektoratet og enkelte andre produkt. Dei tilsvarende utgiftene er budsjetterte under kap. 1420 post 01 Driftsutgifter.

Samla er posten auka med 0,1 mill. kroner som følgje av prisjustering og avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Kap. 1420 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 04 Gebyr, forureiningsområdet

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet.

Posten omfattar Miljødirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå dei som får utferda eit sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som handterer fluorerte klimagassar

(produktforskrifta, Kapittel 6a). Ordninga er ein del av EØS-avtala som regulerer dei fluoreerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til blant anna dokumenterte kvalifikasjonar for teknisk personell og bedrifter som utfører arbeid på utstyr med nokre av desse gassane. Den praktiske gjennomføringa av sertifiseringsordninga blir i dag utført av Isovalor AS (HFK i kuldeanlegg mv.) og Incert AB (SF₆ i høgspenbrytarar). EU vedtok 16. april 2014 ei revidert forordning som utvidar sertifiseringsordninga til òg å gjelde personell som handterer kjølebilar/-tilhengarar og GIS-anlegg. Den reviderte forordninga er foreløpig ikkje implementert i Noreg.

- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forureiningsforskrifta.
- gebyr for tilsyn og kontroll med importører og produsentar av kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av deklareringsforskrifta.
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemdar som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema med opplysningar om avfallens opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Miljødirektoratets kjøp av tenester ved drift og utvikling av systemet.
- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret),

- i medhald av avfallsforskrifta. Alle som importerer og produserer elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar å vere medlem av eit godkjent returselskap. Returselskapa finansierer drifta av EE-registeret gjennom eit gebyr som avheng av deira marknadssdel.
- gebyr for eksport og import av avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemdar som importerer eller eksporterer meldepliktig avfall må ha løyve til dette. Gebyret er basert på Miljødirektoratet sin timebruk og timekostnad til behand-

ling av søknadar om eksport og import av avfall.

- I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidprodukt.

Posten er auka med 3,198 mill. kroner etter ei justering av dei forskjellige gebyra på forureiningsområdet. Samtidig er posten prisjustert med om lag 0,9 mill. kroner og ein reduksjon på 0,2 mill. kroner i samband med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Tabell 7.6 Budsjetten for 2018 fordeler seg på dei ulike gebyrordningane som følgjer:

Gebyrordning	Budsjetten inntekt 2018 (tal i tusen kroner)
Sertifisering for fluorerte klimagassar	2 500
Konsesjonsbehandling etter forureiningsforskrifta	4 700
Tilsyn etter forureiningsforskrifta	3 800
Kvoteinspeksjonar	1 400
Tilsyn og kontroll med kjemikalier	5 200
Deklarasjon av farleg avfall	7 500
Drift av produsentregiser for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret)	2 500
Eksport og import av avfall	7 200
Godkjenning av biocider og biocidprodukt	3 400
Totalt kap. 4420 post 04	38 200

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 06 Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingar

Posten omfattar inntekter til Fylkesmannen frå gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll. Samla er posten auka med 0,5 mill. kroner som følgje av prisjustering og avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 07 Gebyr, kvotesystemet

Miljødirektoratet forvaltar kvoteforskrifta. Verksemdar som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve

frå Miljødirektoratet til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av Miljødirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 39 i forureiningsforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved utarbeiding av løyve til kvotepliktige utslepp finansierast av gebyr.

I tråd med føresegnene i kap. 9 i kvoteforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved godkjenning av utsleppsrapportar finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Miljødirektoratet har òg ansvaret for å drifte det elektroniske kvoteregisteret.

Sett under eitt er posten redusert med 3,3 mill. kroner. Det er trekt ut 3,5 mill. kroner i samband med at tildelinga av vederlagsfrie klimakvoter og dermed grunnlaget for øregebyret for hver tildelede kvote gradvis reduseres frem mot 2020. Det

er samla lagt inn 0,2 mill. kroner som følgje av prisjustering og avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

Post 08 Gebyr, naturforvaltningsområde

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, til utgifter i samband med merkjepliktig vilt, og til utgifter ved kontroll av naturforvaltingsvilkår i vasskraftskonsesjonar.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr på 300 kroner. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1420 post 23 til å drive eksamensordninga.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om handtering av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret blir ført vidare på same nivå som i 2016, det vil seie 450 kroner. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1420 post 23.

Kap. 1422 Miljøvennleg skipsfart

Post	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
21	Spesielle driftsutgifter	6 126	5 322	5 438
	Sum kap. 1422	6 126	5 322	5 438

Miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i klimapolitikken og i regjeringas maritime strategi. Bruk av meir klima- og miljøvennleg drivstoff og energieffektive skip er nøkkelfaktorar i å redusere utsleppa frå skipsfarten. Noreg er i dag leiande i utvikling og bruk av blant anna gassdrivne skip og batteridrivne ferjer – eit fortrinn som kan utnyttast og utviklast vidare.

Regjeringa har i den maritime strategien identifisert fleire grep for å medverke til å redusere utsleppa frå skipsfarten. For å utløyse potensialet for utsleppsreduksjonar frå skipsfarten må både styresmakter og næringa investere, og regjeringa vil derfor òg leggje opp til ei styrking av Sjøfartsdirektoratets kompetanse på nye klima- og miljø-

Miljødirektoratet tok i 2012 i bruk sin heimel til å krevje refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltingsvilkår i vasskraftkonsesjonar. Gebyret er heimla i vassdragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova § 57-58 og den enkelte konsesjon.

Samla er posten auka med 0,1 mill. kroner som følgje av prisjustering og avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten kjem frå andre statsinnsansar og frå internasjonale organisasjonar, og skal finansiere Miljødirektoratets utgifter under kap. 1420 post 23 til internasjonalt miljør samarbeid og bistandsarbeid, for eksempel institusjonsbygging i samarbeidsland.

Sett under ett er posten redusert med 13,6 mill. kroner. Grunna anslag på reduserte oppdragsinntekter er det teke ut 15,3 mill. kroner av løyvinga. Posten er prisjustert med 1,7 mill. kroner.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

vennlege løysingar for skipsfarten, med mål om ein effektiv prosess for myndigheitsbehandling av skip som blir bygde med ny klima- og miljøvennleg teknologi.

Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Klima- og miljødepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar blant anna utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgå-

ver på miljøområdet retta mot FNs sjøfartsorganisasjon (IMO), EU, Nordsjøsam arbeidet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei klima- og miljøvennleg transportform. Direktoratet skal òg medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten medverkar til å dekkje løn til fast og melombels tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslipp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjen-

nomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreining av framande arter i ballastvatn. Posten dekkjer òg midlar knytte til utgreiingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål.

Rapport 2016

Midlane til Sjøfartsdirektoratet har blant anna gått til nasjonalt og internasjonalt arbeid med å redusere klimagassutslepp frå skipsfarten, redusere eller hindre forureining til luft og sjø, førebyggje spreining av framande organismar, opphogging av skip, arbeid med forvaltingsplanar for havområda og eit eige arbeid med å sjå nærare på miljøbelastninga frå cruisetrafikk i norske fjordar.

Kap. 1423 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	14 282	15 586	16 735
	Sum kap. 1423	14 282	15 586	16 735

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde Forureining. Statens strålevern si fremste oppgåve er å styrkje forvaltning og rådgivingsverksemd. Dette omfattar forvaltning og kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstraumar med heimel i forureiningslova. Statens strålevern (Strålevernet) er Klima- og miljødepartementets direktorat på området radioaktiv forureining i det ytre miljø og er forureiningsmyndigheit etter forureiningslova.

Verksemder som er omfatta av Strålevernets forvaltingsmyndet er blant anna petroleumsvirksemd, sjukehus og forskning, avfallsdeponi, forskingsreaktorane i Halden og på Kjeller og noko prosess- og mineralindustri. Strålevernet har ansvar for å støtte og gi råd i oppfølging av departementets beredskapsansvar. Strålevernet har òg ansvar for fagleg utgreiingsverksemd og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet, i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø. Strålevernet deltek òg i arbeidet med forvaltingsplanane. Strålevernet leier arbeidet i radioaktivitetskomiteen til Oslo- og

Paris-kommisjonen (OSPAR), i tillegg til å leie ekspertgruppa for radioaktiv forureining under Den blanda norsk-russiske miljøvernkommissjonen. Trusselvurderingar og scenario for akutt forureining i samband med hendingar ved sjøtransport av radioaktivt avfall, brukt brensel, og atomdrivne fartøy har vore eit viktig satsingsområde i 2016 som vil bli følgt opp vidare.

Overvaking av radioaktiv forureining skal gi oppdatert informasjon om miljøtilstanden, og medverke til å oppdage eventuelle nye utslepp. Vidare skal overvakinga medverke til kunnskap om tilførsler og langtidutvikling av forureininga. Det nasjonale overvakingssystemet for marint miljø er sentralt i vurderingane av måloppnåing i OSPAR. Overvakinga av tilstanden og potensielle utslepp frå den sokne ubåten Komsomolets skal styrkjast.

Arbeidet med å medverke til at utslepp av radioaktive stoff blir unngått eller minimert frå dei ulike kjeldene er sentralt, i tillegg til arbeid med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfylling av OSPARs mål, formidling og beredskap. I 2018 vil Strålevernet òg prioritere tilsyn og forberedande arbeid med avfallsløysingar for brukt brensel og anna avfall frå ei

framtidig dekommisjonering av forskingsreaktorane.

Posten dekkjer utgifter som Statens strålevern har til løn og godtgjersler for fast og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til etaten si samla utgreiings- og rådgivingsverksemd på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet.

Rapport 2016

I 2016 blei det gitt 4 nye løyve til utslepp av radioaktive stoff og behandling av radioaktivt avfall etter forureiningslova. Strålevernet har gjennomført totalt 7 tilsyn. 1 tilsyn med deponi for alunskifer og potensielt syredannede bergarter, 2 tilsyn med verksemdar innan petroleumsindustri hvor det ene av disse blei gjennomført i samarbeid med Miljødirektoratet og 2 tilsyn med helseforetak. I tillegg er det gjort ca. 50 dokumenttilsyn. Strålevernet følgjer tett opp pålegg om utgreiingar knytt til problema med det historiske brukte brenselet/avfallet ved Institutt for energiteknikk (IFE). Det går føre seg arbeid for å identifisere ytterlegare industriar og avfallsstraumar som skal regulerast

etter forureiningslova. Det blei hausten 2016 gjennomført samarbeid med Miljødirektoratet for å greie ut status og eventuelle behov for tiltak for å styrkje nullutsleppsarbeidet offshore. Rapport om «Utredning av behov for kapasitet til behandling og håndtering av radioaktivt avfall frem mot 2035» blei oversendt Klima- og miljødepartementet i slutten av 2016. Utgreiinga gir ei oversikt over avfallstypar og mengder radioaktivt avfall samanstilt med venta kapasitet i avfallsbehandlingssystemet. Konklusjonane i rapporten vil medverke til å forme forvaltninga av radioaktivt avfall, og vil bli følgt opp vidare.

Rapport om «Miljøsektorens plan for operativ beredskap ved akutt radioaktiv forurensning» blei òg oversendt hausten 2016.

Strålevernet har eit godt samarbeid med Miljødirektoratet og harmoniserer og koordinerer myndigheitene si utøving av forvaltninga av forureiningslova, Strålevernet tek del i arbeidet med forvaltingsplanane for alle norske havområde, havforvaltingsplanane, og er representert i Fagleg forum i overvåkingsgruppa og i arbeidsgruppa for risiko for akutt forureining. Statens strålevern leiar OSPAR sin radioaktivitetskomité (RSC).

Kap. 1424 MAREANO

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	23 704	38 585	39 429
	Sum kap. 1424	23 704	38 585	39 429

MAREANO-programmet kartlegg havbotnen i norske havområde, gjennom systematisk innsamling av data om djupn og om havbotnen sin geologi, landskap og naturtypar, biologiske mangfald og forureining. Føremålet med denne kartlegginga er å bidra til ei kunnskapsbasert forvaltning av dei havbaserte næringane og dei marine økosystema. MAREANO-programmet sett ein ny standard for kunnskap om havbotnen, og har vakt internasjonal merksemd.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane frå Klima- og miljødepartementet til gjennomføringa av kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO.

Rapport 2016

MAREANO-programmet prioriterte i 2016 innsamling av djupdata i Barentshavet, og det blei i tillegg kartlagt farled til Rijpfjorden (Svalbard). Innsamling av geologi-, biologi- og kjemidata blei gjort i området Bjørnøyrenna–Kong Karls Land i Barentshavet. Det vart samla inn djupdata frå i alt 9.698 km² i Barentshavet. Biologisk og kjemisk datainnsamling vart gjort frå eit areal på 5.850 km². MAREANO har blant anna produsert nye batymetri- og terrengkart, geologiske og biologiske kart som inkluderer bunn-typar, landskap, naturtype- og biotopkart, sårbare biotoper, marint søppel, trålspor, produktivitets- og artsdata (www.mareano.no). Rapportering av resultat skjer gjennom www.mareano.no og Noreg digitalt (www.geonorge.no).

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	12 947	12 609	15 132
21	Spesielle driftsutgifter	26 058	27 690	30 131
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	10 857	12 894	14 446
71	Tilskot til viltformål, <i>kan overføres</i>	33 053	34 600	35 600
	Sum kap. 1425	82 915	87 793	95 309

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområde Naturmangfald, men involverer òg resultatområde Friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt og fiske.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske, som saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01 og kap. 1410 post 50 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet, post 71 Jeger- og fellingsavgifter og post 72 Fiskaravgifter.

Samla sett er løyvingane under kap. 1425 auka med 7,5 mill. kroner i høve til 2017. Auken skuldast at det er venta auka inntekter til fonda i 2018, primært under Viltfondet, men også i noko grad under Statens fiskefond. I tillegg blir det teke ut oppsparte midlar i fonda, særleg frå Viltfondet.

For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1410, 1425, 1420, 5578 og inntektene til dei to fonda, viser vi til omtale under kap. 5578.

Løn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Fylkesmannsembeta.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet er basert på driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå den same målsetjinga.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til løn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre drifts-

utgifter knytte til viltforvaltninga slik som det nasjonale jegerregisteret i Brønnøysund, utarbeiding av jaktstatistikk, og utgifter til utvikling og drift av betalingstenesta for jeger- og fiskaravgiftene, under dette informasjonstiltak.

Posten er auka med 2,5 mill. kroner. Auken er lagt på drift av villreinnemndene, administrasjon og prosjekt.

Rapport 2016

Løyvinga innanfor fiskeforvaltninga er brukt til drift av betalingstenesta for fiskaravgift. Løyvingane innanfor viltforvaltninga er nytta til å oppretthalde verksemda i dei statlege villreinnemndene, slik at desse kan behandle den løpande bestandsforvaltninga og vere ein aktør i høve til andre sektorar som nyttar areal i villreinområda. Utover dette er aktivitet knytt til jegerregisteret på om lag same nivå som i 2015. Statistisk Sentralbyrå produserer statistikken over jegerar og jaktutbytte, og medverkar på den måten til overvaking av bestandar av vilt og deira utvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av direktoratet eller fylkesmenn. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene posterast på post 21. Dette gjeld mellom anna nasjonale overvaksingsprogram, forskning og utgreiing.

Posten er auka med 2,4 mill. kroner. Auken er lagt på prosjekt og utgreiingar for viltføremål.

Rapport 2016

Løyvinga er nytta til forskning og utgreiing som gir eit betre kunnskapsunderlag for forvaltning av både haustbare viltarter, anadrom laksefisk og arter med meir usikre bestandstilhøve.

Post 70 Fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak. Posten er auka med 1,6 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å sikre og utvikle bestandar av vill anadrom laksefisk og leggje til rette for og motivere til fiske etter anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga bidreg til å nå målsetjingane for anadrom laksefisk. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Tiltak som kan få tilskot er tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye, under dette kultiveringstiltak, driftsplanleg-

ging, praktisk nytta forskning og overvaking. Det kan vidare bli gitt tilskot til tiltak som betrar tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta og tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsyns- kontroll av rapportane og rekneskapane.

Rapport 2016

I 2016 har det vore eit sentralt mål å gi tilskot til tiltak i regi av landsdekkjande organisasjonar knytte opp mot informasjon og forvaltning av anadrom laksefisk. Det er òg ytt tilskot til tiltak retta mot rekruttering og stimulering til fiske. Det er vidare gitt tilskot til anvend forskning og overvaking.

Ein stor del av tilskotsposten er disponert av fylkesmennene for å støtte tiltak som informasjon, anvend forskning og overvaking, tilrettelegging og arrangement, kultiveringstiltak og driftsplanlegging. Samla har dette medverka til betre forvaltning av laks, sjøaure og sjørøye, og ei meir berekraftig hausting av desse fiskeressursane. Tilskota har òg medverka til å styrkje kunnskapsgrunnlaget, til informasjon og formidling av tilstand og utfordringar knytte til anadrom laksefisk, og dei har medverka til å auke interessa for friluftsliv og fiske, særleg blant barn og unge.

Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
71.1	Hjortevilttiltak	1 290	3 250	3 250
71.2	Villreintiltak	3 383	2 850	2 850
71.3	Lokale vilttiltak m.v.	23 692	24 000	24 000
71.4	Viltovervaking	4 688	4 500	5 500
	Sum post 71	33 053	34 600	35 600

Midlane under posten er retta mot resultatområda Naturmangfald og Friluftsliv.

Løyvingane til vilttiltak er auka med 1 mill. kroner. Auken er lagt på underpost 4 Viltovervaking.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfald blir teke vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir teke vare på. Tiltaka som blir sette i verk skal medverke til å gi eit betre kunnskapsunderlag om arter og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Det blir gitt tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter, kartlegging av viltressursane/viltets leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar, innarbeiding av viltets leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, iverksetjing av tiltak der målet er betre bestandsoversikt, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarar sitt driftsplanarbeid, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskot til tiltak som inngår som ein del av eit planbasert arbeid blir prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsyns- kontroll av rapportane og rekneskapane.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjons- tiltak i regi av organisasjonar m.m.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak m.v.

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er naudsynte for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane fått forvaltingsansvaret frå fylkesmannen for enkelte arter. Den einskilde fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artene. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltingsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta som tilskot til overvakingsoppgåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Overvakingssprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov. Føremålet er auka med 1 mill. kroner i høve til 2017.

Rapport 2016

Løyvingane er i 2016 nytta omtrent som tidlegare år. I 2016 vart det levert 798 søknadar om vilttiltak i søknadssenteret. Av desse behandla Miljødirektoratet 148 søknadar, fylkesmennene 358 søknadar og fylkeskommunane 292 søknadar.

Det har vore ytt tilskot til dei fleste aktørar og grupper som arbeider med viltforvaltning. Ord-

ninga har gitt støtte til tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag, og medverkar i relevante større prosjekt der andre har hovudfinansieringa. Ordninga er òg nytta til å støtte studentprosjekt, der dette inneber at det blir gjennomført fagleg relevante undersøkingar.

Ordninga medverker til å auke tiltaksvolumet, stimulere ungdom og andre til friluftsliv og uteaktivitet, og gir eit utvida kunnskapsgrunnlag både for økosystem og arter.

Det er eit mål at resultatata frå bruken av tilskot-smidlane skal verte tilgjengelege for alle interesserte, og slik auke kunnskapen om og spreinga av vellykka former for tiltak. Frå 2013 blir dei fleste rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat lagt inn i Miljødirektoratet sitt elektroniske søk-

nadssenter. Ettersom det er fleire ulike styresmakter og mange tiltakshavarar vil det vere ei stor breidd i type tiltak, og i kva ein kan oppnå på eit enkelt år. Det er for ein stor del dei same som betaler avgift som nyttar høvet til å søke tilskot, eller nyttar resultatata. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Det er vidare slik at ressurstilgangen samla sett er vurdert å vere god nok i forhold til dei prioriterte tiltaka. Dei som nyttar tilskotsordningane eller resultatata har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonal måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne oppretthalde haustinga, og ha eit tilstrekkeleg godt kunnskapsunderlag for forvaltinga.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
71	Jeger- og fellingsavgifter	79 018	84 763	91 000
72	Fiskaravgifter	14 542	16 056	16 500
	Sum kap. 5578	93 560	100 819	107 500

I tillegg til å finansiere utgifter under kap. 1425, dekkjer kap. 5578 postane 71 og 72 òg noko av utgiftene til vilt- og fiskeforskning under kap. 1410 post 50 og utgifter til forvalting av ordninga under kap. 1420 post 01.

Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til fonda i 2017 og 2018, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

Post 71 Jeger- og fellingsavgifter

Jeger- og fellingsavgiftene som blir innbetalte til Viltfondet er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Løyvinga er auka med 6 mill. kroner i høve til 2017. Auken vert finansiert ved ein venta auke i tal på innbetalingar til Viltfondet i 2018 og ved bruk av oppspart kapital i fondet.

Nærare om Viltfondet

Mål

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og

villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvalting i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.

I den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltinga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggings-tiltak for jakt og delar av viltforvaltinga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg

kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt.

Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein er det etablert ei tilsvarande ord-

ning, der midlar frå innbetalte avgifter føregåande år blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene vart sist endra i 2017, og ein gjer ikkje framlegg om å justere avgiftene i 2018. Satsane for dei ulike avgiftene går fram av tabellen nedanfor.

For oversikta sin del er inntektene for kommunane i 2018 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 7.7 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2018

(tal i heile kroner)				
Type avgift:	Storleiken på avgifta i 2018	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt:	333	196 900	65 567 700	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt:	89	134 600	11 979 400	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk: ¹	205	12 600	2 583 000	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort:	67	20 200	1 353 400	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein:	294	5 100	1 499 400	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv:	172	2 000	344 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter:			83 326 900	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg:	537	23 700	12 726 900	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv:	316	11 200	3 539 200	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort:	411	27 100	11 138 100	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv:	249	9 000	2 241 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter:			29 645 200	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskotsvis i 2018 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2016/2017.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabellen nedanfor.

Tabell 7.8 Beregning av kapital i Viltfondet i 2018

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.16:	16 989
Budsjettert innbetalt i 2017 ¹ :	79 600
Budsjettert refusjon i 2017 (utbetalinger frå fondet):	-85 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.17:	11 589
Budsjettert innbetalt i 2018 ² :	83 727
Budsjettert refusjon i 2018 (utbetalinger frå fondet):	-91 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.18:	4 316

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5578 post 71 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1425 postane 01, 21 og 71, kap. 1420 post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410 post 50. I budsjettet for 2017 er det lagt inn at 5,84 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysundregistra for drifta av Jegerregisteret. Planlagt bruk av inntektene går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 7.9 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2018

	(i 1000 kr)
Formål	
Drift av villreinnemndene, drift av jegerregisteret, offentlig jaktstatistikk og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap.1425.01):	15 047
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	1 591
Prosjekt, FoU, overvåkingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.v. (kap. 1425.21):	29 631
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	2 852
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	3 250
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	2 850
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	24 000
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	5 500
Sum under kap. 1425:	84 721
Viltforskning, NINA (kap.1410.50):	2 998
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap 1420 post 01):	3 281
Totalsum:	91 000

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Sjølv om kommunane har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel

nasjonale oppgåver innan desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorte-

viltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar til finansieringa av naudsynte nasjonale oppgåver.

Når det gjeld fallvilt, er det behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må gjennomførast av Miljødirektoratet. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er derfor budsjetterte under kap. 1425 post 21 Spesielle driftsutgifter. For dei artene der fallviltet har ein salsverdi etter at naudsynte analysar av dyra er gjennomførte, omset Miljødirektoratet skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskefond er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten er auka med 0,4 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2017. Dette skuldast forventning om eit lite oppsving i talet på innbetalningar og noko bruk av oppspart kapital i fondet.

Nærare om Statens fiskefond

Fiskaravgift til staten skal betalast for fiske i vassdrag med anadrome laksefisk. Det skal òg betalast avgift for fiske med fastståande reiskap i

sjøen. Det er innført visse unntak, blant anna for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål.

Bruken av midlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrome laksefisk. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltinga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Årsavgiftene for fiske etter anadrom laksefisk gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember, og vart sist justerte i 2017. For 2018 gjer regjeringa ikkje framlegg om å endre avgiftene. Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag i 2018 blir 260 kroner for enkeltpersonar, mens familieavgifta blir 415 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 18 og 20 år.

Personavgifta for fiske med fastståande reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli blir på 649 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli blir 394 kroner.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettert med ein kapitalstrøm i Statens fiskefond som vist i tabellen nedanfor.

Tabell 7.10 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2018

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.16:	3 988
Budsjettert innbetalt i 2017 ¹ :	16 222
Budsjettert refusjon i 2017 (utbetalningar frå fondet):	-16 100
Budsjettert saldo pr. 31.12.17:	4 110
Budsjettert innbetalt i 2018 ¹ :	16 675
Budsjettert refusjon i 2018 (utbetalningar frå fondet):	-17 500
Budsjettert saldo pr. 31.12.18	3 285

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvalting

Statens fiskefond blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvalting over kap. 1425 (post 01, 21 og 70) og kap. 1420 (post 01), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 post 50.

Planlagt bruk av inntektene frå fiskaravgiftene går fram av tabellen nedanfor.

Tabell 7.11 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2018

Formål	(i 1000 kr)
Administrasjon m.v. (kap. 1425.01):	85
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	71
Prosjekt, utgreiingar (kap. 1425.21)	500
Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet	219
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	14 446
Sum under kap. 1425:	15 321
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420.01)	1 196
Fiskeforsking, NINA (kap. 1410.50):	983
Totalsum	17 500

Spesielt om lokale tiltak

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt naudsynte driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gi effekt for eit avgrensa område, eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 19, 18. oktober 2016

Stortinget ber regjeringen foreslå et omsetningskrav for bruk av bærekraftig biodrivstoff i drivstoffet for skipsfarten.

Stortinget gjorde dette vedtaket då innstillinga Innst. 22 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Dok. 8:71 S (2015–16) vart behandla, jf. tilrådinga i innstillinga romartal I. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er ferdig.

Vedtak nr. 21, 18. oktober 2016

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med virkemidler som kan stimulere til å øke ordremengden og bidra til utvikling av flere lav- og nullutslippsløsnin-

ger for skip, og om hvordan dette vil bidra til å nå målsettingen for 2030 om å redusere klimagassutslippene med minst 40 pst.

Stortinget gjorde dette vedtaket då innstillinga Innst. 22 S (2015–2016) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Dok. 8:71 S (2015–16) vart behandla. Miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i regjeringas klimapolitikk. For å stimulere til bygging av nye, grønne skip har regjeringa blant anna etablert støtteordningar for utvikling av låg- og nullutslippsløysingar i innanriks skipsfart og kondemnering av gamle, forureinande skip, jf. regjeringas svar på oppmodingsvedtak nr. 57, 1. desember 2015.

Arbeidet med verkemiddel for utvikling av låg- og nullutslippsløysingar for skip må vidare sjåast i samanheng med arbeidet med å oppfylle Noregs utslppsforplikting i 2030 under Parisavtala. Relevante virkemidler vil kunne omfatte blant anna Regjeringa si oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 108 punkt 1 og vedtak nr. 1110, 21. juni om etablering av ei miljøavtale med tilhøyrande CO₂-fond for næringstransport.

Vedtak nr. 24, 20. oktober 2016

Stortinget ber regjeringen legge fram en handlingsplan med sikte på å styrke det samlede friluftslivsarbeidet og friluftslivets rolle i folkehelsearbeidet. Det forutsettes at arbeidet med handlingsplanen skjer i nært samarbeid med de sentrale friluftsforskningsorganisasjonene.

Vedtaket blei fatta i samband med behandlinga av Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv – Natur som*

kilde til helse og livskvalitet. Regjeringa er i gang med å utarbeide handlingsplanen, og tek sikte på å leggje fram denne 1. halvår 2018. Dei sentrale friluftslivsorganisasjonane er involverte i arbeidet, og det blei halde oppstartsmøte med desse i mars 2017. Ei rekkje av friluftslivsorganisasjonane har også levert skriftlege innspel til handlingsplanen.

Vedtak nr. 25, 20. oktober 2016

Stortinget ber regjeringen legge fram en handlingsplan for økt skjøtsel, kanalisering og tilrettelegging, for å ta vare på naturverdiene og fremme friluftslivet i nasjonalparker og andre store verneområder.

Vedtaket blei fatta i samband med behandling av Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet.* Miljødirektoratet har etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet sett i gang arbeidet. Det vert tatt sikte på at handlingsplanen ferdigstillast vinteren 2018.

Vedtak nr. 26, 20. oktober 2016

Stortinget ber regjeringen arbeide for en utvidelse av Skjærgårdstjenesten der det er lokale initiativ og en forpliktende lokal medfinansiering.

Vedtaket ble tatt i samband med behandlinga av Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet.* Miljødirektoratet er involvert i fleire prosessar om mogleg etablering av nye einingar av skjergardstenesta, blant anna i Møre og Romsdal. Desse prosessane er ikkje avslutt, og det er førebels ikke etablert nye einingar. Det er blant anna viktig at Stortingets føring om ei forpliktande lokal medfinansiering er på plass, før ei overføring av statlege midlar kan skje.

Vedtak nr. 27, 20. oktober 2016

Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan arbeidet med tiltak mot marin forsøpling kan styrkes. Det forutsettes at frivillige og lokale initiativ som Hold Norge Rent og Skjærgårdstjenesten tas med i vurderingen.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 26 S (2016–2017), jf. Meld. St. 18 (2015–2016) *Friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet,* jf. inn-

stillingas tilråding romartal IV. Vedtaket er sett på som følgt opp gjennom framlegging av ein strategi mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi.*

Vedtak nr. 108, punkt 1, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringen igangsette en prosess med berørte næringsorganisasjoner om etablering av en miljøavtale med tilhørende CO₂-fond. Det legges til grunn at fondet sikres tilstrekkelige inntekter gjennom en opptrapping av CO₂-avgiften for berørte næringer og at finansieringen er på plass innen 2020. Det er et mål at fondet skal bidra til å kutte klimagassutslippene med 2 millioner tonn CO₂-ekvivalenter årlig innen 2030. Regjeringen rapporterer om prosess, innretning og mulig tidsløp for etablering av et slikt fond i revidert nasjonalbudsjett 2017.

Regjeringa følgde opp oppmodingsvedtaket ved å rapportere om prosess, innretning og mogleg tidsløp for eit fond i Revidert nasjonalbudsjett 2017.

Regjeringa ser på vedtaket som utkvittert. Sjå òg omtale av CO₂-fond under vedtak 1110, 21. juni 2017.

Vedtak nr. 108, punkt 5, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringen trappe opp omsetningskravet for biodrivstoff til veitrafikk og delkravet om avansert biodrivstoff i årene 2017–2020. Delkravet om avansert biodrivstoff settes til 2,5 pst. fra 1. oktober 2017, 3,5 pst. i 2018, 4,5 pst. i 2019 og 8 pst. i 2020. Det generelle omsetningskravet trappes opp i takt med dette til 20 pst. Opptappingsplanen forskriftsfestes.

Vedtaket vart fatta då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) vart behandla, som følgje av laust forslag nr. 100 fremja frå salen. Klima- og miljødepartementet sende dei naudsynte forskriftsendringane for å følgje opp planen på høyring sommaren 2017. Forskrift om nivå frå 1. oktober 2017 og 1. januar 2018 vart fastsett i september 2017. Vedtaket blir med dette sett på som følgt opp for den delen som gjeld 1. oktober 2017 og 1. januar 2018. Høyringsfristen for nivåa i 2019 og

2020 var 3. oktober 2017, og departementet vil komme tilbake til oppfølginga av desse.

Vedtak nr. 108, punkt 6, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringen følge markedet for avansert biodrivstoff tett, og fremme forslag om å heve omsetningskravet ytterligere dersom tilgangen i markedet og kostnadene tilsier det.

Vedtaket vart fatta då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) vart behandla, som følgje av laust forslag nr. 100 fremja frå salen. Regjeringa følgjer marknaden for biodrivstoff tett. I tildelingsbrevet for 2017 er dette sett som ei av prioriteringane for Miljødirektoratet på resultatområde klima. Klima- og miljødepartementet vil vurdere å heve omsetningskravet ytterlegare dersom det synest føremålstenleg. Regjeringa ser på vedtaket som utkvittert.

Vedtak nr. 108, punkt 7, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringen utrede klimapotensialet ved CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og vurdere om det er hensiktsmessig med endringer som kan være nødvendig for å sikre teknologinøytral markeds- og virkemiddelbehandling for CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og andre klimavennlige alternativer.

Vedtaket vart fatta då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) vart behandla, som følgje av laust forslag nr. 100 fremma frå salen. Klima- og miljødepartementet har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å utgreie klimapotensialet ved CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og vurdere om det er føremålstenleg med endringar som kan vere naudsynte for å sikre teknologinøytral marknads- og verkemiddelhandsaming for CO₂-nøytralt syntetisk drivstoff og andre klimavennlege alternativ gjennom tildelingsbrevet for 2017. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 108, punkt 8, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringen i løpet av 2018 innføre E10 som en bransjestandard for bensin.

Regjeringen bes komme tilbake i statsbudsjettet for 2018 med en konkret plan for arbeidet.

Vedtaket vart fatta då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) vart behandla, som følgje av laust forslag nr. 100 fremja frå salen. Regjeringa var i Prop. 1 S (2016–2017) frå Klima- og miljødepartementet i utgangspunktet positiv til innføring av E10 som ein ny bransjestandard på den norske marknaden, men meinte at det var føremålstenleg å sikte mot 2019 for å gi bransjen tilstrekkeleg med tid til å tilpasse seg det endra regelverket.

Det er i praksis fleire ulike måtar å gjennomføre Stortinget sitt oppmodingsvedtak på. Eit alternativ er at det vert stilt eit spesifikt krav om at drivstoffomsetjarane skal tilby E10. For å gjere ordninga noko meir fleksibel kunne ein tenkje seg at små drivstoffstasjonar berre skal tilby sikringskvalitet. Dette er tilfellet i Finland. Meir fleksible gjennomføringar av oppmodinga ville vere gjennom å auke det forskriftsfesta kravet om minst 4 pst. biodrivstoffdel til bensinkjøretøy, eller å la implementeringa vere heilt opp til bransjen sjølv.

Gitt at E10 skal innførast gjennom regulatoriske verkemiddel, meiner regjeringa på noverande tidspunkt at det å auke det forskriftsfesta kravet om biodrivstoffdel til bensinkjøretøy til noko over 5 pst. ville vere ei god løysing. Vidare ville det vere føremålstenleg å stille krav til maksimal geografisk avstand til næraste bensinstasjon med sikringskvalitet for stasjonar der E10 blir innført. Det vil vere behov for målretta informasjon mot forbrukarane i forkant av implementeringa.

Regjeringa oppfattar at intensjonen bak Stortinget sitt vedtak er å auke delen biodrivstoff i bensin. Å gjennomføre vedtaket gjennom å auke det forskriftsfesta kravet om biodrivstoffdel til bensinkjøretøy ut over dagens krav til 4 pst, vil gjere det mogleg for omsetjarane å auke innblendinga av etanol i bensin i dei områda der det er mest kostnadseffektivt.

Kravet om biodrivstoffdel til bensinkjøretøy i produktforskrifta er pålagt drivstoffomsetjarane og gjeld for deira samla omsetnad av drivstoff på årsbasis. Med ei implementering av E10 som skisert over, vert drivstoffomsetjarane pålagde å omsetje noko over 5 pst. etanol av den totale bensinomsetjinga si. Korleis dei vel å oppfylle dette kravet er opp til dei sjølve. Kravet kan oppfyllest gjennom å tilby bensin med høgare etanoldel på dei stasjonane det ligg best til rette for dette, både med omsyn til tankanlegg og marknadsgrunnlag.

Erfaringar frå andre land som har innført E10 som ny bransjestandard, har vist at det er svært viktig å sikre tilstrekkeleg informasjon til forbrukarane i forkant av implementeringa. Mange bileigarar veit ikkje om bilen dei eig kan køyre på bensin med høgare del etanol enn 5 pst., og vel derfor å fylle drivstoff med lågare etanolandel for å vere på den sikre sida. Eksempelvis er delen bensinbilar i Finland som kan bruke E10 på om lag 85 pst., medan salet av E10 berre utgjer 68 pst. av marknaden.

Bilar som er produserte frå og med år 2000 kan i all hovudsak nytte E10. Dette varierer likevel stort mellom merker og modellar. Basert på innspel frå bransjen har Miljødirektoratet vurdert at det er mellom 130 000 og 200 000 bensinbilar som ikkje er godkjente for bruk av E10 i Noreg i dag. 70 pst. av desse var førestegongsregistrerte før år 2000. Dersom ein legg til grunn at delen bilar i Noreg som toler bensin med etanolandel ut over 5 pst. er om lag som i Finland, vil det vere om lag 180 000 bilar som ikkje er godkjende. Talet vil truleg falle framover ettersom gamle bilar vert vraka og bilparken fornya. Aktuelle sikringsstandardar ved innføring av 95E10 kan vere 95E5, 98E5 eller 98E0. Regjeringa meiner at 98E0 som sikringskvalitet vil gi det beste tilbudet til forbrukarane.

Det var nesten 1600 bensinstasjonar i Noreg i 2016. Nær alle bensinstasjonar tilbyr 95E5, medan 98E0 blei tilbode på om lag 600 av stasjonane. Bensinstasjonane vert forsynt av tankbilar frå 17 terminalar. Alle har 95-oktan, medan sju har 98-oktan. Dei om lag 900 stasjonane som i dag berre tilbyr 95E5, vil måtte investere i ny pumpe og tank dersom dei skal tilby sikringskvalitet. På oppdrag frå Miljødirektoratet anslår konsulentselskapet Rambøll at dei totale kostnadane kan liggje på om lag 640 mill. kroner dersom ein skal krevje dette ved alle stasjonar.

Regjeringa meiner at eit godt alternativ kunne vere å stille eit krav om maksimumsavstand til nærmaste fyllpunkt med sikringskvalitet slik ein har gjort i Finland. Dette vil gi lågare kostnader, mellom anna vil det ikkje bli krav om at alle stasjonar i same by skal tilby sikringskvalitet. Kostnaden vil avhenge av dagens geografiske fordeling, og kva maksimal avstand ein krev. I desse vurderingane vil det vere naudsynt med meir kunnskap om korleis drivstoffstasjonar med ulikt tilbud fordeleg seg geografisk.

Dagens infrastruktur med bensinstasjonar og tankterminalar er optimalisert ut i frå dagens sal, der 95E5 utgjer om lag 98 pst. av omsetjinga og 98E0 utgjer 2 pst. Dersom 98E0 blir innført som sikringsstandard, må ein tru at salet vil auke. Dette

vil ha innverknad på kostnadene gjennom at ein vil kunne måtte utvide tankanlegga for sikringskvalitet, men det er utfordrande å anslå kor stor utvidingar som vil vere naudsynt. Kor stor auken i bruken av sikringskvalitet vil bli, vil særleg avhenge av kunnskapen om E10 blant forbrukarane og god merking av drivstoffet på stasjonane.

Rambøll har på oppdrag frå Miljødirektoratet estimert meirkostnadar for eit scenario der tankanlegga for sikringskvalitet vert utvida med 20 000 m³ kapasitet som følgje av auka etterspurnad. Dette vil kunne gi kostnader på omkring 63 mill. kroner. Det vil vidare kunne ventast at auken i etterspørsel etter sikringskvalitet vil føre til auka transport av drivstoff på tankbil. Rambøll anslår at kostnadane knytt til denne transporten kan liggje mellom 6 og 45 mill. kroner. Desse kostnadene er basert på ein modell som er mindre fleksibel en den som er skissert her, slik at dei mest truleg representerer ei øvre ramme for meirkostnader.

Det er naudsynt med vidare utgreiing av dei ulike alternativa både med omsyn til kostnader og praktisk gjennomføring. Konkret nivå for innblanding og grense for maksimal geografisk avstand mellom tilbydarar av sikringskvalitet må utgreiast nærare. Vidare vil det vere eit særleg behov for målretta og effektiv informasjon til forbrukarane, som vil vere avgjerande for om tiltaket fører til ein reell auke i omsetninga av etanol. Regjeringa ønskjer å gjennomføre høyring der fleire ulike alternativ vert presenterte før ein tek endeleg stilling til ein konkret plan. Arbeidet må også sjåast i samanheng med opptrappingsplanen for biodrivstoff. Klima- og miljødepartementet tek sikte på å gjennomføre høyring av dei naudsynte forskriftsendringane i 2018. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 108, punkt 18, 5. desember 2016

Stortinget ber regjeringa legge fram forslag til ein klimalov der det skal settes et mål for lavutslippssamfunnet i 2050 om at klimagassutslippene i Norge skal reduseres i størrelsesorden 80–95 % fra 1990-nivå. Ved vurdering av måloppnåelse skal det tas hensyn til effekten av norsk deltakelse i det europeiske klimavotesystemet for virksomheter. Det skal lovfestes en femårs-mekanisme som i Parisavtalen, som innebærer at regjeringen, for å fremme omstillingen til et lavutslippssamfunn, skal legge fram for Stortinget fornyede klimamål som delmål fram til 2050. Fra 2020 og med fem års intervaller, skal regjeringen gjøre opp status og legge fram nytt klima-

mål fortrinnsvis ti år fram i tid. Klimamål skal legge til grunn beste oppdaterte vitenskapelige kunnskap på fastsettelsestidspunktet, være tallfestede, målbare, rapporterbare og verifiserbare, innebære en progresjon fra forrige mål, og fremme gradvis omstilling fram mot 2050. Klimamål skal fastsettes konsistent med Norges bidrag under FN's Klima-konvensjon og eventuell felles gjennomføring med EU. Det skal også lovfestes at regjeringen i forbindelse med den årlige rapporteringen til Stortinget legger fram en rapport som viser status for Norges karbonbudsjett, også innenfor et eventuelt klimasamarbeid med EU om felles oppfyllelse av klimamål.

Vedtaket vart fatta då innstillinga Innst. 2 S (2015–2016) frå finanskomiteen, jf. Meld. St. 1 (2016–2017) og Prop. 1 S (2016–2017) og Prop. 1 S Tillegg 1–5 (2016–2017) vart behandla, som følgje av laust forslag nr. 100 fremja frå salen. Vedtaket vart følgt opp i regjeringas Prop. 77 L (2016–2017) Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak) – *Lov om klimamål* (klimalova). På bakgrunn av Innst. 329 L (2016–2017) vedtok Stortinget lova. Saka vart behandla i Stortinget 2. juni 2017 og 6. juni 2017. Vedtaket var i samsvar med innstillinga. Lova trer i kraft 1. januar 2018. Formålet med lova er å fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstilling av Noreg til eit lågutsleppsamfunn. Klimamål for 2030 og 2050 er lovfesta. Lova innfører ein syklus for gjennomgang av klimamål for kvart femte år etter same prinsipp som Parisavtala. Vidare forpliktar lova regjeringa til kvart år og på eigna vis gjere greie for til Stortinget om utviklinga i klimagassutsleppa, utsleppsframskrivingar og gjennomføring av klimamål, sektorvise utsleppsbaner for ikkje-kvotepliktig sektor, status for Noregs karbonbudsjett, samt korleis Noreg forberedes på og tilpassar seg klimaendringane. Det skal òg gjerast greie for klimaeffekten av framlagt budsjett.

Vedtak nr. 309, 17. desember 2016

Stortinget ber regjeringen utrede en ordning for å sikre at alle som importerer biler til landet, omfattes av de lovpålagte returordningene og bidrar til finansieringen av disse.

Vedtaket vart fatta ved behandling av innstilling frå finanskomiteen om skattar, avgifter og toll 2017, jf. Innst. 3 S (2016–2017). Regjeringa vil på eigna måte komme tilbake til Stortinget med oppfølging av vedtaket.

Vedtak nr. 421, 10. januar 2017

Stortinget ber regjeringen gjennom den planlagte avfallsmeldingen adressere utfordringer knyttet til matsvinn, herunder hvordan kommuner kan håndtere matavfall på en beste mulig måte.

Vedtaket vart fatta ved behandling av innstilling frå næringskomiteen Innst. 108 S (2016–2017), jf. Dok. 8:9 S (2016–2017), innstillingas tilråding romartal II. Vedtaket er sett på som følgt opp gjennom framlegging av Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi* og ved inngåing av bransjeavtale om reduksjon av matsvinn av 23. juni 2017. Avtalepartane, fem departement og 12 bransjeorganisasjonar som samla representerer heile verdikjeda for mat, skal samarbeide om å førebyggje og redusere matsvinn i heile matkjeda. Partane sette eit mål om 50 pst. reduksjon av matsvinn innan 2030, i tråd med FN's berekraftsmål, og avtala vil bli følgt opp av avtalepartane. Avtala skal gi auka kunnskap om omfang og årsaker til matsvinn og medverke til erfaringsutveksling mellom aktørane. Bransjeorganisasjonane skal søje samarbeid i verdikjedan og også utføre eigne tiltak som medverkar til å nå måla i avtala. Både bransjeorganisasjonane og styresmaktene skal bidra til at forbrukarane kastar mindre mat i samsvar med bransjeavtala sitt formål. Bransjeorganisasjonane skal syte for kartlegging av matsvinn i sine medlemsbedrifter og styresmaktene skal syte for nasjonal statistikk. Styresmaktene skal leggje til rette for at også statlege og kommunale verksemdar som handterer mat skal rapportere om matsvinn og medverke til å førebyggje og redusere matsvinn.

Vidare vil regjeringa utgreie krav om utsortering og materialgjenvinning av utvalte typar plast og våtorganisk avfall frå hushald og delar av næringslivet. Dette arbeidet skal sjåast i samanheng med regjeringas arbeid med å redusere matsvinn.

Vedtak nr. 440, 31. januar 2017

Stortinget ber regjeringen så snart som mulig, og senest innen 10. mars d.å., fremme en sak om hvordan forvaltningen av ulv, herunder adgangen til lisensjakt, kan gjennomføres i samsvar med Stortingets vedtak i Innst. 330 S (2015–2016), gjeldende lovverk og internasjonale konvensjoner. Stortinget ber regjeringen i

denne saken om å se hvordan naturmangfoldloven § 18 første ledd bokstav b hvor det tillates uttak av vilt, herunder rovvilt '[...] for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom' og bokstav c hvor det tillates uttak '[...] ut i fra allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning' kan tillegges vesentlig vekt i vedtak om lisensfelling av ulv. Det forutsettes at det åpnes for lisensfelling av ulv utover det antallet som allerede er bestemt for inneværende år, dersom ny informasjon om skadepotensialet, eller annen vesentlig informasjon gjør dette mulig innenfor rammene av gjeldende lovverk.

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av klima- og miljøministeren si orientering om forvaltning av ulv 17. januar 2017. Oppmødingsvedtaket er fulgt opp gjennom Prop. 63 L (2016–2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*.

Vedtak nr. 441, 31. januar 2017

Stortinget ber regjeringen om å endre Forskrift om forvaltning av rovvilt (FOR-2005-03-18-242) slik at denne er tilpasset Stortingets vedtak i Innst. 330 S (2015–2016). Stortinget ber regjeringen om spesielt å gjennomgå omtalen av naturmangfoldloven i kommentarene til forskriften for å sikre at disse er i tråd med intensjonene i Innst. 330 S (2015–2016).

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av klima- og miljøministeren si orientering om forvaltning av ulv 17. januar 2017. Oppmødingsvedtaket er fulgt opp gjennom endringer i rovviltforskrifta 9. februar 2017.

Vedtak nr. 529, 28. mars 2017

Stortinget ber regjeringen særskilt belyse hvordan gratis levering av marint avfall bør organiseres, og komme tilbake til dette på egnet måte.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 213 S (2016–2017), jf. Dok. 8:31 S (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal I. I strategien mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspoli-*

tikk og sirkulær økonomi framgår det at regjeringa vil utgreie ei ordning for å gjere det gratis å levere marint avfall i hamn for fiskarar og andre, basert på erfaringane frå prosjektet «Fishing for litter». Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 530, 28. mars 2017

Stortinget ber regjeringen fremme en sak om endring av forurensningsloven, slik at kommunene får hjemmel til å ilegge overtredelsesgebyrer i forsøplingssaker.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 213 S (2016–2017), jf. Dok. 8:31 S (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal III. I strategien mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi* framgår det at regjeringa vil gi kommunar høve til å innføre gebyr for forsøpling. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 533, 28. mars 2017

Stortinget ber regjeringen i oppfølgingen av den nye avtalen om forvaltning av fisket i Tanavassdraget i størst mulig grad involvere lokale rettighetshavere og samer som urfolk.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Prop. 54 S (2016–2017) *Samtykke til inngåelse av avtale mellom Norge og Finland om fisket i Tanavassdraget av 30. september 2016*, jf. Innst. 228 S (2016–2017). I oppfølginga av den nye avtala med Finland om fisket i Tanavassdraget vil departementet leggje betydeleg vekt på å involvere lokale retts-havarar og ta vare på samiske rettar og interesser. Departementet viser til at avtala legg opp til brei medverknad frå lokale rettshavarar og andre lokale interessar. Tanavassdragets fiskeforvaltning vil også, i tillegg til oppgåvene dei allereie er til-lagt mynde for, ha ei viktig rolle i den framtidige forvaltninga som følgjer av avtala.

Vedtak nr. 589, 25. april 2017

Stortinget ber regjeringen endre rovviltfor-skriften, slik at naturmangfoldloven § 18 første ledd bokstav b inngår som del av hjemmels-

grunnlaget for betinget skadefelling og lisensfelling av ulv, og at naturmangfoldloven § 18 første ledd bokstav c inngår som del av hjemmelsgrunnlaget for lisensfelling av ulv.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 257 S (2016–2017), jf. Prop. 63 L (2016–2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*, jf. innstillingas romartal I. Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom vedtekne endringar i rovviltforskrifta, som trådde i kraft 6. juni 2017.

Vedtak nr. 590, 25. april 2017

Stortinget ber regjeringen legge flertallsmerknadene i denne innstillingen (Innst. 257 L (2016–2017)) til grunn for vidare oppfølging, praktisering og forvaltning av ulv i Norge.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 257 S (2016–2017), jf. Prop. 63 L (2016–2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*, jf. innstillinga romartal II. Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom den vidare forvaltninga av ulv i Noreg.

Vedtak nr. 591, 25. april 2017

Stortinget ber regjeringen foreta en faglig gjennomgang av den norske delbestanden av ulv.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 257 S (2016–2017), jf. Prop. 63 L (2016–2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*, jf. innstillinga romartal III. Miljødirektoratet vil i løpet av hausten skaffe fleire kunnskapsprosjekt på ulv, under dette ein fagleg gjennomgang av den norske delbestanden av ulv. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 748, 2. juni 2017

Stortinget ber regjeringen opprette et teknisk beregningsutvalg på klimafeltet. Arbeidet i det tekniske beregningsutvalget skal ledes av Miljødirektoratet.

Stortinget fatta vedtaket under behandlinga av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 329

S (2016–2017), jf. Prop. 77 L (2016–2017) *Lov om klimamål* (klimalova), jf. innstillinga vedtak B. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 749, 2. juni 2017

Stortinget ber regjeringen raskest mulig gjennomføre prosess med ESA for å avklare om det er rom for Norge til å gjøre gjeldende EUs bærekraftskrav for alt biodrivstoff som omsettes i Norge, eventuelt endringer som kan gjøres fra Norges side med sikte på å gjøre EUs bærekraftskrav gjeldende for alt biodrivstoff som omsettes i Norge så raskt som mulig.

Stortinget gjorde vedtaket då innstillinga Innst. 133 S (2016–2017) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017), vart behandla, jf. tilråding i innstillinga romartal I. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Prosess med EFTAs overvåkingsorgan (ESA) er starta ved brev frå april 2017. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når nye opplysningar ligg føre i saka.

Vedtak nr. 750, 2. juni 2017

Stortinget ber regjeringen undersøke om de nylige løfter fra bensinbransjen og positive uttalelser fra de største bensinstasjonskjedene kan videreutvikles til en bransjeavtale eller liknende, om at all salg av biodrivstoff skal være palmeoljefritt og ha høyere klimaeffekt enn EUs minstekrav.

Stortinget gjorde vedtaket då innstillinga Innst. 133 S (2016–2017) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017), vart behandla, jf. tilråding i innstillinga romartal II. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i denne saka.

Vedtak nr. 751, 2. juni 2017

Stortinget ber regjeringen vurdere handlingsrommet for ulike virkemidler, herunder avgifter og regelverk, for å fremme bruk av avansert bærekraftig biodrivstoff, og komme tilbake til Stortinget i egnet form.

Stortinget gjorde vedtaket då innstillinga Innst. 133 S (2016–2017) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017), vart behandla, jf. tilråding i innstillinga romartal III. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget i saka.

Vedtak nr. 753, 2. juni 2017

Stortinget ber regjeringa gjennom forskrift til lov om offentlege anskaffelser stille krav om at det ikkje skal benyttes biodrivstoffbasert på palmeolje eller biprodukter av palmeolje. Forskriftsendringen skal tre i kraft så snart som mulig.

Stortinget gjorde vedtaket då innstillinga Innst. 133 S (2016–2017) frå energi- og miljøkomiteen, jf. Dok. 8:69 S (2016–2017), vart behandla, som følgje av laust forslag nr. 5 fremja frå salen. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er ferdig.

Vedtak nr. 907, 14. juni 2017

Stortinget ber regjeringa om å følge opp arbeidet med en helhetlig nasjonal plan for marine verneområder og prioritere områdene som er definert som særlig verdifulle og sårbare (SVO) i dette arbeidet. Stortinget ber regjeringa legge fram en egen sak om dette senest i 2020.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 455 S (2016–2017), jf. Meld. St. 35 (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal I. Klima- og miljødepartementet har sett i gang arbeidet med å utarbeide ein plan for det vidare arbeidet med marint vern. Sjå òg omtale av oppfølging av Stortingets vedtak nr. 668, 23. mai 2016. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 908, 14. juni 2017

Stortinget ber regjeringa ikkje iverksette petroleumsvirksomhet, inkludert leting og seismikkskyting i Froan/Sularevet og Iverryggen, fram til en helhetlig marin verneplan for alle norske havområder er lagt fram for Stortinget.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 455 S (2016–2017), jf. Meld. St. 35 (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal III. Regjeringa vil følgje opp oppmodingsvedtaket, og ikkje iverksetje petroleumsvirksomhet, inkludert leting og seismikkskyting i Froan/Sularevet og Iverryggen, fram til ein heilskapleg marin verneplan for alle dei norske havområda er lagt fram for Stortinget.

Vedtak nr. 909, 14. juni 2017

Stortinget ber regjeringa i forbindelse med revideringa av forvaltningsplanen for Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten legge fram en faglig oppdatert avgrensning av hele iskantsonen inkludert «Vesterisen», basert på best tilgjengelig vitenskapelig kunnskap. I påvente av dette videreføres definisjonen av dette området og rammene for aktivitet som ble fastsatt i den i dag gjeldende forvaltningsplan for Norskehavet (St.meld. nr. 37 (2008–2009)).

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 455 S (2016–2017), jf. Meld. St. 35 (2016–2017) fatta Stortinget følgjande vedtak, innstillinga si tilråding romartal IV. Neste oppdatering av iskanten som eit særskilt verdifullt og sårbart område vil skje i samband med revideringa av forvaltningsplanen for Barentshavet–Lofoten i 2020. Som ein del av det faglege grunnlaget for denne revideringa vil det også bli gjort ein gjennomgang av definisjonen som ligg til grunn for berekninga av iskanten. Oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp ved at arbeidet omfattaer heile iskantsona inkludert Vesterisen.

Vedtak nr. 910, 14. juni 2017

Stortinget ber regjeringa legge til grunn at en eventuell ny definisjon av iskanten skal skje med utgangspunkt i en helhetlig revidering av forvaltningsplanen for Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 455 S (2016–2017), jf. Meld. St. 35 (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal V. Neste oppdatering av iskanten som eit særskilt verdifullt og sårbart område vil skje i samband med revideringa av for-

valtingsplanen for Barentshavet–Lofoten i 2020. Som ein del av det faglege grunnlaget for denne revideringa vil det også bli gjort ein gjennomgang av definisjonen som ligg til grunn for berekninga av iskanten.

Vedtak nr. 914, 14. juni 2017

Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene fra overvannsutvalget (NOU 2015:16), og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med forslag til tiltak og virkemidler for overvannsproblematikk, inkludert en vurdering av en egen sektorlov for vann- og avløp.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling fra energi- og miljøkomiteen Innst. 436 S (2016–2017), jf. Dok. 8:78 S (2016–2017), innstillinga si tilråding romartal I. Regjeringa arbeider med å gjennomgå tilrådingane frå overvassutvalet (NOU 2015: 16). Det er føreslått ein pakke av verkemiddel som må sjåast i samanheng og som til saman vil medverke til å oppnå måla om å førebygge skade på busetnad, infrastruktur, helse og miljø. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 961, 16. juni 2017

Stortinget ber regjeringen om at det ved bygging av industrielle anlegg for produksjon av biogass basert på matavfall også legges til rette for mottak av husdyrgjødsel.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av Innst. 445 S (2016–2017), jf. Prop. 141 S (2016–2017) om Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjæret 2017 m.m.) Klima- og miljødepartementet vil i samråd med berørte departement vurdere korleis vedtaket best kan følgjast opp, og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 1105, 21. juni 2017

Stortinget ber regjeringen utrede hvordan fosilfrie anleggsprosjekter eventuelt kan gjennomføres og hva konsekvensen av dette vil være.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå finanskomiteen Innst. 401 S (2016–2017),

jf. Meld. St. 2 (2016–2017) om Revidert nasjonalbudsjett 2017. Oppmodingsvedtaket er under behandling i Klima- og miljødepartementet. Vedtaket vil bli sett i sammenheng med oppmodingsvedtak 108 nr. 16 som er under behandling i Samferdselsdepartementet, og regjeringas vil-punkt i Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* om å utgreie høvet til å redusere bruken av mineralolje til oppvarming og bygningstørking ved byggje- og anleggsplassar. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er ferdig.

Vedtak nr. 1110, 21. juni 2017

Stortinget ber regjeringen starte forhandlinger med berørte næringsorganisasjoner om etablering av en miljøavtale med tilhørende CO₂-fond for næringstransport, med sikte på oppstart i løpet av 2019. Forhandlingene skal ta utgangspunkt både i de argumenter og løsninger som fremføres i RNB og de forslag næringslivet har spilt inn om en modell basert på NO_x-fondet. Et privat fond skal vurderes, samtidig som det må foretas en grensedragnings mellom et CO₂-fond og eksisterende virkemidler, herunder Enova. De administrative kostnadene for næringsvirksomheter, næringsorganisasjoner og myndigheter skal begrenses. Størrelsen på overføringerne til fondet skal sees i sammenheng med den andelen av merprovenyet fra eventuelle fremtidige økninger i CO₂-avgiften som kan knyttes til virksomheter som omfattes av CO₂-fondet, enten som en direkte bevilgning over statsbudsjettets utgiftsside eller som en avgiftslettelse for de aktuelle virksomhetene. Næringsaktørene forplikter seg til utslippsreduksjoner ut over det som følger av eksisterende virkemidler i en miljøavtale med staten. Arbeid med utredning og innhenting av felles data og analysegrunnlag starter umiddelbart, og Stortinget ber om en rapportering av dette arbeidet i forbindelse med statsbudsjettet for 2018.

Stortinget fatta vedtaket i samband med si behandling av Innst. 401 S (2016–2017), jf. Meld. St. 2 (2016–2017) *Revidert nasjonalbudsjett 2017*. Næringsaktørar har i vår blitt invitert til møte for første innspel til prosess og tema for utgreiing, og regjeringa har sett i gang arbeidet med å innhente felles data og analysegrunnlag.

Etablering av eit fond krev utgreiingar, forhandlingar og notifisering til ESA, uavhengig av

kva slag modell som blir valgt. Sentrale spørsmål som må utgreiast er blant anna korleis næringslivet sin modell basert på NO_x-fondet reint praktisk kan gjennomførast, administrative kostnader ved ulike modellar, forholdet til EØS-avtalas statsstøteregulverk og potensiale for og kostnadene ved utsleppsreduksjonar. Klima- og miljødepartementet og Finansdepartementet har i samarbeid med aktuelle næringsorganisasjonar sett i gang utgreingar som skal avklare desse spørsmåla.

Vedtak nr. 57, 1. desember 2015

Stortinget ber regjeringen legge fram forslag til tiltak for økt bruk av lav- og nullutslippsteknologi i nærskipfarten, og komme tilbake til Stortinget med dette.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 78 S (2015–2016), jf. Dok. 8:126 S (2014–2015), innstillinga si tilråding romartal VI. Miljøvennleg skipsfart er eit prioritert innsatsområde i regjeringas klimapolitikk. For å stimulere til bygging av nye, grønne skip har regjeringa etablert støtteordningar for utvikling av låg- og nullutsleppsløysingar i innanriks skipsfart og kondemnering av gamle, forureinande skip, jf. omtale i Prop. 1 s (2016–2017) og Meld. St. 17 (2016–2017) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2015–2016*.

Arbeidet med verkemiddel for utvikling av låg- og nullutsleppsløysingar for skip må vidare sjåast i samaenheng med arbeidet med å oppfylle Noregs utsleppsforplikting i 2030 under Parisavtala. Relevante verkemidler vil kunne omfatte mellom anna Regjeringa si oppfølging av oppmodingsvedtak 108 nr. 1, og vedtak nr. 1110, 21. juni 2017 om etablering av ei miljøavtale med tilhøyrande CO₂-fond for næringstransporten. Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte

Vedtak nr. 100, 3. desember 2015

Stortinget ber regjeringen sørge for en gjennomgang av Statskog SFs ordinære skogeiendommer for verneverdig skog, og legge til rette for at verneverdig skog i deres eie kan vernes etter naturmangfoldloven.

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2016 og forslaget til statsbudsjett for 2016 i samsvar med Innst. 2 S (2015–2016), tilråding

romartal XXXV. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å følge opp Stortingets oppmodingsvedtak med sikte på vern av aktuelle areal eigd av Statskog SF.

10 skogområde eigd av statskog SF vart verna 21. juni 2017. I 2017 blir det kartlagt om lag 190 kvadratkilometer skog eigd av Statskog, og etter planen skal det på grunnlag av desse kartleggingane setjast i gang verneprosessar for verneverdige område i 2018. I 2018 vil kartlegginga av skog på statsgrunn bli utvida til nye område med sikte på å få oversikt over fleire skogområde som kan vere aktuelle for vern. Regjeringen vil rapportere om status og framdrift i det vidare arbeidet i de årlige budsjettproposisjonene. Regjeringen anser vedtaket for utkvittert.

Vedtak nr. 406, 18. desember 2015

Stortinget ber regjeringen legge fram en stortingsmelding om avfallspolitikk og den sirkulære økonomien.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen om løyvingar på statsbudsjettet Prop. 1 S (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg I (2015–2016), innstillinga si tilråding C romartal III. Vedtaket er sett på som følgd opp gjennom framlegging (21. juni 2017) av Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi*.

Vedtak nr. 537, 17. mars 2016

Stortinget ber regjeringen drøfte et mål for reduksjon av matavfall og matsvinn i omsetnings- og forbrukerleddet, og legge dette frem i den bebudede meldingen om avfall og sirkulær økonomi. Målet må sees i forbindelse med arbeidet med bransjeavtalen med reduksjonsmål, regelverksutvikling i EU og helheten i norsk avfallspolitikk.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 181 S (2015–2016), jf. Dok. 8:119 S (2014–2015), innstillinga si tilråding romartal IV. Vedtaket er sett på som følgd opp ved inngåing av avtale om reduksjon av matsvinn av 23. juni 2017 og gjennom framlegging av Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi*. Sjå òg omtale under vedtak nr. 421, 10. januar 2017.

Vedtak nr. 667, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen sette et mål om vern av både offentlig eid skog og frivillig vern av privateid skog til 10 pst. av skogarealet.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen, Innst. 294 S (2015–2016) jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal I. Regjeringa legg til grunn det vedtekne målet om vern av 10 pst. av skogarealet i det vidare skogvernarbeidet. Regjeringa har sidan 2013 verna i alt 249 skogområde med eit samla produktivt skogareal på 479 kvadratkilometer. Pr. oktober 2017 er i overkant av 4 pst. av det totale skogarealet verna, og om lag 3 pst. av det produktive skogarealet. Det er planlagt vern av ei rekkje nye skogområde hausten 2017 og i 2018. I juni 2017 vart det lagt fram ei evaluering av skogvernet som blant anna viser dei viktigaste skogtypene som bør vernast i det vidare skogvernet, nasjonalt og på fylkesnivå. Evalueringa vil, saman med intensivt kartlegging for å betre kunnskapen om kvar dei viktigaste skogareala er, gi eit godt grunnlag for eit kostnadseffektivt skogvern med høg fagleg kvalitet. Regjeringen vil rapportere om status og framdrift i skogvernarbeidet i de årlige budsjettproposisjonene. Regjeringen anser vedtaket for utkvittert.

Vedtak nr. 668, 23.mai 2016

Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for marine verneområder og komme tilbake til Stortinget med en sak om dette.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal II. Regjeringas oppfølging av Stortingets vedtak er omtalt i Meld. St. 35 (2016–2017) Oppdatering av forvaltingsplanen for Norskehavet, side 82:

Det er satt i gang arbeid med en plan for det vidare arbeidet med marine verneområder. Det vil som del av planen for det vidare arbeidet med marine verneområder gjennomføres en

evaluering av status for arbeidet med vern og beskyttelse av marine områder, og identifisering av vidare behov for vern og beskyttelse med bakgrunn i nasjonale og internasjonale mål. Dette vil inngå i grunnlaget for det vidare arbeidet med marint vern i territorialfarvannet og bevaring av marine områder utenfor territorialgrensen. Det vil i forvaltningen av havområdene løpende vurderes på grunnlag av tilgjengelig kunnskap om det er behov for nye tiltak for å bevare marine naturverdier.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 669, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen klargjøre hva som er god tilstand og hvilke arealer som er å regne som forringede økosystemer, og trappe opp arbeidet med å bedre tilstanden i økosystemene, med sikte på at 15 pst. av de forringede økosystemene skal være restaurert innen 2025.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal III.

Klima- og miljødepartementet oppretta i 2016 *Ekspertrådet for økologisk tilstand*. Rådet er no ferdige med sitt arbeid og har utarbeidd forslag til naturvitskapelege indikatorar og kriterium for kva som er god tilstand i norske økosystem. I 2018 vil Klima- og miljødepartementet, slik ekspertrådet har foreslått, gjennomføre naudsynt vidareutvikling og utprøving av fagsystemet slik at det kan bli klart til bruk i forvaltninga frå og med 2020.

Vurdering av om mål om restaurering er nådd må basere seg på ei avklaring av kva som er rekna som forringa økosystem, og kven som er eigna for eventuell restaurering. Spørsmålet om kva som er sett på som forringa økosystem, og omfanget av dette, vil bli sett i samanheng med arbeidet med å klargjere kva som er god tilstand i økosystema fram mot 2020. Klima- og miljødepartementet vil på dette grunnlaget prioritere aktuelle restaureringstiltak med sikte at 15 pst. av dei forringa økosystema er restaurerte innan 2025. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 670, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen vurdere kvalitetsnormer for økosystemer som en del av utviklingen av nye forvaltningsmål.

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, jf. innstillinga romartal IV. Med utgangspunkt i *Ekspertrådet for økologisk tilstand* sitt forslag til klargjering av kva som er *god økologisk tilstand*, vil Klima- og miljødepartementet fastsetje forvaltningsmål for økosystema. Forvaltningsmåla vil vere baserte på det faglege ekspertgrunnlaget nemnt over, på forvaltingsvise vurderingar og avvegingar og samfunnsøkonomiske vurderingar. Som del av dette arbeidet vil Klima- og miljødepartementet vurdere om, og eventuelt på kva måte, forvaltningsmåla bør fastsetjast som kvalitetsnormer etter naturmangfoldlova §13. Departementet tek sikte på at ei forvaltning basert på definerte mål for økologisk tilstand er på plass innan 2020. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 671, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen så raskt som mulig fatte vedtak i sakene om nasjonalparkene Jomfruland, Raet, vurdere vernevedtaket knyttet til Lofotodden og varsle Stortinget om dette på egnet måte.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, jf. innstillinga romartal V. Verneforslag for Jomfruland og Raet blei vedteke i statsråd 16. desember 2016. Miljødirektoratet oversendte si faglege tilråding om verneforslaget for Lofotodden i mai 2017. Forslaget er no til behandling i departementet. Regjeringa vil orientere Stortinget om vernesaka på eigna måte.

Vedtak nr. 672, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen revidere de helhetlige og økosystembaserte forvaltningsplanene

for våre havområder minimum hvert tolvte år, og oppdatere dem hvert fjerde år.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, jf. innstillinga romartal VII. Regjeringa vil følgje opp Stortingets vedtak, jf. Meld. St. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*, side 94, der det framgår at:

Regjeringen vil: – Legge frem revideringer av de helhetlige og økosystembaserte forvaltningsplanene for havområdene minimum hvert tolvte år, og oppdatere dem hvert fjerde år.

Vedtak nr. 673, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en oppdatert forvaltningsplan for Norskehavet, slik at den kan behandles i inneværende stortingsperiode.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, jf. innstillinga romartal VIII. Regjeringa har følgd opp Stortingets vedtak gjennom Meld. St. 35 (2016–2017) *Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet*, som vart lagt fram 5. april 2017.

Vedtak nr. 674, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold*, jf. innstillinga romartal IX. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide ein handlingsplan for sjøfugl, der ulike verkemedel og tiltak skal vurderas, inkludert bruken av status som prioritert art. Arbeidet med handlingsplanen vart starta opp i 2017. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 675, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen legge fram kvalitetsnorm for myr.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal X. Klima- og miljødepartementet vil sjå utarbeiding av ei kvalitetsnorm for myr i samanheng med oppfølging av vedtak 669 og 670 av 23. mai 2016, og ei pågåande utgreiing av økosystemtenester i våtmark. Arbeidet med økosystemutgreiinga skal etter planen sluttførast i 2018. Departementet vil leggje dette og anna kunnskapsgrunnlag til grunn for eit forslag til kvalitetsnorm for myr og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 676, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen videreutvikle dagens ordning med utvalgte kulturlandskap med sikte på å øke antall områder frem mot 2020.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal XII. Regjeringa sitt mål er å doble dagens 22 område med utvalgte kulturlandskap fram mot 2020. Finansiering av ordninga som totalt er på 22 mill. kroner er eit spleiselag mellom miljø- og landbrukssektoren. Sekretariatet (Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Landbruksdirektoratet) fekk over 50 forslag til nye område frå fylkesmennene. Regjeringa har alleire i 2017 utpeikt ti nye område der det blir sett i verk skjøtsels- og istandsetjingstiltak. Bruttolista dannar grunnlaget for vidare utvelging av nye område innanfor budsjettammene fram mot 2020.

Vedtak nr. 677, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen utarbeide en kvalitetsnorm for villrein, og vurdere kvalitetsnorm for flere utvalgte arter.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S

(2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal XIII. Miljødirektoratet har sett ned ei ekspertgruppe med sekretariat som skal utarbeide ein rapport med forslag til miljøkvalitetsnorm for villrein. Gruppa skal levere sin rapport innan 1. desember 2017. Klima- og miljødepartementet vil etter dette vurdere gruppa sitt forslag med sikte på å vedta ei miljøkvalitetsnorm for villrein i 2018.

Miljødirektoratet har levert ei fagleg vurdering av høvet til å kunne utvikle miljøkvalitetsnormer for fleire haustbare småviltarter – lirype, fjellrype, hare, bever og skogshøns. På bakgrunn av denne vurderinga, eksisterande kunnskaps- og datagrunnlag, vurderingar av ulike aktuelle tiltak, føresetnader for ei vellykka gjennomføring og samfunnsøkonomiske vurderingar, vil Klima- og miljødepartementet komme med ei endeleg tilråding innan utgangen av 2017. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 678, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen styrke arbeidet med et økologisk grunnkart for Norge med naturtyper, arter og landskapstyper.

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal XIV. Klima- og miljødepartementet vil i 2018 føre vidare og styrkje arbeidet med det økologiske grunnkartet. Det vil bli bygt opp digital infrastruktur for innsamling og formidling av stadfesta økologisk relevant informasjon frå ulike sektorar. Klima- og miljødepartementet vil også fastsetje ny metode for verdisetjing av naturtypar; både å fastsetje naturtypar som er av nasjonal forvaltingsinteresse og fastsetje metode for å vurdere kvalitet på den enkelte lokalitet av desse. Det overordna systemet for naturtypekartlegging byggjer på inndelings- og beskrivingsystemet Natur i Noreg (NiN). Naturtypar av nasjonal forvaltingsinteresse som er dårleg kartlagde, vil bli prioriterte i kartlegginga. Område der kartlegging gir stor samfunnsnytte vil bli prioriterte å få kartlagt. Data for inndeling av heile landet i landskapstypar er under utarbeiding.

Klima- og miljødepartementet har bedt Miljødirektoratet om å leia og koordinere arbeidet med å lage det økologiske grunnkartet. Arbeidet skjer i nært samarbeid med Artsdatabanken, og det er

oppretta ei direktoratsgruppe for å sikre god sektorsamordning. Prioriterte oppgåver på kort sikt er å få laga ei kartløyning for å gjere grunnkartet lett tilgjengeleg, og å velje ut kva kartlag som til saman skal utgjere det økologiske grunnkartet. Regjeringa vil orientere om status i arbeidet i dei årlege budsjettproposisjonane.

Vedtak nr. 679, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen sørge for at svartelisten over fremmede skadelige organismer og rødlistene over truede arter og naturtyper oppdateres fortløpende slik at alle artsgrupper og naturtyper gjennomgås hvert femte år.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 294 S (2015–2016), jf. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. innstillinga romartal XVI. Artsdatabanken har ansvaret for å fastsetje raudlistestatus for norske arter og naturtypar, publisere *Nasjonale raudlister for arter og naturtypar* og oppdatere desse, og å vurdere økologisk risiko knytt til arter som ikkje høyrer naturleg heime i Noreg (framande arter) og å føre oversikt over slike arter som er påvist i Noreg. Regjeringa vil fastsette i styringsdokument for Artsdatabanken at slik oppdatering skal skje jamleg og slik at alle artsgrupper og naturtypar blir gjennomgått kvart femte år. Oppmodingsvedtaket vil bli følgt opp i løpet av 2017.

Vedtak nr. 681, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen om fremme forslag med sikte på å forby mikroplast i kroppspeieprodukter.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 282 S (2015–2016), jf. Dok. 8:44 S (2015–2016), jf. Innstilling si tilråding romartal I. Klima- og miljødepartementet vil sjå nærare på det svenske forslaget til nasjonal regulering av mikroplast i kosmetikk og innleie dialog med svenske styresmakter for å få nærare informasjon om utforming av eit nasjonalt forbod. Eit forbod må vere i tråd med EØS-avtala. Sverige vil gjennom sin prosess få nyttige avklaringar om forholdet til EU/EØS-retten som vil ha innverknad på utforminga av eit norsk

forbod. Norske styresmakter vil også støtte aktivt opp om ei internasjonal regulering av mikroplast i kroppspeieprodukt. Eit forbod på EU-nivå vil ha langt større effekt enn eit nasjonalt forbod og vil gjelde også for Noreg. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Vedtak nr. 682, 23. mai 2016

Stortinget ber regjeringen fremme en handlingsplan mot mikroplast etter at tiltaksanalysen er gjennomført.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 282 S (2015–2016), jf. Dok. 8:44 S (2015–2016), jf. innstillinga si tilråding romartal II. Vedtaket er sett på som følgt opp gjennom framlegging av ein strategi mot marin plastforsøpling og spreing av mikroplast i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi*.

Vedtak nr. 768, 6. juni 2016

Område 2, 3 og 7 i dagens ulvesone skal tas ut, for øvrig skal ulvesonen videreføres som i dag.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2015–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*, jf. innstillinga romartal I. Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom vedtekne endringar i rovviltforskrifta, som trådte i kraft 20. juni 2016.

Vedtak nr. 769, 6. juni 2016

Bestandsmålet for ulv i Norge skal være 4–6 ynglinger per år, hvorav 3 skal være hefnorske ynglinger, også ynglinger utenfor ulvesonen teller med. Ynglinger i grenserevir skal telle med på en faktor på 0,5.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2015–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*, jf. innstillinga romartal II. Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom vedtekne endringar i rovviltforskrifta, som trådte i kraft 20. juni 2016.

Vedtak nr. 770, 6. juni 2016

Stortinget ber regjeringen utrede mulige økonomiske ordninger for tap av eventuelle rettigheter eller belastninger innenfor ulvesonen og viser til ulvesoneutvalgets forslag knyttet til dette spørsmålet.

Stortinget fatter vedtaket ved behandling av innstilling fra energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2015–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*, jf. innstillinga romartal III. Oppmodingsvedtaket er fulgt opp gjennom ny ordning med tilskot til kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold, som trådte i kraft 1. juli 2017.

Vedtak nr. 771, 6. juni 2016

Stortinget ber regjeringen legge frem en sak hvor man vurderer mulige ordninger for midler til kommuner med ynglinger innenfor ulvesonen.

Stortinget fatter vedtaket ved behandling av innstilling fra energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2015–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*, jf. innstillinga romartal IV. Oppmodingsvedtaket er fulgt opp gjennom ny ordning med tilskot til kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold, som trådte i kraft 1. juli 2017.

Vedtak nr. 772, 6. juni 2016

Stortinget ber regjeringen vurdere å tillate lik jakttid i og utenfor ulvesonen.

Stortinget fatter vedtaket ved behandling av innstilling fra energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2015–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*, jf. innstillinga romartal V. Regjeringa har motteke ei fagleg vurdering frå Miljødirektoratet om lik jakttid i og utanfor ulvesona, som regjeringa vil følge opp. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 773, 6. juni 2016

Stortinget ber regjeringen bestille en ny uavhengig utredning av den genetiske opprinnelsen til ulvestammen i Norge.

Vedtaket vart fatter ved Stortinget si behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 330 S (2015–2016), jf. Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*, jf. innstillinga romartal VI. Miljødirektoratet har etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet sett i gang ein gjennomgang av eksisterande studiar og kunnskap og nye, omfattande analysar av DNA-materiale av ulv som er samla inn, med mål om å undersøkje kvar ulven i Skandinavia kjem frå. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Vedtak nr. 43, 1. desember 2014

Stortinget ber regjeringen lage en helhetlig plan for utfasing av fossil grunnlast i alle statlige bygg.

Stortinget fatter vedtaket ved behandlinga av tilleggsinnstilling frå finanskomiteen (Innst. 2 S Tillegg 1 (2014–2015)), jf. Meld. St. 1 (2014–2015), Prop. 1 S (2014–2015), Prop. 1 S Tillegg 1 (2014–2015), Prop. 1 S Tillegg 2 (2014–2015) og Prop. 1 S Tillegg 3 (2014–2015).

Det følger av klimaforliket, jf. Innst. 390 S (2011–2012), at fossil fyringsolje som grunnlast skal fasast ut av alle statlege bygg innan 2018. Det er lagt til grunn at dette skal forståast som at utfasinga skal gjennomførast innan utgangen av 2018. Med statlege bygg blir det i denne samanhengen forstått bygg som departementa eller underliggjande etatar/verksemder eig. Bygg som er eigde av statlege aksjeselskap blir i denne samanhengen ikkje rekna som statlege bygg. Fossil grunnlast er i denne samanhengen avgrensa til fossil olje brukt til grunnlast. Grunnlast er den varmekjelda som dekkjer hovuddelen av bygningane sitt varmebehov over året. Ofte dekkjer grunnlasta ca. 50 pst. av effektbehovet på dei kaldaste dagane og 85 pst. av varmebehovet over året. Anlegg der fossil olje berre blir brukt til spisslast, dvs. for å dekkje det varmebehovet grunnlasta ikkje dekkjer, inngår i hovudsak ikkje i oversikta under. Det er likevel ikkje alltid mogleg å skilje mellom grunnlast og spisslast, så tala kan også inkludere noko olje brukt til spisslast.

Det enkelte departementet har ansvar for å planleggje og gjennomføre utfasing i bygg som departementet eller underliggjande etatar/verksemder eig. Departementa har rapportert kor mange anlegg med fossil olje som grunnlast det enkelte departement eig og kor mykje olje som vart brukt i desse anlegga i 2015 og 2016, og dertil kor mange anlegg som er planlagt utfasa og kor mykje dette vil redusere bruken av olje. Under føl-

gjør ei samanstilling av status ved utgangen av 2016 og planlagt utfasing frå og med 2017 til og med 2018, basert på rapportering frå departementa. Regjeringa tek sikte på å komme tilbake årleg med ei oppdatert oversikt over status og planar fram til utfasinga er fullført.

Status per 31.12.2016

Fem departement eig per utgangen av 2016 sjølv, eller har underliggjande etatar/verksemder som eig bygg som har fossil fyringsolje som grunnlast. Totalt er det rapportert om 185 fyringsanlegg med fossil olje som grunnlast ved utgangen av 2016. Det er 30 anlegg færre enn ved utgangen av 2015.

Utsleppa frå dei aktuelle anlegga er berekna til om lag 15995 tonn CO₂ i 2016. Det er ein reduksjon på 1064 tonn CO₂ samanlikna med 2015. Utsleppa er berekna av Klima- og miljødepartementet på grunnlag av opplysningar om oljeforbruk rapporterte frå dei aktuelle departementa. Fleire departement opplyser at det er noko uvisse i dei rapporterte tala. Metodikk og føresetnader som ligg til grunn for rapporteringane varierer òg mellom departementa. Tala som blir presenterte her, må derfor sjåast på som omtrentlege.

Tabellen under viser talet på fyringsanlegg med fossil olje som grunnlast og utsleppa frå desse anlegga, fordelt på dei ulike departementa.

Tabell 7.12 Fyring med fossil olje som grunnlast i statlege bygg, status per 31.12.2015 og 31.12.2016:

Departement	Tal anlegg med fossil olje som grunnlast per 31.12.15	Utslepp i 2015 (tonn CO ₂)	Tal anlegg med fossil olje som grunnlast per 31.12.16	Utslepp i 2016 (tonn CO ₂)
Forsvarsdepartementet	128	10278	123	9850
Helse- og omsorgsdepartementet ¹	22	3748	19	4715
Justisdepartementet	4	54	4	46
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	8	1630	0	431
Kulturdepartementet	25	268	24	257
Kunnskapsdepartementet	0	175	0	0
Landbruks- og matdepartementet	4	119	0	67
Samferdselsdepartementet	25	748	15	590
Sum	215	17020	185	15955

¹ Helse- og omsorgsdepartementet si rapportering viser samla oljeforbruk frå både grunnlast og spisslast då det ikkje har vore mogleg å skilje på forbruket for nokre av anlegga.

Planar for utfasing

I 2017 er det fasa ut, eller planlagt fasa ut 31 anlegg med fossil grunnlast. For 2018 er det planlagt fasa ut 60 anlegg. Det er totalt rapportert om planar for utfasing av 91 av dei 185 anlegga som brukte fossil olje som grunnlast per 31.12.2016 innan utgangen av 2018. Dei aller fleste anlegga som ikkje er planlagt fasa ut innan 2018 er det Forsvarsdepartementet som eig. Justisdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet eig nokre få anlegg der det ikkje er lagt planar for utfasing innan utgangen av 2018.

Forsvarsdepartementet har 87 anlegg, som ikkje er planlagt fasa ut innan 2018. Forsvarsdepartementet har derimot planar for utfasing av dei

fleste av desse anlegga innan det generelle forbodet trer i kraft i 2020. Ved to anlegg er det planlagt omfattande energiinfrastrukturprosjekt som medfører at utfasing av fossil olje skjer først etter 2020. I samband med Forsvarets langtidsplan vil enkelte bygg bli utrangerte, og truleg rivne etter 2020. Det er derfor ikkje planlagt å gjennomføre prosjekt for utfasing av fossil olje i desse bygga før 2018 eller 2020. Forsvarsdepartementet planlegg elles for utfasing av all fossil olje til oppvarming, både til grunnlast og til spisslast, og handterer alle prosjekt for utfasing av olje med ein føresetnad om at det ikkje skal nyttast olje som spisslast.

Justisdepartementet har 3 anlegg og Helse- og omsorgsdepartementet 4 anlegg der det ikkje ligg

føre konkrete planar om utfasing innan 2018. Helse- og omsorgsdepartementet opplyser at det blir arbeidd med planar for utfasing av eitt anlegg i 2019, mens dei tre siste anlegga er i bygg som blir utrangerte etter 2020.

Anlegga som blir fasa ut i 2017 er venta å gi ein årleg utsleppsreduksjon på om lag 3156 tonn CO₂. Anlegga som er planlagt fasa ut i 2018 er venta å redusere dei årlege utsleppa med 2792 tonn CO₂. Når utfasinga er gjennomført i alle anlegga som

det per i dag er lagt planar for innan utgangen av 2018, vil samla årleg utsleppsreduksjon vere om lag 6000 tonn CO₂. Det er ikkje teke omsyn til ev. utslepp frå dei energiberarane som erstattar fyringsoljen (f.eks. ved omlegging til gass eller fjernvarme).

Tabellen under viser talet på anlegg som er planlagt fasa ut i åra 2017 og 2018 og venta utsleppsreduksjonar som følgje av utfasinga, fordelt på dei ulike departementa.

Tabell 7.13 Planlagt utfasing av fossil olje som grunnlast 2017–2018:

Departement	2017		2018	
	Tal anlegg som er planlagt fasa ut	Årleg utsleppsreduksjon (tonn CO ₂)	Tal anlegg som er planlagt fasa ut	Årleg utsleppsreduksjon (tonn CO ₂)
Forsvarsdepartementet	8	2221	28	2275
Helse- og omsorgsdepartementet	6	477	9	231
Justisdepartementet	1	–	–	–
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	–	–	–	–
Kulturdepartementet	6	64	18	193
Kunnskapsdepartementet	–	–	–	–
Landbruks- og matdepartementet	–	–	–	–
Samferdselsdepartementet	10	393	5	94
Sum	31	3156	60	2792

Vedtak nr. 387, 3. februar 2015

Stortinget ber regjeringen legge fram et lovfor-
slag som forbyr bruk av fossil olje til oppvar-
ming i husholdninger og til grunnlast i øvrige
bygg. Regjeringen bes også vurdere å utvide
forbudet til også å omfatte topplast.

Dok. 8:10 S (2014 – 2015) Innst. 147 S (2014 –
2015), innstillingas tilråding romartal I Stortinget
ber regjeringa leggje fram eit lovfor-
slag som forbyr bruk av fossil olje til oppvarming i hushald og
til grunnlast i andre bygg. Regjeringa blir òg
beden om å vurdere å utvide forbudet til også å
omfatte topplast. Eit forbod er notifisert til ESA,
og vil formelt bli vedteke etter at notifiseringa er
gjennomført i tråd med EØS-høyringslova. Dette
vil ta minimum tre månader frå tidspunktet for
notifiseringa. Forbudet omfattar bruk av mineral-
olje til både grunnlast (hovudoppvarming) og
spisslast (tilleggsoppvarming).

Vedtak nr. 507, 14. april 2015

Stortinget ber regjeringen sikre en saksbe-
handling av GMO-saker som i praksis inne-
bærer at hver GMO blir vurdert opp mot gen-
teknologiloven, og som avklarer om det skal
legges ned forbud før GMO-en eventuelt blir
lovlig å omsette i Norge.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstil-
ling frå energi- og miljøkomiteen Innst. 231 S
(2014–2015), jf. Dok. 8:30 S (2014–2015) *forbud
mot omsetning av de genmodifiserte maislinjene
T25 og NK603*, jf. innstillinga romartal III. Opp-
modingsvedtaket er følgt opp ved at Klima- og mil-
jødepartementet 5. juli 2017 fastsette nye rutinar
for behandlinga av saker om GMO-ar (genmodifi-
serte organismar) som er godkjende etter EUs
utsetjingsdirektiv. Saksbehandlingstida blir
vesentleg kortare og det blir sett klare fristar for
innspel frå aktuelle instansar. Noreg skal no fatte

nasjonale vedtak etter genteknologilova rett etter at EU har fatta sitt vedtak.

Snøheimvegen og verneplan for tidligere Hjerkinnskytefelt

Stortinget vedtok i 1999 å opprette eit nytt skyte- og øvingsfelt for Forsvaret på Austlandet, og å leggje ned skytefeltet på Hjerkinnskytefeltet (Innst. S. nr. 129 (1998–99): «Hjerkinnskytefelt legges ned i samsvar med pkt. 7.2 i St.meld. nr. 11 (1998–99) som ledd i en omfattende plan for utvidet vern av Dovrefjell gjennom Sunndalsfjella nasjonalpark, som forlengelse av Dovrefjell nasjonalpark, og landskapsområder vestover fra Rondane nasjonalpark, jf. Ny landsplan for nasjonalparker i St.meld. nr. 62 (1991–92)»).

Opprettinga av Regionfelt Austlandet innebar eit svært stort naturinngrep og tapet av naturverdiar skulle kompenseras med restaurering og vern av naturverdiar på Dovrefjell. Regionfelt Austlandet vart opna i 2005. Forsvaret innstilte sin bruk av Hjerkinnskytefeltet i 2008. I 2006 starta naturrestaureringsarbeidet, som er delt i to faser: Fase I frå 2006–2012 og fase II fra 2013–2020. Det ligg i prosjektplanen at alle vegar i området skal fjernast, inkludert Snøheimvegen.

Snøheimvegen er ein 14 km lang grusveg som går frå betalingsbommen nær E6 ved Hjerkinnskytefeltet, gjennom tidlegare Hjerkinnskytefeltet og inn i det som nå er Dovrefjell-Sunddalsfjella nasjonalpark til turisthytta Snøheim. Snøheim blei bygd av Den Norske Turistforening (DNT) i 1952, men blei overteken av Forsvaret i 1959. DNT fekk hytta tilbake i 2007 og den vart gjenopna som turisthytte i 2012. Snøheimvegen er i dag eigd av Staten v/Forsvarsdepartementet, mens Statskog eig grunnen den ligg på. Forsvarsbygg har fram til no vore ansvarleg for det årlege vedlikehaldet av vegen inn til Stridåbrua, mens Norsk villreinsenter og DNT i fellesskap har hatt ansvar for dei siste 4 km inn til Snøheim.

Forskningsprosjekt om villrein og ferdsel

Stortinget behandla i mars 2008 eit representantforslag om å bevare Snøheimvegen (dokument 8:8 (2007 – 2008)). Det vart under behandlinga av saka bestemt å innhente meir kunnskap for å få eit betre avgjerdsgrunnlag, jf. Innst. S. nr.131 (2007–2008). Norsk institutt for naturforskning (NINA) fekk i oppdrag å gjennomføre eit slikt prosjekt og etablerte saman med Norsk senter for bygdeforskning eit prosjekt om samspelet mellom villrein, reinen sin arealbruk og menneskeleg ferdsle. Prosjektet vart sett i gang i 2008/2009.

I 2012 vart Snøheimvegen, som ledd i forskningsprosjektet, stengt for privatbilar. Det vart i staden organisert ei ordning med skyttelbuss inn til Snøheim fire gonger dagleg gjennom sommarferien. Drifta har i perioden 2014–2017 vore ivareteken av Norsk Villreinsenter

I 2013 kom sluttrapporten frå prosjektet, NINA Temahefte 51 «Horisont Snøhetta». Der går det fram at villreinen sitt trekk og kryssing av området aust for Snøhetta er avgjerande for å halde ved lag funksjonell bruk av villreinområdet. For å komme til haust- og vinterbeita aust for Snøhetta-massivet (Hjerkinnskytefeltet) er reinen avhengig av å krysse ferdselsårene Stropsljødalen (stien inn mot Reinheim turisthytte) og Snøheimvegen. Desse to ferdsleårene er to system som fungerer parallelt og relativt uavhengig av kvarandre. Hovudutfordringa er at ferdsla gjennom Stropsljødalen allereie er på eit kritisk høgt nivå, og at ein står i fare for å få etablert to parallelle barrierar som kan avskjere rotasjonstrekket mellom heilt sentrale årstidsbeiter. Framtidig belastning på dette området må sjåast i samanheng med inngrep, ferdsle og belastninga i aksa Hjerkinnskytefeltet og Stropsljødalen.

Rapporten konkluderte med at den beste kombinerte løysinga for villrein og folk vil vere at Snøheimvegen består, med eit strengt regime for regulering av ferdsle gjennom skyttelbuss som køyrer heilt inn til Snøheim, og eit breitt sett av tiltak og verkemiddel for å handtere ferdsla. Ein føresetnad for tilrådinga var at handteringa av ferdsle ved hjelp av skyttelbuss blir nedfelt i langsiktige planar og føresegnar, og at restriksjonane på bruk av vegen blir effektive. Det var òg ein føresetnad at bruken av Snøheim blir lagt til rette på ein slik måte at det ikkje blir etablert ferdsle som hindrar reinen sine trekkmoglegheiter rundt Snøhetta-massivet eller går ut over kalvingsområda, og at det blir sett i verk ei overvaking for å følgje ferdselsutviklinga.

Forskningsprosjektet si tilråding bygde på data frå berre ein sesong med bussdrift, og ein sesong med drift på Snøheim etter gjenopninga. Det var derfor avgrensa kunnskap om korleis bussordninga i praksis ville fungere og den samla ferdsla i området ville utvikle seg over tid. Miljøverndepartementet og Forsvarsdepartementet vart derfor samde i tilrådingane frå forskningsprosjektet om at det var naudsynt å sjå på effektane av bussregimet og anna utvikling i området over tid. Det vart bestemt å oppretthalde ordninga med stenging av vegen for privatbilar og vidareføre bruk av skyttelbuss inn til Snøheim fram til 2017, med samtidig

overvaking av og innhenting av kunnskap om trafikk og ferdsleutvikling i området.

Resultat og tilrådingar frå denne kunnskap-sinnhentinga er presenterte i NINA Rapport 1313 «Kunnskapsgrunnlag om ulike scenarier for Snøheimvegen. Effekter på villrein, ferdsel og lokal-samfunn etter åtte års forskning» frå 2017. Det går fram av rapporten at villreinen er sterkt pressa av ferdsel og bruk i Snøhetta- og Hjerkinnområdet. Dette gjeld særleg i siste halvdel av sommaren og utover hausten, i den tida det er mye folk langs vegen og mykje villrein som skal krysse vegen. Det er området mellom Svånålegeret og nasjonal-parkgrensa (ca. 1 km øst for Snøheim) som er den viktigaste trekkorridoren for villrein over Snøheimvegen. Ferdsel på vegen vil kunne stoppe villreintrekket i området. Villreinen er avhengig av å krysse over Snøheimvegen for å komme til dei gode vinterbeitene på austsida av Snøhettamassivet. Trekket her er viktig for å oppretthalde rotasjonstrekket rundt Snøhettamassivet slik at villreinen sin funksjonelle bruk av landskapet i villrein-området (kalving, sommarbeite, vinterbeite) kan takast vare på.

Dei innsamla dataene viser at villreinen har nytta trekkområda inn på Hjerkinplatået kvart år, sjølv om tidspunkt og trekkroute varierer noko. Reinen trekte over Snøheimvegen med privatbilregime og med skyttelbussregime. Skyttelbussregimet gir likevel ein langt meir robust situasjon for å handtere dei besøkande og kontrollere ferdsel i trekkområdet. Den totale ferdselen inn Snøheimvegen med privatbil eller buss har vore tilnærma stabil i alle åra i perioden 2009–2016, ca. 10 000 personar. Tiltaket med skyttelbuss har med andre ord verken medført ein betydeleg reduksjon eller auke i talet på besøkande inn Snøheimvegen. Dei største endringane i ferdselsmønster som er påvist er knytt til toppturar på Snøhetta. Ferdselen til Snøhetta auka markant i 2012, same år som turisthytta Snøheim opna og det blei innført skyttelbuss. Viewpoint Snøhetta har hatt stor og aukande trafikk sida opninga i 2011. For mange av dei andre ferdselsindikatorane i området viser tala seg å vere relativt stabile over tid.

Ferdselsmønsteret til dei reisande inn Snøheimvegen, både med bil og buss, viser at skyttelbusstiltaket fungerer etter planen når det gjeld målet om å unngå ferdsel og opphald i den viktige trekk-korridoren for villrein. Med privatbilregime får ein parkering og opphald i sårbare trekkområde, medan skyttelbussen fraktar folk forbi. Ein ser likevel ein uheldig trend der bruk av Snøheimvegen av gåande og syklistar og bilkøyring utanom busstidene aukar. Når det gjeld lokalbe-

folkninga er talet for dei som nyttar skyttelbussen aukande.

Rapporten konkluderer med at skyttelbussregimet ser ut til å fungere tilfredsstillande med tanke på målet om å bevare villreinens trekk og arealbruk i tidligare Hjerkinnskytefelt, og at det ikkje er tilrådeleg å reversere skyttelbussregimet. Denne konklusjonen byggjer også i stor grad på at det manglar gode alternativ. Snøhetta, og turisthyttene Snøheim og Reinheim vil alltid trekkje mye folk som må krysse villreintrekket i området. Tiltådinga byggjer på to viktige føresetnader: Det må sikrast ei stabil drift av skyttelbussen i overskodeleg framtid, og talet på gåande og syklistar langs Snøheimvegen, og bilkøyring utanom busstidene må haldast på eit lågt nivå, slik at villreintrekket ikkje blir forstyrra unødig. Dersom annan ferdsel langs vegen blir for stor, vil dette kunne undergrave bussregimet og stoppe villreintrekket. Reinen i området har allereie i dag ei anna åtferd i turistsesongen august–september enn seinare på hausten. Ferdsel er ei svært viktig forklaring på den pressa situasjonen reinen har i området. Dette vil seie at med dagens ferdselsnivå på Snøheimvegen og i Stroplsjødalen er villreintrekket truga i turistsesongen. Reinens tilbøyelegheit til å krysse stigar/vegar heng nært saman med ferdselsintensiteten på det tidspunktet den skal krysse.

Departementet sine vurderingar

På bakgrunn av tiltådingane i rapporten går Klima- og miljødepartementet inn for at vegen ikkje blir tilbakeført, men blir liggjande. Ein avgjerande føresetnad for dette er, i samsvar med konklusjonane i rapporten, at det blir sikra stabil drift av skyttelbuss på vegen i overskodeleg framtid. Dette inneber blant anna avklarte eigar- og ansvarsforhold for veg, vegvedlikehald og bussdrift og stabil finansiering av dette. Det må under dette sikrast tilstrekkelege avgangar også i periodar der kvar einskilt avgang ikkje er bedriftsøkonomisk lønsam pga. lågt passasjertal.

Statskog, Forsvarsbygg, DNT Oslo og Omegn, Dovre Fjellstyre, Jora beitelag og Norsk villreinsenter Nord har blitt einige om ei løysing som er nedfelt i eit grunnlagsnotat og ei intensjonsavtale. Løysinga inneber at DNT Oslo og Omegn overtek eigedomsretten til sjølve veglegemet og ansvaret for både vegvedlikehaldet og drift av skyttelbussen. Forsvarsbygg har eigedomsretten og ansvaret for vedlikehald av vegen fram til restaureringsprosjektet er avslutta i 2020, mens ansvaret for

drift av skyttelbussen blir overteke av DNT frå Norsk villreinsenter Nord frå og med 2018.

Eit vilkår frå DNT Oslo og Omegn er at det vert oppretta eit fond på anslagsvis 2 mill. kroner for vedlikehald av vegen, som også kan fungere som ein underskotsgaranti for bussdrifta, og at eit eventuelt overskot frå bussdrifta det einsskilde år går inn i fondet.

Det er i intensjonsavtala sett som føresetnad at verken Statskog eller DNT Oslo og Omegn ønskjer å ha ansvaret for vegen dersom drifta av skyttelbussen skulle opphøyre, til dømes ved sviktande bussinntekter.

Departementet støttar denne løysinga, og foreslår at det for 2018 blir sett av 2 mill. kroner under kap. 1420 post 81 Naturarv og kulturlandskap til eit fond for vedlikehald av vegen, som òg skal fungere som underskotsgaranti for bussdrifta. Eventuelle overskot frå bussdrifta går inn i fondet. Departementet merkar seg at bussinntektene har vore relativt stabile i dei åra prøveordninga har vore i drift etter 2012, med ca. 18.000 selde enkeltbillettar pr. sesong. Det er ein føresetnad for løysinga at kapasitet og frekvens på busstilbodet blir halden på eit slikt nivå at ikkje kapasitetsproblem fører til uønskt auke av anna ferdsle innover mot Snøheim, særleg til fots og på sykkel.

Dersom bussdrifta blir lagt ned til dømes på grunn av betydelege fall i billettinntektene, fell den attverande delen av fondet tilbake til staten.

Løysinga inneber at anna ferdsel på vegen (både motorisert og ikkje-motorisert) må bli regulert, slik at den ikkje motverkar den positive effekten av busstransporten. Basert på resultatane frå forskingsprosjektet, mellom anna oppsummert i forskningsrapporten Horisont Snøhetta (2013) og NINA Rapport 1313 (2017), meiner departementet at ferdsla langs Snøheimvegen må haldast på

dagens nivå eller reduserast for å unngå at barriereeffekten for villreinen aukar.

Slik regulering av ferdsle bør skje gjennom verneforskriftene og forvaltingsplanen for dei kommande verneområda.

Dersom bussdrifta av ei eller anna årsak blir lagt ned, må vernemyndigheita sjå på behovet for ny regulering av ferdsle langs vegen, både motorisert og ikkje-motorisert. Departementet tek til etterretning at Statskog og DNT Oslo og Omegn har uttalt at dei ikkje vil ønskje å ha ansvaret for veg eller vegvedlikehald dersom bussdrifta blir lagt ned. Departementet legg til grunn at DNT som eigar av vegen i ei slik situasjon står fritt med omsyn til det framtidige vedlikehaldet av vegen, herunder inngå avtaler med andre om dette, i samsvar verneestyresmaktene si regulering av ferdsla langs vegen.

Melding om oppstart av verneplanarbeid for tidlegare Hjerkinnskytefelt vart kunngjort 1. juli 2013. Fylkesmannen leverte si tilråding om vern for området til Miljødirektoratet 30. juni 2017. Regjeringa tek sikte på vernevedtak våren 2018.

Som nemnt ligg det inne i prosjektplanen for Forsvarsbyggs opprydningsprosjekt for det tidlegare skytefeltet at alle vegane i området skal fjernast. Departementet bad likevel Fylkesmannen om å høyre eit vernealternativ som opnar for at både Snøheimvegen, Vålåsjøhøvegen og vegen fram til Veslie/Rolstadsætra består, i tillegg til eit vernealternativ der alle vegane er tilbakeførte. Fylkesmannen har etter høyring tilrådd at dei tre vegane kan bestå. Departementet tek sikte på at verneplanen blir behandla i statsråd i løpet av april 2018, og at det i revidert nasjonalbudsjett for 2018 blir gitt informasjon om verneplanen og løysinga for dei andre vegane, det vil seie Vålåsjøhøvegen og vegen fram til Veslie/Rolstadsætra.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Hovudinnhald og prioriteringar

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde *Kulturminne og kulturmiljø*, og omfattar verksemda til Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond.

Løyvingane på kulturminneområdet går til å følgje opp intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* og Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*. I årets proposisjon er det fremja forslag om nye nasjonale mål, sjå kap. 2.2. Målsetjinga er å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det er også eit mål at eit utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde skal ha varig vern ved freding innan 2020. Løyvinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø og midlar til å føre vidare arbeidet med verdiskaping knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Regionreforma vil få stor konsekvens for korleis kulturminneforvaltinga arbeider i framtida. Fleire førstelinjeoppgåver som i dag blir løyste av Riksantikvaren, skal etter 2020 løysast av den regionale kulturminneforvaltinga.

Både Riksantikvaren og regionane må ha rett system, fagkompetanse og kapasitet for å handtere dette godt. Riksantikvaren må også hjelpe regionane slik at dei kan få kompetanse som set dei i stand til å løyse desse oppgåvene. Regionane må stå rusta til å utføre god kulturminneforvalting, noe som også inneber at eigarar av kulturminne får lik behandling uavhengig av lokalisering. Det er særleg viktig at tilskotshandteringa gir ei kostnadseffektiv og oversiktleg forvalting.

Både samfunnet rundt oss og den offentlege forvaltinga er i endring. Riksantikvarens overordna strategi fram til 2021 vart ferdigstilt i 2016, etter ein omfattande prosess internt i direktoratet. Strategien tek utgangspunkt i endringar som gir kulturminnefeltet både utfordringar og nye moglegheiter. Strategien gir retning for direktoratets arbeid fram til 2021.

Klimaendringane har fokus hos Riksantikvaren. Det gjeld utfordringar innan både bevaring og forvalting knytte til klimaendringar, og det å relatere og tilpasse kulturminna til berekraftmåla.

Byar og tettstader veks i rekordfart. Kulturminne og kulturmiljø gir byane viktige kvalitetar, og gjenbruk er også godt miljøvern. På bestilling frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren utarbeidd ein bystrategi for kulturminneforvaltinga. Bystrategien vart lansert i mars 2017.

I 2016 har Riksantikvaren berre reist seks motsegn saker til regulerings- og kommuneplanar. Dette talet er lågare enn for tidlegare år, og viser at tidleg og tydeleg dialog om viktige kulturminneinteresser medverkar til positive resultat. Det er i løpet av året brukt betydelege ressursar på å finne gode løysingar saman med fylke, kommunar og utbyggjarar, før saker går til motsegn. Dette er døme på god og effektiv kulturminneforvalting.

Forenkla saksbehandling med tanke på statlege eigedommar, gjer også forvaltinga meir effektiv. Stadig fleire saker blir løyste gjennom ein samarbeidsmodell der vedtak blir fatta i møte mellom partane.

Fredingsstrategien fram mot 2020 gir ti prioriterte tema for nye fredingar, slik at fredingslista skal bli meir representativ, både tematisk og geografisk. Betre framdrift i fredingssakene er også eit viktig tema i strategien. Tala viser at det er langt betre framdrift i fredingssakene no enn på fleire tiår. I 2016 vart kulturmiljøet i uthamna Ny-Hellesund i Vest-Agder freda. Det vart vedteke freding i til saman 14 saker i 2016, og 4 nye fredingssaker er starta opp i tråd med fredingsstrategien.

Ein tiltakspakke frå regjeringa på 40 mill. kroner gjorde at det i 2016 kunne fordelast til saman 100 mill. kroner til fartøyvern. Dette ga eit viktig løft til istandsetjinga av mange fartøy. Fartøyvern betyr også oppdrag for verftsindustrien.

Endra rammevilkår og regionmeldinga set mange av premissane for den omstillinga Riksantikvaren er i no. Direktoratet har teke grep som gjer at vi medverkar til å definere korleis vårt direktorat best kan møte morgondagen.

Gjennom blant anna arbeidet med NB!-områda i byane og KULA-registret som omfattar kultur-

historiske landskap av nasjonal interesse, vil Riksantikvaren signalisere kva område og kulturmiljø som det er knytte vesentleg nasjonal interesse til. Dette vil medverke til tidleg avklaring av kulturminneinteressene og til at arealforvaltniga blir meir føreseieleg. Riksantikvaren vil óg halde fram med å ha tett og god dialog med kommunar, fylkeskommunar og utbyggjarar. Erfaringane viser at dette ofte medverkar til gode løysingar og gir resultat ved at stadig færre saker endar med motsegn.

Det har vore høg aktivitet og gode resultat i dei ti bevaringsprogramma i 2017. Det har lenge vore klart at målet om ordinært vedlikehaldsnivå for programma i løpet av 2020 vanskeleg kan bli nådd, med to unntak; stavkyrkjeprogrammet og truleg brannsikringa av stavkyrkjene.

Dei ti bevaringsprogramma, med tilskot, kompetansebygging og rådgiving, er dei viktigaste

verkemidla for å nå dei nasjonale måla på kulturminneområdet. Likevel er fleire av bevaringsprogramma prega av eit stort og aukande etterslep. Det vart derfor sett i gang eit arbeid i 2016 med å realitetsorientere bevaringsprogramma for å sjå nærare på behov for å endre dei nasjonale måla. Denne reorienteringa vil også kunne medføre ei justering av enkelte av programma sine mål.

Dei tidlegare nasjonale måla på kulturminneområdet hadde ei sterk objekt- og tilstandsorientering. Dei nye måla vil i sterkare grad leggje vekt på samfunnsnyttan med å ta vare på kulturarven, på å ta den i bruk og på engasjement og ansvar. I tillegg vil det sjølvstekt framleis vere like viktig å sikre arbeidet med istandsetjing, vedlikehald og høg fagleg standard på det antikvariske arbeidet. Dette vil til ei kvar tid vere kjerneoppgåve innanfor kulturminneforvaltinga.

Resultatområde

Tabell 7.14 Resultatområde under programkategori 12.30

Resultatområdet	Nasjonale mål
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> – Eit mangfald av kulturminne, kulturmiljø og landskap¹ skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk – Kulturminne, kulturmiljø og landskap¹ skal gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging medverke til berekraftig utvikling – Alle skal ha høve til å engasjere seg og ta ansvar for kulturminne, kulturmiljø og landskap¹

¹ Landskap er forstått som eit område der samspelet mellom natur og kultur er med på å gi det særpreget det har. Måla på dette resultatområdet knyter seg til den kulturhistoriske dimensjonen i landskapet

Politikk for å nå dei nasjonale måla for kulturminne og kulturmiljø

Regjeringa prioriterer høgt å leggje til rette for vern gjennom bruk. Ei forvaltning prega av partnerskap mellom styresmakter, private eigarar og andre aktuelle aktørar, og å sikre gode rammevilkår for verdiskaping, opplevingar og kunnskap med utgangspunkt i kulturhistoriske verdiar er viktig.

Gode fagdatabasar/styringsdata som gir kunnskap om og oversikt over kulturhistoriske verdiar – kor dei er og kva slag tilstand dei er i – er avgjerande for å kunne bruke verkemiddel riktig og å setje inn tiltak der dei trengst mest og verkar best. Kunnskapsløftet for kulturminnefeltet har gjennom fleire år vore ei prioritert satsing for Riksantikvaren, som skal sikre god tilgang av kulturminnedata på tvers av forvaltingsnivå og for publikum.

I Meld. St. 18 (2016–2017) *Bærekraftige byer og sterke distrikt*, er det vektlagt at kulturminne og kulturmiljø skal vere ein viktig ressurs i byutviklinga. Fortettinga i enkelte byar og pressområde er massiv, og mange område vil på få år bli endra radikalt. Andre byar og bymiljø er prega av handelslekkasje og tomme forretningar. Store endringar i busetjingsmønstret med sterk befolkningsvekst i og omkring byane, medfører også auka press på areal og bygningar i byane og fører til at areal og bygningar går ut av bruk andre stader. Samtidig er kulturminne og kulturmiljø ein viktig ressurs i byutviklinga. Mange historiske stader og enkeltbygningar er trekkplaster for turistar, og utgjer ofte ein ressurs også for andre næringer. Kulturminne er ein viktig del av regjeringas bymiljøpolitikk. På bestilling frå Klima- og miljødepartementet har Riksantikvaren utarbeidd ein bystrategi for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i byar. Bystrategien, som vart lansert i

mars 2017, inneheld strategiske føringar og tilrådingar. Føremålet er å medverke til kvalitet i byutviklinga, bevaring og vidareutvikling av historiske bymiljø, til beste for innbyggjarane, næringsliv og tilreisande. Riksantikvaren ønskjer ei byutvikling som i større grad fører vidare stadeigen og lokal byggeskikk, og i mindre grad fremjar kontrasterande busetnad som svekkjer opplevinga av historiske bymiljø. Samtidig signaliserer strategien at ei løysingsorientert forvaltning må kunne diskutere eit breitt spekter av verkemiddel, tilpassa formålet med vern. Bystrategien peiker på at kulturarven er ein sentral ressurs og ein viktig del av det grønne skiftet i byane. Det blir no arbeid med ein handlingsplan som skal medverke til at mål og strategiar i Bystrategien blir sette i verk.

Klima- og miljødepartementet er òg, saman med Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, involvert i eit 3-årig nordisk bymiljøprosjekt, «Attraktive byer». Prosjektet er knytt til norsk formannskap i Nordisk Ministerråd 2017. Kulturminne og bymiljøpolitikk inngår òg som eitt blant fleire miljøpolitiske område som vil bli tekne opp i «Grøn byutvikling – med dei største byane» som Klima- og miljødepartementet har etablert i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innsatsen i dei ti tematiske bevaringsprogramma er avgjerande for at man skal kunne setje i stand og halde ved like prioriterte kulturminne av høg nasjonal verdi. Bevaringsprogrammet for istandsetjing av freda hus i privat eige er særleg prioritert. Det er likevel naudsynt å gjere tydelege prioriteringar i bruk av dei økonomiske midlane. I stavkyrkjeprogrammet vart istandsetjinga av dei 28 stavkyrkjene slutført i 2015. Fortløpande vedlikehald og oppgradering av brannsløkkingsanlegg og andre sikringstiltak vil vere prioriterte tiltak framover.

Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet har sidan 2011 vore Riksantikvarens viktigaste delsatsing for å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltninga. Gjennom prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga blir arkiva digitaliserte og syter for god tilgang på informasjon for fylkeskommunar og kommunar. Satsinga inkluderer digitalisering og tilgjengeleggjering av data, og utvikling av gode saksbehandlingssystem.

Dette er viktig for å effektivisere forvaltninga, og syte for at vi også står godt rusta til å ta gode avgjerder om kulturminne og kulturmiljø på lokal

og regionalt plan. Kunnskapsløftet skal vere med på å gi kommunar eit godt fagleg grunnlag for å planleggje for desse endringane på ein måte der kulturhistoriske verdiar blir tekne vare på og medverkar til ei positiv samfunnsutvikling.

Kunnskapsløftet har vore ei hovudsatsing for kulturminnefeltet, for å svare på Riksrevisjonens funn frå 2009. Prosjektperioden varer ut 2017. Prosjektet har så langt gitt gode resultat, men det står framleis att nokre uløyste oppgåver som det må arbeidast vidare med også etter at prosjektperioden er avslutta. Regjeringa er oppteken av at det blir utvikla eit modernisert og digitalisert forvaltings- og saksbehandlingssystem som sikrar likebehandling, standardisering, forenkling og effektivisering av arbeidsprosessar på tvers av forvaltingsnivåa. Dette blir derfor særskilt viktig for klargjeringa til gjennomføringa av regionreforma. Hovudsatsinga i 2018 vil vere å følge opp og implementere resultatata frå prosjektperioden blant anna ved å utvikle vidare kulturminneportalen, eit digitalt verktøy som vil gjere det mogleg å gjere informasjon frå forskjellige kjelder tilgjengeleg i same brukarsnitt for regional og lokal forvaltning og eigarar av kulturminne.

Ein sentral del av kunnskapsløftet er prosjektet «Kulturminner i kommunen» (KIK). Prosjektet har som mål å sette kulturminne på den lokalpolitiske dagsorden, styrkje kompetansen og engasjementet lokalt for å ivareta kulturarven og ta denne i bruk som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Gjennom satsinga medverkar direktoratet med økonomiske midlar og i samarbeid med fylkeskommunane støtter kommunar til å utarbeide kulturminneplanar. I alt har no 300 kommunar fått støtte i arbeidet med kulturminneplanar, og ca. 100 kommunar er ferdige med å utarbeide slike. Delprosjektet vil halde fram til 2020, med mål om at 90 prosent av landets kommunar innan 2020 har utarbeidd kulturminneplan.

For å sikre oppfølging og vidareutvikling av kommunanes arbeid med kulturminne, skal Riksantikvaren i løpet av 2017 utarbeide ein strategi for å styrkje kommunanes arbeid på kulturminnefeltet fram mot 2020.

Registreringa av dei automatisk freda samiske bygningane, som har vore eit delprosjekt i Kunnskapsløftet sidan det vart oppretta i 2011, blei avslutta i august 2017. Ca. 1200 samiske bygningar i dei 5 nordlegaste fylka har vorte besøkt, og 800–1000 av desse er registrert som automatisk freda i Askeladden. Dette gir ein heilt ny og detaljert kunnskap om utbreiinga av den samiske busetnaden i Noreg og om viktige samiske kulturminne. Sidan 2012 har 2 mill. kroner årleg vore

øyremerkte sikring og istandsetjing av dei freda samiske bygningane. Tek ein i betraktning at denne bygningsmassen først er ferdig registrert i 2017, og dei relativt låge årlege tilskota, er det lang veg å gå før dei freda samiske bygningane får eit tilstandsnivå som er tilstrekkeleg.

Verdsarv

Forvaltninga av dei norske verdsarvområda inneber særlege forpliktingar. Oppfølging av autorisasjonsordninga for verdsarvsenter og utvikling av dei fem autoriserte verdsarvsentra i Alta, på Vega, i Geiranger, i Røros bergstad og Circumferensen og på Rjukan-Notodden vil bli prioritert. Plan for det vidare arbeidet med etablering av verdsarvsenter ved dei norske verdsarvstadene blei ferdigstilt våren 2017. Planen vil bli lagt til grunn for prioriteringa av eventuelle ytterlegare autoriseringar av senter avhengig av budsjettføresetnader og andre rammevilkår.

Internasjonalt er kapasitetsbygging under verdsarvkonvensjonen eit viktig innsatsområde. Noreg medverkar i dette arbeidet gjennom ei satsing ved ei seksårig avtale (2016–2021) med IUCN og ICCROM om programsamarbeidet «World Heritage Leadership – a new capacity building programme of ICCROM and IUCN». Noreg som statspart til verdsarvkonvensjonen, har høge ambisjonar for forvaltning av verdsarvområda, og har som mål at områda skal utviklast til fyrtårn for god kulturminneforvaltning. Riksantikvaren arbeider i samarbeid med Miljødirektoratet for betra forvaltning av verdsarvområda, blant anna gjennom forvaltingsplanar, betre lokal organisering og programsamarbeid om kompetanseutvikling mellom Klima- og miljødepartementet, ICCROM og IUCN. God forvaltning av verdsarvområda avheng også av betre samordning mellom dei sektorane som påverkar utviklinga i områda. Samordninga mellom aktuelle departement som er nedfelt i verdsarvpolitikken, er viktig føresetnad i arbeidet.

Bevaringsprogramma

I omtala av kulturminne og arbeidet med dei ti bevaringsprogramma i statsbudsjettet for 2017 vart det med utgangspunkt i dei fire gjeldande nasjonale miljømåla på kulturminnefeltet

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast
- Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020

- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020

lagt opp til ein gjennomgang av bevaringsprogramma for å vurdere moglege justeringar i måten arbeidet skjer på innanfor det enkelte programmet. Dette «som følgje av at fleire av dei nasjonale måla synast vanskelege å nå innan 2020».

Det vart samtidig uttrykt eit behov for å endre dei nasjonale miljømåla med verknad frå 2018.

Hovudgrunningivinga for behovet for å endre dei nasjonale måla ligg ikkje først og fremst i utfordringa med å nå 2020-måla, men i ei kritisk vurdering av kor føremålstenleg det er å ha eit fastsett års- og tidsmål. Måla vil framleis vere knytte til det å setje i stand, ta vare på og leggje til rette for bruk av kulturminne. Føresetnaden er at tidlegare fastsett fagleg ambisjonsnivå står ved lag.

Mens dei tidlegare nasjonale måla for kulturminnefeltet så langt har hatt ei sterk objekt- og tilstandsorientering, er det i forslaget til nye nasjonale mål lagt vekt på samfunnsnytteperspektivet. Dei nye måla vil leggje vekt på samfunnsnytta med å ta vare på kulturarven, på å ta den i bruk og på engasjement og ansvar, i tillegg til å ta vare på behovet for istandsetjing, vedlikehald og høg fagleg standard på det antikvariske arbeidet.

Uavhengig av denne prosessen har arbeidet som har vore organisert gjennom dei 10 bevaringsprogramma utgjort den viktigaste satsinga i arbeidet med å nå dei nasjonale måla. Bevaringsprogramma vil framleis vere både viktige innsatsområde og verktøy i arbeidet med å nå dei nasjonale måla for kulturminnepolitikken.

Kulturminnepolitikken og ambisjonsnivået i dei nasjonale miljømåla har vore behandla i Stortinget ved fleire høve dei siste 20 åra.

- St. meld. nr. 58 (1996–1997) Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling-Dugnad for framtida – Bestilling fra Stortinget om opptrappingsplan
- St. meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner – opptrappingsplan (årlige bevilgninger opp 175 mill. kroner – helst ila en fireårs periode)
- St. meld. nr. 26 (2006–2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand – bevaringsprogrammene
- St. meld. nr. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken – ambisjoner og nasjonale miljømål videreføres

Kort om dei enkelte bevaringsprogramma – status, utfordringar og kva er oppnådd

1. Freda bygningar i privat eige. Omfatta ca. 3400 objekt. 38 pst. av bygningane har ordinært vedlikehaldsbehov, 32 pst. har moderat behov og 13 pst. har behov for omfattande utbetringar. 17 pst. har ukjent tilstandsgrad. Utfordringa er framleis store etterslep, men det er ei lita betring ved at 2 pst. av objekta har gått frå moderat utbetringbehov til ordinært vedlikehaldsbehov frå 2015 til 2016.
2. Fartøy. Ca. 260 verneverdige fartøy inngår i programmet. Av desse er 16 freda etter kulturminnelova. Ved tilskot til fartøy har Riksantikvaren i 2016 prioritert prosjekt som gir god sysselsetjingseffekt. Utfordringa er etterslep med stor forverringsgrad for fartøya.
3. Samiske bygningar. Her inneheld kulturminnelova ei flytande fredingsgrense, alt eldre enn 100 år er automatisk freda. I perioden 2011–2017 har Klima- og miljødepartementet i samarbeid med Riksantikvaren og Sametinget gjennomført eit registreringsprosjekt. Formålet har vore å få eit samla oversyn over bestanden av desse kulturminna. Verneverdi og tilstandsgrad er vurdert. Det finst omlag 1200 samiske bygningar eldre enn 100 år, men mange av desse vil ikkje ha slike verdiar at dei vil ligge inne i programmet. Gjennom det kartleggingsarbeidet som no ligg føre har kulturminneforvaltinga fått eit godt grunnlag for å prioritere dei viktigaste kulturminna. I oppfølginga av Registreringsprosjektet er det òg sett i gang eit lovarbeid for å erstatte den flytande fredingsgrensa med ei fast aldersbestemt grense. I perioden 2012–2017 har det vore synfaring på ca. 1200 samiske bygningar. Fordeling av tilstandsgrad har vore stabil i denne perioden og meir enn 70 pst. av bygningsmassen er i god eller middels god stand.
4. Ruinar. Totalt er det registrert 87 lokalitetar med til saman 122 ruinar. Alle desse er automatisk freda etter kulturminnelova, men bevaringsprogrammet er avgrensa til å omfatte 58 av det 87 lokalitetane. Dei fleste konserveringsprosjekta er pågåande arbeid som vil halde fram i fleire år framover. 45 av ruinane er ferdig konserverte.
5. Verdsarv. Noreg har 8² verdsarvområde på Unescos verdsarvliste, det eitt er ført inn på naturkriterium. Dei ulike verdsarvområda er

- av svært ulik karakter og omfang og variasjonen i den tekniske tilstandsgraden er knytt til ambisjonsnivået for dei enkelte stadene. Nokre av verdsarvområda inneheld til dels objekt som fagleg sett fell inn under andre program som f. eks. stavkyrkjer og freda bygningar. Status er at dei fleste stadene har manglar knytte til forvalting og administrasjon. Den uttalte ambisjonen er at dei norske verdsarvstadene skal vere fyrårn innan kultur- og naturforvalting i Noreg. Dette handlar om at dei skal ha best mogleg tilstand, formelt vern og forvalting. Forvalting inkluderer i denne samanhengen blant anna oppdatert forvaltingsplan, verdsarvkoordinatorfunksjon, verdsarvråd mm. Utfordringa knytt til dette programmet er derfor meir samansett enn for dei andre programma, og alternativ innretning på arbeidet med dette innsatsområdet vil bli vurdert.
6. Utvalte arkeologiske kulturminne. Meir enn 100 000 objekt er lagt inn i Riksantikvarens fagdatabase, Askeladden. Ein svært liten del av desse ligg inne i programmet, ca. 450. Det er jamn progresjon i programmet og det er per 31.12.16 registrert 334 lokalitetar i Askeladden med ordinært vedlikehaldsnivå.
 7. Bergkunst. Her er det totalt registrert ca. 1800 lokalitetar som alle er automatisk freda etter kulturminnelova. I dag ligg 200 av desse inne i bevaringsprogrammet. Innanfor programmet er det så langt registrert 179 lokalitetar i Askeladden med ordinært vedlikehaldsnivå og progresjonen er sett på som god.
 8. Teknisk industrielle kulturminne. 15 anlegg er definert som nasjonalt prioriterte anlegg og alle desse inngår i programmet. 10 av desse anlegga er rekna som sette i stand. Gjennom tilskotsposten som er knytt til dette bevaringsprogrammet bidrar Riksantikvaren til at fleire anlegg nærmar seg eit normalt vedlikehaldsnivå, men behova ved fleire av anlegga er framleis store. I tillegg har enkelte anlegg, som tidlegare har fått status som ferdigstilt, fått skadar som medfører at dei likevel har behov for tilskot til istandsetjing. Hovudbildet er at med unntak av to anlegg – Odda og Haldenkanalen – ligg det an til at 2020-målet kan bli nådd.

² Bryggen i Bergen, Urnes stavkyrkje, Røros bergstad og Circumferensen, Bergkunsten i Alta, Vegaøyen, Vestnorsk fjordlandskap, Struves meridianboge og Industrieren Rjukan – Notodden.

9. Stavkyrkjer. Det er totalt 28 stavkyrkjer som alle er automatisk freda og inngår i programmet. Istandsetjinga av stavkyrkjene i regi av Stavkyrkjeprogrammet vart avslutta i 2015, med noko mindre arbeid i 2016. På grunn av klimaendringane, med større fare for ekstremvær, er det gjennomført risikovurderingar ved alle stavkyrkjene. Konklusjonane frå desse vurderingane er innarbeidde i vedlikehaldsplanar.
10. Brannsikring tette trehusmiljø og stavkyrkjer. Bevaringsprogrammet har som mål å styrkje brannsikringa av rundt 180 tette trehusmiljø med gammal verneverdig trehusbusetnad. Samtidig skal brannsikringa av stavkyrkjene haldast ved like på eit høgt nivå. Om lag 5 av dei 180 registrerte trehusmiljøa har tilfredsstillande brannsikringstiltak. 20 av 28 stavkyrkjer har fått tilskot og gjennomført større tiltak i 2016. Tryggleiken blir halden på eit generelt høgt nivå ved årleg service av teknisk anlegg i alle dei 28 stavkyrkjene.

Bevaringsprogramma og tilpassinga til nye nasjonale mål og pågåande endringsprosessar:

Arbeidet med forvaltninga av kulturminne organisert i dei 10 bevaringsprogramma kan beskrivast som ei arbeidsform med hovudformål å oppnå ei systematisk heving av bevaringstilstanden til ulike kulturminnekategoriar. I tillegg ligg det også eit viktig element av fagleg utvikling og kunnskapsoppbygging i bevaringsprogramma.

Programma har tydelege mål formulert i relasjon til 2020-årstalet. Når dei nasjonale måla no er foreslått frigjort frå det konkrete årstalsmålet, er det naturleg at også det vidare arbeidet med bevaringsprogramma blir tilpassa denne endringa. Det er naturleg at arbeidet framover blir innretta mot årsintervall med fleire fasar med mål for kvar tidsperiode. Blant andre døme på tema som kan vurderast nærare kan nemnast:

- Differensiere mål for ulike delar av bestanden, f. eks. ved å sortere objekt som er i bruk og som er ute av bruk.
- Leggje større vekt på vilje og evne hos eigaren.
- Bruk av kriterium knytte til samfunnsnytte, offentleg tilgjenge eller verdiskapingspotensial.

Sjølv om bevaringsprogramma byggjer på ein felles systematikk og har fleire fellesnemnarar, viser gjennomgangen at programma er svært forskjellige. Dette gjeld med omsyn til omfang, fagleg innhald, utfordringar og kva aktørar som er involverte i gjennomføringa av programma. Som del av

gjennomgangen som er gjort blir det vurdert omlegging av arbeidsforma for enkelte av programma for at denne skal bli betre tilpassa den aktuelle situasjonen innanfor det enkelte programmet. Det kan vidare vere aktuelt å slå saman enkelte program og det kan òg vere aktuelt å vurdere nye bevaringsprogram for å målrette innsatsen på særskilt viktige innsatsområde.

Som døme kan det vere aktuelt å gjere ei særleg prioritering for arbeidet med automatisk freda, samiske kulturminne. I perioden 2011–2017 er det gjennomført eit registreringsprosjekt som for første gongen har gitt ei samla oversikt over bestanden av desse kulturminna, med kjend verneverdi og tilstandsgrad. Over Riksantikvarens budsjett er det for 2018 øymerkt inntil 6,0 mill. kroner for å styrkje oppfølginga av arbeidet med bevaring av automatisk freda samiske bygningar innanfor Bevaringsprogrammet for automatisk freda samiske bygningar.

Parallelt med innføringa av nye nasjonale mål og tilpassinga av arbeidet med bevaringsprogramma, vil Riksantikvarens arbeid med førebuing til gjennomføringa av regionreforma vere ei sentral oppgåve i 2018 og åra fram mot 2020. Som del av regionreforma skal viktige myndigheits- og ansvarsområde som i dag er tillagt Riksantikvaren, overførast til regionane. Arbeidsmetodikken for bevaringsprogramma er trekt inn i arbeidet med planlegginga av myndighetsoverføringa der særleg arbeidsmetodikken og ansvarsfordelinga som er nytta gjennom Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige, utgjer ein modell med overføringsverdi til andre delar av arbeidet med forvaltninga av kulturminne. På bakgrunn av denne beskrivinga er det naturleg at det arbeidet som er starta med reorienteringa av bevaringsprogramma blir ført vidare og sett i samanheng med dei omtalte prosessane.

Dei justeringane som er aktuelle i oppfølginga av gjennomgangen av bevaringsprogramma må tilpassast dei nye nasjonale miljømåla på kulturminnefeltet og førebuingane til gjennomføringa av regionreforma. Arbeidsformer, prioriteringar m.v. innanfor ramma av dei nasjonale miljømåla er noko som må vurderast fortløpande i lys av utviklinga på feltet. Det er derfor ikkje hensiktsmessig å gå meir detaljert inn på dette (i denne samanhengen).

Under Stortingets behandling av Reiselivsmeldinga, Meld. St. 19 (2016–2017) «Opplev Norge-unikt og eventyrlig» vart det fatta eit oppmodingsvedtak (vedtak 722) med følgjande ordlyd: «*Stortinget ber regjeringa utrede og legge frem en plan*

for Stortinget for hvordan etterslepet på kulturminner i Norge kan tas igjen».

Gjennomgangen av dei ti bevaringsprogramma stadfeste at etterslepet i istandsetjingsarbeidet framleis er ei utfordring. Situasjonen varierer likevel frå program til program. Det er gjennom planbunde og systematisk arbeid gjort eit løft på dette feltet og kulturminnebudsjettet er auka i heile 4-årsperioden. Statusgjennomgangen stadfester at arbeidet med satsingar som Kunnskapsløftet og tilstandsregistreringa har medverka til at kulturminneforvaltninga no har god oversikt over behova og kjennskap til kor utfordringane er størst. Dette er viktig kunnskap som blir nytta som grunnlag for prioriteringar i den fortløpande tilskotsforvaltninga. Gjennom målretta innsats kan tilskot og andre verkemiddel setjast inn der dei verkar best og bidra til å lukke gapa. Regjeringas vurdering er at den vidare framdriftstakten for arbeidet med å redusere etterslepet først og fremst er eit kapasitets- og løyvingsspørsmål. Oppfølginga av spørsmålet er derfor noko det er naturleg å komme nærare tilbake til i dei kommande budsjettprosessane.

Oppfølginga av arbeidet med bevaring av automatisk freda samiske bygningar innanfor Bevaringsprogrammet for automatisk freda samiske bygningar skal styrkjast i 2018. Arbeidet skal skje

i medhald av prinsipp ein er blitt samde om i Plan for forvaltning av automatisk freda samiske bygningar, vedteken av Sametingets Plenum.

Bygg og Bevar

Prosjektet Bygg og Bevar har gått føre seg sidan 2009, og er eit samarbeid med Byggenæringas landsforeining. Nettportalen er ein god arena for samarbeid mellom det offentlege og dei private eigarane av freda og verneverdige bygningar. Portalen gir blant anna informasjon om handverkarar med riktig kompetanse, produkt- og bransjeinformasjon om materiale og restaurering og riktig energirehabilitering utan at kulturhistoriske verdiar går tapt. Nettportalen er eit viktig bidrag for å betre rammevilkåra for dei private eigarane. I samarbeid med Byggenæringas landsforeining vil dette arbeidet bli ført vidare i ein ny programfase over fem år (2016–2020).

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2018 på om lag 726,363 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på 28 mill. kroner netto, samanlikna med saldert budsjett for 2017.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1429	Riksantikvaren	606 493	650 419	633 985	-2,5
1432	Norsk kulturminnefond	87 094	103 898	92 378	-11,1
	Sum kategori 12.30	693 587	754 317	726 363	-3,7

Kap. 1429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	130 893	146 463	145 383
21	Spesielle driftsutgifter	39 878	51 243	36 829
22	Bevaringsoppgåver, <i>kan overførast</i>	23 249	24 304	24 182
50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 471	3 541	3 523
60	Kulturminnearbeid i kommunane	2 116	4 116	8 716

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	32 156	33 564	33 164
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>	115 025	147 015	142 015
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	50 237	56 545	51 545
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	52 028	45 952	45 952
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	98 258	61 883	61 883
75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overførast</i>	10 050	15 757	15 757
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overførast</i>	4 808	8 000	8 000
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>	44 324	52 036	57 036
	Sum kap. 1429	606 493	650 419	633 985

Rolle og oppgåver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Klima- og miljødepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementet sitt arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel har i dei siste åra vore særleg knytt til gjennomføring av dei ti bevaringsprogramma for nasjonalt viktige kulturminne, til prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga og til verdiskaping på kulturminneområdet. Riksantikvaren skal i partnerskap med eigarane og næringslivet stimulere til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøver mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet fylkeskommunane, Sametinget, forvaltingsmusea og Sysselmannen på Svalbard utfører som regionale styresmakter for kulturminne. Tilretteleggings- og stimuleringsiltak skal medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar. Riksantikvaren skal formidle kon-

takt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Hovuddelen av løyvinga dekkjer løn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IKT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer i tillegg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt og utgreingar, under dette kostnader knytte til Riksantikvarens drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Inntekter knytte til dette blir førte under kap. 4429 post 02 og 09.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4429, post 02 og 09, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2016

Størsteparten av midlane er lønskostnader. I perioden frå 2010 til 2016 har talet på faste årsverk vore uendra, mens lønsbudsjettet har auka med rundt 20 pst. Veksten i lønsbudsjettet skuldast generell lønsauke og bruk av mellombels tilsette og ekstrahjelp. I den same tidsperioden har budsjettposten for andre driftsutgifter auka med rundt

5 pst. Dette skuldast blant anna auke i faste lisens- og vedlikehaldsavtaler knytte til utviklinga og drifta av IKT-baserte fagsystem, prisstigning og auka driftskostnader i samband med pilegrims-senteret.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlar på denne posten blir nytta til kjøp av digitale utviklingstenester, støtte til registreringsarbeid og til å utvikle og etablere kompetansetiltak innanfor prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011–2017).

Post 21 dekkjer prosjektmidlar til fagleg samarbeid med andre land i samsvar med norske prioriteringar, medlemsutgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid. Midlar til det internasjonale kurset i konservering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology) blir òg dekte over denne pos-

ten. Midlane blir elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltingsansvar for.

Riksantikvaren kan lyse ut forskings- og utviklingsmidlar innanfor denne potten, og bestiller utgreiingar blant anna på klima- og energifeltet.

Riksantikvarens KIK-prosjekt (Kulturminne i kommunane) har sidan 2011 vore finansiert av 21-posten. Desse midlane er overførte frå post 21 til 60 slik at tilskot til kommunane kan utbetalast frå post 60. Posten er vidare redusert med 8 mill. kroner då Kunnskapsløftet vart avslutta i 2017.

Rapport 2016

26,3 mill. kroner av post 21 er nytta i prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2016.

Tabell 7.15 Aktivitet i kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2016

Aktivitet	Forbruk (i 1000 kr)
Kulturminneportal	0
Løn, reise- og kompetansemidlar	3 674
Lokale kulturminneregistreringar og arbeid med kulturminneplanar i kommunane	5 400
Fylkeskommunane sitt arbeid med kompetansemodellar for kommunar i eigen region	1 200
Systematisering og digitalisering av eldre analog dokumentasjon	4 090
Sametingets registreringar av automatisk freda samiske bygningar	4 200
Digitale verktøy og tekniske tilretteleggingar	2 459
Informasjonsarkitektur	5 283
Sum	26 306

Riksantikvaren utarbeidde i 2015 *Fredningsstrategi mot 2020 for kulturminneforvaltninga*. Fredningsstrategien viser innanfor kva tema vi i dag manglar freda bygg eller anlegg, det vere seg eksempelvis nasjonale minoritetar, handel eller rekreasjon, fritid og folkehelse. Nye fredingssaker skal vere innanfor dei prioriterte tema, og startast opp i eit avgrensa omfang. Fredningsstrategien angir òg korleis kulturminneforvaltninga skal arbeide effektivt og på lag med eigar i nye fredingssaker. *Fredningsstrategien fram mot 2020* angir ti prioriterte tema for nye fredingar, slik at fredingslista vår skal bli meir representativ, både tematisk og geografisk. Betre framdrift i fredingssakene er også eit viktig tema i strategien. Tala

viser at vi har langt betre framdrift i fredingssakene no enn på fleire tiår. I 2016 vart kulturmiljøet i uthamna Ny-Hellesund i Vest-Agder freda. Det vart vedteke freding i til saman 14 saker i 2016, og starta opp 4 nye fredingssaker i tråd med fredningsstrategien. Målrettinga av fredingsarbeidet etter dei føringane som vart lagt i fredningsstrategien gir effektar. Stadig fleire eldre fredingssaker blir slutførte, og nye fredingssaker starta opp i medhald av strategien. Talet pågåande fredingssaker er i ferd med å komme ned på eit meir handterbart nivå for både fylkeskommunane og Riksantikvaren. Dette gjer at nye fredingssaker blir behandla raskare og betre, noko som er til fordel også for eigarane.

Med forankring i *Fredningsstrategi mot 2020* vart det brukt midlar til fleire prosjekt med mål om å finne fram til eit representativt utval kulturminne blant minoritetane sine kulturminne, grøne kulturminne og krigens kulturminne. Arbeidet held fram i 2017.

I 2016 vart det i prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar freda 21 eigedomar knytte til landsverneplan for Kystverkets Landsverneplan for maritim infrastruktur. Riksantikvaren brukte òg noko midlar for oppfølging av arbeidet og prosessen av landsverneplanane i dei departementa som ikkje har ferdigstilt sine landsverneplanar.

Det vart i 2016 sett av ressursar til kjøp av tenester i prosjektet kulturmiljøfreding av Skudeneshavn. Det vart òg gitt 70 000 kroner i tilskot til tilstandsregistrering av bygningsmassen i Skudeneshavn, også dette over post 22. Karmøy kommune bidrog i tillegg inn i dette arbeidet.

I 2016 har Riksantikvaren køyrt 3 program på miljøovervaking: om tilstand, tap og skade på verneverdige bygg og arkeologiske kulturminne og om kulturminne i jordbrukets kulturlandskap. Riksantikvaren har også fått utført naudsynt fagleg utgreiing knytt til to planlagde nye program; om klimaeffektar på mellomalderbygningar og tilstand på freda kulturlag i mellomalderbyane. Ein tek sikte på oppstart av desse i 2017.

I 2016 fekk 50 nye kommunar midlar over prosjekt kunnskapsløftet til å utarbeide kommunale kulturminneplanar og 11 fylkeskommunar og Bergen kommune fekk midlar til å medverke i dette arbeidet. Ved utgangen av 2016 var ca. 250 kommunar i gang med å lage kommunale kulturminneplanar og omlag 100 var ferdige. Det er målsetjinga at 90 pst. av alle landets kommunar skal ha ferdig kommunal kulturminneplan innan 2020. Arbeidet med kommunale kulturminneplaner har hatt stor betydning for det lokale engasjementet på kulturminnefeltet. Gjennom arbeidet blir kulturminnevern sett på den lokalpolitiske dagsorden. I både lokalaviser, politiske utval og kommunestyre blir det diskutert kva som skal med på lista og kvifor. Fleire fylke rapporterer om at samarbeidet med kommunar går lettare når kommunane har eigne kulturminneplanar.

Post 22 Bevaringsoppgåver, kan overførast

Tunge nasjonale bevaringsoppgåver er det i visse tilfelle verken føremålstenleg eller mogleg å gjennomføre ved å dele ut tilskot til lokale prosjekteigarar. I desse tilfella må Riksantikvaren fungere som prosjekteigar. Sidan dette er prosjekt som i dei fleste tilfella går over fleire år, og det ikkje all-

tid let seg gjere å anslå det eksakte utbetalingsbehovet kvart enkelt år, er midlane plassert på post 22, der dei kan overførast. Dette gjeld fleire store prosjekt, som Bryggen i Bergen og Røros og brannsikring av stavkyrkjer, som er avhengig av fleirårige avtaler med leverandørar.

Spesielt for 2017 er at det er sett av 10 mill. kroner til Klemenskyrkja. Midlane skal brukast til å utarbeide eit formidlingsopplegg knytt til funnet av Klemenskyrkja. Midlane vart løyvde i revidert nasjonalbudsjett for 2017.

Rapport 2016

Det har vore god progresjon i oppgraderinga av brannsikringsanlegg på stavkyrkjene.

Andre område der midlar frå post 22 blir nytta er ruinkonservering, konservering av kyrkje-kunst og profane mellomalderbygningar.

Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Midlane er stilte til disposisjon for Sametinget, og kjem i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål frå kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål

Å setje i stand og synleggjere samiske kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

- Tal på registrerte, freda, samiske kulturminne i privat eige i kulturminnedatabasen Askeladden.
- Tal på freda, samiske bygningar i privat eige med ordinært vedlikehaldsnivå.
- Opplysningar om tiltak retta mot freda, samiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar av samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane blir tildelte større vedlikehalds- og restaureringsarbeid, men går òg til skjøtsel, sikring, istandsetjing og formidling, etter søknad til Sametinget.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skal skje overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll

av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle kan det vere aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Rapport 2016

Sametinget rapporterer til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for denne posten.

Post 60 Kulturminnearbeid i kommunane

Posten var ny i 2014 og oppretta som eit ledd i ei særskilt satsing på kommunal kulturminnekompetanse, frå andre halvår 2014 til første halvår 2016. I prosjektperioden fekk ti bykommunar støtte til å opprette ei byantikvarstilling. Føresetnadene for dette var at kommunane sjølve dekte delar av lønskostnadene og driftskostnadene.

Bykommunane som fekk støtte i å opprette byantikvarstillingar i 2015 var Eigersund, Fredrikstad, Frogn, Kragerø/Risør (fellessøknad), Levanger, Lærdal, Moss, Odda, Kongsberg og Steinkjer. Kragerø og Risør delte på ei stilling.

Erfaringane frå prosjektperioden vil bli trekte inn i det vidare arbeidet med å styrkje kommunenes kompetanse. Fleire av kommunane vidarefører byantikvarstillinga utan statleg støtte.

Byantikvarane møtest to gonger årleg, ei samling om våren, og ved deltaking på Riksantikvarens *Haustmøte*.

Posten blir no nytta til tilskot til kommunane gjennom KIK-prosjektet (Kulturminne i kommunane). Auken på posten på 4,6 mill. kroner er knytt til dette prosjektet.

Sjå omtale under post 21.

Rapport 2016

Av dei ti byantikvarstillingane vart stillingane i Odda og Lærdal avvikla etter to år (hausten 2016) av økonomiske grunnar i kommunen.

Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, kan overførast

Posten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak og når særlege grunnar ligg føre.

Delar av midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) og for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK).

Posten dekkjer òg tilskot til arkeologiske museum, sjøfartsmuseum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Posten er òg nytta til finnarløn.

Posten er styrkt med 5 mill. kroner til sikring av Klemenskyrkja. Vidare er posten redusert med 5,4 mill. kroner på grunn av at styrkinga i 2017 til restfinansiering av Kongsgardsprosjektet på Avaldsnes var eitårig.

Mål

Medverke til forvaltning av og ivaretaking av kunnskapen om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne og kulturmiljø.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne i bevaringsprogrammet for bergkunst og bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne.

Tiltak retta mot sikring av kunnskap om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Målgruppa for tilskotet er tredelt:

Ei målgruppe er private tiltakshavarar. Staten dekkjer som hovudregel utgiftene til registreringar og utgravingar av arkeologiske kulturminne i samband med mindre private tiltak og dersom det ligg føre særlege grunnar, jf. kulturminnelova § 10.

Ei anna målgruppe er forvaltarar av arkeologiske kulturminne. Tilskota blir i hovudsak nytta til oppfølging av dei to bevaringsprogramma utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø og bergkunst. Midlane blir tildelte etter søknad til Riksantikvaren.

Midlane nyttast og til naudsynt fagleg assistanse til fylkeskommunane og Sametinget i forvaltningssaker. Midlane dekkjer naudsynt fagleg assistanse frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU). Midlane skal vidare nyttast til å dekkje utgifter til naudsynte undersøkingar for å sikre det vitenskaplege kjeldematerialet og til anna arbeid for å sikre kulturminnet på staden, til hjelp i kulturminnekriminalitetssaker og ved dei arkeologiske forvaltingsmusea. I tillegg skal midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved sjøfartsmusea.

Posten dekkjer òg finnarløn fastsett etter skjønning av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova § 13.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal kontrollere at tiltakshavar oppfyller kriteria for å få tilkjent dekning av utgifter til registreringar og utgravingar. Riksantikvaren overfører midlar til dei arkeologiske forvaltingsmusea og til regional kulturminneforvaltning etter framlegging av rekneskap over forskotterte midlar og etter framlagt sluttregnskap.

Forvaltarar av arkeologiske kulturminne leverer sluttrapportar på utført arkeologisk arbeid til Riksantikvaren som kontrollerer at arbeidet er utført i samsvar med dei aktuelle vilkåra. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Forvaltingsinstitusjonar rapporterer om bruk av tildelte midlar.

Rapport 2016

Det er utført tiltak innan dokumentasjon, skjøtsel og sikring av bergkunstlokalitetar over heile landet i regi av Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG) i 2016. Arbeidet er utført av fylkeskommunane, Sametinget og dei arkeologiske forvaltingsmusea, ofte i samarbeid med lokale krefter. Gjennom tilskot i 2016 er det sett i verk nye tiltak innan skjøtsel og tilrettelegging på 112 bergkunstlokaliteter, og det går føre seg arbeid med mange prosjekt som er vidareførte frå tidlegare år.

Det er også utført metodeutvikling innan dokumentasjon og formidling, og gjennomført nettverkstiltak i form av seminar for forvaltingsmusea i 2016. Med støtte frå BERG er det publisert eit bokverk som dokumenterer bergkunsten nord for polarsirkelen, og beskriv tilstand og tiltak utført gjennom programmet.

Totalt er det gitt 7,1 mill. kroner i tilskot til nye tiltak innanfor BERG i 2016, og det blei utbetalt 5,3 mill. kroner (post 70). Resten av tiltaka held fram i 2017.

Tabell 7.16 Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)

Bergkunst i Askeladden	Tal lokalitetar	Kommentar
Lokalitetar som inneheld bergkunst totalt	1 909	Status pr. 20.03.17 for automatisk freda lokalitetar
Enkeltminne bergkunst totalt	2 754	Status pr. 20.03.17 for automatisk freda lokalitetar
Nye skjøtselstiltak i 2016	112	Tilskot 2016
Nye tilretteleggingstiltak i 2016	19	Tilskot 2016
Nye dokumentasjonstiltak i 2016	49	Tilskot 2016
Tilfredsstillande bevarings/ vedlikehaldsnivå	179	Rapportert totalt i programmet
Tilrettelagt for publikum med tilfredsstillande bevarings-/ vedlikehaldsnivå	75	Rapportert totalt i programmet

I løpet av 2016 er det gjennomført skjøtsel og tilrettelegging for publikum i regi av Bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) over heile landet, noko som omfattar 81 lokalitetar i Askeladden.

Eit BARK prosjekt (tilretteleggingsobjekt) omfattar i dei fleste tilfelle ei gruppe kulturminne som utgjer ein samanheng. Fleire lokalitetar i Askeladden kan derfor inngå i eit prosjekt i BARK. I 2016 vart det sett i gang skjøtels- og til-

retteleggingstiltak i 30 slike BARK-prosjekt. Parallelt går det føre seg arbeid med ei rekkje prosjekt som er sette i gang frå tidlegare år. Arbeidet blir utført av fylkeskommunar og Sametinget i samarbeid med kommunane og andre lokale krefter. Så langt i programmet er 63 slike tilretteleggingsprosjekt ferdigstilt.

Totalt vart det gitt 3,1 mill. kroner i tilskot til tiltak innanfor BARK i 2016, og det blei utbetalt 1,6 mill. kroner. Andre tiltak held fram i 2017.

Tabell 7.17 Bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)

Skjøtsel og tilretteleggingstiltak	BARK objekt og kommunar	Kommentar
Tal på objekt der det vart sett i gang tiltak 2016	30	Tilskot 2016
Tal på ferdigstilte objekt totalt	63	I perioden 2012–2016
Tal kommunar der det er utført eller går føre seg BARK-tiltak	123 kommunar	I perioden 2012–2016

Det er gjennomført ei rekkje arkeologiske undersøkingar i 2016 knytt til ordninga der staten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar i samband med mindre, private tiltak, og dersom det ligg føre særlege grunnar.

Midlar frå posten er i 2016 mellom anna brukt til å dekkje innsamling og registrering av forhisto-

riske fonnefunn på Vestlandet, tilbakeføring av skadd gravhaug i Akershus, ei registrering under vatn på Herøy for å kartleggje funnområdet for Rundefunnet, bruk av georadar på fleire arkeologiske lokalitetar Hamarkaupangen og Stor-Hov på Hedmark og Auli utanfor Tønsberg og restaurering av skada mellomalderkross i Gulen.

Tabell 7.18 Tiltak til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne 2016

Tiltak	Tal på saker	Tilskot (i 1 000 kr)	Merknader
Mindre private tiltak. Direkte tilskot frå RA	34	7 058	Midlane blir betalte ut til den institusjonen som gjennomfører utgravinga
Mindre, private tiltak. Tilskot til fylka i samband med prøveprosjekt med delegert mynde.		75	
Særlege grunnar. Direkte tilskot frå RA	17	5 915	
Sikring av arkeologiske kulturminne og vitskapleg kjeldemateriale		7 013	
Andre prioriterte myndigheitsoppgåver ved dei arkeologiske forvaltingsmusea	5	695	
Saksbehandling ved sjøfartsmusea	5	4 500	
Finnarløn	0	0	
Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)		5 300	Sjå ovanfor
Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK)		1 600	Sjå ovanfor
Sum		32 156	

Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap, kan overførast

Midlane på posten går i hovudsak til bevaringsprogrammet freda bygningar i privat eige. Kulturmiljø, kystkultur og kulturlandskap får òg tilskot frå posten.

Innafor bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige, foreslår Riksantikvaren at det

blir innført ei ordning som skal sikre at freda bygningar får eit jamt vedlikehald.

5 mill. kroner er overførte til post 70 og sikring av Klemenskyrkja.

Mål

Freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal

vere sette i stand til ordinært vedlikeholdsnivå innan 2020.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot freda bygningar og anlegg i privat eige.
- Tiltak retta mot freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.
- Tiltak retta mot freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Tilskot skal dekkje meirutgifter, heilt eller delvis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, i samsvar med fredingsføremålet. Følgjande prioriteringar gjeld: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. I arbeidet med kystkulturen skal det i særleg grad leggast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.

Ei anna viktig målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til dei ti freda kulturmiljøa, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildele tiltak som er forankra i forvaltings- og skjøtelsesplanar.

Inntil 6 mill. kroner er øyremerkte sikring og istandsetjing av samiske bygningar. Midlane vil bli utbetalte av Riksantikvaren etter oppmoding frå Sametinget. Riksantikvaren vil gi nærare føringar for bruken av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til fylkeskommunen/Sametinget som skal sjå til at arbeidet er utført i samsvar med dei vilkåra som er sette. Fylkeskommunen/Sametinget skal rapportere til Riksantikvaren.

Når det gjeld den siste målgruppa og tilskot til dei ni freda kulturmiljøa og til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, skal tilskotsmottakaren levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som skal sjå til at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggast til fylkeskommunen/Sametinget.

I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Rapport 2016

I 2016 vart det brukt 114,4 mill. kroner i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Hovuddelen av posten blei fordelt til fylkeskommunar som vil setje i gang eit utval prioriterte prosjekt. På den måten vil midlane blir meir konsentrerte, slik at fleire prosjekt blir avslutta, og effekten av den offentlege innsatsen blir tydelegare. I alt vart det gitt tilskot til 355 søkjarar frå fylkeskommunane og Riksantikvaren i 2016. Det er urovekkande at heile 17 pst. av dei freda bygningane i privat eige har ukjent tilstandsgrad. I tillegg er det mange registreringar som begynner å bli gamle og derfor usikre. I 2016 vart det frå Riksantikvarens side gjennomført møte med alle fylkeskommunar der oppdatering av tilstandsgrader ver eit sentralt tema. For 2017 vil Riksantikvaren setje av eigne midlar til fylkeskommunen til tilstandsregistrering for å få større tempo på oppgraderinga.

2 mill. kroner blei overført til Sametinget for sikring og istandsetjing av eit mindre utval samiske bygningar. I alt 14 samiske bygningar fekk tilskot frå Sametinget i 2016, omtrent det same talet som i dei andre åra ordninga har eksistert (frå og med 2012). Når registreringa av dei automatisk freda samiske bygningane vert avslutta i 2017, vil rundt 1200 bygningar ha vorte registrerte, og anslagsvis 400–600 av desse vil trenge tilskot til vedlikehald og sikring. Dette føreset ein vesentleg auke av dei øyremerkte midlane til samiske bygningar.

Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, kan overførast

5 mill. kroner er overførte til post 79 for å styrkje arbeidet med verdensarv.

Mål

Målet med bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne er å setje i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle

anlegga. Med dette er meint normalt vedlikehaldsnivå innanfor definert omfang. Av dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet er 11 istandsatt.

For å styrkje kompetansen innan forvaltning, drift og vedlikehald, og medverke til nettverksbygging, samarbeid og auka kunnskap omkring denne typen kulturminne, arrangerer Riksantikvaren eit årleg fagseminar for dei prioriterte anlegga. Det er ei målsetjing at dette forumet blir ført vidare og utviklast.

Kriterium for måloppnåing

Tilstandsgrad

Anlegga skal vere sette i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå med minimum tilstandsgrad 2 i eksteriør.

Interiør/maskinpark skal vere sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå der dette er vurdert som ein del av anlegget sitt omfang. Dette må ikkje forvekslast med drift eller produksjon, men inngår som ein del av det fortløpande vedlikehaldet av anlegga.

Anlegga er sjølve ansvarleg for å oppdatere objektas tilstandsgrad gjennom årleg revisjon av verksemdsplanen.

Verksemdsplan

Riksantikvaren har i 2017 ferdigstilt arbeidet med verksemdsplanar for anlegga i bevaringsprogrammet. Planane tek for seg anlegga sine resterande behov for sikring, istandsetjing, og vedlikehald. Desse skal gi forvaltninga og anlegga ei felles forståing av behov fram mot normalt vedlikehaldsnivå – sett i stand. Sett i stand må i denne samanhengen ikkje forvekslast med slutført eller ferdigstilt.

Som ein del av arbeidet med årleg revisjon av planane skal det i 2018 også gjennomførast ei risikovurdering av anlegga sitt omfang knytt opp mot brann, klima/miljø/naturskadar mm. Det kan givast eit mindre tilskot til dette arbeidet over post 72.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne.

Riksantikvaren fordeler midlane på posten etter søknad til konkrete tiltak innanfor sikring, istandsetjing og vedlikehald av tekniske og industrielle kulturminne, primært på dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet. Tiltak som stansar og hin-

drar ytterlegare forfall, og tiltak for å fullføre pågåande arbeid med istandsetjing og vedlikehald, skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Det kan i særskilte tilfelle bli løyvd midlar til andre anlegg som representerer og dokumenterer Noregs tekniske og industrielle historie. I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak. Det blir ikkje gitt tilskot til formidling eller annan museal drift og/eller verksemd.

Ved fordeling av tilskot vurderer Riksantikvaren fleire forhold:

- Om anlegget inngår i Riksantikvarens bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne.
- Anlegget eller kulturminnet sin autentisitet og kor representativt det er for norsk teknologisk og industriell historie.
- Anlegget sitt behov for tiltak som stansar eller hindrar ytterlegare forfall
- Prosjektet si praktiske og økonomiske gjennomføring, framdriftsplan, anna finansiering og eigaren sin eigeninnsats
- Om prosjektet bidrar til bevaring gjennom dokumentasjon, moglegheitsstudie, kulturminne- og tilstandsregistrering.

Tiltak det blir gitt tilskot til skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Forvaltning, drift og vedlikehald

Til anlegga i bevaringsprogrammet skal det prioriterast tilskot til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV). Tilskot til FDV skal medverke til å vidareføre vern gjennom å oppretthalde kompetanse og betre anleggets tilstandsgrad. Innanfor rammene av dette kan tilskotet dekkje kostnader som er naudsynte for at bygg, tekniske system og installasjonar skal fungere.

FDV-stillingar som får tilskot til løn frå Riksantikvaren skal primært følgje opp vedlikehald og istandsetting av dei objekta som inngår i Riksantikvarens bevaringsprogram. Ein mindre del av tilskotet til løn kan nyttast til eigenadministrasjon.

Postar som ikkje skal prioriterast ved tilskot

- Trygding
- Telefon/internett
- Kommunale skatter, avgifter og renovasjon
- Vakthald
- Museal verksemd og formidling
- Drivstoff, drift og vedlikehald av biler og større verktøy, der det ikkje er avtalt særskilt
- Nye stillingar, unntaket er der det er kompetanseoverføring/lærlingar/innleigd hjelp

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som ser til at arbeida er utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Kontrollen av tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Rapport 2016

I 2016 omfatta bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne 15 prioriterte anlegg. Det vart det gitt 49 mill. kroner til istandsetjing,

forvaltning, drift og vedlikehald av dei 15 anlegga i bevaringsprogrammet tekniske og industrielle kulturminne.

Tilskotsfordelinga til bevaringsprogrammet har fram til i dag hatt ein positiv effekt for å nå målsetjinga om normalt vedlikehaldsnivå, og ti av dei 15 anlegga hadde status som ferdigstilte ved utgangen av 2016. Folldal gruver ble ferdigstilt i 2016.

For å sikre framdrift i måloppnåinga har Riksantikvaren i 2016 utarbeidd indikatorar for måloppnåing og anlegga har sett i gang arbeidet med å utarbeide verksemdsplanar med kostnadsberekning. I 2016 førte Riksantikvaren vidare fagseminaret «Industrianleggas Fellesråd», og eit nytt fagseminar er under planlegging i Bergen hausten 2017.

Tabell 7.19 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2016

Anlegg	Tilskot FDV	Tilskot istandsetjing	Sum total
<i>Anlegg i bevaringsprogrammet</i>			
Atlungstad Brenneri	1 365 584	2 508 509	3 874 093
Bredalsholmen Dokk	2 051 334	2 277 000	4 328 334
Fetsund lenser	3 047 501	95 000	3 142 501
Folldal Gruver	2 247 500	3 820 000	6 067 500
Haldenkanalen	1 728 000	–	1 728 000
Kistefos Træsliperi	1 114 834	–	1 114 834
Klevfos Cellulose- og Papirfabrik	908 102	380 000	1 288 102
Neptun sildeoljefabrikk	2 017 999	–	2 017 999
Næs jernverksmuseum	1 244 617	19 800	1 264 417
Odda smelteverk	2 737 143	–	2 737 143
Rjukanbanen	3 165 000	6 527 826	9 692 826
Salhus tricotagefabrik	2 085 134	1 094 397	3 179 531
Sjølingstad Uldvarefabrik	1 862 490	2 575 231	4 437 721
Spillum dampsg & høvleri	2 446 667	–	2 446 667
Tyssedal kraftverk	1 695 000	–	1 695 000
<i>Sum anlegg i bevaringsprogrammet</i>	<i>29 716 905</i>	<i>19 297 763</i>	<i>49 014 668</i>

Tabell 7.19 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2016

Anlegg	Tilskot FDV	Tilskot istandsetjing	Sum total
<i>Anlegg utanfor bevaringsprogrammet</i>			
Gloster Gladiator 423	–	25 000	25 000
Vigsnes Gruveområde	–	2 500 000	2 500 000
<i>Sum anlegg utanfor bevaringsprogrammet</i>	–	<i>2 525 000</i>	<i>2 525 000</i>
<i>Sum total</i>	<i>29 716 905</i>	<i>21 822 763</i>	<i>51 539 668</i>

Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, kan overførast

Tilskotsordninga er knytt til dei fire bevaringsprogramma: stavkyrkjer, ruinar, freda bygningar i privat eige, brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer.

Mål

Dei 28 stavkyrkjene blei ferdigstilte i 2015 slik at dei no har oppnådd eit ordinært vedlikehaldsnivå. Frå 2016 vil fortløpande vedlikehald og tjærebreining av stavkyrkjene bli prioritert. Prioriterte ruinar og profane bygningar frå mellomalderen skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Bevaringsprogrammet for brannsikring har som mål at branntilløp og brann i stavkyrkjer, og brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø, skal unngåast.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot stavkyrkjer, profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen, og opplysningar om tilstandane til desse kulturminna.
- Brannsikringstiltak i stavkyrkjer og tette trehusmiljø.
- Eventuell brann eller branntilløp i stavkyrkjer og om tilfelle av brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda bygningar og anlegg frå mellomalderen og eigarar av utvalde tette trehusmiljø. Midlane skal gå til vern, sikring og beredskapsarbeid. Dette inkluderer brannsikringstiltak, vedlikehaldsprogram for stavkyrkjene og sikring av verdifull kyrkjekunst i desse kyrkjene. Det skal òg ytast tilskot til sikrings- og restaureringstiltak på mellomalder-

bygningar og mellomalderruinar. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi når det gjeld brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Istandsetjingstiltak skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgaver og tiltak på særleg viktige prosjekt.

I medhald av St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal 45 av ruinane, inkludert dei 12–15 største anlegga, takast vare på. Vidare skal ruinar som engasjerer lokalmiljøet prioriterast.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren. Rapporten må òg innehalde ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Rapport 2016

Det er brukt 11,9 mill. kroner til bevaringsprogrammet for ruinar (ruinprosjektet) i 2016. Då er det utført arbeid på 21 anlegg. I tillegg til konservering, blir det arbeidd med forskings- og utviklingsoppgaver, skjøtsel, informasjon, formidling og kompetanseutvikling, skjøtsel av murane og området omkring, skilting og tilrettelegging.

Overordna for FOU-oppgåvene er supplering og forbetring av datagrunnlaget i Askeladden. Undersøking av ruinområda med geofysiske metodar (georadar) og oppmåling er derfor viktige oppgaver.

I bevaringsprogrammet for stavkyrkjer vart det i 2016 utført noko supplerande arbeid på Halt-dalen og Heddal, utover dette er no alle stavkyrkjene sette i stand. Det vart brukt 11,2 mill. kro-

ner i 2016. Stavkyrkjeprogrammet vart formelt avslutta i 2015, mens sluttrapporter for dei enkelte kyrkjene vart ferdigstilt i 2016. I tillegg er det blitt utarbeidd vedlikehaldsplanar for kyrkjene.

For å markere avslutninga av istandsetjingsprogrammet vart det arrangert ein internasjonal konferanse, der problemstillingar som hadde vore sentrale i Stavkyrkjeprogrammet vart presenterte og diskuterte. Ein vitskapeleg publikasjon, «Bevaring av stavkirkene – Håndverk og forskning» vart utgitt i 2016. Formålet med boka var blant anna å presentere forskingsrelevante resultat etter Stavkyrkjeprogrammet for å stimulere til vidare arbeid.

Riksantikvaren sette i 2015 i gang ei kartlegging av korleis akutte klimatiske forhold som ras, flaum og storm kan påverke den enkelte stavkyrkja. Konklusjonane frå denne kartlegginga er blitt innarbeide i vedlikehaldsplanane for fleire av kyrkjene i 2016.

Tilskot til hus frå mellomalderen blir òg tildelt frå denne posten. Istandsetjing av desse inngår i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. I 2016 har Riksantikvaren gitt tilskot til 21 bygningar. Alle 254 mellomalderhus med unntak av 2 bygningar, er pr. 2016 tilstandsregistrerte og innførte i Askeladden.

Arbeida spenner frå større utbetringar av lafteverk til tradisjonell taktekking og refundamentering.

Post 74 Tilskot til fartøyvern, kan overførast

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for fartøy.

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvaren sine antikvariske retningsliner.

Kriterium for måloppnåing

- Fartøy blir sikra mot tap
- Fartøy oppnår forbetra tilstandsgrad
- Fartøy haldast i operativ stand
- Fartøy beheld sertifikata

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale mellom Riksantikvaren og eigar om status som verna skip.

Riksantikvaren fordeler midlane etter søknad til konkrete restaurerings-, istandsetjings og vedlikehaldsarbeid. Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og fartøy som det finst få av, prioriterast. I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak. Eit grunntilskot til Norsk Foreining for Fartøyvern blir utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelt etter vurdering av følgjande ved fartøya:

- allmenn interesse
- offentleg tilgang
- økonomisk gjennomføringsvilje og -evne
- potensiale for lokalt engasjement
- særlege opplevings- og formidlingsverdiar

Tiltak det det blir gitt tilskot til skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av vedlikehalds- og istandsetjingstiltak, skal Riksantikvaren prioritere fartøy med kjent tilstand og ein teknisk-historisk dokumentasjonsrapport.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar skal levere sluttrapport på utført arbeid. Rapporten skal òg omfatte ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrava blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Oppfølging på staden er særleg aktuelt og viktig for å sikre at arbeidet vert utført i samsvar med økonomireglementet for staten og antikvariske retningslinjer.

Rapport 2016

Riksantikvaren gir økonomiske bidrag til antikvarisk istandsetjing og vedlikehald av freda og verna fartøy gjennom bevaringsprogrammet for fartøy. I 2016 var post 74 på 101 mill. kroner. Av desse var 40 mill. kroner tilskot som gjekk til sysselsetjings-tiltak. Tilskota vart i hovudsak gitt til freda fartøy, igangverande prosjekt, større fartøy som stod i fare for å miste sertifikata utan utbetringar og fartøy som fekk høve til å komme av slipp og/eller ut av dokk. Tilskota dekkjer om lag 32 prosent av den totale søknadssummen. 2,1 mill. kroner av post 74 vart tildelt som grunnstøtte og prosjektstøtte til Norsk Foreining for Fartøyvern.

Post 75 Tilskot til fartøyvernssenter, kan overførast

Fartøyvernssentra får midlar til fellestenester over post 75. Posten har søknadsfrist 1. oktober 2017 for tilskot frå statsbudsjettet 2018. Dei tre sentra må levere søknad med framlegg til budsjett og disponering av timebruk for oppgåver innan fellestenestene, samt eventuelle investeringar i anlegg og utstyr. Tilskot frå posten skal prioriterast etter vurdering av sentras søknader. Det er ikkje eit krav at midlane blir fordelte likt mellom dei tre sentra.

Mål

Norsk fartøyvern følger prinsippet om vern gjennom bruk. Dette medfører at fartøya må haldast operative, og i størst mogleg grad vere tilgjengelege for publikum. Gjennom fellestenestene skal fartøyvernssentra medverke til at naudsynte handverk innan vedlikehald og istandsetjing av historiske fartøy blir bevart i eit langsiktig perspektiv.

Føremålet med dei tre fartøyvernssentra er at kunnskap knytt til eldre handverksmetodar, «handlingsboren kunnskap», blir bevart i så stor grad som mogleg og gjort tilgjengeleg for forvaltninga, fartøyeigarar og andre verft og båtbyggjeri. Tilskot frå post 75 skal sikre at dei tre fartøyvernssentra kan utføre fellestenestene uavhengig av økonomiske konjunkturar i samfunnet.

I 2017 utførte Riksantikvaren ei evaluering av fartøyvernssentra. Oppgåvene i fellestenestene skal reviderast innan juni 2018, jf. Nasjonal verneplan for fartøy. Riksantikvaren leiar dette arbeidet.

Kriterium for måloppnåing

- Bevaring og tilgjengeleggjing av kunnskap om eldre handverksteknikkar
- Produksjon, innsamling og deling av kunnskap: Faktaark, dokumentasjon, rapportar.
- Dokumentasjon av utførte oppdrag.

Tildelingskriterium

Riksantikvaren gir tilskot til løn til fartøyvernkon-sulentar ved dei tre fartøyvernssentra Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter ved Kristiansand, Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund og Nordnorsk Fartøyvernssenter og Båtmuseum i Gratangen.

Tilskota skal sikre at sentra kan utføre oppgåver innanfor fellestenestene. Gjennom fellestenestene skal fartøyvernssentra medverke til at hand-

verk og handverksutvikling, innan vedlikehald og istandsetjing, gjennom dokumentasjon av fartøy, blir bevart i eit langsiktig perspektiv. Fartøyvernssentra får oppdrag knytte til fellestenestene av Riksantikvaren.

Tilskota til fartøyvernssentra i 2018 skal prioriterast slik:

- Stillingar knytte til fellestenester ved dei tre fartøyvernssentra. Under dette:
- Dokumentasjonsarbeid på fartøy prioritert av Riksantikvaren. Dette heng nært saman med prioriteringar og tilskot over post 74. Tilskot til dokumentasjon skal berre dekkje dokumentasjonsarbeid ut over det som normalt inngår som ein del av det vanlege verftsarbeidet.
- Generell rådgiving, opplæring og kompetansebygging hos sentera, andre verft og båtbyggjeri, regionalforvaltninga og fartøyeigarar.
- Gjere tilgjengeleg og dele kunnskap.
- Nødhamn
- Delelager
- Assistere Riksantikvaren i arbeidet med kompetansebygging hos regionalforvaltninga

Ein mindre del av tilskota kan òg nyttast til investeringar i anlegg knytt til utføring av fellestenestene.

Oppfølging og kontroll

For å sikre at tiltak er gjennomførte i tråd med formålet med tilskotet, skal Riksantikvaren sjå til at mottakar av tilskota leverer sluttrapportar etter at arbeidet er utført. Oppfølging på staden og i kvartalsvis samarbeidsfora med dei tre fartøyvernssentra er viktig. Kontrollen i høve tilskotsmottakarar skjer i samsvar med økonomireglementet, gjennom møte, generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernssentra.

Rapport 2016

I 2016 er 10,5 mill. kroner over post 75 fordelt til dei tre fartøyvernssentra Nordnorsk Fartøyvernssenter og Båtmuseum i Gratangen (3,5 mill. kroner), Hardanger fartøyvernssenter i Nordheimsund (3,5 mill. kroner) og Bredalsholmen Dokk og fartøyvernssenter (3,5 mill. kroner).

Tilskota frå post 75 har finansiert stillingar som er knytte til løysing av oppgåver under fellestenestene, under dette dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjing av fartøy som Riksantikvaren gir tilskot til. Tilskota har vidare med-

verka til generell rådgiving, opplæring og kompetansebygging ved sentra og overfor fartøyeigarar.

Fartøyvernsentra har i tillegg motteke og utført oppdrag som mellom anna produksjon og publisering av faktaark, synfaring, og teknisk dokumentasjon av fartøy på vegner av Riksantikvaren

Riksantikvaren starta opp ei evaluering av fartøyvernsentra i 2016, planlagt avslutta i 2017.

Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast

Mål

Kulturminne og kulturmiljø skal takast i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til satsingar som tydeleggjer og integrerer kulturminnefeltet i lokal og regional utvikling og som samstundes siktar mot ei koordinert og langsiktig forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Samhandling med aktørar og verke-middel som støttar opp om dette vil bli prioritert.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren som òg omfattar ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Rapport 2016

I tråd med Stortingets føresetnader, vart 3 mill. kroner gitt i tilskot til nærings- og lokalsamfunnsprosjektet Vardø Restored. Prosjektet, som starta opp i 2012, er eit samarbeid mellom Varangermusea, Vardø kommune og Finnmark fylkeskommune. Kjernen i prosjektet er samarbeid med næringsaktørar om sikring av kulturminneverdiar og støtte til forretningsutvikling. Formidling og kompetanseheving for handverkarar er òg prioritert. Prosjektet leverer dessutan grunnlagsdokument for arealplanlegging og byutvikling.

Prosjektet viser korleis eldsjeler og små kulturnæringsverksemdar kan samle både befolkning, andre næringar og styresmakter om felles haldningar til den utviklingskrafta som ligg i kulturarven. Ein strategisk inngang har vore å setje

behova til næringsaktørane i framgrunnen. Vardø Restored tek i bruk kulturminna som ressurs for utvikling av gode bumiljø og næringsaktivitet og gjer Vardø til ein spennande stad å besøke

I 2016 er det òg gitt tilskot til pilegrimsleia og prosjektet kultur- og naturreisa.

Tabell 7.20 Tilskot til verdiskaping i 2016

Tiltak/område	Tilskot (i 1000 kr)
Pilegrimsleia	1000
Krigsminneprosjekt	700
Vardø Restored	3000
Sum	4700

Post 79 Tilskot til verdsarven, kan overførast

Budsjettet er styrkt med 5 mill. kroner i 2018.

Mål

Områda på Unescos verdsarvliste i Noreg skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unescos verdsarvkonvensjon og retningslinjene for oppfølging av konvensjonen.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot verdsarvområde i Noreg.

Tildelingskriterium

Målgruppa er områda i Noreg som er innskrivne eller er under nominasjon til Unescos verdsarvliste. Noreg har pr. i dag åtte verdsarvområde. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av desse områda.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Miljødirektoratet har eigne tilskotsmidlar og har tilsvarande oppfølging.

Rapport 2016

I 2016 vart det over Riksantikvarens budsjett brukt 40,3 kroner på arbeid med verdsarven.

Tabell 7.21 Tilskot til verdsarvområda i 2016

Verdsarvområda	Tilskot (i 1000 kr)
Bryggen i Bergen	13 580 ¹
Røros bergstad og Circumferensen	12 050
Bergkunsten i Alta	3 300
Vegaøyen	900
Vestnorsk fjordlandskap	1 500
Urnes stavkyrkje, omgivnader	406
Struves meridianboge	500
Rjukan-Notodden industriarv	7 833
Verdsarvforum	200
Sum	40 269

¹ Inkl. avslutning av grunnvassprosjektet og MOV av kulturlag.

Kap. 4429 Riksantikvaren

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
02	Refusjonar og ymse inntekter	3 791	4 388	4 506
09	Internasjonale oppdrag	2 838	1 243	1 277
	Sum kap. 4429	6 629	5 631	5 783

Post 02 Refusjonar og ymse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt, og inntekter frå Det nasjonale pilegrimssenteret og driftsvederlag frå Kongsvoll fjellstove. Meirinntekter under pos-

ten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarande utgiftene til internasjonale oppdrag. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak	87 094	103 898	92 378
	Sum kap. 1432	87 094	103 898	92 378

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Norsk kulturminnefond er eit forvaltingsorgan med særskilte fullmakter. Midlane skal nyttast til kulturminnetiltak og til drift av administrasjonen og styret.

Kulturminnefondet har i hovudsak ansvaret for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Posten er redusert med om lag 11,5 mill. kroner for å gjere plass til andre prioriteringar i statsbudsjettet.

Mål

Medverke til å styrkje arbeidet med å bevare verneverdige kulturminne og kulturmiljø og til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Den siste brukarundersøkinga viser at 83 prosent av alle søkjarane er tilfredse med kontakten med kulturminnefondet, og meiner den faglege oppfølginga av prosjekta som kulturminnefondet tilbyr er svært viktig. Fire av fem prosjekt som har fått tilsegn om midlar ville ikkje vorte realiserte utan støtta frå fondet. Ein kan etter dette grovt sett rekna med at 2000 prosjekt over heile landet neppe hadde blitt sette i stand utan støtta frå kulturminnefondet.

Når vi går inn og ser på kor mykje private midlar dei statlege insentiva frå fondet løyser ut, kjem det fram at i eit gjennomsnittleg prosjekt kjem 28 prosent av midlane frå staten gjennom kulturminnefondet. 72 prosent av det som skal til for å setje objektet i stand, kjem frå eigaren sjølv i form av eigne midlar eller eigen innsats på prosjektet. Menon Economics har i evalueringa «Kulturminnefondets samfunnsnytte» funne at for kvar krone som vert løyvd frå Kulturminnefondet vert det brukt 3,5 kroner på istandsetjing av kulturminnet. Dei dokumenterer samstundes at dei fleste kulturminna som vert sett i stand ofte får ein ny bruk og at det dermed vert etablert både verdiskaping og

næringsverksemd som ei følge av istandsetting av kulturminne.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak retta mot verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Kulturminnefondet skal vere eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota blir i hovudsak tildelte istandsetjings- og sikringsprosjekt. Tilskot til prosjekt som fremjar verdiskaping, handverk, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet er prioriterte. Dette gjelder òg prosjekt som gir synergieffektar, og som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats. Samarbeid med eigarane av kulturminne og kulturmiljø er den viktigaste strategien for kulturminnefondets arbeid.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I mange tilfelle er det aktuelt med kontroll på staden for å sikre at tiltaka er gjennomførte etter anti-kvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Midlane frå kulturminnefondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane frå Riksantikvaren.

Rapport 2016

Det vart brukt 19,5 mill. kroner til drift av Norsk kulturminnefond i 2016. Driftskostnaden pr. søknad går fortsatt ned. Det vart gitt tilsegner på til saman inntil 73,7 mill. kroner, fordelt på 621 søknader.

Det kom inn 1116 søknader innan fristen 1. november 2016. Kulturminnefondet behandlar søknader om strakstiltak og til fag- og handverksseminar fortløpande gjennom året. Samla søknadssum frå private eigarar av verneverdige kulturminne er på 241 mill. kroner. Det har aldri vore større interesse for å søkje kulturminnefondet om støtte til istandsetjing av verneverdige kulturminne.

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 722, 30. mai 2017

Stortinget ber regjeringen utrede og legge frem en plan for Stortinget for hvordan vedlikeholdsetterslepet på kulturminner i Norge kan tas igjen.

Stortinget fatta vedtaket under behandling av Reiselivsmeldinga, Meld. St. 19 (2016–2017) «Opplev Norge- unikt og eventyrlig». Regjeringa varsla i statsbudsjett for 2016 ein gjennomgang av dei ti bevaringsprogramma på kulturminnefeltet. Bevaringsprogramma utgjer den viktigaste satsinga for å nå dei nasjonale måla på kulturminnefeltet.

Denne gjennomgangen er presentert i statsbudsjettet for 2018 saman med forslag til nye nasjonale mål for kulturminneområdet.

Gjennomgangen av dei ti bevaringsprogramma stadfester at etterslepet i istandsetjingsarbeidet framleis er ei utfordring. Situasjonen varierer likevel frå program til program. Det er gjennom planbunde og systematisk arbeid gjort eit løft på dette feltet og kulturminnebudsjettet er auka i heile 4-årsperioden. Statusgjennomgangen stadfester at arbeidet med satsingar som Kunnskapsløftet og tilstandsregistreringa har medverka til at kulturminneforvaltinga no har god oversikt over behova og kjennskap til kor utfordringane er størst. Dette er viktig kunnskap som blir nytta som grunnlag for prioriteringar i den fortløpande tilskotsforvaltinga. Gjennom målretta innsats kan tilskot og andre verkemiddel setjast inn der dei verkar best og bidra til å lukke gapa. Regjeringas vurdering er at den vidare framdriftstakten for arbeidet med å redusere etterslepet først og fremst er eit kapasitets- og løyvingsspørsmål. Oppfølginga av spørsmålet er derfor noko det er naturleg å komme nærare tilbake til i dei kommande budsjettprosessane.

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstitutt, Svalbards miljøvernfond, Kings Bay AS og Fram – nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Løyvingane vil gå til forvaltinga av miljøet på Svalbard, miljøsam arbeidet under Arktisk råd, miljøvernssamarbeid med Russland, Barentssamarbeidet, til miljøforvaltinga i Antarktis, og til forskning, miljøovervaking og drift av vår polare forskingsinfrastruktur i både nord og sør.

Å ta vare på Svalbard sin særskilte villmarksnatur er eit av dei overordna måla for svalbardpolitikken, jf. Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*. Samtidig må forvaltinga ta omsyn til at både samfunna og miljøet på Svalbard er i endring, og leggje til rette for naudsynt omstilling og vidare utvikling i samsvar med dei måla som er sett i stortingsmeldinga.

Forskning og høgare utdanning er eit av dei viktigaste satsingsområda for norsk aktivitet og nærver på Svalbard. I tråd med svalbardmeldinga blir det arbeidd med ein overordna strategi for forskning og utdanning på Svalbard og ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund.

Noreg skal medverke gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktistraktaten med tilhøyrande Miljøprotokoll til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis.

Klimaendringane er tydelegare i Arktis enn nokon annan stad, og vil få store effektar både her og for det globale klimaet. Innanfor Arktisk råd vil

spesielt prioriterte tema for Noreg vere klimaendringar, tiltak mot utslepp av kortlevde klimadrivarar, bevaring av arktisk biodiversitet, heilskapleg havforvalting, tiltak mot forureining og miljøovervaking i Arktis.

Miljøvernssamarbeidet med Russland vil bli ført vidare innanfor Den norsk-russiske miljøvernkommisjonen og Barentssamarbeidet. Bilateralt er samarbeidet om forvalting av miljøet i Barentshavet og grenseområda prioritert. På grunn av dei høge utsleppa av svovel og metall frå nikkilverka på Kola er miljøovervaking i grenseområda særleg viktig. Samarbeidet om naturmangfald i Barentsregionen vert òg ført vidare. Bevaring av naturmangfaldet, forvalting av grensevassdrag og reduksjon av klimagassutslepp er sentrale oppgåver, i tillegg til løysinga av dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen.

Framsenteret i Tromsø omfattar i dag 20 norske institusjonar, og det er full fagleg aktivitet som gir fortløpande resultat på alle dei seks tematiske satsingsområda, kalla «flaggskip». Framsenteret har oppnådd nasjonal og internasjonal status som kompetansemiljø, og er òg attraktivt for lokalisering av nasjonale initiativ og for internasjonale sekretariat som Noreg har ansvaret for, blant anna Sekretariatet for Arktisk råd. I 2018 vil sekretariatet for Arktisk råds arbeidsgruppe Arctic Monitoring and Assessment Programme bli relokalisert fra Oslo til Framsenteret. Den faglege satsinga i Framsenteret i Tromsø vil bli ført vidare, og i 2018 vil eit nybygg stå ferdig og gi Framsenteret ei utviding med 195 nye arbeidsplassar pluss laboratorium og spesialrom.

Resultatområde

Tabell 7.22 Resultatområde under programkategori 12.60.

Resultatområdet	Nasjonale mål
Polarområda	<ul style="list-style-type: none"> – Omfanget av villmarksprege område på Svalbard skal haldast ved lag, og naturmangfaldet bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet. – Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning. – Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal reduserast.

Politikk og verkemiddel for å nå dei nasjonale måla på polarområda

Svalbard

Miljøvernarbeidet på Svalbard må sjå til at lokal verksemd skjer innanfor rammer som sikrar at den samla miljøbelastninga ikkje blir for stor. Samstundes må forvaltninga ta omsyn til dei samfunns- og miljømessige endringane som skjer på Svalbard.

Naturverdiar og kulturminne som ligg nær lokalsamfunna og som er viktige for reiselivet og lokalbefolkninga, skal sikrast. Miljøstyresmaktene skal arbeide vidare med å få på plass ein heilskapleg forvaltingsplan for området rundt Isfjorden. På denne måten vil ein ta eit samla grep for å leggje betre til rette for reiselivet innanfor forvaltingsområde 10. Den strenge praksisen når det gjeld løyve og vilkår for verksemd som medfører inngrep utanfor dei eksisterande busetjings- og gruveområda vil bli ført vidare. Miljøstyresmaktene vil utarbeide ein plan for å gjennomføre mogleg vern av våtmarksområda i nedre Adventdalen.

Ein tek sikte på å ferdigstille forvaltingsplan for nasjonalparkane og fuglereservata på Vest-Spitsbergen våren 2018. Det er mange ulike brukarinteresser innanfor verneområda, og forvaltingsplanane er eit verktøy for å balansere bruks- og verneinteressene innanfor ramma av verneformålet. Prosessen knytt til etablering av næringshytter vil òg halde fram.

Eit våtare og villare klima set òg nye rammer for arealplanlegging og kvar det kan bu folk. På Svalbard, som i resten av landet, fører klimaendringane til auka risiko for skred og flaum. Det er derfor viktig at areal- og samfunnsplanlegginga i planområda tek omsyn til klimaendringane og til natur- og kulturminne innanfor planområda.

Lokale forureiningskjelder som avfall og avløp skal følgjast opp, med sikte på å redusere lokale utslepp. Det vil bli sett i verkt tiltak nasjonalt og internasjonalt for å få på plass tiltak mot forsøpling

av havet. Lokalt har Sysselmannen i 2017 gjennomført tokt til fleire strender for å rydde marint søppel. Sysselmannen og Miljødirektoratet har òg starta ein gjennomgang av regelverket for avfallshandtering på Svalbard.

Arbeid med dei industrielle kulturminna som til dømes dei freda taubane- og uteanlegga til gruvevene i Longyearbyen vil bli prioritert. Det blir arbeidd med ein plan for informasjonskilt for prioriterte kulturminne i Longyearbyen.

Sysselmannen vil halde fram med å implementere handlingsplan mot framande arter på Svalbard.

Antarktis

Noreg arbeider for at klimaendringar er eit viktig punkt på dagsordenen i samarbeidet under traktaten. Manglande kunnskap er eit grunnleggjande hinder for å få ei full forståing av klimaendringane i Antarktis. Noreg skal medverke til auka kunnskap om klimaendringane, og samtidig til den internasjonale kunnskapsutviklinga om Antarktis og globale problemstillingar knytte til polarområda. Noreg skal leie ei arbeidsgruppe som skal sjå på oppfølginga av Antarktis-traktatsystemets klimahandlingsplan.

Sikring og istandsetjing av kulturminna er utfordrande i Antarktis. Bevaringstiltak blir gjennomførde i medhald av fagleg grunngitt og avgrensa prioriteringsliste.

Noreg arbeider aktivt gjennom samarbeidet under Antarktistraktaten for ei økosystembasert, heilskapleg forvaltning av miljøet i havet og på land i traktatområdet, med særskilt fokus på vern av sårbare og verdfulle område. Det vart i 2016 semje i Kommissjonen for bevaring av dei levende marine ressursane i Antarktis, CCAMLR, om å etablere eit marint verneområde i Rosshavet i Antarktis. Verneområdet, som blir verdas største, er eit gjennombrøt for arbeidet med å ta vare på den unike og sårbare naturen i Antarktis og eit

viktig steg i utviklinga av internasjonal havmiljøpolitikk.

Norsk Polarinstitutt har ei nøkkelrolle i norsk antarktisadministrasjon både som nasjonal operatør og som styresmakt etter forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis. Norsk Polarinstitutt har òg som viktig oppgåve å skaffe fram forskingsbasert kunnskap som medverkar til at Noreg på best mogleg måte oppfyller sine forpliktingar som traktatpart.

Arktisk råd

Tiltak for å redusere klimaendringane er det viktigaste vi kan gjere for å ta vare på det arktiske miljøet. Arktisk råd vedtok i 2017 eit kollektiv reduksjonsmål for svart karbon (sot), og landa skal rapportere resultat til ministermøtet kvart anna år. Noreg er ein pådrivar i rådets arbeid for å redusere utslepp av svart karbon, og med å dokumentere effektane av klimaendringar på økosystema i Arktis.

Noreg vil medverke aktivt i Arktisk råds arbeid med prosjekt og oppfølgingsplanar på desse områda, og leggje til rette for at kunnskap og tilrådingar som blir skaffa fram gjennom desse prosjekta blir tekne i bruk og implementerte i forvaltinga.

Miljøvernssamarbeidet med Russland

Dei sentrale oppgåvene i samarbeidet innanfor Den norsk-russiske miljøvernkommissjonen og miljøvernssamarbeidet i Barentsregionen vert ført vidare.

I Den norsk-russiske miljøvernkommissjonen er utviklinga av eit konsept for ein forvaltingsplan for russisk side av Barentshavet høgt prioritert. Eit samordna norsk-russisk program med overvaking av felles sårbare og truga arter, presentasjon av felles resultat i miljødataportalen Barentsportal, og samarbeid om risikovurdering og kontroll av petroleumsvirksemd i Barentshavet er viktige element i samarbeidet.

Noreg vil arbeide for å få redusert utsleppa av svovel og metall frå nikkilverka på Kola inntil problemet er løyst. Miljøovervaking i grenseområda og god miljøinformasjon til lokalbefolkninga har ein sentral plass i det bilaterale samarbeidet.

I miljøarbeidsgruppa under Barentsrådet fokuserer ein på forvaltning av dei grensekryssande vassressursane og naturmangfaldet i regionen. Ei høgt prioritert oppgåve er å medverke til å løyse dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen, dei såkalla *hot spots*,

som er beskrivne i Arktisk råds miljøovervakingssprogram og Nordisk miljøfinansieringsselskapet (NEFCO) si *hot spot*-liste frå 2003. Miljøfinansiering frå NEFCO er eit viktig verkemiddel.

Forskning og miljøovervaking i nord- og polarområda

Situasjonen i polarområda gir nye kunnskapsutfordringar knytte til miljø og klima. Å utvikle kunnskap og forståing av korleis miljø i Arktis og Antarktis vert påverka av klimaendringar, havforsuring, forureining og auka aktivitet er derfor ein særskild viktig del av både det nasjonale arbeidet og det internasjonale samarbeidet i nord- og polarområda. Grunnlaget for Noregs bidrag til dette samarbeidet er den nasjonale satsinga på kunnskap om klima og miljø.

Sentrale verkemiddel med omsyn til polar kunnskapsproduksjon er Norsk Polarinstitutt, Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning og vår infrastruktur for polarforskning.

Det blir arbeidd med å betre parameter for miljøovervaking av kulturminna.

I tråd med Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard* blir det arbeidd med ein overordna strategi for forskning og utdanning på Svalbard. Innanfor rammene av denne skal Noregs forskingsråd utvikle ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund for m.a. å styrkje norsk vertskap og koordinering av forskingsverksemda i Ny-Ålesund. Norsk Polarinstitutt får ansvar for å implementere og følgje opp forskingsstrategien i Ny-Ålesund. Strategien skal òg sikre at dei unike, men avgrensa goda som forskingsverksemda i Ny-Ålesund byr på blir nytta meir effektivt og ein skal leggje betre til rette for auka grad av samarbeid. Det blei difor løyva 20,5 mill. kroner i 2017 over Klima- og miljødepartementets budsjett til oppføring eit nytt, felles bygg i Ny-Ålesund. Dette bygget vil bli teke i bruk i 2018.

Framsenteret har, saman med utviklinga av Svalbard som ei plattform for internasjonal forskning, ei særskild viktig rolle i dette. Samarbeidet i Framsenteret vil bli ytterlegare styrkt gjennom nybygget for Framsenteret, der arbeidet starta ved årsskiftet 2015–2016, og skal stå ferdig våren 2018. Miljøa og infrastrukturen som er knytte til klima- og miljøforskninga i Tromsø og på Svalbard gjer òg desse stadene til viktige møteplassar for internasjonalt samarbeid i Arktis.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2018 er på 392,2 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 15,2 mill. kroner, eller 3,7 pst.

samanlikna med saldert budsjett for 2017. Reduksjonen i løyvinga skuldast i hovudsak ei eingongs-

investering i Ny-Ålesund i 2017 til bygging av felles forskingsbygg. Denne er teken ut i 2018.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1471	Norsk Polarinstittutt	292 728	299 278	301 094	0,6
1472	Svalbard miljøvernfond	19 838	14 638	17 658	20,6
1473	Kings Bay AS		41 573	21 642	-47,9
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	52 074	51 913	51 793	-0,2
	Sum kategori 12.60	364 640	407 402	392 187	-3,7

Kap. 1471 Norsk Polarinstittutt

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	
01	Driftsutgifter	209 735	228 070	228 529	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	82 487	70 707	72 067	
50	Stipend	506	501	498	
	Sum kap. 1471	292 728	299 278	301 094	

Rolle og oppgåver for Norsk Polarinstittutt:

Norsk Polarinstittutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltingsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, Meld. St. 32 (2014–2015) *Norske interesser og politikk i Antarktis*, Meld. St. 33 (2014–2015) *Norske interesser og politikk for Bouvetøya*, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltinga og fagleg rådgivar for miljødirektorata og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse på område der miljøforvaltinga har eit direkte forvaltingsansvar i nord- og polarområda eller har ei heilt sentral pådrivarrolle både nasjonalt og i internasjonale prosessar. Det omfattar klimaprosessar og klimaendringar og effektane av desse på naturen og viltforvalting, område- og habitatvern, og miljøgift/forureiingsproblematikk

- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle, revidere og leie overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttet sin infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følge opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- medverke til at forvaltingas kunnskapsbehov blir teke hand om
- fremje miljøforskning og forvaltingsrådgiving innan Det bilaterale norsk-russiske miljøsam arbeidet
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- delta i Fagleg forum for økosystembasert forvalting av norske havområde

- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- formidle utovervend informasjon om polarområda, blant anna gjennom samarbeid med Polaria
- vere vertskap og ha ansvaret for å setje i verk forskingsstrategien for Ny-Ålesund

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda Naturmangfald, Forureining, Klima og Polarområda.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitutt har til løn og godtgjersler for faste og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til instituttets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd, inklusive satsinga på ICE (Senter for is, klima og økosystem).

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd. Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II.

Rapport for 2016:

Polarinstituttet har i 2016 brukt om lag 41 pst. av løyvinga si til løns- og driftsutgifter knytte til administrasjon, kommunikasjon, drifta til bygningar på Svalbard og i Tromsø, drift av forskingsfartøyet R/V Lance og andre felleskostnader. Resterande 59 pst. er løn og andre utgifter knytte til forskingsavdelinga, miljø- og kartavdelinga og i ICE (Senter for is, klima og økosystem). Av forbruket på denne posten korresponderer omlag 69 mill. kroner med inntekter på kap. 4471. Dette er nesten alt saman knytt til ekstern finansiering av forskingsaktivitet frå mellom anna Forskingsrådet og EU.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde Polarområda. Posten dekkjer utgifter til

vitskapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs nærvær i Antarktis er styrkt betydeleg, og vil i større grad medverke til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat. Dei tilsvarende inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II.

Rapport 2016

Av midlane på denne posten vart ca. 96 pst. brukt til løn for dei som arbeider på Troll-stasjonen og drift av bygningar i Antarktis, fartøyleige, helikopterleige og andre logistikkutgifter. Resterande del av løyvinga, ca. 4 pst. går til forskning. Av forbruket på denne posten korresponderer om lag 20 mill. kroner med inntekter på kap. 4471.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda Forureining, Klima og Polarområda.

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innanfor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstrautgifter ved opphald i felt.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgrader med polarforsking som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Kravet er rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Rapport 2016

Av 71 søknader vart 39 finansierte med totalt 2,3 mill. kroner. Av dette var 0,5 mill. kroner midlar frå Norsk Polarinstitut.

Dei viktigaste norske institusjonane som fekk støtte var Noregs Arktiske Universitetet, Universitetsstudia på Svalbard og Noregs Teknisk Naturvitskapelege Universitet.

Kap. 4471 Norsk Polarinstitut

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Sals- og utleigeinntekter	8 823	10 795	11 031
03	Inntekter frå ymse tenesteyting	69 357	59 494	60 794
21	Inntekter, Antarktis	20 105	13 289	13 580
	Sum kap. 4471	98 285	83 578	85 405

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilette og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarende eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstitut har for andre land og verksemdar knytte til Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II.

Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Overføringar til Svalbard miljøvernfond	19 838	14 638	17 658
	Sum kap. 1472	19 838	14 638	17 658

Både inntekt- og utgiftsposten til Svalbards miljøvernfond er oppjustert med 3 mill. kroner, fordi det er fleire besøkande til Svalbard, jf. også omtale under post 70.

Svalbards miljøvernfond er oppretta med heimel i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005. Fondet starta si verksemd i 2007 og er eit økonomisk verkemiddel i miljøvernarbeidet på Svalbard. Fondet gjev tilskot til tiltak

for å beskytte naturmiljø og kulturminner på øygruppa, i samsvar med svalbardmiljølova § 98 og fondets vedtekter. Fondets midlar skal bidra til å sikre Svalbards særegne villmarksnatur og kulturminne som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping.

Inntektene til fondet er sette saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for løysing av kort for jakt, fangst eller fiske i samband med hausting og avgift ved jegerprøveeksamen. Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Det er utarbeidd eigne vedtekter for verksemda til fondet og gitt forskrift om tilskot frå fondet. Styret for fondet blir utnemnt av departementet og er fondet sitt øvste organ, medan sekretariatet er lagt til Sysselmannen som har ansvar for den daglege leinga og drifta av miljøvernfondet si verksemd.

Kvart år tildeler fondet no mellom 10–19 mill. kroner til miljøvernprosjekt etter søknad frå organisasjonar, verksemder og privatpersonar. Erfaringa viser at Svalbard miljøvernfond medverkar gjennom tildelingane til eit gradvis skifte til miljøvennleg samfunns- og næringsutvikling på Svalbard.

Rapport for 2016:

I 2016 vart det gitt 52 tilsegner med ei samla tildeling på 15 mill. kroner til ulike prosjekt. Opplysningar om desse prosjekta finst på heimesida til fondet: <http://www.sysselmannen.no/Svalbardsmiljovernfond/>. Sidan fondet blei operativt og til og med våren 2016, er det gitt støtte til over 500 prosjekt med ein samla sum på 110 mill. kroner.

Post 50 Overføringer til fondet

Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	19 776	14 650	17 670
	Sum kap. 5578	19 776	14 650	17 670

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men under denne posten blir det òg budsjettert med

sal av jakt- og fiskekort m.m. Posten aukar med 3 mill. kroner fordi talet på besøkande til Svalbard aukar, hovudsakleg fordi det er fleire besøkande med turistskip.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1473 Kings Bay AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskot		41 573	21 642
	Sum kap. 1473		41 573	21 642

Kings Bay A/S fikk ei ekstraordinær løyving på 20,5 mill. kroner i 2017 til bygging av felles forskingsbygg i Ny-Ålesund. Dette forklarer nedgangen i løyvinga i 2018 samanlikna med saldert budsjett 2017.

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde Polarområda. Tilskotet skal gå til investeringar og drift i Kings Bay AS og naudsynte utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS.

Kings Bay AS eig grunn og dei fleste av bygningane i Ny-Ålesund og har ansvaret for drift og vedlikehald, yte tenester til forskning og vitskapeleg verksemd, samt medverke til utvikling av infrastrukturen på staden. Vidare skal selskapet ta vare på naturmiljø og kulturminne. Noregs forskingsråd skal utvikle ein forskingsstrategi for Ny-Ålesund for m.a. å styrkje norsk vertskap og koordinering av forskingsverksemda. Norsk Polarinstitutt får ansvar for å implementere og følge opp forskingsstrategien i Ny-Ålesund.

Per 31. desember 2016 var det engasjert 25 personar i Kings Bay AS. Selskapet sitt driftskon-

sept er å leige ut fasilitetar til forskarar og tilby kost og losji i tillegg til ei rekkje andre tenester under opphaldet. I all hovudsak skjer dette gjennom fleirårige kontraktar med forskingsinstitusjonar frå til saman 10 land. I tillegg nyttar andre norske og utanlandske forskingsinstitusjonar staden utan å drive permanent forskning. Rundt 20 institusjonar har kvart år forskingsprosjekt i Ny-Ålesund.

Staten eig alle aksjane i Kings Bay AS. Selskapet er avhengig av tilskot over statsbudsjettet for å utføre dei samfunnsoppgåvene som det er pålagt. Tilskotet skal dekkje investeringar, eventuelt driftsunderskot i Kings Bay AS og naudsynte utgifter til administrasjon av Bjørnøen AS. Det er krav om at drifta til Kings Bay AS skal gå i balanse og at Ny-Ålesund skal vere ein grøn forskingsstasjon.

Rapport 2016

Nytt kap. frå 2017.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	25 574	23 913	23 793
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	26 500	28 000	28 000
	Sum kap. 1474	52 074	51 913	51 793

Midlane under dette kapitlet skal gå til å styrkje og skaffe framifrå ny kunnskap om klima og miljø og om miljøkonsekvensar av ny næringsverksemd i nord. Kunnskapen skal setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord, og dei ressursane som finst der, på ein endå betre måte, og sikre at ny næringsverksemd på dette området skjer innanfor miljøforsvarlege rammer. Betre kunnskap om klima og miljø har avgjerande verdi for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunnsplanlegging og beredskap i nord. Betre kunnskap om og forståing av prosessane i Arktis vil òg vere eit svært viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet. Aktiviteten er delt inn i seks faglege satsingsområde (flaggskip). Dei er:

- havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk, leiar: Norsk Polarinstitutt
- effektar av klimaendringar på fjord og kystøkologi i nord, leiar: Havforskningsinstituttet
- effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk, leiar: Universitetet i Tromsø
- havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn, leiar: Havforskningsinstituttet
- miljøgifter – effektar på økosystem og helse, leiar: Norsk institutt for luftforskning
- miljøkonsekvensar av næringsverksemd i nord (MIKON), leiar: Norsk institutt for naturforskning.

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 70

Mål

Midlane skal gå til dei statlege partnarane i Framsenteret, med mål å gjennomføre forvaltingsrelevante klima- og miljøforskning av høg kvalitet i nasjonale og internasjonale nettverk, og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskingssamarbeid. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltingsnivå og eit breitt publikum.

Kriterium for måloppnåing

- Skaffe fram ny kunnskap av framifrå kvalitet som kan publiserast.
- Etablert forskarutdanning og mastergradutdanning gjennom samarbeid med relevante institusjonar innan høgre utdanning på klima og miljø.
- Etablert fagleg forskingssamarbeid mellom relevante nasjonale institusjonar, fyller «kunnskapshol» og gi nasjonal meirverdi.
- Etablerte gode forskingsretta nettverk nasjonalt og internasjonalt, og samarbeid med dei andre FoU-miljøa i landsdelen.
- Fleirfaglege og tverrfaglege samarbeidsprosjekt mellom institusjonane og forskarar med naturvitskapleg, teknologisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse.
- Faglege produkt i rett tid og form til bruk for politikkkutforming, og som kan nyttast til å redusere risiko og sikre at ny verksemd skjer på ein berekraftig måte.
- Formidle forskingsresultat til brukarane, som til dømes næringsliv, skuleverk, andre relevante brukarar og eit breitt publikum.

Tildelingskriterium

Prosjekta må liggje innanfor dei vedtekne faglege satsingsområda, og vere kvalitetssikra av Noregs Forskingsråd. I tillegg må dei vere tverrfaglege i høgst mogleg grad.

Oppfølging og kontroll

Leiarane for kvar av dei faglege satsingsområda (Flaggskipsleiarane) er pålagt saman med dei andre deltakarane i flaggskipa å rapportere årleg om forskingsaktivitet som er sett i gang og oppnådde resultat innan 30. november.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 50

Midlane skal gå til dei ikkje-statlege partnarane i Framsenteret, til dei same føremåla som for post 50, og kriterium for måloppnåing, rapportering og tildeling, oppfølging og kontroll er dei same. Sjå elles omtala under post 50 ovanfor. Posten dekkjer og driftstilskot til Framsenteret AS.

Rapport 2016

Framsenteret har vore involvert i betydeleg nasjonal og internasjonal forskingsaktivitet i 2016. Forskingsmiddel frå flaggskipa finansierte 76 forskingsprosjekt, og forskingsresultata vart publiserte i Framsenterets eigen rapportserie og i internasjonale tidsskrift. Forskarar frå Framsenteret har òg presentert si forskning på ei lang rekkje nasjonale og internasjonale konferansar og arbeidsseminar. Tilslag på eksterne forskingsmidlar har vore betydeleg (utanom ordinær tildeling frå departementa). Gjennom Framsenteret AS har forskinga i Framsenteret vore kommunisert til ei rekkje besøk frå ulike land og ambassadar, forskingsinstitusjonar, statlege organ, utdanningsinstitusjonar og media. Forskingsformidlinga har òg vore betydeleg gjennom Fram Forum som kjem ut kvart år. Fram Forum er engelskspråkleg og blir utgitt i papirform og i elektronisk utgåve med global distribusjon. I tillegg vert tre nettsider drifta, og forskinga vert formidla gjennom ei rekkje kanalar som Youtube (framshorts.com), framsyningar, dei nasjonale forskingsdagane og stands ved ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar.

Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid

Hovudinnhald og prioriteringar

Utgiftene under programkategori 12.70 gjeld resultatområde Klima. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet med kjøp og sal av kvotar og departementet sitt arbeid med Klima- og skoginitiativet.

Klima- og skoginitiativet er Noreg si største internasjonale klimasatsing, og er saman med kjøp av klimakvotar vårt viktigaste bidrag til å redusere utslepp i utviklingsland. Andre hovudinnssatsområde i det internasjonale klimaarbeidet – innrettinga av klimafinansiering i den nye klimaavtala, utviklinga av internasjonale karbonmarknader og utfasing av subsidiar til fossile brensle, og kortlevde klimaforureiningar – er omtala i kap. 7 programkategori 12.20.

Klimakvotar

Regjeringa sitt mål i klimapolitikken er å redusere nasjonale klimagassutslepp samtidig som Noreg medverkar internasjonalt i forhandlingar og gjennom direkte tiltak til å redusere utsleppa av klimagassar i andre land. Gjennom Kyotoprotokollens system er det opna for fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Dette har gjort det mogeleg for Noreg å ta på seg større forpliktingar, og dermed større globale reduksjonar, enn ein kunne utan ei slik ordning. Ein viser til Innst. 60 S (2013–2014) der ein samla komité (Energi- og miljøkomiteen) skriv følgjande: «Komiteen vil peke på at det gjennom Kyotoprotokollens system åpnes for en fleksibel gjennomføring og samarbeid mellom land som supplement til nasjonale tiltak. Komiteen viser til at dette kan gjøre det mulig for Norge å ta på seg større forpliktelser og bidra til større globale reduksjoner».

Ved ratifikasjon av endringar i Kyoto-protokollen har Noreg forplakta seg til redusere dei årlege klimagassutsleppa i perioden 2013–2020 med 16 pst. i gjennomsnitt, jamført med Noregs utslepp i 1990. Reduksjonane i klimagassutslepp vil i hovudsak komme gjennom nasjonale tiltak, medrekna den norske deltakinga i det europeiske kvotesystemet, ETS, som omfattar rundt halvpar-

ten av alle norske klimagassutslepp. Kvotar frå prosjekt i utviklingsland skal sikre at Noreg fullt ut oppfyller sine plikter under Kyoto-protokollen. Kor stort behov Noreg vil ha for klimakvotar frå utviklingsland er sterkt avhengig av kva avtale ein får med EU om oppgjeret for deltakinga i det europeiske kvotesystemet. Dette spørsmålet er enno ikkje avklart med EU. For ei nærare omtale av kvotesystemet, og av samanhengen mellom dette og statens behov for kvotar frå utviklingsland, viser ein til boks 7.3 i Prop. 1 S (2016–2017) Klima- og miljødepartementet for 2017.

Noreg er ein av svært få kjøparar av klimakvotar frå Den grønne utviklingsmekanismen (CDM). Manglande ambisjonar i andre land har ført til at marknaden for slike kvotar langt på veg har falle saman.

Det blir lagt vekt på at statens kvotekjøp skal gjere ein skilnad. Ein kjøper derfor berre kvotar frå prosjekt som er i ferd med å innstille på grunn av manglande inntekter frå kvotesal eller som alle-reie har innstilt, og frå nye prosjekt. Klima- og miljødepartementet arbeider med sikte på å inngå kontraktar som vil føre til levering av inntil 60 mill. kvotar i perioden fram til utgangen av 2020.

I Parisavtala er det opna for at land kan samarbeide om gjennomføring av tiltak for å redusere utslepp av globale klimagassar. Slikt samarbeid opnar for at enkeltland aukar ambisjonane sine og kan såleis bli viktig for å realisere målet om å halde den globale oppvarminga godt under 2 grader og prøve å avgrense temperaturauken til 1,5 grader. Arbeidet med å utvikle reglar og prosedyrar vil ta tid.

Gjennom kvotekjøpsprogrammet arbeider Klima- og miljødepartementet med å vidareutvikle dagens kvotesystem med sikte på å prøve ut ordningar som er tilpassa den nye klimaavtala for perioden etter 2020. Klima- og miljødepartementet deltek såleis i Transformative Carbon Asset Facility, TCAF, som blei lansert i tilknytning til klimakonferansen i Paris og erklært operativt i mars 2017. Fondet skal utvikle pilotar for nye samarbeidsformer tilpassa ein ny mekanisme under Paris-avtala.

Formålet med fondet er å medverke til varig omlegging i utviklingsland gjennom program som

støttar utvikling av lågutsleppsløysingar for sektorar i eit land. Bruk av økonomiske verkemiddel, mellom anna prising av utslepp av klimagassar, kan til dømes vere eit sentralt element i ei slik omlegging.

Fondet kan medverke til at utviklingslanda aukar sine ambisjonar. I innmeldingar til FN's klimasekretariat før klimakonferansen i Paris indikerte fleire utviklingsland eit klart høgare ambisjonsnivå om dei får internasjonal støtte til å gjennomføre tiltak. TCAF kan bli eit viktig verkemiddel for slike tiltak. Gjennom Parisavtala har alle land forplikta seg til å vurdere sine mål kvart femte år med sikte på å heve ambisjonane. Samarbeid mellom land om gjennomføring av tiltak kan bli avgjerande for nivået på ambisjonane.

TCAF skal levere målbare resultat i form av verifiserte utsleppsreduksjonar som deltakarane i fondet eventuelt kan bruke til å oppfylle skyldna-

der under Parisavtala. Fondet vil vere resultatbasert, betaling for utsleppsreduksjonane vil som hovudregel først skje når resultat er dokumentert.

Utsleppsreduksjonar ein kjøper gjennom marknadsbasert samarbeid under Parisavtala krev avtale med vertslanda om korleis slike utsleppsreduksjonar skal bokførast for å sikre at verknadene av eit tiltak ikkje blir dobbeltrekna.

I samsvar med Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, arbeider regjeringa for ei løysing med EU der Noreg og EU-land samarbeider om å redusere klimagassutsleppa med 40 pst. Denne reduksjonen skal takast innanfor EU og Noreg, utan å rekne med effekten av eventuelle tiltak i land utanfor EU. Dersom Noreg ikkje lukkast med å få ei avtale om felles gjennomføring med EU, har ein lagt til grunn at ein òg kan bruke fleksible mekanismar til delvis oppfylling av norske forpliktingar.

Tabell 7.23 Nasjonalt mål under programkategori 12.70

Resultatområde	Nasjonale mål
Klima	Reduserte utslepp av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.

Klima- og skoginitiativet

Nasjonalt mål Klima- og skoginitiativet er delt opp i følgjande delmål:

1. Å medverke til at det internasjonale klimaregimet er eit effektivt verkemiddel for reduserte utslepp frå avskoging og skogdegradering
2. Å medverke til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar
3. Å medverke til å ta vare på naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon

I klimaavtala inngått i Paris i 2015 har verda sett seg eit ambisiøst mål om å avgrense den globale oppvarminga til 2 grader Celsius, eller aller helst ned mot 1,5 grader C. I Paris-avtala er tiltak for skogbevaring og auka skogdekke (REDD+) framheva som ein viktig strategi for å nå målet. I 2015 vart òg FN's berekraftsmål vedtekne. Dei inkluderer eigne mål om stans i avskoginga, berekraftig skogforvaltning og auka restaurering av degradert skog. Det er med andre ord no ei klar internasjonal semje om at berekraftig utvikling ikkje er mogeleg utan å verne om og restaurere verdas attverande tropiske skogar. Vidare medverkar bevaring av tropisk skog positivt til nær alle berekraftsmåla. Dette styrkjer grunnlaget for Klima- og skoginitiativet sin strategi for å redusere

utslepp gjennom skogbevaring og berekraftig utvikling.

I alle initiativets samarbeidsland er berekraftig utvikling første prioritet. Klimafinansiering kan spele ei viktig rolle i å hjelpe land med å snu utviklingspolitikken sin i ei berekraftig retning som gagnar heile befolkninga. I behandlinga av Meld. St. 24 (2016–2017) slutta eit stort fleirtal på Stortinget seg til at Klima- og skoginitiativet skal vidareførast på eit høgt nivå fram til 2030.

Klima- og skoginitiativet overordna endringsteori er beskriven i boks 7.4 i Prop. 1 S (2016–2017) *Klima- og miljødepartementet*. Kort fortalt skuldast tropisk avskoging ein kombinasjon av styringssvikt og marknadssvikt: Styringssvikt fordi naturressursforvaltninga ofte favoriserer enkeltgrupper framfor fellesskapet, til skade for sårbare grupper; marknadssvikt fordi samfunnsverdien av skogen – både nasjonalt og internasjonalt – ikkje er finansielt reflektert i individuelle aktørar sine investeringsvedtak; forureinar betaler ikkje. Initiativet søker derfor å endre insentivstrukturen som påverkar relevante aktørar – myndigheiter, privat sektor, sivilt samfunn og urfolk. Dette kan gjerast med politisk støtte, auka transparens eller finansielle insentiv.

Aukande global etterspørsel etter råvarer kombinert med utilstrekkeleg returressursforvaltning

og styresett i skoglanda har resultert i tiår med avskoging. Å nå målet om reduserte utslepp frå skog vil krevje auka samarbeid, både globalt og lokalt, og mellom næringsliv og offentlege myndigheiter. New York-erklæringa om skog i 2014 var eit gjennombrøt i så måte. Her slutta globale selskap, land, miljøorganisasjonar og urfolk seg til ambisiøse mål for skogbevaring og berekraftig landbruk.

Klima- og skoginitiativet samarbeider tett med dei viktigaste aktørane for å stoppe avskoginga globalt. Gjennom bilaterale partnerskap som REDD+ støttar Noreg styresmaktene i skoglanda sitt arbeid med å lage og handheve lover og regelverk som medverkar til berekraftig vekst samtidig som verdifull skog får stå. Først og fremst skjer dette ved å betale landa for verifiserte reduksjonar i avskoginga i medhald av Parisavtala.

For å auke næringslivet sine insentiv for å investere i avskogingsfrie forsyningskjeder arbeider klima- og skoginitiativet for betre investeringsklima og reguleringar, både for dei globale multinasjonale oppkjøparane og produsentane i skoglanda. Selskapa medverkar òg sjølve gjennom ny innkjøpspolitikk som aukar etterspørselen etter avskogingsfrie landbruksvarer. For at dette skal skje i tilstrekkeleg skala er offentleg-private partnerskap viktige. Regjeringa prioriterer innsats for å auke private investeringar og satsingar på avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon også framover. Dette krev nytenking og innovative løysingar for offentleg-privat samarbeid, for eksempel å bruke offentlege midlar til å redusere risiko i investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon. Etableringa av fondet &green i 2017 er eit eksempel på dette.

Klima- og skoginitiativet har eit omfattande samarbeid med sivilt samfunn over heile verda. Miljøorganisasjonar har spela ei særskild viktig rolle for å halde selskap og land ansvarlege for å levere på sine forpliktingar. Vi står midt i ein revolusjon når det gjeld høve til transparens, der sjølv mindre tilfelle av avskoging raskt kan observerast via satellittar tilgjengeleg for alle, kor som helst i verda, og der lokalsamfunn kan varsle nasjonale myndigheiter og global offentlegheit om avskoging og setje i verk mottiltak. Samarbeidet med

privat sektor, sivile samfunnsorganisasjonar og kunnskapsinstitusjonar har gitt gode resultat. Klima- og skoginitiativet vurderar å auke denne delen av innsatsen i 2018.

Rundt halvparten av tropisk avskoging er ulovleg. Handel med ulovleg tropisk tømmer finansierer nokre av verdas største kriminelle nettverk, med alvorlege konsekvensar for alt frå styresett, tapte skatteinntekter, terrorisme, miljø, urfolk og sårbare grupper. Ny overvakingsteknologi gjer det mogleg å gå etter desse nettverka meir effektivt. Klima- og skoginitiativet har følgd og medverka til denne utviklinga og vil forsterke dette arbeidet ytterlegare.

Å beskytte urfolks rettar er, utover å vere moralsk riktig i seg sjølv og eit sentralt element i norsk menneskerettspolitikk, eit svært effektivt tiltak for å beskytte skog. Ti år etter at FN's erklæring om urfolks rettar (UNDRIP) vart vedteken, har det blitt gjort store framsteg på området. Men det er har òg komme tilbakeslag. Klima- og skoginitiativet søkjer å medverke til at verda leverer på globale urfolksgrupper sine fire legitime krav: (i) involvering i avgjerder som angår dei, (ii) landrettar, (iii) tilgang til klimafinansiering, og (iv) ein stans i vald mot og drap av urfolk.

Alle skoglanda som Klima- og skoginitiativet samarbeider med har utfordringar når det gjeld styresett, og fleire av satsingane inneber betydeleg risiko for økonomisk misleghald. Risikovurderingar og risikohandtering er derfor ein sentral del av alle prosjekt initiativet arbeider med. Som for alle bistandsprosjekt er nulltoleranseprinsippet lagt til grunn for økonomisk misleghald, sjå nærare i omtale i Prop. 1 S (2017–2018) *Utanriksdepartementet*.

Nærare om budsjettforslaget

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2018 er på 3,184 mrd. kroner på utgiftsida. Dette er ein auke på om lag 103 mill. kroner eller om lag 3,3 pst. på utgiftsida samanlikna med saldert budsjett for 2017. Auken relaterer seg til priskompensasjon og ein auka satsing på Klima- og skoginitiativet med 42 mill. kroner. Inntektssida som består av inntekter frå kvotesal er sett til null (0).

Boks 7.3 Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk

Klima- og skoginitiativet skal medverke til å nå Noregs bistandspolitiske mål om berekraftig utvikling og det klimapolitiske målet om å avgrense jordas oppvarming til 2, eller aller helst 1,5, grader Celsius. Under disse overordna måla har Klima- og skoginitiativet tre meir spesifikke mål, sjå tabellen med Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk under.

Resultatrammeverket viser korleis innsatsen under initiativet er retta mot utvalde milestolpar for å nå måla for initiativet. Til høgre i tabellen er det vist til nokre av resultatata som er nådd i 2016. For ein meir detaljert omtale av innsats og resultat i 2016, sjå *Rapport 2016* under kap. 1482, post 73 *Klima- og skogsatsinga*.

Resultatrammeverk		Resultat
Klima- og skoginitiativets tre mål	Milestolpar for å nå måla	Utvalde resultat 2016 (sjå rapportering 2016 for utdyping)
Å medverke til kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar	Betaling for reduserte utslepp frå skog	<ul style="list-style-type: none"> – Betalt for om lag 20 mill. tonn reduserte utslepp frå skog i Brasil og om lag 2 mill. tonn reduserte utslepp i Colombia. – Styret i skogkarbonfondet godkjente dei 4 første programma for utsleppsreduksjonar (DR Kongo, Mexico, Chile, Costa Rica)
	Policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland	<ul style="list-style-type: none"> – Ny policy etablert i Etiopia, Indonesia, Vietnam – New Climate Economy utgav rapport om berekraftig infrastruktur (m.a. skogbevaring og restaurering) – Marrakech-erklæringa for avskogingsfri palmeolje i Vest- og Sentral-Afrika – Grøn vekst-initiativ i fleire partnerland, m.a. Peru, Indonesia og Colombia
	System for måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skog er etablert	<ul style="list-style-type: none"> – Styrka system i Peru, Colombia, Indonesia og Etiopia. – Betre globale satellittdata og situasjonsoversikt gjennom bl.a. Global Forest Watch. – Readinesstøtte frå FCPF og UN REDD til eit stort tal skogland for etablering av MRV-system
	Effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk	<ul style="list-style-type: none"> – Torvmyratorium innført og direktorat for torvmyrforvaltning etablert i Indonesia. – Intensjonsavtale med DR Kongo om ambisiøst reformprogram og internasjonal støtte til REDD+

Boks 7.3 forts.

Resultatrammeverk		Resultat
Klima- og skoginitiativets tre mål	Milestolpar for å nå måla	Utvalde resultat 2016 (sjå rapportering 2016 for utdyping)
Å medverke til å ivareta naturskog for å sikre denne skogen si evne til å binde karbon	Betre styresett i gjennomføringa av skog- og arealforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Styrkt skogforvaltning i Peru, Colombia og Liberia. – Utvikling av lokale arealbruksplanar i DR Kongo gjennom programmet CARPE – Støtta utvikling av safeguards-rapportering gjennom UN REDD – Styrka sivile samfunnsorganisasjonars deltaking i partnerlanda, inkludert støtte til urfolks deltaking
	Privat sektor arbeider mot avskoging	<ul style="list-style-type: none"> – Auka samarbeid med privat sektor i Brasil, Liberia, Indonesia og globalt – Sivilsamfunnsorganisasjonar medverka til auka openheit om skogens tilstand – Utvikling av innovative løysingar for privat-offentleg samarbeid – BioCF ISFL i Etiopia sette i gang offentlig-privat samarbeid i kaffisektoren – Meir enn 400 selskap har vedteke avskogingsfri-policy
Å medverke til at det internasjonale klimaregimet er eit effektivt verkemiddel mot CO ₂ -utslepp frå avskoging og skogdegradering	REDD+ medverkar til å auke ambisjonen i det globale klimaregimet	<ul style="list-style-type: none"> – Innsats for å styrkje skogens betydning i Klimakonvensjonen og Paris-avtala – Støtte til at partnerland aukar sine ambisjonar
	Auka, langsiktig og føreseieleg global finansiering av REDD+	<ul style="list-style-type: none"> – Samarbeid særleg med Storbritannia og Tyskland om auka finansiering – Norsk støtte til multilaterale organisasjonar for REDD+ – Innsats for å auke privat sektors investeringar i REDD+
	Effektive sikringsmekanismer innarbeidde i finansierings-institusjonar for REDD+	<ul style="list-style-type: none"> – Aktivt arbeid med alle partnerar om korleis sikringsmekanismer er adresserte og respekterte – Verdsbankens REDD+-fond nyttar Cancun safeguards – UN-REDD-programmet nyttar Cancun sikringsmekanismer og byggjer kapasitet om sikringsmekanismer i skogland

Utgifter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1481	Klimakvotar	106 567	199 986	184 751	-7,6
1482	Internasjonale klima- og utviklingstil- tak	2 648 051	2 881 825	3 000 000	4,1
Sum kategori 12.70		2 754 618	3 081 811	3 184 751	3,3

Kap. 1481 Klimakvotar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter, <i>kan overføres</i>		3 064	4 441
22	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overføres</i>		103 213	180 000
23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overføres</i>		290	310
Sum kap. 1481			106 567	184 751

Post 01 Driftsutgifter, kan overføres

Posten omfattar utgifter til kjøp av eksterne tenester som kommersiell og juridisk rådgiving, og andre driftsutgifter i samband med arbeidet med kjøp av kvotar. Posten har ei løyving på 4,441 mill. kroner.

Post 22 Kvotekjøp, generell ordning, kan overføres

Posten omfattar utgifter til kjøp av klimakvotar. Posten har ei løyving på 180 mill. kroner i 2018.

Strategien for kjøp av klimakvotar i perioden 2013–2020 er drøfta i Revidert nasjonalbudsjett 2013. Der legg ein vekt på at staten gjennom sitt kvotekjøp skal medverke til utviklinga og legitimiteten til det internasjonale samarbeidet. Kjøpsstrategien byggjer på FN-systemet, og ein fører i store trekk vidare strategien frå første Kyotoperiode (2008–2012). Staten vil kjøpe kvotar frå allereie registrerte prosjekt som står i fare for å innstille drifta eller som allereie har innstilt, og frå nye prosjekt. Ein vil ikkje kjøpe kvotar frå registrerte prosjekt som har inntekter som dekkjer dagleg drift. Slike prosjekt vil mest truleg halde fram å generere utsleppsreduksjonar uavhengig av statens kvotekjøp. I samsvar med EUs regulering av kvo-

tehandelssystemet vil staten ikkje kjøpe kvotar frå hydrofluorkarbonprosjekt, adipinsyreprosjektet, og frå kolbasert energiproduksjon utan karbonfangst og lagring.

I samsvar med drøftingar i tidlegare års budsjett er også budsjettet for 2018 basert på at ein vil trenge inntil 60 mill. kvotar samla for perioden 2013–2020 for å oppfylle dei norske skyldnadene under Kyotoprotokollen. Det faktiske behovet for kvotar kan bli både høgare og lågare enn dette. Kjøpsbehovet er særleg avhengig av utfallet av ei avklaring med EU om korleis EUs kvotesystem skal medverke til den norske oppfyllinga av Kyotoprotokollen. Det er uklart når prosessen med EU blir avslutta, men ein vurderer det som naudsynt å inngå kontraktar i 2017 og 2018 i samsvar med føresetnadene om eit kjøpsbehov på inntil 60 mill. kvotar for perioden 2013–2020.

Det er svært krevjande å budsjettere tidspunkt for utbetalingar for klimakvotekjøp. Utbetalingane er avhengig av utviklinga i kvart enkelt prosjekt. Bli til dømes eit prosjekt forseinka, eller kanskje ikkje gjennomført, vil det påverke dei budsjetterte utbetalingane. Kontraktane er utforma slik at ein først betaler når prosjekteigar har overført kvotane til statens konto i det internasjonale kvoteregisteret. Før kvotar blir utferda må utsleppa

vere dokumenterte og verifiserte av eit uavhengig, FN-godkjent selskap.

Kontraktane blir inngått etter fullmakter gitt av Stortinget, og gjeld i hovudsak for utsleppsreduksjonar for ein periode fram til og med 2020. I samsvar med innarbeidd praksis ber Klima- og miljødepartementet om at fullmakta blir fornya, slik at den dekkjer framtidige skyldnader på avtaler som allereie er gjorde, og på nye kontraktar. Ved utgangen av 2017 reknar ein med å ha inngått kontraktar som vil føre til levering av 50 mill. kvotar. Det vil dermed vere eit behov for å inngå nye kontraktar i 2018. I samsvar med føresetnadene for fullmakta for 2017 skal fullmakta òg omfatte skyldnader knytt til perioden etter 2020, jf. deltakinga i fondet Transformative Carbon Asset Facility, som i hovudsak vil føre til levering av utsleppsreduksjonar etter 2020. På denne bakgrunn ber ein om ei fullmakt på 1 900 mill. kroner for å dekkje utbetalingar som følgjer i åra etter 2018.

Klima- og miljødepartementet foreslår at det blir løyvd 180 mill. kroner til betaling for kvotar som blir leverte i 2018. Løyvinga skal dels gå til kontraktfesta betalingar for avtalar som allereie er inngått under fullmakter Stortinget har gitt departementet. Det er òg innarbeidd eit overslag over utbetalingar under nye kontraktar som er planlagt inngått i 2018. Gjennomsnittleg pris for allereie inngåtte kontraktar er på knappe 30 kroner per kvote. Ein har lagt til grunn om lag same prisføresetnad for nye kontraktar.

I visse høve vil det vere ønskjeleg å betale ein viss del på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. I samsvar med tidlegare praksis kan det òg bli aktuelt å betale eit mindre forskotsbeløp for å dekkje ymse administrasjonskostnader. Forvaltingskostnader, medrekna kostnader til etterkontroll, til NEFCO, Verdsbanken, og eventuelle andre forvaltalar vert òg ført på denne posten.

Det kan vere føremålstenleg å endre samansetjinga av porteføljen til staten. Det kan ein gjere ved å selje vidare kontraktar for enkelte prosjekt, ved å selje framtidige volum frå enkelte prosjekt, eller ved å selje kvotar i marknaden. Den slags sal kan vere ønskjeleg for å gjere tilpassingar i porteføljen, for eksempel for å få betre risikospreiing ved å kjøpe frå prosjekttypar og land som er underrepresenterte i porteføljen, eller for å tilpasse volumet til oppdaterte overslag over levering og kjøpsbehov. Det kan òg vere aktuelt å styre denne eksponeringa gjennom avleide

instrument, for eksempel bytteavtaler. Klima- og miljødepartementet ber derfor om fullmakt til å selje kvotar og å nytte salsinntekta til å kjøpe nye kvotar utover det som er løyvd, jf. forslag til romartalsvedtak III.

I samsvar med drøftinga i Prop. 122 S (2015–2016) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2016* skal fullmakta òg omfatte skyldnader som knyter seg til perioden etter 2020, jf. deltaking i Verdsbanken nye fond, Transformative Carbon Asset Facility. På denne bakgrunnen ber ein om ei rommeleg fullmakt til å inngå avtaler i 2018. Denne ramma vil omfatte betalingar som knyter seg til avtaler som blir inngått i 2018 og tidlegare år, og som vil gi utbetalingar i 2019 og seinare år, jf. forslag til romartalsvedtak IV.

Rapport 2016

I 2016 signerte Klima- og miljødepartementet ni avtaler om levering av 11,7 mill. kvotar frå elleve ulike prosjekt i 12 utviklingsland. Prosjekta knyter seg til forbetra kokeomnar og til vassreinsing, til metanoppsamling på søppelfyllingar og gjødselkjellarar, og til solkraftanlegg. Gjennomsnittleg kontraktspris er om lag 3,1 euro, eller rundt 29 kroner for kvar kvote (tonn CO₂-ekvivalentar).

I perioden 2013–2016 vart det òg inngått avtaler gjennom fond i Verdsbanken (Carbon Partnership Facility), Det nordiske miljøinvesteringsfondet, NEFCO (NEF Carbon Fund og Norwegian Carbon Procurement Facility). Ved utgangen av august 2017 hadde Klima- og miljødepartementet avtaler om til saman 55,6 mill. kvotar. Ein har då rekna med intensjonsavtaler, samtidig som ein har sett bort frå avtaler som er kansellerte. Ein reknar ikkje med å få levert avtalt volum fullt ut. Kor mykje som faktisk blir levert, er avhengig av utviklinga i det enkelte prosjektet. I tillegg til avtaler som er inngått for levering i perioden 2013–2020 har ein overført om lag 3 mill. kvotar som ikkje vart nytta i den første Kyotoperioden (2008–2012). Ved utgangen av august 2017 stod det til saman 15,2 mill. kvotar til statens konto i det internasjonale kvoteregisteret. Ei meir detaljert oversikt over inngåtte avtaler ligg på www.carbonneutralnorway.no og heimesidene til Klima- og miljødepartementet.

I 2016 vart det også forhandla om norsk deltaking i Transformative Carbon Asset Facility, eit fond under Verdsbanken. Avtale om å delta med 80 mill. amerikanske dollar i dette fondet vart undertekna i januar 2017.

Post 23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, kan overførast

Ordninga med kvotekjøp for statstilsette sine flyreiser vart innført på nytt i 2013 etter at EU sitt opplegg for kvoteplikt for fly vart innskrenka til berre å omfatte flyreiser innanfor EØS-området. Det vil derfor verte kjøpt kvotar for statstilsette sine reiser som ikkje er omfatta av kvoteplikt. På bakgrunn av at flyreiser innan EØS-området er omfatta av kvoteplikt, er omfanget av reiser det skal kjøpast kvotar for, avgrensa. Regjeringa foreslår at det vert løyvd 310 000 kroner for å dekkje kjøp av kvotar for flyreiser statstilsette gjer på strekningar som ikkje er omfatta av kvoteplikt

Kap. 4481 Sal av klimakvoter

Post 01 Salsinntekter

EUs reviderte kvotedirektiv, med underordna rettsakter, vart innlemma i EØS-avtala i juli 2012. Reglane er harmoniserte på EU-nivå og inneber m.a. at kvoteplikta skal utvidast til å gjelde fleire

sektorar og klimagassar. Kvotar som ikkje vert tildelede gratis, skal seljast i den europeiske marknaden. Kommissjonen har fordelt mengda av kvotar som skal seljast etter ein bestemt fordelingsnøkkel. Noreg sin del av totalt salsvolum er om lag 0,75 pst. Frå og med 2013 skal Noreg selje kvotar gjennom auksjonar på ei felleseuropeisk auksjonsplattform. Prosessen med å knytte seg til denne auksjonsplattforma, som for tida er European Energy Exchange (EEX) i Leipzig, har teke mykje lengre tid enn føreset og Noreg har enno ikkje fått ta til å selje kvotar. Dette skuldast mellom anna diskusjonar omkring EØS-rettslege spørsmål. Det er uvisst kor lang tid prosessane internt i EU og i EØS/ EFTA-statane vil ta, og det er derfor usikkert om Noreg kan komme i gang med sal av klimakvotar i løpet av 2018. Ein har derfor ikkje budsjettert med inntekter frå sal av klimakvotar i 2018. Kvotar som ikkje er selde vil bli overførde til 2019. Basert på Kommissjonens overslag skulle 7,74 mill. kvotar seljast i 2018. Kvotemengda for 2018 vil dermed saman med kvotar for 2013–2017 bli overført til 2019, til saman 41,4 mill. kvotar.

Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	94 945	97 429	98 457
73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	2 553 106	2 784 396	2 901 543
	Sum kap. 1482	2 648 051	2 881 825	3 000 000

Forvaltninga av Klima- og skoginitiativet har frå 1. januar 2014 vore samla i Klima- og miljødepartementet. Dagens organisering der ansvaret for satsinga er samla i eitt departement er vurdert som effektiv og gir klarare ansvarsforhold enn tidlegare delt organisering mellom Klima- og miljødepartementet og Utanriksdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsmidlane knytte til regjeringa sitt Klima- og skoginitiativ. Posten dekkjer alle driftskostnader til satsinga, under dette løn, administrasjon, reiseutgifter, informasjonsverksemd, evalueringar m.v. i Klima- og miljødepartementet, Utanriksdepartementet (med ambassadane) og Norad. I tillegg dekkjer løyvinga kjøp av varer og tenester knytte til drift, slik som utgreiingar, kon-

sulenttenester, seminar og internasjonale møte m.v. Samanlikna med 2017 er posten redusert med 0,5 mill. kroner på grunn av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

For 2018 er det foreslått ei løyving på 98,5 mill. kroner på posten. I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 01 er godkjent som utviklingshjelp.

Klima- og skoginitiativet er eit internasjonalt nybrottsarbeid. Å drive dette arbeidet framover er krevjande, både politisk og fagleg. Tilgang til variert og høg kompetanse og kapasitet gjennom målretta bruk av eksterne fagmiljø er avgjerande for å lykkast. Dette gjeld både for å drive det globale arbeidet med løysingsutvikling og klimapolitisk konsensusbygging vidare, og for å kunne støtte

partnerland sitt arbeid med å utvikle og implementere sine klima- og skogstrategiar.

Rapport 2016

Kap 1482, post 01 har blitt nytta til løns- og driftsutgifter for Klima- og skoginitiativet. Midlane dekkjer løns-, drifts- og reiseutgifter til satsinga i Klima- og miljødepartementet, Norad og ved norske utanriksstasjonar som forvaltar midlar for Klima- og skoginitiativet. Ein stor del av personellressursane i initiativet har vore nytta til å følgje opp dei bilaterale samarbeida, og internasjonale prosessar som medverkar til å nå måla om utsleppsreduksjonar frå skog i utviklingsland.

Klima- og skoginitiativet har mål om å medverke til eit effektivt klimaregime basert på klimaavtala som vart forhandla fram i Paris i 2015. Som ein del av dette har klima- og skoginitiativet brukt ressursar i 2016 på arbeidet for at utslepp frå skog skal inngå i lands nasjonale bidrag (NDC) under Paris-avtala, og at skog skal medverke til å nå Parisavtalas ambisiøse globale mål. Klima- og skoginitiativet har hatt tett kontakt med partnerlanda for å støtte desse nasjonale prosessane og har kjøpt konsulenttenester for å støtte opp om prosessane. Dette har medverka til milepælen «REDD+ medverkar til å auke ambisjonen i det globale klimaregimet» i Klima- og skoginitiativets strategiske rammeverk, sjå boks. 7.3.

Klima- og skoginitiativet har som mål å auke den globale finansieringa av REDD+. I 2016 har initiativet arbeidd saman med og opp mot ei rekkje donorland for å få dette til, blant anna gjennom dei globale klimaforhandlingane. Saman med Tyskland og Storbritannia har Noreg lova ei samla finansiering på 5 mrd. USD frå 2015–2020. Dette arbeidet medverkar til milepælen «auka langsiktig og føreseieleg global finansiering av REDD+¹». Initiativet arbeidde i 2016 òg for å vurdere moglegheta til å inkludere REDD+ i den internasjonale luftfartsorganisasjonens (ICAO) kvoteprogram for internasjonal luftfart. For å støtte desse prosessane har det vore kjøpt inn eksterne konsulenttenester.

Klima- og skoginitiativet samarbeider med ei rekkje partnerland og organisasjonar internasjonalt. Dette inneber å delta på og arrangere internasjonale møte og konferansar, og prosessar for å etablere internasjonalt samarbeid, ofte med fleire aktørar. Midlar på posten har vore brukt til å dekkje utgifter knytte til å gjennomføre slike arrangement, medverke til konsensusbygging, utvikle analysar og løysingar m.m. Midlar har òg vore brukte til å innhente eksterne vurderingar av part-

narlands framdrifts- og utsleppsrapportar. Tenesene har i hovudsak vore finansierte over drifts-posten.

Post 73 Klima- og skogsatsinga, kan overførast

For 2018 er det foreslått løyvd 2 901,5 mill. kroner på posten. I 2018 er posten auka med 117,1 mill. kroner, slik at Klima- og skoginitiativet i 2018 samla er på 3 mrd. kroner, i tråd med klimaforliket av 2012. Klima- og skoginitiativet har sidan lanseringa i 2007 inngått ei rekkje samarbeid og partnerskap, i hovudsak med sentrale tropiske skogland med mål om å betale for verifiserte, reduserte utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden. Framdrifta i disse initiativa vil bli tilpassa den ramma som er foreslått på posten. Det er ikkje rom for å inngå større nye partnerskap og satsingar på posten innanfor noverande budsjettamme.

Det er fremja forslag om ein tilsegnfullmakt på 2 014 mill. kroner på posten, sjå romartalsvedtak VI. Klima- og skoginitiativet inngår langsiktige avtaler om betaling for resultat i skoglanda. Partnerskapa til Klima- og skoginitiativet inneber fleire juridiske forpliktingar om fleirårige utbetalningar. Forpliktingar blir utløyste når partnerlandet leverer resultat som avtalt i form av verifiserte utslippsreduksjonar, eller milestolpar i reformer for betra skogforvaltning og redusert avskoging. Fullmakta dekkjer òg avtalar med organisasjonar som inneber utbetalingsforpliktingar over fleire år.

I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 73 er godkjent som utviklingshjelp.

Mål

Tilskotet skal medverke til:

- at det internasjonale klimaregimet er eit effektivt verkemiddel for reduserte utslepp frå avskoging og skogdegradering
- kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland
- å bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon

Desse måla skal vere styrande for ressursbruk og prioriteringar, og vedtak om igangsetjing, vidareføring eller endring av støtte. Det er eit overordna mål for norsk utanriks- og utviklingspolitikk å medverke til berekraftig utvikling og reduksjon av

fattigdom. For norsk klimapolitikk er det eit overordna mål å medverke til reduserte utslepp av klimagassar for å nå dei globale klimamåla. Desse er derfor naturlege overordna mål for Klima- og skoginitiativet. Langsiktig bevaring av skog er avhengig av at det blir oppnådd resultat også på andre område enn reduserte utslepp av klimagassar. Klima- og skoginitiativet skal derfor gjennom arbeidet òg medverke til bevaring av naturskog, berekraftig utvikling og styrking av politisk og økonomisk styresett i naturressursforvaltinga og arbeide for å sikre rettane til lokalsamfunn og urfolksgrupper. I arbeidet for å nå måla skal klimapolitikken og utviklingspolitikken underbygje kvarandre.

Tildelingskriterium

Tilskotet dekkjer tre kategoriar av tiltak: betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, finansiering av program- og prosjektporteføljar og fondsoppbygging. I tillegg skal tilskotet medverke til å utvikle og å spreie kunnskap som medverkar til å nå Klima- og skoginitiativet sine mål. Kriterium for utbetaling av tilskot i kvar kategori er beskrive under.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar

Eitt av Klima- og skoginitiativet sine hovudmål er reduksjon av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Kriterium for å utløyse tilskotsmidlar er verifiserte reduksjonar av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. I tråd med Stortingets føringar er det eit mål å auke delen av tilskotet som blir utbetalt for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Utbetaling er avhengig av effektive og robuste system for å måle og verifisere resultat, og storleiken på utbetalinga må stå i eit rimeleg forhold til det oppnådde resultatet. Blir det ikkje levert dokumentasjon på reduserte utslepp eller auka klimagassopptak i skog, skal midlane ikkje utbetalast.

Finansiering av program- og prosjektporteføljar

For å nå måla om utsleppsreduksjonar gjennom bevaring av skog er det i mange land behov for førebuande innsats for å starte dei naudsynte prosessane, etablere strategiar og arenaer og støtte program for omlegging til nye forretningsmodellar og produksjonsmetodar i landbruk. Eit godt forvaltingsregime er ein føresetnad for å få resultat av satsinga og sikre framdrift i arbeidet. Klima- og skoginitiativet vil derfor vidareføre arbeidet

med å styrkje gjennomføringstakten og hindre forseinkingar ved å medverke til reformer og institusjonsbygging i mottakarlanda. Dette vil òg imøtekomme forventningar og behov i mottakarlanda og styrkje moglegheitene for varig betra skogforvalting.

Styresmakter, organisasjonar, næringslivsaktørar og andre aktørar som kan medverke til reformprosessar og å nå Klima- og skoginitiativet sine mål, kan få tilskot frå posten.

Midlane skal nyttast til prosjekt eller program som fremjar institusjonsbygging, planprosessar, kartleggingsarbeid, kompetansebygging, kunnskapsutvikling eller liknande, som medverkar til at måla for tilskotsposten blir nådde. Midlar kan nyttast til tiltak som fremjar samarbeid med privat sektor og som styrkjer insentiva for privat sektor til å investere i berekraftig og avskogingsfri produksjon av råvarer. Det kan mellom anna givast tilskot til private aktørar for å direkte redusere investor sin risiko knytt til investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon. Sjå romartalsvedtak knytt til posten for unnatak frå økonomireglementet i visse tilfelle.

Fondsoppbygging (multilaterale satsingar) for framtidige utbetalingar for verifiserte utsleppsreduksjonar

Varig skogbevaring i utviklingsland krev store investeringar for berekraftig utvikling. Tilgang til føreseieleg finansiering av REDD+investeringar er dermed ein føresetnad for å nå Klima- og skoginitiativet sine mål. Det kan derfor utbetalast midlar frå posten til multilaterale satsingar for framtidig betaling for utsleppsreduksjonar, som for eksempel Forest Carbon Partnership Facility (FCPF) i Verdsbanken.

I enkelte internasjonale organisasjonar kan det vere vanskeleg for Noreg å få gjennomslag for å følgje våre reglar om utbetaling etter behov og i terminar. Primært vil dette vere i tilfelle der fondsforvaltar ønskjer ein del forskotsvise utbetalingar for å inngå juridisk forpliktande avtaler med tropiske skogland om framtidig kjøp av verifiserte utsleppsreduksjonar. Slik utbetaling krev unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gitte tilskotsløyvingar. Sjå forslag til romartalsvedtak VIII for klima- og miljødepartementet. Klima- og skoginitiativet sitt krav om at midlane skal rapporterast som bistand vil stå fast.

Fondsoppbygging skal vurderast separat for kvart enkelt tilfelle, og berre når følgjande kriterium er oppfylte:

- Betaling for resultat. Fondsoppbygging bør avgrensast til initiativ der Noreg medverkar til å byggje opp fond med eksplisitt formål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog.
- Utfall av forhandlingar. Nye unntak skal berre vurderast for initiativ der Noreg må ta omsyn til ein eller fleire andre store bidragsytarar og/eller multilaterale samarbeidspartnarar sin praksis og behov. Noreg skal i forhandlingar først ha forsøkt å få gjennomslag for at midlane blir utbetalte til fondet etter at utsleppsreduksjonane er oppnådde.
- Forsvarleg forvaltning. Det må etablerast juridiske rammeverk og styringsstruktur knytte til fonda som sikrar god forvaltning av midlane. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltingskrav som sikrar effektiv forvaltning.

Utvikle og spreie kunnskap om Klima- og skogsatinitiativet sine mål

Det er eit mål å kommunisere Klima- og skoginitiativet sine mål betre ut til befolkninga i Noreg og globalt. Tiltak som medverkar til å spreie kunnskap som er relevant for Klima- og skoginitiativet sine tre målsetjingar som beskrivne over kan derfor få støtte. Det kan søkjast om tilskotsmidlar til kunnskapsformidling retta mot endringsaktørar og premissleverandørar globalt eller nasjonalt, mot marknadsaktørar og mot befolkning i skogland, givarland eller globalt. Tiltak med mål om å formidle kunnskap kan få tilskot. Opplæring og kunnskapsproduksjon kan inngå som ein del av prosjektet.

Oppfølging og kontroll

For kvar utbetaling skal det rapporterast på oppnådde resultat i samsvar med dei inngåtte avtalene og dei klimapolitiske måla. Tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismer mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar skjer etterskotsvis. Utbetalingane vil skje til fond, som vil vere tilskotsmottakar. I visse høve vil det vere ønskeleg å betale ein viss del vidare frå fondet på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken. Ved delegert samarbeid om betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, vil tilskotsmottakar vere den parten som er delegert forvaltninga. Klima- og miljødepartementets ansvar knytt til oppfølging av midlane er derfor avgrensa

til oppfølging av avtala mellom Noreg og mottakar. Eit eksempel på eit slikt fond er Brasils Amazonas-fond, administrert av Den brasilianske utviklingsbanken (BNDES).

Avtaler om utbetalningar til fond bør gi høve til kontroll og tilbakebetaling av tilskotet innanfor eit rimeleg tidsrom dersom det ikkje er forvalta i tråd med intensjonen. Ved utbetalningar til fond må det avtalast at fondet berre kan bruke norske midlar på tiltak som er godkjente som offisiell bistand (ODA). I tillegg skal avtalene fastslå at tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismer mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar i deira vidare utbetalningar til ODA-godkjente aktivitetar, og at det blir rapportert på oppnådde resultat. Avtalene skal vidare medverke til Klima- og skoginitiativet sine mål om reduserte klimagassutslepp, biologisk mangfald og berekraftig utvikling. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltingskrav som syter for effektiv forvaltning.

Rapport 2016

Utfyllande rapportering om heile innsatsen under klima- og skoginitiativet finst på www.regjeringen.no. Dette erstattar ein trykt resultatrapport om innsatsen, slike som vart publiserte i 2015 og 2016. Nettsidene gir meir oppdatert og meir utfyllande informasjon om dei ulike delane av innsatsen enn ein årleg trykt rapport kan gi.

I Innst. 9 S (2015–2016) ber fleirtalet i energi- og miljøkomiteen om at regjeringa vidarefører samarbeidet med sivilt samfunn, inkludert urfolk, over budsjettposten. Komiteen ber òg regjeringa rette innsats mot karbonrike skogtypar, eksempelvis innlands våtmarksskogar, torvmyrskogar og mangroveskogar innanfor ei ramme på mist 30 mill. kroner (oppmodningsvedtak nr. 103). Sjå rapportering under om desse føringane frå komiteen.

Brasil

Om lag 30 pst. av verdas attverande regnskog finst i Brasil, som dermed er verdas største tropiske skogland. I brasiliansk Amazonas lever over 25 millionar menneske. Mange lokalsamfunn, spesielt urfolk, er avhengig av skogen for å overleve.

I 2008 lova Noreg å medverke med inntil 1 mrd. USD til Amazonasfondet i Brasil, dersom Brasil reduserte avskoginga i verdas største regnskog. I perioden frå 2005 til 2016 har Brasil spart

atmosfæren for meir enn 4 mrd. tonn CO₂. Noreg betalte for 220 mill. av desse tonna.

Noreg innfridde i 2015 løftet om utbetaling av 1 mrd. USD i perioden 2008–2015 for redusert avskoging, og fase I av samarbeidet blei avslutta. Same år leverte Brasil eit svært ambisiøst klimamål til FN's klimakonvensjon, der landet forpliktar seg til å redusere utslepp av klimagassar med 43 pst. mellom 2020 og 2030. Under klimatoppmøtet i Paris annonserte Brasil og Noreg på dette grunnlag ei forlenging av skogsamarbeidet for perioden 2016–2020.

I 2016 betalte Noreg 850 mill. kroner til Brasil for redusert avskoging i skogåret 2015. Noreg betalte for meir enn 20 mill. tonn reduserte CO₂-utslepp frå skog, noko som berre er ein liten del av dei totale utsleppsreduksjonane samanlikna med referansenivået. Avskoginga i skogåret 2015 var på 6 207 kvadratkilometer, som er ein auke på 24 pst. samanlikna med året før. Det er likevel ein reduksjon på 70 pst. samanlikna med gjennomsnittlig årleg avskoging mellom 1996 og 2005, då landet sette i gang viktige tiltak for å redusere avskoging, og godt under det avtalte referansenivået i avtala med Noreg. Landet har dei siste åra gått inn i ei politisk krise. Dette har mellom anna resultert i reduserte budsjett til kontrolltiltak mot ulovleg hogst, beskyttelse av verna skog og til urfolksterritorium. Foreløpige tal indikerar ein ytterlegare auke i avskoging i skogåret 2016. Noreg har uttrykt bekymring over utviklinga overfor brasilianske myndigheiter.

I 2016 lanserte Brasil både landets REDD+strategi og den fjerde versjonen av handlingsplanen mot avskoging i Amazonas (PPCDAM) – regjeringas viktigaste instrument i arbeidet for redusert avskoging. Begge dokumenta er viktige resultat under Klima- og skoginitiativets milepæl «policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland», sjå initiativet sitt strategiske rammeverk i boks 7.3.

Brasil har gjennom samarbeidsperioden hatt eit godt utvikla system for måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå skog (MRV) i Amazonas-biomen. Noreg har lenge hatt dialog med Brasil om å utvide systemet til andre biomer, særleg den brasilianske savannen, Cerrado, der avskoginga historisk også har vore høg og det er eit stort potensial for utsleppskutt. I 2016 sette Brasil i gang arbeid med å utvikle eit MRV-system for dette biomet. Dette vil auke 'delen av skog med nasjonalt skogovervakingssystem', ein indikator for resultat i Klima- og skoginitiativets strategiske rammeverk, sjå boks 7.3.

Utan ein landbruksøkonomi som legg til rette for private investeringar i avskogingsfrie forsyningskjeder vil det truleg bli vanskeleg å nå Brasils klimamål. Noreg hadde derfor i løpet av 2016 dialog med Amazonasfondet om korleis fondet kan arbeide meir med privat sektor. Det var òg god dialog med organisasjonane Tropical Forest Alliance (TFA) og The Sustainable Trade Initiative (IDH) som samarbeider med delstatsmyndigheiter, private selskap, produsentar og investorar om å sikre avskogingsfrie forsyningskjeder.

Gjennom IDH støttar Noreg implementeringa av ein ny berekraftstrategi, Produce, Conserve, Include (PCI), lansert av delstaten Mato Grosso. Strategien inneber utstrekt samarbeid på tvers av sektorar og aktørar og inkluderer element av skogbevaring, intensivert landbruk og inkluderande og berekraftig utvikling i regionen. Noregs innsats gjennom IDH medverkar til å oppnå Klima- og skoginitiativets milestolpar «effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk» og «privat sektor arbeider mot avskoging».

I 2016 betalte Noreg ut 850 mill. kroner til Brasils Amazonasfond. Det vart i tillegg utbetalt 10 mill. kroner til tyske GIZ (Deutsche Gesellschaft für Internationale Zusammenarbeit) for teknisk støtte til Amazonasfondet.

Indonesia

Indonesia er eitt av verdas største og mest folkerike land og eit ungt demokrati. Indonesia rommar verdas tredje største tropiske regnskog, med eit enormt naturmangfald. På Indonesias 17 000 øyar bur 250 millionar menneske. Ein stor del er fattige. Om lag 60 millionar er urfolk og andre lokalsamfunn som er avhengige av skogen for sitt livsutkomme.

Avskoging og øydelegging av karbonrik torvmyr er hovudårsak til årlege utslepp som har vore anslått til rundt 2 mrd. tonn CO₂. Dette gjer Indonesia til eitt av landa i verda med høgast klimagassutslepp. Årsakar til avskoginga er blant anna etablering av plantasjar for produksjon av palmeolje eller papirmasse, gruvedrift, tømmerhogst og skogbrannar. Drenering av torvmyrer gjeres for å konvertere desse områda til landbruksformål. Korrupsjon og svakt styresett kombinert med sterk etterspørsel etter palmeolje og andre råvarer er viktige underliggjande årsaker.

Noreg inngjekk i 2010 eit klima- og skogpartnerskap med Indonesia for å støtte landets innsats for å redusere klimagassutslepp frå avskoging, skogdegradering og øydelegging av torvmyr.

Noreg har lova Indonesia inntil 1 mrd. USD, under føresetnad av at Indonesia oppnår resultat på desse områda. Indonesia har levert på politiske milestolpar i partnerskapsperioden, men det har vore store utfordringar med framdrifta i arbeidet, og landet har foreløpig ikkje levert verifiserte utsleppsreduksjonar. Derfor har utbetalingane frå Noreg vore avgrensa til institusjons- og kapasitetsbygging.

I 2016 kom fleire viktige politiske vedtak i kjølvatnet av president Joko Widodos løfte under klimatoppmøtet i Paris i desember året før. Den varsla torvmyrforskrifta som beskyttar attverande intakt torvmyr mot framtidig drenering vart signert. Forskrifta har potensial til å gi utsleppsreduksjonar på milliardar av tonn over tid, både i form av reduserte utslepp frå dagens jordbrukspraksis og gjennom karbonbinding i rehabiliterte våtmarksområde. Indonesia etablerte òg eit eige torvmyrdirktorat, Peat Restoration Agency, i 2016. Formålet er å betre forvaltning av torvmyrområde, restaurere allereie øydelagde torvmyrområde og å betre system for overvaking av skog- og torvmyrområde.

Presidentvedtaket om beskyttelse av torvmyr representerer eit betydeleg resultat i kategorien 'policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland', og opprettinga av direktoratet er eit resultat på milestolpen «effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk» i Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk, sjå boks 7.3. Sub-nasjonale reguleringar for vern av torvmyr er utferd i fleire provinsar.

I 2016 vart det òg gitt instruks om lisensrevisjon av eksisterande hogstløyve. Ei rekkje provinsmyndigheiter ferdigstilte arealplanar som må godkjennast av nasjonale miljømyndigheiter.

Indonesia planlegg å opprette eit eige miljøfond som dei norske bidraga kan utbetalast til. I 2016 vart ei tverrdepartemental arbeidsgruppe for fondsdesign operativ og det vart oppretta eit ekspertpanel. Noreg har ein aktiv dialog med Indonesia om fondet. Prosessen er svært ressurs- og tidkrevjande, og det vil truleg framleis gå noko tid før eit slikt fond er operasjonelt.

Ved årsskiftet 2016/17 gav President Joko Widodo ni lokale urfolksgrupper i ulike delar av Indonesia formell rett til å forvalte skogen i sine område. Dette er første steg i retning av å innfri ein dom frå Grunnlovsdomstolen i Indonesia i 2013, etter pådrivararbeid mellom anna frå lokale organisasjonar som får støtte frå Klima- og skoginitiativets sivilsamfunnsløyving. Dette medverkar til å auke delen av land med avklarte rettsforhold og til inkluderande arealforvaltning, og er dermed

eit resultat under Klima- og skoginitiativets milestolpe 'betre styresett i skog- og arealforvaltninga'.

I 2016 hadde Noreg tett dialog med sivilsamfunnsaktørar som arbeider med urfolks rettar og betre handheving av lovene mot skogkriminalitet i Indonesia. Det var òg dialog med både sivilsamfunn og privat sektor om avskogingsfrie verdikjeder. Klima- og skoginitiativet har mellom anna støtta utgreiingsarbeid for å finne nye lønsame løysingar for privat sektor som ikkje går ut over av skogen. Indonesia deltek i Tropical Forest Alliance for å styrkje dette arbeidet, sjå avsnittet om privat sektor for meir om alliansen.

Noreg utbetalte til saman 375 mill. kroner til Indonesia i 2016. Av desse vart 230 mill. kroner kanalisert gjennom Verdsbanken for vidare støtte til det nyoppretta torvmyrdirktoratet og arbeidet med å restaurere torvmyr i sju provinsar.

Colombia

Colombias skogar dekkjer eit område på nesten 600 000 kvadratkilometer. Amazonas-bassenget utgjer omkring tre fjerdedelar av skogen. Totalt svarer dette til meir enn 1,5 gonger Noregs landareal. Ifølgje konvensjonen for biologisk mangfald finst rundt 10 pst. av verdas landbaserte arter i Colombia.

Om lag halvparten av Colombias klimagassutslepp kjem frå skog- og landbrukssektoren. Hovudårsaker til avskoginga er landbruk, hovudsakleg kvegdrift og kokaproduksjon, og ulovleg småskala gruvedrift, migrasjon og tømmeruttak.

Colombia har sett seg eit mål om å oppnå null netto avskoging i colombiansk Amazonas innan 2020, føreset at dei får internasjonal støtte. Under klimatoppmøtet i Paris inngjekk Noreg ein regnskogavtale med Colombia, Tyskland og Storbritannia. Noreg har lova å medverke med opptil 1,8 mrd. norske kroner fram til 2020. Av desse er 1,5 mrd. kroner reservert betaling for utsleppsreduksjonar, av dette 400 mill. kroner gjennom Tysklands REDD Early Movers Program.

I 2016 gjorde Noreg saman med Storbritannia og Tyskland den første resultatbaserte utbetalinga til Colombia for oppnådde utsleppsreduksjonar i Amazonas under REDD Early Movers-programmet. Dette vart markert samtidig som Amazonasvisjonen, myndighetene sin tiltakspakke for å nå null netto avskoging i Amazonas innan 2020, vart lansert. Colombia er dermed det tredje landet som får betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog frå Klima- og skoginitiativet.

Colombias årlege avskogingsrapport for 2015, offentliggjort i august 2016, viste ein reduksjon i avskoginga nasjonalt på 12 pst. samanlikna med året før. Det vart òg rapportert om ein reduksjon i colombiansk Amazonas for tredje året på rad. Ifølgje den siste rapporten offentliggjort av Colombia Institutt for meteorologi og miljøstudiar (IDEAM), auka likevel avskoginga i Colombia frå 1240 km² i 2015 til 1790 km² i 2016. Dette er ei venta utvikling. Mange av områda med avskoging fell saman med områda der FARC har trekt seg ut.

Avskoginga auka i alle landets regionar, og nærare 40 pst. av avskoginga skjedde i colombiansk Amazonas. Ifølgje colombianske myndigheiter skuldast avskoginga i 2016 først og fremst ulovleg okkupering av land og landspekulering i venting på betre investeringsklima, infrastruktur og marknadstilgang som følgje av freden. Konvertering av skog til beitemark, handel med illegalt tømmer, ulovleg dyrking av koka og ulovleg gruvedrift har òg auka i fleire område.

Colombianske myndigheiter har vore førebudde på at trusselen mot regnskogen kunne auke med fredsprosessen. For å handtere situasjonen sette colombianske myndigheiter i løpet av 2016 i gang ei rekkje tiltak for å stoppe avskoginga. Desse inkluderer oppretting av spesialeiningar nasjonalt og regionalt som slår ned på ulovleg avskoging, tiltak for å fremje ein berekraftig landbruksøkonomi, tiltak for å stanse utvidinga av landbruket inn i skogsområdet, nye program for berekraftige inntektsalternativ og skogbevaring for lokalbefolkninga, nye fiskale verkemiddel (under dette karbonskatt), lov om betaling for økosystemtenester og reformer i arealplanlegging, inkludert tiltak for redusert avskoging i ulike sektorar som gruvedrift og vegbygging. Tiltaka er resultat på milestolpa «effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk» i Klima- og skoginitiativet sitt strategiske rammeverk, sjå boks 7.3.

I 2016 utbetalte Noreg 105 mill. kroner til Colombia gjennom Tysklands REDD Early Movers Program. Noreg betalte for om lag 2 mill. tonn reduserte klimagassutslepp på grunn av redusert avskoging i Amazonas i 2013 og 2014.

Peru

Peru er verdas fjerde største regnskogland med 693 807 km² naturskog. Samanlikna med andre land i regionen har Peru hatt låg avskoging, men den er likevel betydeleg. Mellom 2001 og 2014 forsvann 16 531 km² skog. Dette er eit område på størrelse med heile Hordaland fylke. I gjennom-

snitt slepp Peru årleg ut 53 mill. tonn CO₂, om lag like mykje som Noregs årlege klimagassutslepp, som eit direkte resultat av avskoginga. Avskoginga skuldast landbruk, ulovleg gullgraving og vegbygging. I tillegg kjem utslepp som følgje av degradering av skog. Ein viktig del av degraderinga skuldast ulovleg, ikkje berekraftig hogst.

I avtala som Peru, Tyskland og Noreg signerte i 2014 forpliktar Peru seg til å medverke til betydelege utsleppsreduksjonar frå avskoging og skogdegradering og til målretta og ambisiøse tiltak for å redusere avskoging. Dei sette vidare mål om å gjere skog- og landbrukssektoren klimanøytral innan 2021, og å anerkjenne urfolks krav til skogområde. Noreg lova å medverke med inntil 1,8 mrd. kroner innan 2020 dersom Peru leverer på sin del av avtala. Av midlane er 1,5 mrd. kroner reservert betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar.

Omtrent halvparten av Perus nasjonale klimagassutslepp kjem frå arealbruksendringar og då særleg avskoging. Peru har som mål å redusere nasjonale klimagassutslepp med 20 pst. innan 2030, eller 30 pst. innan 2030 gitt internasjonal finansiering.

I tillegg til å ratifisere Paris-avtala, vedtok Peru i 2016 ein nasjonal klima- og skogstrategi – eit resultat av eit breitt tversektorielt samarbeid og ein open og deltakande prosess. Dette utgjer eit resultat under Klima- og skoginitiativets milestolpe 'policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland', sjå boks 7.3.

For å betre det nasjonale systemet for skogovervaking, utarbeidde peruanske myndigheiter i 2016 eit varslingsystem for avskoging som gir varsel kvar 8. dag. Dette systemet kan lastast ned på ein applikasjon tilgjengeleg for alle. Systemet er eit resultat under milestolpa «system for måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skog er etablert» i Klima- og skoginitiativet sitt resultatrammeverk. Kombinert med ei lov vedteken i 2016 om tiltak mot ulovleg hogst og handel med ulovleg tømmer, og ei lov som skjerpa straffesammene, har peruanske myndigheiter no gode verktøy for å overvake skogen og å slå ned på miljøkriminalitet. Dette førte til fleire pågripingar i 2016, blant anna av politimenn og tilsette i fylkesadministrasjonen. Peruanske myndigheiter gjekk òg ut og annonserte at dei ønsker å trappe opp kampen mot ulovleg hogst gjennom etablering av eit sporingssystem for tømmer. Ifølgje Verdsbanken er om lag 80 pst. av alt tømmer som blir eksportert frå Peru ulovleg.

I mai 2016 var tre reservat for frivillig isolerte urfolk på til saman 1500 km² gradert opp til

urfolksterritorium. Dette vil medverke til sterkare juridisk vern av områda. WWF i Peru fekk i 2016 støtte frå Klima- og skoginitiativet, og var ein viktig pådrivar i dette arbeidet. Det eksisterer i dag fem urfolksterritorium som dekkjer eit område på 28 000 km². Regnskogen i territoria for frivillig isolerte urfolk har tilnærma inga avskoging. Å opprette urfolksterritorium er derfor eit viktig tiltak for å ta vare på regnskogen og samtidig beskytte nokre av verdas mest sårbare folkegrupper. Det representerer òg eit konkret resultat under Klima- og skoginitiativet sitt resultatrammeverk og indikator «delen av areal med avklarte, likeverdige rettsforhold, inkludert for urfolk og kvinner».

For å markere Perus gode resultat vart det i 2016 inngått ein avtale med UNDP på 50 mill. kroner. Pengane skal nyttast til å styrkje urfolks landrettar, auke innsatsen mot ulovleg hogst og betre arealbruken i Amazonas.

Til trass for mange viktige tiltak, er hovudutfordringa å redusere avskoginga. I 2015 var avskoginga på omtrent 1 560 km². Samanlikna med 2014 var dette ein nedgang på 11 pst. Avskoginga var likevel betydelig høgare enn det historiske gjennomsnittet i perioden 2001 til 2014. Avskoginga var på eit tilsvarende nivå også i 2016, blant anna på grunn av ei rekkje skogbrannar.

I 2016 vart det utbetalt 55,5 mill. kroner til Peru. Midlane vart kanaliserte gjennom UNDP og WWF.

Kongobassenget

I Kongobassenget finst verdas nest største regnskog etter Amazonas. Kongobassenget omfattar Den demokratiske republikken Kongo (DRK), Republikken Kongo, Kamerun, Gabon, Ekvatorial-Guinea og Den Sentral-afrikanske Republikken. Avskoginga i Kongobassenget har historisk vore relativt låg, men er no sterkt aukande. Både delen skog og avskogingsraten er høgst i DRK. Her er svedjejordbruk den viktigaste årsaka til avskoging, etterfølgt av produksjon av trekol rundt dei største byane. Ulovleg hogst er også ei medverkande årsak til avskoging. Sterk befolkningsvekst og fattigdom er viktigaste underliggjande årsaker.

Landa i regionen har store utfordringar. Mange lever i fattigdom, styresettet er svakt og offentlege institusjonar manglar kapasitet. I tillegg er enkelte av landa ramma av konflikt.

Støtte til Kongobassenget frå Klima- og skoginitiativet vart fram til 2015 hovudsakleg kanalisert gjennom Congo Basin Forest Fund (CBFF),

USAID-programmet CARPE, og FN-organisasjonar og Verdsbanken.

Etter norsk initiativ vart fleirgivarfondet Central African Forest Initiative (CAFI) lansert i 2015, og i april 2016 inngitt CAFI ei intensjonsavtale med DRK om støtte til landets nasjonale REDD+ fond (FONAREDD). Både CAFI-fondet og FONAREDD er forvalta av FN. Fondets styre godkjente i 2016 dei fire første programma med CAFI-finansiering. I tillegg til representantar for sivilt samfunn, privat sektor og givarar er seks ministrar representert i fondets styre, med finansministeren som styreleiar. Vedtak blir fatta samrøystes, og alle program blir implementerte av FN-organisasjonar og Verdsbanken, og bilaterale givarar. Fondet er innretta på å handtere finansiell risiko og sikre solid og resultatorientert finansforvaltning. Modalitetane rundt finansforvaltning og rapportering er basert på mest mogleg transparens og kontroll over pengeflyten, i tråd med Noregs nulltoleranse for korrupsjon og økonomisk misleg-hald.

Alle mottakarar av pengar frå CAFI må informere om korleis sikringsmekanismer er adresserte og respekterte. Sikringsmekanismane skal sikra berekrafta i tiltak for å redusere utslepp frå skog; mellom anna gjennom at tiltaka er i tråd med nasjonale prioriteringar elles, at urfolks og andre skogfolks rettar er ivaretekne og at biomangfaldet blir halde ved lag.

Støtta frå CAFI går til både politikktutvikling og sektorreform, og også til såkalla integrerte provinsprogram som tek sikte på å medverke til utsleppsreduksjonar, jf. Klima- og skoginitiativet sitt strategiske rammeverk og milestolpar om å høvesvis utvikle og gjennomføre policy for berekraftig skog- og arealbruk, sjå boks 7.3. Programma skal vurderast etter fleire kriterium, deriblant ivaretaking av naturskog.

I tillegg til DRK har Republikken Kongo, Ekvatorial Guinea, Kamerun og Den sentralafrikanske republikk fått mindre tilskot frå CAFI til å utarbeide nasjonale investeringsplanar for REDD+.

CBFF vart lansert i 2008. Fondet hatt ei rekkje operasjonelle utfordringar, og det norske engasjementet i CBFF er under avvikling. Ei evaluering som begynte i 2016 vil trekkje ut dei mest relevante lærdommane frå samarbeidet. Evalueringsavdelinga i Norad har medverka i referansegruppa på vegner av givarane.

Programmet CARPE opererer i sju store landområde i DRK og eitt i Republikken Kongo. I 2016 støtta programmet etableringa og implementeringa av lokale arealbruksplanar gjennom deltakande prosessar og planane vil blant anna danne

utgangspunkt for pilotar for lokalsamfunnsbasert skogforvaltning. Programmet har på denne måten medverka til Klima- og skoginitiativets milestolpar «effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk» og «betre styresett i skog- og arealforvaltning». USAID anslår, basert på ein modell utarbeidd i samarbeid med Winrock International, at programmet har medverka til å unngå CO₂-utslepp på ca. 14,5 mill. tonn.

For å auke nærværet til Klima- og skoginitiativet i regionen, vart ambassadeseksjonen i Kinshasa styrka med ein spesialutsending for klima og skog hausten 2016.

I 2016 utbetalte Noreg gjennom Klima- og skoginitiativet totalt om lag 360 mill. kroner til regionen, hovudsakeleg kanalisert gjennom CAFI og i nokon grad CARPE.

Etiopia

Etiopias landareal er over ein million kvadratkilometer, som omtrent svarer til størrelsen på Frankrike og Spania til saman. Det bur om lag 100 mill. menneske i landet. Til trass for ein årleg økonomisk vekst på over 10 pst. dei siste åra, er Etiopia framleis eitt av verdas fattigaste land.

Etiopia har både savanneskog og annan naturskog. I skogane finst ei rekkje endemiske plante- og dyrearter, og dei fungerer også som naturlege vasstårn for våtmarker og elvesystem som forsyner millionar av etiopiarar med straum, drikkevatt og kunstig vatning til jordbruk. Skogane sikrar dessutan lokalt mikroklima, dei forsyner landsbyar med bioenergi og medverkar til å binde jordsmonn der det blir dyrka mat.

Etiopia har utarbeidd ein strategi for grøn økonomisk utvikling (Climate Resilient Green Economy (CRGE) Strategy). Landet tek sikte på å nå status som mellominntektsland innan 2025 utan at utsleppa av klimagassar aukar. For å oppnå dette planlegg landet å unngå drivhusgassutslepp på 255 mill. tonn CO₂ innan 2030, samanlikna med dagens utsleppsprognosar. Halvparten av utsleppa skal unngåast ved å beskytte og restaurere skog. Etiopia viser slik korleis skogbevaring og auka opptak av karbon i skog kan vere ein del av ein plan for økonomisk vekst. Dette gjer landet til eit eksempel for andre utviklingsland.

I august 2013 signerte Noreg og Etiopia ei avtale om gjennomføring av nasjonale planar for REDD+ for perioden 2013–2020. Gjennom å støtte Etiopias CRGE-strategi ønsker Noreg å medverke til at dei lykkast med både å beskytte landets attverande naturskog, og å auke det eksisterande skogdekket.

I 2016 vart resultatata frå den første fasen av samarbeidet formelt godkjent av norske myndigheter. Dette inkluderte blant anna eit endeleg utkast til nasjonal REDD+-strategi, utarbeiding av eit nasjonalt institusjonelt rammeverk for REDD+, oppretting av ei eining for måling, rapportering og verifisering (MRV) av klimagassutslepp frå skog, innlevering av eit nasjonalt referansenivå for skog til FN's klimakonvensjon og utarbeiding av diverse instrument for å sikre at sosiale og miljømessige omsyn blir tekne vare på i REDD-arbeidet. Dette arbeidet representerer konkrete resultat under Klima- og skoginitiativets resultat rammeverk på milestolpar om «policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland» og «betre styresett i skog- og arealforvaltning», sjå boks 7.3.

I april 2016 fekk Noreg eit utkast til ein investeringsplan for den neste fasen i samarbeidet. Etiopiske myndigheter arbeidde gjennom andre halvdel av året med å vidareutvikle utkastet, med betrakteleg bistand frå konsulentar finansiert av Noreg. Denne planen vil utgjere grunnlaget for samarbeidet og norske bidrag i åra framover.

Noreg støttar Verdsbankens program for berekraftige skoglandskap (BioCarbon Fund Initiative for Sustainable Forest Landscape), som samarbeider med Etiopia om å redusere utslepp og skape nye inntekter frå skogen i regionen Oromia. Regionen er på storleik med Noreg og har 30 mill. innbyggjarar. Planlegginga av programmet vart så godt som ferdigstilt i 2016.

I 2016 inngikk Noreg ei avtale med sivilsamfunnsorganisasjonen Farm Africa. Støtta skal gå til å vidareføre deira arbeid med lokalsamfunn i Bale-regionen om berekraftig og deltakande skogforvaltning. Det vart òg gitt støtte til Wondo Genet College of Forestry under universitetet i Hawassa og Environment and Climate Research Center under Ethiopian Development Research Institute. Midlane skal nyttast til høvesvis å bygge kapasitet på MRV i skog, landbruks- og energisektoren – og på å implementere Etiopias grønne utviklingsstrategi.

Noreg utbetalte i 2016 til saman om lag 38 mill. kroner til Etiopia gjennom Klima- og skoginitiativet.

Liberia

Det samla skogarealet i Liberia er på størrelse med Danmark og utgjer omtrent 40 pst. av den attverande vestafrikanske regnskogen. Bevaring av desse skogane vil vere avgjerande for det uerstattelege naturmangfaldet, samtidig som det vil gi store klimagevinstar. Til trass for store

naturressursar, er Liberia eitt av verdas fattigaste land. Landet har eit prekært behov for økonomisk vekst og velferdsutvikling.

I 2014 inngjekk Noreg og Liberia ei avtale om bevaring av Liberias tropiske skog. Noreg skal blant anna medverke til betre forvaltning av skogen og grøn vekst i landet gjennom utvikling av landbruk utan avskoging. Støtta skal medverke til kamp mot fattigdom, redusert avskoging og mindre utslepp av klimagassar. Fram til 2020 skal Noreg betale Liberia opp til 1 mrd. kroner, avhengig av resultatene Liberia oppnår.

Liberia har store utfordringar med fattigdom, infrastruktur og offentleg forvaltning. Akutte sosiale og økonomiske behov gjer det vanskeleg for myndighetene å prioritere ressursar til styrking av statsadministrasjon og langsiktig skogforvaltning. I 2016 betalte derfor Noreg 40 mill. kroner i budsjettstøtte for å gi myndighetene handlingsrom til å oppretthalde forvaltingskapasiteten.

Til trass for den krevjande situasjonen har Liberia teke ei rekkje grep for å få kontroll over den industrielle tømmerhogsten og styrkje skogforvaltninga. Myndighetene har stansa tildelinga av industrielle hogstkonsesjonar og arbeider med å sikre at alt tømmer som blir hogge industrielt kan sporast. I 2016 starta dei også prosessen med å engasjere ein uavhengig tredjepart til å gjennomgå eksisterande hogstkonsesjonar.

Eit større program for å styrkje skogforvaltning og stimulere berekraftig økonomisk aktivitet i dei største skoglandskapa er utvikla i samarbeid med Verdsbanken. Prosjektet vil spesielt medverke til å betre forvaltninga av verdifulle verneområde og styrkje reformprosessen i skogforvaltninga. Denne går blant anna ut på å overføre formelle forvaltingsrettar til menneska som har sitt tradisjonelle levevis i og ved skogen. Prosjektet vart formelt starta opp i 2016. Prosjektet er eit resultat under milestolpa «effektiv gjennomføring av ny policy for berekraftig skog- og arealbruk» i Klima- og skoginitiativets strategiske rammeverk, sjå boks 7.3.

Det er utdelt store palmeoljekonsesjonar i Liberia, som potensielt kan medverke betydeleg til sysselsetjing og økonomisk utvikling. Samtidig er det store naturskogar og ei samansett befolkning i konsesjonsområda. I mars 2016 vart eit prosjekt for inkluderande og avskogingsfri produksjon av palmeolje lansert i Monrovia. Gjennom prosjektet vil store palmeoljeselskap som har forplikta seg til avskogingsfri produksjon samarbeide med lokalbefolkning og myndigheter om å utvikle delar av konsesjonsområda for lokalt eigarskap og drift, samtidig som viktige skogområde

blir bevarte. Klima- og skoginitiativet støttar prosjektet.

103 mill. kroner vart utbetalt til Liberia i 2016. Av desse vart 40 mill. utbetalt som budsjettstøtte, mens 63 mill. er avsett til prosjektet i regi av Verdsbanken.

Guyana

Guyanas 185 000 km² med skog dekkjer eit område fire gonger så stort som Danmark. Guyana høyrer til ei anna geologisk sone enn Amazonasbasenget og har nokre av verdas best bevarte regnskogsområde. Avskoginga i Guyana er svært låg både i regional og global samanheng.

Målet for samarbeidet mellom Guyana og Noreg er at avskoginga skal halde fram med å vere låg. Samarbeidet med Guyana er dessutan viktig for å ta vare på eit rikt naturmangfald og for å medverke til berekraftig utvikling for menneska i landet. Betra styresett i Guyanas skogsektor er også eit viktig mål for samarbeidet. Guyanas klimagassutslepp kjem hovudsakleg frå utslepp frå energisektoren. Det er risiko for at desse vil auke framover. Utvikling av rein og fornybar energi er derfor ein viktig pilar i partnerskapet.

Hittil har Noreg utbetalt i underkant av 400 mill. kroner til eit fond i Verdsbanken (Guyana REDD+ Investment Fund – GRIF) som går til å gjennomføre prosjekt i tråd med landets grøne utviklingsstrategi. Gjennom prosjekta har fleire små og mellomstore klimavennlege bedrifter fått høve til å starte opp både i byane og i urfolksområde. Klimatilpassingstiltak er òg sett i gang. Avtala med Verdsbanken om GRIF vart i 2016 forlenga med fem nye år, ut 2021.

Den førre regjeringa i Guyana ønska å utvikle eit vasskraftverk i fossen Amaila Falls for å erstatte ein stor del av landets utslepp frå fossile kjelder. Noreg inngjekk derfor ei avtale med Den interamerikanske utviklingsbanken om å støtte utbygginga av vasskraftverket med 590 mill. kroner. Den noverande regjeringa vurderer om den ønskjer å byggje ut dette vasskraftverket, satse på andre vasskraftverk i kombinasjon med sol og vindkraft eller andre energikjelder. Noreg støtta i 2016 ein gjennomgang av det planlagde Amaila Falls-vasskraftverket gjort av konsultentselskapet Norconsult. Gjennomgangen viste at Amaila Falls framleis er det beste alternativet for å vesentleg redusere utslepp frå fossile kjelder, men også at det må gjerast nokre grep for å betre prosjektet. Avtala med Den interamerikanske utviklingsbanken vart i 2016 forlenga med tre år, ut 2019. Utbygging av vasskraftverket i Amaila Falls er på

vent og det norske bidraget vil ikkje bli teke i bruk før Guyana har levert ein truverdig plan for korleis landet kan nå sine mål om nær 100 pst. rein og fornybar energi innan 2025.

Guyana Forestry Commission (GFC) er ansvarleg for overvaking av skogane i landet. I løpet av relativt kort tid har GFC utvikla eit av dei beste systema for skogovervaking i tropane. Dei siste tala tilgjengeleg frå kommisjonen er resultatata for avskoging i 2014. Tala viste at Guyana hadde ei avskoging på 0,65 promille. Det er omtrent det same som året før.

I 2016 utbetalte Noreg gjennom Klima- og skoginitiativet ca. 11,7 mill. kroner til Guyana i hovudsak som støtte til Guyanas forhandlingar med EU om korleis landet skal sikre at all tømmereksport er basert på lovleg hogd tømmer. I tillegg innleia Klima- og skoginitiativet et samarbeid med tre sivilsamfunnsorganisasjonar som er aktive i Guyana over støtteordninga for sivile samfunnsorganisasjonar. Samarbeida har som mål å redusere avskoging som skuldast gruvedrift, sikre urfolks rettar til tradisjonelle skogområde og styrkje deira rolle i skogforvaltninga.

Vietnam

Vietnam har svært variert topografi, klima og jordsmonn, med ei lang kystlinje, regnskog, høga-religgjande tempererte område og fjell, og store elvedelta i nord og sør. Mekongregionen, som landet utgjer ein del av, er blant områda i verda med størst mangfald av sjeldne dyre- og plantearter.

Mellom 1943 og 1990 vart skogdekket i Vietnam redusert frå 43 til 27 pst. som følgje av krig og folkeauke. Sjølv om det totale skogdekket igjen har auka til meir enn 40 pst. som følgje av omfattande skogplanting, har avskoging og skogdegradering i attverande naturskog halde fram. Dette skuldast blant anna konvertering til kommersielt plantasjejordbruk og tømmerplantasjar. Intakt naturskog utgjer no mindre enn ein pst. av skogane i landet.

Noreg har sidan 2012 hatt ei klima- og skogavtale med Vietnam gjennom UN-REDD. Avtala omfattar totalt støtte på 180 mill. kroner til Vietnams førebuaende arbeid for å redusere klimagassutslepp frå avskoging. Implementering av samarbeidet har vore utfordrande og prega av svak framdrift.

I løpet av 2016 var det likevel god framgang i programmet. Spesielt gjeld dette arbeidet knytt til nasjonal policyutvikling, måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå skog, og implementering av REDD+ på lokalt nivå. Eit av

dei viktigaste resultatata i 2016 var utarbeiding av ein revidert nasjonal handlingsplan for REDD+ fram til 2020. Arbeidet representerer eit betydeleg resultat under Klima- og skoginitiativets indikator «dokumenterte endringar i lover, forskrifter og policyutforming», under milestolpa «policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland» i klima- og skoginitiativet sitt strategiske rammeverk, sjå boks 7.3. Handlingsplanen er utarbeidd i tett samarbeid mellom ulike myndigheiter og legg eit klart ansvar for gjennomføring på ei rekkje aktørar også utanfor skogsektoren, ettersom jordbruk, infrastruktur og gruvedrift utgjer viktige drivkrefter bak avskoging. For at handlingsplanen skal føre til reelle endringar i skog- og arealbruk må likevel vietnamesiske myndigheiter mobilisere naudsynte økonomiske ressursar og effektivt involvere privat sektor og lokalsamfunn i gjennomføringa.

Vietnamesiske myndigheiter gjorde i 2016 framsteg i arbeidet med å identifisere gap i lovverket, policy og reguleringar med sikte på å etablere eit system for å rapportere på sikringsmekanismer til FN's klimakonvensjon. Sikringsmekanismane skal syte for transparens i forvaltning av skog, at etniske minoritetar ikkje blir skadelidande som følgje av tiltak for å redusere utslepp og auke opptak av karbon i skog, og at naturskog og biologisk mangfald ikkje blir ytterlegare redusert. UN-REDD støtta i 2016 opprettinga av eit nettverk for involvering av etniske minoritetar i REDD+, og vidareførte forsøk med lokal forvaltning av naturressursar. Dette arbeidet medverkar med resultat opp mot Klima- og skoginitiativets milestolpe 'betre styresett i skog- og arealforvaltning'. Sjølv om klima- og skogsamarbeidet har gitt auka rom for deltaking av sivilsamfunn og minoritetsgrupper, er sivilsamfunn framleis strengt kontrollert og har liten innverknad på avgjersler om skog- og arealbruk i Vietnam.

Vietnams treforedlingsindustri er blant verdas største, men importerer ein stor del av råvarene. Reduksjon av illegal hogst og handel med tømmer i Mekongregionen er derfor eit viktig element i klima- og skogsamarbeidet med Vietnam. I 2016 konkluderte Vietnam og EU forhandlingane om ei avtale som skal sikre at berre lovleg importerte og produserte tømmer- og treprodukt blir eksporterte til EU. Avtala er eit viktig resultat under Klima- og skoginitiativets milestolpe 'policy for berekraftig skog- og arealbruk i skogland'. UN-REDD har i 2016 medverka til forhandlingane gjennom utvikling av eit system for sporing for å sikre at tømmeret er lovleg.

Ved utgangen av 2016 hadde UN-REDD sitt Vietnam-program gjort framsteg mot å oppnå målsetjingane om å byggje nasjonal kapasitet for å redusere klimagassutslepp frå avskoging. Vietnam vil i løpet av 2017 vere godt posisjonert for å tiltrekkje seg resultatbasert støtte frå multilaterale kjelder, som for eksempel Verdsbanken eller Det grønne klimafondet. Samarbeidet med Noreg vil bli gradvis redusert i 2017 og 2018.

Klima- og skoginitiativet utbetalte til saman 35 mill. kroner til Vietnam i 2016. Pengane vart kanaliserte gjennom UN-REDD-programmet.

Tanzania

Rundt halvparten av Tanzanias samla areal er dekt av skog. Landet har stor variasjon av skogtypar, frå regnskog til tørr savanneskog.

Tanzania har høg avskoging. Nokre av dei viktigaste årsakene til dette er produksjon av trekol, rydding av skogen for å skaffe nytt jordbruksareal og bruk av ved til matlaging. Berre 15 pst. av befolkninga har tilgang til straum.

I april 2008 undertekna Noreg og Tanzania ei intensjonsavtale om samarbeid for å redusere avskoginga i landet. Noreg lova å støtte landet med inntil 500 mill. kroner over fem år. Igangsetjing av REDD+ i Tanzania tok betydeleg lenger tid enn venta. Den politiske støtta til arbeidet med REDD+ i landet vart svakare etter endringar i regjeringa i 2009. Etter at president Magufuli kom til makta i slutten av 2015 er klima framleis lågt prioritert av Tanzanias myndigheiter, sjølv om klima er spesifisert som eitt av fire prioriterte område. Samarbeidet med Tanzania har derfor blitt skalert kraftig ned dei siste åra.

Eit norskstøtta senter, National Carbon Monitoring Centre (NCMC), vart lansert i 2016. Senteret har fagleg støtte frå norske NIBIO og har blant anna levert Tanzanias referansenivå for skog (FREL) til Klimakonvensjonen. Når dette er verifisert vil det representere eit resultat under Klima- og skoginitiativets indikator «delen av skog med referansenivå utvikla og verifisert», under milestolpa «system for måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skog er etablert», sjå boks 7.3. NCMC har vidare potensial til å få fram sårt tiltrengt kunnskap om REDD+ til avgjerdstakarar i landet og dermed vere ein pådrivar for å få REDD+ høgare på dagsordenen.

I 2016 støtta Noreg også Forestry Training Institute (FTI). Instituttet medverkar til å auke kunnskapen om REDD+ gjennom yrkesutdanning på skogområdet.

Til saman utbetalte Noreg litt under 15 mill. kroner til Tanzania i 2016.

Støtte til sivil samfunn og kunnskapsproduksjon og formidling

Sivilsamfunnet er viktige aktørar i arbeidet for redusert avskoging. Sidan 2009 har Klima- og skoginitiativet hatt ei eiga tilskotsutlysning for tilskot til sivile samfunnsorganisasjonar. I 2016 inngjekk Norad 37 avtaler med sivilsamfunnsorganisasjonar for å vidareføre dette arbeidet. Det er utarbeida spesifikke mål for resultat av tilskotsordninga til sivil samfunn i perioden 2016–2020:

- At insentiv for å oppnå REDD+tiltak har blitt etablerte gjennom eit nytt internasjonalt klimaregime og/eller andre finansieringskanalar for klima-, miljø- og utvikling.
- At myndigheitene i prioriterte utviklingsland har implementert REDD+relatert politikk, tiltak og sikringsmekanismar, som eksempelvis politikk for grøn vekst, berekraftige inntektskjelder, arealplanlegging, urfolk og lokalsamfunns rettar og kvinners rettar.
- At private aktørar har implementert sosiale og miljømessige retningslinjer og rutinar som reduserer presset på skog, og dei private aktørane er engasjerte i globale offentleg-private partnerskap for å redusere avskoging.

Dei utvalde prosjekta er dei som venteleg best kan medverke til å nå desse måla, og porteføljen er inndelt i fire kategoriar som er spesielt viktige for å nå måla for ordninga: Internasjonal konsensus om REDD+, urfolks og skogavhengige folks rettar, avskogingsfrie forsyningskjeder og kamp mot skogkriminalitet. Då 2016 var prosjektperiodens første år, er det tidleg å rapportere på resultat. Likevel har det skjedd framsteg i 2016. Ti sivilsamfunnsorganisasjonar arbeider med å styrkje urfolk og andre skogavhengige folks rettar, noko som bidrar til resultat under milestolpa «betre styresett i gjennomføringa av skog- og arealforvaltning» i Klima- og skoginitiativet sitt strategiske rammeverk, sjå boks 7.3. I Indonesia medverka fleire til at President Joko Widodo for første gongen anerkjente at delar av landets regnskog høyrer til dei tradisjonelle folkegruppene som lever der. Sjølv om omfanget er noko avgrensa, er symbolverdien svært viktig.

Ni organisasjonar arbeider med avskogingsfrie verdikjeder i næringslivet. Minst fem direkte og indirekte tilskotsmottakarar har på ulikt vis medverka i den brasilianske delstaten Mato Grosso strategiarbeid for å redusere utslepp frå

avskoging med 90 pst. innan 2030. Dette bidrar til resultat under milestolpa «privat sektor arbeider mot avskoging» i Klima- og skoginitiativets strategiske rammeverk.

Åtte organisasjonar arbeider med handheving av lovverk for skogforvaltning. Ein av desse avdekka ulovleg hogst og eksport av tømmer frå Peru til USA. Lastene vart til slutt beslaglagt av amerikanske myndigheiter. Peru kunngjorde i 2016 at dei skal skjerpe kontrollen av ulovleg hogst og tømmerhandel.

Fem organisasjonar arbeider for internasjonal konsensus om REDD+. I 2016 har organisasjonane halde fram med sitt arbeid opp mot klimaforhandlingane i utforminga av regelverket og implementeringa dei nasjonale målsetjingane, for å medverke til at Paris-avtala blir eit effektivt verkemiddel for utsleppsreduksjonar frå skog.

I juni 2016 blei det tredje Oslo REDD Exchange gjennomført. Meir enn 500 deltakarar møttest i Oslo for å utveksle erfaringar og lære av kvarandre i arbeidet for berekraftig grønn utvikling og reduserte utslepp frå skog. Sivile samfunnsorganisasjonar, urfolksrepresentantar og miljø- og klimaministrar frå fleire av Klima- og skoginitiativet sine samarbeidsland var til stades, og statsminister Erna Solberg og påtroppande UNEP-leiar Erik Solheim opna konferansen.

Klima- og skoginitiativet støttar tre internasjonale organisasjonar med fokus på kunnskapsproduksjon og -formidling innan klima og skog. Arbeidet har mål om formidling av forskning, vitenskaplege artiklar, presseartiklar og produksjon av kunnskapsbaserte tv-program for å auke medvitnet rundt tematikken klima og skog.

I 2016 utbetalte Klima- og skoginitiativet ca. 267 mill. kroner i støtte til sivilsamfunn og ca. 25 mill. kroner til kunnskapsproduksjon og -formidling.

Multilaterale satsingar

Noreg har over fleire år gitt støtte til ulike multilaterale program gjennom FNs klima- og skogprogram (UN-REDD) og Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility (FCPF), og har medverka aktivt i utforminga av programma sin policy og gjennomføring. Totalt deltek meir enn 60 skogland i desse initiativa. Noreg har òg sidan 2013 støtta Initiative for Sustainable Forest Landscape (IFSL) under Verdsbanken. Initiativet har til hensikt å prøve ut ei landskapstilnærming med fokus på klimasmart landbruk og bevaring av naturskog i tropiske skogland. Det er viktig for Noreg at også innsats gjennom multilaterale

kanalar har eit nasjonalt fokus, og er retta mot å gi insentiv for varige nasjonale reformer i tråd med Klima- og skoginitiativet sin strategi. Organisasjonane skal hjelpe skoglanda til å setje i verk inkluderande prosessar, styrking av urfolks og andre skogfolks rettar, likestilling og ivaretaking av biologisk mangfald.

Etter ei avklaring rundt UN-REDDs økonomiske situasjon vart landprogram for Chile, Peru og Myanmar godkjende tidleg i 2016. I tråd med norske ønske vil UN-REDD framover konsentrere seg om færre skogland, som samtidig har vist politisk handlekraft til å gjennomføre REDD+.

I 2016 var seks av UN-REDDs partnerland nær ved å ferdigstille sine system for rapportering på sikringsmekanismar (SIS) til FNs klimakonvensjon. Eitt av desse var Mexico. I tillegg kom Colombia, Vietnam og Sri Lanka langt med å ferdigstille første rapportering, og Ecuador har alleie levert. Generelt er rolla til UN-REDD å rettleie landa med i utforme slike system, og syte for at landa kan lære av kvarandre. Dette er resultat under milestolpa «effektive sikringsmekanismar innarbeidde i finansierings-institusjonar for REDD+» og «betre styreset», i Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk, sjå boks 7.3.

Av dei 25 landa som har målt og innrapportert sitt skogdekke (referansenivå) til Klimakonvensjonen, har 70 pst. fått støtte frå UN-REDD. Gjennom støtta får landa høve til å lære av og gi tilbakemelding til andre land, teknisk støtte til å forstå og følge regelverket for rapportering og sende forslaga ut på opne høyringsrundar. Honduras, Nepal og Papua Ny Guinea er blant landa som leverte sine referansenivå i 2016. Samla vil desse tiltaka medverke til betre system for måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skog, som er ein viktig milestolpe i Klima- og skoginitiativets resultatrammeverk.

I FCPF sitt Readinessfond har 22 av 45 tropiske skogland ferdigstilt midtvegsrapportar for førebuande arbeid for å utvikle nasjonale planar og system for REDD+. Åtte land har allereie ferdigstilt arbeidet.

I 2016 bestemte styret i FCPF's Karbonfond anten å vedta, eller vedta med vilkår, dei første programma for reduksjon av utslepp. DR Kongo, Costa Rica, Mexico og Chile vart alle valt inn i fondets investeringsportefølje og førebur seg til å skrive under på kjøpskontraktar med fondet. Til saman vil desse programma potensielt levere utsleppsreduksjonar inntil 71 mill. tonn over ein femårsperiode. Dette er ein viktig milestolpe i arbeidet opp mot Klima- og skoginitiativets mål om å medverke til utsleppsreduksjonar.

ISFL består av to hovudelement; eit støttefond (BioCarbon Fund Plus) og eit fond for resultatbaserte utbetalingar (Tranche 3). I 2016 ferdigstilte BioCarbon-fondet programdesign i alle tre godkjente land, Colombia, Etiopia og Zambia. I 2016 vart ein milestolpe nådd då Nespresso saman med BioCarbon-fondet signerte ei avtale med International Finance Corporation (IFC) under Verdsbankgruppa om korleis meir enn 60 000 etiopiske kaffibønder kan medverke til auka kaffiproduksjon med betre kvalitet, utan at dette fører til auka avskoging eller skogdegradering.

Noreg utbetalte 100 mill. kroner til multilaterale satsingar i 2016 gjennom Klima- og skoginitiativet.

Samarbeid med privat sektor

For å nå målet om å redusere avskoging i tropiske skogland må råvareprodusentar og næringsliv vere medspelarar. Landa sine mål om økonomisk vekst må nås utan at skogen forsvinn. Dette kan gjerast gjennom effektivisert landbruk, god skogforvaltning og samarbeid med selskapa som produserer råvarene. Dei siste åra har mange store selskap engasjert seg i kampen mot avskoging. I følge ein rapport frå organisasjonen Climate Focus som vart lansert i 2016, har meir enn 400 selskap påteke seg forpliktingar om å gjere forsyningskjedene sine avskogingsfrie sidan signeringa av New York Declaration on Forests i 2014. Mange av desse er i ferd med å gjennomføre konkrete tiltak.

I samarbeid med den nederlandske organisasjonen The Sustainable Trade Initiative (IDH) er det sett i gang arbeid for å utvikle innovative modellar for offentleg-privat samarbeid for å oppnå avskogingsfrie forsyningskjeder. IDHs arbeid skal føre til framgang på milestolpen knytt til «privat sektor arbeider mot avskoging» i Klima- og skoginitiativets strategiske rammeverk, sjå boks 7.3. Meir konkret går arbeidet ut på å fremje samarbeid mellom myndigheiter, lokalbefolkning og privat sektor for utvikling av avskogingsfritt jordbruk. IDH arbeider i utvalte landskap i Brasil, Indonesia og Liberia. Det vart i 2016 òg brukt ressursar på å utvikle eit fond som skal redusere risiko for private investorar som ønskjer å investere i inkluderande og avskogingsfrie landbruksproduksjon.

Noreg er ein aktiv deltakar i Tropical Forest Alliance (TFA), som er eit privat-offentleg samarbeid for å innføre avskogingsfrie verdikjeder for palmeolje, papirmasse, soya og biff innan 2020. Alliansen høyrer til under World Economic

Forum-paraplyen og består av deltakarar frå skogland, givarland, privat sektor og sivilsamfunn, inkludert urfolk. Alliansens fortrinn er at den samlar ulike samarbeid på tvers av aktørar og sektorar rundt felles målsetjingar. Den produserer kunnskap om korleis privat sektor kan bli avskogingsfri, respektere skogfolks rettar og bevare naturskog, samtidig som skoglanda oppnår økonomisk vekst og fattigdomsreduksjon. Slik kan alliansen hjelpe skogland å oppfylle fleire berekraftsmål for utvikling.

TFA utformar skreddarsyddede tiltak i dei tre store tropiske skogregionane. I 2016 vart Marra-kech-erklæringa for avskogingsfri palmeolje i Vest- og Sentral-Afrika underteikna av sju land med aktiv norsk støtte. Dette medverkar til Klima- og skoginitiativets milestolpe «policy for berekraftig skog og arealbruk». Det blir no utforma nasjonale handlingsplanar for oppfølging av erklæringa. TFA samla ei rekkje ulike aktørar til sin generalforsamling i Indonesia i mars 2016 og styrkte sitt arbeidet for å hjelpe småbønder i omlegging til avskogingsfri palmeolje. I Brasil har alliansens arbeid vore knytt opp mot den nasjonale koalisjonen av næringsliv og sivilsamfunn som arbeider for null avskoging og ein lovleg skogsektor, og til delstatar som ønskjer internasjonal støtte for å kunne bli avskogingsfrie. Alliansen innleia i 2016 dialog med Colombia om støtte til ei plattform for privat-offentleg samarbeid.

I 2016 utbetalte Klima- og skoginitiativet om lag 45 mill. kroner til IDH og TFA for arbeid knytt til privat sektor og redusert avskoging.

Fremje skogbevaring gjennom grøn vekst-porteføljor

Ei av hovudprioriteringane for Klima- og skoginitiativet er auka satsing på tiltak som medverkar til å redusere klimagassutslepp og berekraftig utvikling gjennom blant anna betra styresett i skog- og arealforvaltninga. Utvikling av planar for grøn vekst med sektorvise politiske verkemiddel, legg til rette for ei økonomisk utvikling som på sikt kan redusere klimagassutslepp og fattigdom.

I 2016 vidareførte Klima- og skoginitiativet støtta til Den globale kommisjonen for økonomi og klima og deira flaggskipprosjekt *New Climate Economy*. *New Climate Economy*-prosjektet utviklar kunnskap om og modellar for korleis økonomisk vekst kan skje på ein måte som samtidig er berekraftig og klimavennleg. Prosjektet leverte blant anna rapporten Better Growth, Better Climate i 2014, som skapte ein global debatt om vekst og klima som overlappande heller enn konkurrerande agendaer. I 2016 lanserte kommisjo-

nen rapporten *Financing for Better Growth and Development*, som peiker ut berekraftig infrastruktur som nøkkelen til å oppnå økonomisk vekst, til å nå berekraftmåla og til å redusere klimarisiko i tråd med klimaavtala som vart inngått i Paris i 2015.

Global Green Growth Institute (GGGI) medverkar til å etablere rammevilkår som vil ha stor betydning for kor varige dei endringane vil bli som innsatsen for REDD+ skaper. GGGI bistår myndigheiter med å utvikle planar og strategiar for utsleppsreduksjonar og betre klimatilpassing innan energi, byutvikling, vassressursforvaltning og arealforvaltning. I 2016 gjennomførte GGGI aktiviteter innan 34 prosjekt fordelt på 24 land. Eit eksempel er GGGIs støtte til Indonesias planleggingsdepartement og fem provinsar til utvikling av spesielle økonomiske soner, meir berekraftig landbruk og til å formulere provinsplanar som kan gi auka klimafinansiering dersom provinsane oppnår resultat i form av utsleppsreduksjonar. GGGI samarbeider tett med privat sektor for å redusere finansiell risiko for private aktørar ved investeringar i grøne prosjekt, og medverkar på denne måten til at fleire land har etablert finansieringsmekanismer for klimatiltak som inkluderer REDD+.

FN-initiativet *Partnership for Action on Green Economy* (PAGE) har som formål å leggje til rette for grøn vekst ved å hjelpe partnerland med å setje berekraftig økonomisk vekst i sentrum for økonomisk utvikling. I 2016 medverka PAGE til eit grønt skifte i samarbeidsland anten ved støtte til tversektorielle nasjonale planar og strategiar med mål om grøn vekst og med koplingar til berekraftmåla eller ved støtte til utvikling av nasjonale planar og politikk kopla til grøn vekst og berekraftmåla. PAGE medverka blant anna til at grøn vekst hadde framleis prioritet etter regjeringsskiftet i Peru i 2016. I mai organiserte PAGE eit nasjonalt forum om peruansk økonomi der begge dei peruanske presidentkandidatane debatterte grøn vekst. Som følgje av styremøtet i januar 2016, vart det vedteke at PAGE skal starte opp i tre nye land/regionar: Mato Grosso i Brasil, Barbados, og Kirgisistan.

Wealth Accounting and the Valuation of Ecosystem Services (WAVES) er eit globalt partnerskap som har som målsetjing å integrere nasjonale rekneskapar for naturkapital inn i planar for utvikling og vekst. I Colombia og Guatemala vart rekneskap for skog ferdigstilt i 2016 og kan nytast til å gi eit breiare bilde av skogens økonomiske og miljømessige verdi, informasjon om

årsaker til avskoging og om det samfunnsøkonomiske potensialet som ligg i vern av skogen.

I 2016 vart det utbetalt 44,5 mill. kroner frå budsjettposten til New Climate Economy, GGGI, PAGE og WAVES for å fremje skogbevaring gjennom grøn vekst.

Transparens

Auka transparens kring avskoging er eit at hovudsatsingsområda for Klima- og skoginitiativet. Ny teknologi og raskt fallande kostnader for satellittar og satellittinformasjon, gjer det mogeleg å overvake avskoging i nær sanntid. Saman med informasjon om landrettar, hogstkonsesjonar og finansstraumar gir dette nye moglegheiter for myndigheitar til å overhalde lovar, sivilsamfunnsorganisasjonar og urfolk til å drive kampanjar, og bedrifter til å bruke sin marknadsmakt og levere på forpliktingar om avskogingsfrie forsyningskjedar.

I tillegg er måling, rapportering og verifisering (MRV) er ein føresetnad for å kunne betale for utsleppsreduksjonar. Skoglanda må etablere eit system for å måle omfanget av klimagassutslepp frå skog, for så å rapportere tala til dei som skal betale for utsleppsreduksjonar. For at resultatata skal vere truverdege må dei verifiserast av ein uavhengig tredjepart. I 2016 vart det gitt støtte til fleire strategiske satsingar for å bidra til milepælen «system for måling, rapportering og verifisering av utslipp frå skog er etablert», sjå boks 7.3 strategisk rammeverk for Klima- og skoginitiativet.

Noreg er den største givaren til prosjektet *Global Forest Watch*, som gjer uavhengige analysar av verdas skogar gratis tilgjengelege via sine nettsider.

Det blir òg arbeidd for eit betre samarbeid mellom leverandørar og brukarar av satellittdata av skog, dette arbeidet blir utført med støtte frå Norsk Romsenter. Eit eksempel på slikt arbeid er å delta i det internasjonale nettverket Global Forest Observation Initiative for å syte for at leverandørane av satellittdata prioriterer å samle inn data om skogen, og at skoglanda har tilgang til god metoderettleing og kapasitetsbygging. Eit anna eksempel er Noregs støtte til eit prosjekt i FAO som gjer fjernmålingsdata tilgjengelege for tropiske skogland.

I tillegg til dette medverkar fleire av Klima- og skoginitiativet sitt partnerskap til å utvikle system for måling, rapportering og verifisering, som nemnt over i resultat 2016 mellom anna for Brasil, Peru og Etiopia.

Til saman vart det utbetalt 69 mill. kroner til overordna MRV og anna metodearbeid i 2016. Hovuddelen av midlane finansierte WRIs program *Global Forest Watch* og *Restoration Project* og FAOs *Satellite Data Management System*.

Oppfølging av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 103 av 3. desember 2015

Stortinget ber regjeringen spesielt rette innsats mot karbonrike skogtyper, eksempelvis innenlands våtmarksskoger, torvmyrskoger, og mangroveskoger innenfor en ramme på minst 30 mill. kroner.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av innstilling frå finanskomiteen Innst. 2 S (2015–2016), jf. Meld. St. 1 (2015–2016), Prop. 1 S (2015–2016), Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016), innstillingas tilråding romartal XXXVIII.

Desse skogtypene inneheld store mengder karbon som blir sleppt ut i atmosfæren dersom dei blir øydelagde, og er derfor svært viktige frå eit klima- og biomangfaldsperspektiv. Økosystema dei utgjer er også fundamentalt viktige for ei rekke andre økosystemtenester, som eksempelvis stabil vasstilgang, vern mot ekstremvær og som yngleplass for fisk. Klima- og skoginitiativet har derfor eit overordna mål om bevaring av naturskog og spesielt karbonrike skogtypar, og bevaring av slike skogtypar er gjennomgåande for heile porteføljen. I tillegg kan fleire spesifikke innsatsar trekkjast fram som døme på korleis regjeringa har følgd opp Stortingets vedtak. Hovudvekta av innsatsen har funne stad i Indonesia:

- Klima- og skoginitiativet støtta opprettinga av Indonesias direktorat for restaurering av torvmyr (Peat Restoration Agency) i 2016. Opprettinga av direktoratet var ein milestolpe i samarbeidsavtala med Indonesia, og utløyste ei utbetaling av tilskot frå Noreg på 215 mill. kroner.
- Klima- og skoginitiativet inngjekk i 2016 ei femåring avtale med World Resources Institute (WRI) i Indonesia. WRI skal støtte Peat Restoration Agency i deira arbeid med betre forvaltning av torvmyrområde, restaurering av alleie øydelagde torvmyrområde og betre system for overvaking av skog- og torvmyrområde.
- Klima- og skoginitiativet har i fleire år også støtta WRI og International Union for the Conservation of Nature (IUCN) sitt arbeid med å auke merksemda rundt- og omfanget av restau-

tering av skog internasjonalt. I prosjektet inngår blant anna arbeid med å auke merksemda rundt potensialet for restaurering av mangrovar i Indonesia.

- Saman med Storbritannia støttar Klima- og skoginitiativet Zoological Society London i deira arbeid i Indonesia. Prosjektet har brei tematikk, men arbeid med å opprette samarbeidsforum for vern av mangroveskog, og utvikling av planar for berekraftig utvikling av kystområde, utgjer ein viktig del av prosjektet. Arbeidet går føre seg i provinsen Sør-Sumatra.
- Klima- og skoginitiativet støttar òg The Sustainable Trade Initiative (IDH) i deira arbeid i den indonesiske provinsen Vest-Kalimantan. I dette prosjektet ønskjer ein blant anna å få oppretta ein «Coastal Forest Management Unit» som skal betre forvaltninga av mangroveskog og annan kystskog.

I tillegg har Klima- og skoginitiativet medverka til innsats for bevaring og restaurering av mangrovar i provinsen Ca Mau i Vietnam.

I 2016 starta Klima- og skoginitiativet eit arbeid for å sjå på korleis den strategiske innsatsen for styrkt forvaltning av mangroveskogar på tvers av landegrenser kan styrkjast. Arbeidet held fram i 2017, og vil bli rapportert i Prop. 1 S (2018–2019). Klima- og skoginitiativet arbeider òg kontinuerleg gjennom sin dialog med samarbeidspartnarar for at tiltak for bevaring av naturskog, torvmyr og mangroveskog skal reflekterast i nasjonale strategiar og programdokument i våre partnerland og i multilaterale mekanismar som Noreg er ein del av.

I 2016 utbetalte Klima- og skoginitiativet 215 mill. kroner gjennom Verdsbanken til Indonesias torvmyrdirektorat, og om lag 38 mill. kroner gjennom WRI til kartlegging av torvmyrområde i Indonesia. Klima- og skoginitiativet utbetalte i 2016 òg ca. 3 mill. kroner til innsats for bevaring og restaurering av torvmyr i Vietnam gjennom UN-REDD.

Vedtak nr. 894, 14. juni 2016

Stortinget ber regjeringen, før dialogen om økte ambisjoner i 2018, komme til Stortinget med en sak om Norges forslag til forsterkede mål – som utgangspunkt for prosessen for å oppnå Paris-avtalens formål.

Vedtaket vart fatta ved Stortinget si behandling av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifi-

kasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016), innstillingas romartal I. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget om moglege forsterka mål før dialogen om partane sin kollektive innsats for å redusere utslepp under klimakonferansen i 2018.

Vedtak nr. 895, 14. juni 2016

Stortinget ber regjeringa legge frem en sak til Stortinget om Norges endelige nasjonalt fastsatte bidrag for perioden 2021–2030 så raskt som mulig etter at forhandlingene med EU om felles oppfyllelse er avsluttet, og i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016), innstillingas romartal II. Regjeringa vil vurdere Noregs endelege nasjonalt fastsatte bidrag for perioden 2021–2030, og komme tilbake til Stortinget om dette så raskt som mogeleg og i god tid før fristen for innmelding av slike bidrag i 2020.

Vedtak nr. 897, 14. juni 2016

Stortinget ber regjeringa legge til grunn at Norge skal sørge for klimareduksjoner tilsva-

rende norske utslipp fra og med 1. januar 2030, og at klimanøytralitet kan oppnås gjennom EUs kvotemarked, internasjonalt samarbeid om utslippsreduksjoner, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid.

Stortinget fatta vedtaket ved behandling av proposisjonen til Stortinget om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala (Innst. 407 S (2015–2016), jf. Prop. 115 S (2015–2016), innstillingas romartal IV. På grunnlag av innstillinga til proposisjonen om samtykke til ratifikasjon av Parisavtala, Innst. 407 S (2015–2016), har Stortinget vedteke at Regjeringa skal leggje til grunn at Noreg frå og med 2030 skal vere klimanøytralt. Frå 1. januar 2030 skal norske utslepp av klimagassar motsvarast av reduksjonar i andre land gjennom EUs kvotemarknad, internasjonalt samarbeid om utsleppsreduksjonar, kvotehandel og prosjektbasert samarbeid. Oppfølginga av oppmodingsvedtaket frå Stortinget om at Noreg skal vere klimanøytralt i 2030 er tett knytt til prosessane om felles gjennomføring med EU og forhandlingane under Parisavtalas artikkel 6 om internasjonalt samarbeid. Regjeringa følgjer opp dette vedtaket og vil komme tilbake til Stortinget med planane for gjennomføringa på eit eigna tidspunkt etter at regelverket rundt EUs innsatsfordelingsforordning er klart.

Del III
Omtale av særlege tema

8 Omtale av særskilte sektorovergripande klima- og miljøsaker

8.1 Klima og miljøpolitikk i departementa

8.1.1 Arbeids- og sosialdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Det er ei overordna målsetjing å sikre eit trygt arbeidsmiljø i norsk arbeidsliv. Kunnskap knytt til arbeidsmiljø- og helse, som blant anna Statens arbeidsmiljøinstitutt medverkar til, vil ein truleg kunne overføre til ytre miljø, for eksempel når det gjeld kjemiske og biologiske eksponeringar, mekanismar og helseeffektar. Førebygging av forureining frå petroleumsverksemda er eit viktig bidrag frå Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) til regjeringas heilskapelege arbeid med klima og miljø. Hovudtyngda av ASDs klima- og miljøinnsats ligg på resultatområdet for *forureining*.

Arbeidsmiljø- og tryggleiksmyndigheitene sitt tilsyn med petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel og på enkelte landanlegg blir utført av Petroleumstilsynet. Petroleumsverksemda er strengt regulert når det gjeld helse, miljø og tryggleik. I regelverket er det stilt robuste krav til utforming av utstyr og anlegg, som blant anna inneber krav til barrierar mot ulykker og uønskte hendingar som kan føre til akutt forureining. Petroleumstilsynets oppfølging av at petroleumsverksemda følgjer krava i regelverket medverkar til å halde ved lag eit høgt nivå på tryggleik og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda, og medverkar til å førebyggje akutt forureining til sjø og til luft og samtidig byggje opp under dei nasjonale måla i klima- og miljøpolitikken.

Rapport 2015/2016

Gjennom arbeidet med «Risikonivå i norsk petroleumsvirksomhet» RNNP overvakar Petroleumstilsynet trendar for uønskte hendingar og ulykker i petroleumsverksemda. Arbeidet gir viktig informasjon for å kunne betre effekten av tryggleiksarbeidet og redusere risikoen for akutt forureining. Talet på akutte råoljeutslepp er redusert i perio-

den 2001–2015, men det er ingen trend i utviklinga for større hendingar eller årleg mengde akutte råoljeutslepp. Talet på hendingar som kunne ha gitt akutte råoljeutslepp har også gått ned, men det er ingen trend i utviklinga for hendingane sitt potensiale for akutte råoljeutslepp. I 2015 var det 19 akutte råoljeutslepp på norsk sokkel, der dei fleste hadde eit volum på under 0,1 tonn. Det er framleis behov for merksemd knytt til førebygging av akutt forureining i arbeidet med tryggleik i norsk petroleumsverksemd.

Vidare arbeid

Petroleumstilsynet vil arbeide vidare med å utvikle og forvalte tryggleiksregelverket slik at krav til teknologi, operasjonar og styring av verksemdene i petroleumssektoren underbyggjer nasjonale og regionale miljømål og klimapolitikken. Førebygging av akutt forureining blir følgt opp i tilsynet, i trepartsforum og i samarbeid med andre myndigheiter. Petroleumstilsynet vil òg føre vidare eit aktivt samarbeid med andre etatar i samband med utvikling og oppfølging av heilskapelege forvaltingsplanar for dei norske havområda.

8.1.2 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Miljøområde, miljømål og miljøutfordringar

Alt forbruk har direkte eller indirekte konsekvensar for miljø og klima. Dei siste tiåra har det vore ein stor auke i det samla forbruket til norske hushald. Målretta informasjon om miljømessige og sosiale aspekt ved varer og tenester gir forbrukarane høve til å velje produkt som gir minst mogleg negativ verknad på miljøet og ressursane. Etterspurnad etter slike produkt kan påverke næringsdrivande til i større grad å ta omsyn til berekraft ved avgjerder om investeringar og produksjon.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) arbeider for å leggje til rette, forenkle og standardisere informasjon om miljømessige aspekt ved forbruket. Dei offisielle merkeordningane Svana og EU Ecolabel er viktige verktøy for å gjere miljømedvitne val. Departementet har som mål at talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden skal auke, og at forbrukarane i større grad skal spørje etter slike.

Rapport for 2016

I 2016 var det ein solid auke i svanemerkte produkt på den norske marknaden; frå 12 589 ved utgangen av 2015 til 15 339 ved utgangen av 2016. Arbeidet til Miljømerking har medverka til at fleire produkt blir produserte etter strenge miljøkrav.

Plan for vidare arbeid

BLD vil i 2018 halde fram med å støtte opp under dei offisielle merkeordningane Svana og EU Ecolabel som viktige verktøy for miljømedvitne val. Målet er å auke talet på miljømerkte produkt på den norske marknaden.

Det er tverrpolitisk semje om å arbeide for å redusere matsvinnet i Noreg. Den største delen av matsvinnet, om lag 61 pst., kjem frå private hushald. Departementet vil i 2018 arbeide vidare med fire andre departement og matbransjen gjennom ein ny bransjeavtale om å redusere matsvinnet i samfunnet.

8.1.3 Finansdepartementet

For at ressursane i samfunnet skal nyttast effektivt må omsyn til klima, miljø og andre eksterne effektar reknast med i økonomiske avgjerder. Økonomiske verkemiddel, som til dømes prising av miljøskadelege utslepp til luft og vatn, gir insentiv til avgjerdestakarar på alle nivå og i alle sektorar om å ta omsyn til miljøet. Hovudverkemidla i klimapolitikken er avgifter og deltaking i det europeiske systemet for handel med utsleppskvotar som gir eit fastlagt tak for utslepp. Desse verkemidla set ein pris på utslepp av klimagassar og medverkar dermed til endringar i produksjons- og forbruksmønster over tid. Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Rett utforma miljøavgifter gir tildriv til å minske utsleppa der det er billegast og sikrar at forureinar betaler.

Globalt er det energiforsyninga som er den største kjelda til utslepp av klimagassar, men

Noreg er eit føregangsland fordi straumen vår kjem frå vasskraft og fordi vi er verdsleiande på lågutsleppsbilar. I dag er over 80 pst. av norske klimagassutslepp underlagt avgifter eller kvoteplikt. I tillegg til moglegheitene som ligg det europeiske kvotesystemet EU-ETS ønskjer regjeringa at Noreg òg skal kunne kjøpe utsleppskutt direkte i andre europeiske land.

I 2018-budsjettet fremjar regjeringa forslag som forsterkar klima- og miljøinnretninga på avgiftssystemet. Regjeringa foreslår mellom anna å gjere CO₂-avgifta meir kostnadseffektiv ved å fjerne fritak og låge satsar. Med dette følgjer regjeringa opp forslag frå Grøn skattekommissjon, jf. NOU 2015:15 *Sett pris på miljøet*, slik at miljøskadar vert prisa på ein betre måte.

Utsleppa frå dei sektorane som får innført eller auka CO₂-avgift utgjer anslagsvis 0,6 mill. tonn CO₂ årleg. Det er venta at forslaget vil gi reduserte utslepp, men det er usikkert kor store utsleppsreduksjonane vil kunne bli. Utsleppsreduksjonane vil vere større på lang sikt fordi avgifta vil stimulere til meir miljøvennleg teknologi. Eventuell effekt av ny innovasjon og teknologitviking vil òg komme på sikt.

8.1.4 Forsvarsdepartementet

Det er eit overordna mål for Forsvarsdepartementet (FD) at forsvarssektoren si verksemd ikkje skal føre til vesentleg skade på miljøet. Etatane i forsvarssektoren arbeider blant anna med opprydding i forureina sjøbotn, opprydding av miljøgifter og redusert lekkasje av tungmetall frå skytefelt, ivaretaking av naturmangfald ved bruk og utvikling av område, Kystvaktens miljø- og ressursoppsyn, bevaring av kulturminne i skyte- og øvingsfelt og av nasjonale festningsverk, avfallshandtering, reduksjon av støy og redusert klimagassutslepp. Innanfor alle desse områda blir det lagt vekt på kunnskapsgrunnlag og overvaking.

Rapport for 2016

I 2016 vart det gjennomført undersøkingar av mogleg forureina grunn ved 16 etablissement for å kartleggje om det er behov for å setje i verk tiltak. Det vart gjennomført opprydding i fem lokalitetar. Rapport om miljøtilstanden ved Bodø flystasjon vart utarbeidd i 2016. Totalt er 31 område på flystasjonsområdet kartlagt, og det er teke over 1030 prøver av jord og vatn. Forureiningar ved Forsvarets brannøvingsfelt på flystasjonane er kartlagt. Det er påvist forureining etter tidlegare bruk av brannskum som inneheld perfluorerte

sambindingar (PFOS og PFAS) på alle felt, men med ulik alvorsgrad. Resultatet av kartlegginga vart sendt Miljødirektoratet i 2016. Det blir arbeid med risikovurdering og tiltak på fleire stasjonar, og arbeidet vil halde fram i åra framover.

Arbeidet med målretta tiltak for energieffektivisering og utfasing av fossil olje til oppvarming vart ført vidare i 2016. Forbruket av fyringsolje var i 2016 redusert med 74 pst. sidan 2006, og utgjorde berre 5 pst. av energiforbruket. Det blir planlagt for at all bruk av fossil fyringsolje skal fasast ut, med første mål om å fase ut fossil fyringsolje som grunnlast innan utgangen av 2018. Ved to basar blir utfasinga seinka på grunn av omfattande infrastrukturtiltak.

Kystvakta har lovfest oppgåver blant anna innan miljøoppsyn, ulovleg fiske, ulovleg jakt, kulturminne, dykking etc. Ein del av Kystvaktas oppdrag har prioritet til verneområde. Fleire av Kystvaktas fartøy har oljevernustyr om bord, og har ei viktig rolle i den operative nasjonale beredskapen mot oljesøl.

Plan for vidare arbeid

I Forsvarsdepartementets budsjett for 2018 er det foreslått å nytte 701 mill. kroner til arbeid knytt til naturmangfald, 30 mill. kroner til kulturminnearbeid, 550 mill. kroner til tiltak mot forureining og 184 mill. kroner til klimatiltak.

All militær aktivitet vil påverke miljøet i større eller mindre grad. Det er ein ambisjon å skape eit godt øvingsutbytte samtidig som ein unngår store negative konsekvensar for miljøet.

Tilbakeføring av Hjerkinns skytefelt til sivile formål er truleg noregshistorias største naturrestaureringsprosjekt. Prosjektet starta i 2006 med mål om slutføring i 2020. Fylkesmannen i Oppland arbeider med verneplan for Hjerkinns skytefelt, som skal leggje til rette for framtidig vern av skytefeltarealet i tråd med Stortingets vedtak i 1999 om nedlegging av skytefeltet.

I det vidare arbeidet blir det gjort følgjande endringar på miljøområdet:

- Redusert tilskot til dei nasjonale festningane.
- Redusert tilskot til miljøopprydding.
- Auka ressursbruk til støyttiltak/innløysing ved kampflyprosjektet på Ørland.
- Auka ressursbruk for å utfase fossil fyringsolje.

8.1.5 Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet følgjer opp regjeringas mål om å utvikle eit meir helsefremjande miljø og beskytte befolkninga mot mil-

jøfarar som støy, luftforureining, miljøgifter, stråling, dårleg inneklimate, risiko for skadar og ulykker, og mat- og vassborne sjukdommar, jf. Meld. St. 19 (2014–1015) *Folkehelsemeldinga*. Oppfølginga av meldinga omfattar tiltak for at omsynet til befolkningas helse og trivsel skal få større plass i utviklinga av stader, nærmiljø og lokalsamfunn, under dette at det skal leggjast til rette for helsefremjande transportløyningar. Som oppfølging av Folkehelsemeldinga er det utarbeidd ein ny tverrdepartemental handlingsplan for kosthald, der også miljø- og berekraftperspektivet er med. Etter folkehelselova har kommunane ansvar for å sikre befolkninga mot skadelege faktorar i miljøet.

Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og fylkesmennene er rådgivarar for sentrale og lokale helsestyresmakter, utgreier og tek del i overvaking av miljøforureining.

Statens strålevern tek vare på direktoratsoppgåver for Klima- og miljødepartementet innanfor området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljø. Strålevernet har vidare ansvar for fagleg utgreiingsarbeid, tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljø, og internasjonale oppgåver.

8.1.6 Justis- og beredskapsdepartementet

Svalbard

Regjeringas mål om å bevare Svalbards særegne villmarksnatur ligg til grunn for miljøvernpolitikken på Svalbard. Svalbardmiljølova av 15. juni 2001 med tilhøyrande føresegner tek vare på denne målsetjinga. Ein stor del av Sysselmannen på Svalbard si verksemd er knytt til miljøvernrelatert arbeid. I Sysselmannens organisasjon er det samla både politifagleg og miljøvernrelatert ekspertise. Dette legg til rette for ei effektiv etterforsking av miljøkriminalitet og for eit godt fagleg informasjonsarbeid.

Lokalt er svalbardmiljølova med føresegner viktige verktøy for å ta vare på miljømåla. Sysselmannen skal i si miljøforvaltning ta omsyn til endringar i klima, aktivitet og tilførsel av forureining, og sikre at lokal verksemd skjer innafor rammer som sikrar at den samla belastninga på arter og økosystem ikkje blir for stor. Samstundes skal det leggjast til rette for bruk som er i samsvar med måla for bevaring av naturen på Svalbard. Sysselmannen skal vidare leggje betre til rette for reislivet innanfor forvaltingsområde 10, som mellom anna omfattar Isfjordområdet og nærområda rundt lokalsamfunna. Dette skal skje i dialog med

aktørane på Svalbard. Samstundes skal arbeidet med forvaltingsplanar for verneområda på Svalbard førast vidare.

Eit aktivt førebyggjande arbeid vil kunne påverke haldningar og skape forståing for dei reguleringane som gjeld øygruppa. Aukande turisme og ferdsel på Svalbard viser at det er behov for å halde oppsyn med og avdekkje eventuelle brot på føresegnene om vern av Svalbards natur- og kulturmiljø. Klimaendringane fører til stadig mindre utbreiing av sjøis, som er leveområde for arter som er avhengige av is, som isbjørn og sel. Dokumentasjon av utviklinga innan ferdsle og anna verksemd er viktig for å målrette tiltaka. Sysselmannen legg vekt på rask og effektiv etterforskning og oppklaring av moglege straffbare forhold. Svalbard og Longyearbyen vil på grunn av auka aktivitet få større betydning som base for beredskap mot forureining. Kystverket har ansva-

ret for oljevernberedskapen i området, med Sysselmannen som lokal ressurs. Lange avstandar og arktisk klima gjer det vanskeleg å handtere oljeutslipp i området. Førebyggjande tiltak for å unngå slike hendingar er derfor svært viktig. Der er forbod mot bruk av tungolje som drivstoff i dei store verneområda på Svalbard.

For å redusere risikoen for hendingar med miljøskade til følgje, er det ei statleg løsteneste for all skipsfart i farvatna på Svalbard på same måte som på fastlandet. Ut frå lokale forhold er det gjort enkelte tilpassingar i reglane.

Miljødirektoratet påla Longyearbyen lokalstyre eit reinsekkrav på kolkraftverket i Longyearbyen (ikkje for CO₂). Arbeidet med å etablere reinseanlegget vert fullført med venta heilårseffekt i 2016. Prosjektet er fullfinansiert over svalbardbudsjettet i perioden 2012–2014. Utviklinga i utslepp frå kolkraftverket er som følgjer:

Tabell 8.1 Utviklinga i utslepp frå kolkraftverket i Longyearbyen

	CO ₂ (t/år)	SO ₂ (t/år)	NO _x (t/år)	Støv (t/år)
2016	69 768	0,24	73	7
2015	64 220	511	117	112
2014	63 698	536	165	116
2013	54 657	336	169	92
2012	50 014	405	155	85

Som tabellen over syner har utslepp av SO₂ og støv frå kraftverket gått dramatisk ned. Forbruk av kol har auka årleg sidan 2012 og medfører auka CO₂-utslepp.

Miljødirektoratet har gitt pålegg om å utgreie reinsing av utsleppa til luft for kolkraftverket i Barentsburg.

Politi- og lensmannsetaten

Politiets viktigaste oppgåver innafor miljøvern er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, etterforskning med høg kvalitet og adekvat reaksjon. Økokrim har ei særleg nasjonal rolle i kampen mot miljøkriminalitet, både gjennom etterforskning og irettføring i særleg alvorlege prinsipielle saker, og som rettleiar og bistandsorgan for politidistrikta. Politidistrikta har ei sentral rolle i arbeidet med å kjempe mot miljøkriminalitet. Det er etablert samarbeidsrutinar og -avtaler med oppsyns og tilsynsmynde som skal utviklast vidare.

Politidistriktas ordning med miljøkoordinator vart evaluert i 2013–2014. I samband med etablering av nye politidistrikt er det etablert ein eigen funksjon som skal ha eit overordna fagansvar for etterforskning av økonomiske straffesaker og miljøkriminalitet og eit sjølvstendig ansvar for etterforskning av alvorleg økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. Politidistriktets miljøkoordinator er organisatorisk plassert i funksjonen.

Kontroll- og tilsynsmynde har blitt styrkt dei siste åra, noko som fører til fleire administrative sanksjonar, mellom anna gebyr for mindre brot på miljølovgivinga. Dei alvorlegaste forholda skal som hovudregel etterforskast av politidistriktet, i nokre tilfelle av ØKOKRIM.

Politiet og kontrolletatane har samanfallande overordna målsetjingar for sitt arbeid. Etatane kan dele informasjon, bli samde om eit felles trusselbilde og samordne kontrollaktivitetane, slik at offentlege ressursar blir nytta best mogleg. Sentralt miljøforum og Fylkesmiljøforum, som begge vert leia av politiet, legg mellom anna til rette for dette.

Det enkelte politidistrikt og særorgan er pålagt, som ein integrert del av dei ordinære planprosessane, å følge opp retningslinjer gitt for rådgiving overfor politidistrikta og særorgana innafor eigeidom, bygg og anlegg. Mellom anna vert energieffektivitet i bygg vektlagt. Politidistrikta og særorgana kan gjere innkjøp frå rammeavtaler inngått av Politiets fellestenester på vegne av etaten. I den grad miljøomsyn ikkje er tekne omsyn til i inngåtte avtaler, vert dette teke inn ved inngåing av nye avtaler så langt dette kan sameinast med dei tekniske krava som er stilte til dei produkta som skal nyttast av politiet.

8.1.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Med utgangspunkt i plan- og bygningslova arbeider Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for berekraftig planlegging og byutvikling. Dette inneber blant anna å sikre ein berekraftig bystruktur gjennom effektiv arealbruk og ved å samordne arealbruken og transportsystemet. Kompakt knutepunktutvikling reduserer transportbehovet og gjer at fleire kan reise kollektivt, eller gå og sykle til daglege gjeremål. Grunnleggjande infrastruktur i form av gode kart- og geodata er viktig i arbeidet med å sikre ein god arealbruk og for å møte utfordringane med auka flau-mar og tilrettelegging for betre handtering av overvatn.

Bygningsregelverket skal syte for at bustader og bygg er sikre, energieffektive og miljøvennlige. Energieffektivisering i bustader og andre bygg er viktig for å redusere det totale energibehovet.

Byggjesektoren står for ein stor del av energibruken, ressursbruken og avfallsmengda i Noreg. Det er store miljøgevinstar å hente i byggje- og eigeidomsbransjen. Miljøtiltak i samband med statlege byggjeprojekt kan omhandle redusert energibruk, mindre bruk av fossil energi til oppvarming, redusert lokal forureining ved sanering, redusert bruk av miljøskadelege materialar, men også lokalisering, gjenbruk og godt vedlikehald.

Godt vedlikehald aukar bygga si levetid. Det er eit godt miljøtiltak. Målingar viser at Statsbyggs eigeidomsportefølje, med unntak av fengselsporteføljen, framleis har ein tilstandsgrad rundt T1, jf. NS 3432:2012 og er tilfredsstillande.

Å utvikle og ta i bruk ny teknologi er ein føresetnad for å nå klimamåla, både nasjonalt og globalt. Meir og betre bruk av IKT kan bidra til mindre klimagassutslepp og betre miljø. Smart bruk av digital teknologi kan blant anna gjere mogleg ei

betre ressursutnytting og meir effektiv energibruk, jf. Meld. St. 27 (2015–2016) *Digital agenda for Norge*, s. 13.

Rapport for 2016

Gjennom programmet *Plansatsing mot store byar* vart det i 2016 gitt tilskot til store bykommunar til pilot- og forbildeprosjekt som synleggjer ein berekraftig bustad- og bypolitikk, under dette fortetting rundt kollektivknutepunkt, bykvalitet og sentrumsutvikling.

KMD koordinerer statens områderetta innsats om å betre bymiljøet og levekåra i Groruddalen. KMD har gitt midlar til programområde 2 *Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø* i perioden 2007–2016. Sluttevalueringa, jf. rapport frå Agenda Kaupang: *Devaluering programområde 2: Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø*, konkluderer med at delmålet under dette programområdet i stor grad er nådd.

Områdesatsingane i indre Oslo aust og Drammen som starta opp i 2014, vart ført vidare i 2016. Tilskota frå staten skal bidra til å styrkje kommunanes arbeid for å betre tenester og auke kvalitane i dei fysiske omgjevnadene i område der behova er størst.

I 2016 starta arbeidet med å etablere ein Nasjonal detaljert høgde- og terrengmodell over Noreg. Høgde- og terrengmodellen er viktig for klimatilpassingsarbeidet. Den vil gi grunnlagsdata for risiko- og sårbarheitsanalysar, og gir eit godt kunnskapsgrunnlag for sikker lokalisering av bustader og andre tiltak, både over og i grunnen. Modellen vil også blant anna vere viktig for natur- og kulturminneforvaltninga, under dette arbeidet med å etablere eit økologisk grunnkart. 15 pst. av landet vart dekt med nøyaktige høgde- og terrengdata i 2016. Status for etablering og tilgang til data blir jamleg publisert på Kartverkets nettsider.

Regjeringa har skjerpa energikrava i byggteknisk forskrift til passivhusnivå, i tråd med klimaforliket. Med nye energikrav frå 1. januar 2016 er det venta at nye bygg blir om lag 20–25 pst. meir energieffektive samanlikna med tidlegare krav.

Ulike låne- og tilskotsordningar i Husbanken medverkar til fleire bustader og bygg med kvalitetar utover krava i byggteknisk forskrift, blant anna på energi. Eit hovudmål med grunnlånet er å fremje viktige bustadkvalitetar som energieffektivitet og tilgjenge i ny og eksisterande bustadmasse.

Departementet stilte i 2014 krav til Statsbygg om å forsere utfasinga av fossil olje som grunnlast i eigen bygningsmasse innan utgangen av 2016.

Målet vart nådd. Totalt er fossil olje fasa ut ved 25 anlegg, noko som inneber at Statsbygg sidan 2014 har redusert utslepp av CO₂ frå fossile energibærarar med vel 2000 tonn. I tillegg til dette er fossil olje som spisslast erstatta med fornybar energi ved 10 anlegg.

Alle nybyggprosjekt som er sette i gang i 2016 oppfyller krava i TEK10. Prosjekta fordeler seg i all hovudsak på nesten nullenerginivå og passivhusnivå. Av dei ferdigstilte byggjeprojekta er fem på passivhusnivå, og fire oppnår energimerke A. Samla vart klimagassutslepp redusert med 8 pst. i ferdigstilte prosjekt samanlikna med referanseprosjekt.

Klimagassberekningane i byggjeprojekta blir nytta til å stille krav til dei materiala som bidrar med størst klimagassutslepp. Dette har ført til krav om lågkarbonbetong i Prosjekt nytt Nasjonalmuseum og i det nye teknologibyggget ved NTNU på Kalvskinnet, som vart ferdigstilt i 2016.

Forskingssenteret ZEB (Zero Emission Building) har definert nullutsleppsbygg som ein bygning som genererer nok fornybar energi til å kompensere for byggets totale klimagassutslepp gjennom heile levetida. Det er definert fem ambisjonsnivå for ulike nullutsleppsbygg. Statsbygg har i 2016 realisert eit administrasjonsbygg for Høgskolen i Hedmark (Campus Evenstad) med det hittil høgaste ambisjonsnivået – landets første ZEB-COM-bygg. Det vil seie at klimagassutslepp som oppstår i byggefasen, produksjonen av materiala og energibruk i drifta er kompensert med lokalprodusert fornybar energi.

Statsbygg har òg gjennomført fleire forbildeprosjekt på lokal fornybar energiproduksjon. Blant sentrale prosjekt er sol til oppvarming av tappevatn ved fleire fengselseigedommar, flisfyrt gassifiseringsanlegg ved Campus Evenstad og solcellepanel ved blant anna Oslo tinghus, NTNU Teknologibyggget og Campus Evenstad.

Fylkeskommunar og verkemiddelaktørar har for 2016 rapportert inn at dei har gitt tilsegn for om lag 306 mill. kroner til ulike typar miljøfremjande tiltak. Berekraft er omtalt i fylkeskommunanes overordna planar og strategiar, som for eksempel regional plan, som styrer fylkeskommunanes verksemd.

Innovasjon Noreg (IN) forvaltar bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta på oppdrag av fylkeskommunane. IN vedtok i desember 2015 ein revidert strategi for selskapet fram mot 2020. I strategien er berekraft spesielt vektlagt. Divisjon Berekraft i Innovasjon Noreg skal utvikle selskaps strategiske arbeid med å styrkje næringslivets overgang til ein meir berekraftig økonomi. IN

har også laga ein rettleiar for heilskapleg vurdering av berekraft i finansieringssaker. Dersom eit prosjekt er vurdert å ha negativ miljø- eller samfunnseffekt, får ikkje prosjektet finansiering. Delen miljøretta prosjekt i 2016 var 35 pst. av tilsegnene frå dei distriktsretta låne- og tilskotsordningane. For distriktsretta risikolån- og garantiar var delen miljøretta prosjekt på 46 pst. av løyvd beløp i 2016. Prosjekt som er kategoriserte med kjenneteiknet «Miljørettet» skal i særleg grad bidra til å fremje miljø og berekraft.

Bioraffineringsprogrammet vart sett i gang i 2013 som ein del av INs bioøkonomisatsing. Programmet skal stimulere til berekraftig omstilling gjennom auka investeringar i nye foredlingsprosessar for fornybare råstoff i viktige distriktsnæringer. I 2015 rapporterte IN eit aukande tilfang av meir modne prosjekt knytte til oppskalering av nye produksjonsprosessar. Denne utviklinga heldt fram i 2016.

Plan for vidare arbeid

I nær dialog med dei relevante aktørane går arbeidet føre seg med å inngå og følgje opp forpliktande byutviklingsavtaler og byvekstavtaler for dei fire største byområda. Byutviklingsavtalene tek vare på arealdimensjonen i bymiljøavtalene. Bymiljøavtalene følgjer opp målet frå klimaforliket om at veksten i persontransporten i byområda skal skje med kollektivtransport, sykkel og gange. I tillegg skal løysingane som blir valde medverke til betre framkomst totalt sett, spesielt ved å leggje til rette for attraktive alternativ til privatbil. Det har seinare blitt bestemt at bymiljøavtalene og byutviklingsavtalene skal samordnast til ein felles byvekstavtale.

I 2017 vart tilskotsmidlane under programmet *Plansatsing mot store byer* retta mot dei fire største fylkeskommunane og aktuelle kommunar i arbeidet med arealtiltak knytte til byutviklingsavtaler og byvekstavtaler. Det er lagt opp til at ei slik felles tilskotsordning blir ført vidare ut 2020. Den vidare innretninga på ordninga vil bli vurdert i lys av status for arbeidet med slike avtaler.

Staten bidrar til områdesatsing i enkelte område i storbyane med særskilte levekårsutfordringar. I 2018 er det foreslått statlege løyvingar over fleire departements budsjett med om lag 130 mill. kroner.

Det er frå 2017 inngått eit nytt tiårig program for områderetta innsats i Groruddalen. Tilskot til Groruddalsatsinga over KMDs budsjett skal gå til å styrkje Oslo kommunes arbeid med nærmiljøkvalitetar i lokalområde i Groruddalen. Innsatsen

skal medverke til inkluderande lokalsamfunn der fleire er aktivt deltakande.

Områdesatsinga i indre Oslo aust og Drammen er foreslått vidareført i 2018. Staten har vidare inngått ei intensjonsavtale med Stavanger kommune om eit langsiktig samarbeid om områdesatsing i delar av Storhaug bydel.

Arbeidet med nasjonal detaljert høgdemodell held fram og det er planlagt etablering av ytterlegare 10 til 15 pst. dekning i løpet av 2017.

KMD vil medverke til fleire miljøvennlege og energieffektive bustader og bygg. Det er varsla gjennom klimaforliket at energikrava i byggtেকnisk forskrift skal skjerpast til nesten nullenerginivå i 2020. Regjeringa arbeider med å definere nesten nullenerginivå.

I statsbudsjettet for 2017 blei Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sitt driftsbudsjett auka med 15 mill. kroner for å sikre ein styrka innsats i arbeidet med klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar. I dette ligg rådgiving og rettleiing, der Difi tilbyr fagsider og verktøy. Vidare vil bruk av e-handel i offentlig sektor bidra til ein digitalisert marknadsplass der innkjøparar og leverandørar kan effektivisere anskaffingsprosessen gjennom mindre papirbruk og gjere det enklare å stille og følge opp krav til miljø- og samfunnsansvar. I 2018 vil Difi utvikle vidare rettleiinga si innanfor dei viktigaste kategoriane anskaffingar, som bygg, anlegg, transport, IKT og mat. I tillegg skal direktoratet gjennomføre opplæringsprogram med relevante brukargrupper for å sikre at rettleiinga blir tatt i bruk og at gevinstar kan realiserast. Utbetring av miljøstatistikk og strategisk forankring av offentlege anskaffingar i verksemdene førast og vidare som prioriterte områder i 2018.

8.1.8 Kulturdepartementet

God forvaltning av kulturminne i form av bygningar og anlegg, i hovudsak enkeltbygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske og industrielle kulturminne, bergkunst og kulturlandskap, og kulturminne i form av kyrkjer og gravplassar utgjer Kulturdepartementets (KUD) bidrag til regjeringas samla klima- og miljøpolitikk.

Rapport for 2016

Det nasjonale museumsnettverket rapporterer om i alt om lag 5 000 kulturhistoriske bygningar i 2016. Museas bevarings- og formidlingsarbeid medverkar til å spreie kunnskap om og oppleving av desse miljøverdiane. Over Kulturdepartementets budsjett blir det no gitt driftstilskot til 64 kon-

soliderte museum i det nasjonale museumsnettverket.

Norsk kulturråd forvaltar òg tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Over ordninga vart det i 2016 innanfor ei ramme på 12,5 mill. kroner gitt tilskot til 35 ulike museum.

Kyrkjebygningane er ein del av nasjonens kulturarv. Gjennom rentekompensasjonsordninga for kyrkjer medverkar KUD til arbeidet med å vedlikehalde kyrkjer. Målet med ordninga er å stimulere til sikring og bevaring av kyrkjene og deira utsmykking og inventar. Sidan ordninga vart etablert i 2005 er det gitt tilsegn om rentekompensasjon for ei investeringsramme på 3,8 mrd. kroner. Sidan storparten av kyrkjene er eldre bygningar, er det høge kostnader knytte til oppvarming. Det er teke initiativ til å finne nye energisparande varmesystem som samtidig betrar bevaringsmiljøa for bygningane og interiøret.

Opplysningsvesenets fond eig og forvaltar ein betydeleg egedoms- og bygningsmasse. Fleire av dei gamle prestegardane er verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Vernet av desse held fram sjølv om buplikta for prestar vart oppheva i 2015.

Tilskot av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet føreset ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for anlegget. Miljømessige tilhøve skal vurderast ved behandling av slike søknader. Søkarane skal mellom anna gjere greie for miljøstyring, materialval, energi, avfall, transport og naturinngrep.

8.1.9 Kunnskapsdepartementet

Målet for Kunnskapsdepartementets (KD) arbeid på klima- og miljøarbeidet er at utdanning og forskning skal bidra til berekraftig utvikling og omstilling til lågutsleppssamfunnet gjennom utvikling og formidling av kunnskap som bidrar til ny innsikt, gode løysingar og folk med gode dugleikar.

Formidling av kunnskap og gode haldningar til miljøet er ein integrert del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og skulane. Grunnlaget for gode haldningar blir skapt i oppveksten og det er derfor viktig at natur og miljø også er ein naturleg del av barnehagane og skulane si verksemd. I Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag-Fordypning-Forståelse – En fornying av Kunnskapsløftet* er berekraftig utvikling foreslått som eitt av tre tverrfaglege tema som skal prioriterast i dei faga der det er relevant, når læreplanane i Kunnskapsløftet skal fornyast. Miljøforskning er støtta gjennom ulike satsingar og program i Forskningsrådet. I tillegg finansierer òg universiteta og høgskulane mykje

miljø- og klimarelevant forskning over grunnløyvinga si.

Rapport for 2016

I samarbeid med KLD har KD ført vidare arbeidet med Den naturlege skulesekken. Prosjektet medverkar til å styrke kvaliteten i opplæringa og auke forståinga for nytten og bruken av naturfaga og fremjar undervisning for berekraftig utvikling. Bidrag til EUs rammeprogram Horisont 2020 er òg viktig, der klima og berekraftig utvikling er eit gjennomgangstema. 60 pst. av budsjettet i Horisont 2020 skal gå til forskning som medverkar til berekraftig utvikling.

I 2016 er KDs samla finansiering av forskning på miljøområdet gjennom Forskingsrådet anslått til 1 294 mill. kroner. KDs samla finansiering av klima gjennom Forskingsrådet er 437 mill. kroner. Tala omfattar forskning finansiert gjennom alle Forskingsrådets verkemiddel, òg dei som ikkje er særskilt retta mot miljø og klima. I tillegg får Senter for klimadynamikk ved Bjerknessenteret 25 mill. kroner årleg. Òg Meteorologisk institutt har ei viktig oppgåve i å studere det norske klimaet, gi klimatologiske utgreiingar baserte på observerte og modellerte data for fortid, nåtid og framtid, og formidle resultatane av dette arbeidet.

Artsdatabanken skal gi offentleg forvaltning, organisasjonar og andre brukarar oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon om biologisk mangfald. Artsdatabanken skal òg vere ein pådrivar i utviklinga av infrastruktur for innsamling og formidling av data om det biologiske mangfaldet i Noreg.

Artsdatabanken samlar data frå ei rekke institusjonar som universitetsmusea, miljøforskningsinstitutta og frivillige organisasjonar. I dei seinare åra har dei òg fått tilgang til data som er samla inn i samband med konsekvensutgreiingar frå konsultentselskap og andre kommersielle verksemdar. Viktige produkt og tenester frå Artsdatabanken er Raudlistene for arter og naturtypar, Svartliste for framande arter og ulike tenester som koplar naturkunnskap med elektroniske kart. Tenestene til Artsdatabanken er særleg viktige for miljøforvaltning, undervisning og forskning, men dei har òg vorte svært populære blant allmenta, som opptrer som både brukarar og bidragsytarar. I samarbeid med den svenske ArtDatabanken har Artsdatabanken i 2016 særskild arbeidd med å etablere artsobservasjonar på eigen IT-plattform. Vidare har Artsdatabanken arbeidd med å utvikle metodikk, retningsliner og IT-verktøy for økologisk risikovurdering av framande arter. Artsdataban-

ken har oppnemnt ekspertgrupper for rullering av svartelista, utvikla kurs og materiell for kartlegging av naturtypar i tråd med «Natur i Noreg», og laga utgreiinga *Kunnskapsstatus for artsmangfoldet i Norge 2015*. Produkta og tenestene er til stor nytte for Artsdatabanken sine brukarar, og er eksempel på det gode samarbeidet med kunnskapsprodusentane og dataeigarane. Artsdatabanken vil frå 2018 bli overført til KLD.

Norsk klimaservicesenter (KSS) er eit samarbeid mellom Meteorologisk institutt (leiar), Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Uni Research/Bjerknessenteret, der hovudformålet er å få fram og presentere det vitenskaplege grunnlaget for klimatilpassing i Noreg. I 2015 publiserte KSS rapporten *Klima i Norge 2100, Kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing oppdatert i 2015*, og ein nettportal (klimaservicesenter.no) med bakgrunnsinformasjon om klimatilpassing. Med kunnskap frå rapporten er det utarbeidd klimaprofilar for 10 ulike fylke i 2016. Klimaprofilane vil bli ein reiskap for lokal/regional planlegging av klimatilpassing. I 2016 er det faglege innhaldet i nettportalen revidert, og klimaprofilane for dei 10 fylka er lagde inn.

Plan for vidare arbeid

Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2015–2024 gir dei politiske føringane for KDs satsing på dette området. Langtidsplanen har tiårige mål og prioriteringar, men meir konkrete mål for innsatsen i den første fireårsperioden, der regjeringa forpliktar seg til å følgje opp prioriteringane i dei årlege statsbudsjetta. Revidert langtidsplan skal leggest fram i oktober 2018, saman med regjeringas forslag til statsbudsjett for 2019.

Prosjektet «Arven etter Nansen» blir styrka med 20 mill. kroner i 2018. Raske klima- og miljøendringar i nord aukar behovet for kunnskap om sentrale og nordlege delar av Barentshavet. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei sentrale norske forskingsinstitusjonane på feltet, og er venta å gi kartlegging og forskning av høg kvalitet.

8.1.10 Landbruks- og matdepartementet

Norsk landbruk tilbyr forbrukarane mat som er produsert på ein helse- og miljøvennleg måte, forvaltar store innmarks- og utmarksområde som medverkar til natur-, kultur- og friluftsverdiar og forsyner samfunnet med fornybare byggjemateriale og energi.

Berekraftig landbruk er eit av hovudmåla i Landbruks- og matdepartementets (LMD) poli-

tikk. Miljøsatsinga i jordbruket skal medverke til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket og til å halde ved lag jordbrukets kulturlandskap.

Rapport for 2016

Klima- og miljøsatsinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakkar. Om lag 21 000 føretak fekk utbetalt midlar innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) i 2016 for gjennomførte tiltak i vekstsesongen 2015 for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff, hindre gjengroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. Totalt vart det løyvd 419 mill. kroner under RMP i 2016. Om lag 58 pst. av dei lokale midlane (*Spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL*) vart løyvde til tiltak for å fremje verdier i jordbrukets kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfald og friluftsliv, mens 33 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureining til vatn. Godt drenert jord gir betre utnytting av næringsstoff, reduserer faren for jordpakking og reduserer faren for lystgassutslepp. God drenering betrar òg moglegheita for produksjon og innhausting i periodar med ekstremvær. Tilskot til drenering blei innført på nytt i 2013. Det er sett av til saman 380 mill. kroner til ordninga frå 2013–2016. I tillegg til ordningane under RMP og SMIL, der fleire òg medverkar til reduserte klimagassutslepp og klimatilpassing, er det etablert eit klima- og miljøprogram som skal bidra til å nå landbrukspolitiske målsettingar på klima- og miljøområdet gjennom utgreingar og informasjonstiltak. Det blei mellom anna løyvd støtte til 13 prosjekt innanfor fagområda klimatilpassing, klimagassutslepp/karbonbinding, forureining og naturmangfald/naturminne. Blant prosjekta er *Klimasmart landbruk*, som er eit prosjekt som vektlegg klimarådgeving på gardsnivå.

Landbrukssektoren og miljøsektoren samfinansierer satsinga *Utvalde kulturlandskap i jordbruket* kvar med 6 mill. kroner i 2016 (totalt 12 mill. kroner). 22 område som er eit representativt utval av verdifulle jordbrukslandskap som inneheld særskilde verdier knytte til naturmangfald og kulturmiljø er peikte ut. Liknande samfinansiering er det for verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan, der verdiane i områda m.a. er knytte til jordbrukets kulturlandskap og er avhengige av aktiv jordbruks drift.

Beitande dyr og aktive setrar er viktig for å ta vare på jordbrukslandskap og for å halde ved lag mange plante-, sopp- og dyrearter. I 2016 blei det gitt tilskot til totalt 2,4 millionar husdyr på utmarksbeite. Det har vore ei auke i tal dyr på

beite i utmark frå 2015 til 2016. Om lag 69 pst. av alle beitedyr var på utmarksbeite i 2016, for sau var andelen 85 pst. og for storfe var den 29 pst..

Stortinget behandla regjeringa sin jordvernstrategi den 08. des. 2015, og vedtok innstillinga til næringskomiteen, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak 140 fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar, og bad regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2016 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 6 026 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk. Talet på dekar godkjent nydyrka mark gikk opp med 20 pst. frå 18 139 dekar i 2015 til 21 612 dekar i 2016, og ligg på eit høgt nivå samanlikna med tala på 2000-talet. I alt blei 964 søknader behandla i 2016. Sidan 2007 (10 år) er godkjent nydyrka mark 16 445 dekar per år i gjennomsnitt.

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar er naudsynt for å sikre variasjon og unngå tap av sortar, arter og rasar. Svalbard globale frøkvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i verdas genbankar. Ved utgangen av 2016 romma frøkvelvet sikkerheitskopiar av 880 837 frøprøvar frå 71 institusjonar verda over. The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA), i Aleppo, Syria varsla om at dei førebur sending av nyleg oppformera frø av dei dei henta tilbake i 2015. Føremålet med uttaket var å dyrka fram nye frø for lagring i nabolanda til Syria og å sende nye friske frø tilbake til Svalbard. I tillegg blei det deponert 42 979 ulike nye frø i frøkvelvet frå 17 genbankar.

Det blir òg løyvd særleg tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Tal frå 2016 viser at alle utanom ein av dei bevaringsverdige storferasane har hatt ein auke i talet på avlskyr, mens den kritisk truga storferasen Vestlandsk raudkolle har hatt ein tilbakegang på 5 pst..

Landbruks- og matdepartementet gav også i 2016 støtte til vidare arbeid med Miljøregistrering i Skog (MiS). Det blei løyvd 4,55 mill. kroner til dette arbeidet for 2016. Landbruksdirektoratet starta i 2016 med å innpasse Natur i Norge (NiN) i opplegget for MiS. Areal i økologisk drift utgjorde i 2016 om lag 4,5 pst. av det totale jordbruksarealet i Noreg. Omsetnaden av økologiske matvarer i norsk daglegvarehandel aukar framleis. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden av økologiske produkt i daglegvarehandelen med meir enn 24 pst. frå 2015 til 2016. Totalt vart det omsett økologisk mat for om lag 2,5 mrd. kroner i 2016, tilsvarande 1,8 pst. av totalmarknaden.

I 2016 starta regjeringa ei ordning med gjødsling av skog som klimatiltak, og ei ordning for tettare planting etter hogst på eksisterande skogareal. I 2016 blei det gitt tilskot til tettare planting på 97 000 daa, som svarar til om lag halvparten av det totale tilplanta arealet. Det blei gjødsling om lag 82 000 daa. Aktiviteten under begge desse to ordningane blei høgare enn forventta, med bakgrunn i at dette var første året dei var i drift. Det blei òg gitt ei ekstra løyving til Stiftelsen Det norske Skogfrøverk for å styrkje skogplanteforedlinga som eit klimatiltak i skogbruket.

Plan for vidare arbeid

Departementet vil følgje opp arbeidet med genetiske ressursar, Svalbard globale frøkvelv, og delta aktivt i dei aktuelle internasjonale prosessane under FN's organisasjon for mat og landbruk, FAO (Food and Agriculture Organization) og den Internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk.

Det er tverrpolitisk semje i Noreg om å arbeide for å avgrense matsvinnet. LMD vidarefører arbeidet med å førebyggje og redusere matsvinn, blant anna gjennom bransjeavtala om reduksjon av matsvinn med fire andre departement og matbransjen, som vart signert 23. juni 2017.

Nye regionale vassforvaltingsplanar vart vedtekne for perioden 2016–2021. Landbruket skal satse vidare på å redusere tap av næringsstoff frå jordbruket til vatn og vassdrag blant anna gjennom målretta jordbrukstiltak og effektiv bruk av gjødsel.

Frå 2018 endrar *Bioenergiprogrammet* namn til *Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket*, for betre å spegle at programmet har fått utvida verkeområde frå 2017. Innovasjon Noreg har opna for å gje investeringsstønad til anlegg som kombinerer biovarmeproduksjon med både varme- og straumproduksjon frå solfangarar/-celler. I tillegg er produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergi, eit nytt utviklingsområde under programmet. LMD vil føre vidare satsinga på fornybar energi i 2018 med ei uendra ramme i høve til 2017. Det er òg øyremerkte midlar under jordbruksavtalen til forskning og utgreiing til klimaformål, og støtta til levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blir ført vidare. Gjennom eit samarbeid mellom programmet *Bionær* i Forskningsrådet og Innovasjon Noreg blir det arbeid aktivt med å utvikle løysingar for å auke biogassproduksjonen basert på husdyrgjødsel. Arbeidet blir koordinert med satsinga på biogass under Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi.

LMD styrkjar forskning på mogleggjerande teknologiar for framtidens bioøkonomi og lågutslepps-samfunn med 10 mill. kroner i 2018. Midlane skal inngå i eksisterande program i Forskningsrådet. Regjeringas bioøkonomistrategi framhevar behov for auka kunnskap på dette området.

LMD vil styrkje verdsarvsatsinga *Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen* med 2 mill. kroner. Ordninga med utvalde kulturlandskap i jordbruket blir utvida med 10 nye område i 2017. Det blir arbeid vidare med å etablere fleire nye område i perioden 2018–2020. KLDs budsjett blir kutta med 4,5 mill. kroner, medan finansiering over Jordbruksavtala blir auka med 2 mill. kroner i 2018.

Hausten 2017 vil LMD etter planen leggje fram ein nasjonal strategi for villbier og andre pollinerande insekt. Arbeidet er tverrsektorielt og skal følgjast opp av dei departementa som var med i utviklinga av dokumentet.

Regjeringa vil føre vidare og vurdere ei styrking av satsingane på tettare planting ved forynging av skog, gjødsling av skog og skogplanteforedling. Fornying av skogfrøplantasjar dei neste 10 åra er avgjerande både for ei satsing på skogplanteforedling som klimatiltak, og for å halde oppe produksjonen av foredla frø som i dag. Regjeringa vil derfor vidareføre løyvinga til langsiktig skogplanteforedling og utvikling av Skogfrøverket på om lag det same nivået i 2018 som i 2017. Klimatiltaka i skog vil medverke til å styrkje ressursgrunnlaget – og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa i eit langsiktig perspektiv.

8.1.1 Nærings- og fiskeridepartementet

Næringsverksemd kan ha miljøkonsekvensar som naturinngrep, tap av naturmangfald, forureining av jord, luft og vatn og utslepp av klimagassar til atmosfæren. Ein god nærings- og miljøpolitikk vil søkje å avgrense miljøkonsekvensane av næringsverksemd innanfor rammene av ei berekraftig utvikling der òg omsynet til langsiktig verdiskaping blir teke vare på.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) arbeider for at norsk næringsliv kan utnytte moglegheitene som ligg i auka vektlegging av klima- og miljømål i politikktutforming og marknader. Ein aktiv innovasjonspolitik for å fremje utvikling og kommersialisering av meir miljøvenlege teknologiar og tenester er ein viktig del av dette arbeidet. Utfordringa med å utvikle og ta i bruk meir miljøvennleg teknologi er hovudsakeleg ei oppgåve for næringslivet. Myndigheitenes oppgåve er først og fremst å utforme riktige rammevilkår. Regjeringa

la våren 2017 fram Meld. St. 27 (2016–2017) *Industrien – grønnere, smartere og mer nyskapende*, med ei rekke tiltak for å fremme grøn industriutvikling.

Hovuddelen av klima- og miljøinnsatsen innanfor NFD sitt ansvarsområde går til miljørelatert ressurs- og næringsforskning, tiltak for å stimulere til utvikling av klima- og miljøteknologi, opprydding etter gruvedrift og industri, tiltak for berekraftig forvaltning av fiskeressursar og berekraftig havbruk, og til oppbygging av kunnskap om marine ressursar.

Rapport for 2016

I 2016 gjekk 47 pst. av Innovasjon Noreg sine tilsegner om lån og tilskot – om lag 2,9 mrd. kroner – til miljøretta prosjekt. Tilsvarande tal for 2015 var 2,4 mrd. kroner. Døme på miljøretta prosjekt er kommersialisering av miljøteknologi, betring av miljøkvaliteten på produkt eller at prosjektet fører til at verksemda blir miljøsertifisert.

Miljøretta forskning innanfor marin og maritim sektor inkluderer forskning både på miljøkonsekvensar av påverknad i marine økosystem og korleis verksemdar innanfor desse sektorane kan drivast med mindre miljøkonsekvensar. Det er òg omfattande forskning på konsekvensen av klimaendringar for marine økosystem og ressursar. Ei rekkje av dei andre næringsretta programma gir òg bidrag til miljørelevant forskning innafor klima, energi og industri.

Direktoratet for mineralforvaltning arbeider med tiltak for å avgrense forureininga etter tidlegare gruvedrift på Løkken, i Folldal og i Sulitjelma. NFD finansierer òg miljøtiltak i Raufoss Industripark.

Driftsmetodar og teknologi i havbruksnæringa må utviklast i takt med auka produksjonsvolum. Det har vore stor interesse for ordninga med utviklingsløyve som vart etablert i 2015, og næringa viser stor vilje og evne til å utvikle drift og teknologi for å handtere miljøutfordringar.

Saman med dei andre EFTA-landa har Noreg utarbeidd reglar om handel og berekraftig utvikling som leggjast fram i alle frihandelsavtaleforhandlingar. Kapitlet om berekraftig utvikling inneheld reglar om miljø- og arbeidstakarrettar.

Plan for vidare arbeid

NFD vil medverke til å utvikle og ta i bruk miljøteknologi og meir miljøvennlege varer og tenester, mellom anna gjennom miljøteknologiordninga til Innovasjon Noreg.

Innan Noregs forskingsråds program vil det bli gitt støtte til prosjekt som er venta å ha eit potensial for å påverke klimagassutslepp på kort og lang sikt.

Regjeringa arbeider med å opprette eit nytt investeringsselskap som skal medverke til reduserte klimagassutslepp gjennom investeringar. I statsbudsjettet for 2018 er det foreslått å tilføre selskapet ein investeringsrammekapital på 400 mill. kroner frå og med 2018. Løyvingane vil bli trappa ytterligare opp i lys av selskapets verksemd og investeringsmoglegheiter. Forskinga på konsekvensar av klimaendringar for marine økosystem og ressursar vil bli vidareført. Den systematiske overvakinga av hav- og kystområde for å kartlegge eventuelle uønskte stoff blir vidareført. Det er òg lagt vekt på å styrkje kunnskapsgrunnlaget om forureining med plast og mikroplast i havet.

Regjeringa gjer framlegg om at det blir gjennomført eit krilltokt til Antarktis vinteren 2018–2019, og at det løyvast 11 mill. kroner i 2018-budsjettet til dette formålet. Då toktet hovudsakeleg vil finne stad i 2019, må det løyvast midlar til formålet òg i 2019. Totalramma for eit tokt vil vere på om lag 50 mill. kroner, avhengig av blant anna val av fartøy. Krill er ein viktig ressurs i næringsmessig samanheng. Hovudformålet med toktet vil vere å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av krill i Antarktis gjennom kunnskapsinnhenting om krill og økosystemet krilla lever i. Prosjektet er av stor betydning for Norges arbeid både under Antarktistraktaten med Miljøprotokollen og under CCAMLR (Commission for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources).

Miljø er eit av dei prioriterte områda i regjeringas maritime strategi. I 2017 har regjeringa endra kriteria i ordninga for grøn fornying av nærskipfartsflåten for å gjere den meir treffsikker. Ordninga blir vidareført i 2018. I mai vart det signert ei ny avtale med næringsorganisasjonane som grunnlag for vidare fritak for NO_x-avgift etter 2017. Avtala vil gjelde for perioden 2018–2025. Sjøfartsdirektoratet skal styrkje kompetansen og bidra til utvikling av nye klimavennlege løysingar for skipsfarten.

Direktoratet for mineralforvaltning skal arbeide for at Noregs mineralressursar blir forvalta og utnytta til det beste for samfunnet. Dette omfattar òg å syte for forsvarleg og berekraftig forvaltning av mineralressursar og redusere miljømessige konsekvensar av tidlegare mineraluttak.

Det er enno ikkje bestemt når nokre av dei norske nukleære anlegga skal avviklast. NFD følgjer opp kvalitetssikringsrapportane knytte til avvikling av dei nukleære anlegga i Halden og på

Kjeller. Opprydding er berekna å ha ein samla kostnad på 14,5 mrd. kroner over fleire tiår.

Implementering av det nye produksjonsreguleringsregimet i havbruksnæringa er viktig for å sikre at den ønskja auken i havbruksproduksjonen skjer innanfor miljømessig akseptable rammer. Det vil bli prioritert å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for estimat av fiskebestandar, og det må sikrast ein tilstrekkeleg kontroll med bestandsuttaket. Det er viktig å utvikle og ta i bruk fiskemetodar som reduserer utkast av fisk og bifangst og gjer mindre skade på botnhabitat. Innsatsen mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) er særleg viktig for å sikre ei berekraftig hausting av dei globale fiskeressursane. NFD vil gå gjennom eksisterande arealtiltak for å vurdere om dei beskyttar eit representativt utval av naturtypar.

8.1.12 Olje- og energidepartementet

Klima- og miljøutfordringar i olje- og gassutvinning er utslepp til luft og til sjø. Vassdragsutbyggingar og andre energirelaterte utbyggingar kan føre med seg inngrep i natur- og kulturmiljø. Omsynet til miljø og berekraftig utvikling er og har alltid vore ein integrert del av den norske petroleums- og energiverksemda. Ei rekkje reguleringar medverkar til at det blir teke omsyn til miljøet i alle fasar av petroleumsverksemda og ved utbygging og produksjon av fornybar energi. Det har gjennom fleire år blitt gjennomført omfattande avbøtande tiltak.

Olje- og energidepartementet (OED) vil i 2018 følgje opp innsatsområda i klimapolitikken og halde fram arbeidet for å følgje opp og forsterke regjeringa sin klima- og miljøpolitikk gjennom satsing på forskning og teknologiutvikling, uttesting og energiomlegging på olje- og energiområdet.

Rapport for 2016

Departementet medverka i 2016 til effektiv og miljøvennleg forvaltning av energiressursane, ein effektiv og vel fungerande kraftmarknad, ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassressursane og betring av samfunnet si evne til å handtere flaum- og skredrisiko. Førebygging av flaum- og skredskader er gode klimatilpassingstiltak. Arbeidet skjedde i eit nært samarbeid med Noregs vassdrags- og energidirektorat, og statsføretaka Enova og Statnett.

OED la i april 2016 fram Meld. St. 25 (2015–2016) *Kraft til endring – energipolitikken mot 2030*. Meldinga slår fast at energiforsyning, klimautfor-

dringar og næringsutvikling må sjåast i samanheng for å sikre ei effektiv og klimavennleg energiforsyning.

OED og Enova inngjekk ei ny fireårig avtale i desember 2016. Avtalen trådde i kraft 1. januar 2017 og gjeld til utgangen av 2020. Gjennom mellom anna eit nytt formål og tre nye delmål dreiar den Enova si merksemd meir mot innovasjon og utvikling av nye energi- og klimaløysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet. Den nye avtala inneber òg ei styrkt satsing på å redusere utslepp i transportsektoren og andre ikkje-kvotepliktige næringar. I medhald av avtala for perioden 2012–2016 skulle Enova bidra med energi- og klimaresultat som samla svarer til minimum 7 TWh/år i 2016. Ved utgangen av avtaleperioden hadde Enova, korrigert for kanselleringar, kontraktsfesta eit energi- og klimaresultat på 9,7 TWh/år. Enova nådde dermed målet i avtala.

OED har i 2016 følgd opp regjeringa sin strategi for arbeidet med CO₂-handtering slik den er presentert i OEDs Prop. 1 S (2014–2015). Denne inkluderer forskning, utvikling og demonstrasjon, arbeidet med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering. Departementet har ivareteke eigaroppfølging av Gassnova SF, under dette føretaket si forvaltning av statens eigarinteresser i teknologisenteret på Mongstad. Departementet har òg hatt tett dialog med føretaket om oppfølginga av eit arbeid med å studere moglege prosjekt for fullskala CO₂-handtering i Noreg.

Moglegheitsstudiane, som vart fullførte i 2016, viste at det er teknisk mogleg å realisere ei heil CO₂-handteringskjede (fangst, transport og lagring) i Noreg.

Gjennom 2016 har det blitt gjennomført tre testkampanjar ved teknologisenteret på Mongstad (TCM) der den første starta hausten 2015 og den siste vart avslutta i mai 2017. Arbeidet har medverka til å vidareutvikle CO₂-fangstteknologiar. Erfaringane har medverka til å redusere teknisk risiko, miljørisiko og kommersiell risiko ved framtidig bygging og drift av store CO₂-fangstanlegg.

Dei nye forskingssentra for miljøvennlig energi (FME) blei gjort kjent i mai 2016. Åtte nye senter er etablerte innanfor CO₂-fangst og -lagring, miljøvennleg transport, vasskraft, biodrivstoff, energieffektivisering i industrien, smarte energisystem, nullutslepp i byområde og solceller. FME-ordninga er ein av dei viktigaste berebjelkane for Noreg si satsing på forskning, utvikling og innovasjon for framtidens berekraftige energisystem. Senterordninga ligg under Noregs forskings-

råd og inneber støtte til forskningssenter saman- sette av forskingsinstitusjonar, næringsliv og for- valting. FME-ane kan vare i inntil åtte år, men blir vurderte etter fem år.

Plan for vidare arbeid

Enova er eit sentralt verktøy i regjeringa sin poli- tikk for å redusere norske utslepp av klimagassar og utvikle framtidens energisystem. Enovas formål er å bidra til å redusere klimagassutslepp og styrka forsyningstryggleik for energi, og teknolo- giutvikling som på lengre sikt òg bidrar til redu- serte klimagassutslepp. Gjennom mellom anna dette nye formålet og tre nye delmål dreier den nye avtala Enova si merksemd meir mot innova- sjon og utvikling av nye energi- og klimaløysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet. Den nye avtala inneber òg ei styrkt satsing på å redusere utslepp i transportsektoren og andre ikkje-kvotepfiktige næringer. Regjeringa er oppteken av at vi skal komme dit at dei miljø- og klimavennlege løysin- gane blir å føretrekke utan støtte. Det er naudsynt for å vere konkurransedyktig i eit lågutsleppssam- funn. Den nye avtala gir Enova økonomiske ram- mer, høve til å arbeide på lang sikt, og stor fagleg fridom. Styringsmodellen gir Enova høve til mest mogleg effektivt å utnytte dei ressursane som er stilt til rådvelde.

Det overordna målet for regjeringas CO₂- handteringspolitikk er å bidra til at CO₂-hand- tering blir eit kostnadseffektivt tiltak i arbeidet mot globale klimaendringar. Arbeidet med CO₂-hand- tering skal medverke til å utvikle og demonstrere teknologi for fangst og lagring av CO₂ med eit spreingspotensial. For at måla for arbeidet med CO₂-handtering skal bli nådd, er det naudsynt med teknologiutvikling og kostnadsreduksjonar, blant anna gjennom utbygging av fullskala demon- strasjonsanlegg. Basert på resultata frå ein studie av moglege fangstanlegg frå 2016, vart det bestemt at planleggingsarbeidet skulle først vidare, jf. OEDs Prop. 1 S (2016–2017). Gassnova har tildelt kontraktar for konseptstudiar med opsjon på forprosjektering for CO₂-fangst og -lag- ring. Tre industriaktørar, Norcem, Yara og Kle- metsrudanlegget, leverer sine konseptstudiar hausten 2017. Gassco har tildelt kontraktar for konseptstudiar av skipstransport av CO₂ til Larvik Shipping og Brevik Engineering. Desse studiane vil òg vere ferdigstilte hausten 2017. Statoil har blitt tildelt kontrakt for konseptstudiar av CO₂- lager. Konseptval for lagerdelen av prosjektet er planlagt sommaren 2018. Regjeringa kjem tilbake til Stortinget med eit heilskapleg framlegg om

arbeidet med fullskala CO₂-handtering i Noreg etter at resultata frå konseptstudiane på fangst er gjennomgått, seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett 2018.

Teknologiseret for CO₂-fangst på Mong- stad (TCM) står sentralt i regjeringas satsing på fangst- og lagring av CO₂. TCM vart offisielt opna i mai 2012 og det har vorte gjennomført kontinu- erlege testaktivitetar ved anlegget sidan. Staten, Statoil, Shell og Total har ført vidare drifta ved Teknologiserer for CO₂-fangst på Mongstad (TCM), i første omgang i tre nye år etter at gjel- dande avtale gjekk ut i august 2017.

Gjennom ENERGIX-programmet og FME-ord- ninga vil regjeringa framleis satse på forskning og utvikling av energiteknologiar som kan bidra til å utnytte norske energiressursar effektivt og miljø- vennleg. Det er viktig å utvikle kunnskap og kom- petanse som kan bidra til langsiktig verdiskaping og næringsutvikling. Den offentlege innsatsen er retta mot meir effektiv energiproduksjon, ener- gioverføring og energibruk i stasjonær energifor- syning og i transport, auka energitilgang basert på miljøvennleg energi, betre tryggleik og fleksi- bilitet. Offentleg støtte skal òg bidra til utvikling av eit internasjonalt konkurransedyktig forskings- miljø og næringsliv. Forsking og utvikling er eit sentralt element i regjeringas intensjon om at Noreg skal vere ein føregangsnasjon innan miljø- vennleg energibruk og energiproduksjon.

8.1.13 Samferdselsdepartementet

Eit av Samferdselsdepartementets (SD) hovudmål er å redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og redu- sere andre negative miljøkonsekvensar, samtidig som vi sikrar befolkninga auka mobilitet i både by og distrikt. Ei optimal innretting av bygging, drift og vedlikehald, og satsing på jernbane, sjø, syk- kel, gange og kollektive løysingar, kan avgrense miljøpåverknad frå trafikken. Sektoren skal leggje til rette for arealbruk som gir klimavennleg mobi- litet for personar og gods ved å stimulere til meir effektiv transport og logistikk. SD legg stor vekt på eit taktskifte for å ta i bruk meir miljøvennleg transportmiddelteknologi og alternative drivstoff.

Det er foreslått om lag 2,5 mrd. kroner til tiltak i storbyområda, ein auke på 23 pst. frå saldert budsjett 2017. Regjeringa foreslår 226,2 mill. kro- ner til gang- og sykkelveggar. I tillegg ligg det inne forslag om 70 mill. kroner til gang- og sykkeltiltak frå ekstern finansiering, i all hovudsak bompeng- gar. Regjeringa foreslår òg 76,4 mill. kroner til tilskotsordninga for gang- og sykkelveg på fylkes-

kommunalt- og kommunalt vegnett. Til jernbaneformål er det foreslått 23,1 mrd. kroner. Det er sett av 2,1 mrd. kroner til vidare planlegging av InterCity, inkludert Ringeriksbanen. Kjøp av persontransport med tog er foreslått auka. Vedlikehaldet på jernbanen blir halde oppe på eit høgt nivå.

Rapport for 2016

Auka transportarbeid gjer at klimagassutsleppa frå 1990 til 2015 har auka med 43 pst. for luftfart (siste offisielle tal), og med 32 pst. til 2016 for vegtrafikk (førebelse tal). For same periode har utsleppa frå innanriks sjøtransport og fiske gått ned med om lag 5 pst.

I 2016 var klimagassutsleppa frå vegtrafikken 9,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette utgjer 18,5 pst. av dei nasjonale klimagassutsleppa. Utsleppa vart redusert med 3,6 pst. i 2016, mens trafikkveksten var 2,2 pst. (SSB, mai 2016). Samtidig gir meir energieffektive køyretøy, el- /hybridbilar og særleg innblanding av biodrivstoff lågare utslepp. Reduksjonen i 2016 skuldast i hovudsak auka omsetjing av biodrivstoff, frå 188 millionar liter i 2015 til 462 millionar liter i 2016. Noreg har eit mål om at utslepp frå nye personbilar ikkje skal overstige eit gjennomsnitt på 85 g CO₂/km i 2020. Gjennomsnittleg utslepp frå personbilar som er registrerte for første gong, er redusert frå 177 til 93 g/km frå 2006 til 2016 og til 86 g/km første halvår 2017.

Til og med første halvår 2017 er det totalt registrert 114 876 elektriske personbilar i Noreg. Vektfrådraget i eingongsavgifta for ladbare hybridbilar vart auka frå og med 1. januar 2015. Til saman står elbilar og ladbare hybridbilar for 34,9 pst. av nybilsalet i første halvår 2017. Per 31.08.2017 er 8579 ladepunkt offentleg tilgjengeleg i Noreg (nobil.no).

Innanriks sivil luftfart i Noreg var ifølge Statistisk Sentralbyrå i 2015 (siste offisielle tall) 1,3 mill. tonn, dvs. 2,4 pst., av samla norske utslepp. Klimagassutslepp frå utanrikstrafikken, frå norske lufthamner til første destinasjon i utlandet, var i 2015 1,5 mill. tonn CO₂-ekvivalenter. Frå 2016 kunne alle flyselskap som tankar drivstoff på Oslo Lufthamn kjøpe jet biodrivstoff. Klimagassutslepp frå flygingar innan EØS-området er i hovudsak inkludert i det europeiske kvotesystemet.

Klimagassutsleppa frå all innanriks kystfart og småbåtar i Noreg var ifølge Statistisk Sentralbyrå i 2015 (siste offisielle tall) 1,9 mill. tonn, dvs. 3,5 pst., av samla innanriks utslepp. For losberedskapsavgifta innførte Kystverket i 2015 ei rabatt-

ordning for miljøvennlege skip basert på Environmental Ship Index (ESI). Stadig fleire hamner har innført liknande miljørabattar på anløpsavgifta eller kaivederlaga. I 2016 var det om lag 20 offentlege hamner som hadde miljørabattar. Effektivisering av navigering, transport og logistikk bidreg til redusert drivstofforbruk og til å styrkje skipsfarten.

Samferdselsektoren påverkar naturmangfald og vasskvalitet gjennom å vere utbyggjar og forvaltar av infrastruktur med tilhøyrande aktivitetar. Etatane og underliggjande verksemder tar omsyn til naturmangfald og økologisk- og kjemisk vasskvalitet gjennom planleggingsfasen, byggjefasen og gjennom drift og vedlikehald. Transportetatane arbeider med å auke kunnskapen på området. Tiltak er sett i verk for å følgje opp metodane. Etatane og Avinor deltek alle i arbeidet med å følgje opp vassforskrifta. Prosjektet NORWAT (Nordic Road Water) som blei avslutta i 2016, har auka kunnskapen om korleis ein kan planleggje, byggje og drifte vegnettet slik at risikoen for forureining av metall og miljøgifter kan reduserast. Dei seinare åra har det vore ein aukande tendens i samla saltbruk i vegsektoren, og det har vore sett i verk fleire tiltak for å redusere bruken av salt. Foreløpige tal for vintersesongen 2016/2017 viser ein nedgang på 35 000 tonn samanlikna med sesongen 2015/2016. I 2016 ferdigstilte Jernbaneverket ei omfattande kartlegging av forureina grunn i samband med byggjeprojekt.

Forureiningsforskrifta sin grenseverdi for svevestøv (PM10) vart overskriden i Narvik og Tromsø i 2016. Det er sannsynleg at trafikken er hovudkjelda i Tromsø, mens industri- og hamneaktivitet nok bidreg i stor grad i tillegg til trafikken i Narvik. Det var overskridingar av grenseverdiane for NO₂ i 2016 i Oslo og Bergen. I Bergen var årsmiddelet 41 µg/m³, medan grensa er på 40 µg/m³. I Oslo var det 55 µg/m³. Den viktigaste kjelda til lokal NO₂-forureining er vegtrafikk. Ei ny forskrift for lågutsleppssone for bilar blei fastsett i 2016 og var eit nytt verkemiddel for kommunar med lokal luftforureining.

Plan for vidare arbeid

SDs etatar og verksemder skal vidareutvikle tverretattele verkemiddel på klima- og miljøområdet, t.d., indikatorar, metodikk for før- og etterundersøkingar, og bruk av økologisk kompensasjon ved bygging av ny infrastruktur og utvikling av felles gjennomføringsmetode for eigen aktivitet og innkjøp. Kostnadseffektivitet er sentralt i arbeid med utvikling av verkemiddel.

Regjeringa vil auke satsinga på eit senter for oljevern og miljø i Lofoten/Vesterålen med 10 mill. kroner frå 2018.

For å redusere klimagassutsleppa frå personbilar rettar regjeringa innsatsen både mot å fremje sal av energieffektive konvensjonelle bilar og mot auka sal av bilar med låg- og nullutsleppsteknologi. CO₂-avgifta på drivstoff er eit viktig verkemiddel for å redusere utslepp frå sektoren. Til grunn for regjeringa sine måltal for låg- og nullutsleppskøyretøy er det føreset at dei ulike kjøretøysegmenta vil ha ei teknologisk modning slik at nullutsleppskøyretøy blir meir konkurransedyktige samanlikna med konvensjonelle løysingar. SD legg framover meir vekt på å nytte anskaffingsregelverket for å auke tilbodet av klimavennlege kollektivtilbod. Offentlege etatar skal i størst mogleg grad nytte biodrivstoff, låg- og nullutsleppsteknologi i eigne og leigde køyretøy og fartøy. For å utvikle eit nullutsleppsalternativ til dagens konvensjonelt baserte energisystem i riksvegferjer, har Statens vegvesen etablert eit utviklingsprosjekt for ei delvis hydrogendriven ferje med planlagt driftsstart i 2021. Avinor vurderer å utvide ordninga med leveranse av biojetdrivstoff til alle fly til andre lufthamner enn Oslo og Bergen lufthamn, og har sett i gang eit langsiktig prosjekt for å vurdere korleis det kan leggjast til rette for at elektriske passasjerfly kan bruke Avinors lufthamner. Samferdselsdepartementet støttar dette arbeidet.

Bymiljøavtalene og byvekstavtalene vil vere av dei viktigaste verktøya for at fleire reiser kollektivt, sykklar og går i dei største byane, og for å sikre ein målretta arealbruk som reduserer transportbehovet og gir betre utnytting av dagens kapasitet i transportsystemet. Det vart inngått bymiljøavtalar i 2016 og 2017. Desse avtalene vil bli reforhandla til byvekstavtalar i 2018. Dei første byvekstavtalene blei inngått hausten 2017. For andre byområde omfatta av ordninga, vil innføring av byvekstavtalar skje på bakgrunn av erfaringane frå inngåing av avtalene med dei fire største byområda. Premieringssordninga for betre kollektivtransport blir no gradvis fasa ut, men premieringsmidlane blir vidareførte i bymiljøavtalene og byvekstavtalene. Det vil leggje til rette for meir langsiktige prioriteringar og heilskapleg verkemiddelbruk.

I samarbeid med underliggjande etatar, verksemder og næringsliv skal SD utarbeide ein handlingsplan for at byggjeplassar/anleggsplassar innan transportsektoren skal vere fossilfri.

Det vil bli starta opp eit arbeid i 2018 med ein ny nærskipfartsstrategi som skal styrkje sjøtrans-

portens rammevilkår, slik at meir gods kan overførast frå veg til sjø. Kystverket vil saman med andre myndigheiter ta eit fagleg ansvar for å vurdere tiltak og eigna verkemiddel for å stimulere til auka bruk av lågutsleppsteknologi, under dette landstrøm, i nærskipfartsflåten. Gjennom planen for fornying av fartøy vil Kystverket føre vidare arbeidet med overgang til låg- og nullutsleppsløysingar for eigne fartøy og dermed medverke til teknologiutviklinga i sektoren. Samferdselsdepartementet innførte i 2017 ei tilskotsordning for overføring av gods frå veg til sjø. Ordninga blir forvalta av Kystverket. Reiarar kan søkje tilskot til prosjekt som har til føremål å overføre gods frå veg til sjø. Ordninga er basert på at vegtransport fører med seg høgare kostnader for samfunnet enn sjøtransport, mellom anna i form av høgare klimagassutslepp, lokal forureining og støy.

Etatane og underliggjande verksemder skal ta omsyn til naturmangfald og økologisk- og kjemisk vasskvalitet gjennom planleggingsfasen, byggjefasen og gjennom drift og vedlikehald. Tiltak som forringar verneområde eller verdifulle naturområde skal unngåast så langt som mogleg ved å velje ein annan trasé, før avbøtande tiltak, restaureringstiltak eller i siste instans, økologisk kompensasjon blir vurdert. Etatane og underliggjande verksemder skal arbeide for å redusere utsleppet av plast og unngå at mikroplast blir spreidd til naturen og spesielt til vassførekomstar. Etatane og underliggjande verksemder skal ha oversikt over bruken av miljøskadelege og potensielt miljøskadelege kjemikaliar innan sektoren. I 2018 held arbeidet fram med å implementere resultata frå prosjektet NORWAT (Nordic Road Water). Bruken av miljøgifter i vegbygging og vegdrift skal reduserast raskt og utfasast.

Før- og etterundersøkingar skal gjennomførast for prosjekt med usikker til stor negativ konsekvens for naturmangfald. Det blei i 2016 gjennomført eit samarbeidsprosjekt mellom Statens vegvesen og Jernbaneverket om metodar for å gjennomføre før- og etterundersøkingar i samferdselsprosjekt. Vidareutvikling og implementering av dette held fram i 2018. Arbeidet med pilotprosjekta for økologisk kompensasjon blir vidareførte.

Det trengst eit breitt samarbeid for å betre den lokale luftkvaliteten, både med tanke på NO₂ og svevestøv. Krava i forskrifta om lokal luftkvalitet for NO₂ kan ved ugunstig vær bli brote fram til mellom 2020 og 2025 om det ikkje blir sett i verk nye tiltak. Lokale myndigheiter kan nytte ei rekke ulike tiltak og det er framleis naudsynt med generelle tiltak som t.d. piggedekkebyr, setje ned farts-

grensene om vinteren, bruke saltløysing og auka reinhald for å dempe at støv kvervlar opp frå vegbana. Det er piggdekkgebyr i Bergen og Oslo, og det blir òg innført i Stavanger for vintersesongen 2017/2018 og frå 1. nov 2017 i Trondheim. Lågut-sleppssoner, miljødifferensierte bompengesatsar og tidsdifferensierte bompengesatsar er nye verkemiddel som kommunane kan nytte.

Statens vegvesen vil i 2018 halde fram arbeidet med lokale luftkvalitetsmålingar og prognosar for å varsle befolkninga om forureininga. Det vil bli arbeidd vidare med å undersøke utslepp frå bilar i verkeleg trafikk og ved låge vintertemperaturar. Resultata så langt viser at NO_x og NO₂-utslepp frå tunge køyretøy, som bussar og lastebilar, er om lag på nivå med krava i EURO VI køyretøy ved kjøring i verkeleg trafikk, mens diesel personbilar har vesentleg høgare utslepp ved kjøring i verkeleg trafikk enn kravet ved typegodkjenninga for EURO 6. Statens vegvesen arbeider og med å betre.

Gjennom styringa av etatane og selskapa vil regjeringa ivareta samferdselssektorens ansvar for å førebyggje og redusere støyplager gjennom planarbeid, tiltak på bustader og kjelderetta tiltak. Statens vegvesen vil hausten 2017 avgjere korleis arbeidet med støysvake vegdekke skal vidareførast. Godstrafikken på jernbane fører fleire stader til høge støynivå og er særleg utfordrande og ofte dimensjonerande for støytiltak på jernbane. Der som det lukkast å installere komposittbremseklossar på godstog, vil det allereie i 2018 kunna syne ei planlagt innsparing i samband med prosjektering av støyskjermetiltak for nye prosjekt.

8.1.14 Utanriksdepartementet

Arbeidet med klima og miljø har ein viktig plass i utanriks- og utviklingspolitikken.

Satsinga på fornybar energi og støtta til *Det grøne klimafondet* er hovudkomponentar i satsinga. Klimasmart landbruk og matsikkerheit er viktige innsatsområde for klimatilpassingsarbeidet.

Regjeringa prioriterer å bistå utviklingsland med å gjennomføre internasjonale miljøavtaler, mellom anna gjennom støtte til Den globale miljøfasiliteten (GEF) som er finansieringsmekanisme for dei sentrale miljøavtalene. FNs miljøprogram (UNEP) er ein viktig samarbeidspartnar og kanal for fleire av regjeringas prioriteringar, både for gjennomføring av Parisavtala om klimaendringar og for dei globale berekraftsmåla mot 2030, for kapasitetsbygging for grønt skifte i u-land og òg som pådrivar og medspelar i Noregs innsats mot

marin forsøpling og mikroplast. Klima- og miljøarbeid er òg ein av hovudpilarane i EØS-ordninga. Programma har som formål å redusere klimagassutslepp og styrkje klimatilpassing, og på miljøområdet styrkje forvaltninga av biologisk mangfald. Klima og miljø er ein viktig del av regjeringas satsing på Nordområda. Utanriksdepartementet jobbar for at Noreg skal vere ein langsiktig og truverdig forvaltar av miljøverdiane også i nord, både nasjonalt, gjennom bilateralt samarbeid, og i regionale forum som Arktisk råd og Barentsrådet.

Rapport for 2016

Det vart i 2016 utbetalt om lag 5,3 mrd. kroner i bistandsmidlar til klima- og miljøtiltak. Under EØS-ordninga (2009–2014) blei det avsett i overkant av 420 mill. Euro for perioden fram til 2017 til program innan klima, miljø og fornybar energi. I tillegg kjem relevante prosjekt innan andre program under ordninga som grøn industriell innovasjon og sivilt samfunnsprogramma. Det vart i 2016 òg utbetalt 15 mill. kroner til FNs Klimakonvensjon for å støtte sekretariatets oppfølging og gjennomføring av avgjerder under Klimakonvensjonen.

Satsinga på fornybar energi skjer gjennom bilateralt og multilateralt samarbeid, Norfund, internasjonale initiativ og støtte til frivillige organisasjonar. Noreg gav i 2015 energibistand til blant anna Haiti, Liberia, Mosambik, Myanmar, Nepal, Tanzania og Uganda. Samarbeidet bidro til forbedret lovgivning og bedre kapasitet til regulering av kraftsektoren i blant anna Liberia, Mosambik og Myanmar. Støtte til utbygging av overføringslinjer og distribusjonsnett, og lokale energiløysingar medverka til at fleire på landsbygda fekk tilgang til elektrisitet. Norfund investerte 870 mill. kroner i fornybar energi i 2015. Noreg støtta i 2016 *Det grøne klimafondet* med 400 mill. kroner. Fondet godkjende i 2016 støtte på til saman om lag 11 mrd. kroner (1,3 mrd. USD) fordelt på 27 tiltak for utsleppsreduksjonar og klimatilpassing i utviklingsland. Støtta til UNEP var på 90 mill. kroner i 2016. Det meste av midlane gjekk til UNEPs sju arbeidsprogram. Det vart blant anna gitt øyremerkte midlar til UNEPs arbeid med økosystembasert førebygging og til fattigdoms- og miljøinitiativet (PEI). Noregs bidrag til den globale miljøfasiliteten (GEF) var i 2016 på 108 mill. kroner. Det har òg blitt arbeidd med fleire andre miljø- og klimatiltak, og støtta gjekk blant anna til betring av luftkvaliteten i utvalte byar i Afrika og Asia, støtte til klimatenester og førebygging av naturkatastrofar relaterte til klimaendringane.

For dei av EØS-midlane som går til klima, miljø og energi for perioden 2009–14 er det estimert at programma vil redusere klimagassutslappa med om lag 620 000 tonn CO₂-ekvivalentar pr. år. Midlane har blant anna og medverka til utvikling av om lag 30 nasjonale og lokale klimatilpassingsplanar og til styrking av offentleg forvaltingskompetanse om klimatilpassing.

I 2016 vart det utbetalt 10 mill. kroner til arktiske miljøprosjekt, under dette 7,25 mill. kroner til prosjekt under Arktisk råd. Dette utgjer eit vesentleg bidrag til Noregs samla innsats i Arktisk råds arbeidsgrupper. Prosjektsamarbeid med Russland og miljøprosjekt i Barentsregionen vart vidareført med særleg vekt på samarbeid om heilskapleg forvaltning av Barentshavet og grensenært miljøsamarbeid.

Plan for vidare arbeid

Det er anslått at den totale støtta til klima- og miljøområdet med bistandsmidlar (inklusive skog og rein energi) vil bli omtrent 5,3 mrd. kroner i 2017. For norsk klimapolitikk er fornybar energi i utviklingspolitikken eit viktig bidrag. Viktige område vil vere dialog og samarbeid om reformer, lovverk, institusjonsbygging, planlegging og regionalt samarbeid. Bidrag til å sikre fleire tilgang til straum vil òg stå sentralt. Alle land er avhengig av velfungerande økosystem. Regjeringa vil medverke til internasjonalt samarbeid som sikrar biologisk mangfald i samsvar med internasjonale mål. Under toppmøtet på klimakonferansen i Paris desember 2015 annonserte Noreg at støtte til Det grønne klimafondet (GCF) skal aukast med inntil ei dobling innan 2020 dersom fondet får på plass ein finansieringsmekanisme for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Noreg deltek aktivt i utforminga av fondets portefølje og prioriteringar gjennom sin styreplass, og vil, saman med fleire andre land, halde fram arbeidet med å få på plass ein slik finansieringsmekanisme.

Noreg vil arbeide for at FNs miljøprogram (UNEP) skal vere FNs fremste miljøaktør og aktivt bidra til samarbeid på miljø og klimaområdet med andre FN-organisasjonar, multilaterale institusjonar, og regionale og nasjonale aktørar. Noreg skal vidareføre støtte til oppfølging av vedtaket på FNs andre miljøforsamling i 2016 om marin forsøpling, og vil vidareføre fokus på dette området for den tredje miljøforsamlinga i 2017. Noreg sin innsats for klima og miljø er òg styrka gjennom auka fokus på vern av hav og berekraftig ressursutnytting, og det vart i 2017 lagt fram ei stortingsmelding om hav. Det blir oppretta eit

eige bistandsprogram på 150 mill. kroner for 2018 for marin forsøpling og mikroplast jf. Meld. St. 22 (2016–2017) *Hav i utenriks- og utviklingspolitikk*. I 2018 vil Noreg delta i påfyllingsforhandlingar i Den globale miljøfasiliteten (GEF) for perioden 2018–22, og tek sikte på auke bidraget frå førre periode. GEF skal aktivt medverke til å nå FNs berekraftsmål og halde fram arbeidet med å støtte implementering av dei globale miljøavtalene i utviklingsland.

For EØS-finansieringsordninga er miljø, energi, klimaendringar og lågutsleppsøkonomi blant hovudprioriteringsområda i perioden 2014–2021.

I 2018 blir det teke sikte på å vidareføre innsatsen på klima- og miljø i mellom anna Arktisk råd og innan Barentssamarbeidet. Miljø er òg eit viktig tema i Nordområdestrategien frå 2017, som vil bli følgt opp i 2018. Ein viser elles til Prop. 1S (2017–2018) for Utanriksdepartementet for meir detaljert beskriving av resultat for 2016 og planar for 2018.

8.2 Klimagassbudsjett

Etter klimaforliket frå 2008 skal det i dei årlege budsjettframlegga leggjast fram ei rapportering/klimagassbudsjett som vurderer konsekvensane for klimagassutslepp. Som ei oppfølging av dette har regjeringa hatt ei omtale av klimakonsekvensar av satsingsforslag i statsbudsjettet, for å gi ei oversikt over klimagassutslepp og karbonbinding som følgjer av regjeringas største satsingar i dei mest utsleppsrelevante departementa. Årets rapportering bygger vidare på tidlegare års klimagassbudsjett.

Etter klimalova skal regjeringa frå og med budsjettproposisjonen for 2019 gjere greie for klimaeffekten av framlagt budsjett. Som det kjem fram i omtala av forslag til lovproposisjon er det på mange område fagleg svært krevjande å anslå utsleppseffekten av budsjettet. Det er krevjande å anslå den fulle effekten av både ny og etablert politikk på utviklinga i klimagassutslappa, og å tidfeste effekten på utsleppa. Forsking og utvikling og bruk av klimavenleg teknologi er eit døme. Slik teknologi er viktig for å løyse klimaproblemet, og Noreg brukar betydelege ressursar på utvikling av klimavennleg teknologi. Det er svært vanskeleg å anslå klimaeffekten av denne ressursbruken. Det er til dømes usikkert når, i kva grad og i kva sektor auka innsats på forskning og teknologiutvikling vil gi resultat i form av reduserte utslepp. Derfor vil regjeringa der ein manglar

treffsikker metodikk, i tråd med forarbeida til klimalova, måtte oppfylle dette punktet gjennom tekstlege beskrivingar etter beste faglege skjønn av dei satsingane i budsjettet som ein meiner har vesentleg effekt på klimagassutsleppa. Der det tener føremålet, blir den tekstlege omtala supplert med anslag av klimaeffekten, både positiv og negativ. Det er behov for å vidareutvikle den faglege metodikken for å gjere greie for klimaeffekten av framlagt budsjett på ein god måte. Ei slik metodeutvikling vil òg ha positiv effekt for berekningar av tiltak i statsbudsjettet og andre klimapolitiske verkemiddel. Regjeringa vil følgje opp oppmødingsvedtaket om å opprette eit teknisk berekningsutval på klimafeltet.

Det er mange forhold som påverkar utsleppsutviklinga. I tillegg til innretninga av politikken, blant anna gjennom statsbudsjettet, vil òg økonomiske, teknologiske og befolkningsvise forhold ha stor betydning. Fleire verkemiddel verkar òg saman, og det er krevjande å skilje ut den isolert effekten av eit verkemiddel. Til dømes blir utsleppseffekten av elbilpolitikken bestemt av eit samspel mellom CO₂-avgifta, eingongsavgifta, støtta til ladestasjonar mellom anna i regi av Enova, parkeringsvilkår og høvet til å køyre i kollektivfeltet og passere gratis i bomstasjonar.

Globalt er det energiforsyninga som er den største kjelda til utslepp av klimagassar. Noreg er eit føregangsland på den måten at straumen vår kjem frå vasskraft og fordi vi er verdsleiande på lågutsleppsbilar. Noreg har teke i bruk omfattande verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar. Over 80 pst. av dei norske klimagassutsleppa er omfatta av sektorovergripande økonomiske verkemiddel som CO₂-avgift og/eller det europeiske kvotehandelssystemet. Desse hovudverkemidla set ein pris på utslepp av klimagassar og medverkar dermed til å endre produksjons- og forbruksmønster. CO₂-avgifta inngår som ein del av statsbudsjettet, og dekkjer 60–70 pst. av utsleppa. EUs kvotehandelssystem dekkjer om lag halvparten av norske utslepp. Prisen på utslepp i kvotehandelssystemet blir i utgangspunktet bestemt i marknaden og inngår ikkje som ein del av statsbudsjettet. Som eit tillegg til kvotar og avgifter blir det nytta direkte regulering, standardar, avtaler og subsidiar til utsleppsreduserande tiltak. Noreg satsar òg på forskning og utvikling. Mange av desse elementa kan ha ein utsleppseffekt utan å inngå i statsbudsjettet. Eksempel er arealplanlegging, matsvinnavtala med næringslivet, forslag om forbod mot nydyrking av myr, nye energikrav i TEK med mellom anna forbod mot

varmeinstallasjon for bruk av fossilt brensel, og krav til innblanding av biodrivstoff.

I tillegg til Noregs noverande samarbeid med andre europeiske land innanfor EUs kvotesystem ønskjer regjeringa at Noreg òg skal samarbeide med desse landa om utsleppsreduksjonar innanfor sektorar som ikkje er omfatta av kvotesystemet. Norge medverkar òg til utsleppsreduksjonar i andre land, blant anna gjennom den grøne utviklingsmekanismen (CDM) og ved støtte over bistandsbudsjettet.

Dei viktigaste endringane i årets budsjett som er venta å medverke til å redusere utsleppa er omtalt i del III, kap. 4 i dette budsjettet.

Meir om utsleppseffekt av CO₂-avgift

Klimapolitikken reduserer nasjonale utslepp betydeleg. I samband med Noregs sjette nasjonalrapport til FNs Klimakonvensjon vart det utrekna at dei tiltaka og verkemidla som er innførte sidan 1990, samla har redusert utsleppa med rundt 13–15 mill. tonn i 2010, samanlikna med ein situasjon utan desse tiltaka, og at reduksjonen i 2020 vil vere om lag 17–20 mill. tonn årleg. Det er CO₂-avgifta som har bidrege mest til desse utsleppsreduksjonane, men ei rekkje andre verkemiddel har òg hatt vesentleg betydning. Rapporten er frå utgangen av 2013 og anslaga vil bli oppdaterte i samband med Noregs neste rapportering ved årsskiftet.

Klimarelaterte avgifter

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretninga av særavgifter i miljøpolitikken. Miljøavgifter gjer at marknadsprisane i større grad inkluderer samfunnets kostnader ved miljøskadelege aktivitetar. Det medverkar til å redusere dei miljøskadelege utsleppa. Fleire avgifter er direkte retta inn mot utslepp av klimagassar. Dette gjeld først og fremst CO₂-avgifta på mineraliske produkt, avgifta på utslepp av CO₂ i petroleumsvirksemda på kontinentalsokkelen og avgiftene på hydrofluorkarbonar (HFK) og perfluorkarbonar (PFK).

Eingongsavgifta på motorvogner inneheld òg ein CO₂-komponent. Den skal påverke forbrukarar til å ta meir klima- og miljøvennlege val ved bilkjøp, men inneber ikkje direkte prising av utslepp av CO₂. CO₂-komponenten vart innført i 2007. Regjeringa presenterte ein heilskapleg gjennomgang av bilavgiftene i Meld. St. 2 (2014–2015) *Revidert nasjonalbudsjett 2015*. Målsetjinga var å legge om eingongsavgifta slik at den stimulerer til

ein nyare, sikrare og meir miljøvennleg bilpark. Gjennomgangen vart følgt opp med endringar i eingongsavgifta i miljøvennleg retning i budsjetta for 2016 og 2017 gjennom utfasing av avgifta på motoreffekt, redusert avgift på vekt og auka avgift på utslepp av CO₂ og NO_x. Endringane har medverka til at gjennomsnittlege CO₂-utslepp frå nye personbilar er reduserte frå 177 gram CO₂/km i 2006 til 93 gram CO₂/km i 2016. Frå januar til august 2017 har gjennomsnittlege CO₂-utslepp frå nye personbilar vore 86 gram CO₂/km. I statsbudsjettet for 2018 foreslår regjeringa å fjerne fritaket for eingongsavgift for elbilar, men samtidig innføre vektfrådrag også for elbilar. Endringane i eingongsavgifta er venta å ha avgrensa betydning for utviklinga av delen elbilar, både fordi dette ikkje er aktuelt for hovuddelen av elbilane, og fordi avgiftsauken utgjør ein relativt liten del av prisen for køyretøya som det blir er aktuelt for. Regjeringa vil vurdere behovet for endringar i verkemiddel i lys av utsleppsutviklinga.

I tillegg er det avgifter som ikkje er direkte retta inn mot utslepp av klimagassar, men som likevel medverkar til reduserte utslepp. Dette gjeld først og fremst vegbruksavgifta, fritak for meirverdiavgift for nullutslepps-bilar og grunnavgifta på mineralolje. Særavgiftene er nærare omtalt i Prop. 1 LS (2017–2018) *Skatter, avgifter og toll 2018*.

I årets budsjett foreslår regjeringa å gjere CO₂-avgifta meir kostnadseffektiv ved å fjerne fritak og låge satsar. Dette følger opp eit oppmodingsvedtak frå Stortinget og er i tråd med tilrådinga til Grøn skattekommissjon, jf. NOU 2015: 15 *Sett pris på miljøet*. Utsleppa frå dei sektorane som får innført eller auka CO₂-avgift utgjør om lag 600 000 tonn CO₂. Det er venta at forslaget vil gi reduserte utslepp, men det er usikkert kor store utsleppsreduksjonane vil bli. Utsleppsreduksjonane vil vere større på lang sikt fordi avgifta vil stimulere til å

skifte til meir miljøvennleg teknologi. Eventuell effekt av ny innovasjon og teknologiutvikling vil òg komme på sikt.

Andre klimarelaterte verkemiddel i budsjettet

Etter klimalova vil regjeringa i neste års budsjett gjere greie for klimaeffekten av framlagt budsjett. Årets omtale er meir omfattande enn i tidligare budsjett. Tabell 8.2 og 8.3 inneheld forsøksvise anslag av utsleppseffekten av enkelte element i budsjettet. Nokre element i tabellen blir utdjupa i teksten, for nødvendig omtale av føresetnader og kontekst. I år er utsleppseffekten av Samferdselsdepartementets budsjett omtalt mest omfattande. Transportsektoren står for dei største utsleppa som ikkje er omfatta av EUs kvotehandelsystem, og regjeringa har sett ambisiøse mål for denne sektoren. Vi vil framover vurdere korleis rapporteringa under klimalova bør vere frå 2019-budsjettet.

Tabellane under synleggjer nokre element i framlagt budsjett – tiltak og verkemiddel – som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding. Merk at tabellane synleggjer absolutt utsleppseffekt og ikkje endringar frå fjorårets budsjett. Utsleppseffekten som blir synleggjort i tabellen er anslag på effekten samanlikna med ein situasjon utan dei gitte budsjettpostane. Utsleppseffekten av nokre av elementa er talfesta. Desse tala er svært usikre og kan ikkje nødvendigvis samanliknast. Elementa som blir synleggjort utgjør ikkje heilskapen i klimaeffekten av det framlagte budsjettet. Klimaeffekten av budsjettet kan derfor ikkje summerast av tabellane. Det er krevjande og hefta med stor uvisse å anslå kor stor del av klimaeffekten som kjem av ulike tiltak og verkemiddel. I tillegg verker verkemidla saman. Utrekningar, anslag og vurderingar synleggjort i tabellen er utført av ansvarleg departement.

Tabell 8.2 Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding

Tiltak/verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg utsleppseffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Nye vegprosjekt, oppstart i 2018	SD	Trafikkutslepp	Programkategori 21.30	2018: Ingen effekt.	Marginalt auka utslepp i 2030
Veg- og jernbanevegprosjekt under utbygging, drift og vedlikehald	SD	Direkte anleggsutslepp frå bruk av fossilt drivstoff	Div. under programkategori 21.30 og 21.50	2018: Auka utslepp på +0,2–0,4 mill.	2020: Auka utslepp på +0,2–0,4 mill.
Bymiljø- og byvekst-avtaler	SD	Nullvekst i biltrafikken.	Kap. 1320 Post 30 og Kap. 1330 Post 63 + 64	Moderat reduksjon	Avtakande reduksjon grunna mindre utslepp frå personbilar dersom flere bilar blir utsleppsfrie
Kollektivtrafikktiltak utanom byvekst-avtalene	SD	Tiltak i byar utan avtaler for å oppgradere haldeplassar og knutepunkt og etablere kollektivfelt langs riksveg.	Kap 1320 Post 30	Usikkert	Usikkert
Tiltak utanom byvekst-avtalene for gåing og sykling	SD	Tiltak i byar utan avtaler. Overgang bil/kollektiv til sykkel	Kap. 1320 Post 30	Noko reduksjon	Noko reduksjon
Ferjer	SD	Inngåtte kontraktar med krav til lågare utslepp.	Kap. 1320 Post 72	2018: - 0,06 mill (reduserte utslepp)	2020–2030: - 0,09 mill
Overført godstransport frå veg til sjø	SD	Tilskot til nye godsruiter eller oppgradering av eksisterande godsruiter på sjø. Formålet er å flytte gods frå veg til sjø.	Kap. 1360 Post 72	2018: - 0,05 mill (reduserte utslepp)	2020: - 0,1 mill 2030: 0,2 mill

Tabell 8.2 Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding

Tiltak/verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg utsleppseffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Enova	OED	Støtte i form av blant anna tilskot og informasjonsaktivitet gjennom Enova skal bidra til reduserte klimagassutslepp og styrkt forsyningsikkerheit for energi, og teknologiutvikling som på lengre sikt også medverkar til reduserte klimagassutslepp.	Kap. 18 Post 20	Reduserte utslepp, sjå omtale under	Reduserte utslepp, sjå omtale under
CO ₂ -handtering	OED	Forskning, utvikling og demonstrasjon, arbeidet med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO ₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO ₂ -handtering.	OED Kap. 18 post 40		Potensielt reduserte utslepp
Miljøteknologiordninga	NFD	Tilskot til pilot- og demonstrasjonsprosjekt for å medverke til kommersialisering av miljøteknologiløysingar. Ordninga skal bidra til berekraftig næringsverksemd i Noreg og å realisere Noregs miljømål.	Kap. 2421 post 76	Ikkje konkrete tal tilgjengelege	Ikkje konkrete tal, reknar med reduserte utslepp
Kondemnerings- og innovasjonslånearordning for skip i nærskipsfart	NFD	Ordning gjennom Innovasjon Noreg med formål å medverke til at eldre skip i norske farvatn blir skrota og erstatta av skip som har vesentleg betre miljøprofil	Kap 2421 post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Næringsretta forskning	NFD	Næringslivet bidreg til at resultatane frå forskinga som bidreg til å redusere utslepp, raskare blir tekne i bruk.	Kap. 920 post 50	Ikkje konkrete tal tilgjengeleg	Ikkje konkrete tal, reknar med reduserte utslepp

Tabell 8.2 Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding

Tiltak/verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg utsleppseffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Forskning og utvikling over jordbruksavtala	LMD	Støtte utvikling av ny kunnskap og teknologi til landbruks- og matsektoren. Styrkje kunnskapsgrunnlaget knytt til utsleppsreduksjonar frå jordbruket.	Kap. 1150 post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Regionalt miljøprogram over jordbruksavtala	LMD	Ordning for miljøvenleg spreining av husdyrgjødsel er mest relevant (10 pst. av utbetaling). Omsynet til klima skal takast vare på i revidering av miljøprogramsaftinga fram til 2019, i tillegg til formål om å ta vare på omsynet til vatn og kulturlandskapet.	Kap. 1150 post 74.19	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Spesielle miljøtiltak i jordbruket over jordbruksavtala	LMD	Mellom anna utbetring av gamle røyrssystem i bakkeplanerte område som får effekt på klimatilpassing og reduserte utslepp av lystgass (33 pst. av utbetaling). Ordninga fremjar natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskap og reduserer forureininga frå jordbruket.	Kap. 1150 Post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Tilskot til drenering av jordbruksjord over jordbruksavtala	LMD	Godt drenert jordbruksjord har lågare lystgassutslepp enn vassmetta jord. Tilskotssatsen ved drenering blir dobla frå 1.7.17, noko som venteleg vil gi auka drenering og lågare utslepp. Ordninga gir potensial for auka jordbruksproduksjon, og reduserer faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag. Dette har klimatilpassingseffekt.	Kap. 1150, post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp

Tabell 8.2 Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding

Tiltak/verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg utsleppseffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Tilskot for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg	LMD	Behandling av husdyrgjødsel i biogassanlegg reduserer faren for metanutslepp frå husdyrproduksjon. Det blir gitt tilskot for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg.	Kap. 1150, post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Klimarådgiving på gardsnivå	LMD	Klimasmart landbruk: redusere klimaavtrykket til norsk landbruk gjennom informasjon og gode verktøy for norske gardsbruk. Det er venta at eit landsdekkjande tilbod om klimarådgiving blir starta opp i 2018.	Kap. 1142 post 75	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket	LMD	Auka produksjon av biobrensel og leveransar av biovarme frå landbruket kan gi reduserte utslepp. Midlane går bl.a. til utvikling av gardsbaserte biogassanlegg, produksjon av biovarme, pilotprosjekt for auka bruk av biodrivstoff i traktorar og maskiner, og satsing på klimavennleg veksthusproduksjon	Kap. 1150 post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Klima- og miljøprogrammet over jordbruksavtala	LMD	Forbetring av kunnskapsgrunnlag om potensialet for reduserte klimagassutslepp innan ulike produksjonssystem, lagring av karbon i jord og lystgassutslepp frå jord.	Kap. 1150 post 50	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Klimatiltak i skog	LMD	Tilskot til tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og skogplanteforedling bidreg til auka tilvekst og dermed høgare CO ₂ -opptak	Kap. 1149 post 73	Gjødsling gir auka årleg opptak på 0,27 mill. etter ti år. Dei andre tiltaka har relativt liten effekt på kort sikt.	Dei tre tiltaka vil samla kunne gi auka opptak på 2,4 mill. tonn CO ₂ årleg om ca. 70–100 år.

Tabell 8.2 Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding

Tiltak/verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg utsleppseffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Lågutsleppsforskning	KLD, OED	Støtte til forskning og innovasjon på lågutsleppsløysingar	Kap. 18 post 30 og Kap. 1410 post 51	Usikkert	Reduserte utslepp
Profilering av norske grønne løysingar – State of green	KLD	Satsing for å fremje auka og heilskapleg profilering og marknadsføring av norske grønne løysingar for auka eksport og for å trekke internasjonale investorar til Noreg. Det skal bidra til å fremje berekraftig utvikling og overgang til lågutsleppssamfunnet, og medverke til fleire gode gründarar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø innanfor grønne løysingar	Kap. 1400 post 50	Nøytral	Usikker, mål om reduserte utslepp nasjonalt og internasjonalt
Klimasats	KLD	Støtteordning for klimatil- tak i kommunane, til dømes til ladepunkt for tenestebil; klimavennleg areal- og transportplanlegging; klimavennlege bygg; utsleppsfrie byggeplassar. Ein viktig effekt av ordninga er å bryte ned ulike barrierar i kommunane, f.eks. teste pilottiltak før utrulling og gjere kommunane fagleg, organisatorisk og økonomisk i stand til å setje i gang tiltak for omstilling til lågutsleppssamfunnet.	Kap. 1420 post 61	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp

Tabell 8.2 Tiltak og verkemiddel som er venta å ha effekt på klimagassutslepp eller karbonbinding

Tiltak/verkemiddel	Ansv. departement	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg utsleppseffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Pilotordning for biogassanlegg	KLD	Formålet er å fremje utvikling av ny teknologi og nye løysingar for å produsere biogass basert på nye råstoff, Biogass kan f.eks. erstatte fossilt drivstoff i køyretøy. Kan bidra til kostnadsreduksjonar og større utsleppskutt på lengre sikt.	Kap. 1400 post 76	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Restaurering av myr	KLD	Restaurering av våtmark, med målsetjing utsleppskutt, betre økologisk tilstand og tilpassing til klimaendringar	Kap. 1420 post 38	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp
Kommunal klimastatistikk	KLD	Utvikling av eit verktøy som set kommunane i stand til å målrette arbeidet for utsleppsreduksjonar og prioritere mellom ulike klimatiltak	Kap. 1420 post 21	Legg til rette for reduserte utslepp ved at kommunane betre kan prioritere kva klimatiltak dei vil gjennomføre	Legg til rette for reduserte utslepp ved at kommunane betre kan prioritere kva klimatiltak dei vil gjennomføre

¹ Anslag på tal tonn CO₂-ekvivalente utslepp årleg. Om tiltaket er anslått å gi auka eller reduserte utslepp på kort og lang sikt er oppgitt der effekten ikkje blir talfesta. Tidfesting oppgitt avhengig av tilgjengelege data. Det er særleg krevjande å anslå klimaeffekten av ressursbruk på forskning og teknologiutvikling. Det er for eksempel usikkert når, i kva grad og i kva sektor auka innsats vil gi resultat i form av reduserte utslepp.

Utsleppseffekt av Samferdselsdepartementets budsjett

Utslepp frå transportsektoren utgjer den største delen av norske utslepp som ikkje er omfatta av EUs kvotehandelssystem. Potensialet for utsleppsreduksjonar er betydeleg. Derfor er denne sektoren svært viktig for å oppfylle klimapliktinga for 2030. Teknologiutviklinga går svært raskt, samtidig som det er usikkert kva utsleppsreduksjonar det vil gi, og når. Utsleppseffekten av Samferdselsdepartementets forslag til løyving til veg, jernbane, kollektiv og kyst, og kjøp av riksvegferjetenester er omtalt meir omfattande i årets budsjett. Det er understreka at anslaga for utsleppseffekt er svært usikre.

Samferdselsdepartementet vil i samarbeid med underliggende etatar og verksemder utvikle vidare metodikken for berekning av endra

utslepp. Nedanfor er dei direkte utsleppa tekne med og rekna som ein del av utsleppa i transportsektoren. Dette utgjer grovt sett om lag 4/10 av livsløpsutsleppa og er rekna som del av utsleppa i transportsektoren.

Utsleppseffekten av anleggsprosjekt som er i gang og drift og vedlikehald på eksisterande vegnett

Eit grovt overslag over utsleppa viser at anleggsutsleppa i 2018 frå store prosjekt som er i gang kan utgjere mellom 200 000 og 300 000 tonn CO₂ ut frå ei livsløpsberekning. Ei livsløpsbetraktning er ein annan metode enn det som er nytta i utsleppsrekningskapen som blir rapportert til FN's Klimakonvensjon, men det er ein metode som òg tek omsyn til global utsleppseffekt.

I tillegg kjem skredsikringsprosjekt på riksveg som grovt kan estimerast til om lag 20 000 tonn

CO₂. Fornyingsprosjekt, TS-tiltak, E16 Filefjell, E6 vest for Alta kan grovt estimerast til mellom 100 000 og 150 000 tonn ut frå ei livsløpsberekning. I tillegg kjem skredsikring på fylkesveggar, anleggsutslepp frå kollektivtiltak og byvekstavtalar med meir.

Det blir brukt omtrent 2 900 mill. kroner til entreprisar innanfor drift av vegnettet og omtrent 2 800 mill. kroner til entreprisar innanfor vedlikehald. Utsleppstala for CO₂ frå desse kontraktane er svært usikre, men eit grovt overslag kan vere i storleiksorden 150 000 – 250 000 tonn ut frå ei livsløpsberekning.

Overslag utført av Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet tilseier at dei direkte anleggsutsleppa i 2018 frå prosjekt som er i gang kan utgjere i storleiksorden 0,1 – 0,2 mill. tonn CO₂.

Vidare er utsleppstala for direkte CO₂-utslepp frå drift og vedlikehald er svært usikre, men eit grovt overslag frå Samferdselsdepartementet kan vere i storleiksorden 0,05 til 0,15 mill. tonn.

Statens vegvesen sitt arbeid for å redusere utsleppa frå anleggsarbeida vil ikkje gi vesentlege resultat før om nokre år. Statens vegvesen, Bane Nor, Forsvarsbygg, Statsbygg, Oslo kommune med fleire har gått saman om å sende eit signal til marknaden om at det vil bli bestilt låg- og nullutsleppsmaskiner frå 2018. Det finst i liten grad nullutsleppsløysingar til bruk i vegbygginga, så klimaeffektane vil komme i takt med at tilbodet av slike maskiner byggjer seg opp.

Utsleppseffekten av trafikk i nye prosjekt som kan starte opp i 2018

Dersom alle planlagte prosjekt blir starta opp, vil det bli ein marginal auke i trafikksleppa etter ferdigstilling, i følgje anslag frå Vegdirektoratet.

Den faktiske klimaeffekten av løyvingane til nye prosjekt avheng av kor raskt tilgjengeleg meir klimavennleg teknologi for bygg og anleggsaktivitet blir. Alt anna likt vil då dei totale utsleppa frå dei planlagte prosjekta bli reduserte samanlikna med estimata over.

Utsleppseffekten av kollektiv og tiltak for gåing og sykling (GS)

Bymiljøavtaler og byvekstavtalar er langsiktig arbeid som har betydning for klimagassutsleppa ved at veksten i bilreiser blir erstatta med buss, tog, trikk, t-bane og gåing/sykling. Tiltaka har størst effekt når reiser med store utslepp (bilreiser med bensin/dieslbilar) blir erstatta med reiser med låge utslepp (trikk, bane, sykkel, tog, låg-

og nullutsleppsbuss). Miljødifferensierte bompengar og lågutsleppssoner er tiltak som aukar sannsynet for at bensin- og dieslbilar tek i bruk det betra kollektivtilbodet. Ei undersøking av verknaden av rushtidsavgifta i Bergen viser at det er 5 pst. færre bilar pr. døgn (Rapport 678 frå Statens vegvesen). Vegdirektoratet ser ei aukande interesse for å innføre elektriske bussar. Alt anna likt aukar dette potensialet for utsleppsreduksjonar, men utsleppsgevinsten blir mindre etter kvart som fleire og fleire av personbilane blir utsleppsfrie. Det er vanskeleg å kvantifisere verknaden av budsjettløyvingane år for år, då tiltaka er langsiktige og vil gradvis gi aukande effekt for trafikksituasjonen når heilskapen i kollektivsystemet blir betra.

Dei foreslåtte løyvingane til kollektivtiltak og universell utforming utanfor bymiljøavtalene/byvekstavtalene er hovudsakleg tiltak for å oppgradere haldeplasser og knutepunkt, og start og videreføring av arbeid med kollektivknutepunkt. Verknaden av tiltaka vil vere betre tilgjenge og raskare framføring av kollektivtrafikken. Klimaverknaden av tiltaka avheng av kor mange som vil begynne å køyre kollektivt i staden for å køyre bil, og kor lang den erstatta bilturen ville ha vore, eller om dei nye reisande kjem frå sykkel eller gange. Vegdirektoratet har ikkje utrekningar for dette.

Riksvegvegerjer

Vegdirektoratet har anslått at riksvegferjene i 2016 sleppte ut 0,275 mill. tonn CO₂. Vidare opplyser Vegdirektoratet om at nye inngåtte kontraktar og utlyste konkurransar pr. 31. desember 2016 vil redusere utsleppa med 59 800 tonn CO₂ i året. Pr. 1. juli 2017 er den framtidige utsleppsreduksjonen av desse berekna til 89 600 tonn CO₂-ekvivalentar i året.

Det vil bli lyst ut kontraktar for ferjedrift med krav om null- og lågutsleppsferjer når teknologien tilseier det. Den kanskje største klimaeffekten av den norske satsinga på el-, hybrid- og hydrogenferjer kan komme som eit resultat av at det blir opna ein internasjonalt marknad for låg- og nullutsleppsløysingar.

Utsleppseffekt av løyvingar til jernbaneformål

Ved klimaberekningar av utbyggingsprosjekta har Jernbanedirektoratet nytta tidlegfaseverktøyet utvikla av dåverande Jernbaneverket til estimering av klimagassutslepp ved bygging. Verktøyet har ei livsløpstilnærming. Utsleppet for prosjekta i

2018 er ut frå ei livsløpsvurdering berekna å utgjere ca. 15 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Dei direkte utsleppa for prosjekta i 2018 frå fossilt drivstoff er ca. 1900 tonn CO₂-ekvivalenter.

Endringane i togtilbodet ved ruteomlegginga i desember 2017 er små. Parsellen Farriseidet – Porsgrunn blir sett i drift i løpet av 2018 med redusert reisetid til følgje mellom Grenland og Vestfold/Drammen/Osloområdet og dermed auka attraktivitet for passasjerane. Auka kapasitet i rushtid med fleire FLIRT-togsett vil bidra til redusert trengsel på toga. Dette gir òg potensielt auka trafikkoverføring frå veg. Jernbanedirektoratet vil sjå nærare på korleis vi for framtida betre kan estimere klimaeffektane av eit betra transporttilbod på jernbanen år for år.

Kystverket

Kystverkets driftsutgifter er knytte til sjøsikkerheitsarbeid, kystforvaltning og beredskap mot akutt forureining. I medhald av Kystverkets klima- og miljøstrategi har etaten som mål å redusere klimagassutsleppa frå eiga verksemd med 50 pst. i 2030 samanlikna med nivået i 1990. For å kunne vurdere måloppnåinga blir det arbeidd med å utvikle eit klimagassrekneskap for etaten. Metodikken for denne rekneskapen er ikkje ferdig utvikla, så det ligg per i dag ikkje føre kvalitetssikra tal for å kunne angi klimagassutsleppa. Det kan likevel nemnast nokre tiltak som medverkar til reduserte klimagassutslepp:

- Kystverket har stilt krav til landstraumsoppbygg på fartøya i den statlege slepeberedskapen. Når fartøy ligg til kai i beredskap, er det prioritert å ligge i hamner med tilgjengeleg landstrøm. Kystverket oppgir at gjennomsnittleg reduksjon i bunkersforbruk per månad per fartøy i nord tilsvarende om lag 95–125 tonn CO₂, eller 11–1 500 tonn CO₂ pr år.
- Avtala om tilbringartenester for losordninga har medført ei betydeleg fornying i tilbringarfåten. Drivstofforbruket til dei nye båtane er opptil 30 pst. lågare enn for Kystverkets gamle losbåtar. Det blir òg arbeidd med ytterlegare energieffektivisering i tilknytning til losstasjonane.
- Miljørabatt for losberedskapsavgifta skal gi reiarar insentiv til å bruke meir klima- og miljøvennlege drivstofftypar. Hittil har miljørabatten Environmental Ship Index (ESI) i stor grad vektlagt reduserte utslepp av miljøgiftene NO_x og SO_x, men frå og med 1. juli 2017 blir reduserte CO₂-utslepp premierte i større grad.

Nyanlegg og større vedlikehald

Det ligg ikkje føre kvalitetssikra tal for klimagassutslepp knytte til Kystverkets utbyggingsprosjekt.

Fornyng og vidareutvikling av material og teknologi til navigasjonsinstallasjonar skal bidra til å redusere vedlikehaldsbehovet, og dermed redusere utslepp knytt til dette. Det blir prøvd ut og lagt til rette for å nytte klima- og miljøvennlege energikjelder.

Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald

Anskaffing av eit nytt multifunksjonsfartøy med batterihybridisert framdrift vil føre til reduserte klimagassutslepp samanlikna med anskaffing av eit ordinært fartøy. Det er venta at drivstofforbruket kan reduserast med opp mot 25 pst., og reduksjonen av klimagassutslepp vil dermed kunne bli opptil 360 tonn CO₂ årleg.

Tilskot til hamnesamarbeid

Eit overordna formål med tilskotet til hamnesamarbeid er å medverke til godsoverføring frå veg til sjø. Dette vil kunne bidra til ein netto reduksjon i klimagassutsleppa frå transportsektoren, men vi har per i dag ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å vurdere kor mye transportarbeid som er/ blir overført til sjø.

Tilskot til overføring av gods frå veg til sjø

Frå og med 2017 blir det gitt tilskot til å opprette nye godsruiter eller oppgradering av eksisterande godsruiter på sjø. Formålet er å flytte gods frå vegtransport til sjøtransport.

Kystverket har utvikla eit berekningsverktøy der søkjarar teiknar inn ruter for vegtransport og sjøtransport og der den samfunnsøkonomiske nytteverdien blir rekna ut for dei respektive transportrutene. Prosjektsøknadene inneheld opplysningar om transportdistansar på sjø og veg, og godsmengdene som er venta overført i søknadsåret og dei tre påfølgjande åra. Ut frå desse opplysningane kan reduksjonen i godstransportarbeidet på veg og auken i godstransportarbeidet på sjø reknast ut. Multiplisert med faktorar for tal tonn CO₂ som blir sleppt ut per tonnkilometer frå høvesvis vegtransport og sjøtransport, kan vi rekne ut netto reduksjon i klimagassutslepp knytt til ordninga. For å anslå klimaeffekten av ordninga i 2018, 2020 og 2030 føreset Kystverket òg følgjande:

Prosjektsøknadens anslag for overførte godsmengder har ei måloppnåing på 100 pst.

Overført transportarbeid – og dermed netto utsleppsreduksjon – frå godsoverføringsprosjekt i søknadsåra 2018, 2019 og 2020 vil i sum vere identisk med overført transportarbeid og utsleppsreduksjon frå godsoverføringsprosjekt knytte til søknadsåret 2017.

Ordninga skal medverke til å bygge opp levedyktige godstransportrutar på sjø. Anslått overført godsmengde tre år etter søknadsåret (året etter siste tilskotsutbetaling) blir halden konstant for påfølgjande år fram til og med 2030.

Berekena utsleppsreduksjon i 2018 vil vere på om lag 51 000 tonn CO₂, i 2020 vil reduksjonen vere på om lag 140 000 tonn CO₂, og i 2030 på om lag 189 000 tonn CO₂.

Utsleppseffekten av Enovas arbeid

Olje- og energidepartementet og Enova inngikk ei ny fireårig avtale i desember 2016. Gjennom mellom anna eit nytt formål og tre nye delmål dreiar den Enova si merksemd meir mot innovasjon og utvikling av nye energi- og klimaløysingar tilpassa lågutsleppssamfunnet. Den nye avtala inneber også ei styrkt satsing på å redusere utslepp i transportsektoren og andre ikkje-kvotepliktige næringar.

Enova si støtte til energi- og klimateknologi er retta inn mot pilotering, demonstrasjon og fullskala introduksjon av nye teknologiar og løysingar. Ved utforminga av verkemidla retta mot ny energi- og klimateknologi legg Enova vekt på moglegheitene for global spreiding, og følgjande utsleppsreduksjonar. Til grunn for tildelingar ligg det ei vurdering av innovasjonshøgde og gjennomføringsevne. Transport er eit viktig område for Enova i arbeidet med å bidra til å redusere ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp. I 2016 gav Enova tilsegner om over 800 millionar kroner i støtte til transportprosjekt. Enova vil halde fram med den sterke satsinga på transport og har mellom anna i 2017 lansert nye støtteordningar til drivstoffinfrastruktur for både hydrogen og elektrisitet og innkjøp av nullutslepps nyttekøyretøy.

Det er krevjande å kvantifisere den fulle verknaden på klimagassutsleppa av satsingane som følgje av at Enova berre er eitt av fleire verkemiddel. Til dømes kan Enova si støtte til infrastruktur for nullutsleppskøyretøy vere nødvendig for å auke salet av nullutsleppskøyretøy, men utan andre verkemiddel som avgiftsinsentiv, lov til å køyre i kollektivfelt eller momsfristak, ville effekten ha vore ein heilt annan. Enova skal etablere verkemiddel med sikte på å oppnå varige

marknadsendringar og verknadene av Enova si støtte vil derfor i stor grad vere indirekte og avhengig av teknologiane og løysingane si vidare utbreiing i marknaden.

Enova estimerer at dei samla direkte utsleppsreduksjonane knytte til deira kontraktfesta prosjekt i 2016 var 619 000 tonn CO₂-ekvivalentar, der 394 000 kom frå bedrifter i kvotepliktig sektor. Ei rekkje føresetnader er lagt til grunn for utrekninngane slik at det er ein del uvisse rundt tala. Desse resultatata omfattar berre direkte reduksjonar i klimagassutslepp som ei følgje av tiltak som gir redusert bruk av fossile brensler. Andre effektar, for eksempel som ei følgje av at prosjekt som Enova støttar inneber endring av produksjonsprosessar i industrien, eller spreiding av teknologi, er ikkje med i tala.

Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land

Norsk støtte til tiltak i utviklingsland over Utanriksdepartementets budsjett retta mot reduksjon av klimagassar kan hovudsakleg delast i to. For det første energiproduksjon eller forbruk, utsleppsreducerande tiltak eller karbonlagring. Den andre kategorien vil ha utsleppsreduksjon som ein indirekte verknad eller sekundær konsekvens. Slike innsatsar inkluderer kapasitetsbygging, opplæring, støtte til utvikling av regelverk og finansieringsmekanismar. Bidrag frå sekundære intervensjonsprosjekt vil vere avgjerande for å realisere ein lågkarbonøkonomi som kan foreinast med Parisavtalas temperaturmål, men er utfordrande å måle. Regjeringa understrekar at det er viktig å oppretthalde støtte også til denne typen intervensjonar sjølv om effektane er meir utfordrande å måle.

Heile Klima- og skoginitiativet fell inn under kategorien «Bistandsmidler og andre offentlige midler til klimatiltak i utviklingsland og deres bidrag til reduksjon av klimagassutslipp». Initiativet har ei budsjetttramme på 3 mrd. kroner i 2018. Dei utsleppa som er talfesta i tabellen er berre dei som er baserte på anslag på betaling for faktiske, gjennomførte utsleppsreduksjonar. I tillegg til å betale for allereie gjennomførte utsleppsreduksjonar støttar Klima- og skoginitiativet innsats som fører til utsleppsreduksjonar på sikt, f.eks. effektiv arealbruk, titulering av urfolksområde og vern av tropisk skog. All innsats under initiativet vil på sikt medverke til utsleppsreduksjonar i tråd med Stortingets mål for initiativet. Kjøp av klimavotar medverkar til utsleppsreduksjonar i andre land. Desse utsleppsreduksjonane blir nytta til å nå nasjonale klimamål.

Tabell 8.3 Norske bidrag til utsleppsreduksjonar i andre land

Tiltak/verke- middel	Ansv. departe- ment	Kort beskriving	Relevante budsj.postar	Årleg klimaeffekt ¹	
				kort sikt	lengre sikt
Klima- og skogsatsinga	KLD	Støtte (utviklingsbi- stand) til å redusere utslepp frå tropisk skog i utviklingsland	Kap. 1482 post 73	Det blir betalt for ca. 30 mill. verifiserte tonn reduserte utslepp i 2018	Det blir betalt for ca. 30–40 mill. verifiserte tonn reduserte utslepp årleg i 2019 –2020
Kjøp av klimakvotar	KLD	Støtte til FN-godkjente klimaprojekt i utviklingsland	Kap. 1481 post 22 og 23	Ca. -7 mill. i 2018	Ca. -60 mill. for perioden 2013– 2020
Det grønne klimafondet	UD	Støtte til klimatiltak i utviklingsland, Det grønne klimafondet	Kap. 166 post 74		Ca. -30 mill. tonn ²
Fornybar energi	UD	Fornybar energi til utviklingsland	Kap. 166 post 74	Ca. -12 mill ³	Manglar data
Klima- tilpassing	UD	Støtte til ulike klima- tilpassingstiltak, f.eks. klimateknisk jordbruk	Fleire kap.	Reduserte utslepp	Reduserte utslepp

¹ Anslag på tal tonn CO₂-ekvivalente utslepp årleg. Positiv eller negativ, sterk eller svak, blir oppgitt der talfesting ikkje er mogleg. Tidfesting oppgitt avhengig av tilgjengelege data.

² Det grønne klimafondet: Porteføljen av godkjente prosjekt oppgir 981 mill. tonn i potensielle årlege utsleppsreduksjonar. Noregs del av fondet er 3 pst.. Det blir derfor antekke at Noreg på lang sikt vil kunne bidra til årleg reduksjon på 30 mill. tonn.

³ Basert på utkast til rapport frå Gigatonnkoalisjonen for 2017 (utsleppstal for 2016). Noregs relative del av internasjonale initiativ og mekanismar er lagt til grunn.

8.3 Om Noregs klimamål for 2030

8.3.1 Utviklinga i utslepp og opptak av klimagassar


Dei norske klimagassutsleppa var i 2015 på 53,9 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Av desse utsleppa kom 27,3 mill. tonn frå ikkje-kvotepliktige kjelder, det vil seie utslepp som ikkje er dekte av kvotesystemet. Det er 0,8 pst. lågare enn i 2005, som er nytta som referanseår for EUs mål for utsleppsreduksjonar. Transport og jordbruk sto for den største delen av desse utsleppa, høvesvis 57 og 17 pst. av dei samla ikkje-kvotepliktige utsleppa. (Sjå figur 8.1. Det er òg betydelege ikkje-kvotepliktige utslepp frå avfallsforbrenning, industri, petroleum og diverse andre kjelder, til saman 26 pst. av ikkje-kvotepliktige utslepp.

8.3.2 Utsleppsframskrivingar

Det vart lagt fram nye utsleppsframskrivingar for 2020 og 2030 i Meld. St. 29 (2016–2017) *Perspektivmeldingen 2017*. Utsleppa av klimagassar er anslått å minke med rundt 0,75 pst. i året frå 2015 og fram mot 2030, og er då venta å liggje anslagsvis vel 5,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar lågare enn i 2015. Det aller meste av nedgangen er venta å komme i ikkje kvotepliktige utslepp der utsleppa er venta å gå ned med 4,25 mill. tonn frå 2015 til 2030, sjå tabell 8.4.

I tråd med internasjonale retningslinjer er framskrivingane baserte på vedteken klimapolitikk. Framskrivningane gir dermed eit bilde av korleis norske utslepp av klimagassar kan utvikle seg ved ei vidareføring av dagens verkemiddel. Bildet er usikkert, blant anna fordi utvikling av nye løysingar kan påverke kva ei vidareføring av dagens verkemiddel betyr for utsleppa.

Framskrivningane skildrar ikkje Regjeringas mål og fangar heller ikkje opp effektar av framtidig ny politikk og nye verkemiddel. Vedtekne mål utan tilhøyrande forslag til endra verkemiddel



Figur 8.1 Utslepp av klimagasser i Noreg. 1990–2016.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

eller tiltak som ikkje er ferdig utgreidde i form av forskrift, avgiftsvedtak eller avtaler med vidare, er ikkje innarbeidde i referansebana. Eit unntak er forbod mot bruk av fossil olje til oppvarming i hushald og næringsbygg i 2020, der forslag til forskrift har vore på høyring. Samtidig er utreknin-gane av korleis dagens politikk påverkar framti-dige utslepp uvisse, og uvissa aukar utover i tid. Både den framtidige økonomiske utviklinga og

den framtidige befolkningsutviklinga er usikker. Økonomisk vekst og folkeauke har historisk betydd mykje for utsleppa av klimagassar. Det er også stor uvisse rundt utvikling og tilgang på låg- og nullutsleppsteknologi, og kostnadene ved å ta slik teknologi i bruk.

Tabell 8.4 Utslepp av klimagassar i Noreg etter sektor. Mill. tonn CO₂-ekvivalentar.

	1990	2005	2015	2020	2030
Utslepp av klimagassar	51,7	55,1	53,9	51,8	48,3
Kvotepliktige utslepp		27,5	26,6	26,3	25,2
– Olje- og gassproduksjon		12,9	14,0	13,9	12,8
– Industri og bergverk		13,6	10,8	11,1	11,0
– Andre kjelder ¹		1,0	1,8	1,3	1,4
Ikkje kvotepliktige utslepp		27,6	27,3	25,5	23,1
– Transport ²		14,9	15,6	14,9	13,5
– Under dette: Vegtrafikk		9,7	10,3	9,7	8,4
– Jordbruk		4,6	4,5	4,3	4,4
– Andre kjelder ³		8,1	7,2	6,2	5,2
Opptak i skog og annan arealbruk	-10,5	-24,7	-24,3	-23,4	-21,2
Utslepp av klimagassar medrekna skog og annan arealbruk	41,3	30,4	29,6	28,4	27,1

¹ Inkluderer kvotepliktig energiforsyning og luftfart.

² Inkluderer vegtrafikk, sjøfart, fiske, ikkje kvotepliktig luftfart, anleggsmaskiner og andre mobile kjelder.

³ Inkluderer ikkje kvotepliktig industri, petroleumsverksemd og energiforsyning, og oppvarming og andre kjelder.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet, NIBIO og Finansdepartementet.

8.3.3 Gjennomføring av norske klimamål

Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* legg ein strategi for korleis Noregs klimamål for 2030 kan nåast. Regjeringa arbeider for å oppfylle parisforpliktinga saman med EU. Gjennom eit slikt samarbeid vil 2030-målet for ikkje kvotepliktige utslepp nås med hovudvekt på innanlandske utsleppsreduksjonar og med nødvendig bruk av EU-regelverkets fleksibilitetsmekanismer. Dei ikkje kvotepliktige utsleppa kjem i hovudsak frå transport, jordbruk, bygg og avfall, men også frå industrien og petroleumsverksemda. Regjeringas strategi for 2030 legg til rette for betydelege utsleppsreduksjonar nasjonalt.

Ved samarbeid med EU vil Noregs utsleppsforplikting gjerast om til eit budsjett for ikkje kvotepliktige utslepp for perioden 2021–2030. Budsjettet set ikkje berre eit tak for dei samla utsleppa over perioden, men også for utsleppa i det enkelte år. Samtidig veit vi at det er vanskeleg å finstyre klimagassutsleppa frå år til år. Den økonomiske aktiviteten svingar og befolkningstalet endrast. Utviklinga av klimavennleg teknologi, og dermed kostnadene ved å ta slik teknologi i bruk, er usikker. Regjeringas strategi er utforma for å handtere

forholdet mellom eit utsleppsbudsjett med mål som må overhaldast årleg og klimagassutslepp som blir påverka av handlingane til nokre hundre tusen bedrifter og fleire millionar personar.

Utsleppsbudsjettet Noreg vil få gjennom ei avtale med EU er ikkje endeleg avklart og vil avhenge av korleis regelverket i EU blir. Basert på det talgrunnlaget vi har i dag er forskjellen mellom framskrivne utslepp i Noreg og Noregs utsleppsbudsjett anslått til i storleiksorden 30 mill. tonn CO₂-ekvivalentar for perioden 2021–2030 sett under eitt. Anslaget er usikkert. Utsleppsbudsjettet kan dekkjast opp med utsleppsreduksjonar nasjonalt og samarbeid med EU-land om utsleppsreduksjonar.

Under innsatsfordelinga har Europakommisjonen foreslått fleire former for fleksibilitet for å hjelpe landa å oppfylle dei nasjonale utsleppsbudsjetta. Nokre land vil få høve til å konvertere eit avgrensa tal kvotar frå det europeiske kvotesystemet (EU ETS). Basert på forslaget til regelverk vil Noreg truleg få høve til å bruke 5,5–11 mill. kvotar frå det europeiske kvotesystemet til å dekkje utsleppsbudsjettet, sjå nærare omtale i Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*. Regjeringa vil nytte denne fleksibiliteten fullt ut. Det attstå-

ande reduksjonsbehovet over perioden ligg då i storleiksorden 20–25 mill. tonn. Det er uvisse knytt til storleiken på det venta reduksjonsbehovet.

Dersom Kommisjonens forslag til regelverk blir vedteke, vil felles gjennomføring med EU innebære at vi òg får eit mål om at bokførte utslipp frå sektoren for skog og anna arealbruk (LULUCF) ikkje skal vere større enn opptaket. Med Kommisjonens forslag ligg Noreg an til å måtte bokføre eit netto utslipp. Dette betyr at Noregs utslppsforplikting kan auke utover forpliktinga vi får under innsatsfordelinga, sjølv om Noreg har eit stort nettoopptak i skog, sjå nærare omtale i Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*. Det blir no diskutert ulike alternativ til Kommisjonens forslag. Noreg vil arbeide med andre europeiske skogland for å fremje ein alternativ modell for EU. Det er stor uvisse knytt til den endelige utforminga av regelverket. Skog- og arealbrukssektoren er derfor utrekningsteknisk sett til null. Det er dermed teke utgangspunkt i utslppsgapet på 20–25 mill. tonn når behovet for utslppsreduksjonar er vurdert, sjå tabell 8.5. Dersom Noreg får eit høgare utslppsgap som følgje av reglane for skog og arealbruk, vil dette truleg kunne dekkjast gjennom bilaterale fleksible mekanismar.


Tabell 8.5 Anslått utslppsbudsjett og -gap (mill. tonn CO₂-ekvivalentar)

Anslått utslppsgap ¹	30
Venta tilgang på bruk av kvotar frå det europeiske kvotesystemet	5,5–11
Anslått gjenståande utslppsgap	20–25

¹ Skog og arealbrukssektoren (LULUCF) er utrekningsteknisk sett til null

Regjeringa vil oppfylle 2030-målet med hovudvekt på innanlandske utslppsreduksjonar og med nødvendig bruk av EU-regelverkets fleksibilitetsmekanismar. Regjeringas strategi for 2030 legg til rette for betydelege utslppsreduksjonar nasjonalt.

Før forpliktingsperioden startar i 2021 vil regelverket vere kjent og konsekvensane for Noreg vil bli klarare. Uvisse knytt til utslppsutvikling, effekten av klimapolitikken og ikkje minst den teknologiske utviklinga og kostnadene ved utslppsreduksjonar, vil vere betydeleg òg langt inn i forpliktingsperioden 2021–2030. Derfor må strategien både ha høgt ambisjonsnivå og vere fleksibel. Regjeringa tek høgde for uvisse gjennom å leggje ein strategi for å sikre nødvendig fleksibilitet til å oppfylle utslppsbudsjettet. Vi ventar at det vil vere tilgang på tilstrekkeleg fleksi-



Figur 8.2 Utslppsframskriving og utslppsbudsjett for ikkje kvotepliktige utslipp (mill. tonn CO₂-ekvivalentar)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Miljødirektoratet, Finansdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

biliter gjennom bilaterale avtaler med EU-land. Dersom det blir nødvendig og viser seg å vere kostnadseffektivt, legg regjeringa opp til at Noreg òg skal kunne nytte fleksibilitet i form av direkte kjøp av utsleppseiningar frå andre land. Bruk av EUs fleksibilitetsmekanismer vil bidra til utsleppsreduksjonar andre stader i Europa innanfor eit felles overordna utsleppstak, og bidrar dermed til reelle globale reduksjonar på tilsvarande måte som reduksjonar i Noreg.

I Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* blir det gått igjennom tiltak som Miljødirektoratet anslår at til saman har eit potensial for større utsleppsreduksjonar enn det attståande utslippsgapet. Regjeringa meiner at det er føremålstenleg å vurdere eit breiare spekter av tiltak blant anna fordi overslag på utsleppsgapet, framtidig teknologiutvikling, kostnader og effekten av ulike verke-middel er svært usikre. Miljødirektoratets kostnadsoverslag legg mellom anna til grunn at kostnadene ved nullutsleppsløysingar vil falle vesentleg framover. Det er usikkert kor stor del av det skisserte potensialet som vil bli utløyst. Strategien tek høgde for at delar av det skisserte potensialet ikkje blir utløyst.

Regjeringa har allereie gjennomført ei rekke klimatiltak og styrkt klimapolitikken. Stortinget har òg fatta vedtak, og det er formulert ambisjonar og målsetjingar som vil bidra til utsleppsre-

duksjonar framover. Miljødirektoratet har anslått at oppfølging av politiske målsetjingar kan utløyse utsleppsreduksjonar i storleiksorden 16 mill. tonn over perioden 2021–2030. Måltal for nullutsleppskjøretøy for 2025 og 2030, samt arbeidsmålet for utsleppsreduksjonar i transportsektoren, legg til grunn at teknologien blir meir moden slik at nullutsleppsløysingar blir konkurransedyktige med fossile transportløysingar i transportsegmenta. Miljødirektoratet har i sine analysar delt inn tiltak i ulike kostnadskategoriar. Tiltak knytte til dei politiske målsetjingane og ambisjonane for transportsektoren dekkjer eit stort kostnadsspenn. Kostnadene avheng i stor grad av den vidare utviklinga av låg- og nullutsleppsteknologi til bruk i transportsektoren. Slik teknologi blir i hovudsak utvikla utanlands.

Miljødirektoratet har i tillegg anslått eit ytterlegare potensial for reduksjon av ikkje-kvotepliktige utslepp på om lag 18 mill. tonn med samfunnsøkonomiske kostnader under 500 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar, blant anna innanfor transport, jordbruk, industri og petroleum. Anslaga for potensial og kostnader er usikre og følsame for kva føresetnader som blir lagt til grunn. Utviklinga i kostnader og gjennomføringsmoglegheiter avgjer kva tiltak som faktisk vil bli utløyste. Miljødirektoratet har ikkje utgreidd verkemiddel eller doseringa av slike. Dette medfører òg uvisse.

Tabell 8.6 Anslag på aggregert utsleppsreduksjonspotensial av tiltak utover referansebanen¹ – totalt potensial for perioden 2021 – 2030 (mill. tonn CO₂-ekvivalentar)

Utsleppsreduksjonspotensial av politiske avgjerder og målsetjingar	16
Utsleppsreduksjonspotensial av tiltak med tiltakskostnader under 500 kr/tonn CO ₂ -ekvivalent.	18
SUM effekt tiltak²	35

¹ Meld. St. 29 (2016–2017) Perspektivmeldingen 2017

² Anslaga er usikre, men slik tala er utrekna summerer dei seg til 35 mill. tonn etter avrunding.

Kjelde: Miljødirektoratet

Boks 8.1 Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid

Regjeringa vil oppfylle 2030-målet med hovudvekt på innanlandske utslepps-reduksjonar og med nødvendig bruk av EU-regelverkets fleksibilitetsmekanismar. Regjeringa vil

- leggje til rette for at utsleppsforpliktinga for 2030 blir nådd gjennom kostnadseffektive tiltak
- vurdere avgift på generelt nivå for alle ikkje-kvotepliktige utslepp. Dersom avgift ikkje er tilstrekkeleg eller eigna, skal andre verkemiddel vurderast, som gir tilsvarende sterke insentiv
- følgje opp politiske ambisjonar og målsetjingar for transportsektoren; under dette null-

- vekst i persontransport med bil i byområda, opptrapping av omsetjingskravet for biodrivstoff til vegtrafikk til 20 prosent i 2020 og måltal for nullutsleppskøyretøy i NTP 2018-2029
- nytte seg fullt ut av den fleksibiliteten Noreg kan oppnå ved bruk av kvotar frå det europeiske kvotesystemet
- dersom det blir nødvendig og viser seg å vere kostnadseffektivt, leggje opp til at Noreg òg skal kunne nytte fleksibilitet i form av direkte kjøp av utsleppseiningar
- vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget for klimapolitikken


Figur 8.3 viser framskrivne utslepp for ikkje-kvotepliktig sektor frå Meld. St. 29 (2016–2017) *Perspektivmeldingen 2017* og sektorvise utsleppsbaner basert på Miljødirektoratets rapport – *Beregningsteknisk grunnlag for Meld. St. 41, Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* (M-782/2017). Det ligg til grunn for Miljødirektoratets sektorvise utsleppsbaner og det mogleghetsrommet dei viser at politiske avgjerder og målsetjingar blir nådde og at tiltak som Miljødirektoratet legg til grunn har ein tiltakskostnad under 500 kr/tonn CO₂-ekvivalent blir utløyste. Anslaga er prega av betydeleg uvisse, og summerer seg til meir enn dei 20–25 mill. tonna som er nødvendige etter at ein har nytta høvet til å bruke kvotar frå EUs bedriftskvotesystem. For ein grundigare gjennomgang av utrekningane for de ulike sektorane, sjå M-782/2017.

Regjeringa vil bruke CO₂-avgifta og andre avgifter på utslepp av klimagassar som hovudverkemiddel mot ikkje kvotepliktige utslepp. Dersom CO₂-avgifta ikkje blir vurdert å vere eit tilstrekkeleg eller føremålstenleg verkemiddel vil andre verkemiddel bli vurderte, som gir tilsvarende sterke insentiv, under dette direkte regulering gjennom forureiningslova eller frivillige avtaler. Verkemiddelbruken framover må justerast etter kvart som ny kunnskap kjem til. Regjeringa vil også vidareføre satsinga på forskning og utvikling, implementering og spreining av lågutsleppsteknologi, og leggje til rette for eit vedvarande effektivt og koordinert verkemiddelapparat.

Sektorane som står for dei ikkje-kvotepliktige utsleppa har ulikt utgangspunkt og ulike regule-

ring. I tillegg til den generelle verkemiddelbruken finst allereie særlege verkemiddel for den enkelte sektor. Mot 2030 må verkemiddelbruken vurderast og tilpassast. Det er ikkje mogleg i dag å seie eksakt kva verkemiddelbruk som vil oppfylle målsetjingane som er sette, men den må truleg justerast over tid. Det er i tillegg betydeleg uvisse knytte til utsleppa framover, utsleppseffekten av verkemiddel og kostnader ved nasjonale utsleppsreduksjonar innanfor den enkelte sektor.

Overslaga på potensial og kostnader er usikre og følsame for kva føresetnader som blir lagde til grunn. Miljødirektoratets analyse viser at mange av tiltaka som kan bidra til å fylle det anslåtte utsleppsgapet på om lag 20–25 mill. tonn er vurdert å liggje under 500 kroner per tonn (samfunnsøkonomisk tiltakskostnad, årleg gjennomsnitt fram mot 2030). For dei andre tiltaka varierer tiltakskostnaden, både opp mot 1 500 kroner per tonn og over 1 500 kroner per tonn. Kostnaden for fleire tiltak er rekna å vere vesentleg høgare i starten av analyseperioden. For eksempel er det anslått at avansert biodrivstoff i dag har ein kostnad frå 2 000 kroner per tonn og oppover. Kostnaden for elbilar i personbilklassen er anslått til om lag 7 000 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar i 2016 for små personbilar og 15 000 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar for større personbilar. For tynge kjøretøy og fartøy er nullutsleppsløysingar foreløpig i ein tidleg fase og kostnadene høge. Miljødirektoratet legg til grunn at kostnaden på nullutsleppskjøretøy vil falle kraftig fram mot 2030. For små personbilar går ein ut frå at kostnaden for elbil vil vere negativ (samfunnsøkonomisk



Figur 8.3 Framskrivingar og anslått effekt av tiltak i dei ulike sektorane basert på Miljødirektoratets utrekningar

Kjelde: Miljødirektoratet 2017. Beregningsteknisk grunnlag for Meld. St. 41 *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* (M-782/2017)

lønnsamt) frå ca. 2025 og utover. I tillegg er det enkelte ikkje-kvotepliktige utslepp som i dag ikke er ilagt avgift eller andre klimaverkemiddel og der innføring av klimaverkemiddel på nivå med den generelle CO₂-avgifta vil kunne gi utslippsreduksjonar av ein viss storleik.

8.4 Korleis Noreg blir førebudd på og tilpassa klimaendringane

Fram mot år 2100 vil Noreg få eit varmare klima, med meir nedbør, kortare snøsesong, minkande isbrear, endra flaummønster og stigande havnivå.

Samfunnet skal førebuast på og tilpassast klimaendringane. Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassing i Norge* gir dei nasjonale føringane for korleis Noreg skal tilpasse seg klimaendringane. Meldinga vart utarbeidd på grunnlag av NOU 2010: 10 – *Tilpassing til et klima i endring*, som utgreidde samfunnets sårbarheit for klimaendringar og behovet for tilpassing til konsekvensane av desse endringane.

Dei siste åra har stortingsmeldingar og andre styringsdokument, både sektorspesifikke og sektorovergripande, adressert klimaendringar si betydning og behov for klimatilpassing. Stortinget vedtok i juni 2017 klimalova (Prop. 77L 2016–2017) som blant anna stiller krav om rapportering på klimatilpassingsarbeidet.

8.4.1 Organisering av det nasjonale klimatilpassingsarbeidet

Stortingsmeldinga om klimatilpassing fastslår at alle har eit ansvar for å tilpasse seg klimaendringane, både enkeltindivid, næringsliv og myndigheiter. Dette betyr at alle departement har ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Klima- og miljødepartementet har ansvar for å leggje til rette for regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing. Miljødirektoratet er fagetaten som støttar Klima- og miljødepartementet i arbeidet med klimatilpassing, og er koordinerande etat. Direktoratet bistår departementet med å følgje opp stortingsmeldinga om klimatilpassing (Meld. St. 33 (2012–2013)), bidrar til at regjeringas arbeid med klimatilpassing blir følgt opp av forvaltninga og i samfunnet, og støttar departementet i det internasjonale klimatilpassingsarbeidet, under dette i klimaforhandlingane. I tråd med ansvarsprinsippet har alle departement og underliggjande etatar ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar i eigen sektor og innanfor eigne ansvarsområde.

I rolla som koordinerande etat skal Miljødirektoratet styrkje klimatilpassingsarbeidet blant anna ved å syte for oppdatert kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing, og bidra til at dette kunnskapsgrunnlaget blir lagt til grunn i klimatilpassingsarbeidet. Direktoratet skal bistå i å halde oversikt over klimatilpassingsarbeidet i Noreg. Miljødirektoratet skal bidra til at aktørar på lokalt, regionalt og statleg nivå tek omsyn til og tilpassar seg klimaendringane. Direktoratet skal formidle og dele kunnskap og erfaringar, bidra til kompetanse og kapasitetsbygging og stimulere til samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå, fagområde og aktørar på området.

Miljødirektoratet drifrar eit nasjonalt bynettverk, forvaltar ein tilskotsordning og støttar kompetansebyggjande prosjekt i fleire fylkesmannsembete. Miljødirektoratet stiller i sin styringsdialog krav og ventar at fylkesmannen arbeider med klimatilpassing, og drifrar og vidareutviklar nettstaden Klimatilpassing.no. I tillegg blir det utarbeidd kontinuerleg utgreiingar som gir ny kunnskap til det nasjonale klimatilpassingsarbeidet og direktoratet arrangerer seminar og konferansar knytte til klimatilpassingsarbeidet i samarbeid med andre etatar og aktørar. Miljødirektoratet jobbar for å integrere klimatilpassing i forskinga blant anna gjennom innspel til forskingsprogram og satsingar, og i dialog med forskingsmiljø gjennom nasjonale oppgåver. Miljødirektoratet sit i styret i Klimaservicesenteret (KSS) og gir oppdragsbrev og økonomisk støtte til senteret. Direktoratet samarbeider med ei rekkje aktørar i dei koordinerande oppgåvene, både private og offentlege.

8.4.2 Oppfølging av Meld. St. 33 (2012–2013) Klimatilpassing i Norge

Stortingsmeldinga legg rammer for styresmaktene sitt arbeid med å leggje til rette for at alle kan ta sitt ansvar for klimatilpassing, og angir felles rammevilkår for klimatilpassing på tvers av sektorar og myndighetsnivå. Meldinga er følgt opp med ei rekkje tiltak.

Klimaservicesenteret (KSS) vart offisielt etablert i 2013, med formål å gi avgjerdsgrunnlag for klimatilpassing i Noreg. KSS, Kartverket og Nansensenteret publiserte i 2015 nye klimaframskrivingar for Noreg. Rapporten «Klima i Norge 2100 – Kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing» gir ei beskriving både av historiske klimaobservasjonar og berekna utvikling fram mot år 2100. I Arktis skjer oppvarminga omtrent dobbelt så fort som det globale gjennomsnittet. KSS utarbeider

klimaframskrivingar for Svalbard som skal vere ferdige i 2018. I tillegg har KSS utarbeidd fylkesvise klimaprofilar for alle fylke i landet, som gir eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i det enkelte fylket. KSS utviklar òg andre samfunnsnyttige og brukarrelevante produkt og tenester til arbeidet med klimatilpassing. Sjå òg Del III punkt 8.1.9.

Plan- og bygningslova er det overordna verktøyet for samfunnsplanlegging og arealforvaltning og er sentral i kommunane sitt arbeid med tilpassing. I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging har regjeringa derfor vektlagt klimatilpassing. I tillegg utarbeider regjeringa ei statleg planretningslinje (SPR) for klimatilpassing. Forskrifta om konsekvensutgreiingar vart oppdatert i 2017 og inkluderer vurderingar av sårbarheit overfor klimaendringar. Klima og miljødepartementet har i *Rundskriv om miljøforvaltningens innsigelsespraksis* (T-2/16) klargjort spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional betydning innan klima- og miljøområdet, under dette klimatilpassing.

Klimaendringar er ein viktig del av årsaka til auka utfordringar med avrenning av overvatn i byar og tettstader, og i 2015 vart det lagt fram ei offentleg utgreiing om lovgiving og rammevilkår for kommunane si handtering av overvatn (NOU 2015:16 *Overvann i byer og tettsteder – som problem og ressurs*). Utgreiinga er til vurdering i departementa.

8.4.3 Økonomisk støtte til lokalt arbeid med klimatilpassing

Klima- og miljødepartementet har oppretta ei tilskotsordning som skal medverka til auka satsing på klimatilpassing i norske kommunar. Midlane skal bidra til auka kunnskap om korleis klimaendringane vil påverke kommunane sine ansvarsområde, og til kompetanseheving, planlegging og utgreiing av ulike klimatilpassingstiltak. I perioden frå 2015 til 2017 vart ca. 15 mill. kroner fordelt på omlag 50 ulike prosjekt (<http://www.klimatilpassing.no/hva-er-klimatilpassing/tilskudd-til-klimatilpassing/>).

I tilknytning til at Miljødirektoratet fekk den koordinerande rolla i 2015 har Klima- og miljødepartementet gitt midlar til klimatilpassingsarbeidet på 5 mill. kroner per år. Midlane blir nytta til utvikling av kunnskap og kapasitetsbygging på lokalt og regionalt nivå og støtte til KSS. I tillegg nyttar Miljødirektoratet egne midlar til dette arbeidet. Sjå òg Del II programkategori 12.20.

8.4.4 Informasjon, kapasitetsbygging og utdanning

Nettstaden Klimatilpassing.no skal medverke til spreie kunnskapen om klimaendringar og klimatilpassing. Sidan kommunane har ei svært sentral rolle i arbeidet med klimatilpassing, er nettsida laga spesielt for dei som rettleiar, planlegg og tek avgjerder lokalt og regionalt. Miljødirektoratet drifrar nettsida og direktoratet medverkar med innhald på sine ansvarsområde.

Kompetansebyggjande pilotprosjekt har vore viktig i utviklinga av klimatilpassingsarbeidet i Noreg dei siste åra, og fylkesmennene har vore sentrale i dette arbeidet. Fylkesmannen i Troms, DSB, NVE og KSS har utvikla ein rettleiar om korleis klimatilpassing kan integrerast i planlegging etter plan og bygningslova i tilknytning til samfunnsstryggleik. I 2016 starta Fylkesmennene i høvesvis Troms, Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag, med støtte frå Miljødirektoratet, eit tilsvarande nasjonalt pilotprosjekt som skal utvikle rettleiing om korleis ein kan ta omsyn til den påverknaden klimaendringane har på natur og miljø, i planlegging etter plan og bygningslova. Prosjektet er venta avslutta i 2018. Hausten 2017 starta Fylkesmannen i Troms og Fylkesmannen i Buskerud eit forprosjekt for å sjå på korleis ein kan integrere omsynet til klimaendringar i landbrukssektoren gjennom planlegging.

Fylkesmannen i Vestfold utvikla i 2015 eit introduksjonskurs i klimatilpassing for kommunar. Kurset Vær Smart er gjennomført i ei rekkje fylke. Fylkesmannen i Vest-Agder har gjennomført pilotprosjekt om havnivåstiging og risikovurdering av avfallsdeponi i kystsona, førebygging av skadar på skogsbilvegar grunna ekstremvær og arealforvaltning i høgjellet for natur som er spesielt sårbar for klimaendringar. Som eit resultat av prosjekta er det foreslått ei rekkje forvaltingsrelaterte verktøy og tiltak.

Slike prosjekt medverkar til auka kompetanse, samarbeid og erfaringsutveksling mellom ei rekkje statlege aktørar, kommunar og forskingsmiljø, og resultatata har stor nasjonal overføringsverdi.

I 2016 oppretta Høgskulen på Vestlandet eit masterstudium i klimatilpassing.

8.4.5 Nettverk og samarbeid

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Miljødirektoratet oppretta eit nasjonalt klimatilpassingsnettverk av 11 bykommunar. Kommunane skal dele kunnskap og erfaringar, medverke til kompetanseheving i eigen region, og vere med

å utvikle klimatilpassingsarbeidet nasjonalt. I tillegg har Kommunesektorens organisasjon (KS) tilrettelagt for fleire kommunenettverk for å styrkje kommunane sitt arbeid med klimatilpassing, naturfarar og beredskap.

Naturfareforum er eit nettverk med representantar frå NVE, DSB, Statens Vegvesen, Bane NOR, KS, Meteorologisk institutt, Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Fylkesberedskapsjefane sitt arbeidsutval. Sekretariatet består av NVE, DSB og Statens Vegvesen. Naturfareforum skal styrkje samarbeidet mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar for å redusere vår sårbarheit for uønskte naturhendingar ved å gjennomføre prosjekt på område der det er særlege sektorovergripande utfordringar. Naturfareforum er nasjonal plattform for det globale rammeverket for katastrofeførebygging (rammeverket Sendai), som Nore har forplikta seg til å følgje opp.

Miljødirektoratet har etablert ei direktoratsgruppe om klimatilpassing. Gruppa skal dele informasjon om status på klimatilpassingsarbeidet på nasjonalt nivå og vere ein arena for å vidareutvikle arbeidet med klimatilpassing framover.

I perioden 2012 – 2015 hadde Jernbaneverket, NVE og Statens vegvesen en felles satsing på naturfare infrastruktur, flaum og skred gjennom NIFS-programmet. Meir enn 120 fagrapportar om gode, effektive og framtidretta løysingar for å handtere flaum og skred vart utarbeidde. Programmet hadde eit samla budsjett på 42 mill. kroner.

8.4.6 Forsking

Forskringsrådet støttar ei rekkje forskingsprosjekt knytte til klimaendringar og tilpassing. KLIMA-FORSK, eit tiårig program for klimaforskning (2014–2023), skal gi ny, framtidretta kunnskap om nasjonal og internasjonal betydning, under dette auka kunnskap om korleis samfunnet kan og bør tilpasse seg klimaendringar.

Forskringsrådet finansierer Klima 2050, eit senter for forskingsbasert innovasjon (SFI), som er leia av Sintef. Klima 2050 skal skaffe fram kunnskap om klimatilpassing av bygningar og infrastruktur. Programmet starta i 2015 og vil vare fram til 2022 og har partnerar frå næringslivet, det offentlege og forskinga.

8.4.7 Klimatilpassing i og på tvers av sektorar

Samfunnssikkerheit og naturfare

Klimaendringar er ein av fleire drivarar som vil påverke samfunnstryggleiken i åra som kjem. Kommuneundersøkinga 2016 viste at meir enn 60 pst. av norske kommunar har hatt alvorlege naturhendingar dei siste fire åra, og at desse har fått konsekvensar for ei rekkje samfunnsområde. Transport, kraftforsyning og elektronisk kommunikasjon er nokre av dei områda som blir særleg påverka av naturhendingar, i tillegg til at hendingane i seg sjølve kan utgjere fare for liv og helse. Kor sårbart samfunnet er for slike hendingar, avheng av korleis andre drivarar endrar seg, til dømes kor avhengig befolkninga er av infrastruktur.

DSB lanserte i 2017 ei plattform for etatens klimaarbeid. Plattformen har fokus på vern av liv og helse, materielle verdiar og kritisk infrastruktur. Plattformen legg opp til at DSB skal vere den sentrale aktøren på kunnskapsforvaltning, førebygging og handtering av konsekvensar av klimaendringane innanfor sine saksområde, og samtidig stå fram som ein tydeleg samordningsaktør når det gjeld konsekvensar av klimaendring på samfunnstryggleiken totalt. Plattformen legg vekt på å støtte opp om fylkesmennene og kommunane si samordningsrolle for samfunnstryggleik og beredskap, slik at tverrsektorielle omsyn blir best mogleg tekne vare på i arbeidet med naturfarar og klimaendringar.

Konsekvensane av klimaendringane har stor betydning for fleire av NVEs ansvarsområde, og etaten sitt generelle fokus på klimatilpassing har auka den seinare tida. NVE lanserte i 2015 sin andre klimatilpassingsstrategi, med tilhøyrande handlingsplanar fordelt på dei ulike ansvarsområda. Fleire tiltak er gjennomført. Effektar av klimaendringar på flaum er inkludert i farekarta. Vidare er klimatilpassing integrert i arbeidet med forskrifter og retningslinjer, for eksempel i flaumberekningar og damsikkerheit. Særleg sårbare dammar er identifiserte, og vern mot flaum og skred er inkludert i retningslina *Flaum og skredfare i arealplanar*. Førebygging av flaum- og skredfare er gode klimatilpassingstiltak. Omsynet til klimaendringar er også inkludert i eit nytt verkøy for vurdering og prioritering mellom tiltak som skal verne mot flaum og skred. I 2016 gjorde etaten ei kartlegging av status for klimatilpassing i energibransjen.

Kartverket forvaltar data av betydning for klimatilpassing. Etaten driftar eit nasjonalt observa-

sjonssystem for havnivå og stormflod. Disse data er tilgjengelege på sehavniva.no saman med framskrivingar. Kartverket er i gang med å lage eit verktøy som visualiserer framtidig havnivå og stormflod i Noreg. Verktøyet kan brukast i risikovurderingar og planlegging. Kartverket er òg i gang med å utvikle ein digital høgde- og terengmodell for heile landet som blant anna skal gi betre datagrunnlag i arbeid med klimatilpassing.

Natur, miljø, landbruk og økosystem

Miljødirektoratet oppdaterte kunnskapsgrunnlaget om verknader av klimaendringar på naturmangfald i 2015. I etterkant vart ein rapport om eksisterande og moglege tiltak for klimatilpassing i naturforvaltinga utarbeidd. Gjennom å delta i CAFF og AMAP under Arktisk råd har Noreg fått mykje ny kunnskap om klimaendringar og klimatilpassing i nordområda. I tillegg vart det i 2016 laga ein eigen rapport om klimaverknader og utfordringar for forvaltinga på Svalbard. Klimaomsyn er integrert i ei rekkje overvåkingsprogram, forvaltingsplanar (inkl. marine forvaltingsplanar og vassforvaltingsplanar) og i den generelle naturforvaltinga. Naturbaserte løysingar kan medverke til å redusere konsekvensar av klimaendringar. Miljødirektoratet jobbar med å få samanstillt kunnskapsgrunnlaget om naturbaserte løysingar for klimatilpassing. I 2015 fekk Miljødirektoratet utarbeidd ein rapport som skal gi grunnlag for å utarbeide rettleiing knytt til klimatilpassing i vassforvalting. Miljødirektoratet lagar ein eigen strategi for klimatilpassing innanfor direktoratets sektoransvarsområde.

I tillegg til rettleiing på Klimatilpassing.no, er Miljøkommune.no oppdatert med ny rettleiar og informasjon om kommunane og deira mynde og plikter innan handtering av overvatn.

Klimatilpassing i landbrukssektoren er avgjerande for å førebyggje og avgrense skadar både som følgje av endringar i ekstremvær og gradvise endringar. Landbruksdirektoratet forvaltar fleire tilskotsordningar over jordbruksavtalen som er relevante for klimatilpassing, blant anna til drenering av areal og tilpassing av landbruksveggar, til utvikling og produksjon av plantemateriale, og til genressurstiltak. Prosjektet *Klimasmart landbruk*, som er eigd av Noregs Bondelag, Norsk Landbruksrådgiving, TINE, Nortura og Felleskjøpet Agri, skal sikre betre informasjon og gode verktøy for klimasmart drift på norske gardsbruk, og inkluderer støtte til klimatilpassingstiltak. Forskingsmidlane for jordbruk og matindustri utgjer

ca. 210 mill. kroner til jordbruks- og matforskning. Her er reduserte klimagassutslepp og klimatilpassa produksjon prioriterte områder. I klima- og miljøprogrammet over jordbruksavtalen har klimatilpassing høg prioritet.

Infrastruktur og samferdsel

Kraftig nedbør, svingingar i temperatur og auka fare for flaum, skred og stormflod gir utfordringar for transport og samferdsel. Nasjonal transportplan (2018–2029) gir føringar for integrering av klimatilpassingsomsyn i planlegging og prioritering innan samferdselssektoren. Klimatilpassing er òg ein integrert del av Samferdselsdepartementets strategi for samfunnstryggleik i samferdselssektoren som vart lansert i 2015. Strategien er følgt opp av underliggjande etatar.

Kystverket har utarbeidd ein klima- og miljøstrategi (2016–2018). Strategien viser korleis etaten skal ta omsyn til klima og miljø i eiga verksemd og bidra til å oppfylle dei nasjonale miljømåla. Kystverket har eit eige mål for å tilpasse etaten si verksemd til klimaendringar.

Statens vegvesen har vedteke ein strategi for samfunnstryggleik der klimatilpassing inngår, og ein handlingsplan er under utvikling. Blant tiltaka som er planlagde er regelbundne oppdateringar av retningslinjer for konstruksjonar og vedlikehald, intensivert arbeid med styrings- og varlingssystem for naturfarar, betre metodar og prosedyrar for kartlegging av sårbarheit, og gjennomføring av tilpassingstiltak på vegar og vegkonstruksjonar.

Jernbaneverket lanserte i 2016 ein handlingsplan for etaten sitt arbeid med samfunnstryggleik, der egne klimatilpassingsplanar inngjekk. Omsynet til klimatilpassing er integrert i etaten sitt arbeid med både vedlikehald og bygging av ny infrastruktur gjennom fortløpande oppdatering av handbøker, retningslinjer og standardar.

Tilpassing til klimaendringar inngår i Avinors arbeid med tryggleik og risikoførebygging. Selskapet har jobba systematisk med klimarisiko og klimatilpassing over lengre tid, og i 2014 vart risiko- og sårbarheitsanalysar gjennomført for alle lufthamner der Avinor har ansvaret for drift og infrastruktur. Selskapet integrerer omsynet til klimaendringar i den daglege drifta og i relevante prosjektplanar.

Miljødirektoratet og Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) lanserte i 2016 kampanjen Sjekkhuset.no som gir råd og tips til korleis huseigarar kan førebyggje klimaskadar på huset.

Industri og næringsliv

I 2017 fekk Nærings- og fiskeridepartementet, i samarbeid med andre departement som forvaltar eigarskap i selskap, utarbeidd ein rapport som ser på klimarelatert risiko i selskap med statleg eigardel.

Marint miljø, fiskeri og havbruk blir påverka av klimaendringane. Fiskeri- og havbruksforvaltninga må tilpasse seg nye naturgitte føresetnader. Både i program finansiert av Noregs forskingsråd og ved Havforskningsinstituttet blir det lagt ned ein omfattande forskingsinnsats for auka kunnskap om havet si rolle i klimasystemet og konsekvensen av klimaendringar for marine økosystem og ressursar. Forskinga viser at ei rekkje ulike klimafaktorar vil påverke marine organismar.

Som følge av klimaendringar og stadig større isfrie område, er det store endringar i bestandsutbreiingar og dynamikken i havøkosystema. Derfor har både kompleksiteten i og arealet for ressurs- og miljøovervaking auka vesentleg dei siste åra.

Kulturminne

I 2015 utvikla Riksantikvaren, i samarbeid med Norsk institutt for kulturminneforskning, eit verkøy til bruk for vurderingar av klimabelastningar og kulturminne i kommunar. I 2017 sette etaten i gang eit miljøovervakingssjokjekt som skal kartleggje korleis klimaendringane påverkar mellomalderbygningane i Noreg. I lys av klimaendringane på Svalbard overvakar Sysselmannen erosjon på utsette kulturminne, og har utvikla arkeologiske forskingsplanar for utvalte lokasjonar.

Helse

Folkehelselova pålegg kommunar og fylkeskommunar å ha naudsynt oversikt over befolkninga sin helsetilstand og dei faktorane som kan verke inn på denne, under dette forhold relatert til klimaendringar, som auka ulykkes- og sjukdomsrisiko knytt til m.a. flaum- og rasfare, dårleg vedlikehald av leidningsnett for vassforsyning og utvida pollensesong. I 2017 blir kommunane sitt kompetansebehov innan miljøretta helsevern kartlagt, m.a. knytt til akutte hendingar og krisehandtering. Noreg deltek aktivt i Verdas helseorganisasjon (WHO) sitt arbeid med miljø og helse, blant anna gjennom å implementere UNECEs Protokoll

for vatn og helse, der klimaendringane si betydning for vatn- og avløpssystem er inkludert.

8.5 FNs berekraftsmål

Noregs statsminister underteikna Agenda 2030 med universelle berekraftsmål i september 2015. Måla vil derfor rettleie òg Noregs nasjonale og internasjonale politikk for berekraftig utvikling i 14 år framover. Noreg rapporterte til FN om framdrifta allereie i juli 2016. Rapporten synte at politikk og regelverk i Noreg i stort er i samsvar med måla, men at det òg er mål som utfordrar oss til å gjere meir. Noregs modell for oppfølging av berekraftsmåla nyttar det årlege arbeidet med statsbudsjettet som ein godt utvikla og innarbeidd arena for å avklare politikk.

Behovet for ei meir integrert og inkluderande tilnærming til økonomisk politikk og miljø og klima går klårt fram av Agenda 2030, og er understøtta av utviklinga i dei store miljøkonvensjonane, til dømes Konvensjonen om bevaring av biomangfald. Regjeringa ser at berekraftsmåla kan fremje eit breiare samfunnsansvar hjå alle aktørar, engasjere fagmiljø på nye vis og betre samarbeidet mellom dei.

Miljø og klima er tverrgåande omsyn i berekraftsmåla, og derfor ein dimensjon ved talrike mål og delmål. Både dei mest sentrale miljømåla og eit utval mål og delmål som er sentrale for miljøtilstanden er omtala her. Det er samanheng mellom måla, og med merksemd på enkeltmål kan ein oversjå at det er relevante dimensjonar for temaet i andre mål. Styrkt koherens i oppfølginga av måla er eit hovudpoeng.

Mål 16 om betre styresett og mål 17 om finansiering og gjennomføringsmidlar er òg svært relevante for klima- og miljøpolitikken, men blir ikkje omtalt av Klima- og miljødepartementet.

Mål 2 Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk

Målet om å utrydde svolt er nærare omtalt i Landbruk- og matdepartementets proposisjon. Berekraftmålet er nært knytt til det overordna målet i Agenda 2030 om å utrydde ekstrem fattigdom. Matproduksjon er på alle vis nært knytt til tilstanden i naturen, og difor krev oppfyljing av målet om å utrydde svolt ein aktiv og vellukka innsats for å oppnå berekraftsmåla om miljø og klima. Det har i sin tur samanheng med sektorane si evne til å innarbeide omsyn til miljø og klima i sin politikk. Eksempel på den tette samanhengen mellom land-

bruk, miljø og sektorpolitikken er vilkåra for pollinering i landbruket, forvaltinga av skog og arbeidet mot forureining av jord og luft.

Noreg vil føre vidare ein aktiv politikk for bevaring og berekraftig bruk av genressursar, og vil samordne dette med arbeidet for å ta vare på ville kulturplanter. Å halde mattryggleiken ved lag i ei tid med klimaendringar vil krevje målretta tiltak for å sikre dei ressursane matproduksjonen byggjer på.

Mål 6 Sikre berekraftig vassforvalting og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle:

Regjeringa ser delmålet om sanitær- og avløpsforhold som oppnådd i Noreg, og vi har i all hovudsak allmenn og likeverdig tilgang til trygt drikkevatt. Det er likevel forbettringspotensial i forvaltinga og forsyninga. Betydelege lekkasjar i vassleidningsnettene kan medføre at ureint vatn kjem inn på nettet og dermed utgjer eit helseproblem. Det gir dessutan unødvendig energibruk, reinsing osv. av vassmengder som berre går til spille. Ny drikkevassforskrift gjeldande frå 1. januar 2017 stiller strengare krav til drift og vedlikehald av leidningsnettene. Det er venta at bygging og drift av vassforsyningssystema vil bli meir krevjande framover, blant anna på grunn av klimaendringar med større nedbørsmengder og temperaturendringar (sjå òg HODs proposisjon).

Oppfølging av EUs vassdirektiv gjennom vassforskrifta står sentralt i den integrerte forvaltinga av vassførekomstane i Noreg. Det er utarbeidd regionale vassforvaltingsplanar for perioden 2016–2021. Gjennomføring av desse planane skal sikre god økologisk tilstand i dei fleste vassførekomstane innan 2033. Det er venta at delmålet om vern av vassrelaterte økosystem vil bli nådd i Noreg.

Delmålet om vasskvalitet, spillvatn og gjenvinning er venta nådd i Noreg innan 2030. Noreg arbeider aktivt med i størst mogleg grad å avgrense helse- og miljøskadelege utslepp av kjemikaliar eller anna forureining. Det er sett strenge utsleppskrav for industrien og det blir arbeidd med å rydde opp i forureina grunn og sjøbotn. Det er framleis utfordringar med utslepp frå landbruk til vassførekomstar. Det blir arbeidd med å redusere marin forsøpling og utslepp av mikroplast, og gode løysingar for innsamling og behandling av avfall medverkar til å beskytte vatn mot forureining. Miljømyndighetene og kommunane arbeider systematisk for å redusere mengda miljøgifter som blir sleppte inn på det kommunale avløpsnettene. Delen ubehandla spillvatn er redusert med vel 20 pst. sidan 2008 og målet om halv-

ering vil truleg bli nådd innan 2030. Det står likevel att utfordringar for sanering av ureina utslepp i spreidd busetnad der kommunane er forureiningsmyndigheit.

Mål 12 Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

Mål 12 om berekraftige forbruk og produksjonsmønster omfattar ei rekkje utfordringar som står sentralt i Noregs miljø og berekraftsinnsats. Enkelttema i målet er nært knytte til omstillinga av Noreg til eit samfunn med låge utslepp, og til målet om å forvalte ressursane vi rår over effektivt og til varig gagn.

Noreg har omfattande lovverk og verkemiddel for å sikre god forvalting av fornybare og ikkje fornybare naturressursar på land og til havs og fremje ein meir effektiv ressursbruk, i tråd med mål 12. Mange verkemiddel har sitt opphav i miljøkonvensjonar og internasjonale avtaleverk, der Noreg framleis deltek aktivt i fortløpande utviklingsarbeid.

Noreg gjer òg ein omfattande innsats for berekraftig forvalting av naturressursar i utviklings- og mellominntektsland. Døme er Noregs internasjonale klima og skoginitiativ, fleire partnerskap i og utanfor FN for å fremje omlegging til grøn vekst, og ulike utviklingspolitiske program, mellom anna knytte til forvalting av petroleums- og fiskeriressursar. Under miljøkonvensjonane støttar Noreg bygging av vitskapeleg og teknisk kapasitet i utviklingsland.

Norske miljømyndigheiter har medverka fagleg og økonomisk til etableringa av FN's tiårige handlingsprogram for berekraftig forbruk og produksjon, som omfattar program om mellom anna berekraftig turisme, berekraftige bygg, offentlege anbod.

Fleire initiativ internasjonalt og i Noreg har som mål å redusere matsvinn og matavfall. I Noreg inngjekk aktuelle departement og matvarebransjen i 2017 ei bransjeavtale om å redusere matsvinn. Denne avtala har som mål å redusere matsvinn med 50 pst. innan 2030, og inneheld tiltak og indikatorar for å måle matsvinnet. Ei frivillig avtale med bransjen er den mest føremålstenlege måten å redusere matsvinnet på i Noreg.

Arbeidet med å avgrense mest mogleg skadeverknadene for helse og miljø frå kjemikaliar og avfall innan 2020 skjer dels med vedvarande streng regulering etter forureiningslova og produktkontrolllova, og er dels avhengig av krevjande prosessar (EØS og globalt) der Noreg gjennom vedvarande betydeleg ressursbruk arbeider for

streng regulering, som skal medverke til mindre bruk og utslipp og betre handtering, både av kjemikaliar og avfall.

Frå 1995 har avfallsmengda i Noreg auka med over 70 pst. Regjeringa har i dag få verkemiddel som hindrar at avfall oppstår, men fleire verkemiddel i miljøpolitikken kan gi insentiv til førebygging av avfall og auka utnytting av ressursar i avfallet. Dette omfattar til dømes produsentansvarsordningar, tilverking av nye produkt basert på gjenvunne material, krav til utsortering av avfallsfraksjonar som kan materialgjennvinnast, miljøkrav ved offentlege anskaffingar, auka kostnader ved handtering av avfall, og nye forretningsmodellar baserte på deling og omsetning av brukte produkt. EU arbeider med insentiv for å få produsentar til å forlenge produkta si levetid.

I den nye lova for offentlege anskaffingar er det ei ny lovføresegn om miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn som forpliktar offentleg sektor til å innrette anskaffingspraksisen sin slik at den medverkar til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremjar klimavennlege løysingar. Regjeringas innovasjonspolitikkk omfattar òg å fremje innovasjon gjennom anskaffingar.

Utdanning for berekraftig utvikling blir ført vidare gjennom Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypining – Forståelse*.

Mål 13 Handle straks for å stoppe klimaendringane og motarbeide konsekvensane.

Noregs viktigaste innsats for å oppfylle berekraftsmål 13 om å motverke klimaendringar og fremje tilpassing til dei endringane som skjer, er uttrykt i oppfølginga av Parisavtala. Avtala legg opp til at landa sjølv skal melde inn nasjonalt fastsette bidrag kvart femte år, og gjennomføre tiltak for å følgje opp dette. Noreg har teke på seg ei forplikting på vilkår om å redusere utslappa av klimagassar med minst 40 pst. innan 2030, samanlikna med 1990. Noreg tek sikte på å gjennomføre forpliktinga i fellesskap med EU og er i dialog med EU om dette. For detaljar, sjå omtale under programkategori 12.20 «Felles oppfyllelse av klimamål for 2030».

Parisavtala er eit rammeverk for å halde auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2°C samanlikna med førindustrielt nivå, og søkje å avgrense temperaturauken til 1,5°C. Dette inneber ei omstilling globalt som vil vere krevjande òg for det norske samfunnet og næringslivet. Samtidig skaper dette nye moglegheiter, teknologiar og løysingar som medverkar til lågutsleppssamfunnet. Regjeringa presenterte i år

ein strategi for grøn konkurransekraft. Dette er eit viktig grep i arbeidet med omstillinga til ein berekraftig utvikling.

Våren 2017 vedtok Stortinget ei ny klimalov. Formålet med lova er å fremje gjennomføring av Noregs klimamål som ledd i omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Utsleppsmåla for 2030 og 2050 er lovfesta.

Regjeringa har identifisert Delmål 13.2 *Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå*, som ein av dei særskilde utfordringane Noreg står overfor. Den internasjonale indikatoren for delmålet går på kor mange land som har laga planar som aukar evna deira til å tilpasse seg klimaendringar og redusere klimagassutslappa på ei måte som ikkje truer matforsyninga. Noreg har mellom anna levert inn nasjonalt bestemte bidrag til FN's klimakonvensjon, presentert klimastrategi for 2030 i Meld. St. 41 *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* og rapporter jamleg om eigne utslipp til FN. Regjeringa samarbeider med jordbruksnæringa i utforminga av klimapolitikken, og har i Meld. St. 41 *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* meldt at dei skal nedsette ei arbeidsgruppe som skal gjennomgå eksisterande ordningar for støtte til klimatiltak på gardsnivå, med sikte på å styrkje og målrette innsatsen for reduserte utslipp. Sjå del III kap. 8.3 Oppfylging av Noregs klimamål for 2030.

Deltaking i EUs kvotesystem (EU-ETS), CO₂-avgift og andre klimagrunngitte skattar og avgifter er hovudverkemidla i arbeidet med å redusere nasjonale klimagassutslipp. Noreg har i fleire år vore deltakar i EUs kvotesystem, der utslappa skal reduserast med 43 pst. innan 2030. Noreg tar sikte på å samarbeide med EU om ikkje kvotepliktig sektor, som i hovudsak omfattar transport og landbruk.

All areal- og samfunnsplanlegging, ikkje minst infrastruktur, må ta høgde for at klimaet i framtida vil endre seg. Kunnskap om endringane som kjem må byggjast i lokalmiljøa og i dei einskildte verksemdene. Nye transportsatsingar må både bidra til å betre mobiliteten, reduserte klimagassutslipp og auka evne til å tåle nedbør og rasfare. God arealplanlegging, der bustad-, areal- og transportløyningar blir sett i samanheng, er særleg viktig for å utvikle meir berekraftige byar og tettstader. For byområda, er det sett som mål at persontransportveksten skal skje med kollektivtransport, sykkel eller gange. For å bidra til å nå dette målet, er det etablert ei ordning med heilskaplege bymiljøavtaler. Bymiljøavtalene er langsiktige avtaler mellom staten og kommunane i storbyområda, som skal

bidra til å sikre god samordning av arealutvikling og investeringar i transportsystema.

Samarbeid over landegrensene om tiltak for å redusere utslepp av klimagassar er ein viktig del av berekraftsmål 13. Slikt samarbeid står sentralt i den norske klimainnsatsen. Frå norsk side er fokuset særleg lagt på Klima- og skoginitiativet, fornybar energi og støtta til Det grønne klimafondet for tiltak for utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. For klimatilpassingsarbeidet er klimasmart landbruk og matsikkerheit viktige innsatsområde.

Prosjekt under Den grønne utviklingsmekanismen (CDM) medverkar ikkje berre til reduserte utslepp av globale klimagassar, men kan òg medverke til berekraftig utvikling generelt. Regjeringa legg vekt på å sikre den miljø- og utviklingsmessige integriteten ved dei tiltaka Noreg støtt. Klima- og miljødepartementet deltek i eit samarbeid for å utvikle pilotar for å vidareføre slikt samarbeid etter 2020. Noreg deltek i ei rekkje samarbeidsorgan som har som mål å få gjennomført tiltak som fører til grøn omstilling og reduserte utslepp av klimagassar. Noregs internasjonale Klima- og skoginitiativ er sentral i arbeidet med å redusere utslepp frå tropisk skog (Redd+). Langsiktig og effektiv skogbevaring er berre mogleg dersom den òg medverkar til utvikling for menneska som lever i og av skogen. Klima og utvikling er derfor tett knytte saman i den globale innsatsen for å redusere utslepp frå tropisk skog. For meir informasjon om Noregs internasjonale klimainnsats, sjå Programkategori 12.70 internasjonalt klimaarbeid og Prop. 1S (2017–2018) for Utanriksdepartementet.

Mål 14 Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling

Noreg har nasjonalt etablert modellar for økosystembasert forvaltning av havområda våre først og fremst gjennom dei heilskaplege forvaltingsplanane for havområda og i fiskeriforvaltninga. Den overordna nasjonale gjennomføringa av berekraftsmål 14 vil bli basert på dette.

Forvaltingsplanane for havområda er verktøy for ei heilskapleg og økosystembasert forvaltning som fremjar både berekraftig bruk og bevaring av økosystema, og har eit heilskapleg perspektiv på miljøtilstand, påverknader og samla belastning på havområda. Det blir arbeidd vidare med oppfølging av tiltak for berekraftig bruk og vern av økosystema.

Framtidig verdiskaping basert på bruk av marine ressursar er avhengig av god miljøtilstand

og eit rikt naturmangfald i havet, og å halde ved lag naturmangfald og produktivitet i økosystema er sentralt for at dei marine naturverdiane skal halde fram med å vere fornybare. Forvaltingsplanane er derfor eit viktig verktøy for ein blå vekst basert på verdiar frå havet.

Kysten er både dei mest produktive og dei mest intensivt utnytta av dei marine områda. Miljøtilstanden i kystområda blir følgt opp gjennom systemet i vassforskrifta.

Det er etablert marine beskytta område og marine verneområde i norske farvatn. Arbeidet med marint vern blir ført vidare.

Klimaendringar og havforsuring er vesentlege påverknadsfaktorar som aukar den samla belastninga på arter og økosystem, og kan føre til betydelige endringar i grunnlaget for berekraftig bruk av havet og dei marine ressursane. Dette er ei utfordring for forvaltninga av aktivitet som kan påverke miljøverdiane. Noreg vil styrkje kunnskapen om korleis forvaltninga av havområda best kan ta vare på omsynet til å gjere marint naturmangfald og økosystem motstandsdyktige mot negative verknader av klimaendringar og havforsuring.

Forvaltninga får viktig kunnskap gjennom miljøovervaking, forskning og kartleggingsprogram for blant anna havbotn (MAREANO-programmet) og sjøfugl (SEAPOPOP/SEATRACK). Regjeringa har i sin langtidsplan for forskning varsla at den vil trappe opp innsatsen til forskning og høgare utdanning om havet.

Noreg har eit strengt regelverk for regulering av forureining gjennom forureiningslova. Utslepp av miljøgifter frå punktkjelder på land er redusert, men det er framleis tilførsler av miljøfarlege stoff til havområda. Kunnskapen om samla effekt av dei ulike miljøgiftene er begrensa. Nasjonalt blir det arbeidd med å redusere utslepp frå hav- og landbaserte næringar, og å redusere marin forsøpling og spreining av mikroplast frå identifiserte kjelder. I tillegg er oppryddingsarbeidet styrkt. Dette arbeidet er beskrevet i *Strategi mot marin plastforsøpling og spreining av mikroplast* (plaststrategi) som inngår i Meld. St. 45 (2016–2017) *Avfall som ressurs*.

Marin forsøpling og mikroplast er eit globalt miljøproblem. Nivået av marint avfall i Nordaust-Atlanteren, inkludert langs norskekysten og på Svalbard, er høgt. Noreg fremja saman med Indonesia forslag til resolusjon om plastavfall og mikroplast i havet, som vart vedteke av FN's andre miljøforsamling (UNEA-2) i Nairobi i mai 2016. Noreg skal framleis vere ein pådrivar i det internasjonale arbeidet for å redusere plastavfall og mikroplast i havmiljøet, og vil følgje opp med eit

nytt vedtak om vegen vidare på dette område på FN's miljøforsamling i desember 2017.

Internasjonalt går det føre seg viktige prosessar som vil vere avgjerande for dei havrettslege og institusjonelle rammene for implementeringa av berekraftsmål 14. Dette knyter seg til regelverk for å beskytte biodiversitet og fordeling av genressursar på ope hav, samspelet mellom globale og regionale mekanismar for implementering, globale mekanismar for tema som til dømes marin forsøpling og mikroplast. Med ei tradisjonelt leiande rolle i det internasjonale arbeidet innan havrett, miljø- og fiskeriforvaltning er det viktig at Noreg aktivt søker å påverke dei pågåande prosessane på ein mest mogleg einsarta og løysingsorientert måte. FN's internasjonale sjøfartsorganisasjon (IMO) utviklar internasjonale standardar for tryggleik og miljø i den globale skipsfarten, og Noreg er ein aktiv pådrivar også i dette arbeidet. Norge legg vidare vekt på miljør samarbeidet med andre land blant anna gjennom arbeidet i OSPAR (Konvensjonen for vern av det marine miljø i nordaust-Atlanteren).

Mål 15 Beskytte, atterreise og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motarbeide ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald

Klima- og skoginitiativet (KoS) er Noregs viktigaste internasjonale klimainnsats og det viktigaste bidraget for å nå berekraftsmål 15 om livet på land. Sidan satsinga vart lansert i 2007 er det inngått ei rekkje partnerskap, i hovudsak med tropiske skogland der Noreg betaler for verifiserte reduksjonar av utslepp frå skog i løpet av avtaleperioden. Bevaring av naturskog er eitt av tre delmål for satsinga.

Hittil har satsinga utbetalt rundt 20 mrd. kroner til tiltak i utviklingsland. Til Brasil, Guyana og Colombia er det utbetalt 8,5 mrd. kroner i utsleppsreduksjonar. For å gi utviklingsland med skog ein meir føreseieleg situasjon med omsyn til kva dei kan vente i utbetalingar for utsleppsreduksjonar frå redusert avskoging og degradering av skog, er det sett av 2,1 mrd. kroner i fond. Klima- og skoginitiativet har utbetalt 8,8 mrd. kroner til betring av det politiske rammeverket i skogland, kapasitets- og alliansebygging.

Utbetalingane går gjennom ulike kanalar som FN, Verdsbanken og andre internasjonale organisasjonar, det sivile samfunnet og landa sine egne fond. Styrking av regelverk og handheving av lover for å hindre avskoging og fremje restaurering av øydelagt skog er ein del av satsinga. Til

dømes har Indonesia utferda fleire avgrensingar på bruk av karbon- og artsrik skog og torvmyr og sett i gang ei storstilt satsing for å gjenreise dei opphavlege funksjonane i desse økosystema.

Utvikling av skoglanda sine system for å kartleggje, overvake og rapportere utslepp frå avskoging og degradering av skog er naudsynt både for å vite om vi kan betale for utsleppsreduksjonar og for at landa skal kunne betre sin politikk for skogforvaltning. I tillegg til å støtte skoglanda sine egne system støttar vi òg utvikling av uavhengige skogovervåkingsverktøy som Global Forest Watch. Betre kart og overvåkingsdata gjer det lettare for det sivile samfunn, academia og media å halde myndigheiter og selskap ansvarlege dersom det går føre seg ulovleg eller ureglementert avskoging. Samarbeidet med privat sektor blir stadig viktigare, spesielt når det gjeld avskogingsfri råvareproduksjon. Næringslivet skal vere ein viktig alliansepartner for å nå berekraftsmål 15 og spelar ei nøkkelrolle i å syte for at heile verdikjeda frå produsent til forbrukar skal byggje på høge sosiale, økonomiske og miljømessige standardar. Klima- og skoginitiativet støttar òg ei rekkje sivilsamfunnsorganisasjonar som fremjar avskogingsfrie verdikjeder, arbeider for urfolks rettar og mot skogkriminalitet.

Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* er Noregs nasjonale handlingsplan for å nå Aichi-måla under konvensjonen om biologisk mangfald. Berekraftsmål nr. 15 er samordna med Aichi-måla. Derfor er gjennomføringa av handlingsplanen viktig for å nå berekraftsmål nr. 15. Det er eit sentralt tiltak i handlingsplanen å styrkje kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av naturmangfaldet. Regjeringa vil utarbeide eit kunnskapssystem som beskriv kva som er rekna som «god økologisk status» for alle økosystem i Noreg. Eit regjeringsoppnemnt ekspertråd la fram sin rapport i juni 2017. Med grunnlag i tilrådingane vil regjeringa syte for at økosystema sin tilstand blir vurdert. Dette vil igjen vere utgangspunkt for å utarbeide sektorovergripande forvaltingsmål for dei ulike økosystema.

Som ei oppfølging av naturmangfaldmeldinga vil vidare arbeidet med frivillig skogvern framleis bli prioritert, saman med marint vern. Òg for andre økosystem er det sett i gang arbeid med supplerande vern. Eit representativt utval av økosystem til fjells er verna. Det er viktig å sikre verneverdiane framover, blant anna i form av forvaltingsplanar for fjellområda.

Miljødirektoratet har vidare fått i oppdrag om i løpet av 2018 å foreslå ein samla verkemiddel-pakke for alle sterkt og kritisk truga arter som

også er ansvarsarter, alle truga naturtypar, og naturtypar som er viktig for truga arter.

Spreiing av framande arter er eit problem som krev internasjonalt samarbeid og tiltak. Løysingar må finnast innanfor relevante internasjonale konvensjonar, slik som konvensjonen om biologisk mangfald. Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* beskriv ei rekkje tiltak for å redusere negative miljøkonsekvensar av framande arter.

Regjeringas politikk for berekraftig forvaltning av skog vart presentert i ei melding til Stortinget i 2016. Gjennom berekraftig forvaltning vil skogen kunne medverke til klimatilpassing og til å sikre både naturmangfald og kulturverdiar.

Noreg vil òg arbeide for eit styrkt internasjonalt samarbeid om grensekryssande utfordringar på skogområdet og for å sikre berekraftig forvaltning av skog internasjonalt, blant anna gjennom FN. Den nyleg vedtekne FN-strategien for skog representerer ein milepæl i dette arbeidet. Noreg støttar måla i planen.

Særskilt om delmål om berekraftig skogforvaltning og ressursar til skogforvaltning

I Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst. Konkurransedyktig skog- og trenæring* går det fram at regjeringa vil kartlegge kvar den eldste skogen finst, for å sikre god forvaltning av denne. Vidare framgår det at myndighetene og skognæringa skal utgreie tiltak for betre å ta vare på nøkkelbiotopar.

Vern av eit representativt utval av norsk skog og viktige område for naturmangfald er eit bidrag til berekraftig skogforvaltning. Regjeringa har gjennom semje om naturmangfaldmeldinga og budsjettavtala med samarbeidspartia på Stortinget styrkt satsinga på skogvern. Det er lagt til rette for at viktige skogområde som er truga av hogst/inngrep raskt kan vurderast for frivillig vern.

Særskilt om delmål om framande organismar

Framande organismar er både globalt og nasjonalt ein av dei største truslane mot naturmangfaldet. Delmålet om framande organismar er krevjande å nå, òg med tanke på at klimaendringar kan medføre introduksjon av nye framande organismar. Regjeringa meiner derfor det er viktig å hindre innførsel og utsetjing av framande skadelege organismar, i tråd med forskrifta om framande arter og forskrift om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksformål, og å nedkjempe framande skadelege organismar som allereie er etablerte i norsk natur. Klima- og miljødepartementet vil i

samråd med aktuelle departement blant anna utarbeide ein samla, prioritert tiltaksplan for nedkjemping av skadelege framande organismar, som skal byggje på blant anna allereie eksisterande handlingsplanar mot framande skadelege arter og den tverrsektorielle nasjonale strategien og tiltak mot framande skadelege arter.

Nærmare omtale av enkelte andre delmål med betydning for klima og miljø

Særskilt om delmål om kjemikaliekontroll i mål 3 om helse

Bruk og utslepp av helsefarlege kjemikalier og anna forureining gir risiko for eksponering for befolkninga i Noreg. Hovudverkemidlet for å avgrense bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier er internasjonal regulering, og særleg viktig er EU/EØS-regelverket. Globale avtaler gir reduserte langtransporterte utslepp til Noreg og Arktis. Å avgrense bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikalier i Noreg er i hovudsak avhengig av krevjande internasjonale prosessar for betre kunnskap og regulering, der Noreg har ei viktig rolle gjennom betydeleg ressursbruk og aktivt påtrykk. Arbeidet med fortsatt streng regulering av industri på land og offshore er også viktig. Dette har gitt betydelege reduksjonar i utslepp dei siste tiåra, og det er grunn til å vente vidare betydelege forbetringar frem mot 2030, innanfor gjeldande regelverk og ressursbruk, særleg gjennom forhandlingar og frå ny kunnskap som kommer innan forskning. Framhalde godt tilsyn, og oppfølging av område med gamle forureiningar, og relevant kompetanse i kommunane er òg naudsynt.

Særskilt om delmål om luftforureining i mål 3 om helse og mål 11 om bærekraftige byer

Noreg er utfordra av fleire berekraftsmål når det gjeld luftkvalitet, mål knytte til byutvikling og til helse (delmål 11.6: Innan 2030 redusere negative konsekvensar for miljøet i storbyane målt per innbyggjar, blant anna ved å leggje særleg vekt på luftkvalitet og offentleg og anna form for avfallshandtering, og Delmål 3.9: Reduksjon av død og sjukdom som følgje av farlege kjemikalier og luftforureining). Dei siste åra har nivået av svevestøv vist ein nedgåande trend, mens nivået på nitrogendioksid har vore om lag stabilt. I fleire norske byar er dårleg luftkvalitet framleis kjelde til alvorlege helseplager. Kommunane er forureiningsstyresmakt for lokal luftkvalitet, med hovudansvar

for å setje i verk tiltak for å betre luftkvaliteten og utarbeide tiltaksutgreiingar. I forureiningsforskrifta er det fastsett grenseverdier for lokal luftforureining. Grenseverdien for svevestøv vart stramma inn frå 2016. Det er blant anna òg fastsett retningslinjer for behandling av lokal luftforureining i arealplanlegging. Luftforureining motiverer mange land og byer til innsats som òg kan komme klima til gode.

Særskilt om delmål under mål 7 om å sikre tilgang til berekraftig, påliteleg og moderne energi til ein overkommeleg pris for alle

Berekraftsmål 7 er sentralt for miljø og klima ved at målet skal medverke til at alle har tilgang til berekraftig og moderne energi. Delmåla fremjar tilgang til energi, at meir fornybar energi blir bygd ut og at energien blir brukt meir effektivt. Energigitilgang er ein føresetnad for, og gjer mogeleg økonomisk vekst, og er derfor heilt sentralt i arbeidet med å avskaffe fattigdom og fremje omsifting til lågkarbon utvikling. Samtidig må ny energi byggjast ut på ein berekraftig måte og energien må brukast meir effektivt. Det vil bidra til å redusere utslepp av klimagassar og begrense andre miljø- og helsekostnader.

Nasjonalt er energimålet og dei ulike delmåla vurderte til anten å vere oppnådd eller i tråd med norsk politikk og nasjonale mål. Det er så langt føremålstenleg sikra energigitilgang til alle. Noreg har allereie ein høg del fornybar energi samanlikna med andre land, og verkemiddel både på tilbods- og forbrukssida skal sikre framhald i overgangen frå fossil til fornybar energi. Vi har òg verkemiddel som medverkar til energieffektivisering. Regjeringa la våren 2016 fram Meld. St. 25 (2015–2016) *Kraft til endring – energipolitikken mot 2030*. Hovudbodskapen i meldinga er at forsyningstryggleik, klima og næringsutvikling må sjåast i samanheng for å sikre ei effektiv og klimavennleg energiforsyning.

Særskilt om delmål om meir effektiv ressursbruk i mål 8 om bærekraftig økonomisk vekst

I samband med berekraftsmålet som fremjar berekraftig økonomisk vekst (mål 8), omtala nærare av Finansdepartementet, skal vi bruke ressursane meir effektivt. Målet fremjar ei kopling av økonomisk vekst frå ressursuttak og miljøbelastning. Det blir lagt til rette for å utnytte ressursar i avfall som sekundære råvarer ved å definere krav eller standardar. Materialgjenvinninga av avfall har auka drastisk dei seinaste tiåra og redusert mil-

jøpåverknaden frå avfall. I tillegg kan digitalisering og nye forretningsmodellar føre til mindre avfall til gjenvinning eller sluttbehandling, ved at avfall ikkje oppstår eller ved at produkt blir brukte om igjen.

Særskilt om delmål for omstillinga til reinare industri og berekraftig infrastruktur i mål 9 om industri, innovasjon og infrastruktur

Miljøskadelege utslepp frå næringslivet er, i tråd med nasjonale mål, vesentleg reduserte dei siste tiåra. Reinare og meir miljøvennlege teknologiformer og industriprosessar er introduserte som følgje av stadig strengare regelverk og i medhald av forureiningslova og produktkontrolllova. Ressurseeffektiviteten er betra, blant anna gjennom ein markant auke i materialgjenvinning av avfall i tråd med det nasjonale målet. Ytterlegare tiltak for ein sirkulær økonomi og ei framhalden innstramming i regelverk og utsleppsløyve i tråd med utviklinga til nå vil medverke til å nå målsetjinga.

8.6 Strategi for grøn konkurransekraft

Regjeringa utnemnde i juni 2015 eit ekspertutval for grøn konkurransekraft beståande av Connie Hedegaard og Idar Kreutzer. Utvalet skulle lage tilrådingar til ein overordna strategi for grøn konkurransekraft. Det leverte tilrådingane sine i oktober 2016. Regjeringa legg fram ein overordna strategi for grøn konkurransekraft, *En innovativ og sunn økonomi på vei til lavutslippssamfunnet – regjeringens strategi for grønn konkurransekraft*, i tilknytning til statsbudsjettet for 2018. Strategien gir ei samla framstilling av regjeringas politikk for grøn konkurransekraft på sentrale område som forskning og teknologiutvikling, offentlege anskaffingar, utbygging av infrastruktur og finansiering av grønne løysingar.

Globalt skjer det no ei rask utvikling i lågutslippsteknologi. Digitalisering, robotisering og delingsøkonomi gir høve til nye og grønare forretningsmodellar. Samtidig vil ei verd som går mot lågutslippssamfunnet måtte ta i bruk langt sterkare verkemiddel i klimapolitikken enn i dag. Elektrisitet og oppvarming må gradvis leggjast om til nullutslippsløysingar, transportmiddel må bli tilnærma fossilfrie, prosessutslepp frå industrien må kraftig ned, jordbruket sine utslepp må reduserast og opptak og lagring av klimagassar i skog og landareal aukast. Ny teknologi må utviklast og takast i bruk, samtidig vil etterspørselen bli vridd mot nye varer og tenester. Dette vil endre

rammevilkår for næringslivet i alle land. For å takle omstillingane må næringslivet kunne dekkje kostnadene sine, inklusive klima- og miljøkostnader, med dei prisane det kan oppnå for sine varer og tenester. For næringslivet kan ein definere grøn konkurransekraft som evna til å konkurrere globalt i ei tid der sterkare verkemiddel blir tekne i bruk i klima- og miljøpolitikken globalt.

Strategien for grøn konkurransekraft skal medverke til å gi føreseielege rammer for omstillinga til eit samfunn med lågare klimagassutslepp og medverke til at Noreg er i forkant av tilpassinga til ein ny røyndom. For å nå lågutsleppssamfunnet er vi avhengige av eit grønt, smart og nyskapande næringsliv. I en verden med en meir ambisiøs klimapolitikk vil det bli større merksemd på utvikling av lågutsleppsteknologiar. Regjeringa vil føre ein offensiv politikk for å medverke til grøn omstilling av norsk økonomi og ruste næringslivet for ei lågutsleppsframtid.

Det er ikkje ei enkel løysing eller eitt verkemiddel som vil ta oss til eit konkurransedyktig lågutsleppssamfunn. Ein effektiv miks av politikk og verkemiddel skal bidra til å redusere utslepp av klimagassar. Regjeringa legg til grunn følgjande hovudprinsipp i sin politikk for å fremje grøn konkurransekraft:

- Myndighetene skal gi føreseielege rammevilkår og vere pådrivarar i arbeidet for overgangen til lågutsleppssamfunnet.
- Forureinar skal betale som ein del av ein heilskapleg politikk for å fremje grøn konkurransekraft.
- Planlegging og investeringar skal ta omsyn til målet om at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.
- Målretta satsing og vektlegging av klima- og miljø i offentleg finansiert forskning, innovasjon og teknologiutvikling der det er relevant.
- Syte for at offentleg sektor som kunde medverkar til å ta i bruk og utvikle nye miljø- og klimavennlege teknologiar, produkta og løysingar.
- Det skal leggjast til rette for at forbrukarar, næringsliv og investorar har naudsynt informasjon til å velje grønne løysingar og produkt.
- Grøn konkurransekraft skal byggjast på vel fungerande marknader.

Ekspertutvalet for grøn konkurransekraft vart bede om å innhente innspel frå sentrale samfunnsaktørar i ulike delar av landet. Mange av innspela kom i form av såkalla vegkart. Gjennom vegkarta har næringer samarbeidd om å kartlegge kva

omstilling til eit lågutsleppssamfunn vil kunne bety for deira bransjar. Regjeringa vil vidareføre den konstruktive dialogen med næringslivet og byggje på den dynamikken som vart skapt gjennom arbeidet med vegkarta. Regjeringa vil blant anna nytte eksisterande samarbeidsfora der myndighetene møter dei ulike næringane regelbunde. Som ei direkte oppfølging av vegkartet for prosessindustrien har regjeringa oppretta eit Prosess21 for å styrkje samhandling mellom næringslivet, forvaltninga og ulike forskingsmiljø. Dette er eit strategisk organ som skal gi innspel til korleis prosessindustrien både kan vekse og på sikt redusere klimagassutsleppa ned mot null. I tillegg vil regjeringa bruke klimarådet som ein fast møteplass for strategiske diskusjonar med næringslivet og oppfølging av dei ulike vegkarta.

Både klimaendringar og tiltak for å motverke slike endringar har innverknad på vilkåra for og risikoen ved økonomisk verksemd. Til dømes vil høgare gjennomsnittstemperaturar, endra nedbørsmønster og høgare havnivå kunne ha konsekvensar for vasstilførsel, landbruk og busetnad, og for produksjons- og forbruksmønster i vidare forstand. Meir ekstremvær vil gi endra skademønster og dermed utfordringar for forsikringsverksemd. Tiltak mot klimaendringar har òg konsekvensar. Teknologiutvikling, karbonprising og reguleringar kan endre globale marknadsføresetnader for karbonintensive varer og tenester. Lønsemda vil verte negativt påverka dersom langsiktige investeringar er låste inn i verksemdar som opplever brå pris- og verdifall, eller permanent reduksjon i etterspurnaden, som følge av endra klimapolitikk og rask teknologisk utvikling. Omstilling bort frå fossile energibærarar kan gi fall i verdien av reservar og realkapital, som òg kan skape forstyrningar for bankar og andre finansinstitusjonar.

For å betre kunnskapen om klimarelaterte risikofaktorar og deira betydning for norsk økonomi, vil regjeringa sette ned eit ekspertutval. Utvalet skal mellom anna vurdere korleis ein mest hensiktsmessig kan analysere og framstille klimarisiko på nasjonalt nivå, identifisere antatt viktige globale klimarelaterte risikofaktorar og vurdere deira betydning for norsk økonomi og finansiell stabilitet. Utvalet skal òg vurdere eventuell metodikk for at private og offentlege verksemdar, under dette finansinstitusjonar, skal få eit fagleg grunnlag for å kunne analysere og handtere klimarisiko på best mogleg måte.

8.7 Anna klima- og miljøarbeid i staten

Gode, enkle og effektive miljøleingsystem, for eksempel ISO 14001, EMAS (Eco Management and Audit Scheme) eller Miljøfyrtårn, sikrar at verksemda har oversikt over dei mest vesentlege miljøbelastningane og har målsetjingar og rutinar for kontinuerleg å redusere desse. For dei fleste statlege verksemdene vil tema som anskaffingar, energibruk i bygg, IKT, transport og avfallshandtering stå sentralt. Miljøstyringssystemet skal medverke til kontinuerleg forbetring av den totale klima- og miljøpåverknaden frå departementsfellesskapet. I tillegg til ei meir klima- og miljøvennleg departementsverksemd, medverkar arbeidet også til modernisering og effektivisering.

Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon (DSS) har leia innføringa av eit felles miljøstyringssystem i departementa i medhald av krava i EMAS. DSS har hovudansvaret for oppfølginga av styringssystemet, men departementa er sjølv ansvarlege for å følgje opp sine interne miljøstyringssystem. Miljøkrav blir rutinevist vurderte ved kvar anskaffing. Av felles-/rammeavtaler inngått av DSS på vegner av departementa er det i 67 pst. av tilfella stilt miljøkrav, og 67 pst. av leverandørane er miljøsertifiserte.

Fleire underliggjande etatar og andre statlege verksemdar har miljøleingsystem og arbeider systematisk med å redusere miljøbelastningar gjennom anskaffingar og dagleg drift.

9 Samfunnstryggleik og beredskap

Klima- og miljødepartementets arbeid med samfunnstryggleik og beredskap tek utgangspunkt i dei mål og prioriteringar som er gitt i Meld. St. 10 (2016 – 2017) *Risiko i et trygt samfunn* og Meld. St. 21 (2012–2013) *Terrorberedskap, og Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet*. Departementet har eit mål om at samfunnstryggleik og beredskap skal vere ein systematisk og heilskapleg prosess. Det er såleis viktig at kunnskap og erfaringar dannar grunnlaget for dei vala og prioriteringane vi tek, med omsyn til sikring av viktige verdiar og tryggleik i samfunnet. Følgjeleg dannar det òg grunnlaget for departementets beredskapsmessige tilstand, og evna til å handtere moglege uønskete hendingar. Evaluering av hendinga og øvingar er eit viktig moment i vidareutvikling og vedlikehald av departementets samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Oppfølging av funn og læringspunkt er avgjerande for at evalueringa skal bidra til eit betra kunnskapsgrunnlag i departementet.

9.1 Ansvarsområde

Klima- og miljødepartementet har ansvar for å bidra til å førebyggje at det skjer uønskete hendingar, og redusere konsekvensar av uønskete hendingar som skjer innanfor klima- og miljøsektoren. Arbeidet med risiko- og sårbarheitsanalysar, overordna risikobilde for sektoren, beredskapsplanverk og øvingar er derfor særskilt viktig med omsyn til måloppnåing. Kvar enkelt etat medverkar i dette arbeidet ved å gjennomføre eigne analysar over risiko og sårbarheit innanfor sitt område.

Akutt forureining- og atomberedskap

Det er eit nasjonalt mål at forureining ikkje skal skade helse og miljø, og at utslepp av farlege stoff skal stansast. Ansvar for å stille krav til kommunar og private verksemdar sin beredskap mot akutt forureining og kontrollere at krava blir overhaldne er lagt til miljømyndighetene. Miljødirektoratet stiller beredskapskrav og følgjer opp desse gjennom tilsyn. Miljødirektoratet har etablert ein

plan for kriseberedskap og spesifikke rutinar for handtering av etatens oppgåver knytte til større tilfelle av akutt forureining.

Ansvar for den statlege beredskapen mot akutt forureining er lagt til Samferdselsdepartementet. Det operative ansvaret er delegert til Kystverket. Den statlege beredskapen mot akutt forureining skal vere basert på kunnskap om miljørisiko. Ved ein statleg aksjon mot akutt forureining har miljøforvaltinga ei rådgivarrolle overfor Samferdselsdepartementet og Kystverket, og ansvar for å skaffe fram informasjon om miljøverdiar og miljøkonsekvensar.

Norsk Polarinstitutt stiller krav om beredskap for akutt forureining og tiltak for å ta vare på tryggleiken for liv og helse ved gjennomføring av aktivitetar i Antarktis, og forsikring for å dekkje aktivitetane.

Det nasjonale målet for forureining omfattar òg radioaktiv forureining. Helse- og omsorgsdepartementet har det overordna ansvaret for atomulykkeberedskapen, mens Statens strålevern er fag- og forvaltingsmyndigheit. Klima- og miljødepartementet har eit ansvar etter forureiningslova dersom eit uhell eller ei ulykke medfører radioaktive utslepp og avfall. Det er Statens strålevern som treffer tiltak for utslepps- og avfallshandtering, mens eventuelle klager blir behandla av departementet. Statens strålevern bidrar òg med utvikling av planverk for miljøforvaltinga på atomberedskapsområdet. Miljødirektoratet kan bistå med målingar og gi råd om konsekvensar nedfall kan ha på det ytre miljøet. Norsk Polarinstitutt kan bistå med avgjerdsgrunnlag som spreingsmodellering og kunnskap om Arktis, blant anna iskart.

Beredskapsmessige utfordringar knytte til klimaendringar

Det er eit nasjonalt mål at samfunnet skal førebust på og tilpassast klimaendringane. I tråd med ansvarsprinsippet har kvart enkelt departement ansvar for å ta vare på omsynet til klimaendringar innanfor eigen sektor. Klima- og miljødepartementet har eit spesielt ansvar for å leggje til rett regje-

ringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing. Miljødirektoratet støttar departementet i arbeidet med klimatilpassing. Miljødirektoratet har blant anna eit ansvar for at departementet har tilgang til det naturvitskaplege kunnskapsgrunnlaget gjennom nasjonal og internasjonal klimaforskning. Dette kunnskapsgrunnlaget skal brukast i gjennomføringa av departementet sitt arbeid med klimatilpassing.

Beredskap mot skadar på kulturminne og –miljø

Det er eit nasjonalt mål at tap av verneverdige kulturminne og –miljø skal minimerast. Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av kulturminne og –miljø i Noreg, men samarbeider tett med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap og kommunane om beredskap og sikring av kulturminne. Samarbeidet er viktig for blant anna branntryggleiken i verneverdig tett trehusbestand og stavkyrkjer. Det vil òg bli retta tiltak mot profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen. Auka førekomst av ekstremvêrhendingar som flaum, skred, storm og kraftige nedbørmengder må òg takast omsyn til i samband med forhindring av skadar framover. I dette arbeidet spelar Meteorologisk Institutt ei viktig rolle med omsyn til forskning om endringar i klima.

Overvassberedskap

Departementet har eit koordinerande ansvar for å sikre tilstrekkelege rammevilkår og verkemiddel for kommunane si handtering av overvatn. Miljødirektoratet er gitt ansvaret for å ha oversikt over regelverk og rammevilkår for kommunane. Norges vassdrags- og energidirektorat og Meteorologisk Institutt vil gjennom Senter for klimatenester ha ei viktig rolle i å utvikle og formidle kunnskap og informasjon om påverknadene av ekstrem nedbør på overvatn- og flaumsituasjonar i byar og tettstader.

Akutt overvatn i byar og tettstader vil først og fremst føre til tap av store materielle verdiar og auka forureining. Med venta auke i nedbørmengdene dei neste åra som følgje av klimaendringar, er det truleg at talet på alvorlege hendingar med overvatn vil auke. Eit utval har vurdert om det er påkravd med nye tiltak for å møte auka nedbørmengder i framtida. Utvalet overleverte sin NOU 1. desember 2015, og rapporten har vore på høyring. Departementet arbeider no med oppfølginga.

Beredskap mot utslepp av GMO

Genmodifiserte organismar er individ eller arter der DNA er endra i laboratorium. Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å behandle søknader om omsetjing og utsetjing av levande GMO i naturen. Miljødirektoratet har koordineringsansvar og ansvar for vurdering av miljørisiko. Mattilsynet har ansvaret for vurderingar knytte til helse- og miljørisiko.

Etter genteknologilovas føresegner skal verksemdene syte for naudsynte sikkerheitstiltak for å hindre helse- og miljømessige skadeverknader. Dersom utslepp skjer, skal verksemda straks setje i verk tiltak for å avgrense skadeverknadene. På grunn av rask teknologiutvikling kan det ventast at også privatpersonar på sikt kan genmodifisere og endre mikroorganismar på ein måte som gjer at samfunnet potensielt kan påførast ny helse- og miljørisiko. Kartlegging av omfanget av ein slik framtidig privat aktivitet er såleis eit viktig tiltak.

9.2 Kritiske samfunnsfunksjonar – Natur og miljø

Arbeidet med å sikre samfunnet mot alvorlege hendingar er eit ansvar som ligg til mange sektorar. I Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et tryggere samfunn* blir det gjort greie for kva funksjonar som til ei kvar tid må bli oppretthaldne for å sikre samfunnet, og kva departement som har ansvar for å koordinere og samordne funksjonane.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for den kritiske samfunnsfunksjonen «Natur og miljø». Bakgrunnen for denne samfunnsfunksjonen er behovet for vern av naturen mot påverknad frå menneskeleg aktivitet i form av akutt forureining (forureiningsberedskap) og vern av befolkninga mot naturfare (meteorologitenester og flaum- og skredvarsling).

Innanfor samfunnsfunksjonen er det definert tre kapabilitetar for å ivareta tryggleiken for befolkninga: Forureiningsberedskap, Meteorologitenester og Overvaking av flaum- og skredfare. I *Forureiningsberedskap* inngår privat, kommunal/interkommunal og statleg beredskap mot akutt forureining til lands og i norske farvatn og på norsk kontinentalsokkel som kan skade naturen.

I kapabiliteten *Meteorologitjenester* inngår Meteorologisk institutt sine tenester:

- Innsamling, behandling og tilgjengeleggjing av meteorologiske data
- Utarbeiding og distribusjon av varsel av betydning for liv og sikkerheit

- Utarbeiding av spesielle meteorologiske berekningar og tenester i samband med søk- og redningsoperasjonar, kritiske operasjonar og sikkerheitstrugande hendingar
- Utarbeiding og distribusjon av flymeteorologisk informasjon for sivil og militær luftfart.

I Noreg er Meteorologisk institutt gitt særskilte oppgåver knytte til meteorologiske tenester. I vedtektene til Meteorologisk institutt heiter det:

«Meteorologisk institutt står for den offentlige meteorologiske tjenesten for sivile og militære formål. Instituttet skal arbeide for at myndigheter, næringslivet, institusjoner og allmennheten blir best mulig i stand til å sikre liv og verdier, planlegge framover og verne miljøet.»

Kapabiliteten *Overvåking av flom- og skredfare* omfattar dei etablerte systema for overvåking og varsling av flaum i større og mindre vassdrag og av flaumskred og snø-, sørpe-, jord- og fjellskred. Noregs vassdrags- og energidirektorat har ansvaret for den nasjonale flaum- og skredvarslingstena og har òg ein døgkontinuerleg beredskaps-

telefon for flaum- og skredsituasjonar. Norges vassdrags- og energidirektorat utarbeider òg vassføringsprognosar for heile landet. Nedbørsvarsel frå Meteorologisk institutt er òg ein viktig del av grunnlaget for overvåking og varsling av flaum- og skredfare.

Det skal rapporterast på dei 14 samfunnskritiske områda i løpet av den neste fire-årsperioden.

9.3 Informasjonstryggleik

I nasjonal strategi for informasjonstryggleik og handlingsplan er det slått fast at fagdepartementa har eit overordna ansvar for å ivareta tryggleiken i sektoren sin IKT-infrastruktur. I arbeidet med å følge opp strategien har departementet gitt underliggjande etatar i oppdrag å få på plass eit styringssystem for informasjonstryggleik, (ISMS), som oppfyller krava i ISO 27001-standarden innan 2017. Departementet følgjer opp framdrifta i dette arbeidet. Frå 1.1.2018 skal alle etatar i miljøforvaltinga sertifiserast etter ISO 27001-standarden.

10 Fornye, forenkle og betre og likestilling og mangfald i miljøforvaltinga

10.1 Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft

Organisering

Klima- og miljødepartementet er overordna etatsstyrar for Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitut, Norsk Kulturminnefond og Svalbards miljøvernfond, Kings Bay AS og Bjørnøen AS. Regjeringa foreslår å overføre ansvaret for Meteorologisk institutt og Artsdatabanken frå Kunnskapsdepartementet til Klima- og miljødepartementet frå 1. januar 2018.

Det statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen, fylkeskommunane og sysselmannen på Svalbard. Etatar som NORAD, Sjøfartsdirektoratet, Statens strålevern og Folkehelseinstituttet har oppgåver innanfor miljøområdet som Klima- og miljødepartementet styrer.

Forenklingsarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft i departementet

Klima- og miljødepartementet arbeider kontinuerleg med å effektivisere eiga drift.

Regjeringa bestemte at det skulle gjennomførast ein områdegjennomgang av miljøforvaltinga i 2016. Områdegjennomgangen vart gjennomført med deltaking frå Klima- og miljødepartementet, Finansdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og eksterne, og vart ferdigstilt i midten av desember 2016. Områdegjennomgangen resulterte i 32 tilrådingar om korleis miljøforvaltinga kan bli betre og meir effektiv. Tilrådingane inkluderte også Klima- og miljødepartementets sektorovergripande rolle.

Fleire av tilrådingane omhandla dei administrative systema. Det vart identifisert fleire moglegheiter for å effektivisere dei administrative områda, og spesielt innanfor innkjøp.

Klima- og miljødepartementet følgjer opp dei relevante tilrådingane frå områdegjennomgangen i 2016. Det har blitt sett i gang eit større prosjekt

der departementets underliggjande etatar skal levere forslag til ein felles strategi for samordning av dei administrative funksjonane, med ein treårig gevinst-realiseringsplan f.o.m. 2018. Utgreiinga skal mellom anna vise korleis samordning kan medverke til å redusere innkjøpskostnadene i perioden 2018–2020.

Det er i tillegg sett i gang eit strategiarbeid for betre og meir effektive administrative tenester på tvers av departementa kor Klima- og miljødepartementet deltek aktivt i arbeidet.

Ein meir forståeleg og einskapleg forvaltingspraksis
Ein einskapleg og forståeleg forvaltingspraksis gir ei betre og meir effektiv forvalting. Klima- og miljødepartementet har arbeidd med å forenkle brukarane sitt møte med forvaltinga i denne stortingsperioden. Departementet har blant anna utarbeidd eit rundskriv som skal medverke til å klargjere miljøforvaltinga sin motseiingspraksis på miljøområdet i den kommunale arealplanlegginga. Føremålet er å medverke til ein meir heilskapleg forvaltingspraksis, og å gjere kommunal arealplanlegging meir føreseieleg.

Eit anna eksempel er utarbeiding av eigne rutinar i samband med nye EFTA-prosedyrar. På grunn av stort etterslep i innlemming av EU-rettsakter i EØS-avtala har Noreg i samarbeid med EFTA-sekretariatet utarbeidd nye EFTA-prosedyrar for innlemming som EFTA-landa vedtok i 2014. Dei nye prosedyrane inneber enklare behandling med kortare fristar for «enkle» rettsaker og meir realistiske fristar for meir kompliserte rettsaker. Departementet har utarbeidd eigne rutinar for å overhalde fristane i EFTA-prosedyrane. I tillegg utarbeidde departementet i 2015 eigne rutinar for miljøforvaltinga si gjennomføring av rettsaker, slik at desse kan gjennomførast i norsk regelverk snarast mogleg etter innlemming i EØS-avtala.

Eit arbeid for å effektivisere og forenkla, på tvers av departementa, er det pågåande samarbeidet mellom Kommunal- og moderniseringsdepar-

temenet, Klima- og miljødepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet om å forenkle utmarksforvaltninga. Målet er å etablere «En dør inn» for dei som ønskjer å gjennomføre ulike tiltak i utmarka. Miljøkommune.no er derfor styrkt ved at utmark er etablert som eit eige tema. Innanfor motorferdsel er den nasjonale reguleringa for bruk av vasskuter oppheva, slik at kommunane kan avgjere om dei vil ha reguleringar, og om dei vil fastsetje snøskuterløyper til fornøyleseskøyting. Det er vidare opna for forsøk med cat-skiing. Regelverk av betydning for friluftslivet er forenkla slik at det er gitt generelt høve til ikkje motorisert ferdsel i utmark.

IKT-strategi for miljøforvaltninga

Krava til IKT-løysingar og IKT-tryggleik blir stadig viktigare og meir omfattande. Ny IKT-strategi vart ferdigstilt i 2015. Strategien gjeld for perioden 2016–2020 og i tråd med regjeringas overordna fokus for forvaltninga, er det lagt vekt på samordning og effektivisering. I 2017 bestemte departementet at IKT-driftsmiljøa i miljøforvaltninga skal samlast til ei felles IKT-driftseining lagt til Miljødirektoratet. Dette arbeidet skal starte opp hausten 2017 og innan 1. januar 2019 skal IKT-driftseininga i Miljødirektoratet òg overta ansvaret IKT-drift i NP og RA. Arbeidet med å slå saman tre ulike IKT-driftsmiljø til ei felles driftseining er ein tidkrevjande og komplisert prosess som vil leggje beslag på betydelege ressursar for dei aktuelle IKT-miljøa i tida framover. Bakgrunnen for samordninga er å gjere underliggjande verksemdar mindre sårbare overfor uønskte IKT-hendingar og i tillegg redusere behovet for auka bemanning som følgje av stadig skjerpde krav til IKT-tryggleik. Samtidig er det viktig å understreke at endringsarbeid er eit utviklingsarbeid, og at gevinstar av tiltak ofte ligg noko fram i tid.

Forenklingarbeid, modernisering og betre gjennomføringskraft i etatane

Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har fått kutt i driftsbudsjettet dei siste åra og har sett i verk fleire tiltak for å tilpasse seg dette, blant anna gjennom ei gradvis nedbemanning fram mot 2018. Tilsetjingsstopp og vakansar som ikkje blir erstatta, i samband med permisjonar og sjukefråværing, har redusert lønnskostnadene betydeleg. I tillegg har effektiviseringstiltak og tett økonomioppfølging medverka til ytterlegare reduksjon i faste fortløpande kost-

nader. Det har òg blitt tilrettelagt for effektive møte på tvers i direktoratet, og arbeidet med koordineringsoppgåver som involverer fleire er blitt meir effektivt. Målet med tiltaka er i størst mogleg grad å oppretthalde leveransar og resultat med færre ressursar.

Dei siste åra har Miljødirektoratet i tillegg fått forvaltingsansvar for ein stadig større oppgåveportefølje. Nye budsjettpostar og auke på ei rekke eksisterande postar inneber auka arbeidsomfang. Samtidig har det vore ein liten auke i utgifter til drift og tal årsverk. Dette kan tyde på at Miljødirektoratet har ei effektiv forvaltning.

Miljødirektoratet innførte eit elektronisk deklarasjonssystem for farleg avfall i 2015, og etter ein innkøyringsfase har direktoratet i 2016 avslutta det gamle papirbaserte systemet.

Miljødirektoratet har vidare innført elektronisk søknadsprosess for eksport av avfall, og arbeider med å få på plass digitaliserte importsøknader. Prosessane skjer i nært samarbeid med EU og Noregs naboland. Dette gir store betringar for brukarane og lettar myndighetene si saksbehandling. Miljødirektoratet har arbeidd vidare med å forenkle og samordne nettstader, nettbaserte verktøy og tenester, og har omorganisert internt for å skape eit samla og sterkt nettfagleg miljø i etaten. Føremålet er å effektivisere og optimalisere nettstadene slik at informasjonen blir endå meir brukt, og at den blir opplevd som nyttig for brukarane.

Riksantikvaren

Kunnskapsløftet er Riksantikvarens viktigaste del-satsing for å effektivisere og modernisere kulturminneforvaltninga. Satsinga inkluderer å digitalisere og gjere tilgjengeleg data, blant anna gjennom å digitalisere eigne arkiv, og utvikle gode saksbehandlingssystem. Digitaliserte arkiv gir god tilgang på informasjon for fylkeskommunar og kommunar. Satsinga er i rute. 12 fylke var i 2016 ferdig med å digitalisere materialet. Frå sentralarkivet er alle fylke med arkivalia og foto ferdig. Teikningar og fotografi med opphavsrettsleg vern, vil bli publiserte for allmenta.

Dei interne moglegheitene for å søke informasjon er betra gjennom Samsøket som nyttar kulturminneportalen for å kunne søke på tvers av alle datakjeldene i Riksantikvaren.

Riksantikvaren arbeider kontinuerleg med å finne nye måtar å forenkle saksbehandlinga på. Direktoratet løysar stadig fleire saker gjennom samarbeidsmodell der vedtak blir fatta i møte. I 2016 vart det fatta 336 slike vedtak, ein auke på

nær 27 prosent frå året før. I 2016 har Riksantikvaren òg gjort grep for å styrkje og effektivisere dispensasjonsbehandling gjennom nye malar for dispensasjonsvedtak, og å utarbeide to nye rettleiarar for forenkla saksbehandling av kyrkjesaker.

Kulturminnefondet

I 2016 vart det gjennomført ei evaluering av verksemda i Kulturminnefondet. Evalueringa, som er gjennomført av By- og regionforskningsinstituttet (NIBR), viser ei god resultatutvikling, og at Kulturminnefondet stadig blir meir effektivt, profesjonelt og synleg. Funna i analysen tyder på at inn-satsen over tid gir ònska resultat og effektar.

I 2016 kjem 75 pst. av søknadene elektronisk (941 av 1242). Dette gir betydelege administrative innsparingar, og ein betydeleg effektiviseringsgevinst. Kulturminnefondet har no berre elektroniske system for dokumentbehandling (frå 2015).

Kulturminnefondet jobbar kontinuerleg med å betre verksemda sin internkontroll for å sikre at måla blir nådde innan følgjande område: målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering, etterleving av lover og reglar. I april 2016 vart det oppretta eit eige prosjekt med formål å betre og utvikle vidare Kulturminnefondets internkontroll. Systemet for internkontroll er basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar, og administrasjonen vil i 2017 jobbe vidare med å utvikle systemet.

Nettstader og portalar

Miljøforvaltinga har som mål å formidle påliteleg, aktuell og forståeleg miljøinformasjon. Hovudkanalen for informasjon om miljøets tilstand og

utvikling er miljøstatus.no. I tillegg driftar miljøforvaltinga ei rekkje nettstader for meir spesifikk informasjon og målgruppetilpassing. Døme på dette er askeladden.ra.no, miljøkommune.no og klimatilpassing.no.

Askeladden.no inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Miljøkommune.no er ein oversikt over kommunanes myndigheit og plikt, og hjelp til sakshandsaming innan miljøtema. Klimatilpassing.no har samla aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på ein stad.

Klima- og miljødepartementet og fleire underliggjande etatar er til stades og kommuniserer aktivt i sosiale medium. På Facebook og Twitter treffer ein både gamle og nye brukarar på nye måtar.

10.2 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltinga

Miljøforvaltinga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planvist for likestilling og mot diskriminering innanfor eiga verksemd. Tabellane 10.1, 10.2 og 10.3 viser kvinnedelen i verksemdene, totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av kvinner og menn si månadlege gjennomsnittsløn på ulike stillingsnivå, statistikk for menn og kvinner sitt sjukefråvær, delen av menn og kvinner på deltid og mellombels stilling og fordeling av uttak av foreldrepermisjon for 2016. Norsk kulturminnefond har svært få medarbeidarar og er derfor ikkje med i oversiktene.

Tabell 10.1 Oversikt over del kvinner i pst. i miljøforvaltinga

	Totalt	Topplei. ¹	Mellomlei.	Høgtlønte rådg. ²	Saksbeh.	Kontor
KLD	58,2	42,8	53,5	54,6	67,3	79,1
Miljødirektoratet	55,0	100	48,0	55,0	55,0	100
NP	40,0	50,0	36,0	36,0	64,0	57,0
RA	61,0	83,3	57,0	60,0	59,0	100

¹ Toppleiar omfattar øvste leiar og leiar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå), unntatt for Miljødirektoratet der toppleiar berre omfattar øvste leiar.

² Høgtlønte rådg. omfattar seniorrådgivarar, spesialrådgivarar og tilsvarende stillingar. Kategorien saksbehandlar og kontor gjeld høvesvis rådgivarar og førstekonsulentar/seniorkonsulentar i KLD.

Tabell 10.2 Prosentoversikt over kvinnene og mennene si gjennomsnittsløn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA	
	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	95,1	100	94,5	100	98,1	100	100	100
Topplei. ¹	94,5	100	100	0	94,4	100	100	0
Mellomlei.	99,1	100	100	92,0	100	100	95,0	100,0
Høgtlønte rådg.	100	99,2	94,0	100	100	98,0	99,0	100
Saksbeh.	96,0	100	94,0	100	100	98,2	100	95,0
Kontor	100	95,8	100	0	95,5	100	100	0

¹ Toppleiarar i KLD inkluderer berre dei som er på leiarlønskontraktar. For KLD er kategoriane høgtlønte rådgivarar, saksbehandlarar og kontor høvesvis spesialrådgivarar, rådgivarar og førstekonsulentar. Toppleinga i RA inkluderer berre avdelingsleiarar.

Tabell 10.3 Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn i miljøforvaltninga

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA	
	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid ¹	15,0	3,0	16,1	5,4	1,3	2,7	15,0	3,0
Mellombelse ²	13,0	5,0	1,8	4,5	15,1	20,2	13,0	5,0
Legem. fråv. 2016	3,3	2,2	5,2	3,5	2,2	3,4	3,3	2,2
Foreldreperm. ³	50,0	50,0	80,2	19,8	0	100	50,0	50,0

¹ Pst. del av kvinner/menn på deltid (av totalt tal kvinner eller menn)

² Pst. del av kvinner/menn i mellombels stilling (av totalt tal kvinner eller menn)

³ Pst. del av det totale foreldrepermisjonsuttaket som blir teke ut av kvinner/menn

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Klima- og miljødepartementet

Departementet har rekruttert nyutdanna som har medført ein auke i kategorien «Kontor». I dei andre stillingskategoriane er det små endringar. Lønsdelen til kvinner er framleis lågare, men blant høgare løna rådgivarar og saksbehandlarar har kvinnene auka sin lønsdel. På toppleiarnivå i departementet (departementsråd, ekspedisjons-sjefar og kommunikasjonssjef) er det tre kvinner og fire menn. Departementet har òg ansvar for tilsetjing av direktørane for underliggjande etatar, og blant desse er det ei kvinne og tre menn. Kjønnfordelinga blant medarbeidarane i departementet sine avdelingar, og innan dei enkelte fagområda, er stort sett jamn. Rekruttering og ny organisering er viktige verkemiddel for å få jamn fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i

organisasjonen, saman med tilbod om individuell kompetanse- og karriereutvikling. Ein gjennomgang av alle kunngjorde stillingar i 2016 viser at av den totale søkjarmassen var 49 pst. kvinner. Av medarbeidarane som vart tilsette i desse stillingane var 59 pst. kvinner. Eit hovudmål i løns- og personalpolitikken er å medverke til likestilling mellom kjønna. Eitt av måla i Klima- og miljødepartementets rekrutteringsstrategi er å auke delane av medarbeidarar med innvandrarbakgrunn og medarbeidarar med redusert funksjonsevne. For å oppnå dette skal personar i målgruppane oppmodast til å søkje på stillingar i departementet, og kvalifiserte søkjarar skal innkallast til intervju. Strategien inneheld òg tiltak for å finne fleire aktuelle kandidatar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, blant anna gjennom samarbeid med NAV og utlysning av stillingar på inkludi.no. Det skal òg satsast på haldningsskapande arbeid internt.

Miljødirektoratet

Kjønnsfordelinga på etatsnivå i Miljødirektoratet viser noko overvekt av kvinner – med 55 pst. kvinner og 45 pst. menn. I gruppa mellomleiarar (avdelingsdirektørar og seksjonsleiarar) er det likevel ein større del menn enn kvinner, med 48 pst. kvinner og 52 pst. menn. Samanlikna med tal for 2015 er det berre små skilnader i kjønnsfordelinga i dei ulike stillingsgruppene.

Totalt for verksemda er det noko lønsforskjell mellom kjønna. Kvinner har 5,5 prosentpoeng lågare løn enn menn. I 2015 var forskjellen på 5,2 prosentpoeng. På stillingsgruppenivå er reflektert tilsvarande skeivdeling på alle stillingsgrupper unnateke for mellomleiarar (avdelingsdirektørar og seksjonsleiarar), der menn har 8 prosentpoeng lågare løn enn kvinner. Direktoratet vil gjennom lokale forhandlingar framleis ha fokus på arbeidet med å utlikne lønsskilnader mellom kjønna.

Det er framleis fleire kvinner enn menn som arbeider redusert. I 2016 var det 16,1 pst. av kvinnene som arbeidde deltid, blant menn 5,4 pst. Tilsvarande tal for 2015 var 17,6 pst. for kvinner og 4,5 pst. for menn. Miljødirektoratet er IA-bedrift og inngjekk i 2014 ny IA-avtale med målsetjingar for å redusere sjukefråvær, fremje integrering og auke pensjonsalderen. Sjukefråværet er relativt lågt med eit totalt fråvær på 4,4 pst. Kvinner har eit noko høgare fråvær med 5,2 pst. mot menns fråvær på 3,5 pst. Ei systematisk oppfølging av sjukefråværet i medhald av retningslinjer frå NAV er eit viktig tiltak for å avgrense sjukefråvær og eventuell uførepensjonering. På det førebyggjande området er det etablert gode kartleggingsrutinar for fysisk og psykososialt arbeidsmiljø

Miljødirektoratet har utarbeidd egne metodar for kartlegging og oppfølging av fysisk arbeidsmiljø. Av tiltak av førebyggjande art vil vi spesielt nemne «Miljødirektoratet i bevegelse», som er eit tilbod om å vere fysisk aktive éin time per veke, og arbeidsplassvurderingar av bedriftshelsetenesta. Det er òg lagt vekt på førebyggjande tiltak for å leggje til rette for gravide. Det er implementert leiar- og medarbeidarkriterium som skal medverke i det førebyggjande arbeidet for å sikre eit godt arbeidsmiljø. Miljødirektoratet har i sitt personalreglement formuleringar som skal sikre at kvinner blir oppmoda til å søke ledige stillingar. Før lokale lønsforhandlingar blir gjennomført, blir det utarbeidd ei oversikt over den kjønnsmessige lønsutviklinga i Miljødirektoratet, dette i tråd med tilpassingsavtala i verksemda.

I Miljødirektoratets tilpassingsavtale er det teke inn formuleringar om bruk av kjønnsnøytrale

kriterium og praksis og forpliktingar om praktisering av permisjonsreglar og andre rettar slik at det ikkje skal føre til at kvinner får dårlegare vilkår enn menn.

Direktoratets lønspolitikk fastset at arbeidstakarar som kjem att etter foreldrepermisjon skal få tilbod om ein samtale om kompetanse, ansvar, løn og karriereutvikling.

Det blir arbeid for integrering av arbeidstakarar som har falle utanfor arbeidslivet gjennom å tilby praksisplassar, og vi har rutinar på å innkalle arbeidstakarar med redusert funksjonsevne til intervju føreset at dei er kvalifiserte.

Miljødirektoratet nyttar alltid tilrådde formuleringar frå KMD knytte til mangfald og integrering ved ekstern kunngjering av ledige stillingar.

Miljødirektoratet har forplikt seg gjennom si tilpassingsavtale til Hovudavtala til å bruke fordeling av arbeidsoppgåver som kvalifiserer til avansment, under dette teamleing, prosjektleiaroppgåver, å fungere i leiarstillingar mv. som aktive verkemiddel for å fremje likestilling. Vidare legg tilpassingsavtala opp til at det i offentleg oppnemnde styre, råd og utval skal sikrast at forslag til representantar skjer i medhald av likestillingslova § 21. I interne arbeidsgrupper og utval blir likestillingslovas intensjonar følgde så langt det er praktisk mogleg både frå dei tillitsvalte og leiinga si side. Miljødirektoratet har i si tilpassingsavtale forplikt seg til å sikre at likestillingsretta tiltak skal inngå i personalpolitikk, personalplanlegging og kompetanseutvikling.

Leiarar på alle nivå har ansvar for å medverke til kompetanseutvikling i Miljødirektoratet, og særleg skal næraste leiar engasjere seg i den enkelte tilsette si kompetanseutvikling. Medarbeidersamtaler er ein viktig arena for å diskutere utvikling og karriere for den enkelte medarbeideren, og skal gjennomførast minst ein gong i året. Her er det utvikla eit eige opplegg for medarbeidersamtaler som resulterer i ein eigen utviklingsplan.

I handlingsplan for IA har Miljødirektoratet som mål å vere ein inkluderande arbeidsplass også for medarbeidarar med permanent eller melombels redusert funksjonsevne. Miljødirektoratet legg derfor til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne med bistand frå bedriftshelseteneste gjennom arbeidsplasskartleggingar og rådgiving i det enkelte konkrete tilfelle.

Ei anna målsetjing er å gi personar med redusert funksjonsevne høve til å opparbeide seg arbeidspraksis, og eit tiltak er å inngå avtaler med NAV om mottak av inntil to praksisplassar til ei kvar tid, fordelt på byane.

Riksantikvaren (RA)

Som i 2015 var det på overordna nivå ingen differanse på gjennomsnittleg månadsløn for kvinner og menn hos Riksantikvaren i 2016. Innanfor kategoriane toppleing (avdelingsdirektørar) og konorstillingar (konsulentar) er det berre kvinner hos RA for rapporteringsåret 2016. På mellomleiar-nivå (seksjonssjefar) har den prosentvise fordelinga på løn ei lita endring, slik at kvinnelege mellomleiarar no tener 95 pst. av menn. Tilsvarende tal for 2015 var på 96 pst. Riksantikvarens mannlege mellomleiarar har lengre tilsetjingstid hos Riksantikvaren, og dei har i snitt høgare alder. Gjennomsnittleg tilsetjingstid for mannlege mellomleiarar er 15 år, mens det for kvinner er 12 år. Gjennomsnittsalder for mannlege mellomleiarar er 58 år, mens det for dei kvinnelege er 48 år.

For høgare løna rådgivarar (prosjekt-leiarar, fagdirektørar og seniorrådgivarar) var gjennomsnittleg månadsløn for kvinner 99 pst. av gjennomsnittleg månadsløn for menn i 2016. Tilsvarende tal for 2015 var 96 pst. Det er dermed ein reduksjon i differanse på gjennomsnittleg månadsløn for kvinner og menn samanlikna med 2015. For saksbehandlarar (rådgivarar og førstekonsulentar) er gjennomsnittleg månadsløn for menn på 95 pst. av gjennomsnittleg månadsløn for kvinner for 2016. Dette er ein auke i forskjell mellom menn og kvinner på tre prosentpoeng. Det er fleire årsaker til denne auken. Nokre av dei høgast løna mennene innanfor kategorien har slutta, og nokre har òg endra stillingskode. Samtidig har fleire av kvinnene innanfor same kategori gått opp i løn.

Tala for 2016 viser ei lita endring i kjønnsfordeling hos RA. 39 pst. av dei tilsette er menn og det er ein reduksjon på to prosentpoeng samanlikna med 2015. Det er òg ein reduksjon på eitt prosentpoeng på menn på mellomleiar-nivå som no er på 43 pst., mens det er ein auke på 3,5 prosentpoeng på menn på saksbehandlarnivå, til 41 pst. På leiar-nivå er det framleis fleire kvinner enn menn hos RA.

Det var ein person tilsett i redusert stillingsdel pr. 31.10.16 hos Riksantikvaren, og dette var ei midlertidig stilling. Det er ein reduksjon på 8 stillingar. I tillegg har RA 16 tilsette som er tilsette i full stilling, men som har ei midlertidig avtale om redusert arbeidstid.

Tilrettelegging ved graviditet, foreldre-fråvær og omsorgsoppgåver blir gjort fortløpande og ved behov. Det er fokusert på fleksible løysingar (som arbeid heime frå ved behov, fysioterapi, tilpassing av arbeidsoppgåver, m.m.). Behov blir vurdert i samarbeid mellom den tilsette, leiar og HR. Per

31.10.16 var det 6 tilsette hos RA som nytta høvet til mellombels reduserte stillingar grunna omsorg for små barn, 5 av desse var kvinner.

Tilrettelegging for tilsette med nedsett funksjonsevne blir gjort fortløpande og er ein del av oppfølginga av sjukefråvær hos RA. Mykje av tilretteleggingsarbeidet går ut på å tilpasse arbeidstid og arbeidsmengde, men RA nyttar òg tilskotsordninga til NAV Arbeidslivssenter.

RA har ein høg gjennomsnittleg avgangsalder (68 år i 2016 og 67 år i 2015). Riksantikvarens seniorar får tilbod om årleg kurs og seminar med Statens Pensjonskasse med informasjon om pensjonsordninga og individuell rådgiving og eventuelt utrekning. Alle leiarar deltek òg på seminarar slik at dei har med seg nyttig kompetanse inn i seniorsamtaler. Alle seniorar får tilbod om seniorsamtaler i samband med medarbeidersamtalene. Tidleg planlegging av kompetanseoverføring blir òg teke vare på i medarbeidar/seniorsamtaler og blir kombinerte med tilrettelegging av arbeidsoppgåver ved behov. HR har rutine på å gjennomgå søkjarlistar med sikte på å vurdere kandidatar med ikkje vestleg bakgrunn til eventuelt intervju spesielt. Søkjaren kan også sjølv varsle dette via vårt rekrutteringsverktøy, Webcruiter.

Norsk Polarinstitutt (NP)

Tala for 2016 er baserte på grunnløna og ikkje på grunnløna med tillegg, f. eks. felttillegg, overtid osv. Utarbeidd lønsstatistikk for 2016 viser ei endring i forhold til 2015, då menn hadde gjennomsnittleg høgare løn enn kvinner. Dette var noko NP var bevisst på i lønsoppgjeret 2016, og har medført større grad av likeløn. Både ved tilsetjingar og ved lønsoppgjere vil vi framleis vere merksame på problemstillinga, slik at det ikkje oppstår skilnader som ikkje kan forklarast. NP har som overordna mål å vere ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet er ein integrert del av verksemda på alle nivå. Målet er at alle tilsette sine erfaringar og kunnskap blir nyttiggjort, med det mål å skape ein mest mogleg effektiv arbeidsplass.

NP har hatt Handlingsplan for likestilling og mangfald med verknadstidspunkt 2014 – 2017. I september 2017 startar personalavdelinga, i samarbeid med likestillingskontakt ved NP, arbeidet med ny handlingsplan. Likestillingskontakten arbeider generelt for likestilling på alle plan i NP.

NP utarbeidde i 2010 plan for universell utforming for våre lokale. Intensjon med planen er at NP skal vere ein arbeidsplass som fremjar like moglegheiter og rettar til samfunnsdeltaking for

alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. I samband med bygging av Fram 2 er vi merksame på problemstillinga og arbeider for å skape eit godt og inkluderande fysisk arbeidsmiljø i nybygget.

NP fører ein livsfasetilpassa personalpolitikk som gjer mogleg eit livslangt arbeidsliv for alle tilsette og som sikrar ein god balanse mellom familie, fritid og arbeid. Møtetidspunkt skal fastsetjast slik at det gjer mogleg levering og henting av barn i skule og barnehage. Ved personaltilstellingar skal ein ta omsyn til omsorgsansvar. Gravide får på førespurnad tilpassa arbeidsplass, til dømes tilpassa stol osv. NP har bedriftshelseteneste med fysioterapeut som hjelper ved behov for arbeidsplassstilpassing.

NP har utarbeidd ein egen seniorpolitikk. Målet er å rekruttere, utvikle og halde på gode seniorarbeidarar så lenge som mogleg. NP tilbyr blant anna seniorstipend med fri med løn i inntil 3 månader med full løn eller 6 månader med halv for kompetansehevingstiltak. Vidare er det mogleg å få dekt inntil 2000 kroner i treningsutgifter pr. år for tilsette i målgruppa. NP har òg laga eigen mal for medarbeidersamtaler for seniorar, kalla milepælsamtaler. Desse samtalene skal ha spesielt fokus på ønsket om å få seniorar til å stå lenger i arbeid. Seniorlunsj blir arrangert årleg med utvalte tema. I 2016 har fokus vore på fysisk aktivitet og bedriftshelsetenesta har hatt møte med målgruppa med fokus på betydinga av fysisk aktivitet.

NP skal vere ein likestilt arbeidsplass der kvinner og menn har dei same moglegheitene til medverknad, påverknad og avansement i alle delar av organisasjonen. Likestilling skal vere integrert i det daglege arbeidet. Eventuelle lønsskilnader på grunn av kjønn skal kartleggjast på alle nivå og søkast utjamna ved dei lokale lønsforhandlingane. Ny lønspolitisk plan er utarbeidd i 2012 (blir revidert juni 2017) og likestillingselementet er vektlagt i utforminga av planane.

10.3 Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda

Offentlege verksemdar er i likestillingslova § 1a pålagt å arbeide for likestilling mellom kjønna på alle samfunnsområde. Dette inneber blant anna å vurdere kjønns- og likestillingsperspektivet på departementets fagbudsjettområde der det er relevant og føremålstenleg.

Naturmangfald og friluftsliv

Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmene til dei fleste råd og utval på naturforvaltingsområdet. For å få vel fungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessentar for det arbeidet rådet/utvalet skal gjennomføre, men kommunar og organisasjonar blir bedne om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Det blir lagt inn krav i tildelingsbrevet til Miljødirektoratet og til Fylkesmannen om å sikre at likestillingslova blir følgt ved oppnemning til og ny oppnemning av statlege råd og utval som direktoratet eller Fylkesmannen har ansvar for.

I følgje SSBs levekårsundersøking frå 2014 betyr kjønn lite for nordmenn si interesse for natur, miljø og friluftsliv. Dette avspeglar seg i arbeidet for å bevare norsk natur for kommande generasjonar og leggje til rette for natur- og friluftslivsopplevingar. Både menn og kvinner har i store trekk dei same høva til friluftsliv, og likestillingsperspektivet er her godt ivareteke. Ein ser òg at det er god fordeling mellom kvinner og menn som arbeider med desse spørsmåla i offentleg forvaltning.

Å delta i jakt og fiske har tradisjonelt vore eit område med stor dominans av menn. Menn dominerer framleis, men delen av kvinner som deltek i slike aktivitetar aukar. I løpet av dei siste åra har talet på kvinnelege medlemmer i Noregs jeger- og fiskarforbund auka, og det er etablert eigne kvinnettverk der jakt og fiske er tema.

Dei fleste budsjettpostane som Miljødirektoratet disponerer innanfor sitt verkeområde er ikkje kjønnsrelevante. Nokre av postane kan likevel nyttast til å fremje likestilling mellom kjønna. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av desse.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål og post 71 Tilskot til viltformål

Grunnlaget for desse to postane er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan ytast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i jakt og fiske. Midlar frå dei to postane er blant anna nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Kap. 1420 post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde og post 78 Friluftslivsformål

Desse postane har òg indirekte familiefokus ved at midlane dei siste åra har vore retta mot å leggje ut friluftsområde og støtte friluftstiltak i by- og tettstadsnære område, det vil ofte seie i nærleiken av bustader, skular og barnehagar. Ei viktig brukargruppe av desse områda vil vere kvinner og barn. Mange friluftsråd driv aktiv rekruttering av nye befolkningsgrupper gjennom å arrangere turar, kurs o.l. Barn, unge og barnefamiliar er prioritert i tilskotsordningane til friluftslivsaktivitet.

Internasjonalt klimaarbeid

Noreg arbeider aktivt for å sikre at vedtak under Klimakonvensjonen fremjar likestilling og ikkje-diskriminering. Noreg fremjar i forhandlingane aktivt posisjonar som skal styrkje kvinners og urfolk si involvering og deltaking i klimaarbeidet, særleg knytt til klimatilpassing og skog.

I oppbygging av den internasjonale institusjonelle arkitekturen for klimaarbeid, arbeider Noreg for balansert representasjon av kvinner og menn.

Noregs store satsing på å redusere utslepp frå tropisk skog, Klima- og skoginitiativet, arbeider òg målretta med å auke likestillingsfokuset. Særleg viktig i Klima- og skoginitiativet er det å ha ei forståing av korleis likestilling kan inkorporerast i nasjonale utviklingsplanar, for slik å få ein effekt under implementering av tiltak. I samarbeid med partnerland, slik som Indonesia, er likestilling søkt inkludert både i avtaleverk og i utvikling og implementering av tiltak. Departementet har drive kompetanseheving og utviklingsarbeid

innan likestilling og REDD+, blant anna i samarbeid med Norad og partnerorganisasjonar som FN.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltinga si og fokuserer på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkninga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeidd for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed blant anna kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2017–2018) om statsbudsjettet for år 2018 blir dei forslag til vedtak ført opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Klima- og miljødepartementet blir i Prop. 1 S (2017–2018) statsbudsjettet for budsjettåret 2018 dei forslag til vedtak som følger ført opp:

Kapitla 1400–1482, 4400–4471 og 5578

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	Fellesoppgåver, forskning, og internasjonalt arbeid m.m.			
1400	Klima- og miljødepartementet			
	01	Driftsutgifter	286 283 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	84 608 000	
	50	Heilskapleg profilering, grønne løysingar	10 000 000	
	62	Den naturlege skulesekken	2 409 000	
	70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	57 402 000	
	71	Internasjonale organisasjonar	85 133 000	
	74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 345 000	
	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	109 480 000	639 660 000
1410	Miljøforskning og miljøovervaking			
	21	Miljøovervaking og miljødata	263 952 000	
	50	Basisløyvingar til miljøforskingssinstitutta	187 193 000	
	51	Forskingsprogram m.m.	276 503 000	
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	6 750 000	
	70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskingssinstitutta	52 441 000	
	72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	5 000 000	791 839 000
1411	Artsdatabanken			
	01	Driftsutgifter	31 670 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>	6 275 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	50	Arter og naturtyper, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 21 og 70</i>	16 942 000	
	70	Tilskot til arter og naturtyper, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 21 og 50</i>	11 441 000	66 328 000
1412		Meteorologiformål		
	50	Meteorologisk institutt	302 982 000	
	70	Internasjonale samarbeidsprosjekt	166 297 000	469 279 000
		Sum Fellesoppgåver, forskning, og internasjonalt arbeid m.m.		1 967 106 000
		Klima, naturmangfald og forureining		
1420		Miljødirektoratet		
	01	Driftsutgifter	666 264 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	243 020 000	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	245 964 000	
	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd, <i>kan overføres</i>	137 162 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overføres</i>	32 460 000	
	31	Tiltak i verneområde, <i>kan overføres</i>	74 419 000	
	32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overføres</i>	3 006 000	
	33	Statlege tileigningar, nytt vern, <i>kan overføres</i>	5 062 000	
	35	Statlege tileigningar, skogvern, <i>kan overføres</i>	392 612 000	
	37	Skogplanting, <i>kan overføres</i>	10 375 000	
	38	Restaurering av myr og anna våtmark, <i>kan overføres</i>	20 625 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	12 483 000	
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing, <i>kan overføres</i>	106 920 000	
	63	Returordning for kasserte fritidsbåtar	20 000 000	
	64	Skrantesjukeprøver frå fallvilt	1 700 000	
	65	Tiltak i kommunar med ulverevir i Hedmark, Akershus og Østfold	20 000 000	
	69	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	96 962 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	34 755 000	
	71	Marin forsøpling, <i>kan overførast</i>	20 290 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	140 892 000	
	73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	70 051 000	
	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	496 041 000	
	75	Utbetaling av vrakpant, <i>overslagsløyving</i>	701 518 000	
	76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	119 462 000	
	77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	14 416 000	
	78	Friluftsmål, <i>kan overførast</i>	179 821 000	
	79	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	450 000	
	81	Naturarv og kulturlandskap, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	51 261 000	
	82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overførast</i>	40 455 000	
	84	Internasjonalt samarbeid	4 964 000	
	85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overførast</i>	62 114 000	4 025 524 000
1422		Miljøvennleg skipsfart		
	21	Spesielle driftsutgifter	5 438 000	5 438 000
1423		Radioaktiv forureining i det ytre miljø		
	01	Driftsutgifter	16 735 000	16 735 000
1424		MAREANO		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	39 429 000	39 429 000
1425		Vilt- og fisketiltak		
	01	Driftsutgifter	15 132 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	30 131 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	14 446 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	35 600 000	95 309 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		4 182 435 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Kulturminne og kulturmiljø			
1429	Riksantikvaren		
	01 Driftsutgifter	145 383 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	36 829 000	
	22 Bevaringsoppgåver, <i>kan overføres</i>	24 182 000	
	50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 523 000	
	60 Kulturminnearbeid i kommunane	8 716 000	
	70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overføres</i>	33 164 000	
	71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overføres</i>	142 015 000	
	72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overføres</i>	51 545 000	
	73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overføres</i>	45 952 000	
	74 Tilskot til fartøyvern, <i>kan overføres</i>	61 883 000	
	75 Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overføres</i>	15 757 000	
	77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overføres</i>	8 000 000	
	79 Tilskot til verdsarven, <i>kan overføres</i>	57 036 000	633 985 000
1432	Norsk kulturminnefond		
	50 Til disposisjon for kulturminnetiltak	92 378 000	92 378 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø		726 363 000
Nord- og polarområda			
1471	Norsk Polarinstitut		
	01 Driftsutgifter	228 529 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	72 067 000	
	50 Stipend	498 000	301 094 000
1472	Svalbard miljøvernfond		
	50 Overføringar til Svalbard miljøvernfond	17 658 000	17 658 000
1473	Kings Bay AS		
	70 Tilskot	21 642 000	21 642 000
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>	23 793 000	
	70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	28 000 000	51 793 000
		Sum Nord- og polarområda		392 187 000
Internasjonalt klimaarbeid				
1481		Klimakvotar		
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	4 441 000	
	22	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>	180 000 000	
	23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>	310 000	184 751 000
1482		Internasjonale klima- og utviklings-tiltak		
	01	Driftsutgifter	98 457 000	
	73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>	2 901 543 000	3 000 000 000
		Sum Internasjonalt klimaarbeid		3 184 751 000
		Sum departementets utgifter		10 452 842 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.				
4400		Klima- og miljødepartementet		
	02	Ymse inntekter	429 000	
	03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	1 766 000	2 195 000
		Sum Fellesoppgåver, regional planlegging, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		2 195 000
Klima, naturmangfald og forureining				
4420		Miljødirektoratet		
	01	Oppdrag og andre ymse inntekter	4 280 000	
	04	Gebyr, forureiningsområdet	38 200 000	
	06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingar	29 524 000	
	07	Gebyr, kvotesystemet	8 100 000	
	08	Gebyr, naturforvaltningsområde	4 912 000	
	09	Internasjonale oppdrag	50 550 000	135 566 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Sum Klima, naturmangfold og forureining		135 566 000
	Kulturminne og kulturmiljø		
4429	Riksantikvaren		
	02 Refusjonar og ymse inntekter	4 506 000	
	09 Internasjonale oppdrag	1 277 000	5 783 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø		5 783 000
	Nord- og polarområda		
4471	Norsk Polarinstitut		
	01 Sals- og utleigeinntekter	11 031 000	
	03 Inntekter frå ymse tenesteyting	60 794 000	
	21 Inntekter, Antarktis	13 580 000	85 405 000
	Sum Nord- og polarområda		85 405 000
	Skattar og avgifter		
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet		
	70 Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	17 670 000	
	71 Jeger- og fellingsavgifter	91 000 000	
	72 Fiskaravgifter	16 500 000	125 170 000
	Sum Skattar og avgifter		125 170 000
	Sum departementets inntekter		354 119 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
Kap. 1420 post 01	Kap. 4420 post 01
kap. 1420 post 23	kap. 4420 postene 04, 06, 08 og 09
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postene 02 og 09
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postene 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal også dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og påverkar derfor også kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Fullmakt til overskridingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 kan:

1. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 01 Driftsutgifter, til dekning av honorar, transaksjonskostnader og utgifter til fagleg bistand i samband med sal av klimakvotar.
2. overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning, med eit beløp som svarer til inntekter frå sal av klimakvotar som er rekneskapsført på kap. 4481 Sal av klimakvotar, post 01 Salsinntekter.

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover løyvingar som er gitt

IV

Kjøp av klimakvotar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 kan inngå avtaler om kjøp av klimakvotar innanfor ei samla ramme på 1 900 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar under kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning.

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Klima- og miljødepartementet i 2018 kan gjere bestillingar av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	31	Tiltak i verneområde	3 mill. kroner
	38	Restaurering av myr og anna våtmark	9,5 mill. kroner

VI

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 kan gi tilsegn om tilskot utover løyvingar som er gitt, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde	55 mill. kroner
	33	Statlege tileigningar, nytt vern	4,4 mill. kroner
	34	Statlege tileigningar, nasjonalparker	1 mill. kroner
	35	Statlege tileigningar, skogvern	116,4 mill. kroner

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
	61	Tilskot til klimatiltak og klimatilpassing	156 mill. kroner
	71	Marin forsøpling	15 mill. kroner
	73	Rovvilttiltak	10 mill. kroner
	78	Friluftformål	3 mill. kroner
	85	Naturinformasjonssenter	2 mill. kroner
1429		Riksantikvaren	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne	61 mill. kroner
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	40 mill. kroner
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10 mill. kroner
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	10 mill. kroner
	74	Tilskot til fartøyvern	15 mill. kroner
	79	Tilskot til verdsarven	15 mill. kroner
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	73	Klima- og skogsatsinga	2014 mill. kroner

VII

Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 kan pådra forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet, postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 30,7 mill. kroner.

Andre fullmakter

VIII

Utbetaling av tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 får unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalingar av gitte løyvingar på følgjande måte:

1. Utbetalingar av tilskot til utviklingsformål kan gjerast éin gang i året for FNs klima- og skogprogram, Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility, Forest Investment Program og Bio-Carbon Fund plus.
2. Utbetalingar av kjernebidrag til Global Green Growth Institute kan gjerast i medhald av organisasjonens regelverk.
3. Utbetalingar av tilskot til fond forvalta av FNs Multi Partner Trust Fund og Inter-American Development Bank (IDB) kan skje i medhald av regelverket for det enkelte fondet.

IX

Utbetaling til Verdsbankens karbonfond

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2018 får unntak frå føresetnadene i Stortingets vedtak frå 8. november 1984 om utbetalingar av gitte løyvingar gjennom at tilskot til Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility Carbon Fund kan utbetalast med det føremål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar.

X

Utbetaling av tilskot til offentleg-privat samarbeid

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet får unntak frå føresetnadene i Stortingsvedtak av 8. november 1984 om at utbetaling av gitte løyvingar berre skal skje ved behov, slik at det kan utbetalast tilskot til risikoreduksjon for investeringar i avskogingsfri og berekraftig råvareproduksjon i tråd med kriteria for kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak, post 73 Klima- og skogsatsinga.

XI

Utbetaling av renter på tilskot

Stortinget samtykkjer i at opptente renter på tilskot som er utbetalte frå Noreg under Klima- og skogsatsinga på kap. 1482, post 73 kan nyttast til tiltak etter avtale mellom Klima- og miljødepartementet og den enkelte mottakaren.

Vedlegg 1

Anadrom laksefisk – bestandar, forvaltning, kunnskapsformidling – vedtak nr. 405, 18. desember 2015

1.1 Innleiing og samandrag

Ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen om løyvingar på statsbudsjettet Prop. 1 S (2015–2016) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) fatta Stortinget den 18. desember 2015 følgjande vedtak nr. 405, innstillingas tilråding C romartal II:

Stortinget ber regjeringen legge fram en sak for Stortinget som belyser status for bestanden av anadrome laksefisker, og hvordan forvaltningen og formidling av kunnskap kan styrkes for å sikre en bærekraftig utvikling.

Omtalen her er ei oppfølging av og eit svar på oppmodingsvedtaket, og med dette meiner regjeringa at oppmodingsvedtaket er utkvittert.

I første del av denne omtalen av anadrom laksefisk blir det gjort greie for status for bestandar, forvaltning og kunnskapsformidling. Andre del av omtalen omhandlar vidareutvikling av forvaltninga og kunnskapsformidlinga. Gjennomgangen av andre del omfattar berre tiltak innanfor miljøforvaltninga sitt ansvarsområde. Eventuelle nye tiltak innanfor andre sektorar vil bli vurderte som ledd i ei kommande oppfølging av to punkt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Det eine oppfølgingspunktet gjeld arbeidet knytt til kvalitetsnormen for villaks. Det andre oppfølgingspunktet gjeld evalueringa av ordninga med nasjonale laksevasdrag og laksefjordar. I det følgjande er gitt eit samandrag av omtalen.

Laks, sjøaure og sjørøye er dei tre artene anadrome laksefisk som er naturleg utbreidde i Noreg.

Innsiget av laks til kysten av Noreg har blitt meir enn halvert i perioden 1983–2015. Det er regionale skilnader i korleis innsiget av laks har utvikla seg. I Sør-Noreg til og med Rogaland har det vore ei positiv utvikling. I Vest-Noreg og Midt-Noreg til Vesterålen har utviklinga vore negativ.

Innsiget i Nord-Noreg, unnateke Tana-vassdraget, har vore stabilt. Vitskapleg råd for lakseforvaltning har klassifisert 148 av dei 465 laksebestandane i Noreg etter Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks. Klassifiseringa viste at 80 prosent av dei klassifiserte bestandane ikkje nådde kvalitetsnorma sitt mål om minst god kvalitet.

Laksebestandane representerer betydelege verdiar som inntektsgrunnlag for rettshavarar og som grunnlag for turisme i ei rekkje lokalsamfunn. I område med samisk busetnad har laksen spela ei sentral rolle både materielt og kulturelt, og laksebestandane i Tana har særleg stor betydning for samisk kultur. Bestandane av sjøaure og sjørøye er av stor rekreasjonsverdi for lokalsamfunn.

Vitskapleg råd for lakseforvaltning har vurdert rømt oppdrettslaks som den største trusselen mot laksebestandane. Også lakselus er vurdert som ein ikkje-stabilisert trussel. Vasskraftregulering og andre inngrep i vassdrag, sur nedbør og den innførte parasitten *Gyrodactylus salaris* er vurderte som stabiliserte truslar. Bestandstilstanden for sjøaure er påverka av lakselus, inngrep i vassdrag og jordbrukstilsig. Bestandstilstanden for sjørøye er særleg påverka av lakselus.

I norsk villaksforvaltning er målet å bevare og gjenoppbygge laksebestandar av ein storleik og ei samansetjing som sikrar mangfald innan arta og utnyttar produksjonsmoglegheitene. Kvalitetsnorma for villaks er eit viktig verktøy for å nå målet i villaksforvaltninga.

Ordninga med nasjonale laksevasdrag og laksefjordar skal gi dei viktigaste laksebestandane eit spesielt vern. Ordninga blir evaluert i løpet av 2017. I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* heiter det at dersom det viser seg at ordninga ikkje har gitt tilstrekkeleg vern av villaksen, vil regjeringa vurdere behovet for å styrkje vernet.

Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å redusere påverknaden frå lakselus og rømt fisk frå

fiskeoppdrett. Kampen mot *Gyrodactylus salaris* held fram i tråd med faglege tilrådingar.

Ny kunnskap og erfaring har gitt grunnlag for å opprette på nytt naturleg fiskeproduksjon og fiskevandring i fleire regulerte vassdrag. Dette gjer at vi i dag har betre høve til å setje inn målretta tiltak som fjernar eller reduserer negative effektar av reguleringsinngrepa.

Det vart gjennomført ein hovudrevisjon av reguleringa av fisket etter anadrom laksefisk i sjø og elv i 2016. Ei ny avtale mellom Noreg og Finland om fisket i Tana-vassdraget vart inngått 30. mars 2017.

Kalkinga av forsura vassdrag held fram. Fiskeutsetjingar er sett på som eit eigna tiltak i spesielle tilfelle. Ved inngangen til 2017 er det i «levande» genbank 21 bestandar av laks, 12 bestandar av sjøaure og to bestandar av sjørøye. I «frosen» genbank er det säd frå 26 sjøaurebestandar, to sjørøyebestandar og meir enn 200 laksebestandar.

Tilgjengeleggjering av kunnskap om natur vart omtalt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Miljødirektoratet har som oppgäve å formidle kunnskap om anadrom laksefisk og har bygd opp «Villaksportalen» på sine nettsider. Vidare blir det gitt tilskot til formidling i regi av fleire organisasjonar.

I det vidare arbeidet med forvaltninga av vill anadrom laksefisk vil Klima- og miljødepartementet føre vidare tiltak som allereie er sette i verk innanfor departementets ansvarsområde. Dette inneber å gjennomføre tiltaksplan for utrydding av lakseparasitten *G. salaris*, gjennomføre bevarings- og reetableringstiltak i vassdrag infiserte av *G. salaris* ved bruk av «levande» genbank og framleis nytte «frosen» genbank som eit verkemiddel for å sikre det genetiske mangfaldet i lakse- og sjøaurebestandane, gjennomføre tiltaksplan for kalking av vassdrag, følgje opp Kvalitetsnorm for villaks og utarbeide tiltaksplan for vill anadrom laksefisk. I tillegg vil evalueringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar bli følgt opp, slik som omtalt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*.

For å betre måloppnåinga i forvaltninga av vill anadrom laksefisk, vil departementet òg prioritere å arbeide vidare med følgjande tiltak:

- Avklare viktige vegval for regulering av laksefisket i framtida
- Følgje opp avtala med Finland om fisket i Tanavassdraget
- Styrkje innsatsen mot ulovleg fiske, spesielt i sjøen
- Medverke til å avklare eigarforhold og vedlikehaldsansvar for viktige fisketrapper

- Følgje opp forureinande utslepp gjennom vassforvaltningsplanane, gjennom oppfølging av anna regelverk eller gjennom andre prosessar
- Setje inn fleire tiltak mot framande fiskearter

For å utvikle kunnskapsformidlinga vidare, vil departementet styrkje eksisterande formidlingskanalar og vurdere eit kompetanseløft for lokal forvaltning.

1.2 Status for bestandar, forvaltning og kunnskapsformidling

1.2.1 Dei anadrome laksefiskane si utbreiing og bestandstilstand

Med «anadrom laksefisk» er meint laksefisk som vandrar mellom sjø og ferskvatn og som er avhengig av ferskvatn for å reprodusere seg, og rogn og ungar av slik fisk. Laks, sjøaure og sjørøye er dei tre artene anadrom laksefisk som er naturleg utbreidd i Noreg.


Den atlantiske laksen består av eit stort tal genetisk forskjellige bestandar frå vassdrag med utløp til det nordlege Atlanterhavet. Ein stor del av bestandane høyrer heime i norske vassdrag. I Noreg er laksen utbreidd langs heile kysten frå svenskegrensa i sør til grensa mot Russland i nord. I Miljødirektoratets lakseregister er det registrert 465 sjølvreproduserande bestandar av laks i Noreg.

Villaksen er følsam for miljøendringar. Endringar i blant anna vassstemperatur, vassføring og vasskvalitet har derfor stor innverknad på bestandane. Som følgje av dette er livskraftige laksebestandar ein indikator på god miljøtilstand. Samtidig gjer dette laksen sårbar for klimaendringane og gjer den meir utsett for anna menneskeskapt negativ påverknad.

Sjøaure er same art som vanleg, norsk brun-aure. Hovudforskjellen er at sjøauren har eit anadromt levesett med opphald i sjøen. I Miljødirektoratets lakseregister er det oppført 1127 sjøaurebestandar, men vi kjenner til at det finst mange fleire førekomstar av sjøaure, særleg i små vassdrag.

I Noreg lever sjøaure naturleg i alt frå små bekkar til store elver langs heile kysten. I dei fleste vassdraga lever sjøaure side om side med laks, og i nord ofte saman med sjørøye.

Sjørøya har ei sirkumpolar utbreiing. I Noreg har vi bestandar i dei tre nordlegaste fylka og på Svalbard. I Miljødirektoratets lakseregister er det registrert 114 bestandar av denne arta.



Figur 1.1 Utrekna innsig av laks til kysten av Noreg i perioden 1983–2015. Punkta angir medianverdiene, mens dei loddrette strekane angir spennet mellom minste og største verdi frå simuleringane. Den raude linja er ei trendlinje.

Kjelde: Vitskapleg råd for lakseforvaltning, rapport nr. 9 (2016).

Bestandstilstand

Laks


Lakseinnsiget i Noreg har blitt meir enn halvert i perioden 1983–2015 (figur 1.1). Det totale innsiget av villaks frå havet til Noreg var med 522 000 laks i 2015 på same nivå som gjennomsnittet for åra etter 1990. Ifølgje Vitskapleg råd for lakseforvaltning (VRL) er nedgangen tydeleg for smålaks, mens talet mellom- og storlaks ikkje har hatt same negative utvikling.

Det er ifølgje VRL regionale skilnader i korleis innsiget av laks har utvikla seg dei siste tiåra. I Sør-Noreg (strekninga Østfold til og med Rogaland) har det vore ei positiv utvikling i talet laks som har komme inn til kysten. I Vest-Noreg (frå og med Hordaland til Stad i Sogn og Fjordane) og i Midt-Noreg (frå Stad til Vesterålen) har det vore ei negativ utvikling, mens innsiget i Nord-Noreg har vore stabilt i perioden 1989–2015. Utviklinga i Tana-vassdraget frå 1989 skil seg markant frå utviklinga i resten av region Nord-Noreg med ein

nedgang i innsiget på 59 pst. frå dei fire første til dei fire siste åra i tidsserien.

Vitskapleg råd for lakseforvaltning klassifiserte 148 av dei 465 norske laksebestandane etter kvalitetsnorma i 2017 (figur 1.2).

Av 148 laksebestandar hadde 29 bestandar (20 pst.) god eller svært god kvalitet, mens 42 bestandar (28 pst.) hadde moderat kvalitet. Det vil seie at 119 bestandar (80 pst.) ikkje nådde kvalitetsnormas mål om minst god kvalitet. Blant desse 119 bestandane var det 52 bestandar (44 pst.) som ikkje nådde målet i kvalitetsnorma berre på grunn av påverknad av rømt oppdrettslaks (det vil seie brot på delnormen genetisk integritet) og 22 bestandar (18 pst.) berre på grunn av at dei ikkje nådde gytebestandsmål og haustbart overskot (det vil seie brot på delnorm gytebestandsmål og haustingspotensial). I tillegg var det 45 bestandar (38 pst.) som ikkje nådde kvalitetsnorma både på grunn av påverknad av rømt oppdrettslaks og ikkje oppnådd gytebestandsmål og haustbart overskot (det vil seie brot på begge delnormer).



Figur 1.2 Geografisk fordeling av kvalitet på laksebestandane klassifisert etter kvalitetsnorma for villaks i 2017.

Kjelde: Vitskapleg råd for lakseforvaltning, temarapport nr. 5 (2017).

Laksebestandane i Rogaland og Nord-Trøndelag hadde best kvalitet, der omtrent halvparten av dei vurderte bestandane nådde kvalitetsnormas mål om minst god kvalitet. Bestandane i Sør-Trøndelag og Troms hadde dårlegast kvalitet. Ingen av dei vurderte bestandane i dei to fylka nådde kvalitetsnormas mål.

Sjøaure

Bestandsstatus til dei norske sjøaurebestandane vart sist vurdert i 2013. I denne kategoriseringa vart det vurdert at 21 bestandar var tapt, 35 bestandar var truga, 102 bestandar var sårbare, 435 bestandar var reduserte og 432 bestandar var omsynskrevjande. Berre for 17 bestandar vart

situasjonen vurdert som svært god, mens kategoriplasseringa var usikker for 85 bestandar.

Kunnskapsgrunnlaget om bestandsstatus til dei norske sjøaurebestandane er svakare enn hos laksebestandane. Av 1106 sjøaurebestandar i Noreg er det registrert fangst i berre 517 vassdrag i den offisielle fangststatistikken. Likevel er fangststatistikken ein av dei beste nasjonale indikatorane på bestandssvingingane for sjøaure som vi har pr. dags dato. Rapporterte fangstar har endra seg lite på Aust- og Sørlandet i perioden 1993–2016, falle sterkt på Vestlandet og i Trøndelag og auka i Nord-Noreg i perioden 1993–2016 sett under eitt. For å vurdere kor vidt fangststatistikken reflekterer bestandssituasjonen i dei ulike regionane, har Vitskapleg råd for lakseforvaltning

gjennomgått data frå teljingar av sjøaure i ulike vassdrag i Noreg. Denne gjennomgangen har stadfest det generelle mønsteret i utviklinga av sjøaurebestandane på region- og fylkesbasis, men viser at det er variasjon i utviklinga mellom vassdrag (VRL rapport nr. 8, 2015).

Sjørøye

Kunnskapsgrunnlaget om dei norske sjørøyebestandane er som for sjøauren meir avgrensa samanlikna med bestandskunnskapen om laks. Dei rapporterte sjørøyefangstane fall betydeleg i perioden 2005–2009, men har hatt ei positiv utvikling dei seinare åra. I kategoriseringa som vart gjennomført av fylkesmannens fiskeforvaltarar i 2013 vart det vurdert at 2 bestandar var tapt, 5 bestandar var truga, 11 bestandar var sårbare, 19 bestandar var reduserte og 33 bestandar var omsynskrevjande. Berre for 6 bestandar vart situasjonen vurdert som svært god, mens kategoriplasseringa var usikker for 38 bestandar.

1.2.2 Dei anadrome laksefiskane si kulturelle og økonomiske betydning

Den kulturelle betydninga av laksen i Noreg speglar seg i kulturhistoria gjennom helleristingar, eventyr, segner, dikting, målarkunst, handverkstradisjonar og stadsnamn. Ikkje minst i område med samisk busetnad har laksen spela ei sentral rolle både materielt og kulturelt. Laksen si betydning for samisk kultur kjem til uttrykk blant anna i språkuttrykk, segner, joik og gamle reiskapstradisjonar. Laksebestandane i Tana har særleg stor betydning for samisk kultur.

Villaksen er òg ei viktig kjelde til rekreasjon og naturopplevingar. Undersøkingar tyder på at det årleg er i underkant av 100 000 personar frå inn- og utland som fiskar laks i Noreg.

Laksebestandane representerer betydelege verdiar som inntektsgrunnlag for rettshavarane og som grunnlag for turisme i ei rekkje lokalsamfunn. Villaksen har karakter av å vere eit fellesgode, og det er derfor vanskeleg å fastsetje den samla økonomiske verdien av ressursen.

Sjøaure- og sjørøyebestandane si økonomiske betydning er etter alt å dømmе mindre enn for villaksen, men har i liten grad blitt undersøkt. Sjøaure- og sjørøyebestandane er av stor rekreasjonsverdi for lokalsamfunn, fordi det finst langt fleire vassdrag med sjøaure og/eller sjørøye enn laksevassdrag. Fisket i slike vassdrag er dessutan rimelegare enn fiske i laksevassdrag, og er av stor betydning for allmenta sin tilgang til fiske.

1.2.3 Omfanget av fiske

Laks

Dei norske laksebestandane blir fiska både i sjø og elv. Det er registrert omlag 900 sjølaksefiskarar som driv eit nærings-, fritids- og/eller husbehovsfiske med faststående reiskap. Talet på registrerte sjølaksefiskarar og fangstinnstansen til desse har i mange år hatt ein nedadgående trend. Det finst inga oversikt over talet på fritidsfiskarar som fiskar med stang og handsnøre etter anadrom laksefisk i sjøen, og fangstane i dette fisket blir ikkje rapporterte systematisk.

Elvefiske blir i dag i all hovudsak drive med sportsfiskereiskap, med nokre unntak der det òg går føre seg eit tradisjonelt fiske med bunden reiskap. Elvefisket omfattar grunneigarar i vassdraga, som ved å fiske på eigen grunn og/eller leige ut fiskeretten, tilbyr rekreasjonsfiske til i underkant av 100 000 fritidsfiskarar (estimert frå tal som har betalt fiskeravgift). Talet på sportsfiskarar har gått noko ned dei siste åra.

Laksefangstane har sidan tidleg på 2000-talet vist ein nedgående trend, og har dei siste åra lege på eit historisk lågt nivå (figur 1.3). Av den totale beskatninga i 2016 vart ca. 340 tonn fanga i elv, mens nesten 270 tonn vart fanga i sjølaksefisket. Den store nedgangen i laksefangstane i 1989 skuldast i hovudsak forbodet mot drivgarnfiske.


Sjøaure

I likskap med laks, blir det òg fiska sjøaure både i sjø og vassdrag. Hovuddelen av fisket i sjø skjer truleg med stang og handsnøre av sportsfiskarar. Sportsfisket etter sjøaure i sjøen utgjer truleg ein stor del av det samla fisket på sjøaurebestandane, men desse fangstane blir ikkje rapporterte systematisk, og omfanget er derfor langt på veg ukjent.

Rapporterte fangstar av sjøaure har endra seg lite på Aust- og Sørlandet i perioden 1993–2016, falle sterkt på Vestlandet og i Trøndelag og auka i Nord-Noreg i perioden 1993–2016 sett under eitt. Hovuddelen av dei rapporterte fangstane blir tekne på sportsfiskereiskap i vassdraga. I 2016 vart det rapportert fangst av 1760 sjøaure som bifangst i sjølaksefisket med faststående reiskap, mens det vart rapportert fanga og avliva 42 048 sjøaure i elvefisket.

Sjørøye

Dei norske sjørøyebestandane blir fiska ved sportsfiske med stang og handsnøre i sjø og vassdrag. I likskap med for sjøaure, blir ein del fanga i



Figur 1.3 Rapportert fangst (tonn) av laks i Noreg i perioden 1983–2016 (rømt oppdrettslaks er inkludert). Laks som er sett ut att er ikkje inkludert i totalen då desse kan bli fanga fleire gonger. Laks som er fanga med stang og handsnøre i sjøen blir ikkje rapportert, og inngår derfor ikkje i statistikken.

Kjelde: SSB.

sportsfisket i sjøen, men dette blir ikkje rapportert. Sjørøyefangstane i norske vassdrag fall betydeleg i perioden 2005–2009, men har hatt ei positiv utvikling dei seinare åra.

1.2.4 Påverknadsfaktorar

Vekting av påverknadsfaktorar


Sjølv om naturlege svingingar i vassdraga og havet har hatt stor betydning for bestandane av laks, sjøaure og sjørøye til alle tider, skuldast nedgangen i bestandane i nyare tid òg menneskeskapte påverknader.

Påverknader på laks

Vitskapleg råd for lakseforvaltning gjennomfører kvart år ein analyse der alle påverknader på laks blir vurderte. Trusselbildet er samansett, og det er ei rekkje faktorar som påverkar villaksen. Det er store skilnader i kor sterkt dei enkelte faktorane påverkar og kor mange bestandar som blir rammet. Det er òg skilnader i om påverknadsfak-

torane er stabiliserte eller om det er fare for ytterlegare forverring. Hovudfunna i rapporten til Vitskapleg råd for lakseforvaltning for 2016 er som følgjer: «Rømt oppdrettslaks framstår generelt som den største trusselen mot norske laksebestander, ved at den utgjør den største påvirkningen og den største risikoen for ytterligere reduksjon og tap av bestander. Lakselus framstår også som en ikke-stabilisert bestandstrussel. Vannkraftreguleringer, sur nedbør, fysiske inngrep og den innførte parasitten *Gyrodactylus salaris* framstår som stabiliserte trusler, med lavere risiko for ytterlige tap.» (Figur 1.4).

VRL skriv i sin årsrapport vidare: «Nye undersøkelser har vist at mange villaksbestander allerede er genetisk påvirket av oppdrettslaks. Samtidig vedvarer tilførsel av rømt oppdrettslaks til gyttebestandene. Også i 2015 var nivået av rømt oppdrettslaks for høyt i mange elver (middels eller høyt innslag i 22 % av undersøkte bestander). I tillegg til at villaksen endres genetisk på grunn av innkryssing av oppdrettslaks, viser mange undersøkelser at produksjon og overlevelse av villaks vil reduseres på grunn av slik innkryssing.»



Figur 1.4 Dei viktigaste trusselfaktorane for dei norske laksebestandane, plassert i eit påverknads- og risikodiagram. Bakgrunnsfargen illustrerer alvorsgrad (mørk farge mest alvorleg). Fargane på punkta symboliserer god kunnskap og lite uvisse om utvikling (grøn), moderat kunnskap og moderat uvisse om utvikling (gul) og dårleg kunnskap og stor uvisse om utvikling (raud)

Kjelde: Vitskapleg råd for lakseforvaltning (2016)

For dei 104 laksebestandane som VRL vurderte etter Kvalitetsnorma for villaks og rapporterte i 2016, var konklusjonen: «Rømt oppdrettslaks og lakselus, og deretter kraftregulering, var påvirkningsfaktorene med størst negativ effekt på bestandene. Rømt oppdrettslaks hadde moderat og stor effekt på 59 % av bestandene, lakselus på 56 % av bestandene og vannkraftregulering på 29 % av bestandene. Overbeskatning hadde moderat eller stor effekt på nesten 15 % av bestandene.»

Påverknader på sjøaure

Menneskeskapte påverknader, som forureining, forsuring, kraftregulering og anna forringing av habitat, har medverka til å redusere sjøaurebestandane i mange vassdrag. Fordi menneskeskapte påverknadsfaktorar i ferskvatn anten har vore stabile eller hatt redusert påverknad dei seinare åra, konkluderte Bror Jonsson i NINA mfl. i ei utgreiing i 2009 om sjøaurebestandane si utvikling med at nedgangen i store delar av landet dei seinare åra er knytt til lakselus og kanskje andre påverknadsfaktorar i sjøen som klimaendring, næringstilgang og fiskesjukdommar. Lokale forhold både i ferskvatn og sjøen vil likevel medføre

at det er vassdragsvise og lokale skilnader i bestandsutviklinga av sjøaure.

Dei vanlegaste påverknadene som er rekna å ha avgjerande betydning for bestandstilstanden for sjøaure, er lakselus, fysiske inngrep i elvene, vassdragsreguleringar og jordbruksstilsig.

Påverknader på sjørøye

Den vanlegaste påverknaden som er rekna å ha avgjerande betydning for bestandstilstanden for sjørøye, er lakselus.

Forsuring

Forsuringa starta i siste halvdel av 1800-tallet og førte etter kvart til stor reduksjon av biologisk mangfald i vassdrag i Sør-Noreg. Laksen er veldig følsam for forsuring og er derfor særleg utsett. Laksestammene på Sørlandet og Sør-Vestlandet vart hardt rammet, og mange elver miste laksestammene rundt 1970. Minst 25 laksebestandar døydde ut på grunn av sur nedbør, og minst 20 andre bestandar vart negativt påverka. Også sjøauren vart ramma, men i noko mindre grad enn laksen, då den toler forsuring betre. Sjørøya lever nord for det verste forsuringområdet og er truleg ikkje blitt påverka.

Dei siste tiåra har forsuringssituasjonen blitt vesentleg betre. Frå 1980 til 2013 er konsentrasjonen av svovel (sulfat) og nitrogen (nitrat) i nedbør på norske målestasjoner redusert med høvesvis 76–94 pst. og 26–51 pst. Denne positive utviklinga skuldast i stor grad internasjonale avtaler om utsleppsreduksjonar. Dei avtalte utsleppsreduksjonane er likevel ikkje nok til å hindre forsuringsskadar på fisk og anna biologisk mangfald i Sør-Noreg. I dag trur ein at i underkant av 8 pst. av arealet i Noreg har ein avsetnad av svovel og nitrogen som overstig tolegrensa for forsuring av overflatevatn. Tunt jordsmonn og kalkfattig berggrunn gjer at delar av Sør-Noreg har låg tolegrense for forsuring, og det tek tid å byggje opp igjen bufferkapasiteten i jorda etter mange års utarming. Forsuring er framleis eit stort miljøproblem, og det er venta at vidare betringar i forsuringssituasjonen vil gå sakte.

Inngrep i vassdrag

Vasskraft er den faktoren som har dei fleste store, fysiske påverknadene på vassdrag i Noreg. Dette har ført til at mange bestandar av laks, sjøaure og sjørøye har fått redusert produksjon. Verknader av vassdragsreguleringar på anadrome bestandar

varierer og er blant anna avhengig av vassdraget sin karakter, type regulering, restvassføring og gjennomførte habitattiltak for å redusere negative effektar. Dei vanlegaste effektane av reguleringar er redusert vassføring, redusert vassdekt areal, raske vassføringsendringar, vandringshinder for fisk, reduserte flaumar, redusert vintervassføring, auka sedimentering, gassovermetning, høgare vintertemperatur og lågare sommartemperatur. Vasskraft framstår, ifølgje Vitskapleg råd for lakseforvaltning, likevel som ein stabilisert trussel, med lågare risiko for ytterlegare tap.

Av 465 vassdrag med sjølvreproduserande laksebestand som er registrerte i Miljødirektoratets lakseregister, er vasskraftutbygging oppført som ein påverknadsfaktor i 149. I 104 av desse er reguleringsinngrepa vurderte å vere avgjerande for tilstanden til laksebestandane. Når det gjeld dei 52 nasjonale laksevassdraga, er vasskraft påverknadsfaktor i 28, og for 15 bestandar er reguleringsinngrepa avgjerande for tilstanden. Det er tidlegare vurdert etter skjøn at det samla produksjonstapet er i storleiksorden 10 til 20 pst. av den totale smoltproduksjonen i norske vassdrag. Generelt er kunnskap om påverknad på bestandane av sjøaure og sjørøye ikkje på same nivå som for laksebestandane. I regulerte vassdrag med store sjøaurebestandar og der sportsfisket etter sjøaure er betydeleg, er det likevel god kunnskap.

Det er ikkje berre større vassdragsreguleringar som har redusert levevilkåra for fisk i vassdrag. Vassuttak til andre formål, til vassforsyning, industri og fiskeoppdrett, kanalisering, forbygging, tilslamming, fjerning av kantvegetasjon, vegkryssingar, småkraftverk, med meir har alle vore årsaker til at produksjonen av anadrom fisk har blitt redusert. Verknadene av desse inngrepa er oftast vandringshinder, tørrlegging eller redusert kvalitet på gyte- og oppvekstområde. Desse inngrepa har oftast størst negativ verknad i mindre vassdrag. Av den grunnen er fleire sjøaurebestandar enn laksebestandar påverka av dette.

Påverknad frå fiskeoppdrett

Genetiske og økologiske effektar av rømt oppdrettsfisk
Ifølgje Vitskapleg råd for lakseforvaltning er rømt oppdrettslaks den klart største trusselen for ville bestandar av laks, både ved at den utgjør den største påverknaden og den største risikoen for ytterlegare framtidig reduksjon og tap av bestandar. Dei offisielle innrapporterte rømmingstala for laks viser, ifølgje Fiskeridirektoratet sine heimesider, at det sidan 2001 (bortsett frå 2012) årleg har rømt

fleire hundre tusen oppdrettslaks. Det høgaste rapporterte talet var i 2006 då 921 000 fisk rømde. I perioden 2012–2016 vart det rapportert høvesvis 38 000, 198 000, 287 000, 170 000 og 126 000 rømt oppdrettslaks. Desse tala er minimumsestimater, og dei faktiske rømmingstala er truleg betydeleg høgare enn det som er rapportert. Ifølgje Havforskingsinstituttets utrekningar (Risikorapport om norsk fiskeoppdrett 2017), er talet oppdrettslaks som faktisk hadde rømt truleg to til fire gonger høgare enn dei rapporterte tala. Til samanlikning vart det totale innsiget av villaks til norskekysten i perioden 2004–2012 utrekna til i gjennomsnitt 478 000 individ årleg. Både førekomst av rømt oppdrettslaks i vassdrag og førekomst av avkom frå rømt oppdrettslaks, eller avkom frå kryssingar mellom rømt oppdrettslaks og villaks, er størst i område med omfattande oppdrettsverksemd.

Oppdrettslaksen si overleving og vandringsmønster i naturen er i høg grad avhengig av tidspunktet på året og i kva livsstadium laksen er i når den rømmer. Effekten på villaksen er størst når oppdrettslaksen går opp i elvene og deltek i gyttinga, og sjansen for at dette skjer er størst når oppdrettslaks rømmer på smoltstadiet om våren og når vaksen laks rømmer om våren og sommaren før den blir kjønnsmoden.

Delen rømt oppdrettslaks i vassdrag vil variere med talet på oppdrettslaks som har rømt og størrelsen på innsiget av villaks til vassdraga. Frå 2006 har det vore ein svak nedgang i delen rømt oppdrettslaks under overvakinga om hausten. Delen rømt laks i prøvane var på same nivå i 2016 som i 2015. Innslaget av rømt oppdrettslaks varierer betydeleg mellom vassdrag.

Nye genetiske undersøkingar har dokumentert at det har skjedd ei innblanding av rømt oppdrettslaks i ein stor del norske villaksbestandar. NINA rapport 1337 (2017) klassifiserer 175 villaksbestandar slik: inga genetisk endring er påvist i 60 av bestandane, svake genetiske endringar er indikert i 54 bestandar, moderate genetiske endringar er vist i 11 bestandar og store genetiske endringar er påvist i 50 bestandar. Desse resultatane er brukt av Vitskapleg råd for lakseforvaltning i klassifisering av laksebestandar etter kvalitetsnorma for vill laks. Moderat genetisk endring er definert til at 4–10 pst. av arvematerialet i bestanden har oppdrettsopphav, og store genetiske endringar er definert til at meir enn 10 pst. kjem frå oppdrett. Ekstremverdiane er alle frå Hordaland der 50 pst. av arvematerialet til bestanden i Ekso har oppdrettsopphav. I Dalelva i Vaksdal og i Opo har begge bestandane mellom 40–50 pst. oppdrettsopphav.

Eit aukande tal undersøkingar viser at produksjon og overleving av villaks vil bli redusert på grunn av innkryssing av rømt oppdrettslaks.

Lakselus

Lakselus et på fiskehuda, og dette kan gi fisken problem med saltbalansen, nedsett immunforsvar og føre til redusert vekst eller død, eksponering for auka predasjon og endring av fisken si opphaldstid i sjøen. Veksten i oppdrettsnæringa har ført til at lakselus no har eit svært høgt tal potensielle vertar i kystfarvatna gjennom heile året. Dette har resultert i at denne i utgangspunktet naturlige parasitten har blitt mykje meir talrik, og blitt til ein alvorleg påverknad på dei ville, anadrome laksefiskane. Lakselus er ein rein marin art og overlever dårleg i fjordsystem med mykje brakkvatn.

Ei rekkje undersøkingar har vist at problemet med lakselus er størst i område med omfattande oppdrettsverksemd. Blant anna viser den årlege, nasjonale lakselusovervakinga på villfisk at det utanfor oppdrettsområda er lite lakselus på sjøaure.

Forsøk har vist at denne parasitten i enkelte område og til enkelte tider kan redusere overlevinga til laksesmolt betydeleg. Smittepresset frå lakselus på utvandrande laksesmolt er avhengig av produksjonen av lakseluslarver på oppdrettslaksen rett før smoltutvandring. Vitskapleg råd for lakseforvaltning har i 2017 for første gongen i ein nasjonal analyse vist i kor stor grad lakselus truleg reduserer villaksbestandane. Utrekna årleg tap av villaks på grunn av lakselus var om lag femti tusen laks per år for åra 2010–2014, det vil seie eit tap på 10 pst. av villaksen grunna lakselus.

Sjøauren er meir utsett for lakselus enn laks, fordi den stort sett ikkje vandrar til havs, men held seg i fjordane og dei nære kyststroka der fiskeoppdrettsnæringa er, under heile sjøopphaldet. Dei aukande mengdene lakselus utover sommarene rammar sjøauren hardt mange stader. Den nasjonale lakselusovervakinga på villfisk viser spesielt stor risiko for skadar på sjøaure, og dette er meir årvisst enn for laks. Dette er mest sannsynleg ein betydeleg påverknad på bestandane. Sjøaurebestandane har generelt gått sterkt tilbake i dei fleste regionane med intensiv fiskeoppdrettsverksemd. Overvakinga viser òg at talet på område der lakselus blir registrert å vere eit stort problem for sjøaure, har auka dei seinare åra.

Også sjørøye er utsett for lakselusangrep, men denne arta har som regel eit kortare opphald i sjøen enn sjøauren. Mange av sjørøyebestandane er dessutan langt nord, der lakselus førebels ikkje

har blitt eit like stort problem alle stader. Lakselus er likevel rekna som ein betydeleg negativ faktor for ein stor del av sjørøyebestandane, og potensialet for forverring er stort blant annet på grunn av aukande sjøtemperaturar i nord.

Fiskesjukdommar

Fiskesjukdommar førekjem i naturen, og naturlige sjukdomsutbrot i ville laksebestand har vore årsak til høg dødelegheit i kortare periodar.

Sjukdommar på dei ville laksefiskane, og spesielt smittefare frå fiskeoppdrett til villfisk er eit felt som har vore relativt lite undersøkt. Nyare forskning frå Veterinærinstituttet konkluderer med at oppdrettsnæringa kan overføre smitte til villaks. På bakgrunn av generell kunnskap om førekomst, spreingsfare og effektar av infeksjonssjukdommar i oppdrettsnæringa er det all grunn til å tru at dette allereie er ein alvorleg påverknad for vill anadrom fisk.

Forureining

Under den industrielle utviklinga vart mange vassdrag forureina, slik at dei anadrome fiskebestandane ikkje lenger kunne leve der. Celluloseindustrien og gruvedrift var døme på verksemdar som medverka til utslepp som skada villfisken i elvene. Utslepp frå jordbruk har òg hatt stor negativ betydning, spesielt for sjøaure i dei mindre og meir sårbare vassdraga. Etter ei omfattande opprydding frå desse kjeldene, spesielt utover i 1970- og 1980-åra, har desse påverknadene blitt reduserte. Særleg i laksevassdrag har tilhøva blitt mykje betre, slik at det no er relativt få vassdrag igjen der dette er rekna som eit vesentleg problem (jf. figur 1.4). Slike problem er no mest utbreidd i små vassdrag i Sør- og Midt-Noreg, og det er derfor spesielt sjøaure dette går ut over. Av alle sjøaurebestandane i Miljødirektoratets lakseregister, er 12 pst. rekna å vere vesentleg påverka av jordbrukstilslig, og 6 pst. av anna forureining.

Forureining i form av luftovermetting i driftsvatnet og temperaturendringar i vassdraget nedstraums utløpet frå vasskraftverk har vore og er ein negativ påverknad på anadrom fisk i ein del vassdrag. Styresmaktene kjenner i dag i lita grad til kor stor denne påverknaden har vore og er i dag.

Innføring og spreing av framande organismar

Introduksjon og spreing av framande organismar er ein av dei største truslane mot naturleg mang-

fald i ferskvassøkosystem. Menneske har i løpet av dei siste 100–150 åra vore årsak til omfattande spreining av ferskvassfisk her i landet. I dei siste tiåra har spreininga av ørekyt og gjedde vore spesielt merkbar, og for gjedde kan det skje auka spreining i fleire vassdrag, med alvorlege følgjer for dei naturlege fiskebestandane. Begge desse artene har ei naturleg innvandring til landet, men blir no spreidde til stadig nye vassdrag. Til trass for at både flytting av fisk og bruk av levande fisk som agn er forbode, skjer slik spreining i dag hovudsakleg fordi folk brukar småfisk som levande agn, eller fordi ein trur at utsetjing av nye arter skal føre til eit betre fiske. Ein trur at ei rekkje fiskearter vil kunne få negativ effekt også på lakse-, sjøaure- og sjørøyebestandar som følge av predasjon eller næringskonkurransen.

I dag reproduserer 11 framande fiskearter i norske vassdrag, samanlikna med 32 fiskearter med naturleg innvandring. Spreininga av artene i den siste kategorien er i dag sett på som den største trusselen, dette gjeld i første rekkje ørekyt og gjedde. Stadeigne arter spreidd internt i Noreg er omtala som regionalt framande arter. Det kan òg bli innført fleire framande arter hit til landet, spesielt såkalla dørstokkarter, men om desse har negativ effekt for laksefisk er førebels ikkje vurdert av Artsdatabanken.

Introduksjon av regnbogeaure er gitt særskilt omtale nedanfor. Dei seinare åra har det vore spreining av ørekyte i Namsen og pukkellaks i Finnmark. Ørekyte vart påvist øvst i Namsen i 2005 og er no i spreining nedover i vassdraget der den i første rekkje vil truge Namsblanken. Den vil òg etter kvart spreie seg til den anadrome strekninga med ukjente konsekvensar for laks og sjøaure.

Pukkellaks er ein stillehavslaks som er innført på Kolahalvøya. Frå 1960-talet og fram til årtusenskiftet vart det sett ut store mengder pukkellaks med tanke på etablering av kulturbetinga fiske på Kolahalvøya. Dei siste åra er det observert stadig meir pukkellaks i Finnmark. Spesielt gjeld dette for elvene på sørsida av Varangerfjorden og i Vestre Jakobselv. Det er òg rapportert om fangst av pukkellaks i Troms og enkeltindivid sørover langs kysten. Ettersom det finst sjølvreproduserande bestandar på Kolahalvøya, er det grunn til å frykte at det same vil skje i norske vassdrag med dei konsekvensane dette vil ha for produksjon av laks, sjøaure og sjørøye. For å redusere pukkellaksen sin påverknad er det gjennomført utfiskingstiltak.

Av andre arter som er blitt spreidde til vassdrag med anadrom laksefisk kan nemnast steinsmett, kvitfinna steinulke, sandkrypar og gjedde.

Førekomst av steinsmett kan vere ei av årsakene til den relativt låge produksjonen av laks i nokre nordnorske vassdrag.

Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*

G. salaris er ikke naturleg utbreidd i Noreg. Den viktigaste faktoren for spreining av *G. salaris* til nye område har vore utsetjing av fisk frå infiserte setjefiskanlegg. Spreining av parasitten mellom nærliggjande vassdrag i same fjordsystem skjer normalt ved at infisert fisk vandrar i brakkvasslaget. Vassdrag med infeksjon, ulovleg flytting av fisk, og innførsel av fisk frå nabolanda våre er i dag vurdert som dei største risikoane for smittespreiing.

Lakseparasitten *G. salaris* er ein av dei alvorlegaste truslane mot villaksen i Noreg. I infiserte vassdrag blir laksen utrydda i løpet av få år (4–6 år) dersom mottiltak ikkje blir sette i verk. Ifølgje VRLs trusselvurdering framstår lakseparasitten *G. salaris*, blant anna etter fleire vellykka nedkjempingstiltak, no som ein stabilisert bestands-trussel med lågare risiko for ytterlegare framtidig redusert produksjon og tap av bestandaer.

G. salaris er ein lakseparasitt som i hovudsak rammar laksebestandar. For sjøaure er parasitten ufarleg. Den kan ikkje ernære seg eller reproducere på denne arta. Sjørøye har derimot vist seg å vere ein vert for parasitten. Sjørøye blir ikkje infisert på same måten av parasitten som laks. Det er færre parasittar på fisken, og sjølv om infeksjonen truleg kan vere dødeleg, påverkar truleg ikkje parasittangrepet bestanden i vesentleg grad. I infiserte vassdrag medverkar sjørøya likevel til å halde ved lag og spreie infeksjonen.

Parasitten har vore påvist i 50 vassdrag og 39 fiskeanlegg i ferskvatn, der 13 anlegg har produsert setjefisk av laks og 26 anlegg har produsert regnbogeaure. Omfattande nedkjempingsarbeid har ført til at 22 av dei smitta vassdraga no er friskmelde etter vellykka behandling, 21 vassdrag er ferdig behandla, men framleis ikkje friskmelde (5 år med overvaking før friskmelding), mens 7 vassdrag framleis ikkje er behandla. Parasitten er utrydda frå alle infiserte fiskeanlegg.

Dei samfunnsmessige kostnadene av *G. salaris* er omfattande. I infiserte vassdrag blir dei ville laksestammene raskt utrydda, og dette fører til bortfall av viktige rekreasjons-, friluft- og næringsaktivitetar blant anna i form av redusert fisketurisme og anna næringsutvikling i både vassdrag og sjø.

Regnbogeure

Regnbogeure (*Oncorhynchus mykiss*) førekjem naturleg på vestkysten av Nord-Amerika og vart innført til Noreg i starten av av 1900-talet. Regnbogeure vart tidlegare sett ut i ei rekkje innsjøar, men førekomst i norsk natur skuldast no i det alt vesentlege rømming frå oppdrettsanlegg. Regnbogeure som risikofaktor for stadeigne fiskearter er i første rekkje knytt til konkurranse og sjukdomsspreiing. Vitskapleg råd for lakseforvaltning skreiv i sin rapport frå 2011: «Det ligger en betydelig fare i at regnbueørret kan bli en konkurrent til stedeigne arter dersom den først klarer å etablere selvreproduserende bestander og tilpasser seg de naturlige forholdene i norske elver. Så langt har dette ikke skjedd, men en rekke studier av andre arter har vist at det kan være et tids spørsmål før innførte arter etablerer seg. Den globale spredningen av regnbueørret har ført den inn på lista over de 100 verste invaderende arter i verden, utarbeidd av den internasjonale naturvernorganisasjonen IUCN».

Regnbogeure er òg oppført på norsk svarteliste for innførte arter, der den er kategorisert som med svært høg risiko. Artsdatabanken viser til at sjansen for etablering stadig er til stades på grunn av eit høgt introduksjonstrykk ved at det er eit stort tal fisk som har rømt frå oppdrett i mange vassdrag langs kysten, men viser samtidig til at arten har problem med å klare seg i norsk natur, ved at den er døydd ut i vassdrag der den har vore tidlegare. Det er vist at regnbogeure har gjennomført vellykka gyting ei rekkje stader i Noreg, og at den er i stand til å øydeleggje dei naturlege fiskebestandane sine gytegroper, og dermed vil ha ein direkte påverknad på gytesuksess hos laksefisk. Omfanget av dette er likevel ikkje kjent.

Rømt fisk er ei kjelde til overføring av sjukdommar og parasittar som inneber risiko for negativ påverknad på dei naturlege fiskebestandane. Regnbogeure er ein svært eigna vert for lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, og infisert fisk har, i motsetning til laksen i Noreg, god overleving. Oppdrett av regnbogeure aukar dermed faren for spreiiing av *G. salaris*. Risikoen for spreiiing av *G. salaris* aukar òg ved at rømt regnbogeure vandrar i brakkvasslag mellom vassdrag i infiserte regionar.

1.2.5 Mål og rammer for forvaltninga

Målsetjingar

Formålet med naturmangfaldlova er at naturen med sitt biologiske, landskapsvise og geologiske mangfald og økologiske prosessar blir teken vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskeleg verksemd, kultur og trivsel, no og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur.

Formålet med lakse- og innlandsfiskeleva er å sikre at naturlege bestandar av anadrom laksefisk og deira leveområde blir forvalta slik at naturen blir teken vare på med sitt mangfald og sin produktivitet. Innanfor desse rammene skal lova gi grunnlag for utvikling av bestandane med sikte på auka avkastning til beste for rettshavarar og fritidsfiskarar.

I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* tek ein opp att målet frå St.prp. nr. 32 (2006–2007) *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder* om å bevare og gjenoppbygge laksebestander av ein storleik og ei samansetjing som sikrar mangfald innan arta og utnyttar dei høva til produksjon som den har. I St.prp. nr. 32 (2006–2007) heiter det vidare at:

Laksens leveområder skal forvaltes slik at naturens mangfold og produktivitet bevares, og trusselfaktorer skal identifiseres og fjernes. Der dette ikke er mulig, skal trusselfaktorenes virkning på laksebestandenes produksjon, størrelse og sammensetning motvirkes eller oppheves gjennom tiltak. Påvirkninger som truer laksens genetiske mangfold skal reduseres til ikke-skadelig nivå innen 2010. Den internasjonalt anerkjente føre-var-tilnærmingen i lakseforvaltningen skal legges til grunn av alle involverte sektorer. Ved inngrep og andre påvirkninger er utgangspunktet at den som forvolder skade på ressursen skal gjenopprette eller kompensere for skaden. Innenfor disse rammene skal lakseressursene forvaltes til størst mulig nytte for samfunnet, rettighetshavere og fritidsfiskere.

Vassforskrifta og EUs vassdirektiv

Vassforskrifta vart vedteken i 2006 og er ei gjennomføring av EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Vassforskrifta sitt formål er å beskytte, og om naudsynt betre, tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystnære område og sikre ei mest mogleg heilskapleg forvaltning av vassførekomstane.

Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand, og miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan 2021. Økologisk tilstand blir fastsett ved hjelp av såkalla økologiske kvalitetselement. Fisk, inkludert anadrom fisk, er eitt av kvalitetselementa i elver og innsjøar. For å oppfylle miljømåla, skal det utarbeidast tverrsektorielle forvaltningsplanar og tiltaksprogram. Forskrifta har òg føresegner om unntak frå miljømåla. På bestemte vilkår kan det givast fristutsetjing, mindre strenge miljømål og høve til å tillate ny verksemd sjølv om dette medfører at miljømåla ikkje blir nådde eller at tilstanden blir ringare. Dei første vassforvaltningsplanane som Noreg er forplikta til å utarbeide vart vedtekne i fylkestinga i 2015 og godkjente av Klima- og miljødepartementet i 2016.

Kvalitetsnorm for villaks

Kvalitetsnorm for ville bestandar av atlantisk laks vart fastsett ved kongeleg resolusjon 20. september 2013. Formålet med norma er å medverke til at ville bestandar blir tekne vare på og bygde opp att til ein storleik og ei samansetjing som sikrar mangfald innanfor arta og utnyttar laksen sine høve til produksjon og hausting. Norma er retningsgivande for styresmaktene si forvaltning. For at ein laksebestand skal nå målet om tilstrekkeleg god kvalitet i medhald til norma, skal det ikkje vere observert genetiske endringar som skuldast rømt oppdrettslaks, bestanden må ha nok gytefisk, og den må ha eit normalt haustbart overskot. Når god kvalitet ikkje er oppnådd for ein bestand, bør det i medhald av naturmangfaldlova lagast ein plan der årsakene blir kartlagde og tiltak vurderte.

I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* framgår det at arbeidet med å klassifisere dei viktigaste laksebestandane etter kvalitetsnorma vil bli ført vidare. Vidare heiter det i meldinga at dersom målet om god tilstand ikkje blir nådd etter norma, vil departementet i samråd med aktuelle styresmakter klargjere kvifor målet ikkje er nådd og utarbeide ein plan for korleis kvalitetsnorman likevel kan bli nådd.

Internasjonale avtaler

Konvensjonen om bevaring av laks i det nordlege Atlanterhavet er den internasjonale avtala som har størst relevans for dagens lakseforvaltning. Konvensjonen er forvalta av Den nord-atlantiske laksevernorganisasjonen, NASCO, som har følgjande

medlemmer: EU, Russland, Norge, Canada, USA og Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland).

NASCO er ein fiskerierorganisasjon med formål å samrå og samarbeide om vern, gjenoppbygging, utvikling og rasjonell forvaltning av laksebestandane som konvensjonen gjeld for. Dette skal vere basert på det best tilgjengelege vitskaplege kunnskapsgrunnlaget. Sidan opprettinga i 1983 har organisasjonen utvikla seg frå å konsentrere verksemda si rundt regulering av fiske i internasjonale farvatn og i områda rundt Grønland og Færøyane, til å behandle eit langt større spekter av internasjonalt relevante spørsmål i lakseforvaltninga.

NASCOs medlemsland har blitt samde om ei rekkje retningslinjer, blant anna om føre var-tilnærming i lakseforvaltninga. Denne tilnærminga omfattar separate retningslinjer for blant anna reguleringar i fisket, forvaltning av leveområde, akvakultur, introduksjonar, spreieing av arter og genmodifisert laks.

Organisasjonen har innført eit system med implementeringsplanar, som inneber at medlemslanda skal utarbeide nasjonale planar for å følgje opp vedtekne overeinskomstar og retningslinjer. Samfunnsvis omsyn og vurderingar inngår i planane. Medlemmene rapporterer årleg i medhald av rapporteringskrav i konvensjonen, og om kor langt dei er komne med dei nasjonale implementeringsplanane.

NASCO har etablert International Atlantic Salmon Research Board (IASRB) for å fremje samarbeid om forskning vedrørande laks i havet. Forskinga skal fokusere spesielt på å forstå årsakene til auka dødelegheit på laks i havet og mogleghetene for å motverke denne dødelegheita.

Det internasjonale rådet for havforskning, ICES, planlegg og koordinerer havforskning gjennom eit nettverk av komitear og er hovudleverandør av rådgiving på det marine området til regjeringar og internasjonale styresmakter. ICES gir råd til NASCO og NASCOs medlemsland om forvaltning av laks.

Om lag ein tredel av all atlantisk laks i verda gyter i Noreg. Vi har derfor eit betydeleg ansvar for å ta vare på villaksen.

Noreg har spesielle forpliktingar for forvaltninga av laksen i grenseelvene Tana, Neiden og Enningdalselva. I desse vassdraga er laksefisket og delar av forvaltninga elles basert på bilaterale avtaler.

På bakgrunn av oppmodingar frå Russland om å redusere fiske på laks med opphav i russiske elver, havretten og relevante føresegner i NASCO-konvensjonen, vart det i 2009 etablert omforeinte

rutinar for kontakt og konsultasjonar med Russland i samband med regulering av fiske. I september 2015 vart det underteikna ei intensjonsavtale (MoU; Memorandum of Understanding) mellom Klima- og miljødepartementet og Det russiske føderale fiskeribyrået om forvaltning, overvaking og forskning knytt til vill atlantisk laks i Finnmark fylke og Murmansk-regionen. Samarbeidet blir følgt opp i ei arbeidsgruppe som er nedsett i tråd med avtala. Arbeidsgruppa møtest kvart år for å drøfte saker som har betydning for partane. Arbeidsgruppa skal levere årlege rapportar om blant anna status for relevante laksebestandar, utvikling i fiskeria og vitskapeleg rådgiving etter nærare førespurnad frå partane sjølve.

Ei ny avtale mellom Noreg og Finland om fisket i Tanavassdraget vart inngått 30. mars 2017. Hovudformålet med avtala er å forvalte fiskebestandane på ein økologisk, økonomisk og sosialt berekraftig måte og slik at laksevasstraga sin kapasitet for lakseproduksjon kan utnyttast berekraftig og fullt ut. Den nye avtala reduserer fiskepresset med om lag 30 pst. og legg grunnlaget for å byggje opp att dei svake laksebestandane i vassdraget i løpet av ca. 15 år. Avtala avgrensar også turistfisket i vassdraget til fordel for lokalbefolkninga sitt fiske og rettar opp fordelinga av lakseressursen mellom Noreg og Finland i norsk favør. Tanavassdragets fiskeforvaltning vil ha ei sentral rolle i samarbeidet med Finland om gjennomføring av avtala.

1.2.6 Organisering av forvaltninga

Statleg forvaltning

Dei viktigaste verkemidla for vern og utvikling og verkemidla mot dei mest sentrale påverknadene av bestandane av vill anadrom fisk er tillagt tre departement: Klima- og miljødepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Olje- og energidepartementet. Fordelinga av ansvar mellom fleire statlege aktørar stiller krav til samhandling.

Miljøforvaltninga

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for vill anadrom laksefisk, og dei langt fleste bevaringstiltaka er finansierte over Klima- og miljødepartementets budsjett. Klima- og miljødepartementet har likevel ikkje verkemiddel til å handtere alle dei viktigaste påverknadene.

Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. er i stor grad ei fullmaktslov og har blant anna føresegnar

om kommunal planlegging, nasjonale laksevasstrag og laksefjordar, regulering av fisket, etablering av fredingssoner, fiskeutsetjingar, organisering av rettshavarar, fiskaravgift, fangstrapportering og oppsyn. Det er fastsett ei rekkje forskrifter i medhald av lova.

Miljøstyresmaktene har ansvar for samordning av tiltak. Dette inkluderer ansvar for kunnskapsoppbygging om tilstanden til bestandane, under dette å vurdere påverknadene, påverknadsgrad og å vurdere samla belastning. Miljøstyresmaktene byggjer desse vurderingane på eiga initiert overvaking av bestandane og på overvaking og forskning som blir utført i regi av sektorstyresmaktene.

Statens naturoppsyn har det sentrale ansvaret for oppsynet med fiske etter anadrom laksefisk. Innsatsen i regi av styresmaktene er i hovudsak retta mot fisket i sjøen, mens oppsynet i elvene i hovudsak blir teke vare på av rettshavarane og lokale jeger- og fiskeforeiningar.

Vassdragsforvaltninga

Olje- og energidepartementet (OED) har hovudansvaret for vassdragsforvaltninga. Dette inneber at OED har ansvaret for å innarbeide omsynet til laksens leveområde i vassdraga i saker som medfører fysiske inngrep eller vassføringsendringar og ved revisjon og omgjerung av tidlegare gitte konsesjonar og fornyingar av vassdragskonsesjonar.

Dei sentrale lovene innan vassdragsforvaltninga er vassressurslova og vassdragsreguleringslova. Lovene er forvalta av Olje- og energidepartementet med Noregs vassdrags- og energidirektorat som viktigaste utøvande myndigheit.

Miljøforvaltninga er høyringspart i nye konsesjonssøknader og i revisjonssaker, og vil syte for å spele inn omsynet til blant anna villaks, eventuelt fremje motseiing. Miljøforvaltninga er sektormyndigheit for å foreslå og følgje opp naturforvaltningsvilkår i vassdragsreguleringskonsesjonar. Miljødirektoratet har ansvar for oppfølginga av vassdrag som fører anadrom fisk, mens ansvaret for å følgje opp vassdrag med berre innlandsfisk er delegert til fylkesmannen.

Som hovudregel er det krav om løyve etter vassressurslova for alle typar inngrep og verksemd i vassdrag som kan vere til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser, inklusive utbygging av små, mini- og mikrokraftverk. Løyve til større vasskraftutbyggingar med reguleringar eller overføringar blir gitt etter vassdragsreguleringslova. Vassressurslova gir elles høve til

å regulere andre typar inngrep enn kraftutbygging.

Ei rekkje andre sektorlover kan òg komme til bruk ved behandlinga av vassdragssaker, i første rekkje lakse- og innlandsfisklova, forureiningslova, plan- og bygningslova, kulturminnelova, vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova. Av sektorovergripande lovverk er naturmangfaldlova, plan- og bygningslova og vassforskrifta dei viktigaste.

Verneplan for vassdrag er, ved sida av konsesjonsbehandlinga, det viktigaste verktøyet for ei samla nasjonal forvaltning av vasskraftressursane. Det er anslått at om lag 45–50 TWh av Noregs samla vasskraftpotensial er varig verna mot kraftutbygging gjennom Verneplan for vassdrag. Andre fysiske inngrep, som blant anna grusgraving, kanalisering, forbygning, utfylling, drenering og fjerning av kantvegetasjon skal heller ikkje tillatast dersom dei er til nemneverdig skade for verneverdiane. Vasskraftinteressene i dei nasjonale laksevassdraga er i stor grad avklart gjennom verneplanen.

Samla plan som forvaltningsverktøy vart utvikla i samband med Meld. St. 25 (2015–2016) (energimeldinga). Ei avvikling av Samla plan inneber at alle større vasskraftprosjekt, i vassdrag som ikkje er verna, kan konsesjonsbehandlast på ordinar måte med melding, konsekvensutgreiing og søknad. Konsesjonsbehandlinga skal sikre at alle viktige omsyn, deriblant miljøomsyn, blir avvegne på ein forsvarleg måte.

I same energimeldinga går det fram at det vil bli utgreidd og lagt fram eit lovforslag som skal gi konsesjonsmyndigheita høve til å gi tidleg avslag i større vass- og vindkraftsaker. Tiltak som medfører vesentlege negative verknader for miljø eller anna arealbruk vil i så fall kunne få tidleg avslag. Høvet til å gi tidleg avslag vil fylle noko av den same funksjonen som behandling etter Samla plan. Det er ikkje avklart når lovforslaget vil liggje føre.

Fiskeriforvaltninga

Nærings- og fiskeridepartementet har det overordna forvaltningsansvaret for oppdrettsnæringa og for å sikre fiskehelsa, også hos viltlevande fisk. Fiskeridirektoratet og Mattilsynet er rådgivande og utøvande organ for Nærings- og fiskeridepartementet innan forvaltning av havbruksnæringa og fiskehelse. Oppdrett skal etablerast, drivast og avviklast på ein miljøforsvarleg måte. Miljøomgrepet i akvakulturlova er vidt og dekkjer både økologiske effektar og forureining. Føresegnene i lova

skal sikre at omsynet til miljø blir teke vare på i alle trinn i produksjonsskjeda. Tilsvarende følgjer det av matlova si føremålsføresegn, at lova skal ta vare på miljøvennleg matproduksjonen. Samla sett omfattar dette blant anna overvaking og tiltak for reduksjon av rømt oppdrettsfisk og overvaking, førebygging og nedkjemping av lakselus og andre fiskesjukdommar.

Akvakulturnæringa er pålagt internkontroll. Dette skal medverke til at næringa systematisk gjennomfører tilstrekkelege tiltak for å oppfylle styresmaktene sine krav til miljø, dyrehelse og dyrevelferd. Fiskeridirektoratet og Mattilsynet fører tilsyn etter forskrifta om internkontroll (IK Akvakultur). Myndigheitene si primær oppgåve i kontrollverksemda er å fastslå om det er samsvar mellom regelverket og praksis.

Kommunal forvaltning

Kommunane har ansvaret for ei rekkje oppgåver innanfor fiskeforvaltninga. Som planmyndigheit har kommunane ansvaret for å sjå til at omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av fisken og andre ferskvassorganismar sine økologiske funksjonsområde blir innpassa i planar etter plan- og bygningslova.

Etter lakse- og innlandsfisklova har kommunane mynde til å gi pålegg om sal av fiskekort og nærare spesifiserte kultiveringstiltak, til å fastsetje ulike grenser i vassdrag, til å krevje oppretting av enkelte tiltak som er gjennomført i strid med lov eller forskrift og til å iverksetje tiltak i krisesituasjonar. I tillegg har kommunane ansvar for å leggje til rette for næringsutvikling og rekreasjon med utgangspunkt i fiskeressursane. Kommunane skal ta vare på desse ansvarsområda blant anna som samarbeidspartnar for rettshavarane ved utarbeiding av driftsplanar.

Privat forvaltning

Grunneigarane har som hovudregel ein retten til bruk av fastståande reiskap i sjø og til alt fiske i elv.

Organisasjonane på rettshavarsida og brukarsida utfører ein omfattande innsats for å ta vare på stammene av anadrom laksefisk og medverke til eit forsvarleg og lovleg fiske. Kultivering, oppsyn, regulering av fisket, organisering, bestandsovervaking, delar av kalkingsverksemda og tilrettelegging for fiske inngår i denne verksemda. Mykje av det praktiske arbeidet skjer i samarbeid mellom rettshavarane, frivillige organisasjonar og offentlege myndigheiter.

Rettskavarane har dei seinare åra fått større ansvar for forvaltninga av fiskeressursane. Det er innført pliktig organisering av rettskavarane i alle vassdrag med gytebestandsmål på 100 kg hofisk eller meir. Pliktig organisering er innført for å gi den lokale forvaltninga tilstrekkeleg mynde til å forvalte fiskebestandene og ta ansvar for sentrale oppgåver som fangstrapportering, oppsyn, kultivering, bestandsovervaking og regulering av fisket, og for å lette samarbeidet mellom offentleg og lokal forvaltning. Det skal utarbeidast driftsplanar for alle vassdrag som er omfatta av kravet om pliktig organisering.

Pliktig organisering er no innført eller er under etablering i dei fleste vassdraga som er omfatta av forskrifta. Miljødirektoratet har hatt eit nært samarbeid med organisasjonen Norske Lakseelver i samband med organiseringsprosessen. Norske lakseelver er den største organisasjonen på rettskavarsida, og samarbeidet har vore avgjerande for heile organiseringsprosessen.

Tanavassdragets fiskeforvaltning

Tanavassdragets fiskeforvaltning vart etablert i mars 2011 og er eit lokalt forvaltningsorgan for Tanavassdraget. Dei viktigaste oppgåvene er av privatrettsleg karakter, som å organisere fisket, syte for tilstrekkeleg fiskeoppsyn, ha ansvar for drift og forvalte inntekter frå sal av fiskekort. Tanavassdragets fiskeforvaltning skal òg medverke til langsiktig bevaring av fiskeressursane og delta i samarbeidet med Finland om forvaltninga av vassdraget. Forvaltningsorganet vil få vesentlege, nye oppgåver som følgje av den nye avtala med Finland om fisket i vassdraget.

1.2.7 Iverksette tiltak

Nasjonale laksevassdrag og laksefjordar

For å sikre dei viktigaste laksebestandane særskilt vern i vassdrag og fjordområde, har Stortinget oppretta 52 nasjonale laksevassdrag og 29 nasjonale laksefjordar.

Ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar skal gi dei viktigaste laksebestandane eit spesielt vern mot menneskelege inngrep. Verne-regima er likevel ikkje til hinder for nye tiltak og aktivitetar dersom desse ikkje medfører auka risiko for bestandane som inngår i ordninga. Den grunnleggjande føresetnaden er at summen av endringar i aktivitetane i vassdraga og fjordområda over tid ikkje skal medføre auka, men snarere redusert risiko for villaksen.

Ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar er meint å vere permanent. Ny kunnskap, ny teknologi og nye rammevilkår for aktuelle næringsinteresser kan likevel over tid tilseie endringar i arrondering og verneregime. Stortinget har derfor bestemt at ordninga skal evaluerast seinast ti år etter at den er ferdigstilt, det vil seie i løpet av 2017. Som opplyst i Prop. 1 S (2016–2017) frå Klima- og miljødepartementet, vil ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar bli evaluert i løpet av 2017. I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* heiter det at dersom det viser seg at ordninga ikkje har gitt tilstrekkeleg vern av villaksen, vil regjeringa vurdere behovet for å styrkje vernet.

Tiltak knytte til fiskeoppdrett

Tiltak mot rømming av oppdrettsfisk

Fiskerimyndighetene har sett i verk ei rekkje tiltak for å redusere rømming og den rømte fisken sin innverknad på dei ville bestandane av laks.

Ordninga med krav til teknisk standard på flytande oppdrettsanlegg trådde i kraft første gong i 2004. Ei revidert NYTEK-forskrift trådde i kraft 1. januar 2012, og med den vart det innført nye krav til teknisk standard for flytande oppdrettsanlegg og hovudkomponentar som inngår i slike anlegg. Implementeringa av desse krava medførte ein tydeleg nedgang i rapporterte rømmingar frå sjøanlegg. Nærings- og fiskeridepartementet har òg hatt på høyring forslag til forskrift om krav til teknisk standard for landbaserte akvakulturanlegg som vil styrkje rømmingstryggleiken i desse anlegga.

Oppdrettar er pliktig til straks å melde frå til Fiskeridirektoratet ved kjennskap til eller mistanke om at fisk har rømt. Dette gjeld uansett om fisken har rømt frå eigne eller andre sine anlegg.

Ifølgje akvakulturdriftforskrifta skal landbaserte akvakulturanlegg ha eigen innretning for å hindre at fisk rømmer gjennom avløpet. Innretninga skal minimum bestå av ei dobbel sikring eller annan likeverdige rømmingssikring. Maskevidde i notposen til merdanlegg skal vere tilpassa fisken sin storleik, slik at fisken ikkje kan sleppe igjennom.

Fiskeridirektoratet har ansvar for å koordinere det nasjonale overvåkingsprogrammet for rømt oppdrettslaks i vassdrag. Frå 2014 er overvakinga av rømt oppdrettsfisk i vassdraga styrkt både kvalitativt og kvantitativt. Nærings- og fiskeridepartementet har gjennom forskrift om fellesansvar for utfisking mv. av rømt oppdrettsfisk, som trådde i

kraft 5. januar 2015, bestemt at alle innehavarar av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure skal betale inn ei avgift til ei samanslutning (Oppdrettsnæringa si samanslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk, OURO) med det formål å redusere risikoen for genetisk påverknad frå akvakultur på ville bestandar av laksefisk. Med bakgrunn i resultat frå det nasjonale overvåkingsprogrammet skal OURO planleggje og finansiere utfiskingstiltak i dei vassdraga der innslaget av rømt oppdrettsfisk er for høgt.

Det vart i samband med tildelingsrunde med «grøne løyve» i 2013 tildelt løyve under føresetnad av bruk av triploid fisk. Slik fisk er steril og vil ikkje kunne påverke villaks genetisk ved eventuell rømming. Det står framleis att ein del arbeid knytt til dei velferdsmessige aspekta ved bruk av triploid fisk i kommersiell skala.

Tiltak mot lakselus og andre fiskesjukdommar

Mattilsynet har sett i verk ei lang rekkje tiltak for å redusere påverknad frå lakselus på viltlevande fisk. Blant dei viktigaste er tiltak for å senke luse-nivåa i anlegga på våren, når laksesmolten vandrar ut gjennom fjordane. Eit anna viktig tiltak er fastsetjing av grenser for kor mange lakselus det er tillete å ha per oppdrettsfisk. I den seinare tida har Mattilsynet redusert storleiken på produksjonsløyva på lokalitetar med fleire eller alvorlige brot på lakselusregelverket. Ei rekkje andre tvangstiltak har òg blitt brukt, som dagmulkt, pålegg om utslakting, pålegg om lakselusbehandling etc.

Lakselusproblemet på villfisk har på trass av dei nemnde tiltaka generelt sett ikkje betra seg dei seinare åra. Dette skuldast truleg auken i produksjonsomfanget og den samtidige resistensen lakselusa har utvikla mot dei viktigaste lakselusmidla. Regjeringa tek sikte på å innføre det nye produksjonsreguleringsregimet som Stortinget slutta seg til i samband med behandlinga av Meld. St. nr. 16 (2014–2015), hausten 2017.

Mattilsynet vurderer sjukdomsrisiko og pålegg sjukdomsførebyggjande tiltak ved etablering og drift av akvakulturanlegg. Med unntak av for lakselus og *Gyrodactylus salaris*, er desse tiltaka hovudsakleg retta mot førebygging av sjukdom hos oppdrettsfisk, og tek i mindre grad omsyn til risiko for generell spreining av agens til viltlevande fisk utanfor merdane.

Tiltak mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris

I St.prp. nr. 32 (2006–2007) vart det gitt mål for arbeidet med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*:

«Regjeringens mål er å utrydde parasitten i infiserte vassdrag hvor dette vurderes som realistisk og i tillegg minimalisere risikoen for videre spredning». I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* går det fram at regjeringa vil halde fram med nedkjempinga av parasitten i tråd med faglege tilrådingar.

Arbeidet med å nedkjempe parasitten er svært krevjande og stiller store krav til planlegging og koordinert gjennomføring av tiltak. Med utgangspunkt i erfaringar, internasjonale tilrådingar og råd frå ei ekspertgruppe, er det gjennomført ei rekkje betringar på behandlingsmetodikken. Nedkjempingsarbeidet byggjer på ein plan utarbeidd av Miljødirektoratet og Mattilsynet, og inkluderer ein konkret tiltaksplan og prioriteringsrekkefølge basert på faglege og økonomiske kriterium for effektiv behandling av infiserte vassdrag. Prioriteringsrekkefølgja og framdrifta som er beskrivne i planen, er blitt følgt opp. Status for nedkjempingsprogrammet mot *Gyrodactylus salaris* er at 22 vassdrag er behandla og friskmelde, 21 vassdrag er behandla, men framleis ikkje friskmelde, og 7 vassdrag er infiserte.

Det er utarbeidd tre overvåkingsprogram som er i funksjon for vassdrag. Målet for overvakinga er å halde løpande oversikt over førekomsten av *G. salaris*, avdekkje spreining på eit tidleg stadium og gi eit best mogleg grunnlag for å nedkjempe parasitten. I tillegg er det eit overvåkings- og kontrollprogram for kultiverings- og oppdrettsanlegg for laks og regnbogeaure i ferskvatn.

I arbeidet med å avgrense smittespreining har styresmaktene i samarbeid med elveeigarar, fiskekortseljarar og organisasjonar retta ei rekkje tiltak inn mot fiske- og friluftaktivitetar. Dei viktigaste tiltaka er forbod mot flytting av fisk i tillegg til anna mogleg smitteførande materiale, desinfeksjonsrutinar og informasjon. Informasjon og kommunikasjon blir nytta til å spreie kunnskap og for å påverke atferd.

Utrydding av parasitten har vore og er hovudstrategien for tiltak mot lakseparasitten *G. salaris* i Noreg. Kjemisk behandling saman med fiskeperrer har dei seinaste åra danna grunnlaget for nedkjempingsarbeidet. Rotenon har så langt vore det viktigaste verkemidlet i nedkjempinga av *G. salaris*.

Summen av dei tiltaka som er gjennomførde har truleg medverka til at det ikkje har skjedd spreining til nye regionar sidan Lærdalselvi vart smitta i 1996. Det er likevel framleis naudsynt å setje inn tiltak for å redusere faren for smitte til nye vassdrag.

Dersom alle nedkjempingstiltaka som er gjennomførte dei siste fem åra er vellykka, er det no bare to infiserte regionar med til saman sju elver igjen. Det er Drivaregionen med fire infiserte elver og Drammensregionen med tre infiserte elver. I Drivaregionen er framdriftsplanen klar med bygging av fiskesperre i Driva (ferdig 2017), brakkleggingsperiode (ca. seks år) med påfølgjande kjemisk behandling nedstraums fiskeperra og dei tre andre infiserte elvene.

Eventuell nedkjemping av parasitten i Drammensregionen vil krevje ein omfattande gjennomgang av alle tilgjengelege alternativ og moglegheter. Miljødirektoratet har derfor nedsett ei arbeidsgruppe med dette som mandat. Arbeidsgruppa starta sitt arbeid våren 2015 med ei funksjonstid på tre år.

Tiltak knytte til inngrep i vassdrag

Ny kunnskap og erfaring med kompensasjonstiltak har gitt grunnlag for å gjenopprette naturleg fiskeproduksjon og vandring i fleire regulerte vassdrag. Dette gjer at vi i dag har betre høve til å setje inn målretta tiltak som fjernar eller betydeleg reduserer negative effektar av reguleringsinngrepa.

Regjeringa har i 2015–2016 lagt fram to meldingar for Stortinget med overordna føringar for forholdet mellom miljøomsyn og kraftproduksjon i regulerte vassdrag. I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* er det uttalt at vasskraft utgjer den største fysiske påverknaden på vassdraga våre, men er også sjølv ryggraden i det norske kraftsystemet og er av stor betydning for velferden i Noreg. Meldinga seier at ein skal leggje stor vekt på å finne fram til tilpassa vassføringsregime som på best mogleg måte tek vare på økologien i vassdraga. Regjeringa vil bruke standardvilkår for naturforvaltning meir aktivt til å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag.

I Meld. St. 25 (2015–2016) *Kraft i endring – energipolitikken mot 2030* er det sagt at Regjeringa vil trappe opp arbeidet med å gjennomføre revisjonssaker, slik at samfunnsøkonomisk lønnsame miljøbetringar blir gjennomførte raskare. Det er òg sagt i denne meldinga at naturforvaltningsvilkåret skal brukast meir aktivt for å betre tilstanden i utbygde vassdrag. Av meldinga framgår at det kan bli meir effektkøyning, men det er samtidig understreka at det derfor vil vere viktig å avvege fordelane ved effektkøyning mot ulempene for miljøet.

Både omsyn til bestandane av anadrom fisk, andre interesser i vassdraga og kostnadseffektivitet

tilseier at vurdering, prioritering og gjennomføring av tiltak må skje på ein heilskapleg og planmessig måte. Dette er noko av ambisjonen med vassforskrifta og utarbeiding av regionale vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram. Vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram for perioden 2016–2021 er ferdigstilte av vassregionane og vart godkjente i 2016. I vedtaket er det lista opp vassførekomstar som er prioriterte med miljømål som kan medføre krafttap og vassførekomstar som er prioriterte med miljømål som kan medføre andre tiltak som kan påleggjast konsesjonær. Det er presisert at under sektoren si behandling vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka før endeleg beslutning om eventuell gjennomføring av tiltak blir teken.

Ved revisjon og fornying av konsesjonar kan vilkår om manøvrering av regulerte innsjøar og elver endrast og moderne standardvilkår innførast. I ein revisjon blir det vurdert om det er behov for å justere konsesjonen sine vilkår på bakgrunn av negative effektar på økosystemet med vekt på fiskebestandar sine produksjons- og vandringsmoglegheter eller andre utilsikta følgjer av reguleringa. Effektkøyning med gjenteken stranding av fisk er eksempel på negativ påverknad på fiskeproduksjonen. Eldre vasskraftverk som i dag ikkje har konsesjon, kan kallast inn til konsesjonsbehandling slik at myndighetene kan setje vilkår som sikrar at allmenne omsyn blir tekne vare på. NVE er myndigheit for å ta opp konsesjonar for revisjon, fornying og innkalling for konsesjonsbehandling eller endring.

Alle konsesjonar gitt etter 1992 har moderne naturforvaltningsvilkår. Vilkåra gir miljøforvaltninga høve for å påleggje regulant å gjennomføre ei rekkje miljøtiltak. Eit pålegg i medhald av vilkåret må vere knytt til skadar forårsaka av utbygginga, og kostnadene ved pålegget må stå i rimeleg forhold til tiltaket sine skadeverknader og til nytten av tiltaket. Miljødirektoratets strategi ved oppfølging av naturforvaltningsvilkår er så langt råd er å kompensere dei negative effektane av reguleringsinngrep med tiltak som så direkte som mogleg fjernar eller reduserer flaskehalsar for produksjon og vandring til fisk. Det er òg eit mål at det skal vere eit haustbart overskot.

Der ein kan oppnå eit haustbart overskot med vassførings- og habitattiltak, skal fiskeutsetjingar stoppast eller reduserast. I regulerte vassdrag der ein framleis er avhengig av fiskeutsetjing for å oppnå eit haustbart overskot, skal ein søkje å bruke tidlegast fagleg forsvarlege stadium (rogn) som utsetjingsmateriale. Dette er basert både på

kunnskap om negative effektar av fiskeutsetjingar og at fiskeutsetjingar ofte har hatt svært liten effekt på smoltproduksjon og innsig av gytefisk. Pålagte fiskeutsetjingar skal òg tilfredsstillende krav om genetisk integritet. Der fiskeutsetjinga ikkje er i tråd med krava, må fiskekultiveringa endrast. I vassdrag der det er krav om revisjon og/eller nye habitatiltak for å oppnå ein produksjon av smolt i vassdraget som gir eit haustbart overskot, vil fiskeutsetjing først vidare inntil nye målretta tiltak er gjennomførte.

Miljødirektoratet har gitt pålegg til kraftregulantar om tiltak i 50 elver med anadrom fisk. I tillegg kjem tiltak regulantar frivillig gjennomfører og undersøkingar og tiltak som blir gjennomførte av fylkesmennene etter avtale med Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil prioritere arbeidet med pålegg om undersøkingar og miljøbetrande tiltak i nasjonale laksevassdrag og i andre vassdrag med spesielt verdifulle anadrome bestandar, under dette store bestandar og bestandar med storvokst laks med særleg tanke på å oppnå miljømåla i vassforvaltningsplanane. Ved hjelp av ny overvakingemetodikk har det komme fram at gassovermetting truleg er ein større påverknadsfaktor på fisk i regulerte elver enn kva ein tidlegare har anteke. Det er behov for at det blir sett i verk overvaking nedstraums kraftverk med mistanke om gassovermetting, og at det blir gjennomført forskning for å finne ut meir om kva grenser for overmetting som er skadeleg for ulike livsstadium til anadrom fisk. Smolt kan vere eit spesielt sårbart stadium for fisken.

Fisketrapper

Fisketrapper er kunstige oppgangsvegar som skal føre fisk forbi naturlege vandringshinder som fossar og stryk og/eller kunstige vandringshinder som kraftverksdammar og fløytingsdammar. Fisketrapper for anadrom laksefisk er blitt rekna som eit av dei viktigaste fiskeforsterkingstiltaka i Noreg, og er framleis av stor betydning for styrking og bevaring av ei rekkje fiskebestandar. I dag er det registrert 358 trapper berekna for anadrom laksefisk. Trappene er fordelte på ca. 250 vassdrag på landsbasis. I underkant av 80 trapper for anadrom laksefisk er bygde av vassdragsregulantar etter pålegg.

Fisketrapper blir i dag etablerte primært for å halde ved lag eller betre fisken sin moglegheit for vandring. Tidlegare vart det ofte opna heilt nye lakseførande strekningar. I dag er det stilt strenge krav til dette, av omsyn til den naturlege faunaen oppstraums tiltaket. I regulerte vassdrag kan det i

nokre tilfelle opnast nye lakseførande strekningar som kompenserande tiltak for reduserte gyte- og oppvekstområde.

Ein gjennomgang av registeret over fisketrapper viser at den tekniske tilstanden til 228 av dei 358 fisketrappene for anadrom laksefisk er vurdert å være god. Likevel er det ca. 85 fisketrapper for anadrom laksefisk som ikkje fungerer som føreset. Det er behov for restaurering og ombygging av trapper. I ein del tilfelle vil det òg vere naudsynt med ei avklaring av eigarforhold og vedlikehaldsansvar.

Reguleringar i fisket

Det reduserte innsiget av laks har ført til at det haustbare overskotet er betydeleg redusert. Regulering av fisket etter laks er eit viktig verkemiddel for å kompensere for denne tilbakegangen. Fiskereguleringane skal medverke til at vassdraga oppnår god kvalitet etter kvalitetsnorma for villaks ved å hindre at laksebestandane blir overutnytta.

Reguleringane i laksefisket er baserte på vitenskaplege råd frå det internasjonale havforskningsrådet ICES, råd frå Vitskapleg råd for lakseforvaltning (VRL) og på moderne forvaltningsprinsipp, under dette føre var-tilnærminga som er utvikla for desse fiskeria i den nordatlantiske laksevernorganisasjonen NASCO. Desse råda inneber i første rekkje at laksefisket skal baserast på dei bestandane som utnyttar produksjonskapasiteten sin fullt ut, og at fiske på andre bestandar skal avgrensast mest mogleg.

Gytebestandsmål er introduserte i fiskereguleringane gjennom NASCOs arbeid med føre var-tilnærming i lakseforvaltninga. Gytebestandsmål er utrekna for alle norske laksevassdrag, og VRL gir råd om fangst for ca. 180 av desse (vassdrag med tilstrekkeleg data). Innføring av gytebestandsmål som referansepunkt har medført strengare reguleringar for å redusere beskatningstrykket i både sjø- og elvefisket. Sjølaksefisket er regulert strengast fordi dette fisket i all hovudsak er eit fiske på blanda bestandar, og ved slikt fiske må omsynet til dei svakaste bestandane som inngår i fangstane takast vare på. Sjølaksefisket sin del av totalfangsten er redusert frå 63 pst. i perioden 1993–1997 til 38 pst. i perioden 2011–2015.

Det vart gjennomført ein hovudrevisjon av reguleringa av fisket etter anadrom laksefisk i sjø og elv i forkant av sesongen 2016. Reguleringane skal i utgangspunktet vere i ein periode på fire til fem år, men det vil bli gjennomført justeringar i perioden om nødvendig.

Reguleringar relatert til innslag av rømt fisk

For å auke delen vill laks i bestandar med høgt innslag av rømt fisk, kan det vere naudsynt å redusere fangsten ut over det gytebestandsmålet skulle tilseie. Dette vil redusere oppdrettslaksens påverknad, blant anna ved at den møter meir konkurranse på gyte plassane. I enkelte vassdrag og sjøområde kan det bli naudsynt med betydelege innskrenkingar i fisket og i ytterste fall fiskeforbod.

Retta fiske

Fiske basert på fang og slepp er ikkje nytta som reguleringsform i Noreg. Det blir likevel brukt «retta fiske», der fangsten blir retta mot enkelte arter, kjønn og/eller størrelsesgrupper av fisk. Retta fiske medfører utsetjing att av arter og/eller delar av bestandar som det ikkje skal fiskast på, noko som byr på spesielle utfordringar.

Redusert haustbart overskot har aktualisert denne reguleringsforma i vassdraga som eit alternativ til andre reguleringar. Dødelegheita for fisk som blir sett ut att kan likevel variere mye med faktorar som fiskemetode, vassstemperatur og tidspunkt på sesongen, og kan i verste fall vere høg. Metoden stiller derfor krav både til fiskeutøvinga og til behandlinga av fisk som skal setjast ut att.

Fiske med krok-garn

Fiske med krok-garn vart stansa i løpet av perioden 1997–2002 på strekninga svenskegrensa t.o.m. Troms. Bakgrunnen var at dette fisket fangar meir selektivt, særleg på mellomlaks (hovudsakleg hofisk), og fører til meir garnskadar og påfølgjande dødelegheit enn fiske med kilenot. I Finnmark er det framleis tillate å fiske med krok-garn, i hovudsak av omsyn til sjøsamisk kulturutøving.

Regulering av fisket i nasjonale laksevassdrag og laksefjor-dar

I St.prp. nr. 79 (2001–2002) vart det lagt til grunn at fiskereguleringane i nasjonale laksevassdrag og laksefjor-dar skal følgje dei same prinsippa som i vassdrag og sjøområde elles. Samtidig vart det presisert at reguleringane i desse områda skal byggje på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag. Denne praksisen blir ført vidare. Det må likevel påreknast strengare reguleringar for fiske som omfattar truga, sårbare eller reduserte laksebe-standar som inngår i ordninga.

Regulering av fisket etter sjøørret og sjørøye

Regulering av fisket etter sjøaure og sjørøye følger i utgangspunktet dei same prinsippa som dei som er lagt til grunn for laksereguleringane. Med bakgrunn i at bestandssituasjonen har blitt dårlegare også for desse to artene i mange område/regionar dei seinare åra, har det i aukande grad vore naudsynt med avgrensingar i fisket både i sjø og elv.

Ulovleg fiske

Omfanget av ulovleg fiske er framleis betydeleg, spesielt i sjøen. Det gjeld særleg ulovleg bruk av faststående reiskap. Statens naturoppsyn har spesiell fokus på dette, men ulovleg fiske er likevel eit betydelig problem i ein del regionar. Mengde oppsyn må aukast dersom ein skal få betre kontroll over dette.

Kalking av vassdrag

Kalkinga av anadrome vassdrag starta på 1980-talet, og i dag er det 22 elver som får slik behandling i Noreg. Kalking har sikra laksebestandane i 12 vassdrag, og det er reetablert bestandar i ti andre der laksen var utdøydd. I dag blir det fanga 40–60 tonn laks årleg i dei kalka vassdraga, og dette utgjør om lag 12 pst. av den totale elvefangsten i Noreg. Også sjøauren har nytte av kalkinga. I fleire vassdrag blir det kalka sidebekkar til hovud-elva, og desse bekkane kan vere spesielt velegna for sjøauren.

Miljødirektoratets plan for kalking av vassdrag i Noreg for perioden 2016–2021 klargjer hovud-prioriteringane innan kalkingsverksemda. I anadrome vassdrag er den viktigaste prioriteringa å føre vidare pågåande kalking så lenge det er behov. Laksen er meir følsam for forsuring enn sjøauren, og kalkinga er derfor styrt etter laksens vasskvalitetskrav. Så langt er Vosso det einaste vassdraget der ein har kunna avslutte kalkinga heilt, fordi vasskvaliteten etter kvart vart god nok også utan kalking. I andre vassdrag på Vestlandet er kalkinga no stansa i delar av året. Dei kommande åra kan kalkinga enkelte stader kanskje trappast ytterlegare ned, men det er ikkje venta at kalking vil kunne avsluttast heilt i noko anadromt vassdrag i inneverande planperiode. I tillegg til å føre vidare pågåande kalking, er det behov for å optimalisere kalkinga i sju av vassdraga, for å få ein meir stabil vasskvalitet og sikre betre måløpp-nåing. Optimaliseringstiltak kan for eksempel vere kalking av sure sidebekkar, som kan vere

særleg positivt for sjøauren. Fleire sidebekkar med eit kjent kalkingsbehov er særskilt nemnt i planen. I tillegg er det sett i gang ei kartlegging av andre forsuringspåverka bekkar som er viktige for anadrom fisk, med tanke på framtidig kalking. I planen er det òg lagt til grunn at det kan vere aktuelt å starte kalking i fem forsuringspåverka vassdrag som det fram til no ikkje har vore midlar til å kalke. I alle desse vassdraga er det registrert laks i dag, men vasskvaliteten er tidvis så dårleg at det truleg gir negative effektar på laksebestandene.

I 2015 vart det løyvd totalt 93 mill. kroner til vassdragskalking i Noreg. Om lag 70 pst. av midlane vart nytta i anadrome vassdrag til kalking og kalkingsrelatert verksemd. Alle tiltaka som er beskrivne i Miljødirektoratets plan for kalking for perioden 2016–2021 kan venteleg gjennomførast i planperioden dersom dei årlege totalløyvingane blir haldne på nivå med i 2015.

I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* går det fram at regjeringa vil halde fram med kalking av forsura vassdrag.

Fiskeutsetjingar

Dei første utsetjingane av laks i norske elver begynte i 1855. I starten vart det hovudsakleg sett ut yngel, men etter kvart vart det også vanleg å setje ut setjefisk og smolt. Dei første retningslinjene for utsetjing av fisk kom i 1998, og sidan den gongen har omfanget av fiskeutsetjingar gått betydeleg ned. I dag er det hovudsakleg rogn som blir sett ut.

Utsetjing av fisk kan ha forskjellige formål: Auke det haustbare overskotet, kompensere for tapt fiskeproduksjon på grunn av negative menneskeskapte påverknader, halde ved lag bestandar som elles ville ha gått tapt, og reetablere tapte eller nær tapte bestandar.

Retningslinjer for utsetjing av anadrom fisk vart revidert våren 2014. Dei nye retningslinjene og praksis for utsetjing av anadrom fisk byggjer på oppdatert nasjonal og internasjonal kunnskap om fiskeutsetjingar. Denne kunnskapen tilseier at utsetjingar ofte ikkje verkar som det var tiltenkt, og at dei kan få negative langsiktige effektar på bestandane. Spesielt utsetjing av smolt kan vere uheldig. Ifølgje Vitskapleg råd for lakseforvaltning gir det dårleg overleving, representerer det største avviket frå naturleg rekruttering og gir størst feilvandring.

Fiskeutsetjingar er derfor berre sett på som eigna tiltak i spesielle tilfelle, eksempelvis for å reetablere bestandar i vassdrag der grunnen til at

bestanden vart redusert er varig fjerna og det dermed igjen er grunnlag for ein livskraftig bestand. Det er vidare fagleg konsensus om at tiltak for å styrkje det naturlege produksjonsgrunnlaget bør prioriterast føre fiskeutsetjingar, også i slike tilfelle.

Bestandstilstanden for anadrom laksefisk er i fleire vassdrag vurdert som kritisk. I slike vassdrag kan fiskeutsetjingar vere eit viktig og kanskje einaste moglege tiltak for å redde ein bestand. I slike tilfelle kan høvet til å redde bestanden vere viktigare enn dei potensielt negative effektane av fiskeutsetjingane.

Genbank

Genbankar for bestandar av anadrom laksefisk omfattar «levande» genbank og «frosen» genbank. Ved inngangen til 2017 er det i «levande» genbank 21 bestandar av laks, 12 bestandar av sjøaure og to bestandar av sjørøye. I tillegg er det blitt samla inn materiale til «levande» genbank frå 10 laksebestandar og 12 sjøaurebestandar frå Hardanger. Ein stor auke i kostnadsanslaget i 2016 førte til at regjeringa ikkje fann rom i budsjettet for å bygge den planlagte genbanken for Hardangerbestandane. Det innsamla materialet blir likevel teke vare på inntil vidare.

«Frosen» genbank er etablert for ei rekkje bestandar av anadrom laksefisk. Lageret med djupfrosen laksesæd er den største genetiske ressursen i genbanken. Lageret har sæd frå meir enn 200 laksestammar inkludert dei fleste nasjonale laksevassdraga og mange av dei stammene som er truga. Ein stor del av dette materialet vart samla inn på ei tid då det var lite med avkom av rømt oppdrettslaks blant gytefiskene. I den «frosne» genbanken er det òg 26 sjøaurebestandar og to sjørøyebestandar.

Inntil nyleg var laksebestandane i «levande» genbank valt ut anten fordi dei var truga av parasitten *Gyrodactylus salaris* eller av sur nedbør.

Genbankarbeidet er no inne i ein periode med svært høg aktivitet som følgje av kampen mot *Gyrodactylus salaris*. Dette vil vedvare fram til dei respektive vassdraga og regionane blir friskmelde.

I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* går det fram at regjeringa framleis vil nytte genbank som eit verkemiddel for å sikre det genetiske mangfaldet i lakse- og sjøaurebestandane og for bestandar som er truga av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.

1.2.8 Formidling av kunnskap

Stortinget har lagt til grunn at all forvaltning av vår anadrome laksefisk skal vere kunnskapsbasert og berekraftig, då dette er avgjerande for at vi skal sikre bestanden av desse laksefiskane, jf. blant anna Innst. 9 S (2015–2016). Då er det viktig at kunnskap om dei anadrome laksefiskane er gjort kjent for allmenta og for lokale, regionale og nasjonale forvaltningsmyndigheiter, og blir brukt ved avgjersler som kan få betydning for desse laksefiskane. Å gjere kunnskap om natur tilgjengeleg vart omtalt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Ein viser til omtale i kap. 8.6 i meldinga. Regjeringa la blant anna vekt på å utvikle vidare, betre og forenkle nasjonale databasar for å sikre god tilgang til relevant miljøinformasjon for avgjerdsstakarar og allmenta.

Når det gjeld anadrom laksefisk, skjer kunnskapsformidlinga i dag gjennom mange ulike kanalar. Miljødirektoratet har som oppgåve å systematisere og formidle viten om anadrom laksefisk på ein lettforståeleg måte og vere den beste kjelda til slik kunnskap. Som ledd i dette arbeidet har Miljødirektoratet bygd opp «Villaksportalen» på sine nettsider. Vidare blir det gitt tilskot til formidling i regi av fleire organisasjonar.

Ved behandlinga av statsbudsjettet for 2017 løyvde Stortinget midlar over kap. 1420 post 85 til å etablere ein samarbeidsarena for laks i Tana. Klima- og miljødepartementet følgjer dette opp og har gitt Miljødirektoratet i oppdrag å leggje til rette for etablering av ein møteplass for samarbeid om villaksen i Tanavassdraget i Tana kommune. Departementet ser det som naturleg at lokale myndigheiter har ei viktig rolle når det gjeld etablering og drift av møteplassen.

For nokre år siden fekk Miljødirektoratet gjennomført ei utgreiing om eventuell etablering av eit «norsk laksesenter». I tilrådinga til Klima- og miljødepartementet fann Miljødirektoratet det vanskeleg å tilrå etablering av eit slikt senter. Departementet slutta seg til direktoratets vurderingar og opplyste i brev til direktoratet i mars 2015 at departementet ikkje ville gå inn for å etablere eit slikt senter. Departementet la blant anna vekt på at det ikkje er ønskeleg å medverke til nyetableringar etter den foreslåtte organisasjonsmodellen.

1.3 Vidareutvikling av forvaltninga og kunnskapsformidlinga

I det følgjande blir andre delen av oppmodingsvedtak nr. 405 besvart, der problemstillinga er

«hvordan forvaltningen og formidling av kunnskap kan styrkes for å sikre en bærekraftig utvikling». Utdrøiningar og fastsette mål for forvaltninga av bestandane av anadrom laksefisk er beskrivne i første del av svaret (kap. 1.2). Nedanfor er gitt først ei oversikt over tiltak som allereie er sette i verk innan Klima- og miljødepartementets ansvarsområde og som vil bli førte vidare. Deretter går ein gjennom ein del andre tiltak som departementet meiner kan medverke til ei betre måloppnåing i forvaltninga av vill anadrom laksefisk. Til slutt blir dei tiltaka departementet vil prioritere å arbeide vidare med oppsummerte.

Gjennomgangen av tiltak for å utvikle forvaltninga vidare omfattar tiltak innanfor miljøforvaltninga sitt ansvarsområde. Eventuelle nye tiltak innanfor andre sektorar vil bli vurderte som ledd i ei kommande oppfølging av to punkt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*. Det eine oppfølgingspunktet gjeld arbeidet knytt til kvalitetsnormen for villaks. Det andre oppfølgingspunktet gjeld evalueringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar.

1.3.1 Vidareføring av iverksette tiltak

Gjennomføring av tiltaksplan for utrydding av *Gyrodactylus salaris*

Arbeidet med å nedkjempe lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* og gjenoppbyggje dei stadeigne laksestammene ved hjelp av genbank har vore ressurskrevjande og ikkje utan tilbakeslag. Arbeidet har likevel vore ein suksesshistorie, og tiltaka har sytt for at talet på vassdrag med kjent infeksjon er redusert til sju. Materialet frå genbanken har gitt høve til ei rask gjenoppbygging av dei lokale laksestammene etter at nedkjempingstiltaka er gjennomførte. For å oppfylle målet om å fjerne parasitten om mogleg frå heile landet, er det avgjerande at tiltaksplanen blir følgt opp vidare. Arbeidet med å gjennomføre utryddingstiltaka i Drivaregionen vil ha høg prioritet framover. Tiltak i Drammensregionen vil bli vurdert. Som nemnt går det fram av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* at regjeringa vil halde fram med kampen mot parasitten i tråd med faglege tilrådingar.

Bevaring i genbank

Bevarings- og reetableringsarbeidet for laksebestandar under nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* medfører framleis svært høg aktivitet. Det er viktig at dette arbeidet blir fullført, så stammene

av villfisk kan reetablerast etter at vassdraga er behandla.

På bakgrunn av trusselbildet, og då særleg påverknad frå rømt fisk, er det òg behov for å komplettere fryselageret, for å sikre full genvariasjon frå alle nasjonale laksevassdrag og få sikra genene også til andre laksebestandar som er utsette for genetisk påverknad frå rømt laks. Miljødirektoratet meiner det hastar med å sikre i «frosen» genbank dei laksebestandane som er, eller som står i fare for å bli, genetisk påverka av rømt laks.

Som nemnt går det fram av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* at regjeringa framleis vil nytte genbank som eit verkemiddel for å sikre det genetiske mangfaldet i lakse- og sjøaurebestandane og for bestander som er truga av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.

Gjennomføring av tiltaksplan for kalking av vassdrag

Som nemnt går det fram av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* at regjeringa vil halde fram med kalking av forsura vassdrag. Miljødirektoratets plan for kalking av vassdrag for perioden 2016–2021 vil bli lagt til grunn for kalkingsarbeidet.

Kvalitetsnorm og tiltaksplan

Kvalitetsnorma for villaks er eit svært viktig reiskap for å sikre og betre levevilkåra og den naturlege produksjonen av dei ville bestandane av laks. Naturmangfaldlova § 13 legg opp til at det skal utarbeidast ein plan for dei bestandane som ikkje når minst god kvalitet etter kvalitetsnorma, slik at bestandane likevel kan nå god kvalitet. Som nemnt går det fram av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* at Klima- og miljødepartementet vil utarbeide ein plan for korleis kvalitetsnorma kan bli nådd. Klima- og miljødepartementet har sett i gang arbeid med ein tiltaksplan for vill anadrom laksefisk. Dette arbeidet vil bli følgt opp vidare.

Ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjodar

Som tidlegare nemnt, blir ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjodar evaluert i løpet av 2017. I Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* heiter det at dersom det viser seg at ordninga ikkje har gitt tilstrekkeleg vern av villaksen, vil regjeringa vurdere behovet for å styrkje vernet. Evalueringa vil bli følgt opp, slik som omtalt i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*.

1.3.2 Fiske etter anadrom laksefisk

Framtidige reguleringar i laksefisket

Laksefisket og dei verdiane som er knytte til dette fisket er ein grunnleggjande del av lakseforvaltninga i Noreg. Laksefisket er òg vektlagt i formålsparagrafen i lakse- og innlandsfisklova, der det blant anna er presisert at lova skal gi grunnlag for utvikling av bestandane med sikte på auka avkastning til beste for rettshavarar og fritidsfiskarar.

Dei norske laksebestandane er sterkt reduserte gjennom dei siste tiåra, og dette har gjort det naudsynt å innføre betydelege innstramningar i fisket både i elv og sjø. Lakseforvaltninga og reguleringane i laksefisket har gjennomgått betydelege endringar i seinare år. Dette skuldast fleire forhold, i første rekkje betra kunnskap, internasjonal og nasjonal vitskapleg rådgiving, internasjonale retningslinjer fastsette av den nordatlantiske organisasjonen for bevaring av laks (NASCO) og politiske føringar i St.prp. nr. 32 (2006–2007) *Om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjodar*. Samla sett har utviklinga medført at dagens reguleringar i laksefisket i større grad enn tidlegare er kunnskapsbasert og meir effektivt innretta mot den enkelte laksebestand. Haustingspotensialet og tilstanden blir vurdert for kvar enkelt laksebestand før det blir opna for fiske. Gytebestandsmål, det vil seie den mengda rognkorn laksen må gyte i vassdraget for å sikre at noverande produksjonskapasitet blir utnytta fullt ut, er estimert og fastsett for alle laksevassdrag der ein trur at det er ein sjølvreproduserande laksebestand. Det er òg innført såkalla forvaltningsmål som er nådd når gjennomsnittleg sannsyn for at gytebestandsmålet er oppnådd dei fire siste åra er minst 75 pst.

Reguleringane av fisket skal i utgangspunktet syte for at det ikkje blir hausta meir av laksebestandane enn at gytebestandsmålet blir nådd kvart år. Der det blir fiska på fleire bestandar, må fisket tilpassast slik at dei svakeste bestandane som inngår i fisket blir tekne vare på. Endringane i reguleringane av laksefisket har berre vore grunnleggjande i omsynet til laksebestandane, det vil seie at reguleringane skal vere biologisk forsvarlege. Der det har vore mogleg å velje mellom ulike reguleringstiltak med tilnærma lik effekt for laksebestandane, har det blitt valt tiltak som berører ulike brukar- og interessegrupper mest mogleg likt.

Reguleringane har likevel generelt sett redusert sjølaksefisket meir enn elvefisket. Grunnen til dette er at sjølaksefisket i all hovudsak er eit fiske på blanda bestandar, det vil seie eit fiske der

laks frå fleire ulike bestandar eller vassdrag er beskatta. I eit slikt fiske må omsynet til dei svake bestandane som inngår i fisket vektleggjast. Som følge av dette har fiskereguleringane i seinare år medført at sjølaksefisket no er svært avgrensa i mange regionar, og at det i nokre område ikkje er opna for slikt fiske. Redusert sjølaksefiske av omsyn til naturleg fåtalige eller reduserte bestandar har medført at meir av laksen som høyrer heime i naturleg store og livskraftige bestandar har vandra tilbake til sine elver og gitt grunnlag for auka fangstar her. Fisket i elver med svake laksebestandar er regulert minst like strengt som i sjøområda utanfor og i mange tilfelle er elver også heilt stengt for fiske.

Sjølv med dagens reguleringar er det i ei viss grad tillate eit fiske på bestandar som ikkje har eit haustbart overskot, deriblant sårbare og truga bestandar. Dette føregår i all hovudsak for å kunne halde ved lag eit avgrensa sjølaksefiske i område der slike bestandar inngår i fangstane. Ein relativt stor del av dei samla laksefangstane blir framleis tekne i dette fisket. Dette fisket er i stor grad blitt vesentleg redusert eller avvikla i dei fleste andre landa med nordatlantisk laks, og det norske sjølaksefisket er i dag det klart mest omfattande målt i fangst og fangst del.

Fiske på svake bestandar føregår òg i nokre vassdrag, eksempelvis for å halde ved lag lokalt engasjement og kunnskap om bestandane. Beskattung av fisk frå truga og sårbare bestandar kan òg føregå i enkelte vassdrag som har fleire bestandar med ulik status, som for eksempel i Tana. Ein føresetnad for fiske på slike bestandar er at dei skal kunne byggjast opp att over tid.

Etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet, har Miljødirektoratet gjort ein gjennomgang av hovudutfordringane i reguleringane i laksefisket. Departementet vurderer no korleis ein bør arbeide vidare med å avklare viktige vegval for regulering av laksefisket i framtida.

Samarbeid med Finland om fisket i Tana

Gjennomføring av den nye avtala med Finland om fisket i Tanavassdraget vil krevje betydeleg oppfølging i åra framover. Dei viktigaste oppgåvene er: etablering av overvaking av laksebestandane, etablering av felles norsk-finsk fangstregister, utarbeiding av forvaltningsplan for laksebestandane, evaluering og endring av fiskereglane og styrkt fiskeoppsyn. I oppfølginga av avtala legg departementet stor vekt på å involvere lokale rettshavarar og samiske interesser.

Tiltak mot ulovleg fiske

Omfanget av ulovleg fiske er framleis betydeleg, spesielt i sjøen. Det gjeld særleg ulovleg bruk av faststående reiskap. Det er derfor behov for auka innsats mot ulovleg fiske, spesielt i sjøen og i dei fylka der dette problemet er størst. Aktuelle tiltak er oppsyn frå Statens naturoppsyn og informasjonsarbeid.

1.3.3 Fisketrapper

Vassdragsinngrep kan ha vesentleg negativ verknad på dei anadrome laksefiskane. Fisketrapper kan byggjast som avbøtande eller kompenserrande tiltak for vassdragsinngrep. Ei fisketrapp kan rette opp att eller betre fisken si oppvandring forbi inngrepet. I ein del vassdrag er det behov for å sikre og utbetre eksisterande trapper. Restaurering og vedlikehald av viktige fisketrapper vil verke positivt for fiskerettshavarar og fiskarar i dei aktuelle vassdraga. Tiltaket medfører investeringskostnader og årlege driftskostnader. Restaureringskostnader vil måtte reknast ut konkret for det enkelte prosjektet. Departementet meiner generelt at restaurering og vedlikehald av viktige fisketrapper er eit tiltak som kan medverke til betre måloppnåing i forvaltninga av anadrom laksefisk. Det vil likevel måtte gjerast ei konkret avveging mellom nytte og kostnader for dei enkelte prosjekta. Ein føresetnad for at prosjekt med restaurering og vedlikehald av viktige fisketrapper skal bli vellykka, er at det er etablert klare eigarforhold og vedlikehaldsansvar for slike trappeprosjekt. Departementet vil medverke til å avklare eigarforhold og vedlikehaldsansvar for viktige fisketrapper der det er behov for dette.

1.3.4 Tiltak mot forureining

I vassdrag med anadrom fisk kan det vere behov for vidare kartlegging av forureiningskjelder og ytterlegare tiltak mot forureinande utslepp der forureining har vesentleg negativ effekt. Vassforvaltningsplanane kan vere eit godt verktøy i samband med dette. Departementet viser i denne samanhengen til miljømål og tiltak i dei vedtekne vassforvaltningsplanane. Departementet legg òg til grunn at ein gjennomgang av behov for vidare kartlegging og utsleppsreducerande tiltak inngår i den kommande prosessen for revisjon av vassforvaltningsplanane.

Pålegg om auka minstevassføring vil i ein del tilfelle kunne medverke til å betre resipientforholda i vassdraga. Forureining kan òg omfatte

luftovermetting og temperaturendringar nedstraums vasskraftverk. Gjennomføring av revisjon og oppfølging av konsesjonsvilkår vil kunne fjerne eller redusere luftovermetting i utbygde vassdrag. I desse prosessane vil det òg kunne påleggjast tiltak for å redusere negativ påverknad på anadrom fisk frå temperaturendringar.

Ut over dette vil kunnskapsinnhenting og problemkartlegging i samband med gjennomføringa av dei godkjente vassforvaltningsplanane, i større grad avdekkje i kva utbygde anadrome vassdrag forureining frå vasskraftverk utgjer ein negativ påverknadsfaktor for anadrom fisk.

Departementet gjer inga vidare utgreiing av dei nemnde tiltaka her, men viser til dei gjeldande vassforvaltningsplanane, det kommande arbeidet med revisjon av vassforvaltningsplanane og dei ulike prosessane som er knytte til vassdrag med vasskraftutbygging.

1.3.5 Tiltak mot framande fiskearter

Spreiinga av framande eller regionalt framande fiskearter kan skape store forvaltningsvise og økologiske problem. Det er derfor avgjerande å ha eit overvakingssystem som oppdagar nye forekomstar av ferskvassfisk så tidleg som mogeleg for å setje inn effektive tiltak mot slike uønska etableringar. Norsk institutt for naturforskning (NINA) har vurdert ulike metodar for å overvake spreieing av framande fiskearter og viser til den viktige rolla som fiskarar og publikum har ved å melde frå til miljømyndigheitene ved funn av framande fiskearter, slik at miljømyndigheitene kan setje inn tiltak mot spreieinga. NINA viser til at det kontinuerleg må informerast gjennom tradisjonelle og moderne kanalar om at spreieing av fiskearter til nye elver og vatn er skadeleg for dei fiskebestandane som allereie er der, i tillegg til at det er forbode etter norsk lov. I denne samanhengen må det òg informerast om at bruk av levande agnfisk er forbode i Noreg.

Gjennom implementeringa av EUs vassdirektiv har Noreg definert framande fiskearter som ein negativ miljøpåverknad. Miljødirektoratet, i samarbeid med relevante sektormyndigheiter, skal som oppfølging av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* lage ein prioritert tiltaksplan for kamp mot skadelege framande organismar. I tiltaksplanen er det foreslått å utarbeide ei nasjonal tilråding knytt til kva vassforekomstar som bør prioriterast høgast for tiltak mot framande skadelege ferskvassorganismar i perioden 2018–2023.

I mange tilfelle vil det vere mogleg å stanse spreieinga ved å utrydde bestandane av framande

fiskeslag i vassdrag som kan fungere som kjelde for vidare spreieing. Informasjonstiltak i område der framande fiskeslag finst, eller i område der det er risiko for introduksjon av nye fiskearter for eksempel ved bruk av levande agn, er også blant tiltaka som vil bli vurderte. Tilrådingane om kva tiltak som skal prioriterast høgast vil følgje inndelinga i ulike vassregionar (jf. vassforskrifta), og resultatane frå denne arbeidspakken vil blant anna vere eit viktig grunnlag for neste generasjon vassforvaltningsplanar.

Det følgjer av NINA-rapport 1205 at det òg er viktig med tiltak for å hindre vidare spreieing når ein introduksjon først har skjedd. Dette vil i dei fleste tilfella bety at den nye bestanden bør fjernast dersom dette er praktisk mogleg. Rotenon er pr. i dag einaste effektive tiltak for å fjerne ei uønskt fiskeart i ferskvatn. Det er i seinare år utført fleire rotenonbehandlingar med slik målsetting. Dette representerer ein betydeleg kostnad, avhengig av storleiken på lokaliteten og om det er innsjø eller elv. Rotenonbehandling i både elvestrekningar og innsjøar i Vefsnaregionen for å nedkjempe *Gyrodactylus salaris* viser likevel at slike tiltak er praktisk gjennomførlege sjølv i store vassdrag. Innstallering av ulike typar fiskesperrer eller bygging av tersklar er òg aktuelle tiltak for å hindre vidare spreieing dersom utrydding ikkje er mogleg. Slike tiltak er blant anna knytte opp mot gjedde og ørekyt i enkelte lokalitetar i Telemark. I mange tilfelle vil det vere naudsynt å kombinere desse tiltaka med partiell rotenonbehandling.

Overvaking med sikte på å fange opp spreieing av fiskearter er komplisert fordi det er vanskeleg å observere endringar under vatn utan ein bevisst innsats for å registrere tilstanden. NINA har testa bruk av miljø-DNA med stor suksess i fleire innsjøar rundt Trondheim og på Hardangervidda. Dei konkluderer foreløpig med at påvising av framande arter via vassprøvar og DNA-analysar er eit godt, rimeleg og mindre arbeidskrevjande alternativ enn meir konvensjonelle metodar.

1.3.6 Formidling av kunnskap

I tillegg til oppmodingsvedtak nr. 405, ligg det føre ei rekkje fleirtalsmerknader om kunnskapsformidling i samband med Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet* og statsbudsjetta for 2016 og 2017. I Innst. 294 S (2015–2016) meiner eit fleirtal i energi- og miljøkomiteen at formidling av relevant kunnskap om villaksen må styrkjast og bli meir tilgjengeleg. I Innst. 9 S (2015–2016) nemner eit flertal i energi- og miljøkomiteen at det er fleire kunnskapsmiljø som er

etablerte eller er i planleggingsfasen for å etablere laksesenter. Eit anna fleirtal viser til at det er ei rekkje ulike miljø som er gode leverandørar av kunnskap om laksebestanden og laksefiske, og meiner det er behov for å samordne og styrkje kunnskap om korleis det kan leggjast betre til rette for berekraftig forvaltning av villaksen. I Innst. 9 S (2016–2017) viser eit fleirtal i energi- og miljøkomiteen til at det finst villreinsenter og ber regjeringa medverke til å få på plass ein tilsvarende modell for villakssenter. Som allereie nemnt, vart det i statsbudsjettet for 2017 og løyvd midlar til å etablere ein samarbeidsarena for laks i Tana.

I tida framover blir det viktig å syte for at kunnskapen om dei anadrome laksefiskane i større grad blir gjort kjent og blir brukt ved avgjersler som kan få betydning for vill anadrom laksefisk. Ein viktig del av dette er å støtte opp om dei mange ulike miljøa over heile landet som er gode leverandørar av kunnskap om laks og laksefiske. I det følgjande blir nokre relevante tiltak gjennomgått.

Styrkje eksisterande formidlingskanalar

Som nemnt skal Miljødirektoratet systematisere og formidle kunnskap om anadrom laksefisk på ein lett forståeleg måte og vere den beste kjelda til slik kunnskap. Det er viktig at kunnskapen direktoratet genererer og systematiserer blir formidla til avgjerdstakarar og samfunnet elles. Informasjonsformidlinga på nettstaden «Villaksportalen» som er driven av Miljødirektoratet kan utviklast vidare og gjerast meir kjent.

Som nemnt finst det òg tilskot til formidling i regi av ei rekkje organisasjonar. Denne aktiviteten kan utviklast vidare og styrkjast for å spreie kunnskap om dei anadrome laksefiskane og påverknader som ulike aktivitetar og tiltak i samfunnet kan ha på dei.

Vitskapleg råd for lakseforvaltning (VRL) er det viktigaste faglege rådgivingsorganet for forvaltning av villaks og utarbeider årleg rapportar med forvaltningsrelevant kunnskap og tilrådingar. Det er behov for å styrkje innsatsen med å formidle denne kunnskapen. Miljødirektoratet har gitt VRL i oppdrag å utarbeide forslag til korleis VRLs formidlingsarbeid kan styrkjast.

Styrking av desse formidlingskanalane vil medføre økonomiske kostnader innanfor Miljødirektoratets årlege budsjett. Departementet meiner at nytteverknaden av å styrkje eksisterande formidlingskanalar er stor i høve til kostnadene.

Kompetanseløft for lokal forvaltning

Lokal forvaltning av anadrom laksefisk har blitt styrkt gjennom ei årrekke, sist gjennom innføring av krav til pliktig rettshavarorganisering. Grunneigarlag og i nokre samanhengar sportsfiskeforeiningar utgjer det leddet som er nærast til å forvalte villfisken lokalt i vassdraga. Det er av stor betydning at deira verksemd er kunnskapsbasert. Norske Lakseelver og Noregs jeger- og fiskarforbund har vore viktige samarbeidspartnarar i omlegginga til ei meir lokal forvaltning, blant anna gjennom rettleiing og kurstilbod. Miljødirektoratet meiner det no er behov for eit meir systematisk kompetanseløft, og tilrår at dette blir gjennomført i regi av Norske lakseelver. Miljødirektoratet meiner det òg er viktig å forsterke samarbeidet med organisasjonane på brukarsida, særleg Noregs jeger- og fiskarforbund, med sikte på å auke kompetansen om dei anadrome laksefiskane blant fiskarane.

Departementet meiner at nytteverknaden av eit kompetanseløft for lokal forvaltning er stor. Eit slikt tiltak vil medføre økonomiske kostnader innanfor Miljødirektoratets budsjett. Ei samla vurdering av tiltaket bør gjerast etter at kostnadene er vurderte konkret i budsjettssamheng.

Laksesenter

Klima- og miljødepartementet har ei tilskotsordning for besøkssenter. Desse besøkssentra skal vere spydspissar i kvalitetsformidling av kunnskap om natur til lokalbefolkning og tilreisande, spesielt barn og unge. Frå budsjettets kapittel 1420 post 85 vil det i 2018 gå 4,177 mill. kroner til formidling om villaks. Tre mill. kroner av dette går til møteplass for Tanavassdraget. Dei resterande 1,177 mill. kroner vil i 2018 etter søknad bli tildelt dei ulike organisasjonane som formidlar kunnskap om villaks. Tildelingskriteriet på posten er at både autoriserte senter, andre som arbeider med naturinformasjon (for eksempel museum og stiftelsar) og senter som ikkje er autoriserte, kan søkje om tilskot til utstillingar og informasjonstiltak. Det meste av midlane på denne posten går elles til autoriserte besøkssenter som har ei avtale direkte mellom Miljødirektoratet og det enkelte fysiske besøkssenteret. Innanfor dei budsjetttrammene Klima- og miljødepartementet disponerer finn departementet ikkje rom for å opne opp for søknader om å bli autoriserte villakssenter, då det i så fall berre vil vere midlar til eitt enkelt senter/ein aktør.

Frå enkelte hald har det vore fremja ønskje om å etablere ei administrativ overbygging for fleire laksesenter i landet. Forslag om at staten medverkar til ei slik etablering har vore vurdert av departementet tidlegare. Som nemnt framme (jf. kap. 1.2.8) konkluderte departementet då med at ein ikkje ville gå inn for nyetableringar etter ein slik organisasjonsmodell. Departementet held fast ved denne vurderinga. Mellom anna meiner departementet at ein slik overbygnad inneber eit unødvendig mellomledd mellom myndigheitene og dei enkelte sentra. I tillegg er rolle og oppgåver ikkje tydeleg avgrensa mot eksisterande aktørar. Det er òg uvisst om ei slik etablering vil utgjere ein meirverdi for villaksen. I det vidare arbeidet med formidling av kunnskap om anadrom laksefisk vil departementet derfor ikkje prioritere eit slikt tiltak.

1.3.7 Oppsummering av tiltak

Vidareføring av iverksette tiltak:

- Gjennomføre tiltaksplan for utrydding av lakseparasitten *G. salaris*
- Gjennomføre bevarings- og reetableringstiltak i vassdrag infisert av *G. salaris* ved bruk av «levande» genbank og framleis nytte «frosen» genbank som eit verkemiddel for å sikre det genetiske mangfaldet i lakse- og sjøaurebestandane
- Gjennomføre tiltaksplan for kalking av vassdrag
- Følgje opp Kvalitetsnorm for villaks og utarbeide tiltaksplan for vill anadrom laksefisk
- Følgje opp evalueringa av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar

Fiskereguleringar:

- Avklare viktige vegval for regulering av laksefisket i framtida
- Følgje opp avtala med Finland om fisket i Tanavassdraget

Tiltak mot ulovleg fiske:

- Styrkje innsatsen mot ulovleg fiske, spesielt i sjøen

Fisketrapper:

- Medverke til å avklare eigarforhold og vedlikehaldsansvar for viktige fisketrapper

Tiltak mot forureining:

- Følgje opp forureinande utslepp gjennom vassforvaltningsplanane, gjennom oppfølging av anna regelverk eller gjennom andre prosessar

Tiltak mot framande fiskearter:

- Styrkje overvaking av framande ferskvassfisk, og få på plass eit overvakingssystem som oppdagar nye førekomstar av ferskvassfisk tidlegast mogleg for å setje inn effektive tiltak mot slike uønskte etableringar
- Styrkje oppsyn og informasjon om regelverk og konsekvensar av spreing og ulovleg bruk av levande agn
- Utvikle ei tidleg varslingssteneste f. eks. ved bruk av brukarvennlege web-baserte løysingar. Vurdere auka bruk av miljø-DNA som metode for å påvise framande ferskvassfisk i vatn og vassdrag
- Auke innsatsen på overvaking og utfisking av regnbogeaure og pukkellaks
- Utarbeide ei nasjonal tilråding knytt til kva slag vassførekomstar som bør prioriterast høgast for tiltak mot framande skadelege ferskvassorganismar i perioden 2018–2023, som del av arbeidet med tiltaksplan for kampen mot skadelege framande organismar.

Formidling av kunnskap:

- Styrkje eksisterande formidlingskanalar
- Vurdere eit kompetanseløft for lokal forvaltning



Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 PrintMedia AS – 10/2017

